

Uannarlag - nylagsauke




04/07/2018 20:09








25/07/2018 22:29









En analyse av Troll kan temmes av Shakespeare

William Shakespeare er regnet for å være verdens største dramatikere. Han var meget produktiv og skrev om en rekke temaer. Blant annet tok han for seg temaer fra britisk historie, temaer fra antikk historie, handlinger knyttet til Italia, kjærighetstragedien Romio og Julie er blitt en stor klassiker tilliks med Hamlet. "Troll kan temmes" er kanskje et stykke som ligger litt på siden av andre deler av Shakespeares forfatterskap. Stykket ble skrevet rundt 1594. Det er en forrykende affære med stort tempo og engasjement.

Stykket er skrevet i tilknytning til en litterær periode som blir kalt renessansen. Shakespeare er ofte opptatt av allmennmenneskelige temaer og setter på mer enn en måte mennesket i sentrum slik som en gjerne gjorde i renessansens tenkning. I dette tilfellet er det et spørsmål om hvordan stykkets tema skal tolkes i forhold til to av hovedfigurene Katherina og Petruchio.

Motivet må være knyttet til ektesapsinngåelse og rangordning og etikette innenfor et italiensk bysamfunn. Baptista Minola har to døtre Bianca og Katherina. Katherina er den eldste og må giftes bort først. Det viser seg imidlertid at Katherina har et forferdelig sinne og er vanskelig å hanskes med, slik at hun er lite attraktiv på ektesapsmarkedet. Når det kommer til Bianca derimot, er hun meget attraktiv og har flere friere. Noe som gjør Katherina rasende og misunnelig. Bianca derimot greider ikke helt å finne ut hva hun skal gjøre med alle frierne.

Skal en prøve å antyde et motiv for handlingen kan det være naturlig å nærme seg ved å peke på at ektesapsinngåelse omfatter en rekke kompliserte forhold, ikke minst at to personer skal like hverandre. Når en person ikke er spesielt lett å like, blir det vanskelig å komme videre mot ekteskap.

Katherina blir likevel tvunget til å forholde seg til Petruchio som ikke lar seg overmanne av hennes raserianfall og villskap. Petruchio er selv så hardnakket at han svarer med samme mynt og tvinger Katherina til enten være med på notene eller bli den som taper ære. Mens de andre i Katherinas omgivelser ikke våger å ta en kamp mot Katherina, gjør Petruchio det med bravur i det han prøver om mulig å overgå og overse Katherinas mange dårlige egenskaper. Det kan også bli oppfattet slik at han er i stand til å se de positive sidene ved Katherina, noe som hun har savnet fra sine omgivelser.

Skal en prøve å sette ord på handlingen i stykket med få ord, må en vel innom tittelen: Troll kan temmes. Petruchio er ute etter å temme Katherina. En kan nesten se på dette som å temme et dyr, men tittelen strekker seg lenger til troll. Det er vel de færreste som ville gi seg ut på å temme et troll. Det må fortone seg svært krevende å temme et troll, og det er derfor en kan se på brutaliteten i temmingen. Petruchio er gjennom en slåstkamp første gang han møter Katherina og tvinger igjennom bryllupet. Så ydmyker han Katherins ære gjennom å komme dårlig kledd til bryllupet og gjennom å stoppe henne før hun får sagt at hun ikke vil gifte seg. Deretter må hun ri hjem til ham på bryllupskvelden i brudekjolen som blir grundig tilskitnet gjennom reisen. Det er definitivt snakk om hardhendt behandling av bruden. Men kanskje ikke verre enn at en del ektepar har vært gjennom tilsvarende prosesser, om enn ikke så tidlig og så brutalt. De to må iallfall gjennom mye før Katherina avslutningsvis tilsynelatende viser seg totalt lojal mot sine ektemann gjennom en lang monolog.

Handlingen blir stort sett fortalt kronologisk, men med noe parallelhandling knyttet til handlingen rundt Biancas bryllup og det at faren til Lucentio kommer til byen.

En kan knytte spenningskurven til at Petruchio kommer godt ut av slåstkampen med Katherina. Han er den første som har greit å få henne til å bli underlagt en manns vilje. Deretter ydmyker han hennes adelige stand i forbindelse med bryllupet fordi han kommer til bryllupet med narrelue og lite standsmessig på et esel. Han spiller også dum foran alteret. Hun vil si at hun ikke vil gifte seg ved alteret, kanskje i rasende sinne, men så snart hun har fått sagt "Jeg vil..." kaster Petruchio seg over henne og kysser henne. Den tredje gangen der hennes vilje blir kuet er når han tvinger henne til å bli med hjem til ham på bryllupskvelden.

Hele tiden kan en forstå spenningskurven som i favør av Petruchio.

Filmen er bygd på et skuespill, og det fører med seg at mange av replikkene er styrende. Shakespeare kunne tidvis ha mye og rask dialog, slik at det er vanskelig å følge med. Dette er stykket er nok ikke det som er preget av det raskeste tempoet. Likevel må en nok si at de i underkant to timene som filmen varer er rimelig handlingsspekket og rett på sak. Perioden kan vi få et inntrykk av folkelivet i en italiensk by på 1500-tallet. Her er frodige kostymer og liflig musikk, og det blir vist til adelskapets og byborgernes interesser, slik de kan ha fortonet seg på denne tiden.

En del av replikkene har et visst lyrisk innhold. Det vil si at de følger etter hverandre på en rytmisk måte. Språket og stilten er i det hele preget av glede og festivitas og på den andre siden av Petruchio og Katherinas grove skyts i form av skrik eller harde ordrer. Petruchio bruker også rent fysisk vold mot Katherina for å få henne til å føye seg, og det gir deler av fremstillingen et litt bestialske tilsnitt, for eksempel når bordet blir veltet og maten slengt omkring, samtidig som tjenerne blir skjelte huden full.

Synsvinkelen bygger først på Lucentio som er aktiv i å sette opp komplottet om å få Katherina gift og selv vinne frem med ekteskapet med Bianca. Deretter fra slåstkampen mellom Petruchio og Katherina er det disse to det handler om, i all hovedsak. Langt på vei følger vi Katherinas synsvinkel mot slutten av fortellingen fra hun skal til kirken for å gifte seg og til hun holder sin sluttmonolog.

Det er i det hele diskutabelt hva forfatteren oppnår ved å velge denne synsvinkelbruken. Men det kan for eksempel være en tilnærming å se på at Katherina i utgangspunktet blir offer for krefter utenfra som ikke lenger vil la henne være den dominende i familien. Her er det både komplott og penger inne i bildet. Petruchio har et klart mål om å vinne økonomisk på å gifte seg med Katherina. Faren er søkkrik og i en vanskelig forhandlingssituasjon. Hans framtidige ære bygger på at han klarer å få giftet bort sin eldste datter.

Temming innebærer å gjøre villstyrige dyr vant til å ha med mennesker å gjøre. Dette blir et viktig uttrykk i stykket. Narreklerne til Petruchio, symboliserer direkte at han ikke respekterer den damen han skal gifte seg med. Når Katherina skal gifte seg er hun velkledd i motsetning til tidligere. Hun har virkelig lagt en jobb i å gjøre seg pen, mens Petruchio ikke har gjort noe som helst og fremstår som vulgær.

Miljøet i stykket er preget av overklassen i Italia, men gjennom å vise det som går for seg på gater og streder får vi et bredere inntrykk av samfunnet i byen. Det er tydelegvis en rekke hendelser som innbyr til folkeforlystelse, blant annet studiestarten og bryllupet. Her samles folk i spenning rundt hva som skal skje. En kan få en fornemmelse av at dette er en del av underholdningslivet i byen som gjør at folk finner seg vel til rette og blir preget av en felles identitet. Ellers får vi også se velstående hjem med tjenere og mye luksus.

De to mest sentrale personene gjennom stykket er uten tvil Petruchio og Katherina. De virker begge som uforsonlige og meget stae mennesker, men dette er ikke uten videre rett helt uten nyanseringer. Petruchio lar seg styre av penger og er en mann som ikke lar ting stoppe ham når han har sett seg et mål. Han er ærekjær og tøff, men er også ute etter å finne positive egenskaper hos Katherina.

Katherina er på samme måte en ærekjær kvinne som kan virke tøff på utsiden, men som

egentlig bare lengter etter å vinne like stor anerkjennelse som sin søster som tydeligvis har blitt bedre verdsatt over lang tid. Hun er leid av å havne i skyggen og viser seg mer verdig og medgjørlig når hun møter velvelvilje og respekt fra sine omgivelser. Det gjør hun paradoksalt nok rett før hun blir gift. Etterpå blir hun dårlig behandlet av ektemannen og må finne seg til rette med et nytt liv tilsynelatende langt ute på langsbygden. Hjemmet her er preget av ungkarens kaos, og han har helt opplagt neglisjert en rekke oppgaver når det gjelder husstallet, der tjenerne ikke har brydd seg med å gjøre rent eller holde orden. Det kan være akkurat en kvinne som Katherina som kan være i stand til å få noe mer orden på husholdet enn det Petruchio har hatt. Slik sett er forholdet mellom dem preget av at de begge står ved en skillevei som kan forandre livet deres. De har begge vist evne og vilje til utvikling, men mye kan stå foran dem.

Baptista Minola er far til Katherina og Bianca. Vi får inntrykk av at han har latt Katherinas ustyrlige sinne få gå altfor langt. Han er ikke lenger i stand til å kontrollere henne og hun er til sjenanse både for ham og for andre som har med familien å gjøre. Minola møter en stigende interesse for døtrene sine og viser at han har et sterkt ønske om at det må gå dem vel og at han nå endelig skal slippe unna alle de problemene de har skapt for ham. Han virker ikke som en karakter som utvikler seg noe særlig, men er derimot nokså mye den samme gjennom hele fortellingen.

Det er tre friere til Bianca. I starten er det to Hortensio og Grimo som begge blir konfronterte med at faren til Bianca vil at Bianca skal få en skolemester og at Katherina skal gifte seg først, før han vil diskutere ekteskap med de to. Midt opp i det hele kommer Lucentio en ung student som er blitt glødende forelsket etter å gifte seg med Bianco. Hortensio får besøk av vennen Petruchio som er på jakt etter en ektefelle, og det er Hortensio som fører Petruchio sammen med Katherina. Samtidig greider Lucentio via Grimo å komme seg inn i huset som huslærer for Bianca, slik at han kan begynne å bygge seg opp et kjærlighetsforhold til henne.

Lucentio driver med manipuleringer av tjenere og bruker en oppkonstruert far for å sikre seg Bianca. Det skaper forviklinger når hans virkelige far kommer ved inngåelsen av bryllupet, men det hele løser seg fort og ekteskapet blir inngått.

Temaet i stykket må på en eller annen måte bygge på dette med troll kan temmes. At folk som skal gifte seg må kunne være i stand til å inngå kompromiss og finne sammen om felles verdier og holdninger, noe som synes nokså håpløst i startfasen av stykket. Det som har vært diskutert er hvorvidt stykket undebygger klassiske patriarkalske verdier knyttet til at mannen temmer hustruen eller om en kan se på handlingen som mer komplisert. Kanskje er det ikke Petruchio som er vinneren, men Katherina som etter lang tids sverting og tilsladesetting, greier å samle seg om å bli akseptert, slik at hun kan begynne å bygge seg opp en respektert stilling som kone av den velstående Petruchio. Dette er derimot noe litteraturhistorikere og litteraturforskere har diskutert over lang tid. Og det er ikke lett å se at en finner noe godt svar på hva som er rettest eller gir mest mening.

Budskapet i stykket må naturlig nok være knyttet til at folk kan utvikle seg og at mennesker som framstår som troll faktisk kan bli tamme og omgjengelige når de bare føler seg respekterte og finner sin plass i samfunnet.

Personlig synes jeg at stykket er humoristisk og gir rom for refleksjon rundt etikette og kjærlighetsforhold knyttet til velstående familier i eldre tider. Temaet virker likevel allmenngyldig. Mange som kjenner et brudepar, vil kunne spørre seg hvordan de to fant

sammen, når de tilsynelatende virker meget forskjellige og vanskelige å ha med å gjøre. Filosofer og hverdagsmennesker har snakket om at motsetninger tiltrekker hverandre eller at like barn leker best, men til syvende og sist er det vel slik at kjærligheten og ekteskapsinngåing mellom to mennesker av og til kan bygge på vel så irrasjonelle forhold som de vi møter i Shakespeares stykke. Det gjør at det har en aktualitet for unge mennesker som er i en søkerende fase og lurer på hvordan fremtiden vil komme til å arte seg på kjærlighetsfronten.

Geo-norsk og mattedisp

Eg og Eivind Lande vil lansera eit felles tverrfagleg samarbeidsprosjekt som me trur vil kunna vera av interesse for fleire av lærarane på skulen. Det er gjort nærmare greie for den faglege bakgrunnen for prosjektet nedanfor. Kort oppsummert kan me seia at undervisninga i norsk og matematikk i dag kan verta betre. Kunnskapslyftet har ambisiøse mål, men det er langt fram til at desse måla vert innfridde. Me meiner at det finst element i norskfaget som kan overførast til matematikkfaget og omvendt. Prosjekt geometrisk norsk og matematisk disposisjon forkorta til geo-norsk og mattedisp, vil seia korleis gje gjera elevane flinkare med å gjera norsken meir geometrisk og med å disponera matten betre.

Personleg inspirasjon

Både eg og Eivind driv med fritidsaktivitetar som set fokus på mentale strukturar på forskjellige måtar. Eg spelar sjakk. Eit spel der tankeprosessar og tankemønster må ordnast. Eivind driv med orientering, ein idrett der det å oppfatta retning og proporsjonar er vesentleg for å finna fram. Gjennom eit samarbeidsprosjekt som dette vil me truleg kunna draga inn kompetanse frå fritidsaktivitetane våre og brukha dei til beste for elevane.

Mange karakterar på vitnemålet

I samband med prosjektet om lærarautoritet er det interessant å ta utgangspunkt i kva som gjer at mange elevar kan få betre karakterar i to fag, norsk og matematikk. Norsk er eit viktig fag når det gjeld gjennomstrøyming og når det gjeld karakternivået på vitnemålet til elevane. I norsk får elevane tre karakterar til standpunkt i 3. klasse: Bokmål, nynorsk og munnleg. Dessutan kan elevane koma opp til eksamen i tre disiplinar. Bokmål, nynorsk og munnleg. Det seier seg sjølv at eit fag som kan utgjera opptil seks karakterar på vitnemålet er eit fag som kan ha mykje å seia for gjennomsnitt og gjennomstrøyming. Det kan elles trekkjast inn fleire tilleggsmoment ved norskfaget som gjer at det er utfordrande, men i fyrste omgang er det nok berre å fastlå dette.

Når det gjeld matematikk, er det eit fag som er styrkt gjennom kunnskapslyftet. Elevar som skal ha matematikk med fem timer gjennom to år, må vera i stand til å jobba systematisk og logisk. Men vel så interessant er det å sjå på elevar som har P-matte. Her er timetalet fem og tre timer i veka. Her skulle det definitivt vera ein del å henta i form av gjennomstrøyming og gjennomsnitt. Det same gjeld matematikken på påbygg. Her tek nesten alle elevane eit p-kurs. Alle p-kursa er praktisk retta. Det inneber mellom anna at eit av læreplanmåla er retta mot kunst. Det kan såleis vera overføringsverdi til norskfaget der kunsten som me skal sjå nedanfor spelar ei sterkare rolle enn i tidlegare læreplanar.

Matematikkfaget på påbygg er særleg tungt og mange elevar slit sterkt her. Faget kan vera tøft nok for almennsfagelevar som startar i fyrste klasse og avsluttar i andre eller tredje klasse.

Langt meir utfordrande er det for elevar som kjem frå to år på yrkesfag og skal ta påbyggkurset. Dei må på sett og vis starta frå nytt att, og karakternivået kan fort bli svært lågt.

Kunnskapslyftet

Av dei fem basiskunnskapane som kunnskapslyftet legg særleg vekt på er: å kunna uttrykkja seg munnleg, kunna lesa, kunna uttrykkja seg skriftleg og kunne rekna. Det vil seia akkurat det elevane skal kunna og etterkvart utvikla gode kunnskapar i i faga norsk og matematikk. Norsk og matematikk står såleis i sentrum for kunnskapslyftet. Det elevane lærer og får meg seg av basiskunnskapar i desse faga vil slå mest positivt ut på vitnemålet med alt frå fire til sju karakterar, kanskje teoretisk sett åtte karakterar ved ev. eksamen i både matematikk og alle disiplinane i norskfaget. Dessutan er det grunn til å tru at gode kunnskapar i norsk og matematikk vil ha ein overføringseffekt til i same fylgd, språkfaga og realfaga. Difor vil læringseffekten og læringsutbyttet i desse to faga truleg måtta aukast før ein kan vera sikker på å oppnå betre læringseffekt og læringsutbytte. Ein kan naturlegvis ikkje sjå bort frå at andre fag er meir interessante og liknande faktorar, men dei vil likevel fort verta underordna verknaden av solide kunnskapar i norsk og matematikk som i seg sjølv vil verka læringsfremjande i andre fag.

"Elevane druknar i informasjon utan å lukkast betre"

Gjennom kunnskapslyftet har elevane fått tilgang til meir og meir informasjon. I praksis kan elevar ha med seg så å seia alt skriftleg eller trykt hjelpe tilfang dei skulle ynskja på dei fleste eller så godt som alle prøver og tilsvarende på heimeoppgåver. Det er såleis ikkje her det skortar. Det må vera på eit anna nivå. Ein kan aldri heilt luka ut grunnleggjande negative faktorar som feillæring på lågare nivå, manglande modningsnivå eller motivasjon. Den gamle retorikaren Quintillian krevde dobbelbetaling av elevar som hadde vore utsett for å ha lært seg til feile oppfatningar i grunnopplæringa, og det har gjeve opphav til tanken om at dei mest røynde lærarane må ta seg av grunnopplæringa. Tanken er at dei som har undervist lengst, veit best korleis ein kan unngå å læra elevane opp på ein feil måte. Dette høyrer til rammefaktorar som det ikkje alltid let seg gjera å styra. Modningsnivået til elevane er det ikkje alltid så lett å gjera noko med, men det er grunn til å tru at det endrar seg noko frå 1. Til 3. Klasse og ein kan ta høgd for det.

Når det gjeld motivasjonen er det råd å få styrkt den gjennom betre og meir integrert undervisning som ein kanskje kan få til gjennom betre samordning mellom faga. Dersom kvart fag blir ståande åleine og utan overføringseffekt i det heile, kan det gjeva elevane ei oppfatning av at dei må skifta tilnærming frå fag til fag og at eit fag er keidt og unødvendig og eit anna fag er interessant. Oppsplittingsverknaden er truleg minst hos dei elevane som er flinkast. Dei greier å motivera seg til å læra fleire fag på høgt nivå, og det må tyda på at dei ser mening i fleire fag samtidig.

Når ein ser bort frå dei tre faktorane ovanfor kjem ein til det som i stor grad er kvardagen for lærarane. Det er ei oppfatning av at elevane manglar evna til logisk og systematisk tenkjing på den ein sida og evna til å disponera og nytta tilgjengeleg informasjon ser ut til å svikta i for stor grad på den andre sida. Som ein kollega sa det: Då me var elevar hadde me ikkje tilgang til så mykje informasjon. Me fekk ikkje ta med oss hjelpe middel. Me overforar elevane med opplegg og forklaringar. Trass i dette ser det ikkje ut til at me når fram. Dette er i seg sjølv ein tankekross.

At kvar einskild lærar oppfattar mykje av det same er ei sak. Ei anna og viktigare sak er at dette ikkje må føra til utbreidd defaitisme mellom mange lærarar. Det er difor grunn til å sjå på om det er mogleg å samla ein innsats frå lærarar med utgangspunkt i fleire faglege tilnærmingar. Spørsmålet er om det er mogleg å skapa større entusiasme mellom elevane dersom fleire tilnærmingar frå ulike fag vert trekt inn i eit fag. Kan til dømes norskkarakteren betra seg dersom elevane lærer seg til å tenkja meir matematisk når dei skriv? Eller kan

matematikkarakteren verta betre dersom elevane vert flinkare til å tenkja over korleis dei disponerer eit oppsett i ei matematikkoppgåve?

Dei to kulturane

Det er ikkje gjort i ei handvending å skapa større samverknad mellom realfag og humanistiske fag. For å illustrera utfordringane kan ein visa til C.P. Snow som både var fysikar og forfattar. Han skapte omgrepet dei to kulturane om skilnaden mellom realfag og humanistiske fag. Han hevdar at de to retningene som den vestlege vitskapelege kulturen har ført fram står steilt mot kvarandre. Han hevdar at dei to gruppene av intellektuelle ikkje forstår kvarandre og ikkje kan snakka saman, og at denne konflikten er eit trugsmål mot Vestens framtid.

C.P. Snow var både fysikar og forfattar. Med tilknytning til både realfag og humanistiske disiplinar såg han betre enn dei fleste at splittinga i Vestens kultur hadde utvikla seg mellom teknologar og naturvitarar på den ene side og humanistar, litteratar og kunstnarar på den andre sida. Snow hadde dessutan tilstrekkeleg truverde i kvar av kulturane til å verta teken alvorleg på begge sider. Han var oppteken av kor mange historikarar og forfattarar som ikkje hadde kjennskap til termodynamikkens lover og kor lite innsikt i den klassiske litteraturen fysikarkollegaene hans hadde. Å studera Snow kan såleis vera av interesse for å koma vidare. Også på vår skule har det som tradisjonelt sett i mange samanhengar vore vasstette skott mellom realfag og humanistiske fag. Frå fleire i kollegiet har det vore eit ynske om å styrkja sider som er felles ved desse to fagområda gjennom historie og filosofifaget, men det har diverre ikkje late seg gjera på grunn av for låge søkeratal til historie og filosofifaget. Så lenge dette faget ikkje er aktuelt som undervisningsfag ved skulen, må ein tenkja seg om det ikkje let seg gjera å få til ein ev. overrisslingseffekt mellom realfag og humanistiske fag på ein annan måte.

Bruk av hjernehorsking og kunnskapslyftet

Hjernehorskarane har vorte einige om at venstre og høgre hjernehalvdel har ulike oppgåver. Den venstre halvdelen arbeider med språk, tal, tale og skrift. Den er oppteken av detaljar og logikk, og den styrer åtferda vår. Den høgre hjernehalvdel oppfattar rytmar, musikk, bilete og fargar. Den er kreativ og ser heilskapar.

Den italienske kunstnaren Leonardo Da Vinci vert rekna som eit stort geni innanfor svært mange område. Han er kanskje best hugsa som målar av Mona Lisa. Men han var òg musikar, bilethoggar, ingeniør, matematikar, fysikar og arkitekt. Notatbøkene hans tyder på at han tok i bruk både venstre og høgre halvdel når han arbeidde. Notatane hans er fulle av bilete, tekst, teikningar og tal.

Det er ei vanleg oppfatning at me dannar oss bilete og mentale modellar gjennom å lesa bøker. Det er difor ein nesten klisjeprega påstand at: Boka var betre enn filmen. Likevel ser det definitivt ut til å stemma. Og trass i dette er det vanlegare at ein ser ein film enn at ein les ei bok. Det kan difor sjå ut til at å lesa ei bok er noko ekslusivt nesten luksuriøst i vårt samfunn. Det vil seia at undervisninga på mange er verdifull. Særleg for elevar som skal studera etterpå og må lesa mykje faglitteratur. Det gjer at det er ekstra viktig å sørga for at tida med lesing vert effektiv.

Tradisjonell tilrettelegging og kunnskapslyftet

Det er vanleg at lærebøker i norsk har eit innleiande kapittel som tek for seg korleis eleven kan lesa og læra på best mogleg måte. I *Signatur for påbygg* er dette kapitlet bygt opp med følgjande overskrifter:

Lesestrategier

Læring i timene

Notatteknikker

Læring utenom timene

Opplesing

Dette kapitlet er i realiteten svært sentralt. Langt meir sentralt enn det er vanleg å tru dersom ein skal ta basiskunnskapane i kunnskapslyftet ålvorleg. På sju sider vert elevane formana om å bruka ulike måtar å læra betre på når det gjeld to av basiskomponentane innanfor kunnskapslyftet, nemleg: å kunna uttrykkja seg munnleg og kunna lesa. Trass i at kunnskapslyftet skal innebera ei fornying er det lett å sjå for seg og truleg rimeleg å påstå at dette kapitlet er svært likt eit tilsvarande kap. i læreboka *Tekst og tanke* for fyrste klasse som vart nytta etter den gamle læreplanen.

Kortfatta kan ein gå gjennom kapitlet i *Signatur for påbygg*. Det vert det slege fast at elevane må veksla mellom å skumlesa og å nærlesa og undersøkja kva dei kan om eit emne frå tidlegare før dei skal læra om eit emne. Dei bør læra seg til å studera avsnittsoppbygninga i tekster. Vidare bør dei ta notatar i timane, vera aktiv i gruppearbeid og gjera sitt til at det vert eit aktivt læringsmiljø i klassen. Elles vert det påpeika at eleven skal vera ein aktiv kunnskapssökjar og skal bruka tida effektivt. I opplesing/framføring skal elevane læra seg til å framføra ei tolking av ein tekst, undersøkja teksten før framføring og læra seg at det finst mange framføringsmåtar.

Dette er hovudgangen i kapitlet. Det mest positive i kapitlet er sannsynlegvis at det vert vist til at elevane kan laga notatar med utgangspunkt i tankekart, med fargeleggjring eller symbol. Det siste er iallfall det som det er verd å gå vidare med i høve til integrering av matematikk- og norskundervisninga. Vektlegginga av notatteknikk hellar mot lite trening og tilretteleggjring. Har ikkje elevane lært notatteknikkar føre dei kjem på vidaregåande, er det vanskeleg å få dei til å gjera det på vidaregåande, berre med eit par døme som ein ser i boka.

Det er òg slik at grafikken som vert framvist i hovudsak må seiast å vera knyttta til lineær tenkjing. For mange elevar vil truleg tankekart vera ein rotete måte å setja opp ein disposisjon på. Det ser penare ut å laga lineære notatar. Det er òg eit inntrykk ein kan sitja igjen med dei gongene elevar leverer inn stilnotatar - disposisjon - at desse notatane i alle hovudsak er lineære og i praksis berre er ei trist gråpapirutgåva av den ferdige stilen.

På den andre sida sit televane med datamaskiner der dei er vant til å sjå avanserte oppsett av ulikt slag. Filmar, dataspel, animerte versjonar av det eine og det andre. Det seier seg sjølv at kontrasten vert stor, og ein kan ikkje seia - som det er logisk å leggja vekt på i samband med kunnskapsløftet- at bruk av datamaskin/IKT har vorte ein basiskunnskap med omsyn til disponering av oppgåver. Det er langt fram i så måte.

I tillegg til dette må ein også slå fast at målformuleringane om samansette tekster krev ei større tilrettelegging og hjelp fra lærarane si side. Elevane skal til dømes utfrå læreplanen i norsk: ”Bruke ulike media for å tolke og presentere tekster fra ulike tider”. Ein måte å få elevar til å hugsa er gjennom kultur m.a. målarkunst og musikk. Elevar har i dag tilgang til ei rad kulturopplevingar berre med nokre fåe tastetrykk. På youtube og andre nettstader ligg det filmar og filmsnuttar som illustrerer kulturuttrykk, tilgangen til illegal nedlasting av filmar og musikk er enorm og utvalet endelaust. Likevel er det min påstand at lærarane berre i liten grad har vore i stand til å taka denne informasjonsflaumen innover seg.

Elevar vil i dag i praksis kunna gjera notatar i form av videosnuttar med ein lærar ein heilt annan stad i landet, eit musikkstykke, ein film med illustrasjon av modernistisk kunst og peikaren til ei side på engelsk wikipedia. Og lærarane er forplikta på fagplanens målformuleringar som seier at: Mål for opplæringa er at eleven skal kunna gjera greie for viktige utviklingslinjer og nokre sentrale forfattarskap i norsk og europeisk litteratur fra mellomaldaren til og med romantikken og denne litteraturens forhold til europeisk kulturhistorie.

Det vil i praksis seia at det ikkje er nok å gjennomgå litteratur av Holberg og annan norsk litteratur på 1700-talet som det kan vera naturleg å seia noko om. Det vil også vera høgaktuelt å trekka inn Daniel Defoes Robinson Crusoe og Jonathan Swifts Gullivers reise, men ikkje berre det. Målarkunsten Rembrandt og David m.fl. Beethoven og Mozart. Beethovens hylling til fridomen og gleda med den niande symfonien eller Mozarts tryllefløyta som av mange vert oppfatta som ein kommentar til den franske revolusjonen. Eller arkitekturen eller dansen eller.... Alt dette er fenomen som er lett tilgjengeleg for ein elev som ynskjer og er i stand til å bruka desse kulturuttrykka til å læra seg periodeinndelingane i litteraturhistoria.

Medierevolusjonen har kort og godt gjort det fullt mogleg å integrera ulike kulturopplevingar og assosiasjonar som før vanskeleg let seg samla. Når ein måtte ha musikk på kassett, CD og film på video eller DVD var det grenser for kor mykje ein kunne samla saman. I dag er denne logistikken ein heilt annan.

Likevel ligg undervisninga på eit høgst tradisjonelt nivå. Når ulike innspel fra europeisk kulturhistorie vert trekt fram i læreboka er det på eit tradisjonelt nivå som ikkje skapar lyst til å utforska internett eller andre media. Verre er det om elevane mister perspektivet og ikkje ser samanhengar, då vil truleg lysta til å lesa bøker og verta mindre. Bakgrunnen for å få lyst til å lesa litteratur må vel vera at ein vert spørjande og får lyst til å finna ut kva ei forteljing faktisk handla om. Dersom avstanden mellom den reelle mediesituasjonen og den meir tradisjonelle skuleversjonen vert for stor, vil litteraturen fort verta oppfatta som uinteressant, for den vert ikkje oppfatta som noko som finst i dataverda og vert bruka i samtid. I realitetten er det nesten omvendt. Motiv fra klassisk litteratur, klassisk musikk, målarkunst, film og så vidare omgjev oss på alle område utan at me ser det.

Elevane har ei rad mentale oppfatningar av den verda som omgjev dei. Det dei treng er å læra å sjå samanhengar mellom desse oppfatningane både mellom fag og mellom media.

”Fakta om Finland”

Erlend Loes bok Fakta om Finland skal ikkje takast opp nærmare her enn at den handlar om

ein mann som lurar seg til ein jobb på den finske ambassaden gjennom å gjeva seg ut for å vera ekspert på Finland. På same måte veit me lite om Finland, men me kan gjeva oss ut for å vita noko om landet. Mange meiner at finnane har lukkast med si utdanning. Det skal heller ikkje vera noko stort tema her.

Det som derimot er interessant med Finland er språket deira. Finnane og ungararane er båe landa, land som høver därleg inn i Microsofts språklege verd. Andre land som skal ha moderne språkteknologi kopierar teknologien frå engelsk gjennom omsetjingar og enkle tilretteleggjeringar, men det fungerer ikkje i Finland. Difor har finnane og ungararane fleire firma som satsar på utvikling av språkteknologi. Dei må laga heilt eigne løysingar for at pcane skal fungera.

Berre med dette kan me slå fast at Finland er spesiell. Dei som har levt ei stund, altso lærarane, veit òg i sitt stille sinn ein stad at finsk fjernsynsteater er noko spesielt. På same måte som finske filmar er noko heilt for seg sjølv. Det som har mangla er forklåringa. For det finst ei forklåring eller iallfall finst det minst eit forsøk på ei forklåring.

Nordmannen Frode Jens Strømnes, ein pensjonert kognitiv psykolog oppheldt seg i mange yrkesaktive år i Finland. Der forska han på korleis det finske språket fungerte i høve til mentale modellar og samanlikna det med andre språk i fyrste rekka svensk. Svensk, norsk og dansk er indoeuropeiske språk tilliks med nesten alle europeiske språk elles. Finsk derimot hører til den finskugriske språkfamilien. Finsk har 18 kasus. Ungarsk har 20.

Det strømnes oppdaga var at finsk mangla preposisjonar. Skulle ein finne læra seg tradisjonelle indoeuropeiske språk, måtte han gå til ein grammatikk som var fundamentalt forskjellig frå hans eigen. Difor oppdaga Strømnes at det lønte seg betre å bruka mentale modellar. Finnane måtte læra seg kva som var bak-fram opp-ned her-der gjennom å sjå på bilete som viste piler i ulike retningar.

Dette kan vera ei av årsakene til at finsk fjernsynsteater var uforståeleg for nordmenn. Dei fleste nordmenn som sette seg ned for å sjå på finsk fjernsynsteater hadde ein tendens til å forlata fjernsynet etter fem til ti minuttar.

Kva kan så vera forskjellig frå indoeuropeisk film til finsk film. Strømnes meiner at det er måten ein tenkjer på i høve til mentale modellar. Finnane tenkjer topologisk. Det vil i praksis seia at djupstrukturen i språket todimensjonalt og at finnane er opptekne av korleis ulike fenomen plasserer seg i høve til kvarandre.

Den indoeuropeiske tankemåten derimot er meir knytt til vektorprinsippet. Det vil seia ein er oppteken av tredimensjonal tenkjing og ein legg vekt på storleikar og retning. Medan finnane vil skildra ei scena i ein film gjennom fleire biletsekvensar av tilsynelatande uavhengige personar, vil ein indoeuropeisk film zooma inn og ut eller visa ting gradvis oppover og nedover. Finnane vil vera interesserte i å samla inn informasjon om ulike sider ved miljøet kring ei scena, medan indoeuropisk film vil halda fast eit motiv og nærma seg eller fjerna seg frå det eller behandla det på andre måtar etter vektorprinsippet.

Når ein ser på Finland kan ein lett forstå kor uoverstigeleg terskelen kan vera mellom personar som tenkjer på forskjellige måtar og med ulike mentale modellar. Det er viktig å få hindra at det vert eit så stort gap mellom elev og lærar at elevane med full rett seier at lærarane snakkar gresk for dei. Eller som grekarane seier kinesisk.

Ny utforskning av læringsutbytte

Med bakgrunn i det ovanståande ser me for oss at det er ynskjeleg å få til ein kombinasjon av element frå undervisninga i norsk og matematikk. Det er truleg gunstig å auka elevane sitt faglege læringsutbytte gjennom bruk av matematiske modellar, sterkare integrering av sider ved europeisk kulturhistorie og kanskje også gjennom måten matematikkforklaringar vert disponerte og illustrerte på.

Det finst mange døme på at matematikk har vorte brukt til å laga unike byggverk som til dømes slottet i Agra nedanfor:



Hovudkvarteret for stormogulriket i det nordlege India låg ved Agra. Bygget har vorte stående som eit bygg med ein perfekt symmetri, eit verdsens underverk.

Mindre kjend er det kanskje at musikk og matematikk hører saman, heilt frå Pythagoras til Bach, Beethoven og Mozart. Ein god illustrasjon av dette finn ein gjennom ein grafisk illustrasjon på youtube av Bachs: toccata og fugue i d moll:

http://www.youtube.com/watch?v=ipzR9bhei_o

Det seier seg sjølv at både arkitektur og musikk på dette nivået ligg høgt over det ein kan forventa at elevane skal læra, men dei kan likevel vera gode illustrasjonar på matematiske modellar og korleis matematikken fungerer ordnande og integrerande. Det kan i seg sjølv verka læringsfremjande under dei rette omstende. Om ikkje vil det i alle fall kunna gjeva elevane heilt korte glimt av noko som gjev mening for læringa, det treng ikkje å taka lang tid å bruka slike illustrasjonar og kor som er, styrkjer det allmenndanninga til elevane.

I norsken kan det vera gunstig å bruka matematiske modellar for å styrkja elevane sin læringseffekt. Mangekantar er med på å få elevar til å ordna tankane sine. Når ein skal disponera ein tekst kan det løna seg å setja opp momenta i mangekantar eller bruka andre matematisk modellar. Det hjelper ein å ordna tankane.

I norsken er det slik at ei parlov ofte gjeld når ein skal disponera eit avsnitt. I eit læringsdokument har eg sett opp følgjande måtar å organisera eit avsnitt på:

1 *Fra det generelle til det spesielle eller motsatt frå det spesielle til det generelle.*

2 *Det kan fungere etter prinsippet om fallende viktighet, den journalistiske modellen*

3 *Eller det kan organiseres omvendt argumenterende fra det lite viktige til det mest viktige, pyramidmodellen.*

4 *Et avsnitt kan også bygges opp logisk gjennom spørsmål og svar eller med utgangspunkt i årsak og virkning.*

5 *En kan benytte sammenligninger, kontraster eller kronologi*

Som regel vil det vera slik at eit avsnitt kan delast opp med utgangspunkt i det fyrste avsnittet i teksten. Ein startar med eit moment og så kjem det som er i samsvar med eller forklarar punkt 1. Det vert så punkt 2 som kan

delast opp i fleire delar, men som regel vil det alltid halda seg innanfor ei todeling. Modellen om ”fallende viktighet” vil kunna fungera slik. Innleiing: KIL rykka opp. Det er punkt ein, overskrifta, om ein vil kalla det det. Så kjem alt det andre som ein vil ta opp i same avsnitt og som relaterer seg til saka. Om ein til dømes skulle trekkja inn noko som ikkje har med fotball eller opprykket å gjera, forlet ein poenget og bryt med prinsippet for ”fallende viktighet”. Parlova ser ut til å gjelda.

Med medviten redigering kan ein forbetra tekstsamanbindinga og norskarakteren mykje. Tekstene blir mer poengterte, tydelegare og lesarane/sensorane/lærarane vil vel heller lesa tekster som det er greit å finna fram i enn tunge og uframkomelege tekster. Dersom avsnitta ikkje fungerer vil læraren kommentera at eleven mangler tekstsamanbinding. Eller seia at tekstsamanbindinga er därleg.

Det interessante er om ein kan få elevane til å sjå dette gjennom at dei set opp momenta sine parvis i ein mangekant, og kanskje deretter lagar ein pil mellom det som vert signalisert gjennom stikkordet i disposisjonen og retninga i det avsnittet som ein skal skriva. Døme frå barokken nedanfor:

Dette er ein framgangsmåte. Det kan tenkjast andre framgangsmåtar.

Konkret prosjektide og deltagarar

I utgangspunktet er det vesentlege for vår del å ha med lærarar frå både ”dei to kulturane”. Helst lærarar med fagkombinasjonar som norsk og historie eller matematikk, geografi eller kjemi og fysikk.

Det vil vera interessant å studera litteratur av J.P. Snow, Frode Jens Strømnes, finske filmskaparar, motiv frå europeisk kulturhistorie, matematisk faglitteratur og liknande.

Målsetjinga må vera å få til ein illustrasjon av både norsken og matematikken som er betre og når fram til elevane i sterkare grad enn i dag. Arbeidet vil måtta gå føre seg både med tverrfaglege møte/samlingar mellom lærarane og med reine fagmøte.

Me tenkjer oss eit opplegg der me inviterer ulike lærarar til å delta i eit tverrfagleg opplegg.

Lærarane må ha lese dette bakgrunnsnotatet og kunna tilföra sine eigne tankar til dette notatet, der dei viser at dei har noko interessant å koma med i høve til gjennomföringa. I utgangspunktet vil me rekruttera gruppemedlemer slik, men kan ev. revurdera det om det vert vanskeleg å få med kollegaer på denne måten. Me vil likevel helst ha det på denne måten, for me trur ei skriftlegging vil styrkja prosessen både innetter og utetter.

Kjelder:

Frode Jens Strømnes: The fall of the word and the rise of the mental model

Tekst og tanke 1

Signatur 3

http://www.tidsskriftet.no/?seks_id=233517

Oppgave i modul 1

Hva skjer i en time? Lærer elevene noe. Forventninger til at eleven skal være morsom, men det holder ikke. Tradisjonell undervisning fungerer. Det vet en når en har i vært lenge i skoleverket. En må pugge definisjoner. Det kan være tøft.

Vise at vi har kontroll og er sjefen, men vi skal ha det trivelig og spille på en tom autoritet. Har en motiverte og flinke elever går gjerne ting for seg selv. Sterke elever har kanskje mer respekt for en faglig sterkt lærer. En elev kan ønske å være veldig hyggelig og trivelig, men er elevene svake. Kan det blir vanskelig å holde oppe en både autoriteten og samtidig være hyggelig.

Vi vil gjerne være faglig orientert. Vi kan ikke hele tiden være opptatt av hva som ikke går bra med at elever kommer for sent og er ukonsentrerte. En lærer blir fort deprimert når en ikke får positiv respons. Det er lett å bli plaget av negativ atferd fra elevene.

Viktig å få fastsett prøver og innleveringer så tidlig som råd. Tydelig klasseledelse er vanskelig når elever er plasserte og bare vil ha karakter. En kan bruke samme metoder i to klasser. Måten å forklare ting på kan være den samme, men på ulike nivå. Når en skal lede klassen må en finne frem til teknikker som fungerer. Noen klasser kan være svært utfordrende.

Hva er det som skjer underveis i undervisningsforløpet timene? Læreren kan ha gode planer og vise tydelig hva som har blitt gjort og hva som skal gjøres. Læreren prøver å stille spørsmål for å nå fram til elevene. Vansklig å gripe fatt i en refleksjon over hva en har gjort i en time.

Når en gjennomgår stoff er det lett å vite hva elevene er med på, men mye være å holde kontroll med tidsbruken når elevene jobber med oppgaver. Da skulle en gjerne oppsummere med elevene hva som har vært denne timens hovedlærdom, men tiden strekker ikke til.

En må være tøff i hodet for å greie å få samlet elevene i en ny tankerekke. Matten er veldig ømfintlig med hensyn til at en ikke kan dele opp et emne. En må helst gjennomføre det en arbeider med i samme time.

Leksegjennomgang tar for lang tid. En rekker ikke å komme gjennom boka dersom en skal kjøre hardt på leksene. Det er elevene som får ansvaret for å løse oppgaver hjemme. Er det rett at elevene ikke gjør hjemmeoppgaver? De fleste lærere legger opp undervisningen etter at elevene ikke gjør lekser. Derfor blir det forventet at de flinke elevene gjør lekser og følger med i timene. Mens de som ikke gjør lekser har en tendens til å ha en negativ utvikling i form av at de ikke gjør lekser, mister oversikt over utviklingen i undervisningsgangen og får dårlige resultater.

Kan vi som lærere motvirke denne prosessen. Det synes vanskelig å få til det fordi elevene har for mange utenomfaglige aktiviteter på fritiden. Det blir i for liten grad lagt vekt på å holde seg faglig a jour med det som skjer på skolen. Dersom lærerne legger om undervisningen til å være basert på leksegjennomgang, vil reaksjonene komme i form av sterkt negativt laddede uttalelser som at dette er steinalderundervisning og slik gjorde en i gamle dager. Begrepet ansvar for egen læring står sterkt i ryggmargen på elevene.

En må bruke pedagogisk takt i forhold til den oppmerksomheten som er ønskelig å gi en elev. Noen eleven vil ha aktiv ros, for andre eleven kan det å møte interesse og faglig kontakt med læreren være nok. En del eleven jobber godt individuelt og vil ikke engasjere seg i å snakke i klassen.

Det er viktig å være ærlig og konsistent i det en sier til elevene. Men en må vise menneskelig forståelse. En må ikke være for brutal med eleven som er litt sarte. Andre eleven kan en være temmelig direkte. Dette er noe som går på menneskekunnskap. Generelt sett er det viktig å viser forståelse for elevene som velmenende mennesker.

Modul 2

Til stede på gruppemøtet: Eivind Lande, Lars Bjarne Marøy, Jon Anders Ásmundsson, Helge Ekholt og Terje Tønnessen

En diskusjon rundt spørsmålsstillingen: Hvordan kan gode relasjoner utvikles til elevene innenfor de ulike studierettingene denne lærergruppen representerer?

Innledning

Vi forstod det slik at årsaken til temaet i denne modulen var lagt opp slik, var at det hadde vist seg gjennom pedagogiske undersøkelser at relasjonen mellom elev og lærer i seg selv kan påvirke læring og læringsframgang. Det vi kan se for oss er at det finnes noen sentrale verdier bak lærerens forhold til elevene og at det videre er en del verdier som utfordrer disse verdiene.

Diskusjonen rundt temaet må da følgelig være hvordan en kan holde kjerneverdiene bak lærerens gode relasjon til elevene opp når disse verdiene møter kjensgjerningene i form av rammefaktorer, slik at en til tross for trange rammefaktorene skaper gode relasjoner mellom eleven og lærere.

Gruppen tok utgangspunkt i et leserbrev fra Lars Bjarne og et sitat av den kjente biskopen i Bergen Pontoppidan, se nedenfor.

Nøkkelord

Et syn som ble hevdet var at læreren grunnleggende sett må rette seg etter stikkord som rettferdighet, strenghet og vennlighet.

Læreren må sette klare rammer og grenser for hva som skal gjøres og måten en arbeider på. Eleven vil gjerne vite hva som skal skje og hva som blir forventet av dem. På samme tid som at dette til en viss grad også må bli til underveis. Læreren kan lage tydelige regler og strukturer for timene, men det er ikke dermed sagt at dette i seg selv vil få elevene til å prestere bedre. En må også møte elevene i de utfordringene de står overfor.

Dette fører en over til å se på rettferdighet. Elevene og læreren må møtes i en samtale eller en relasjon der det er klart for eleven at læreren tar eleven på alvor og gir en konstruktiv tilbakemelding om hvordan arbeidet er lagt opp på klassenivået og hvordan den enkelte eleven kan tilpasse seg dette. Dersom enkeltelever oppfatter det som at læreren ikke ser dem eller ikke

beandler dem konstruktivt vil det fort kunne føre til mistillitsspiraler.

Læreren ønsker naturleg nok å ha et vennlig forhold til sine elever, selvfølgelig ikke på et personlig plan, men på et slikt plan at det er mulig å samarbeide på en konstruktiv måte. Det er betydelig lettere å få elever med seg når en har godviljen på sin side enn når elevene melder sin skepsis. En positiv utvikling beforderer en viss romslighet fra begge parter. Læreren må komme med frister og forventninger som er oppnåelige. Elevene må på sin side godta at læreren har forventninger som må innfrys og at innenfor en del område er det ikke noe slingringsmonn. Dersom spriket mellom det læreren ønsker og det elevene makter blir for stort, fungerer ikke undervisningen tilfredsstillende lenger. Lærere kan være alt fra rigide til snille, men kan ikke bli dumsnille. Det vesentlige er hele tiden at elevene henger med. Om ikke ender en opp med dårlig resultat.

Rammeffaktorer

Tidsfaktoren er en utfordring som regulerer forholdet mellom elev og lærer. Læreren må dessverre altfor ofte prioritere de elevene som er mest aktive. Det er begrensninger i tid og de elevene som har best forutsetninger vil unektelig kunne få en bedre relasjon til læreren enn andre elevene. I en klasse har læreren gjennomsnittlig tre minutter til disposisjon pr. elev. I tillegg kommer at emner skal gjennomgås, oppgaver skal løses og gjennomgås. Det er lett for at oppmerksomheten må falle på de elevene som lykkes eller kan lykkes. Det er dette som er gjennomførbar tilpasset opplæring.

I den grad konfliktfulle situasjoner oppstår i relasjonen mellom elev og lærer, er det viktig å få løst konflikten raskest mulig. Det er viktig å løse ev. saker mellom elev og lærer på lavest mulig nivå. Dersom et forhold mellom elev og lærer skjærer seg må elevene bli utfordret direkte med faglærer. Mellomledd bare forpurrar den dialogen som nødvendigvis må være til stede.

En kan tenke seg at lærerens personlighet og måte å undervise på kan påvirke om eleven og grupper av elever oppfatter læreren på en positiv måte. Dersom svake elevene som har høye forventninger ikke kommer godt ut av det med læreren, vil det fort kunne komme til å skape konflikter der personlighet og særegenheter ved lærerens undervisningsstil kan bli unødig vektlagt. Vi må konfrontere de elevene som kommer fra ungdomsskolen med gode karakterer med at det må arbeides hardt med det faglige og tydeliggjøre for dem at de ikke får gode karakterer uten å jobbe.

Vi må bruke god tid og mye ressurser på å forklare for elevene og til dels foreldre at elevene går ned i karakter mellom ungdomsskolen og videregående. Eleven kan ha hatt fem på ungdomsskolen og ende opp med å få to og tre når de kommer på videregående. Det blir skapt forventninger om at elevene har lært mye på ungdomsskolen, mens de i realiteten mangler mange kunnskaper. Karakterspriket blir derimot mindre når elevene kommer over i 2. Og 3. klasse. Det er stort sett godt samsvar mellom de karakterene som blir gitt på vår skole på ulike trinn.

Det er mye å hente på å gjøre det klart for elevene og foreldrene at forventningene på videregående er høyere enn før. Det er vanskelig å få det til i praksis, men gevinsten er stor, og skolen som helhet kan få dette bedre markedsført på flere nivåer og særlig med hjelp fra ledelsen. De lærerne som sier fra til foreldrene om at elevene i praksis er på en arbeidsplass og at skoledagen ikke er ferdig før leksene er gjort m.m. har trolig stor effekt av dette.

Utfordringen for mange lærere er elevene som ikke ønsker å bli konfrontert med faglige forventninger. Det kan være elevene som ikke spør eller viser aktivitet og som en får inntrykk av har manglende læringsmotivasjon. Den klassiske kommentaren fra en elev som ikke ønsker å bli konfrontert med læreren er å si at: "Det går helt greit." Noen ganger greier vi å nå fram til elevene i slike tilfeller, men altfor ofte ender det opp med at elevene ikke får den oppfølginga og hjelpen som de trenger.

Ofte vil lærerens eksempel i seg selv være med på å ha en gunstig effekt dersom læreren sitter og arbeider samtidig og sammen med elevene og er synlig i timene som en faglig autoritet som er glad i faget sitt kan det smitte direkte over på elevene. Dersom læreren er for sur og avmålt kan den negative effekten melde seg slik som Pontoppidan påviser i sitatet nedenfor.

I den grad læreren kjenner elevenes fritidsaktiviteter og andre faktorer som kan virke støttende til

for elevenes læring, vil det naturlig nok være viktig å kunne trekke dette inn, men det er også her slik at noen elever er ekstremt åpne og inkluderende, mens andre elever sperrer seg mer av og er nesten avvisende til å dele slik opplevelser med læreren. Det er vanskelig å vite når en skal spille på elevenes interesser og når det kan virke forstyrrende og irriterende. En del elever føler at dette er deres banehalvdel og fritid som de vil holde separat for lærerne. Det er også et syn som respekteres til en viss grad.

Oppsummering

Honnørordene: rettferdighet, streghet og vennlighet uttrykker en del av skolens og lærerens kjerneverdier slik vi ser det. Skal en oppnå gode resultater er det også vesentlig å få elevene til å ha realistiske forventninger til egen læring. Mange vanskar oppstår når elevar har unrealistiske forventninger og ikke greier å justere disse. Lærere som når fram til elever med realistiske forventninger, vil trolig ha best effekt av undervisningen. Det kan virke som at elever i tredje klasse har mer realistiske forventninger enn elever i første klasse.

Vedlegg 1 Pontoppidans syn på læreren

Til slutt kommer også sitatet av Pontoppidan som en avrunding. Mannen som var en del av skolens fødsel i Norge har ennå en viss aktualitet:

"Enda en ting er ønskelig ved katekisering, og verd å legge vinn på, nemlig et mildt, muntert og behagelig vesen hos læreren. Unge folk er oftest gemyttlige, og elsker godt humør, mens det motsatte byr dem imot. Dette bør læreren prøve å innrette seg etter såvidt hans naturell tillater. Han bør legge vinn på mildhet, vennlighet, og alt som kan gjøre at hans ord blir vel mottatt, at de unge synes godt om ham. Ofte taper Guds ord noe av sin kraft fordi læreren er altfor pedantisk, sur og mørk i sin fremferd. Det ubehagelige ved personen virker på hans ord og gjerning, og det skjer aller lettest blant unge og uforståelige mennesker. En prest som ser surt på dem og taler strengt til dem, virker på dem som en ubehagelig "busemann". Og når han fremfor andre kalles en Guds mann eller Guds tjener, så vil assosiasjonen gi dem et feilaktig begrep om den gode Gud selv, han som er Ordets Herre." (Språklig modernisert av dr.teol. Oddvar J. Jensen)

<http://home.online.no/~fnfbred/skandas.htm>

Vedlegg 2 Kommentarartikkkel

Blir 20 prosent av elevene demotiverte av skolen og lærerne?

Kommentar av Lars Bjarne Marøy

Jo Håkon Johansen min gode kollega ved Øvrebyen videregående skole og tillitsvalgt i Utdanningsforbundet forrærtet meg i dag 10. Februar et innlegg fra Dagbladet 6. februar. Intensjonen var visstnok å påvise for meg at elever trenger å bli møtt med faglige faktakunnskaper på et relativt høyt nivå heller enn å måtte drøfte og reflektere over ulike faglige spørsmål - som vanlig er våre diskusjoner noe preget av ironi og gjensidig tåkelegging.

Vel, siden Johansen helt opplagt er en varm tilhenger av den kulturradikale og sosialistiskorienterte avisa Dagbladet fant jeg denne anledningen for god til å la være å prøve å uttrykke noen tanker rundt hva min fagforening Lektorlaget kan mene om oppfølging av elever.

Innsenderen i Dagbladet er en Leder for pedagogisk psykologisk tjeneste Edvin M. Eriksen som har sin arbeidsplass i Sør- Troms. Eriksen tar utgangspunkt i at Lektorlagets leder Elisabeth Paulsen sier rett ut at elever som er faglig svake helst bør slutte i videregående opplæring. De får heller finne på noe annet å gjøre.

Hovedsynspunktet til Eriksen er at arbeidslivet ikke har bruk for 16- 17-åringar med liten faglig og sosial kompetanse som flykter fra et ødeleggende skoletilbud. Dermed – mener Eriksen – har samfunnet med Lektorlaget i spissen - organisert seg slik at skolen ikke er et sted å være for 20 prosent av norsk ungdom, og arbeidslivet har heller ikke plass for dem. Eriksens sterkeste argument later til å være at: "helt nye undersøkelser viser også at de som

flykter fra den tapsarenaen som videregående skole er, har 15 ganger høyere risiko for å utvikle rusproblem og havne i kriminalitet sammenlignet med andre.” For øvrig er han ivrig etter å slå fast at alt som lektorlaget og lektorene står for, er til ulykke for elevene og den norske skolen.

Eriksen generaliserer og overdriver. Å påstå at skolen ikke er en egnet arbeidsplass for 20 prosent av elevene er en temmelig dryg påstand i seg selv. Hva vet en om enkeltelever og deres evne til å lykkes på ulike områder av livet? Jeg kom til å tenke på en skolepsykolog som gang på gang hadde hørt om elever som så at lærerne var håpløse. Denne skolepsykologen slo fast at: Samme hvor dum og udugelig lærer du har, så er det din plikt å bruke denne læreren på en slik måte at du lærer mest mulig.

Dersom en setter det hele på spissen - og det er det god grunn til når Eriksen hevder at lektorer generelt sett har mangelfulle kunnskaper hva angår pedagogikk, psykologi og sosialfag - , så må en stille spørsmål ved Eriksens egen yrkesgruppe. PPT skal sørge for at elevene ikke faller ut av skolen og legge til rette for og hjelpe elevene som sliter.

Men er det ikke heller i noen tilfeller slik at PPT er med på å skape skoletapere? En må spørre seg om dette når holdningen er så entydig på at skolen er uegnet for 20 prosent av elevene. Er det noe lærerne gjør som han er uenig i eller er det noe lærerne bør gjøre som de ikke gjør?

Eriksen sammenligner til og med påstanden om at elevene må kunne slutte i videregående med integrering av funksjonshemmede i samfunnet og insinuerer i sitt inserat at lektorlaget vil bære de lite skoleflinke ut i skogen tilliks med det en gjorde i hine hårde dager i middelalderen eller før.

Men dette er bare en avsporing. Samme hvor håpløse lærerne og lektorene er så er det elevene og PPTs oppgave å sørge for at elevene lærer mest mulig ikke det motsatte. Med entydig å skynde på skolen og de lærerne som har mest faglige kunnskaper, signaliserer Eriksen at kunnskaper og læring ikke er viktig. Skolen skal være en oppdragningsanstalt. Det å ha gått på skole og få vitnemål og papirer er i seg selv en rettighet.

Og dette er i realiteten den hverdagen mange lærere møter. Elevenes rettigheter dominerer i noen sammenhenger så totalt at det skygger for det som skal være skolens og elevenes viktigste motivasjon nemlig gleden ved å lære og å tilegne seg stadig flere og bedre kunnskaper.

Det Eriksen legger opp til er å styrke elevenes rettigheter uten å understreke at rettigheter og plikter henger sammen. Eleven har ikke rettigheter for at de skal kjempe mot lærerne, men for at lærerne skal utfordres til å lære dem mest mulig og på en best mulig måte. For at eleven skal ha nytte av rettighetene sine må det henge sammen med at de bruker de tilbakemeldingene og oppfølgingene som lærerne legger til rette for og er forpliktet til å gi dem.

Om en bare entydig og kategorisk som Eriksen slår fast at et synspunkt ikke er rett, så lærer en i realiteten eleven opp til det en i psykologien kaller lært hjelpestøt. Når eleven som faller utenfor får høre at det er lærerne sin feil, styrker iallfall ikke det motivasjonen for å gjøre en ekstra innsats innenfor systemet.

Eriksen forventer at skolegang og vitnemål i seg selv er en garanti for at folk kommer i arbeid, men det er det naturligvis ikke. Det som er en garanti for å få folk i arbeid er at en har viljen til å komme seg i arbeid. Jo, lengre en blir gående i et system som for eksempel legger overveiende vekt på pugging og faktakunnskaper, jo mer vanskelig vil det bli for mange som ikke interesserer seg for dette.

Det sier seg selv at ikke alle elevene mestrer fagene slik at de kan komme opp det høyeste refleksjonsnivået i teoretiske fag. Da er det vesentlig at de kommer over på andre områder av livet der de kan lykkes med å oppnå ting og få utviklet meningsfulle tanker rundt et fagområde som de mestrer, og alle har evner og anlegg innenfor et område.

Elever som er i stand til å reflektere over et eget fag de mestrer og som de er i stand til å oppnå gode resultater i kommer seg inn i arbeidslivet. Istedentfor å sy puter under armene på elevene, må vi slippe dem ut av redet, slik at de lærer å fly.

Og her er jeg tilbake til Johansens innspill. Han har hengt seg opp i tåkeleggende eller ironisk - alt etter som - at faktakunnskaper er det viktige før en kan begynne å reflektere over faglige spørsmål. Men jeg mener, nei. Jeg mener at det vesentlige for elever er å ikke demotivere dem med å putte dem i båser og gjøre dem til statistikk, men å se dem og ta dem på alvor. Om de ikke lykkes i skolen og mister evnen til å stille seg spørsmål og være lærevillige, så hjelper det ikke om de har vitnemål og andre papirer. Det er innstillingen og gleden ved å lære som er det grunnleggende for å unngå å falle utenfor i livet.

Er PPT forværelset til kriminalitet og uføretrygd eller er PPT veien til attføring og til å lykkes i livet? Jeg stiller spørsmålet når jeg leser Eriksens inserat.

Gruppemøte til KLL modul 3

Til stades: Jon Anders Ásmundsson, Eivind Lande, Lars Bjarne Marøy og Helge Ekholt

Kommentarer til modul 1 og modul 2

Gruppen drøftet innspill fra Nordahl på modul 1 og 2. Nordahl pekte på at det til tross for planer lot til å være vanskelig å få elevene til å få tilstrekkelig med motivasjon og til å yte en bedre arbeidsinnsats. Gruppen ble utfordret til å komme med innspill i forhold til hva som kan gjøres når det gjelder å realisere en sterkere motivasjon og arbeidsinnsats hos elevene. Dette punktet henger muligens sammen med et punkt lengre nede i Nordahls kommentar til modul 1. Her blir det pekt på at lekser gir læringsutbytte og at forskingen her er entydig. Her blir det fremhevet at en type lekser kanskje ikke er hensiktsmessig eller at omfanget av leksene og tilbakemeldingene fra læreren kan styre engasjementet bak leksearbeidet.

Etter nærmere refleksjon mente noen at det kan være slik at i stedet for lekser er det nå slik at det som motiverer elever mest til innsats er trolig ulike former for framføringer blant annet på power point. Istedentfor tidligere tiders leksesjekk er det lettere å få elever til å stå fram for klassen med et emne som skal framlegges etter innsamling av informasjon og selvstendig gransking. Men framføringer er også mer motiverende fordi alle vet at de må gjøre en innsats. Dersom en gjennomgår spørsmål eller ser om elever har gjort det de skal skriftlig er det ikke så lett å se om elevene har gjort det de skal som når de må legge fram et emne for klassen.

Et av lærerens sterkeste kort for å nå fram til elevene er å få elevene til å samarbeide med hverandre om læringen og bruke læreren som en ressurs i forhold til å løse konkrete utfordringer. Samhörighet, forventninger og ulike rollemodeller i en klasse kan ha mye å si etter vår oppfatning. Mange lærere vil trolig merke seg at jenter ser ut til å ha større læringsutbytte enn gutter. Vi hører om dette i tabloidpressen fra tid til annen. Kan dette ha sammenheng med at jenter har et annet samhandlingsmønster enn gutter, opphopning av goder fra tidligere opplæring eller andre årsaker. Vi vil gjerne ha innspill på dette.

I noen tilfeller er kanskje slik at gutter leser færre bøker enn jenter, vegrer seg mer for å å stille faglige spørsmål som framstår som diffuse og generelt sett ikke er like pliktoppfyllende

med å gjøre lekser. På den andre siden er klart at det kan være andre årsaker som oppfølging hjemmefra som er vesentlige for å oppnå høy motivasjon og arbeidsinnsats.

Det som iallfall er klart er at den videregående opplæringen med den studiespesialiserende linjen så definitivt er det skoleslaget der elevene er mest motiverete for teoretisk læring.

Elevene ønsker i mange tilfeller å gå videre på universitet og høyskoler og har valgt denne skoleretningen framfor andre alternativ. En må derfor spørre seg hva det er som er til hinder for at elever lærer når de har disse forutsetningene og motivasjonen i utgangspunktet. Det kan naturlig nok være flere forklaringer på manglende læringsutbytte

Her kommer vi naturlig over til modul 2 der det kan ha vært en misforståelse i forhold til vårt innspill og Nordahls svar. Vi føler et behov for å forklare oss noe nærmere her. Det som var vårt anliggende var å peke på at elever som begynner på våre skole og for så vidt så langt vi vet videregående skoler generelt går fra et skoleslag til et annet. Vårt kjennskap til ungdomsskolen er begrenset, men en del lærere har alternert mellom de to skoleslagene, så vi mener at vi i noen grad kan påstå å ikke bare fare med løse antagelser. Dessuten har vi måltall for skolen som også underbygger et følgende syn: Elever som presterer greit over gjennomsnitt i ungdomsskolen kan se ut til å mangle viktige kunnskaper og forutsetninger for læring som er vesentlig for å lykkes i videregående skole.

Det fører til at elever i overgangsfasen i praksis det første halvåret eller året på videregående har en tendens til å komme i ulike former for motsetningsforhold til lærere på videregående. I de aller fleste tilfeller går dette seg til. Læringskravene kan tydeliggjøres, elevene får underveisvurderinger, resultatene bedrer seg og elevene kommer inn i et positivt utviklingsmønster. Elevene tilpasser seg nye krav og lærerne gjør det de kan for å nå fram til og forklare for elevene hva som blir forventet på videregående.

Men i en del tilfeller har elevene unrealistiske krav og forventninger. I slike tilfeller kan lærere møte klager i form av brev til skolen fra foreldre eller elevene selv eller det kan i enkeltilfeller oppstå andre motsetninger. I de tilfellene der elevene har gode forutsetninger – og slik er det som oftest – kommer det som sagt aldri så langt. Men for lærerne blir det vesentlig å sørge for å motvirke slike tendenser eller negative utviklinger så tidlig som mulig. Lærere bør tidlig i første klasse peke på at det er tøffere krav i videregående skole enn på ungdomsskolen og at forventningene i det første skoleåret ikke må være for høye, da vil de trolig ha bedre evne til å motivere elevene på en realistisk måte. Dersom elevene derimot tror at de vil lykkes med moderat læringsinnsats, vil resultatene kunne bli mindre vellykkede. Måltallene viser at elever som har kommet inn på videregående har relativt stort samsvar i karakterer fra første til andre klasse, mens elever som kommer fra ungdomsskolen går ned i karakter. Lærere som har vært i ungdomsskolen mener også at det kan være forskjeller mellom ungdomsskoler og til og med mellom barneskolene som er med på å danne grunnlaget for positive og negative utviklinger helt opp i videregående skole. Det er etter vår oppfatning mye å vinne på å øke læringstrykket i første klasse. Vi håper at dette blir mer forståelig og tror at bruken av konfrontasjon var et noe uheldig ordvalg fra vår side. Nå har vi iallfall prøvd å vise tydeligere hva vi mener.

Vi merker oss Hatties undersøkelser. Vi skulle ha hatt nærmere kjennskap til disse. Er det mulig å få bestilt et eksemplar av boken i tilknytning til prosjektet ev. få tilgang til en eller flere deler av boken, så vil vi gjerne kikke på denne litteraturen. Det er tungvint tilgang til litteratur på Kongsvinger, så vi vil ev. ha den tilsendt gratis/refundert eller på utlån.

Vi har i utgangspunktet ingen problemer med å forstå at elever som tidligere har prestert godt i skolen drar med seg positive erfaringer som fører til økende motivasjon og nye gode prestasjoner. Dette er i samsvar med det som et uttal av lærebøker har omtalt som den positive læringsspiralen eller lignende. Og er i god overensstemmelse med psykologisk forskning så langt som vi kjenner denne.

Vi er derimot mindre villige til å gå med på det funnet som viser at det er en sammenheng

mellanom dårlige skoleerfaringer, lave forventninger og dårligere og dårligere prestasjoner. En kan naturlig nok tenke seg at de som gjør det dårlig i videregående er de elevene som dropper ut fra videregående og som vi av politiske og samfunnsøkonomiske årsaker gjerne skulle ha hatt i skolen, men vi tror som sagt ikke at dette er noe entydig mønster i vårt skoleslag.

Når elever kommer til videregående så er det i seg selv etter utvelgelsesprosess. De elevene som gjennomgående har vært de største skoletaperne velger ikke studiespesialiserende linje. Det er alltid overvekt selv mellom de minst motiverte elevene hos oss av vinnere. Måltallene viser også at utviklingen er relativt stabil i de går hos oss.

Elever som faller utenfor kan i en del tilfeller være ressurssterke, men av utenforliggende årsaker kan de blir forhindret fra å fullføre skolen og avslutter. Det kan være rusproblematikk, personlige og familiære problemer eller andre årsaker. I noen tilfeller kan det være snakk om feilvalg. Men etter vår oppfatning skal det mye til for at eleven som er skolemotiverte i den grad at de møter på skolen, er til stede i timene og jobber med det faglige læringsstoffet i større eller mindre grad, blir mindre og mindre skolemotiverte. Det største problemet er trolig at eleven blir borte og aldri kommer tilbake igjen, selv etter telefoner og møter og andre former for oppfølging.

Derfor er vi skeptiske til om Hattie har overføringsverdi til våre undervisningsforhold, men vi må ev. granske arbeidet hans nøyere eller iallfall få presentert bedre hva for grunnlagsmateriale undersøkelsene hans bygger på.

Men når det gjelder eksamensresultater er det ofte sterkest utslag. Vi har ikke noe annet enn vår egen erfaring å bygger på, men eleven som presterer under middels og får 2, kan i mange fag greie å ende opp på 2 til eksamen. De er faktisk ofte slik at de lykkes med å prestere nesten like godt til standpunkt og eksamen. Derimot kan det være eleven som har gode karakterer som går ned en til to og i noen tilfeller tre karakterer på eksamen. Dette framstår ofte som uforklarlig eller som er resultat av russetiden. Elevene fester og feirer hele mai, rett før 17. Mai er hele klasser forkjølet og utslit. Fire til fem dager senere starter den mest hektiske tiden med eksamener. Vi fører en fortvilet kamp for å få eleven til å forstå at det er en negativ sammenheng mellom russefeiring og dårlige resultater til eksamen.

Under modul 2 er vi naturlig nok fullt bevisste på at eleven er forskjellige. Det er også derfor slik at undervisningsmetoder må varieres og være i best mulig overensstemmelse med som innfrir forventninger til variasjon og læring hos den enkelte klasse og den enkelte elev. I praksis er det likevel slik at samme hvor godt en lærer ivaretar elevenes interesser, så vil alltid en del elevene være vanskeligere å nå fram til enn andre. Vi kan gjøre oss tilgjengelige gjennom samtaler med eleven på tomannshånd, gjennom å se hva de gjør som er positivt og lignende, men dersom en elev sier at alt er helt greit og ikke ønsker å komme i noen form for relasjon med læreren, kommer vi fort til kort. Vi kan gjøre eleven kjent med prestasjoner og forventninger og lignende og vise til måloppnåingskriteria og hva det skal være, men noen eleven vil likevel gjøre det de selv har vendt seg til å gjøre gjennom 10 års skolegang. Av og til kan de ha god ballast og av til mangler de viktige kunnskaper.

Et eksempel på utfordringene er undervisningen i nynorsk der eleven periodevis etter intensive gjennomganger kan se ut til å prestere bra, men så går det noen uker og så er alt glemt igjen, og de gjør de samme feilene som de tilsynelatende har lært seg til gjennom ungdomsskolen. Det de lærte den gangen både det de lærte seg rett og det de lærte seg feil sitter igjen som det varige og kan bare korrigeres i mindre grad.

Modul 3

Artikkelen til modul 3 er svært teoretisk og prinsipielt interessant, men i de fleste situasjoner i skolehverdagen vår er det tilsynelatende vanskelig å peke på konkrete eksempler der vi må ty til tydelige former for regelhåndhevelse. Elevene er i stor grad rolige og lager ikke problemer for undervisningen. Det forekommer naturlig nok at konsentrasjonen svikter innimellom, men

for det meste kan slike utfordringer løses gjennom endringer i undervisningsmåten. Det kan være ensformig med lange gjennomgangar og når elever har løst oppgaver og ikke har mer å gjøre kan de miste konsentrasjonen når de andre ikke er ferdige. Det kan også være nødvendig å stoppe opp undervisningen når det blir for mye snakk mellom enkeltelever, men i den store sammenhengen oppfatter vi ikke dette som urimelig.

Det er mye positivt å si om bruk av PC for elever med spesielle behov og i tilknytning til mange oppgaver som skal løses. Det som like fullt er blitt et stadig tilbakevendende problem er at PC-er blir brukt i tide og utide, og det er vanskelig å hindre at elever bruker PC feil uten at elevene selv forstår og ser det rimelige i at PC-er ikke skal brukes til å dekke personlige kontaktbehov og fritidsinteresser i timene. En grei regel kan være at PC-ene skal være nede under gjennomganger når manus ligger tilgjengelig for elever til senere gjennomgang. Men PC-ens mange bruksområder gjør at det langt på vei blir et spørsmål om PC skal benyttes eller ikke.

(Mange lærere ser fordelen med at elever kan ha tilgang til og kan få tilgang til informasjon på en papirløsmåte, men PC-en burde i første omgang være en ressurs for elever i hjemmearbeidet. Lærerne har nå fått en vei inn til elevenes hjemmearena, og det er et uutnyttet område. Men på skolen er det i mange tilfeller ikke gunstig at elever bruker PC.) De reelle problemer som vi møter i forhold til regler er nok i første omgang ønsket oppførsel som blir samlet opp som anmerkninger. Det knytter seg først og fremst til forsentkomminger, juks og i noen tilfeller uønskt oppførsel. Tidligere ble juks automatisk behandlet slik at prøvene ikke ble vurderte og elevene som hadde jukset fikk nedsett oppførselskarakter. Dette blir ikke like klart praktisert lenger hos oss. Og mange lærere mener at dette burde ha vært en praksis som ble videreført.

En del forsentkomninger ser ut til å sitte langt inne å få gjort noe med. Elever fra grisgrendte strøk har problem med bil og trafikkforhold i vintermånedene. Parkeringsforholdene ved skolen er ikke alltid ideelle. Noen bussforbindelser lar seg ikke løse på en enkel måte og lignende. Vi har vel tross alt inntrykk av at elevene gjør så godt de kan for å komme tidsnok og lærerne det samme.

Donkey boy

Flere musikklåter har markert et negativt fokus på skolen. Noen hardrockmusikere mener at de lar ungdommer få komme frem med et sinne som de ellers ikke ville ha fått gitt uttrykk for gjennom offisielle kanaler. Gruppen diskuterte om låten Ambitions av popgruppen Donkey boy kan være et uttrykk for et bestemt forhold til skolen.

Videoen er laget av Kristoffer Borgli. Den skal skape et bedre bilde av at det handler om hudsykdommen Abicere Leprous. Dette er en fiktiv sykdom (oppfunnet av Donkey boy?) som får folk til å gi opp sine ambisjoner. Det innebærer at huden skaller av. Konsekvensene blir fatale etter opp til 3 år. Videoen viser ulike personer som tilsynelatende får sykdommen.

Video-en viser en slags intervju-situasjon med flere personer som har fått hudsykdommen. Noen har tydelegvis hatt kjærlighetsproblemer og en jente har droppet ut fra skolen. Låten og en video på youtube indikerer at det å droppe ut av skolen kan føre til en hudsykdom. Det må naturlig nok tolkes symbolsk. For mange kan dette kanskje gi uttrykk for en frykt for å mislykkes på skolen. Refrenget er derimot mer positivt og virker som en slags motivasjon til å stå på videre. For de som ikke har sett videoen er det kanskje bare dette som fester seg. Gruppen ble ikke helt klok på hvilket forhold det kan være mellom skole, skoleprestasjoner, respekt for regler og så videre og moderne popkultur. På den ene siden er mange ungdommer ekstremt opptatte av film og musikk. På den andre siden har vi lett for å glemme at engelsk-kunnskapene ikke alltid er like gode som vi tror. Mange elever får kanskje ikke med seg noe

særlig av de underliggende tekstene, ble det pekt på. Men på den andre siden er det vanskelig å se bort fra at skolen er i mange unges bevissthet og at den påfallende ofte blir nevnt i populærkulturen. Men det samme gjelder naturligvis andre autoriteter i samfunnet. Hvor om allting, er det ikke helt uinteressant å følge med på hvordan skolen blir omtalt i samfunnet. Det kan være en pluss at vi som lærere fanger opp noen tendenser og kan samtale med elevene om dem.

Gruppemøte til KLL modul 4

Til stades: Jon Anders Ásmundsson, Eivind Lande, Lars Bjarne Marøy og Helge Ekholt
Gruppen tok utgangspunkt i tredelingen mellom personlig, faglig og formell autoritet, og det som var skrevet i modul 4 om den autoritære læreren.

Den autoritære lærertypen er overdrevet negativ i mange framstillinger

Når det gjelder den formelle autoriteten er det trekk ved denne som har gått inn i den autoritære lærertypen. Den autoritære læreren har ofte blitt karikert i populærkulturen som i rockevideoer av for eksempel Twisted sisters eller i Pink Floyd-filmen The Wall. Det er klart at det var flere slike trekk ved lærere i skolen i tidligere tider. Og klassiker i lærerparodier er læreren som får tak i en lapp som blir sendt rundt i klassen. Leser opp fra lappen som er personlig kompromitterende for en av elevene og får de andre i klassen til å le.ⁱ En mer forvirret, men kanskje mer velvillig lærer viste seg i serien Smørøyet på Nrk.ⁱⁱ

Det er også knyttet en ide om læreren som en som kan straffe elever med pekestokk, spanskrør, gjensitting eller parade. Den sistnevnte straffen vil si at eleven må møte på skolen en halvtime før de andre elevene kommer tre dager på rad.

Leksehøringen er kanskje et punkt for seg, men definitivt som oftest på pluss siden for elevene i det lange løp, men igjen kommer avstraffingen som et element vi ikke tror på i dag. Vi tror mer på guleroten enn på stokken, ev fravær av belønning.

Når en ser bort fra disse ideene om straff og mobbing som er knyttet til den autoritære læreren er det vel langt flere positive trekk ved denne lærertypen enn det mange vil være villig til å gå med på ved første øyekast. Den autoritære læreren har fokus på fag, å få elevene til å komme tidsnok, slå ned på forstyrrende elementer, vise seg som en voksen rollemodell også videre. Kort og godt verdier som er en del av KLL.

Faglig autoritet

Det er viktig å sette faget sitt høyt. Fokuset er på det faglige i stor grad. Det er mye vi vil lære elevene. Vi har dårlig tid til å gjøre ting som kan få med alle.

Kan vi som lærere påvirke hvor mye elevene får med seg? Av og til er det åpenbart at våre forventninger er så høye at de ikke lar seg innfri, mens elevene ikke er interesserte i eller klarer å lære det de strengt talt må lære seg.

Det blir forventet at lærerne skal nå fram til elevene nesten uansett. Men av og til er det svært vanskelig, og noen ganger må vi senke mål og forventninger til et minstemål. Spesielt har det vært slik at yrkesfagklasser gjerne har elever som mangler teoretiske forutsetninger, men som er gode i praksis. Da blir det til slutt vårt ansvar å få dem gjennom, samme hvor lite vi greier

å lære dem.

Vi bruker mye tid på å nå fram til en del enkeltelever som ikke viser læringsframgang, mens mange elever som presterer gjennomsnittlig ikke får tilstrekkelig oppfølging. Det er den som skriker høyest og spør mest som får mest oppfølging. En kan spørre seg, ville den autoritære læreren ha kommet lenger? Dette er sider som vi sjeldent har fått vite noe om. Men vi vet jo at det var dramatisk å ikke komme seg gjennom konfirmasjonsundervisningen både på 1700- og 1800-tallet og prestene må på en eller annen måte ha greidd å få igjennom konfirmanter som har hatt store lese- og skrivevansker og har vært lite læringsmotiverte. Den autoritære lærertypen kan absolutt problematiseres. På den andre siden kommer naturligvis skolekritiske bøker som *Jonas* av Bjørneboe.

Det som er sikkert er at vi som lærere ikke kan tvinge elevene til å lære, så sant de ikke forstår at det er svært viktig å lære noe og de selv sterkt ønsker å lære. Det kan være vanskelig å nå fram til eleven. I noen tilfeller har kanskje ikke læreren noe å si for elevenes læring i det hele tatt, dersom elevene er flinke og arbeidssomme. Å finne fram til de situasjonene og posisjonene mellom lærere og eleven som fremmer læring kan være viktig, men i mange tilfeller spiller det kanskje ingen rolle. Vi bare måler hva elevene har lært uavhengig av oss.

Den autoritære læreren blir framstilt som en stereotyp

med klare negative trekk, men er det alltid slik det fungerer i praksis. Vi som er lærere i dag hadde i mange tilfeller autoritært pregede lærere, men lærte vel likevel mye av disse. Og det var vel ikke alltid slik at de var uten evne til kommunikasjon med elevene.

Personlig autoritet

At autoritet kan virke frigjørende og skal overføres fra lærer til elev kan ha noe for seg dersom elevene deler de samme verdiene som læreren. Det finnes elevene som enten er gode administratorer eller faglig flinke på en slik måte at det smitter over på de andre elevene. Ellers kan eleven i en klasse lære seg mye på egenhånd om motivasjonen er der og det er nødvendig ut fra ytre krav, eksamen.

En lærer som er personlig autoritet i en klasse, vil også være i stand til å peke på hva som er generelle forventninger i forhold til eksamen, i forhold til å meste ulike oppgaver i det praktiske liv, forstå seg på hva som går for seg i media som internett og lignende. Det er gjerne slike trekk som blir husket av elevene. Som noen har sagt om læreryrket. Det er til en viss grad mer enn et yrke. Skal en lykkes må det kanskje bli en slags livsstil.

Strilesoga

Hev Nordhordlendingane som vert kalla strilar ei eigi soga ? Og kvifor skal det

ha det ? Dette siste spørsmålet vart reist på eit møte um strilesoga var emne.

6 historikarar hev gjenge saman um å skriva soga um folki som er knytte til nemningi stril. Dei starta i 1990 og hev kome til fjorde bandet. Det skal koma 5 band til saman.

Den som stelte spørsmålet var John Ragnar Myking som hev sete i redaksjonen for bokverket strilesoga. Han viste til Absolon Taranger som alt i 1893 lanserte tanken um ei strilesoga. For me som stend attum denne utgjevingi vart tanken um ei strilesoga vekt for umlag 20 år sidan. Det var på eit seminar um regional soga.

Me tykte at strilane mangla kulturelt medvit og lett let seg harselera med av bergensarane. Strilane hev vore mismodige og havt ord på seg for å vera trege og seindregne. Det hev vore vanskeleg å samla ihop folkeminne og anna som andre delar av fylket hev sanka i hop. Fyrst i dei seinste åri hev det kome ei innsamling av folkesong. Det er det Kjersti Vik som hev stade for.

Når me kom til at me vilde ha ei strilesoga var det ikkje so lett å definera kvar strilane kom frå. likevel var det sume karakteristika som gav oss haldepunkt.

1 Dialektdragi var mykje eins innanfor det umråde me hadde fyre oss. 2 Strilane kunde defineraast som dei som hadde mykje med byen og byfolk å gjera. Dei peika seg ut gjennom innførslor i byportane. Der og andre stader fær me opplysningsar um kva slags mat dei førde inn til Bergen og kor ofte dei var i byen. Då peikar det seg ut eit tydeleg mynster som me kann gå etter. 3 Den administrative inndelingi gjev oss haldepunkt.

Det kann diskuterast um alle kommunane me valde å taka med var representative. Me bygde på tilbakerapportering frå kommunane sjølve i tvilstilfelle. Soleis kann ein diskutera um Os, Fusa og Samnanger høyrer til strilelandet.

Funni i sogeskrivingi so langt syner at strilane var noko samla alt i millomalderen. Gravhaugar og andre funn tyder på hovdingdøme med gardar knytt til seg. Bydaningi på 1100-talet må likevel vera eit naudsnyt vilkår for at umgrepet stril skulde ovra seg. Umgrepet stril er uløyseleg knytt til byen Bergen. Den fyrste gongen ein mann vert umtala som stril var på 1200-talet. Det var i tilknyting til hyllingi av Håkon Håkonson. Men noko tyding av ordet vert ikkje openberre og bruken er visst eineståande so tidleg.

På 1600-talet vart strilenamnet vanlegt. Strilane vart knytte til at dei var stride. Dei gjorde tvers og kontra til alt. Og let seg aldri måta etter byfolki, trass i at dei møttest ei rad gonger i kvardagslivet. Handelen for strilane var gagnleg. På 1700-talet samla strilane seg rikdomar. Biskop Pontopidan hev skildra klednaden til strilane i 1723. Festklednaden deira var serprega m.a. av at dei bar mykje sylv. Men dei bar denne klednaden når dei var til fest på heimstaden. Dei for godt som aldri til byen i finstasen.

Den andre innleidaren var Karl Egil Johansen. Han visa til at strilenemningi hev havt eksplosiv vokster dei siste åri etter at strilesoga vart planlagd. Fyrr stod nemningi stril alltid eller iallfall ofte i hermeteikn i avisone. No hev nemningi vorte so vanleg at det ikkje er gjerleg. Me hev fenge samansetjingar av alle slag. Det vert snakka um at noko er strileriktig og um sjølvmotsegjingi strileby.

Johansen skriv mest um perioden etter 1865. Det var ei armodslag tid for strilane. Gardane var yverfolka, og mange laut sjå som um etter andre utvegar enn garden.

Den sosiale historia her er interessant, men det er ikkje nok plass til å koma inn på alt her.

Det som er mest spanande er å sjå korleis organisasjonslivet og norskdomen voks fram. Two rørslor tevla med einannan. Den eine var dei kristelege misjonslagi. Den andre var ungdomslagsrørsla. Desse retningane stod alltid mot einannan, endå um det var mange forlikande drag. Dei two rørslane kunde både i svært mange høve samlast um fråhaldssaki og um songkor. Men elles stod dei mot einannan. Og det var ikkje alltid lett å få slike motsetnader i små bygdesamfund. Osterøy, Lindås, Os og Fusa hadde fleire slike motsetnader. Elles var det òg svært mange ulike typar lag og rørslor i Fana som arbeidde i kvar sine leider.

Fjorde bandet av strilesoga er snart i butikkane. Til neste år kjem det femte bandet som tek oss fram til vår tid. Strilane gjer seg gjeldande. Det er det ingen tvil um.

Lars Bjarne

Det ergrar meg at språkvitarar generelt er fylt av altumfemnande forklæringsmani. Dei hev denne manien til alle språklege fenomen. Det gjeld målfolk tilliks med Finn Erik som nyleg var på radioen og debaterte sidemål med leidaren i Noregs Mållag. Ein viktig del av språkupplæringi gjeld slett ikkje å læra seg grammatikk og andre formelle språkstrukturar som språkvitarane kann formidla til oss. Det viktige er derimot å læra seg tydingsinnhaldet til ordi. Kva mentale fyrestellingar som vert knytte til ordi.

Når ein skriv engelsk eller tysk stil må ein finna fram til kva for tydingsinnhald og kva for ein bruksmåte kvart einskilt ord hev i språket. Ei mekanisk umsetjing hjelper ikkje. Ein må øva seg upp ei medviten språkkjensla. Å arbeida med å øva seg upp i å finna dei gode og råkande avløysarordi på eit språk er ein tame som hjelper fram den generelle språkevna. Det kjem ein til gode når ein skal læra andre språk.

Skodespelarar som nyttar både måli må trenar seg systematisk i å få yverført fyrestellingar av ord. T.d. vil ein bokmålkodespelar assosiera ordet mjølk med gardslivet og melk med kjøkenbordet. Vedkomande hev havt ulike språkmøte med two ord for det same fenomenet. Då krevst det ein mental prosess å få ordet mjølk til å verta det rette ordet ved kjøkenbordet på scena. Desse prosessane kann ein berre øva opp gjennom at ein hev forpliktande munnleg (pugging til scena) eller skriftleg trening i å skriva nynorsk.

Lingvistar som meiner at alle språk er like gode, trur at det er nok å yverføra grammatikken og at ordtilfanget er underordna. Korleis kann det då ha seg at t.d. attgjevingi av rimmynteret i diktumsetjingar vert fråvike i mange umsetjingar.

Det er sers vanskeleg å yverføra dei mentale fyrestellingane millom språki. Korleis skal ein til dømes forklåra ein svensk kva ein stril og ei rad andre stadbundne fenomen er for noko? Resultatet er fotnotar og ei lite lesarvenleg form.

Ein kann taka inn nye ord og integrera dei i ordtilfanget, men tydingsinnhaldet vert endra. Ein må taka umsyn til språket i bruk. Å argumentera med nasjonal kulturarv vert lett ein redundant argumentasjon. Greider ein ikkje å knyta upp nynorsken til levande språkmøte/språkbruk kjem ein skeivt ut.

Nynorsken er eit riksmål som gjev oss tilgang til mentale fyrestellingar og upplevelingsfellesskapar som kann auka evna til å taka upp i seg nye ovringer, fordi me må tenkja medvite gjennom dei mentale fyrestellingane me hev til nye fenomen.

Det er dette som kjem til å gjeva nynorsken voksterkraft i framtid. Dette kann skuleelevar verta ein del av gjennom skriftleg sidemål.

Hovudtankane i ein moderne tankegang er knytt til m.a. subjektivitet og intensjonalitet. Mentaliteten til moderne menneske er prega av deira typifiserte upplevelinger i sosial samhandling/språkmøte. Desse typifiserte språkmøti vert yverførde til ei sjølvuppfatning og eit sjølv. Yverføringi skjer gjennom språket, og dei mentale fyrestellingane me hev og danar oss av ord og umgrep er avgjerande for kva for yverføringar som ber til.

Dersom nynorsken ikkje når fram gjennom språkmøte og ikkje danar typifiserte upplevelinger hjå den einskilde målbrukaren eller dersom dei typifiserte upplevelingane vert negative, når me ikkje inn i den subjektive identiteten til folk flest. Dei vert verande likesæle til oss. Dersom nynorsken heller ikkje vert knytt til ei viss målretta endring/intensjonalitet, men til statiske og sjølvreferante tankegods vert målrørsla ei umoderne rørsla.

Det er det som skjer når NMU snakkar om levande lokalsamfund, ungdomskulturelle ideal og um å knusa urbanismen. Eller når språkvitarane legg vekt på at det skal vera mest mogleg samsvar millom skrift og tale. Eller når dei segjer at alle språk er like gode til alt. Resultatet vert at språket vert underlagt nytteumsyn og økonomiske umsyn gagnar ikkje nynorsken, snarare tvert um. Den kunnskapsproduksjonen som likskapsdogmet opnar for er ikkje ein argumentasjon for minoritetsspråk, slik språkgranskara vil at det skal vera. Snarare tvert um fører det til at den engelsk språklege litteraturen breider um seg. Hadde ein derimot sagt at alle språk hev sine avgrensingar og at dei ikkje kann dyrkast fram til kva som helst utan umsyn til den generelle samfundsutviklingi og dei samfundsconstituerande institusjonane i ein språkkultur, ville ein ha opna for ei sjølvstendig utvikling. For då kunde ein sleppa fri frå nytteumsyni. Engelsk språk er ikkje like godt som norsk til å uttrykkja diverse livsumkverve, og kann aldri verta det og umvendt. Men språkforskarane stend på sitt. Intensjonalitet vert burte og immanensen tek yverhand.

Miljøvernara demonstrar for å berge miljøet, fråhaldsrørsla og di like mot rusgift, dei kristeleg for kristendom, men målrørsla strid for landsbygdi, for ungdomskulturelle ideal, ungdomen skal altsa ikkje berre ha ideal, men dei skal vera ungdomskulturelle og mot bydaningsovringar. Kva er det siste språklege utspelet frå NMU/NM som gav folk la vekt på det reint språklege og som sette det språklege på dagsorden. Dei andre rørslane eg nemnde hev klåre verdilada ord og umgrep som gjeng inn i kvardagsspråket til folk. NM og NMU produserar klisjear til eige bruk jamfør verveaksjon 2000 og minoritetsargumentasjonen og blankpussar medlemslistene.

Og språkforskarane skriv nekrolog yver det nynorske målet. Viktige delar av målrørsla som knyter verdiane sine til at folk skal snakka dialekt og skriva nynorsk og at alle skal få nytta dialekten sin, og som let dette styra kunnskapsproduksjonen i rørsla, er på bærtur.

Det er berre gjennom skriftleg og munnleg nynorsk at me kann halda uppe ein meingingsfull kunnskapsproduksjon. Nynorsken må vera synleg innanfor ein intensjonalitet i samfundet, og tilhengjarane sameleis. Me segjer nei til språkleg likesæla. Me vil ha språkleg sjølvstende. Me vil at alle nordmenn skal gjera seg opp ei reflektert haldning til nynorsken og velja nynorsk. Då vert dei språklegt sjølvstendige.

Kva skal målrørsla med eit meir attendeskodande nasjonalt tradisjonalistisk, minoritetsspråkleg, mangfelde og toleranse språksyn. No må målrørsla verta moderne.

For Vinje derimot og for dei fleste lingvistar er dei mentale fyrestellingane lite vektlagde, og dei vert nedvurderte. For oss må dei vera ei hovudsak. Me må tematisera dei, um ikkje vert me ei tradisjonalistisk grøftegravarrørsla.

Dette var eit åtak på alle norskfagsmonopolistar.

Kunsten kann vinna
menneskesinni.

Kunsten vinn menneskesinet gjennom språket. Språket kann ikkje styrast gjennom politikk, juss eller økonomi. Dette var eit hovudpunkt for Arnljot Strømme Svendsen i eit fyredrag han heldt i Vestmannalaget nyleg. Arnljot Strømme Svendsen var innum ei rad perspektivdanande faktorar som han meinte kunde underbyggja ein slik påstand.

Han starta i Bergen for 150 år sidan i 1850 då spirane til Den nationale scene grodde fram i Bergen, og i 1852 vart det norske Theater skipa i Christiania. Desse to teatri utfordra den rådande målstoda med å spela på eit norskare mål enn det gamle Cristiania Theater. På det norske Theater i Christiania vart det driva eit systematisk uppornsingarbeid gjennom innsatsen til Knud Knudsen. I Bergen vart det bygd opp eit eige scenemål knytt til bergens uttale. Alt på 1850-talet spela teatret i Bergen Jeppe på Bjerget på sognamål. 1850 vart eit tidsskilje for den nasjonale voksteren.

Ei hopehavssøkjing tok til. Ole Bull var ein frontpilar i dette arbeidet, og han for fram på ein sers uoriginal måte. Han fann unge skodespelarar til teatret. Mange av skodespelarane var millom 16-20 år. Dei fekk gode voksterkår i den tid teatret greidde seg. I 1862 var det stopp, og først 14 år seinare vart Den nationale scene skipa som eit trygt og varande teaterprosjekt i Bergen. Teatret feira 100 års jubileum i 1976 og driv godt.

Den tidlege teaterskipingi i Bergen førde med seg at ei rad skodespelarar vart upplærde i og vart vane til å nytta eit bergensk prega talemål på secna. Bergensk fekk soleis status, og ingen bergensarar vart retta til å tala austlandsk. Det viser at språket kunde arbeida seg fram gjennom kunsti.

Språket tilliks med ytringar i musikk og biletkunst fylgjer strenge lover. Dei kunstneriske elementi vert bygde opp på ein måte som gjer at utøvarane vert prega av det same. Grensone for den likskapen ein finn i kunsti kann fylgja eit kulturumråde, ei gruppa av land eller heile verdsdelar. T.d. er austeuropéisk kunst serprega frå vår.

Språk kann ikkje styrast mekanisk. Likevel vil det vera nokre viktige aktørane som styrer mykje av språklaging i samfundet gjennom verksemdi si. 1 Fagfolk lagar sitt språk 2 skulen styrer språket ved tvang 3 pop og mediemenneske spreider språklege ytringar 4 språkbyråkratar og embetsmenn lagar sitt språk i offentlege dokument og utgreidningar

5 forfattarar kann skriva so godt at språket deira danar mynster.

I dag kann mange skriva, men det er ikkje alltid at dei fær spreidd det dei skriv. Ein må finna talent og utvikla. Målrørsla må gripa fatt i nye miljø og gjera desse miljø til sine. Strømme Svendsen hadde mange døme på korleis dette hev vorte gjort. Han kom med lovord til Det norske Teatret i Oslo som hev greidd å samla fulle hus og skapa store framsyningar. Styremaktene hadde ikkje noko val når Det norske teatret trøng nytt husrom. Det var det beste teatret i Oslo.

Strømme Svendsen var formann for Den nasjonale scene i Bergen fram til 1982.

I Bergen hadde me stødt suksess med framsyningar på nynorsk. Dei var sers umtykte. Me lærde mykje av Det norske teatret i periodar. Til dømes var Det norske teatret svært haghendte med barneframsyningar. Her fekk me fleire gode idear.

Målrørsla må vinna menneskesinni gjennom talentfulle kunstprestasjoner. Det vil gjeva perspektiv til arbeidet vårt, avslutta Strømme Svendsen.

Lars Bjarne Marøy

Gode
dykk

Eg les um tuftordskiftet i Motmæle. Eg tykkjer tuftdebatten hev vore svært historisk orientert og knytt til dogmatiske standpunkt. Difor kjem eg her med eit innspel i ordskiftet kring tufti. Eg kjem ikkje med nokon kommentar. Eg berre legg fram eit sjølvstendig tuftframlegg som kvar einskilt av dykk kann vurdera og kommentera. Eg tykkjer NMU no skal kasta firehundreårsnatti på båten, og tenkja nytt. Det fær då vera måte på

å tyggja upp att på det same historiske tankegodset. Alle tankeløysor og utegløyningar er medvitne!
!

Gode
lesnad

Lars
Bjarne

Målstriden i Noreg er ein strid millom det norske målet som Ivar Aasen la grunnlaget for og det uppnorska danske målet i Noreg. Det uppnorska danske målet i Noreg hev i dag hegemoni i samfundet. Dette kallar me bokmålsveldet. Det norske målet, nynorsk, er eit alternativ til bokmålsveldet. I denne striden ynskjer Norsk Målungdom å yvertyda alle nordmenn til å nyttja nynorsk.

I målstriden må me motverka at bokmålsveldet fær prega språkföringi og dei språklege ideali til folk. Det gjer me gjennom måldyrking, gjennom å reisa ordskifte um språk og samfund og gjennom å spreida nynorsk lesnad og nynorske kulturupplevelingar.

Fyrre me kann skapa målordskifte må me i det heile få sett språk på dagsetelen. Dette vil Norsk Målungdom gjera i skulen, på dei høgare lærestadene og elles i samfundet. Me vil knyta nynorsk til generelle samfundspursmål som gjeld upplæring på alle plan. Me vil at medlemene i Norsk Målungdom skal vera flinke til å kombinera interessa for nynorsk med dei skulefagi dei hev, dei universitetsstudiumi dei tek eller med det arbeidet dei hev kome inn i.

I alle språksamfund vert det skapa litteratur og i alle språksamfund av ein viss storleik vert det umsett litteratur frå dei store verdsspråki. Norsk Målungdom er uppteken av at flest mogleg folk skal få høve til å halda opp ein eigen språkkultur. Difor vil me når det er tenleg skulera oss på språklege stridar kring i verdi, og trekka ålmenne lærdomar av deim. Når me ser at det er sterke saklege grunnar for det kann me også koma med støttefråsegner til språklege organisasjonar som arbeider med å fremja språklegt sjølvstende innanfor ein stat eller ei minoritetsgruppa. Relevansen til den norske målstoda må vurderast i kvart einskilt høve.

Norsk Målungdom er uppteken av massekulturen. Me tykkjer det er viktig at ungdom fær yverordna språklege ideal i nynorsk, slik at dei kann møta kulturuttrykk frå massekulturne

og frå umverdi på ein open og fordomsfrei måte og vurdera dei utfrå at dei er vant til å ordskiftast um språk og samfund og um å dela rike upplevelingar dei hev havt gjennom språklege formidlingar.

Me hev tru på at det nyttar å arbeida for å skapa eit lærings- og daningsmiljø kring arbeidet vårt som kann førast vidare til andre nynorskbrukarar. Dette miljøet meiner me vil vera sterkt nok til at kvar einskild vil kunna utvikla glede, kunnskapar og interessa for språk. Eit slikt miljø vil kunna fungera samfundsgagnleg og motverka yverflatiske og populistiske ytringar i den politiske debatten. Me er upptekne av at utlendingar skal få høve til å læra nynorsk og ikkje verta tvangsupplærde i bokmål. Me er dessutan upptekne av å forstå og læra av andre

språkkulturar og fremja integrering millom nordmenn og utlendingar, serleg på det språklege planet. NMU styd alle kulturtildot og andre tilbod som fremjar integrering millom innvandrarar og nordmenn

Korleis driva målarbeid

?

Dei fleste er likesæle til språk og til språkstriden millom bokmål og nynorsk. Korleis kann me få dei til å tenkja yver språkstoda? Med nokre grove termar kann me dana oss oppfatningar um tilstanden for meiningsdaning og politisk påverknad. Det moderne samfundet kann segjast å skilja seg frå det tradisjonelle samfundet. I det tradisjonelle samfundet la ein vekt på konvensjonar og på faste relasjonar millom menneske. Menneski hadde ikkje serleg stor valfridom og tilbod um sosial samhandling band seg upp til rigide normer.

I eit moderne samfund er menneski prega av at dei hev stor valfridom og mange tilbod um relasjonar til andre menneske. Endring vert oppfatta som noko positivt noko ein vil fremja. På same vis vert me i målrørsla vurdert utfrå kor gode me er til å fremja endring.

Innanfor kunsten hev dette gjeve seg mange utslag moderniseringi gjeve seg mange utslag. Når det var vanleg å få prenta kunstverk som teikningar, illustrasjonar i masseupplag og når fotografi vart enklare å prenta fekk massane tilgang på store mengder kunstnarlege ytringar. Evna til å taka opp i seg og glede seg yver desse godi var ikkje og er ikkje like velutvikla. Mengdi av biletar i bøker og avisar er stor og ho veks. Levande bilete på fjernsyn kann vera enkle å tolka og kann gjeva oss utfyllande informasjon heile tidi, men litteratur og kunst gjev ikkje det same høvet. Dei må tolkast og arbeidast med aktivt av den som komsumerar deim. Det gjer at det vert vanskelegare å legitimera kunst og litteratur, og sameleis nynorsken.

I økonomien legg ein vekt på konsumsuverenitet. Konsumenten avgjer gjennom sitt forbruk kva som skal verta tilbydd på marknaden. Men økonomane hev innført eit umgrep som dei kallar gagnlege gode. Desse godi knyter seg ikkje til konsumentsuverenitet, men til ei alternativ norm. Ein person vil ofte akseptera visse samfundsverdiar og kollektive preferansar, endå um dei ikkje fullt ut er hans eigne. Trass i at ein ikkje gjeng på museum, nyttar offentlege parkar, historiske kulturanlegg, teatre, opera eller nynorsk, godtek ein at sume andre gjer det og er med på betala for godi.

Nynorske kulturtildot tilliks med bokmålskulturprodukt vert rekna for gagnlege gode som vert verna for marknadskrefte. Det er fyrst og fremst eit gode for dei som hev valt og nyttar nynorsk. Me som nyttar nynorsk er viljuge til å betala ein heile del for å få dei hjelpe midlane og den litteraturen me ynskjer på nynorsk. Men er me viljuge til å betala so mykje som

krevst? Nei, utan statlege subsidiar, innkjøpskipnader og liknande vilde nynorsken ha stade munalegt veikare. Utan innkjøpsordningi vilde det vel knapt løna seg å gjeva ut storparten av den nynorske litteraturen. Utan statlege yverføringer til Det Norske Teatret, vilde teatret ha mått trappa ned drifti. Utan serstudnad frå staten måtte Dag og Tid ha lagt inn årane.

Me er avhengige av at staten gjer det billegast mogleg for oss å skaffa oss nynorske kulturgode for me idest ikkje i stor nok grad å innfri marknadslovene. Di fleire gode nynorskfolk og nynorskvener kann skaffa seg di

betre. Eit spørsmål er likevel kor langt kann me venta at me fær dekt vår etterspurnad til ein billig pris. Di større sprik det er millom tilbod og etterspurnad,di meir må tilbodi subsidierast. Men ein stad gjeng det ei grensa. Kor langt nedetter etterspurnadskorgi vil staten gå. Kor stort konsumentunderskot kann me nynorskbrukarar få frå dei som ikkje interesserar seg syndeleg for nynorsken,men som likevel ser verdet av det me driv på med. Kor mange av oss kann vanvyrda Dag og Tid med å ikkje tinga henne ? Og kor mykje kann me venta at me kann påverka avisar gjennom marknadskreftene ? Strømme Svendsen s. 109-

111

Ein ting er å leggja vekt på kunnskapar i nynorsken. Noko heilt anna er å leggja vekt på å få fram gleda ved å lesa og setja seg inn i litteratur på nynorsk. Eg trur at den beste litteraturen og dei beste ytringane/framföringane på nynorsk er umistelege samanlikna med kva for konkrete kunnskapar den einskilde hev um nynorsken. Ein kann vel knapt venta seg at nokon vil kunna læra seg nynorsk,utan at ein òg hev vorte sterkt fascinert av språket gjennom å lesa det eller høyra det i ulike samanhengar. Slik formidling av nynorsken vantar me i stor grad i den organiserte målrørsla. Difor vert me uppfatta som nokre einsynte personar som legg vekt på rettskrivingsspursmål og som viser til ålmennkunnskapar,jamstelling og språkval o.l. når me skal underbyggja sidemålsstilen.

Istadefor å nærma oss nye livsumråde og nye målgrupper på ein systematisk måte heng me oss upp i dei prinsipielle linone,og gjeng i stillingskrig for å forsvara posisjonane våre. Sume freistar å reisa ein prinsipiell kritikk av marknaden som pressar fram kommersielle tilbod og knyt seg opp til det store utlandet med USA i sentrum. Dei meiner at lokalsamfunni i distrikti stend for ei alternativ tilhøyrsla. Dei vil styrkja den lokale tilhøyrsla og peika på at ungdom sjølv kann velja kva for ei forankring dei skal ha til språkkulturen. Dei kann velja lokal forankring i språk og mentalitet. Det er viktig at dei vel å vera byrge av den staden dei kjem frå og av nynorsken,vert det peika på.

Dette kallar dei å vera mot måbyte frå bokmål til nynorsk,for ein dynamisk identitet og for å bryta med dei ungdomskulturelle ideali som råder i den amerikanske massekulturen. Det grunnleggjande samfundssynet attum ei slik tilnærming er at det er synd på nynorskbrukarane og at dei fortener medkjensla. Me må hjelpe dei mot det yvermektige bokmålsveldet og få dei til å forstå kor viktig det er for dei at dei held fast på nynorsken. Det er sterkt yverdrive, og kann fort føra til ein utbreidd svivyrndad for nynorskbrukarar flest som ikkje uppfyller dei kriteriumi som me legg til dei. Det er me som veit best, og skal føra kunnskapen ut til folket. Dette synet er ikkje representativt for heile målrørsla. Når ein ser burt frå dei mest navleskodande norskfagsgranskarane som meiner at rettskrivingskunnskapar er avgjerande for målrørsla,trur eg at dei fleste målbrukarane er rimelegt interesserte i å utvikla og spreida gleda yver nynorsken.

Eg trur det krevst eit anna samfundssyn for at ein skal kunna nå ut med den store og banebrytande sak som målsaki er for vårt nasjonale liv. Me må byggja målsynet og målarbeidet vårt på grunnleggjande tillit til einskildmennesket. Einskildmennesket må nørast til å få ein skyldnad, ei pliktkjensla, til å søkja etter dei kulturuttrykk som stend nynorsken og målrørsla nær. Dei må trenast til å verta nynorske konsumentar. Fyrst når folk vert vane med å setja seg inn i og arbeida med dei tunge litterære og kunstnariske arbeidi, vil dei etterspyrja nynorsken på nye felt i samfundet. Ingen kann starta på berr bakke.

Dei fremste maktsymboli til bokmålet vert ikkje utfordra av den målpolitiske verksemdi vår. Bokmålet hev ein utdana elite som ikkje kjenner gleda ved å lesa og arbeida med nynorsken,men som snarare ser det som eit privilegium å vera skeptiske til dei kvalitetane som nynorsken kann tilføra oss som kultursamfund. Dei vil helst freista å minka ned konsumentyverskotet til gagnlege gode mest mogleg. Dei ytringane som desse personane

kjem med um nynorsken vert banka inn i ryggmergen til nynorskbrukande skuleelevar i so stor grad at det er mest påfallande, og me greider ikkje å motverka det i serleg grad.

Både dei vaksne og skulelevane kjøper den agitasjonen som kjem frå dei upplyste bokmålsbrukarane i rik mun. Gjenomsnittsskuleleven som nyttar nynorsken, meiner at sidemålet er burtkasta, at me treng eit språk og at det er det same um det er bokmål eller nynorsk for dei, og dei hev eit mekanisk syn på kva det vil segja å tileigna seg nynorsken (gleda ved å lesa nynorsk er underordna).

Me gjer lite til å få fremja djuptgripande endringar på desse haldningane. Det me gjer i dag er å få elevane til å tenkja yver kvifor det er slik, og kanskje få nokre av dei til å endra oppfatning. Trass i poenget med bokmålsveldet vil dei mest leseglaide sjå bokmålet som den einaste vegen til språkgleda og språkleg utfalding. Dei språklege ideali vil dei finna i den massekulturen som er enklast å tolka i filmar og i radio og fjernsynsprogram. Tilnærmingi til nynorsken vert kunstig næringstilførsla gjennom skulen.

Det fell knapt den gjennomsnittlege nynorskeleven inn å etterspyrja nynorske bøker eller kulturtildøanna enn det som fylgjer som ei sjølvfylgja av skulen eller lokalmiljøet. Dimed hev me ikkje utvikla eit ålmålt upplyst publikum som me kann venda oss til med målpolitisk agitasjon. Me hev snarare eit publikum som bøygjer av når dei møter sterkt nok motstand frå bokmålseliten.

Kva er det so for alternativ eg ser fyre meg? Kva me å setja i gong tevlingar um kven som les mest nynorske bøker, slike tevlingar hev fenge åtgaum i andre høve? Det må gjerast noko for å få ungdom til å kjøpa nynorsk musikk, teikneseriar o.l. Det må ikkje vera noko produkt som ligg fyre på nynorsk som ikkje vert utseld og spreidd. Men først av alt må leidande kulturpersonlegdomar innanfor nynorsksverdi fremja leselyst. Og dei må syna fram at bokmålet vert subsidiert i langt sterkare grad enn nynorsken. Dei nynorske kulturpersonlegdomane er for lite flinke eller kjem for därleg fram med kor lite pengar som eigenleg vert gjeve til nynorsken som vederlag for konsumetunderskot samanlikna med alt det som gjeng med til bokmålet. Når bokmålet får midlar som eit konsumetunderskot er det avdi ein skal fremja norsk språkkultur. Når nynorsk får det vert det hevda at det til å stydja upp um nynorskens posisjon i vårt kulturliv. Motivasjonen for å stydja upp um nynorsken vert sett på som eit vedheng til norsk språkkultur. Det veikjer evna vår til å nå ut til og kveikja nynorskbrukarar og å vinna nye nynorskbrukarar. Det er ikkje like viktig og like interessant å studera nynorsken. Det vert stødt framstelt som problematisk med nynorsken. Det vart til dømes sagt um Vesaas at han skreiv eit gamaldags nynorsk. Kven vilde ha sagt noko sånt um Bjørneboe? Dette er språkmobbing.

Me kann ikkje godtaka at nynorsken er eit vedheng. Me må fremja endring det er eit livsvilkår i eit moderne samfund.

Lars Bjarne Marøy

Tuftekall for 9 september 1999

Tuftekallen hev tenkt mykje på kunst den seinare tidi. Det er so ovlegt mykje imponerande å finna av slikt kringum i landet. Eg hev vore på museum, og eg hev lese i bøker. Sumt av det ein kann sjå er berre heilt imponerande. Store biletvevar, målarstykkje tusundårgamle statuar og anna.

Her i sumar var det ein universitetsrektor som meinte at dei historiske museumi skulde gjeva slepp på dei samlingane dei hadde, og tilbakeføra kunsten til dei stadene der kunsten kom frå. Det var ikkje rett å samla kunst frå ymse delar av landet på ein stad. Kunsten skulde koma til sin rett på kvar einskilt stad.

Det tykte eg høyrdest rart ut. Eg hev gjenge på historisk museum både i Oslo og i Bergen, og dei samlingane som er der er storfelde. Ein kann verta radt ovandoten yver kyrkjekunsti på Bergens Museum, og alle dei rosemåla kistone. Museumsfolki var no òg raskt ute og markera at det vilde vera merkeleg å driva tilbakeføring

av kunsti. Mange av dei objekti som er utstelte er ikkje råd å heimfesta til nokon serleg stad, og då kjem ein ikkje langt.

Nei, det er noko med å få samla kunst og kulturupplevelingar på ein stad. Kva so med språket ? Kann ein greida å samla ei nasjonal språkform på ein einskild stad. Nei, her er det slik at Aasen-målet hev vorte forlate og attendeført mest til kvar einskilt stad i landet. Kravet um talemålsnærleik hev vore sterkt.

Men nett som med kunsti er det vel med språket. Di lengre tid som gjeng di meir verdfullt vert det å sjå språket samla. Aasen-målet stend for det samlande. Når ein heimfører Aasen-målet til einskildstader i landet, er det ikkje godt å vita korleis dei skal greida å taka seg av det og formidla det. I vore internett-tider skulde det dimeir vera uturvande med slike heimföringar. Ungdomen kann sjå samanhengane på internett. Og det er det som skjer for oss vestmenn. Me vinn oss nye sympatisørar på nettet. Her kann me syna fram heilskapen i målet og målsynet vårt. Me hev mest uavgrensa plass.

So segjer sume at me vil ha eit museumsmål. Ja, er internett noko museum so gjerne for meg. Det er det beste museumet ein kann koma yver i so tilfelle. Dei som vil spreida skrift og skriftstykke dei hev eit sers tenleg medium i so måte. Og det er levande folk som finn fram til oss, og som tek målet i bruk i kvardagen.

Det pardoksale i all spreiding av kunst og kultur er vel at dei nye mediumi for massespreiding hev både spreidt ut storfelde upplevelingar og skapa nye og sterkt forenkla uttrykk. Engelsken og slangen kring dattateknologien et um seg på same tid som høgnorsken vert tilgjengeleg for heile verdi. Kor som er vil Vestmannalaget og høgnorskrorsla skapa seg eit større og større publikum, og det vil i seg sjølv auka verdien av arbeidet vår.

Lars Bjarne Marøy

Innleiing

I dei 5-10 siste åri har det vakse fram eit ålment ordskifte om nasjonsideologi. Interessa har vorte sterk m.a p.g.a av ei aukande internasjonalisering knytt til innføring av video, kanalfjernsyn og andre teknologiske nyvinningar. Ordskiftet om nasjonsideologien er dessutan påverka av at den norske staten har ynskt å integrera innvandrarar frå ymse kulturar i det norske samfunnet. Ordskiftet om ein nasjonal ideologi og identitet er likevel noko som har stått sentralt lenge. Det er tradisjonelt knytt til at Noreg er ein ung nasjon. Etter 1814 var Noreg inne i ein periode då det var viktig å forsvara og utvikla tanken om ein særmerkt norsk nasjonalstat. Arbeidet med å byggja opp og forsvara ein nasjonalstat vert ofte kalla nasjonsbygging. I Noreg vart store åndelige og kulturelle resursar mobiliserte i ein nasjonsbyggingsprosess. Ein del av den norske nasjonsbyggingi er knytt til den norske litteraturen og den norske litteraturhistoria. Fram til 1814 var den danske og den norske litteraturen samanvovne i ein felleslitteratur. Fellesskapen mellom den danske og den norske litteraturen slitna ikkje med unionsbrotet i 1814. I denne oppgåva vil eg taka utgangspunkt i boki Laserne - med undertittel : Studier I Den Dansk-Norske Felleslitteratur Etter 1814 - som vart gjevi ut i Bergen i år med Sigurd Aa. Aarnes som redaktør.

Utrå oppgåveordlyden er det naturleg å festa seg ved to omgrep. Det eine er felleslitteraturen; det andre er det nasjonale og det spesifikt norske. 'Felleslitteratur' rommar tanken om at norsk og dansk litteratur stod fram som ein litteratur. Denne litteraturen kunne ikkje skiljast i to, utan at det då ville oppstå kunstige litteraturperspektiv. Skal me definera felleslitteraturen meir presist, kan me seia at han særmerkte seg m.a ved at Noreg og Danmark hadde eit felles skriftspråk både før og etter 1814. Norske og danske forfattarar kunne soleis fritt henta idear og ideal frå kvarandre utan omsyn til landegrensone, for det var ikkje trong til å omsetja litteraturen (med unntak for Garborg og landsmålslitteraturen). Bokene til mange norske forfattarar vart utgjevne på danske forlag (med viktige unntak for Wergeland og Welhaven).

Det 'nasjonale' og det 'spesifikt norske' kan tykkjast vanskelegare å forkåra. Eg vel å sjå på det 'nasjonale' som det som formar ein nasjonal identitet i litteraturen i møte med ålmennmenneskeleg kunnskap og innsikt. Den ålmennmenneskelege kunnskapen og innsikti i litteraturen vert formidla gjennom verds litteraturen og vidare til den nasjonale litteraturen via omsetjingar. Dersom ein skal kunna forma ein nasjonal identitet gjennom litteraturen, må det liggja føre ei rad føresetnader for det. Hovudføresetnaden for at det skulle kunna utvikla seg ein særnorsk litterær identitet, var det statsrettslege brotet med unionspartnaren, Danmark. Andre viktige føresetnader for oppbygging av ein norsk litteratur kan setjast i samband med at me fekk eit universitet, og at det utvikla seg ein forfattargenerasjon som var bufast i Noreg. Det var òg viktig å utvikla ein norsk litteraturkritikk.

Dryfting

Eit sentralt spørsmål i denne oppgåva vil vera : I kva samanhengar etter 1814 interesserte ein seg særleg for ein særnorsk litteratur ? Når eg skal svara på dette spørsmålet, vil eg taka utgangspunkt i ein hypotese som gjeng utfrå at det felleslitterære aspektet ved norsk litteratur

var langt sterkare mellom 1814 og 1905 enn det den nasjonale litteraturhistoria i vårt hundreår har gjevi inntrykk av. Bjørnsons bondeforteljingar har vorte trekte fram som særleg viktige kjennemerke på det særnorske.Det er like fullt ei kjensgjerning at av dei 1000 eksemplari som fyrsteutgåva av Synnøve Solbakken kom i (1857) ,vart 600 eksemplar selde i Danmark.Synnøve Solbakken kom seinare frå (1858-1869) ut i 5 opplag i København (Laserne,s. 149).Me kan slå fast at "ofte mer enn halvparten av et opplag ble solgt i Danmark",skriv Sigurd Aa. Aarnes i Laserne sida 150.Trass i at Bjørnson vart oppfatta som ein talsmann for det nasjonale og det spesifikt norske,må han òg ha hatt andre eigenskapar som eit dansk publikum har sett pris på.Det er naturleg å peika på bindeleddet mellom Bjørnson,Grundtvig og folkehøgskulen.Grundtvigs tankar om folkeopplysing kunne lett knytast til det miljøet som Bjørnson skildrar i Synnøve Solbakken.Særleg lett å identifisera Grundtvigs tankar er det vel i forteljingi om Øyvind Plassen.Øyvind er husmannsguten som kjem på landbrukskule,og som vinn seg ein høgare samfunnsposisjon på grunn av dei kunnskapane han har tileigna seg der.Den danske kritikaren Rosenberg,som var samtidig med Bjørnson,peikar òg særleg på dei danske folkehøgskulane som eit bruhovud når det galdt å spreia Bjørnsons diktning (Laserne,s. 151).Når bondeforteljingane er vorte oppfatta som særnorske kan det ha samband med tilhøve i samtid.Den norske bondeopposisjonen var i ferd med å verta ei mektig gruppering i stortinget på den tidi då Bjørnson skrev bondeforteljingane.Dessutan er det naturleg å visa til at den norske overklassa ofte nyttar bøndene som tilvising og rettesnor for kva som skulle reknast som nasjonalt.Bøndene og ålmugen generelt måtte vera i stand til å taka til seg ålmenne kunnskapar og innsikter før ein kunne byrja å snakka om ein norsk nasjonal identitet.Bjørnson lèt bøndene få koma til orde gjennom bondeforteljingane,og det skapte,slik mange har sett det,ein særnorsk profil.At danskane kunne ha andre tilhærmingsmåtar til Bjørnsons diktning,kan gjera det aktuelt å sjå Bjørnson som ein del av felleslitteraturen.

Dansken Flemming Conrad har leita etter omgrepene norsk litteratur etter 1814 i " den lærde skole og gymnasiet" i Danmark.Det er først i 1906 at det kjem eit påbod om undervisingi i den danske skulen som slær eintydig fast at prøvor av den norske litteraturen etter 1814 skal lesast (jf.s.82).Conrad klårgjer like fullt at det rett nok berre i visse samanhengar kan snakkast om ei heilt ut integrert framstelling,der det ikkje er skilnad mellom ein presentasjonen av norsk og dansk litteratur.Det er særleg i 1860-åri at skilnaden er liten.Det er grunn til å merka seg utviklingi nellom 1860-åri og 1906.Det er i denne perioden at norsk litteratur og dei institusjonane som er knytt til ei litterær ålmenta i Noreg,tek form.Universitetet i Christiania byrjar å få fram dugande forskrarar.Ibsens drama vert spelte over store delar av verdi,og Bjørnson får nobelprisen i litteratur.Dei fyrste tidsskrifti for litteratur tek òg til å koma ut,t.d Samtiden,Kirke og Kultur og Syn og Segn m.fl.Det er,trass i denne nasjonale utviklingi,grunn til å understreka at bandi til kulturfellesskapen med Danmark var sterke.Amalie Skram ville omtala som dansk forfattar.Ibsen og Bjørnson såg verdiar i den nære kulturfellesskapen med Danmark.Det var kanskje dei økonomiske interessone som dreiv dei,men me må vel òg tru at dei såg kunstnarlege føremonar ved at bøkene deira nådde eit vidt publikum.Gruntvig,Kierkegaard og Georg Brandes var tre leiande påverknadskjeldor for norsk litteratur.Det er vel òg grunn til å nemna den danske forfattaren H.C. Andersen som ein representant for ein særleg kvalitet ved den dansknorske felleslitteraturen.Eventyri hans har truleg hatt like vid nedfallskrins i Noreg som i Danmark.Eg har lagt hovudvekti i argumentasjonen kring hypotesen min : Om at felleslitteraturen har hatt meir å seia enn det det har vore vanleg å hevda,på å stadfesta hypotesen.Men eg har freista å nyansera argumentasjonen noko.Det er ikkje plass til omfattande motargument i denne oppgåva,men eg skal skissera eit par nokso kort.Norske litteraturforskrarar,innanfor faget nordisk,lèt til å vera samde om at det særmerkt norske i litteraturen ovra seg m.a i skildringar av norsk natur.Den norske naturen har liten eller ingen overføringsverknad til felleslitteraturen.Norske folkelivsskildringar er òg vorte framtona i samband med norsk litteratur.Etter kvart som den norske litteraturen kjem meir på avstand frå den danske,vert det jamt vanskelegare for danskane å finna grunnlag for eit felleslitterært samkvem.Etter at dei to rettskrivningsreformene i riksmalet vert gjennomført i 1907 og 1917,fell den språklege fellesskapen vekk,og den norske litteraturen vert mindre tilgjengeleg for danske lesarar.

Avslutning

I

innleiingi spurde me i kva samanhengar ein interesserte seg for ein særnorsk litteratur.Eg har peika på to samanhengar.Ein samanheng kan knytast til å skapa ein særnorsk identitet,ikkje minst ved hjelp av bøndene og ålmugen.Den andre samanhengen er knytt til eit dansk perspektiv.Danskane hadde utvikla ei litterær ålmenta som dei norske forfattarane drog store vekslar på.Det opna seg felleslitterære aspekt gjennom at den norske litteraturen vart framført for eit dansk publikum,slik eg viste med Bjørnsons Synnøve Solbakken.Når det gjeld bondeforteljingane,endå om dei kan sjåast i eit tydelegt felleslitterært ljós,er det interessant,at dei hadde mykje å seia når det galdt å fremja nasjonal danning og nasjonalt samhald i Noreg.Ein slik verknad kunne ikkje bondeforteljingane få i Danmark.Eg vil likefullt seia at felleslitteraturen hadde stor innverknad på norsk litteratur, i alle fall fram til 1905.Det finst ikkje noko grunnlag til å hevda at det voksnokon eintydig norsk litteratur i tidi før 1905.Svært mange litterære ytringar som norske forfattarar målbar,må ha vore tvitydige ; difor hadde norsk litteratur m.a ei særstilling i den danske skulen.

Heilt til slutt kan eg ha hug til å nemna det ålmenne ordskiftet som gjeng føre seg omkring nasjonen og nasjonsideologi.Gjennom denne oppgåva skulle det gå fram at det kan reisast tvil ved sentrale delar av den norske nasjonsbyggingstradisjonen i litteraturhistoria.Det burde kanskje verta lagt større vekt på felleslitterære perspektiv i

norsk litteraturhistorie. Dersom litteraturhistoria opna opp for felleslitterære perspektiv på denne perioden, ville me få fram at dansk litteratur og danske kulturpersonlegdomar også har ytt sitt til å byggja opp ein norsk litteratur og ein norsk identitet.

Eg vil hevda at målrørsla kann læra mykje av kunst. I eit moderne samfund er tilhøvet millom den indre subjektive verdi hjå einskildmennesket og den ytre sosiale verdi spalta. Me spelar rollor når me tek del i millommenneskelege relasjonar. Pedagogen Erling Lars Dale slær fast at: "Oppdragelse i det moderne tilsier at det i psykens indre opprettes en subjektiv distanse mellom jeg`ets frie handlinger og sosiale rollespill". Ein kann ikkje uppnå ein heilskap millom den måten ein syner seg fram på offentleg og den måten ein danar sitt eige sjølvbilete.

Gjenom å stå fram offentleg og presentera kunstnarleg ytringar skapar ein grunnlag for å utvikla subjektive og personlege oppfatningar um kunsten og um andre ting. Ein utvidar evna til å tolka andre sosiale relasjonar og annan innsikt. Det moderne samfundet gjer det mogleg å få sosiale rollor til å stå fram som det dei er. Dei er framföring av kodifisert kulturell åtferd. Me lærer å gjera oss ein avstand til dei sosiale rollone. Ein spelar ut det psykiske på den yverflata der det sosiale livet gjeng fyre seg. Gjenom upplæring på formelt vis kann ein verta medvitne um skilnaden millom det sosiale livet og den indre subjektive identiteten. Ein lærer seg til å plukka ut det som er sosialt akseptabelt eller sosialt relevant. Det som hører til god skikk og bruk og det som ikkje gjer det. På denne måten startar ein sjølvkonstruksjon.

Språk er viktig i denne prosessen. Ein kann skapa strukturar for utfalding og endring av sjølvet. Språket er ein formidlingsinstans millom det sosiale og det subjektive. Spåket umset objektiv røyndom til internalisert subjektiv røyndom og umvendt. Språket gjev høve til å objektivera nye upplevelingar slik at dei bert røynslor. Språket gjer det mogleg å føra dei inn i eksisterande kunnskapslagre. Personleg røynsla vert tilgjengeleg for refleksjon i form av typifiserte upplevelingar. På den måten bygger språket semantiske tydingssonor som er i rørsla. Via språket evnar ein å klårgjera subjektivitetet slik at dynamikken i det sosiale ikkje fell attende på lausrvne upplevelingsfragment.

Å øva upp språkevna er ei uppföringsuppgåva. Og ein del av denne uppgåva er upplæring i estetisk praksis, kritikk og røynslor. Målet må vera å auka fram menneskekunnen vår. Gjenom estetisk kritikk og ved å møta kunstverk kann me verta medvitne um stileigenskapar og estetiske uttrykk som ein del av sjølvframstellingi. Og eit sentralt spørsmål vil vera um aktørane i ein film, ein roman, eit drama, eit malarstykke, ein dans e.l. yrar og gjev til kjenne dei upplevelingane dei hev. Henta med umarbeiding frå Erling Lars Dale, Kunnskapens tre og kunstens skjønnhet.s.179-183

I stadenfor å konfrontera oss med våre eigne motsetnader millom subjektivitet og sosiale rollor kann me nærma oss problematikken i kunsten. Dei gjev oss høve til å slappa av frå dei konfrontasjonane som det uvilkårleg vil verta millom sjølvet vårt og dei rollone me spelar i mangfaldige sosiale samanhengar. Det er her kunsten hev ein funksjon i eit moderne samfund.

Kva so med nynorsken? Korleis kjem nynorsken inn i tilhøvet millom subjektivitet og sosial samhandling. Eg meiner at det viktigaste ein kann gjera er å gjeva folk sterke og varande inntrykk korleis språket fungerar i sosiale samanhengar. Di sterke inntrykk ein kann få, di meir vil ein måta arbeida subjektivt med dei haldningane og oppfatningane ein hev til nynorsken. Det er gjennom sosial samhandling at ein danar seg fordomar um nynorsken og um språklege tilhøve i det heile.

Korleis gjeng so fram? Den organiserte målrørsla kann ikkje alltid i like stor grad gjeva til beste kunstnarleg ytringar som vil gjeva ein varande verknad på folk. Det me derimot kann gjera er å leggja til rette for at dei upplevelingane som folk hev vert opna for medvitnen gjenomtenkjing. Gjenom å visa korleis språklege val gjeng fyre seg og korleis språkleg makt vert uttrykt på ein stilisert måte, kann me få fram målpolitiske poeng.

Dei færreste til gå gjennom ein mødesam refleksjonsprosess der dei må igjenom sitt eige tilhøve millom subjektiv identitet og språkleg samhandling. Folk vil ikkje konfronterast for personleg med at dei gjer språklege val som å skifta frå nynorsk til bokmål. Eg meiner ikkje med dette at ein ikkje skal konfrontera dei med det. Det er i alle høgaste grad eit offentleg spørsmål, og offentleg spørsmål skal debaterast

anten ein likar det eller ikkje. Det ligg som ei drivkraft attum demokratiet. Det ein derimot ikkje kann gardera seg mot er at ei politisering åleine verkar negativt.

Ein ytre konfrontasjon med nokon som folk ikkje kann få distansert seg til gjennom kunstnarlege eller distanserte framstillingar, kann lett føra til at avsendarane me i målrørsla, vert tillagde andre motiv enn dei med i røyndi hev. I stadenfor å verta knytt til

idealistiske motiv og ynskjemål um språkleg sjølvstende og sjølvstendig identitet kann målfolk fort verta knytte til noko marginalt, irrelevant og moralistisk. Dette er noko som vert signalisert gjennom at so mange kunstnarar og kulturpersonlegdomar utanfor mållaget er skeptiske til mållaget. Dei kjenner ikkje mållaget som noko sakssvarande for det dei arbeider med.

Det gjer at ein må revidera det som vert tillagt vekt i målrørsla. Me må tenkja gjennom um den navleskodande interessa for å驱ra rettskrivingsstudium og målrørslegranskingar gjev oss høve til å fange den moderne identitetsdanningi. Og me må vera kritiske til oss sjølve når me kritisar den amerikanske massekulturen. Dersom folk finn fram til filmar som gjev dei høve til å utvikla kunnskapsproduksjon i spennet millom sosiale relasjoner på film og samhandling med andre kring filmane og danar seg subjektive fyrestellingar som er viktige for deim i denne konfrontasjonen, vil det vera eit sjølvskot for organiserte målfolk å koma med eit tilbod som verkar totalt avvisande til denne identitetsdanningi. Det fører ikkje berre til at me ikkje når fram. Det fører med seg at me vert sett på med skeptiske og vaktsame augo.

Um me ikkje er i stand til å tematisera og nytta nynorsk kunst og litteratur som eit produktivt element i målpolitisk verksemd kjem me ikkje til å nå fram med tyngd i målarbeidet. Det var kunsten og dei kunstnarlege ytringane som stod i fremste rekka då den norske nasjonen vart bygd og nynorske kunstnarar og kulturpersonlegdomar stod i fremste rekka i dette arbeidet.

Det var det som skapte framgangen for målrørsla. Gjennom sjellaus propaganda hev målrørsla litt gjennomslagskraft. Og dersom me itillegg avviser den massekulturelle framvoksteren avviser me det som finst att av identitetsskapande ytringar.

Målrørsla vert fyrst målpolitisk gjennom at me byggjer upp ein medviten dramaturgi millom den sosiale konteksten me ynskjer å skapa og setja målrørsla inn i og den refleksjonen me ynskjer å opna upp for at einskildmenneske kann ha. Me kann ikkje styre den subjektive refleksjonen til einskildmenneske, men me kann leggja til rette for at det i det heile kann gå fyre seg ein subjektiv refleksjon. Eg ser fyre meg ein refleksjon yver den nynorske kunst- og litteraturverdi. Kann me skapa ein refleksjon yver denne vil det vera ein spire til målpolitiske gjennomslag.

Lars Bjarne Marøy

I 1991 og 1992 hadde Bergens Riksmålsforening og Det Norske Akedemi for Sprog og litteratur two seminar um standardmål og dialektar.Dei fyredragi som vart halde vart prenta i ei bok som Vestmannen ikkje hev havt høve til å kommentera fyrr no.

Seminariet i 1991 umfatta 6 ulike

språk.Innbedne fagfilologar innanfor dansk,engelsk,tysk,fransk,polsk og russisk tok del i seminaret.Dessutan heldt Dagfinn Føllesdal eit fyredrag der han filosofera umkring Språknormering og standardspråk.Alle fyredragi hev usedvanleg høg fagkvalitet.Den raude tråden i fyredragi må segjast å vera å underbyggja at standardtalemålet stend sterkt innanfor dei einskilde språksamfundi.Men det vert ikkje dulgt at det finst fleire språkvariantar innanfor dei ulike språki.Kvar språk hev si soga og sine karakteristikka.Engelsk og fransk er kolonispråk som vert snakka mange stader i verdi.Dersom ein gjer endringar i slike språk,kann det få store fylgjar.Det tyske språksamfundet umfattar two andre Europeiske land,nemleg Sveits og Austerrike.I Sveits hev ein opna upp for ein dialektisk variant av tysk,medan det tyske standardmålet tykkjест å stå seg godt i Tyskland.

Russland

hev havt sterk påverknad frå andre språk både i millomalderen og på 1800-talet.I millomalderen hadde innverknaden frå kyrjeslavisk mykje å segja.På 1800-talet var det franske målet eit leidande mål innanfor tonegjevande krinsar i Russland.Det polske målet er serprega av at dialektane stort sett vert sette til sides.Standardmålet hev ei sterk stoda.Det danske målet hev vorte svært einkyndt i nyare tid.Det er nesten berre regionalmål som stend att,medan dialektane langt på veg er utdøydde.Dansken skil mykje millom tale og skrift.Den danske talen samsvarar lite med dansk ortografi,difor er det vanskelegt å forstå danskane,utan å setja seg inn i måten dei uttalar ordi på.

Helge Nordahl som heldt fyredrag um det franske målet kjem inn på rettskrivingsendringar.Han nemner at franksmennene hissar seg svært upp når det vert snakk um å endra rettskrivingar.Ei rettskrivingsendring,som kjem frå offisielt hald,kann aldri rekna med å verta godteke,med mindre ho kallar seg tilråding,og sjølv då kann det verta vanskelegt nok.I Frankrike kann ein føra årelange ordskifte um ortografiske skrivebrigde som vilde vera heilt kurante i Noreg.Mange hev hevda at kritikken mot samnorskpolitikken hev vore yverdramatisera,men i Frankrike hev ein slege endå meir på stortromma for minimale rettskrivingsbrigde (sida 93).Det er eit tankevekkjande motiv å taka med seg inn i det norske målordskiftet,meiner artikkelforfattaren.

Forfattaren av den same artikkelen hev ein annan tankekross å føra til torgs (sida 96).Han peikar på det norske ordskiftet der det vert sett opp ein motsetnad millom umgrepssparet dynamisk og statisk.Dei som vil endra språket i samnorsk leid peikar på at språket utviklar seg og at språket skal vera dynamisk.Det statiske elementet i språket vert sett på som noko negativt.Men det er vel heller slik at språket er konstant.Det berande systemet i språket vert førd vidare,og må førast vidare,dersom språket skal haldast uppe som eit tenlegt kommunikasjonssystem.

På det andre seminaret stod den norske målstoda i fokus.Me fær ein målsogegjenomgang.Dei andre

fyledragi rettar seg grovt sett inn mot tilhøvet millom normalmål og dialekt.Diskusjonane etter kvart fyredrag er attgjevne,og dei vert svært umfattande og engasjerte under dette seminaret.Serleg upplysande er Tor Guttus artikkkel um :"Bestemmelser om bruk av standardsprog og dialekt i det offentlege".Han femnar um eit vidt spekter av målpolitiske problemfelt,og gjev oss eit mangslunge bilet av tilhøvet millom normalmål og dialekt i norsk målstoda.

Men sjølv um dette er ei lærerik bok å lesa,er det mange provoserande påstandar i boki.Forfattarane tek ikkje alltid nok umsyn til den innfløkte målstoda.Finn Erik Vinje hevdar t.d. at det målet som ikkje vert godteke i Oslo med umland hev små sjansar for å verta eit sams riksmål (sida 219).Ein slik påstand kann lett snuast på hovudet : Det målet som ikkje vert godteke i resten av landet,hev òg små sjansar for å verta eit sams riksmål.Det er dessutan eit interessant poeng at det er sjølve austlandsmålet som folk freistar å etterlikna i resten av landet,ikkje den norske talemålsnormi.At den norske talemålsnormi hev høg prestisje er noko anna.Det er t.d. uakseptabelt for dei fleste utanfor austlansumrådet å lesa norskekanken med austlandsk stavingstone/talemelodi,med mindre ein ynskjer å imitera ein austlandsk lesemåte.

Lars Bjarne Marøy

Standardspråk og dialekt utgjevi i 1993.276 sidor.

LÆRERIKT SEMINAR FOR KULTURBERARAR

23 og 24 september 1995 var Hordaland Folkeakademi samla til årsmøte og seminar i Ulvik.Seminaret vart innleidd med kveding og song av to unge gjentor.Deretter helsa formannen i Folkeakademiet Berit W.Eldøy velkommen.Fyrste talar var Ole Didrik Lærum som er rektor ved Universitetet i Bergen.45 prosent av ungdomskulli tek høgare utdanning i dag.Ved inngangen til 1990-talet var det ein ovstor vokster.Denne voksteren skjer i ei tid då kunnskapsformidling berre vert viktigare.Kunnskapar vert fort avaldra.Mange arbeidstakarar treng etterutdaning.Grensone millom fagutdaning og teoretisk uppskuling vert lite sentrale.Fjernundervisningssektoren veks og er eit gangleg tilbod for mange.

Universitetet skal syta for at alle aldersgrupper får tilgang til den forskingi som vert gjort.Alt frå born til gamle.Me upplever jamt oftare at det kjem opp situasjonar der det er ein bråsnøgg trøng for fagkunnskap.Fleire gonger hev eg vorte upprindg av bladfykar midt på natti.Dei hev spurt meg um kven som hev greida på eit eller anna slags emne.I bråe/akutte krisetilfelle i samfundet kann det vera avgjerande at rett kunnskap når fram i tide,slik at folk får hjelp til å fara rett åt.

Universitetet byter ut/gjev frå seg kunnskap til høgskular,media,juristar og domstolar,lag og samskipnader og til politikarar.Det er mange måtar universitetet kann nå ut på.Me kann gå beinveges gjennom upplysningstenestor.Me kann tilby fyredragshaldarar som held lettskynelege fyredrag.Me kann yta ekspertilhjelp.Me kann driva formidling av ting og objekt ved samlingane våre på ymse museum m.m..Me kann tilby bibliotek- og dataformidling.Me er med på å formidla kunnskapar gjennom samskipnader som Kreftlaget (kreftforeningen).Me er òg med i offentleg styring.

Etter fyredraget fekk Lærum nokre spørsmål.Han vart spurd um kvifor syslane millom studentane hev lege ned i dei siste åri.Lærum meinte at dei leidande politiske kreftene i kringværet ved universitetet hadde hatt stor makt på 1970-talet.Då desse kreftene trekte seg ut vart det ikkje noko framhald i arbeidet lenger.Heldigvis ser det ut til at studentaktivitetane blømer fram att,slutta Lærum av.

Det kom upp spørsmål um det vert bruk for studentane på arbeidsmarknaden i framtidi.Det offentlege umkvervet er ikkje i stand til å taka av for alle som utdanar seg,og mange yrkesgrupper som tidlegare ikkje hev arbeidt i næringslivet,må trulegt inn i næringslivet i framtidi.Korleis vurderar universitetet dette i eit stort perspektiv ? Informasjonsdirektør ved universitetet Arne Abrahamsen skulde halda neste fyredrag,men vilde gjerne svara på dette spørsmålet.

Eg vil svara trileda sa Abrahamsen.Fyrst freistar me å få næringslivet til å sjå seg tente med å tilsetja ekspertar

innanfor utradisjonelle fag i næringslivssamanheng. Det er ikkje lett å få næringslivet til å vinna åhug for utradisjonelle fag. Leidingi er prega av tekniske og økonomiske fag, og dei er ofte uhuga på å taka inn folk med annan fagbakgrunn. For det andre freistar me å marknadsföra studentane med å upplysa um kva slags kunnskapar dei hev. For det tridje freistar med å hjelpe studentane med å marknadsföra seg sjølve. Me gjev dei tilbod um å koma med i grupper som driv aktiv kontakt med private fyretak for å få arbeid.

Neste fyredragshaldar var Arne Abrahamsen. Abrahamsen kom med råd og vink for korleis lagt innanfor Hordaland Folkeakademi kann nå ut med tiltaki sine i media. Det viktige for universitetet som arbeider med media kvar dag heile året rundt er for det fyrste å finna fram til noko nytt som media kann bruka. For det andre er det å peika på ei målgruppa. Universitetet vil alltid nå ut med ei god sak, slo Abrahamsen fast. Det er klokt å arbeida lenge med å planleggja utspel i media. I eit tilfelle Abrahamsen viste til kontakta universitetet dagsrevyen fleire vikor fyrr universitetet vilde ha henne ut. Dagsrevyen fekk høve til å arbeida med saki og den siste vika fekk dei frie hender til å laga utspytingar m.m. Same dagen som utspelet skulde koma på dagsrevyen sette me VG på saki, og fortalde dei um uppslaget som skulde koma i dagsrevyen. Me gav dei ein rapport, og sa at dei fekk denne saki som ei eksklusiv sak for deira avis. Um laurdagen fekk me gode uppslag i dei store dagsavisene, og sundagen fekk me nye uppslag.

Når ein vil ut med ei sak kann det vera tenlegt å spela på ei rad tilleggsverdiar med saki. Kann ein knyta saki til eit pågåande ordskifte? Ein må leggja til rette for at bladfyken fær minst mogleg arbeid med saki. Ein må kunna tenkja seg til foto-objekt som kann gjeva saki blikkfang. Det er betre å leggja fram fleire saker for ein bladfyk og segja at desse sakene vil me spela på i tidi som kjem enn å senda ut pressemeldingar um kvar einskild sak.

Fyredraget til Abrahamsen munna ut i eit godt ordskifte. Fleire av dei frammøtte hadde personlege røynslor i arbeidet med å vinna fram i pressa.

Etter fyredraget var det val. Alle framleggi på val og attval gjekk igjenom utan eit einaste motlegg. Årsmeldingi gjekk også igjenom heilt knirkefritt.

Sundag heldt fyrstekonsulent i Hordaland fylkeskommune Espen Selvik eit fyredrag um framlegg til kulturplan for Hordaland 1996-2001. Berit W. Eldøy innleidde med å reisa spørsmålsstellingi: Kvifor må all menneskeleg aktivitet og passivitet kallast kultur. Selvik innleidde med å visa til at sidone um samfunnsvoksteren og dei samtidsanalysane som planen legg upp til, er meir viktige enn dei økonomiske prioriteringane som planen kjem med. Mange av dei tiltaki som er uppsette kann visa seg å vera heilt urealistiske når dei skal gjennomførast.

Selvik peika på at alt kulturarbeid m.m. skal underbyggjast i eit høgt tempo. Det er mange som vil ha skrivarstova og teknisk utstyr, utan at dei hev bruk for det eller treng å koma til oss for å få det. Det er lett å gjennomskoda moteord som strategi og kvalitetsutvikling når dei vert nytta tendensiøst. Det er òg lett å oppdaga tillaga og kunstig bruk av statistikk og tal. Selvik meinte at det er skilnad på å ha eit festnivå på kulturlivet og å ha eit godt nivå. Mange meiner at dei må auka aktivitetstilboden og løvringane til det dei driv på med kvart einaste år. Men det er viktig å slå fast ein kvalitetsgrad der tilboden fungerar godt på det jamne. Det er det jamne som tel, ikkje feståri, endå um det kann verka slik i økonomiske uppgangstider. Noregs Skiforbund er eit godt døme på eit lag der det hev vakse fram eit usundt festlynde.

Når me i kulturavdelingi set ymse kulturtiltak upp mot kvarandre, legg me vekt på at tiltaki skal vera eit korrektiv til samfundet, at dei skal byggja på yverføring av identitet og soga og at dei skal vera underhaldande. Dessutan vil me fremja menneskeleg og millomfolkeleg hopehav. Det er meir verdefullt å organisera seg på nytt enn å bruka pengar på dyrt utstyr.

Det var mange innslag med song og diktlesing under seminaret. Årsmøtet tok ved ei fråsegn til Kulturdepartementet. Fråsegni retta seg mot samskipnader som "Hvit Valgallianse". Ei setning lydde soleis: Sterke nasjonalistiske og naziprega haldningar der visse grupper spelar på redsle og motvilje mot framande, har ovveraska og sjokkert oss." Vestlandske Mållag gjorde her framlegg um å endra uttrykket nasjonalistiske til eit umgrep som var meir negativt lada. Mange målfolk ynskjer å nytta det nasjonale som ei formidlings- og ei forståingsråma når det er snakk om å integrera innvandrarar i det norske samfundet. Me må ikkje yverlata nasjonale symbol til nasjonal-sosialistiske grupperingar. I sume land kann nasjonal-sosialistar gå i tog og spela på nasjonale symbol som flagg og anna. Det ynskjer me ikkje i Noreg. Dette endringsframleggget vann fram. Uttrykket vart endra til rasistiske.

Lars Bjarne Marøy

Spåråkrådsseminar i 1995

17 november 1995 skipa språkrådet til seminar um målrøkt.Kjell Venås heldt det fyrste fyredraget.Venås slo fast at ein ikkje kann snakka um lingvistisk målrøkt.Målrokt er knytt til identifikasjon.Ein kann minka identifikasjon ned til småe målføregrupper.Amund B. Larsen granska noko han kalla granneopposisjon millom ymse målføre.Det vil segja at avstanden millom two målføre vert større enn han treng verta fordi målbruksarar vil stå fast på eigne målforedrag.

Venås gav sogeutsyner.Han vende seg til italiensk målrøkt i samband med forfattaren Dante og han sveipa innum den nederlandske målrøkti på 1600-talet.Han greidde òg ut noko um skandinavisk målrøkt dei siste hundradåri.

Venås samla seg etterkvart um dei two målrøktarane Ivar Aasen og Knud Knudsen.Aasen var ivrig tilhengjar av å gjera heimlege og yverleverte ord til skriftmålsord.Sume hev hevda at Aasen ikkje var so stor målrøktar som han hev ord på seg å vera.Dei hev m.a. vist til at han nytta dansk/tyske ord i sume forteljingar frå Sunnmøre.Det er rimeleg å tru at Aasen nytta ordi fordi dei var vanlege i heimelivet hans på Sunnmøre.I andre høve såg Aasen meir profesjonelt på målrøkt.Ellas kann ein vel tolka andre utsegner frå Aasen soleis at det var råd å nytta framandord stilistisk og når ein mangla handfaste avløysarar på norsk.Venås peika dessutan på at det er fleire måtar å laga nyord for lønord på.Ein kann driva målføreodling slik at eit målføreord vert skriftmålsfest.Ein kann skapa nye ord eller ein kann konstruera kunstige ordavløysingar av målrøktargrunnar.

Venås kom elles inn på Knud Knudsen.Knudsen var ivrig målrøktar og vilde reinsa dansken.Det var serleg tyske ord Knudsen var ute etter.Venås meinte at dei finlitterære forfattarane frå Ibsen og Bjørnson til dei norrskdanske og nynorske heimstaddiktarane var dei viktigaste målrøktarane.Venås slutta m.a. med å hevda at språklege nedfall frå engelsk/amerikanske filmar m.m. renn fram saman med innhaldet i denne påverknaden.Me ynskjer knapt korkje å fremja innhaldet og endå mindre språket i mangt av denne påverknaden,avslutta Venås.

Neste fyredragshaldar var Endre Brunstad.Brunstad meinte det er uheldigt å trengja burt ein diskusjon um det nasjonale.Han skissera fleire plan innanfor målrøkt og nasjonalisme.Han meinte at nasjonalisme heng samanmed grensemarkering.Det same gjeld språkleg målrøkt.Ein kann snakka um samhandlingsmålrøkt.Dersom t.d. Per som kjem frå Sunnmøre hev vore på ferie i einannan del av landet og kjem heim attóg nyttar ord og uttrykk frå feriestaden,vert han utsett for samhandlingsmålrøkt.No snakkar du ikkje sunnmørsk og slikt kann du ikkje segja på sunnmørsk kann han få høyra.Både målrøkt og nasjonalisme heng saman med skriftspråksdaning og med større ideologiske yverbygnader.

Det finst ikkje målrøktarspråk,men det finst målrøktarideologiar,slo Brunstad fast.Denne ideologien er langt viktigare enn sjølve språkstrukturen.Difor er tysk eit ord med mange framandord.Det finst fleire former for målrøkt ein kann driva målrøkt av språkljodar,morfologiske målformer og setningsmålrøkt o.s.b.

Brunstad snakka vidare um ymse tilnærmingar til nasjonalismeumgrepet det hev me vore inne på i Vestmannen tidlegare,sjå Vestmannen nr.5 1995.

Sume hev sett upp ein motsetnad millom demokrati og nasjonalisme når det gjeld målrøkt.Eg vil reisa

motspursmål, er det nokon motsetnad. Det vart rom for eit svært stutt ordskifte etter fyredragi til Venås og Brunstad. Her vart det hevda at Riksmålsforbundet hev drive med målreinsing av samnorsk målgods. Tor Guttu meinte at Venås undervurderte den funskjonen som dei finlitterære skriftene til Aasen fekk. Han peika m.a. på prøvor av Landsmålet og lyrikken.

Dei neste fyredragshaldarane var Helge Sandøy og Kristian Ottósen. Den islandske målrøkti er ålmenn og rettar seg ikkje mot noko serlegt språk, innleidde Ottósen. Me legg serlegt vekt på det demokratiske på island. Språket skal vera lett å forstå for alle. Me hev ikkje og vil ha språklege klasseskilje på Island. På Island nøgjer ein eg ikkje med å taka vare på språket. I sume tilfelle hev ein tilmed teke inn klassiske bøygningsformer frå det gamle språket. Ottósen hevda at kansellistilen vart vraka på 1800-talet og ein vende um til ein meir folkeleg stil.

Det er ikkje berre profesjonelle fagfolk som lagar nye ord på Island. Amatørordlagarane skriv både i avisone og til fagfolki. Det er ålmennskulen som spreider nyordi i islandsk. Foreldregenerasjonen held fast ved gamle framandord, medan ungdom tek i bruk dei nye serislandske ordi. Ord som eldhús og gangslétt for kjøken og fortau er spreidde gjennom skulen.

Helge Sandøy snakka um færøysk målrøkt. Færøyane hev ei målnemnd og medlemene i den er samde i å driva målrøkt på same vis som islendingane. Lærarane, fjerrsjá og radio og dei offentlege er stort sett samde um målrøkti og mange bladmenn er samde um målrøkti, men her er slingringsmunen noko stor. Ålment kann ein segja at skilnaden millom skrift og tale er stor på færøyane. Det er etter måten lett å vinna fram med nylagningar med nye ord for nye ovringer, men det er vanskelegare og ofte burtimot uråd å vinna fram med nye ord for innarbeidde ovringer.

Målholdningane på Færøyane er ikkje homogene. Det er eit offentleg ordskifte umkring målrøkti. Sentrale kulturpersonar er ikkje redde for å fremja ymsande meningar i dette ordskiftet. På Færøyane må ein reisa tvil ved um målrøkti er demokratisk. Mange målrøktarord er tillaga og vanskelege å skyna for mangmannen, avslutta Sandøy.

Neste fyredragshaldar var Nils Jernsletten. Han var utsending for den samiske språknemndi. Me hev ein målrøktartradisjon attende til 1950-talet, slo Jernsletten fast. Han meinte òg den samiske språknemndi ikkje var urimeleg når det galdt å laga nye ord. Me ber fram dei ordi som folk vil ha og som er innarbeidde i det samiske språket. Jernsletten kunde visa mange forvitnelege døme på samisk målrøkt. Han jamførde m.a. noko med finsk.

Etter desse fyredragi var det ope for spørsmål. Då vart det m.a. reist spørsmål ved um den færøysk målrøkti var udemokratisk når det var eit breidt offentleg ordskifte umkring henne, og um det var nokre skilnader i måten islendingar og færøyningar gjeng fram på i målrøktarvegen. Ottósen og Sandøy peika på at islendingane hev ein tradisjon for å driva målrøkt heilt attende til 1500-talet.

Eit forsvar for tradisjonalistane



Mål og Makt hev undra meg mykje når det gjeld målpolitikken på 1950-talet. Utan retting let bladet prenta ei innleiding av historikaren og forskaren Fredrik Thue der Thue uttalar seg totalt utan skyn um norsk målpolitikk på 1950-talet. Eg viser til Mål og Makt nr. 4. 1998. S.11. Her skriv Thue :" Noregs Mållag møtte Riksmålsforbundet over bordet i Norsk Språknemnd". Her viser Thue ei so stor kunnskapsløysa um norsk målpolitikk at han likso godt kunde ha sagt at Noreg var i union med Danmark til 1905. Det største poenget i norsk målpolitikk var nemleg at Riksmålsforbundet protesterte ihuga mot Norsk Språknemnd på heil 1950-talet, og at Noregs Mållag ikkje var med av di høgnorskarane stod so sterkt i organisasjonen. Det var soleis med interessa eg såg at Håkon

Kolmannskog hev teke upp målpolitikken på 1950-talet til nærmare dryfting. Eg vonar eg kann hevja kunnskapsnivået um målpolitikken på 1950-talet for Mål og Makts lesarar nokre hakk. Difor triv eg til pennen.

Håkon Kolmannskog hev ein artikkel i Mål og Makt nr. 3. 1999 Her vil han forklåra two spørsmål.

1. Kvifor gjekk målrørsla frå å ha sterkt framgang i millomkrigstidi til attendegang i etterkrigstidi ?
2. Kvifor fekk Riksmålsforbundet aukande tilslutnad i etterkrigstidi ?

Kolmannskog meiner at urbaniseringi etter krigen var ein faktor som veikte målrørsla. Dessutan slær han fast at målrørsla studde Norsk Språknemnd. Det fyrste kann det var noko i.

Det andre er feil. Målrørsla studde ikkje Norsk Språknemnd. Då byggjer eg på den vanlege oppfatningi av målrørsla som dei institusjonane og miljøi som arbeier for nynorsk. Um ein er velviljig kann ein definera målrørsla som Noregs Mållag, men Noregs Mållag var ikkje ein gong representert i Norsk Språknemnd. Noregs Mållag var kritisk til skipingi av nemndi i det heile. Ei heilt onnor sak er det at ei rad einskildpersonar med tilknyting til undervisningsinstitusjonar, departement, Nrk, Samlaget, Den norske Forfatterforening og Norsk Presseforbund fekk plass i Norsk Språknemnd.

Ei tridje grunngjeving frå Kolmannskog er at DNA var i utakt med folket. Tilnærtingslinja var for hardkøkt materialistisk. Riksmålsforbundet kunde fremja kulturen som ein brodd mot denne einsrettingi. Dette kann det vera noko i.

Etter å ha kome fram til desse løysingane byrjar Kolmannskog å dryfta kontrafaktiske løysingar som kunde ha ført målrørsla frametter. Han skil her millom two målpolitiske retningar.

Tradisjonalistane og tilnærtingsfolki. Tradisjonalistane var for det fyrste ikkje i stand til å sjå utsynen den rettskrivningsstriden dei sjølv var med på å halda i live, hevdar han. Vidare var dei ikkje i stand til å meisla ut strategiar som svara til utfordringane i samtid. Tilnærningsflokkene som var nett det og ikkje målrørsla jmf. ovanfor var derimot mykje meir framsynte. Dei analyserte den nye massekulturen frå USA og spurde kva dette hadde å segja for den norske målstoda og slik var det med mange andre spørsmål òg.

Kjeldekritikk

Kolmannskog nyttar nokre sekundærkjeldor i form av bøker. Han er interessert i perioden frå 1945 og frametter. Kor representative er desse kjeldene for det stoffet han skal taka opp. Bøkene er skrivne lenge etter at desse stridande gjekk fyre seg. Minst two av bøkene er skrivne av folk som hev interessa av å fylgja upp dei som vann fraksjonsstriden i Noregs Mållag, nemleg tilnærtingslinja. Dei hev vore sterke aktørar i målpolitisk strid, og det er kjend kva dei stend for. For orden skuld nemner eg namnet på forfattarane Sigmund Skard og Lars Vikør. Vikør vert neppe fornærma um ein knyt han

upp til eit tilnærmingssyn. Serleg når det gjeld Skard er det knytt metodiske vanskår. Skard var både aktør i målstriden og kjelda for Kolmannskog til kva som gjekk fyre seg

Eg skal gjeva nokre døme. Kolmannskog skriv at Skard kritiserte den strategiske lina til Noregs Mållag. Her reknar eg som premiss at strategi er meir enn rein ideologi som gjev seg utslag i målpolitiske prioriteringar som gjev resultat. I so tilfelle er det ikkje nok som Kolmannskog gjer å berre visa til kva Skard segjer. Han må faktisk vurdera det Skard segjer utfrå alternative kjeldor. Anten nøytrale målbare storleikar eller utfrå syn som motparten hevdar. Dei grunnleggjande spørsmåli som må reisast er : Kva for ei lina kritiserte Skard og korleis kunde lina forsvarast. Det svaret på desse spørsmåli som Kolmannskog vilde koma fram til etter ein slik gjenomgang vilde vera metodisk forsvarleg, um andre vilde kunna segja samd er ei onnor sak.

Lengre nede refererer Kolmannskog frå ein tale Sigmund Skard heldt på landsmøtet i Noregs Mållag i 1955. Her kritiserar han styret i Noregs Mållag for å ikkje vinna dei unge osb. Her vert Skard likeins referert utan at det vert reist kjeldekritiske spørsmål.

Til dømes: Kva var utfordringane for å vinna dei unge ?, Hadde Skard løysingane ? Kann me finna ut um Skard hadde løysingane ved å驱ra kontrafaktiske studium. I det siste tilfellet kann me faktisk til ein viss grad gjea det. Skard var fraksjonsleidar for tilnærningsflokk, og dryfte ei rad spørsmål innetter i fraksjone. Eg viser her til sjølvbiografien Solregn. Dessutan var Skardflokk og Skard sjølv faktisk aktiv målarbeid sentralt fyrr 1955.

Dreiv tradisjonalistane godt målarbeid?

Dette var naturlegvis sterkt umtala i samtid. Noko tilfang til å kasta ljós yver dette kann ein finna hjå Vikør. Men ein kann ikkje utan vidare gå god for det Vikør skriv. Ein må vurdera tilfanget kritisk. Itillegget til dette finst det ei rad kjeldor som kann kasta ljós yver målarbeidet i form av samtidige avisartiklar og ikkje minst interne dokument. Det finst dessutan stoff i form av sekundærkjeldor.

Dette tilfanget er stort og eg hev ikkje høve til å gå inn på alt. Eit hovudpunkt i kritikken mot tilnærningsfolki er at dei var likesæle og uppgjevne til å驱ra målarbeid. I 1934 førde striden kring tilsetjingi av riksprogramsjef Midttun til at i-målet vart uppgjeve av fleire av dei leidande målfolki austpå. Ein laut brigda mål, um ein skulde koma vidare med målsaki, og ein måtte vera budd på at samnorsk var det mest realistiske. Dette er ein grunnleggjande premiss.

På Vestlandet stod det gamle målreisingssynet like sterkt mange stader. Det vart styrkt av Indrebø-saki i 1934 som vart til vinning for målstridsviljen. Indrebø kjempa for ytringsfridom, og vart dømd av sneversynte riksmålsfolk. Den folkelege entusiasmen vart styrkt av dette. Og Indrebø og målsaki vann offentleg umdøme vestpå.

Lat meg so gå meir konkret til verks. Eg skal her syna døme på den strategiske lina til tradisjonaliastane. So kann lesarane sjølv døma yver um tradisjonalistane var ute av stand til å sjå utyver den rettskrivingsstriden dei var del av, slik Kolmannskog hevdar. Eg skal her nemna nokre moment til forsvar for tradisjonalistane.

1. Striden for nynorsk universitetsmål ved universitetet i Bergen var ei viktig sak for Noregs Mållag. Difor vart det sett ned ei nemnd som skulde arbeida med saki. So vidt eg hugsar er dette nemnd hjå Vikør. Men det stend ikkje noko meir um heile saki. Her manglar det altso kjeldor. Desse kjeldene let seg skaffa fram gjenom tilfang som høyrer lagssakene til Vestlandske Mållag til. Det er elles råd å lesa seg til dette i pressa og andre stader, um ein hev høve til å leita seg fram til dei rette kjeldene.
2. Kva finn ein so fram til jo. Vestlandske Mållag arbeidde ihuga for at det skulde verta nynorsk universitet i Bergen. Laget fekk laga utgreidningar um emnet i samarbeid med m.a. Peder Hovdan. Laget sanka offentleg tilslutnad til saki gjenom eit utal av undervisningsinstitusjonar på Vestlandet og gjenom fem fylkesting og ei andre lag og institusjonar og ei rad einskildpersonar. Den kjende tilnærtingsmannen Martin Birkeland sat i styret for Bergen Museum som skulde verta universitetstyret. Han såg burt frå alt det arbeidet som Vestlandake Mållag hadde gjort når det kom til røysting yver kva målbruken til det nye

universitetet skulde verta. Han bøygde seg for kravet um at lov um jamstelling skulde fylgjast. Det borga i praksis for at styringsmålet vart bokmål og at nynorsken vart sett på andre plass. Den strategiske lina til tradisjonalistane var klår. Dei vilde ha ei heil målreising. Tilnærmingmannen sa nei.

3. Korleis vart Noregs Mållag drive etter krigen frå 1945 og fram til 1955 ? Då Skard klandra tradisjonalistane for å ikkje driva godt nok målarbeid. Då Skard sende ut brev til alle lag i Noregs Mållag og klandra styret for å ikkje driva godt nok målarbeid, svara Hans Aarnes med ein gjenomgang av målarbeidet frå 1945 og frametter. Hans Aarnes var tradisjonalist. Saret hev nemningi klagebrev.

Det vart først halde årsmøte i 1946 i Bergen. Tilnærmingmannen, Hans Eidnes, vart formann. Vestmennen hadde stort fleirtal og kunde ha valt kven dei vilde, men dei var samarbeidsvenlege. Hans Eidnes og styret hans kalla ikkje inn til årsmøte i 1947. Fyrst i 1948 vart det kalla inn til årsmøte. Viktig tid vart spilt med dette. Dette underbyggjer det synet at likesæla millom tilnærningsfolki var stor.

Hans Aarnes vart vald inn i styret i Noregs Mållag i 1948. Han fekk då vedteke ein triårsplan som innebar lagsbyggjing og auka medlemssanking m.m. Økonomien skulde styrkast, og det skulde sendast ut lagsblad. Aarnes sat sjølv i arbeidsutvalet. Hans Eidnes sat der likeins. Aarnes ivra for å få send ut lagsbladet Bodstikka, so målfolket kunde varslast og mobiliserast mot riksmålsagitasjone. Tilnærmingmannen Eidnes svara nei me vil ikkje kappspringa med kalvar. Aarnes laut sjølv få sendt ut Bodstikka, utan hjelp frå Eidnes. Tradisjonalisten såg lengst. På årsmøtet i 1949 vart Sigmund Skard vald inn i styret. Skard vart leidar for arbeidsutvalet. Aarnes hadde tru på at den nye formannen, Asbjørn Øverås og Sigmund Skard skulde få fart på målarbeidet og fylgja opp triårsplanen. I tillegg til triårsplanen vart det dessutan vedteke, etter framlegg frå Aarnes at det skulde arbeidast for å skipa fylkeslag i alle landsluter, at alle norskynde ungdomslag skulde få tilby um å mælda seg inn i Noregs Mållag, pressetenesta på kontoret skulde betrast osb. Det vart gjord lite fram til 1950, og Skard gjekk ut or styret i 1950. Aarnes peikar gjenom brevet klårt på at røtene til målattendegangen låg i dei viktige første åri frå 1945-1952. So kann ein naturlegvis kritisera det høgnorske regimet som kom til makt i 1952 og sat til 1956. Men då må ein jamføra med tidi fyrr og etter denne fireårsperioden.

4. Nokre kuriosa kann nemnast. Tradisjonalisten Olav Hoprekstad var i stand til å arbeida fram og stod i mange år i front for Vestlandske Lærarstemna som hev vore eit sers viktig forum for pedagogiske ordskifte heilt fram til i dag. I ei bok Hoprekstad skreiv um Vestlandske Lærarstemna kann ein studera kva tankar han og andre tradisjonalistiske målfolk gjorde seg um strategiar i skulen og i kulturelt arbeid. Dessutan kann nemnast at tradisjonalisten Olav Hoprekstad greidde å få gjeve ut Norsk Allkunnebok.
5. Fleire kjeldor kann leggjast fram. Her hev eg berre vilja leggja fram eit grunnriss av det perspektivet som tradisjonalistane stend for. Eg tek gjerne eit ordskifte med nærmare etterrøknader.

Konklusjon

Etter mitt syn vert det for snevert å berre halda seg til dei bøkene av Skard og Vikør som Kolmannskog byggjer på som einekjeldor til viktige delar av målsoga. Ein må vera kjeldekritisk. Elles fær ein eit skeiwt bilet av kva målrørsla stod for. Itillegg må ein søkja meir aktivt etter kjeldor som kann underbyggja synet til tradisjonalistane, og ikkje avvisa dei slik som Kolmannskog gjer.

Eit vitnemål um Norsk Målungdom i dag

Olav Torheim og Klaus Johan Myrvoll heiter two ungdomar som avslørde at Norsk Målungdom (NMU) hev drive med medlemspengejuks. Det er forståeleg at dette kann vekkja reaksjonar hjå dei som vart avslørde. Ein kann skyna at det kann kjennast hardt å verta utpeika som lovbrytarar. Ein kann òg skyna at dei som vart avslørde, og

familie og nære vener av deim, ikkje likar dei personane som avslørde deim. Men det er grunn til å sjå nærare på sumt av det som hev hendt og den måten sume leidande målfolk ser ut til å handtera saki på.

I eit lesarbrev frå Norsk Målungdom som vart utsendt 23.12.03, heiter det:

“Norsk Målungdom (NMU) er dømd for overrapportering av medlemer frå 1998–2001. Me seier oss leie for det som har skjedd og tek avstand frå det tidlegare medlemsjukset i organisasjonen. Norsk Målungdom har godteke domen.”

Det er Unn Catodotter Fyllingsnes, fungerande leiar i Norsk Målungdom, som hev skrive under lesarbrevet. Fyllingsnes ser soleis ut til å ha teke ei uppgjerd med medlemspengejukset.

Eva Marie Mathisen var skrivar i NMU fyre medlemspengejukset vart kjent. Det tyder at um NMU-saki hadde vorte kjend nokre månader seinare, kunde ho ha vorte ein av dei tiltala i den rettsprosessen som fleire sentrale NMU-arar frå perioden 1998–2001 no er innblanda i. Mathisen skulde vera glad for at saki kom fram, so ho slapp å gjera lovbro.

Mathisen er framleis skrivar i Norsk Målungdom og vert i det siste nummeret av medlemsbladet Motmæle utspurd um rettssaki, bakgrunnen for saki med meir. Her kjem Mathisen med ei rad bomvisse påstandar. Ho segjer m.a. at Torheim og Myrvoll ”aldri vurderte å ta dette opp i organisasjonen”. Korleis Mathisen kann vita kva Torheim og Myrvoll vurderte å gjera og ikkje gjera, er ei gåta.

Mathisen held fram:

“Myrvoll og Torheim er kjende namn frå høgnorskrørsla, og står bak utgjevinga av bladet Målmannen. Men det er viktig for oss å få fram at vi på ingen måte ønsker å sverte høgnorskrørsla. Rørsla er ikkje synonymt med desse to, og NMU samarbeider godt med høgnorskingar, og har fått mykje støtte frå delar av høgnorskrørsla dette året, seier Mathisen.”

Mathisen syner her ei heilt onnor haldning enn Fyllingsnes. Både uttalar seg på vegner av Norsk Målungdom, men medan Fyllingsnes tek avstand frå medlemspengejukset utan å draga inn dei som avslørde saki, gjeng Mathisen fyldig inn på nett dei. Ho dreg òg inn høgnorskrørsla, rørsla som arbeider for ein meir tradisjonell nynorsk, og segjer at ho ikkje vil sverta høgnorskrørsla av di Torheim og Myrvoll berre er two representantar for denne rørsla. Implisitt segjer ho då at ho og NMU vil sverta Torheim og Myrvoll av di dei avslørde lovbro. Kvifor skulde ho i det heile draga inn høgnorskrørsla? Kva hev den med lovbroti i NMU å gjera? Og kvifor skulde nokon svertast for å ha avslørt lovbro?

I intervjuet umtalar Mathisen høgnorskrørsla i tridjeperson, men det hev ho snaudt nokon grunn til å gjera lenger. For på årsmøtet i Høgnorskringen 16.12.03, ein samskipnad som hev til fyremål å fremja høgnorsken, møtte ho og fleire sentrale aktivistar kring Norsk Målungdom upp, flesteparten innmelde stutt tid på fyrehand eller jamvel på sjølve møtet. Sume kom heilt frå Trondheim. Det var soleis ei storhending for målungdomsaktivistane. Kva for ein dagsetel hadde so desse aktivistane? Tilsynelatande hadde dei berre eitt mål: Dei skulde verta kvitt Torheim og Myrvoll og alle som framleis vil stydja deim.

Torheim og Myrvoll hev vore dei mest aktive i høgnorskrørsla dei siste åri, ei tid med sterke motsetnader innetter i rørsla. Torheim og Myrvoll vert kritiserte av eit par av dei høgnorske NMU-sympatisørane. Dei som kritisterar deim, hev havt verv i dei same samskipnadene som deim, utan at dei hev merkt seg ut korkje med arbeids- eller samarbeidsevnna.

Det ser soleis ut til at NMU ikkje angrar noko på det dei gjorde. Dei som avslørde NMU skal svartmålast av folk som tydelegvis tykkjer det er heilt greidt med medlemspengejuks og som reknar det for eit brotsverk som gjev grunnlag for sverting å avsløra slike lovbro. Me er spente på å sjå kva NMU-arane vil gjera i Høgnorskringen. Det gjeld serleg Mathisen.

Lars Bjarne Marøy, Trond Urestad og Bjørn Tormod Ringdal

Milennium 2

Milleniumstrilogien sers umtykt krim frå Sverige

Milleniumsbiografien er skriven av den svenske journalisten og forfattaren Stieg Larsson. Den er samansett av bøkene *Menn som hatar kvinner*, *Gjenta som leika med elden* og *Luftslotten som vart sprengt*. Millennium er det tidsskriftet som den eine hovudpersonen arbeider i. Han heiter Mikael Blomkvist, og er ein kjendisjournalist som er vant til å gå sine eigne vegar. Den andre hovudpersonen er Lisbeth Salander som hev vore utsett for statlege yvergrep i ung alder. Salander er dessutan er skruppellaus datahackar som ikkje gjeng av vegen for å svindla kvitsnippbrotsmenn for pengar.

Då Jan Gullieu gjekk sterkt ut og gjorde den avdøde Larsson til lått med eit utspel, vart eg provosert. Eg såg filmen, og det gav utruleg stor meirsmak. Eg enda upp med å lesa ut dei two neste bøkene i serien på tri vikor. Eg kort og godt las dag og natt. Dette er bøker som verkeleg grip deg. Ei rad kollegaer, vene og kjende hev dei same røynslone som meg.

Eg sit enno att med spørsmålet um kva det er som er so gripande med desse forteljingane. Det vil eg gjerne freista å svara på. Eg startar med handlingi frå den fyrste boki.

Menn som hatar kvinner

Menn som hatar kvinner er ei forteljing um eit nærmast klassisk motiv i kriminalitteraturen i dag, incest og yvergrep mot familiemedlemer. Den kritiske og avslørande journalisten Mikael Blomquist hev akkurat vorte dømt for ærekrenkjingar mot forretningsmannen Wennerstrøm. Blomquist hev fleire gonger vist seg som ein suveren journalist med store og epokegjerande avsløringar, men denne gongen hev han gjenge lengre enn det tilfanget hans held.

Det er eit halvt år til Blomkvist skal i fengsel, men han vel likevel straks å trekkja seg frå bladstyret i bladet Millennium. Fyrr han veit ordet av det vert han rekruttert til eit nyt uppdrag. Den rike forretningsmannen Henrik Vanger er no 82 år. Han hev freista fleire gonger å få svar på kvifor nesa hans Harriet vart burte i 1966. Ho berre forsvann, og sidan hev han aldri sett henne. Heile tidi hev han fenge innråma broderi. Desse innråma broderii fekk han kvart år på fødselsdagen sin frå Harriet. Han skyndar ikkje kvifor han framleis fær desse broderii tilsende kvar einaste fødselsdag.

Blomkvist er skeptisk til at han kann greida å få fram nye spor, men han tek på seg uppdraget. Han flytter til Hedeby og tek upp jakti på spor. Det han ikkje veit er at eit tryggingsfirma som Vanger-konsernet og Henrik Vanger nyttar hadde tilsett Lisbeth Salander til å driva undersøkjingsarbeid på Blomkvist. Ho held fram med å yvervaka Blomkvist og framdrifti i arbeidet hans.

Eit hovudproblem i etterforskins- og granskingsarbeidet av Harriet-saki er korleis ein skal tolka nokre namn med nummer etter seg. Det er ikkje telefonnummer eller andre tenkjelege nummer. Politiet hev freista å snu opp ned på alle desse nummeri, men dei hev ikkje kome fram til nokor meiningsfull løysing.

Det er no at Lisbeth Salander slår til. Ho tolkar namni og nummeri som sitat frå bibelen, og då teiknar det seg eit interessant bilet. Kva um dei einskilde personane er drepne etter instruksjonar frå mosebøkene? Blomkvist vert fascinert av denne tolkingi som han fær frå Lisbeth som heile tidi hev hacka seg inn i datamaskina hans.

Han greider å spora upp Lisbeth og kjem heim til henne. Han formanar henne um å hjelpe han i å etterforska saki vidare. Og Lisbeth flytter inn hjå Blomkvist i Hedeby. Der byrjar dei å få på plass eit mynster. Det viser seg at ei rad kvinner som stemmer med nedteikningane i Harriets dagbok hev vorte myrda på ulike stader i Sverige. Sakene hev aldri vorte upplåra.

Etterkvar som Blomkvist og Salander reiser frå mordstad til mordstad, fær dei på plass eit mynster i mordi. Det interessante er då kven som hev motiv og kann ha vore på mordstaden kvar einaste gong. Dei mistenkjer nokon frå Vanger-familien og byrjar å undersøkja saki frå den vinklingi. Medan Selander gjeng gjenom

rekneskapspermars, er Blomquist på innbrotsraid hjå Harald Vanger. Han vert avslørd, men berga av Martin Vanger som tilfeldigvis er på same stad.

Då Blomkvist fortel um granskingane til Salander, vert han neddopa og vaknar upp i Martin Vangers personlege avrettingsrom. Her fær han vita at Martin likar å drepa kvinner som ingen saknar. Han lærde det av faren Gottfried Vanger, men Martin slær samstundes fast at han ikkje drap Harriet, det fekk han ikkje høve til, segjer han.

Akkurat då Martin er i ferd med å drepa Blomkvist kjem Salander. Ho fær jaga Martin og frigjort Blomquist. Ho fylgjer etter Martin Vanger på motorsykkel. Bilen til Martin vert ustødug av di han gjer alt for at Salander ikkje skal taka han att. Til slutt fer han utfor vegen, og bilen eksploderar og brenn upp.

Men saki er ikkje uppklåra enno. Blomkvist slær fast at Harriet ikkje kann ha vorte drepen av Martin. Salander finn ut at det var two med namnet Anita Selander. Den eine er død, men den andre er det noko uavklåra med. Det fører Blomkvist til Australia der han finn Harriet. Det viser seg at Harriet vart valdteken av gamle Gottfried og Martin. Ho kom seg undan Gottfried, men han fylgte etter, og det enda med at ho måtte slå han i sjøen med ei åra. Gottfried drukna i samband med den kampen som var millom han og Harriet. Martin var vitne, og Harriet var i ein pressa situasjon. I fyrste umgang var ho heldig, for Martin vart sendt på skule langt burte, men då han kom heimatt fekk ho panikk og flykta og hev vore på rømmen heilt til Blomkvist fann henne i Australia.

Blomkvist hev no kome til den tidi då han skal sona for ærekrenkjingane imot Wennerstrøm. I fengsel fær han upplysningar som Selander hev hacka seg fram til. Tidi i fengselet vert nyitta til å taka det uppgjeret med Wennerstrøm som han mangla upplysningar til fyrr. Samstundes med at han skriv um Wennerstrøm, viser det seg at ei kvinne hev greidt å taka ut store pengesummar frå ein bank der Wennerstrøm hev pengar. Blomkvist identifiserar henne som ei utkledd Lisbeth Salander. Her sluttar den fyrste filmen.

Salander er ei svært spesiell dama. Kritikarane hev serleg fokusert på den måten ho hev samlægje på. Det er fort og kontant, og kritikarane hev samanlikna det med den måten ein mann hev sex på. Det er openbert at Selander hev vore gjennom sterke yvergrep, og ho er umyndiggjort i ein alder av 24 år. Det er nokso spesielt.

Me fær ikkje vita stort um bakgrunnen for det, men Selander verkar avstumpa og veldig direkte i alt ho gjer. Ho maktar ikkje å vera personleg. Ho hev fotografisk minne og er ein genial datahackar.

Blomkvist er den einvise og töffe etterforskande journalisten med ei lang og solid fortid som journalist. Heile redaksjonen på Millennium likar han. Han er hendig for Salander som ikkje likar å stå fram og fortelja det ho veit. Ho legg berre fram fakta og maktar ikkje å samtala med folk. Ho stikk undan kvar einaste gong politiet kjem, og det er Blomkvist som med si logne ro kann greida upp i slike saker. Han er heilt tydeleg ein mannstype som Salander ikkje hev vorte serleg kjend med. Ein stødig mann som ikkje berre er i interesert i å misbruks henne eller prata pjatt. Det er ho som tek initiativ til samlægjone, og han bryr seg i utgangspunktet lite med det heile.

Gjenta som leika med elden

Her møter me Lisbeth Salander på ferie i Karibien. Etter at Wennerstrøm-saki var avslutta hadde ho nær kontakt med Blomkvist, men so fekk ho nok. Me fær ikkje vita so mykje um kvifor, men ho umtalar Blomkvist som "Kalle jævla Blomkvist" både her og seinare i boki. Kor som er Salander hev vorte rik. Ho greidde å taka ut ein milliardsum frå Wennerstrøm-fyretaket fyre Wennerstrøm kom under etterforsking. Det gjer at ho kann leva godt og gjera det ho vil. Og slik vert det òg. Ho reiser umkring og uppheldt seg kvar ho vil. Då ho vert utsett for eit tropisk uver, vert reiselysti mindre.

Samstundes med at Lisbeth er på reisefor arbeider Millenium med ei sak som gjeld menneskesmugling. Ein sjølvstendig journalist hev grave fram ei unik sak som råkar mange personar i ulike lag av samfundet. Saman med kona si hev han solid dokumentasjon. Ho skal disputera for doktorgraden, medan han skal gjeva ut bok, samstundes med at det kjem ut eit temanummer av Millenium.

Midt uppe i dette kjem me inn på eit sidespor frå den fyrste boki. Lisbeth Salander hev ein lang vond historikk i høve til offentlege styremakter. I trettan års aldaren freista ho å taka livet av faren sin som mishandla mori. Seinare vart ho sperra inne på psykiatrisk sjukehus. Deretter vart ho sett under formyndarskap og er formelt sett framleis umyndig i ein alder av 26 år. Då verjen hennar Henrik Palmgren vert ålvorleg sjuk, vert ho tildelt ein ny verje, advokat Bjurman. Bjurman viser seg å å vera ein pervers gris. Han valdtek Salander, men Salander fær

filma det eine yvergrepet. Deretter yvermannar ho Bjurman bind og viser han filmen. Ikkje nok med det ho brukar utstyr til å tatovera inn ein inskripsjon på magen hans som segjer at han er eit sadistisk svin og ein valdtektsmann.

Gjennom datahacking greider Salander å halda Bjurman under uppsikt. Bjurman er desperat. Han vert sjukemeldt, og vert ekstremt uppteken av å finna ut alt han kann um Salander. Slutten på Bjurmans forteljing kjem me til når han hev funne ein person som hev same grunn til å hata Salander som han sjølv.

Blomkvist og menneskesmuglarjournalisten samarbeider. Dei kjem svært nært innpå noko mystisk som dei ikkje skynar noko av når namnet Sala, dukkar upp. Dette skal vera ein mystisk person som opererer i grenselandet millom menneskesmuglarane. Ingen veit kven han er, men fleire personar veit at dette er ein sentral person.

Saki tek ei ny vending då Salander hev kome attende til Sverige og vitjar menneskesmuglarjournalisten og kona hans. Det endar med at journalisten tek ein telefon til advokat Bjurman. Bjurman og ekteparet vert kort tid etter funne drepne av Mikael Blomkvist.

Etter kor tid vert det klårt at Lisbeth Salander kann ha spela ei sentral rolla i høve til mordet. Lisbeth vert etterlyst av politiet og hengt ut i pressa, men held seg i dekning i Stockholm likevel.

Blomkvist og Salander byrjar å nysta i saki frå kvar ein kant. Det vert etter kvart klårt at Sala er far til Salander. Han er ein avhoppa russisk GRU-agent. Det vart difor viktig å leggja lok på saki med Salander som vilde drepa faren. No er Sala menneskesmuglar. Han er ein mystisk bakmann som saman med Salanders halvbror, ein av mange i ulike land, driv med smuggling. Halvbroren til Salander er den tyske Niedermann. Niedermann er two meter høg. Han hev two mystiske syndrom som gjer at han for det fyrste ikkje kann kjenna smerte, og for det andre at han hev utruleg sterk beinbygning. Det gjer at han er ein svært vanskeleg mann å nedkjempa i slåstkampar.

Me vert kjende med dette ”monsteret” gjennom at han kidnappar Salanders veninna, Miriam. Proffboksaren Paulo Roberto skal frigjera Miriam, men sjølv ikkje ein boksar i verdsklasse er nok til å nedkjempa Niedermann, men gjennom hjelp frå Miriam greider Roberto til slutt å få Niedermann i golvet, men båe two hamnar på sjukehus med store skadar etter at dei greider å flykta.

Gjenta som leika med elden endar òg med ein durabeleg serie av vald då Salander møter faren og Niedermann. Faren vil drepa Salander. Han fær yvermannha henne. Niedermann og Sala fær gravlagt henne levande med tri skot i kroppen, men tri skot og å verta gravlagt levande er ikkje nok for Lisbeth Salander. Ho kjem seg opp att av gravi og attende til garden der faren og Niedermann uppheld seg. Der gøymer ho seg i eit skur. Då faren kjem fær han ei yks i andletet og skulderi og vert sett ut av spel. Niedermann fær sjokk når han ser Salander. Han trur det er eit spøkjelse og stikk av. Salander kravlar seg inn i gardshuset.

I millomtidi hev Mikael Blomkvist kome seg fram til gardsvegen. Han møter Niedermann på veggen og greider utruleg nok å binda og ufårleggjera kjempen. Han held fram til garden. Der finn han Salander og fær tilkalla luftambulanse. Her sluttar boki um gjenta som leika med elden.

Den andre boki gjev seg altso på høgdepunktet. Det er eit forrykande tempo i denne boki. Det er vanskeleg å fylgja med og mange trådar vert hengjande i lause lufti gjennom forteljingane. Mykje av skildringi gjeng fyre seg i tankane til Salander og til Blomkvist og for den del i tankane til andre personar. Det er nesten ufråkomeleg å måtta hoppa yver nokre detaljar som seinare kann syna seg å verta viktige.

Det er verd å merka seg at miljøskildringane dekkjer alt frå motorsykkelmiljø, skildringar av folk som lever i gråsona til å vera kriminelle og folk som lever godt på innsida av eit kriminel miljø. Tilhøve millom politi og pressa kjem i sokjeljaset både her og i neste bok.

Medan den fyrste boki i liten grad tek upp tilhøve som gjeld Salander, byrjar bok nummer two å byggja upp ein sympati for Salander som etter kvart skal verta sterkare og sterkare. Salander utviklar seg derimot lite. Me vert meir kjende med henne, men ho er den same asosiale og servorne personen, trass i at ho vågar å taka ein brjostoperasjon, fær sett Henrik Palmgren under den beste helserøkt ein kann få for pengar og opnar seg opp for einskildpersonar då ho er på ferie i Karibien.

Temaet i denne boki vert litt vanskeleg å krystallisera ut av di det er berre ein del av ei forteljing som held fram i

neste bok. Men ein kann kannhenda lesa boki som ein kriminalroman. Niedermann vert avslørð som mordaren og fange av Blomkvist. Kannhenda er det råd å lesa inn menneskesmugling som tema, men dette er fram for alt ei millombok. Det er etter at ein hev lese bok tri at ein kann byrja å nysta trådande saman. Det ein kor som er kann slå fast er at høgdepunktet i heile trilogien truleg ligg ein stad millom bok two og tri.

Luftslottet som vart sprengt

Når me kjem yver til bok tri er Salander og faren hennar komne på sjukehus. Faren kann fort koma til å verta eit trugsmål mot den veike Salander. Salander hev trass i alt vore igjenom ein operasjon i heilen, der ei kula måtte fjernast. Politiet er interesserte i å snakka med dei både.

På toppen av det heile greider ein inkompotent politimann å sleppa laus Niedermann som svarar med fleire drap.

I denne boki stend konspirasjonen mot Salander fram for fullt. Då Salander var 13 år vart ho innesperra på psykiatrisk klinikks. Der låg ho fastspent på ei seng i 388 døger. Psykiateren Trelleborian hadde fenge instruksar frå ei eigi deild innanfor tryggingspolitiet um korleis Salander måtte haldast ute av spel. Mot alle prognosar greidde Salander å koma seg ut frå klinikken. Den nye styraren på klinikken greidde å få henne ut, utan at Trelleborian kunde hindra det. Salander var i fleire fosterheimar fyre ho møtte Henrik Palmgren som vart formyndar for henne. Palmgren sytte for at ho kunde få eit normalt liv med stort sjølvstende, og han hjelpte henne med å få jobb hjå Milton Security, eit firma som arbeider med å installera tryggingsalarmer og å skaffa folk tryggleik på andre måtar, millom anna gjennom livvakter.

Tryggingspolitiet hadde stor nytte av Sala fram til den kalde krigen tok slutt, og det var svært viktig for dei å halda han gåande og i løynd under den tidi. Etter at den kalde krigen tok slutt hev det viktigaste vorte å kamuflera det som skjedde og hindra at deildi deira skal verta nedlagd. Kjem soga um Salander ut, vil dei verta avslørde og ikkje ha nokon sjanse til å stogga nedleggjingi av deildi.

Det er soleis viktige interesser på spel for det som Blomkvist etter kvart kallar for Salaschenko-klubben (frå no av klubben). Klubben hev fleire pensjonerte medlemer som hev engasjert seg periodevis. Det er two av desse som tek komandoen når det tek seg upp. Den eine skyt Sala, fyre han skyt seg sjølv. Men trass i at denne mannen skyt seg, er det ingen som greider å avsløra klubben, fyre Blomkvist kjem inn i eit samarbeid med PST. Gjennom systematisk yvervaking og ein del hell, greider PST saman med det vanleg politiet i løynd å avsløra dei sentrale personane i klubben, utan at dei sjølv vert klår yver det.

Det siste er vesentleg for det gjeng seg til rettsak mot Salander. Ho vert skulda for ei rad mindre kriminelle tilhøve. Det er ikkje det viktige, derimot at klubben trur dei skal lukkast i å få åklagaren til å gå inn for å gjera Salander utilrekneleg og få henne inn på psykiatrisk klinik. Soleis er det viktig at Salander får hjelpestemann som kann arbeida i fred og ro.

Leidaren for Milton Security, Mikael Blomkvist, Blomkvists syster Anna Giannini og Henrik Palmgren utgjer etter kvart eit lag som arbeider for Salander. Dei gjer det dei kann for å få ut den sanne historia um det som hev hendt med Salander. Blomkvist skriv ei heil bok um Salander og dei krefte som hev stade bak henne, samstundes som at han skal gjeva ut menneskesmuglarboki til venen sin, og i tillegg skal det koma ut eit spesialnummer av Millennium og ein fjernsynsreportasje som syner fram konspirasjonen mot Salander.

Ikkje nok med dette Salander hev hackarvener som driv med spaning millom anna på åklagaren. Dei hev òg saman med Salander avslørð at Trelleborian hev ei datamaskin full av barneporno.

Då rettsaki nærmar seg vert klubben desperat. Dei prøver å planta dop heime hjå Blomkvist og deretter på å drep han. Drapsfreistnaden fører med seg ein knekt finger, men elles greider Blomkvist seg etter måten godt.

Dei siste hundre sidone er nærmast ein parademarsj i høve til at det meste gjeng gale for klubben og alt gjeng Salander og Blomkvists veg. Høgdepunktet er definitivt då Trelleborian som er hovudvitne må forlata vitneboksen og vera med politiet. Domaren må slå fast at han aldri hev upplevt at hovudvitnet til åklagarsida hev vore nøydd til å forlata salen under ståande rett. Fyre Trelleborian må forlata salen, hev han vorte fullstendig vengjeklyppt av advokat Giannini.

Saki mot Salander fell fullstendig frå kvarandre. Salander vert frikjend og myndiggjort. Salander må til politforhøyr, men endar upp med å forlata Stockholm for å reisa til Gibraltar for å undersøkja korleis det gjeng med ein mann som ho hev sett til å røkta milliardformua si.

Då Salander kjem heimatt fleire månader seinare, fær ho vita at ho hev eit arveuppgjer knytt til faren. Ho reiser ut til ein av eigedomane hans. Der uppdagar ho Niedermann. Niedermann vil drepa henne, men Salander greider å få spikra føtene hans fast til eit golv. So forlet ho han og ringjer motorsykkelmiljøet. Dei kjem til staden, og Salander ringjer politiet. Etter dette levendet kjem Blomkvist på vitjing til Salander. Salander tek imot han. Ho hev vore sjalu på at Blomkvist hev havt fleire kvinner enn henne, men no let dette til å ha roa seg ned.

Temai som umsluttar denne trilogien er vald og yvergrep mot kvinner, men òg yvergrep frå byråkratiet mot einskildborgarar. Larsson var ein mann som var uppteken av demokratiske rettar og rettferd. Sjølv um forfattaren heilt klårt stod på den sosialistiske sida av samfundsdebatten, kann ein ikkje segja at bøkene vert eintydig merkt av dette.

Det er det som gjer at kritikken frå Gullieu vert småleg. Gullieu hev gong på gong konstruert politiske komplott som berre verkar langhenta og urealitiske. Ein kann nærmast tenkja seg at han er meir uppteken av å få fram dei rette meiningsane heller enn av samanhengen i sogone sine. Gullieu må òg finna tøffe heltar med politisk korrekte haldningar. Politifolk er som regel og av natur vondkynde i manusi hans. Larsson er utan tvil langt meir reflektert og i stand til å setja saman vanlege folks liv på ulike nivå. Det er klårt nok at hackaren og milliardæren Salander gjeng vel langt yver i fiksjonen, men me er viljuge til å kjøpa ei slik historia, sidan det er underdogen som stend mot dei etablerte.

I boki og fjernsynsserien, fiendens fiende som er sentral i forteljingane um Carl Hamilton, Gullieus sviktar realismen etter mitt syn. Det er meir realistisk at ein hackar greider å svindla til seg milliardar av kronor enn at ein gjeng nynazistar skulde ha interessa av å driva terror mot eit forsvarsmøte. Når Gullieu itillegg vil ha det til at den sovjetiske ambassaden gav agent Hamilton ein høghangande medalje for innsatsen mot nynazistane av di nynazistane vilde setja i gong att den kalde krigen, hoppar eg av. Dette er ein uppkonstruert fantasi av ein utanrikspolitikk og ikkje noko som det er mogleg å forstå for vanlege folk.

Det derimot alle skynar er kor vanskeleg det kann vera å handtera byråkratar som rottar seg saman um å fylgja regelverket og verna um feil dei hev gjort i arbeidet med einskildpersonar.

Den fjorde boki til Larsson skal liggja fyre i manusform. Um me nokon gong vil få sjå henne, høyrer framtid til. Familien ynskjer ikkje å gå ut med henne no. Men det er ingen tvil um at gruppa av menneske som hev lese millenniumstriologien er so stor at kravet og ventnaden um meir er stor og ikkje minst ventar dei mange lesarane på å få sjå dei two siste bøkene på film, so ingenting kann segjast å vera endeleg avgjort enno. Eg gleder meg kor som er til september, då film tuo hev premiere.

Fyrste bandet av soga åt slaveriet

Av Lars Bjarne Marøy

Slaveriet hev ei soga i Noreg

At Noreg skulde vera involvert i kolonisering og slavehandel er vel nokso framandt for dei fleste nordmennar å tenkja på i dag, men det var me faktisk på 1600-talet. Det dansknorske samveldet var ei stor sjømakt, og det var soleis ikkje rart at ein kunde verta involvert i ei av ei viktigaste næringane i verdssamanheng på denne tidi.

I 1673 gjekk fartyet "Cornelia" ut frå Bergen med kurs for "Dend guineische guld og slawe Cust". Skipet var ått av Else Hansdatter Montagne frå Bergen, men andre interesserar hadde lagt pengar i ekspedisjonen.

Ved den danske utposten i Vest-Afrika henta pinassen 103 slavar og frakta deiim yver Atlanten til St. Thomas i Dansk Vestindia.. Skuta var armert med 24 kanonar. Væpningi var livsviktig, for i farvatnet utanfor Afrika vart det drive mykje med kaperverksemnd. Else Hansdatter Montagne var dotter av Hans Hansson Schmidt, byen sin tidlegare borgarmeister. Han hadde truleg medeigarinteressa i ekspedisjonen.

Utanfor Cuba ligg Møydomsøyane, eller Virgin Islands. Danmark/Noreg yvertok St. Thomas frå

England i 1670, St. Jan vart kjøpt i 1684 og St. Croix frå Frankrike i 1733. Me bygde oss altso upp landeigedomar i tilknyting til slavehandelen. Då det dansknorske samriket skulde kolonisera St. Thomas i 1671, var det fåe som melde seg friviljut. Statsmaktene henta difor fangar frå Bremerholm og kvinner frå Spindehuset i København, og frakta dei um bord på skuta "Færø". Ho var i so därleg stand at skiparen måtte inn til Bergen for reparasjonar. Her nyttja fangane høvet og stakk av.

I januar 1672 byrja "Færø" på turen sudyver, men no med 190 festningsslavar um bord, mange av dei frå Bergenhus. Dei som ikkje døydde på ferdi, bukka raskt under i det framande klimaet. På slutten av året var færre enn 50 enno millom dei levande, og det var ikkje på grunn av därleg handsaming. Ein må tenkja seg att fangane var verdfulle for dei som hadde deim med seg. Ein frakta ikkje menneske yver store avstandar utan at det var av di dei skulde vera nyttig arbeidskraft.

Styresmaktene innsåg at her nyttja det ikkje med kvit arbeidskraft. Det er då Else Montagne ser fyre seg eit høve, og søker kongen um å få rusta ut ekspedisjonen til den danske utposten på "Slavekysten". I 1673 set vesle "Cornelia" kurs for Vest-Afrika. Dette var byrjingi på ein 100 år lang dansknorsk slavehandelsperiode, der Jørgen Thormøhlen òg vart engasjert i 1690. For honom vart dette eventyret ein økonomisk katastrofe, og enda med dundrande konkurs. (Bergens Tidende 7.11 2004)

Dick Harrison med ny storproduksjon

Denne innleidingi syner oss at Noreg hev vore ein part av slavehandelen. Slavehandelen høyrer med til vår eigi fortid og soga, men korleis ser soga um slavehandel ut frå dei tidlegaste tider og fram til i dag? Dette er spørsmål som historikaren Dick Harrison er uppteken av. Denne mannen som aldri let til å trøytna på å skriva mursteinsbøker. Det seinaste året hev Harrison gjeve ut Slaveriets historie 1 og romanen Ufärd som han jamvel hev bruka 19 timer på å lesa inn på band. Og nett i skrivande stund er Slaveriets historie 2 på veg ut i butikkane i Sverige. Boki vert ikkje lansert i Noreg, so vidt eg veit. Det er i seg sjølv eit teikn på at norske forlag og fagmiljø ikkje hev fatta kva slags kapasitet Dick Harrison er. Dei siste tri bøkene til Harrison rømer ikkje mindre enn kring 1600 sidor. Eg undrast kva for ein norsk historikar i Noreg etter Halvdan Koht som hev makta noko liknande. Desse siste tri bøkene kjem på toppen av ein haug andre tjukke bøker. Harrison let til å vera i stand til å skriva mest ustoppande og sers lett.

Um volumet til Harrison er stort, so vil ikkje det segja at han er vanskeleg tilgjengeleg, snarare tvert um. Han opnar dører heile vegen og han fylgjer lesaren som ei mor eller ein far fylgjer barnet sitt til skulen dei fyrste dagane i skuleåret. Innimillom historiografiske framstellingar kann Harrison dra ut einskildscenor og einskildlagnader og dramatisera deim gjennom å føra lesaren inn i livet deira. Innleidingi til Slaveriets historie 1 er karakteristisk på den måten. Han innleider med å skildra ein engelsk sjøkaptein. Han skriv at kapteinen truleg var eit godt menneske som Harrison vilde ha lika. Han vilde truleg ha vore glad i blomar og so vidare. Akkurat då me trur at Harrison hev prata seg burt, kjem han fram til poenget. Sjøkapteinen driv med slavehandel, og so hev me kome inn i sjølve emnet og Harrison kann bruка innleidingi til å koma vidare i framstellingi. Det er berre det at lesaren hev kome inn i livet til ein person. Lesaren hev fenge eit inntrykk av kva fenomenet slavehandel innebar i praksis, og det er slike grep som gjer at Harrison meistrar å skriva medrivande, samstundes med at han maktar å lyfta dei fenomeni han skriv um upp på eit høgt fagleg nivå. Det er ei makalaust fin evna, og den presise og grundige gjenomgangen hans lyfter Harrison langt uppyver bestseljande heil- og halvamatørar i sogefaget. Harrison er ein bestseljande kvalitetsforfattar.

Slaveumgrepet

I byrjingi av bok peikar Harrison på at slavehandel er eit eintydeleg negativt umgrep. Jamvel krosstogsromantikarar, slumromantikarar og millomalderromantikarar finst det, endå um fyrelekkane er sers lite positive, men det finst ikkje nokon slaveromantikar. Slavehandel er rett og slett eintydeleg negativt, og det er so lite politisk korrekt å forsvara slavehandel i notidssamfundet at det snaudast kann tenkast at nokon vil kunna vinna fram med det i vår levetid. For eigi rekning høyrer eg fyre meg umgrep som sexslave og slavekontrakt og liknande frå norske media, ikkje serlegt upplyftande termar mildt sagt. Slavehandelen som nøytral term er gravlagt ein gong for alle. Men det er ikkje noko uvanleg med slavehandel historisk sett. Det er snarare det vanlege at ein brukar slavar. So lenge ein hev skriftlege kjeldor hev ovrangi eksistert. Det er fyrst dei siste two hundredrad åri at fenomenet hev vorte

negativt lada og ikkje nøytralt slik det var fyrr.

Etter at me kann slå fast at umgrepet er negativt, kann me vidare slå fast etter Garrison at umgrepet slave i medvitet vårt er knytt til svart hudfarge. Me tenkjer snøgt på Onkel Toms hytta eller fjernsynsserien Røter når me ser fyre oss ein slave. Bomullsplantasjar og slavar i Sambandsstatane vert snøgt knytte i hop. Men det er ikkje upplagt at slavehandelen historisk sett skulde vera knytt upp til svart hudfarge. Det hev tvert imot funnest slavar med alle typar hudfarge. Garrison tek fyre seg slavehandelen frå dei tidlegaste tider millom sumearane, via antikken gjennom millomalderen og gjeng gjennom fleire heimsluter: Afrika, Asia, Midt-Austen, Europa og Amerika. Yveralt finst det slavehand i ulike former. Det er ikkje berre Afrika og Amerika som er einerådande, slik ein kunde tru i samtid.

Men når det gjeld ideen um slaven som ein person som hev svart hudfarge, so er det ingen tvil um at forskarane hev forsterka denne tokken. Det hev vore rikelegt av kjeldor på slavehandel i Sambandsstatane. Sambandsstatane er som Garrison peikar på kulturelt dominerande, engelsk er eit dominerande verdsspråk, og den amerikanske slavehandelen ligg nær oss i tid. For eigi rekning vil eg leggja til at det snaudast finst so mange ressurssterke personar med ulik afrikanske bakgrunn som i Sambandsstatane. I den grad dei vil skriva si soga, noko som det ligg naturleg til rettes for, so hev dei større økonomisk evna til å få det til. Det er dyrt å gjeva ut bøker og å driva forsking. Ein må dessutan rekna med at dei hev det største samlande arkivmaterialet um emnet. Der imperialistmaktene kløyvde Afrika, samla slavehandelen i Sambandsstatane menneske med afrikanske røter.

Harrison viser altsø til at det er gjort mykje arbeid um slavehandel i Sambandsstatane og i tilknyting til perioden millom 1500- og 1800-talet. Det er òg vorte gjort ein god del arbeid kring slavehandel i antikken, men elles er framstellingi av slavehandelen si soga sers slumpesamt handsama. Det er store og og merkelege holrom innimillom nokre djupdukk i detaljar. Det blømde i lange tider slavehandel ved kystene til det indiske havet, men kjeldene til og forskingi kring dette slavehaldet ,er ikkje utgranska på langt nær so mykje at ein kann jamføra det med slavehandelen yver Atlanterhavet. India, Kina, Midt-Austen og slavehandelen i millomalderens Europa er alle ovringer som er lite utgranska.

Harrison er skeptisk til dei som fordømer og avviser slavehandel utan å studera kvifor det oppstod og kva funksjon det fylde og kva mening det gav for folk i samtid. Fenomenet må ikkje berre verta redusert til ein negativ historisk visjon. Skal det lukkast å verta kvitt det som finst av slavehandel i dag, må ein tvert um problematisera slavehandelen og studera korleis han hev funksjonert uppigjenom tidene.

Ei rad forskrarar hev freista å definera fenomenet og ordet slave. Garrison peikar på at han finn tri drag som alltid kjem inn når ein skal definera slaven. For det fyrste er slaven ikkje å sjå på som eit menneske, men som ei vara som kann seljast og kjøpast. Vedkomande hev ikkje rett til å vera ein eigen person reint juridisk. Andre menneske hev vore eigedomslause, men slaven eig ikkje ein gong sin eigen kropp. Ikke berre kann slaven kjøpast og seljast, men også straffast av eigaren.

Harrison meiner denne definisjonen hev ein veikskap med at at det kann vera vanskeleg å forklåra kva som er å eiga. Ulike kultur hev forskjellige eigedomsumgrep. I sume kulturar er det uforståeleg at ein kann eiga en ting, eit jordstykke eller eit menneske. I andre kulturar er eigedomsretten gradert. Sjølv i vår kultur er eigedomsretten problematisk. Me kann vera deleigar, leiga, leasa og liknande. Ein fotballspelar som vert selt frå klubb til klubb er på sett og vis òg ei vara, men ingen vilde koma på å kalla ein fotballspelar for slave. Det å eiga ein person kann difor vera forskjellige ting utfra kva forfedrane våre hev meint med det.

For det andre brukar ein å leggja vinn på at slaven er ein framand, ein person som saknar ein gjeven plass i eit familiebasert sosialt netverk. I visse system stend slaven og etterkomarane hans for alltid utanfor det sumfundet dei arbeider i , dei er permanente framandfolk, medan det i andre opne samfund skjer ein gradvis integrasjon av slavar, slik at dei til dømes vert frie.

For det tridje meiner Harrison at det ofte vert fokusert på at slaven vert slave på bakgrunn av eikor slags form for vald, og utan trugsmålet um endå meir valdsbruk, kann ikkje slavesystemet funksjonera. All ufridom byggjer på trugsmålet um konkret maktutøving. Dimed er det ikkje sagt at

slaven alltid vil verta dårlegt handsama og må lida under ævlegt vinande piskor, men utan vald skulde fleirtalet av slavar fyrr eller seinare leivna eigarane sine og søkja etter eit liv i fridom.

Harrison gjeng grundig til verks i boki og segjer alltid innleidingsvis at han kjem til å koma inn på samfund der definisjonsvariablene ovanfor ikkje kjem til å fungera. Harrison er ikkje uppteken av å få ein modell eller ein definisjon til å gå upp. Det er viktigare å få fram dei ulike fenomeni slik dei ovra seg. Folk hev vorte so fatige at dei hev vore nøydde til å verta slavar. Andre hev vore frie, men vorte tvinga til tvangsarbeid. Grensa millom å vera fri og å vera ufri er soleis flytande og vanskeleg å draga. Når ein kjem til det arbeidet som slavane hev gjort er det serleg two typar: anten er det jordbruksarbeid eller anna utearbeit i gjengar av slavar, eller dei hev vore husslavar hjå eigaren. Husslavehandet hev alltid vore utbreidd mange stader og til ulike tider. Sume slavar hev vorte administratorar, slik som slavane til sultanen i Konstantinopel eller mamelukkane i Egypt.

Slavehald og Afrika

Slavehandel heng saman med at det finst arbeid som må utførast, men som folk ikkje ynskjer å utføra. Der det er god tilgang på jord, vil dei som skal arbeida på jordi måtte tvingast til det. Dei kann då reisa og finna seg jord til seg sjølv Heller enn å arbeida for ein annan. Forskarane hev diskutera um Afrika utgjer eit undantak. I lutar av Afrika hev det vore lite tilgang på jord. Det kann soleis sjå ut som at det er viktigare å få kontroll yver menneske enn å få kontroll yver jord. I mange regionar i Afrika var jordi snøgt utbrend, og det var ikkje jamm tilgang på nedbør. Anten fekk ein ikkje regn i det heile eller so kom det regn i yverflod. Det tropiske klimaet fremja framvoksteren av skadedyr som gjorde det heile verre. Å halda buskap, fiska og driva jakt kunde vera vel so effektive verksemder som leveveg i Afrika som det jordbruket var. Jordi var ikkje nokon trygg verdemælar, slik som i til dømes Europa, der jord var ei god investering. Den menneskelege arbeidskrafti var derimot langt meir verdfull. Same um ein dreiv med fiske, jakt, buskapshald eller jordbruk, trong ein folk til å arbeida for seg. Det var meir gjevande å slåst for å skaffa seg slavar enn for å skaffa seg jord som kunde vera ei sers uviss investering når ein fekk uår.

Det var dessutan liti utvikling på jordbruket sud for Sahara. Folk hadde ikkje lært seg til å bruka plogen. Det gjorde det uråd å driva intensivt jordbruk. Når ein dreiv jordbruk med hakka og spade, kravde det større umråde og produserte mindre korn. Den teknologiske mangelen gjorde det naudsynt for jordeigaren å ha godt med arbeidarar på markene.

For det tridje fanst det meir jord sud for Sahara enn det fanst folk som kunde taka henne i bruk. Afrikanarane var fåe i høve til det landet dei budde på. Å taka kontroll med nye teigar (territorium) var relativt lett for ein afrikansk hovding, men han måtte kjempa hardt for å vinna kontroll med arbeidskrafti. Det var viktigare å få kontrollen yver ei gruppa menneske enn å få kontroll yver eit visst territorium. Det var difor det mest gagnlege for herskarane å driva med slavehandel for å løysa ubalansen millom jord og menneske til å arbeida på jordi.

Mange forskrarar hev slege seg til tols med denne slutningi, men Harrison er ikkje nøgd med slutningane. Han hevdar at historikarane hev teke i miss. Han meiner at det ikkje var upplagt at yverskot på jord og mangelen på arbeidarar skulde føra til slavehandel. Det var ikkje upplagt at Afrika skulde verta slavehandelen sitt upphavskontinent.

Det fanst andre alternativ enn å rida ut og fanga slavar, hevdar han. Ei mogleg løysing kunde vera å integrera arbeidsmarknaden med handteringi av lovbytarar og utvikla eit system av straffangar. Eit anna alternativ kunde vera å få folk til å flytja frå eitt territorium til eit anna mot godtgjersla i form av i form av mat eller andre verdefyremål.

Det verkar vel konstruert å visa til andre løysingar frå Harrisons sida, men det er klårt at det var ikkje upp og avgjort at det skulde verta slavehandelen som skulde løysa skorten på arbeidskraft i Afrika. Det er likevel god grunn til å fokusera på dei faktorane som kunde føra fram til det som vart løysingi utan at ein tek løysingi for noko gjeve. På det viset meiner eg at Harrison hev eit poeng.

Slavar kom som oftast frå utlandet

Når ein ser etter fleire fyresetnader for slavehandel enn skort på arbeidskraft er kontakten med andre land og sivilisasjonar sers grunnleggjande. Det er fåe land som i utgangspunktet vil gjeva frå seg eigne innbyggjarar til å verta slavar i andre land, i alle fall ikkje i tilknyting til krig og plundringstog. Å missa borgarar til utlandet og vita at dei gjeng inn i eit tilvære som slavar er ikkje noko som er gunstig for herskaren i eit land å vera med på. Slavetrafikken førde ofte slavane burt frå heimlandet til nye land og rike der dei ikkje var kjende. Der hadde dei fåe høve, samanlikna med i heimlandet, til å verta frie eller til å få hjelp og sympati.

Det trongst nye laster av slavar etter at den fyrste generasjonen døydde ut, for det var dei færraste av slavane som ynskte å reprodusera seg medan dei framleis var ufrie. Hadde dei eit høve til å verta frie, vilde slavane venta med å få seg familie til dess dei vart frigjevne. Dessutan var det ikkje alltid like lett å få lik tilgang på kvinner og menner i dei rette alderskategoriane. I sume høve vilde ein til dømes berre ha kvinner til å vera husslavar og i andre høve ynskte ein gjengslavehandel med menn som skulde驱ra med hardt kroppsarbeid.

Det einaste dømet som Harrison kann finna på at slavehandel so og segja hev gjenge i arv er i sørstatane i Sambandsstatane. Dette er eit uvanlegt og einstaka tilfelle og ikkje noko mynsterdøme på korleis ufridomen var for fleirtalet av menneski som var slavar.

Slavehald i antikken

Slavehandel vert fyrst for ålvor framherskande i Hellas umkring år 3-400 fyre Kristus. Grekarane kom med etter måten mange legitimerande orsakingar til at dei hadde slavar i samfundi sine. Dei variera frå tenkjar til tenkjar. Ei vidgjeti forklaring gjekk ut på at visse menneske frå naturen si sida var slavar. Av det fylgde tankegangen vidare at det var godt for deim å vera innanfor slavesystemet, og slaveigarane var like naturlege på eigarsida. Platon segjer ikkje dette rett ut, men det ligg implisitt i samfundssynet hans. Aristoteles gjer ingen løyndom av at han delar synspunktet. Slaven er etter Aristoteles ein ukse i menneskehøgda, og ufridomen er sanksjonert frå naturen si sida.

Den største arbeidsplassen for gjengslavehand i den greske verdi var sylgruvone i Laurion på 400-talet fyre Kristus. Her kann det ha arbeidt so mange som 20 000 slavar. I år 413 førde ein Sparta-invasjon til masseflukt og gruvone vart liggjande nede til dess gruvedrifti kom i gong att for fullt i um lag år 330 fyre Kristus. Harrison dreg fram mange forvitnelege forteljingar og kjeldor, millom anna synerhan til ei forteljing um korleis Paulus sender attende ein slave til slaveeigaren sin. Paulus segjer at slaven hev vorte som ei bror for han og at han sender honom frå seg med vondt hjarta. Det skal vera råd å lesa inn at slaven hev rymt frå eigaren sin og truleg òg hev stole. Paulus vil kompensera for stulderen og vonar at slaven kann verta like kjær for eigaren sin som han hev vore for Paulus. Både slaven og slaveeigaren er kristne. Slaven hev vore i den kristne krinsen kring Paulus.

Slaveuppreistar i antikken

Det fyrste slaveupprøret me hører um frå truverdige kjeldor bar til i 198 f.kr. Det gjekk fyre seg ved Setia og historieskrivaren Livius fortel um det. Romarane hadde teke mange karthagiske krigsfangar under den andre puniske krigen. Fangane hadde militær bakgrunn og dei tidlegare militære leidarane deira var haldne i fangeskap rett attmed dei. I ettertid kann ein sjå at det var svært lite smart å samla på same stad folk frå ei etnisk gruppa som var stridsvande og nyss hadde tapt eit audmjukande slag. Når upprøret ikkje vart vellukka kom det seg av at two slavar sveik uppreistfolki og fortalde romarane kva som var på ferde. Det enda med at leidarane vart hekta, og 2000 mann vart straffa.

I tidi kring år 100 f.kr. kom det store mengder slavar til storgods i Sud-Italia og Sicilia. Korkje romarane eller grekarane hadde røynslor med slike mengder med slavar i jordbuksslavehald, serleg sidan det var slavar som var åtte av private menner. Tidlegare slavar hadde vore sette under kongar og hadde vore med på store byggjeprosjekt og dilikt, men dette slavehandet var noko anna. Tusundtals slavar arbeidde no for yversjiktet av dei romerske innbyggjarane. Dei vart drivne fram i tog og i lekkjar og dei var brennmerkte av hjelpesmennene åt eigaren. Disiplinen var hard og han kunde utarta seg i eit valdelegt skrekkelde.

Store menger slavar hadde vorte sette til å vera gjetarar. Dei kunde koma seg fritt ikring og hadde

mykje fritid, men hadde ikkje nok mat til å greida seg. Dei vart nøydde til å plundra og rana folk for å yverleva og med kvart vart ferdavegane kring teigane deira utrygge. Kring år 135 endar dette tilstandet med at den fyrste kjende slavekrigen bryt ut.

Det er ingen slavar som hev fortalt um eit antikt upprør, so me veit ikkje mykje um korleis dei såg på det heile. Upprørsleidaren var ein syriar som vart kalla Eunous. Han var husslave. Han gjekk for å vera både ein trollmann og ein spåmann, og kor som er mange trudde på honom, og han var kjend millom slavane. Ein dag kom nokre uppreistmenner til Eunous og spurde um dei vilde lukkast um dei drap eigaren sin. Eunous sa at det kunde dei, men berre dersom dei slo til med ein gong. Eunous var leidar for ein slavearme som slo attende ein romersk arme på 8000 mann. Då Eunous og slavane til slutt tapte, var det denne gongen òg eit svik som avgjorde utfallet. Ein av slavane sleppte romarane inn i byen der dei hadde umlægra seg. Romarane slo ned alle uppreistmennene fullstendig.

Spartacus hev vorte ståande som ein sentral uppreistmann grunna filmen med same titelen. Denne uppreisten bar til i åri millom 73 og 71 f.kr. Åstaden var endå ein gong Sud-Italia, men ikkje på Sicilia, men derimot på fastlandet. Slavane var ikkje interesserte i eit eige rike slik som slavane i det tidlegare upprøret hadde ynskt. Dei ynskte derimot å venda heim til heimlandi sine. Dei greske historikarane Plutarkos og Appianos hev skildra den slaveuppreisten som Spartacus leidde. Både historikarar legg vekt på at slaveeigarane var svært brutale, og utan denne brutaliteten vilde slaveuppreisten truleg ikkje ha bore til.

Det heile tok til med mindre revoltar frå gladiatorane, leidaren var Spartacus som stamma frå thrakarane, ei nomadestamme på Balkan. Spartacus bytte bytet frå herjingane sine likt millom dei som fylgte honom. Det førde til at mange nye tilhengjarar slutta seg til honom. Senatet måtte til slutt senda ut både konsulane, Gellius og Lentulus, for å føra krig mot slavane. Slavane kann ha havt so mange som 100 000 mann under sin komando, um ein skal tru Appianos. Spartacus slo både konsulane og vende seg mot Roma.

No var Roma i fåre og det måtte setjast hardt mot hardt for å slå ned Spartacus. Macus Licinius Crassus var ein av dei rikaste mennene i Roma, og han vart sett til å føra krigen mot Spartacus til endes. Han fekk seks legionar til sitt rådvelde, attåt dei legionane som dei to konsulane rådde yver fyre dei vart slegne. Crassus sende ut styrkar som skulde liggja bak Spartacus og stå Reiduge til å slå til når Spartacus møtte motstand, men desse styrkane gjekk til åtak på Spartacus mot den orden dei hadde fenge og tapte. Dei vart hardt straffa då dei kom attende til Crassus.

Seinare grov Crassus eit stort dike som sperra Spartacus frå lett tilgjengelege forsyningar. Men Spartacus skal etter Plutarcos ha greidt å få ein tridjepart av heren sin yver diket i ei myrk vinternatt. Det let kor som er til at Crassus gjennom avskjeringane greidde å kløyva den store armeen til Spartacus. Etter eit hardt sluttslug var alle slavane kring Spartacus nedkjempa. Det var vandslegt å samla slavane under ein solid leidarskap. At Spartacus meistra det so lenge som han gjorde er kannhenda vel so interessant som at han til slutt vart utsett for mytteri og revoltar. Ettertidi hev late seg fascinera av korleis Spartacus kunde greida å stå fram mot yvermaksi. Romarane var korkje mentalt eller militært fyrebudde på noko slikt, og det gjekk lang tid fyre dei innsåg ålvoret. Lærdomane etter Spartacus-uppreisten må ha vore viktig for at slavehandelen skulde kunna halda fram og verta betre utbygt.

Under keisartidi var adminstrasjonen betre utbygd både sentralt og ikkje minst ute i provinsane. Korrupte tenesteminner vart avsette. Armeen vart betre kontrollert og kunde disponerast på det mest fyremålstenlege viset. Dersom det kom gjetord um nye slaveuppreistar, visste styremaktene kva dei skulde gjera.

Spartacus hev vorte ein symbolsk figur i ettertid. På 1700 talet vart det skrive eit skodespel med utgangspunkt i Spartacus sitt liv. Forfattaren var franskmannen Bernard Joseph Saurin. Han let til og med dotteri til Crassus verta hugteki i Spartacus. I Lessings og Grillparzers dramatikk symbolisera han motstand mot tyranni. Frimurarane adopterte honom som ein fridomshelt i kampen mot katolisismen. Nasjonalistiske grupper identifiserte seg med honom på 1800-talet.

I den sosialistiske arbeidarrørla nytta dei Spartacus som symbol på alle heroisk klassekamp gjennom

tidene. Både sosialdemokratar og kommunistar rekna dei antikke slaveuppreistane som epokegjerande hendingar i verdssoga. I Sovjetunionen vart Spartacus ein superhelt, og han vart framsteld i bilete som ein variant av Jesu krossfesting. Idrottsleikane i Aust og Sentral Europa vart kalla for Spartakiadar.

Kristendomen og slavehald

Det er ingenting ved innføringi av kristendomen som let til å påverka folk flest si oppfatning av slavehandelen. Den første kristne keisaren Konstantin gav løyve til sers umfemnande valdsutøving mot slavane. I ei lov gav han slaveigarar løyve å å slå, piska og setja lekkjor på den ufrie arbeidskrafti si. Berre i heilt ekstreme høve vil han segja at slaveigarane gjer noko ulovleg. Det er:

- Um eigaren slær i hel ein slave med ein hard kjepp, ein stein eller eit våpen.
- Um han let slaven verta hengd, forgiftar slaven eller syter for at slaven vert kasta utfor eit stup.
- Um han utset slaven for straff som berre staten kann døma slaven til, til dømes let villdyr slita slaven til døde med klør eller brenner slaven på bål.
- Um han let slaven verta pint i hel.
- Um slaveigaren piskar ein slave til døde eller slær han med anna utstyr enn ovanfor. Er slaven sin daude valda ved eit arbeidsuhell, er det i orden og må akseptera. Det som derimot er ulovlegt er å drepa ein slave med fritt forsett.

Fleirtalet av dei kulturar og samfund som hev vore kristne dei siste 2000 åri hev utan tvil godteke slavehandel. Bibelen tek slavehandel som ei naturleg livsovring. Men menneski er likeverdige for Gud um dei er slavar eller frie. I Efeserbrevet og Kolosserbrevet vert det slege fast at slavar og herrar skal visa einannan ymsesideleg kjærleik og umsyn (Ef 6:5,9 og Kol 3:22, 4:1). Både millom jødar og kristne var det utenkjølegt å fordøma ufridom som ei ovring. Ovrangi var godt innarbeidt og vart uppfatta som ei naturleg ovring.

Harrison meiner det er uråd å finna fram til døme på at slavehandel vart kritisert eller gjort meir humant etter at kristendomen vart innførd. Men det kann vera at kristendomen førde til at fleire slavar vart frivgjevne av di det å sleppa slavar fri vart rekna for ei høgverdig og from gjerning som rikfolk gjerne vilde gjera. Kyrkja fekk i alle fall rett til å gjeva slavar fridomen i kyrkja, men Harrison meiner dette berre tyder at kyrkja hadde vorte integrert i den juridiske råma som slavesystemet hadde og ikkje at det var ynskjeleg for prestane å驱ra med masseutfriing av slavar.

Siste bolken av denne bokmeldingi kjem i næste utgåva av bladet (nr 1. 2008). Red.

Fyrste bandet av soga åt slaveriet - Part 2

Av Lars Bjarne Marøy

Målmannen presenterar andre bolken i bokmeldingi åt soga um slaveriet. Den fyrste bolken stod på prent i nr 5/07. Red.

Millomalderen

Slavehandel vert gjerne tilskrive antikken og ikkje millomalderen, men det vil ikkje segja at slavehandelen tok slutt under millomalderen. Heilt fram til seinantikken hev me godt med kjeldor på

slavehandel og trulegt er husslavar mest utbreidde under yvergangen til millom-alderen. Det fyrste ein må merka seg med slavehandelen når ein gjeng frå å studera slavehaldet i antikken til å studera slavehaldet i den europeiske millomalderen, er at ein gjeng frå å ha slavar i eit stor imperium til å ha slavar i mindre konge- og hertugdøme. Kjeldene frå 400- og 500-talet ser heilt like ut med det som ein hadde fyre denne bolken, meiner Harrison.

Harrison meiner at det er meir uklårt korleis slavehaldet hev vorte organisert. Det er brest på upplysninga um produksjonstilhøvi. So lenge dei gamle antikke storgodsi vart ståande, meiner Harrison at det var heilt naturleg at ein heldt fram med slavehaldet som fyrr. Yvergangen frå slavesamfunn til feudalsamfund vert understreka av mange historikarar, serleg marxistane, men når gjekk denne yvergangen fyre seg? Det fyrste dømet på samfund med ein sentral hovudgard og ein periferi med rentebetalande bønder stammar frå 500-talet i Padua i Nord-Italia, men det er eit isolert tilfelle som berre kann leggjast til grunn for vase hypotesar. Deretter drygjer det two hundrad år fyre me fær meir informasjon.

Men på hi sida er det holder ikkje serleg mange kjeldor som borgar for at det fanst massar av slavar som arbeidde på storgods. Det finst derimot eit utal med kategoriar av jordbruksarbeidarar som ser ut til å ha vore halvfrie, frie, slavar eller heilt frie. Det gjer det vandsleg for ein notdig historikar å finna ut korleis slavesystemet kann ha fungert. Kjeldene er knytte til millom anna lovsamlingar og frankiske og galloromerske testament. Slavehald vart ikkje under noko umstende problematisert i dei kjeldene me hev. Det vart godteke.

Det finst two teoriar um kva tid det storskalige slavehaldet kann ha teke slutt. Den franske historikaren Marc Bloch meiner at slavehaldet kvarv som storfenomen på 700- 800-talet. Ein seinare fransk historikar, Georges Duby, meiner at slavehaldet vart verande ein grunnleggjande samfundsinstitusjon heilt fram til 1000-talet. Både synspunkti byggjer på veike fundament. Kjeldetilfanget er som oftast avgrensa til visse regionar i Frankrike. Dersom ein derimot gjeng til England eller Italia, vert det lett å stella spørsmål ved påstandi til dei franske historikarane. Dei fleste etterkrigshistorikarane hev studt upp um Dubys hypotese. Ekspertar på ufridom som hev teke standpunkt til dei two historikarane styd som regel Duby.

Harrison meiner at det er tri grunnar som fær honom til å tvila på både teoriane:

1. Framfor alt er eit halvt millennium for lang tid til at me kann uttala oss lettøyselegt um tufti til heile økonomien. Harrison meiner at me må ha respekt for at det var eit mylder med gardar, landsbyar og byar som vart grunnlagde, utvikla seg og blømde på heile kontinentet på 500 år. Å generalisera yver heile dette tidsrommet og kontinentet er uforsvarleg.
2. Det held ikkje med punktstudium av einskildlandsbyar og greivskap i Frankrike. Kjeldene er for fåe.
3. Det er mange variasjonar. Under antikken levde hus-, jordbruks-, administrasjons-, handverks-, og gruveslavar under heilt ulike vilkår. Juridiske og sosiale definisjonar kann skilja seg mykje. Jamvel um lovgjevarane vil putta frie og ufridom i ulike båsar, kann dei snøgt koma til å hamna i same bås i samtid sin praksis. Ufridom hev vorte eit viktig og negativt umgrep i dag. Det er ikkje visst at det var oppfatta sameleis for 1000 år sidan.

Problemet med termen servus

Harrison understrikkar endå ein gong at ein må vera varsam med å freista å tolka termar slik dei vart nytta i eldre tider. Han viser til hamburghistorikaren Hans-Werner Goetz som hev gjenge gjenom ei mengd kjeldor frå 700- og 800-talet. Gjenom ein noggrand analyse viser han at det fanst ufridom bønder i det frankiske imperiet, men at dei er vadslege å plassera etter det gamle romerske systemet. Fridom og ufridom kunde skilja seg mykje frå det me i dag oppfattar som fridom og ufridom. Goetz set derimot opp ei trideling av korleis ein servus skulde kunna oppfattast etter den juridiske skipnaden, det sosiale systemet og den økonomiske funksjonen på godset.

Juridisk sett var ein karolingsk servus eit ufrift menneske. Han høyrde til herren sin og vart sett på som noko heilt anna enn ein fri mann. Lovene reflekterte derimot eit eldre samfundssystem. Dei hadde kome til langt tidlegare og vart førde vidare endå samfundet endra seg.

Sosialt sét definera ein ikkje servus som ein ufri, men berre som ein som var i ei underordna stoda andsynes godseigaren. Dimed kom termen servi i mange kjeldor til prinsipielt å vera meint for alle arbeidande menneske på eit gods, juridisk frie som ufrie.

Når det gjeld den økonomiske funksjonen meiner Goetz at jamt fleire servi under den karolingiske tidi gjekk yver frå å ha vore botne til godset i seg sjølv til å verta underordna brukarar på eigne jordvald.

Den sosiale mobiliteten gjekk både vegar. Sume servi avanserte til å verta juridisk frie, medan andre frie vart tvinga til å gjera meir og meir arbeid på godset.

Venedig og Genova var mektige statar frå kring 1100-talet og framover. Desse statane hadde so store inntekter grunna umsetnaden av luksusvaror at dei kunde føra krig mot einannan med innleidde herar. Venedig kann sjå ut til å ha vore leidande når det gjeld slavehandelen. Kor som er vart det ført slavar frå Balkan. Det finst det kjeldor på frå millom anna 1281. På heile 1300-talet var Bosnia merkt av veike leidrar. Landet vart rekna som eit legitimt mål av di det fanst kjettarar og avvikarar frå den sanne kristne trui der, difor var det ikkje syndig for katolikkane å føra krig der. Då tyrkarane kom inn på Balkan, tok slavehandelen der slutt. Det vart for risikabelt å føra slaveraid der då.

I mange høve vart det drive samarbeid millom ulike slags interessentar um slavehandelen. Det var ei stor investering å skaffa seg slavar og ikkje lett å skipa til trygg forvaring og transport av slavane. Sumtid når eg les Harrison fær eg tokken av at det italienske slavehaldet må ha vore umfemnande. Andre gonger let det til å vera heilt uviktig. I desse bokane kunde han tviklaust ha skore gjennom og sagt klårare frå um kva som var den røynlege stoda etter hans syn. Han er ikkje god å verta klok på her.

Islam og slavehandelen

Islam var frå starten av ein ekspanderande religion som vann fram med våpenmakt. Ein kann tenkja seg mektige slavar millom slavane i Europa i antikken og millomalderen, men dei kjem ikkje opp mot dei slavane som skulde stå fram i Egypt på 1200-talet. Mamelukslavane grep makti og innførde militærstyre i Egypt. Harrison meiner at det var muslimane som fann upp mamelukane eller slavesoldatane. Ei nyskaping som ikkje hadde funnest fyre islam.

Det grunnleggjande som òg fekk fylgjor for slavehaldet er det at islam ikkje skilde millom det åndelege og det verdslege liv. Både samvitet å einskildmennesket og styreskikken i samfundet gjekk innunder islam og sharia-lovgjevingi. Sharia, som tyder vegen til vassholet, hadde lite sams med det lovstellet som kom upp i Europa og den kristne verdi i millomalderen. Shariaen er æveleg og ubrigdeleg. Det shariaen sa um slavar og slavehald galtdt i alle muslimske land under den europeiske millomaldaren.

Innanfor islam ser ein på slavehaldet som ein skipnad som er innsett av Allah. Ein skil millom frie menneske som er slavar under Allah og ufrie som er under både menneske og Allah. Det er Allah som avgjer um menneske skal vera frie eller ufrie. Det er dessutan two andre grunnfrysetnader for slavehaldet som lærde islamistar hev arbeidt med å tolka:

1. Alle menneske bør i røyndi vera frie. Fridomen er naturtilstanden. Det er Allah som hev gjort skilnaden millom dei ufrie og dei frie. Men det er ein annan skilnad med, den millom dei rettruande og dei som ikkje er rettruande.
2. Ein sann muslim kann berre gjera dei vantrue til slavar, dei som er ikkje-muslimar og som hev nekta å godtaka muslimsk yverherredøme. Med det meiner ein at dei korkje hev vorte muslimar eller hev svara jizya eller den sokalla dhimmiskatten. Desse menneski er fiendslege vantrue og kann heilt lovleg kjempast ned og gjerast til slavar innanfor råma åt Jihad.

Men dette er i teorien, ikkje i det tilskitna praktiske livet. Eit fleirtal av dei tallause slaveproduserande krigane og slaveraidi som hev vorte gjenomførde i den muslimske verdi hev ikkje hatt status av Jihad. Det finst ei rad døme på muslimar som hev vorte gjorde til slavar av andre muslimar. Serleg i dei siste hundreåri i Afrika hev dette vore vanleg.

Etter shariaen er det like fullt heilt klårt at ei kvinne eller ein mann som vert fødd som muslim ikkje kann verta slave under andre muslimar. Islam gjev fridom til og med ved fødselen. I andre kulturar arvar born av slavar statusen som slavar, men ikkje i islam. I praksis kann ein utanlandsk slave gå vyer til islam inngå ekteskap og få born som vert frie. Um ei slavinna fær born med ein muslim vert barnet fritt, og det fær arverett etter faren, for shariaen gjer ikkje skilnad på legitime og ikkje-legitime born. Men når det ikkje kann vera tale um ein arveleg slavestatus, er ein nøydd til å stødt importera nye slavar.

Det er dette som serleg vert interessant å studera i høve til uppbyggjingi av mamelukstyret i Egypt. Innanfor dette styresettet var alle dei leidande i byråkratiet og på toppen av samfundet rekrutterte som slavesoldatar. Slavesoldatane vart plukka ut i ung alder og førde til Egypt der dei vart sette i trening frå unge år og fram til dei kunde brukast som soldatar. Dei kom frå Kaukasus og dei vidstrekte landi nord for svartehavet. Sjølve systemet bygde på eit meritokratisk prinsipp. Dei soldatane som utmerkte seg kunde rykkja uppetter i systemet og til slutt jamvel verta storherskar. Sjølve hoffet kring storherskaren vart bytt ut med herskaren sjølv. Ein ottast for at dei soldatane som hadde tent ein herskar ikkje vilde vera lojale mot den neste herskaren.

Mamelukane si soga tok til i Irak midt i sentrum av det abbasidiske kalifatet. Mamelukinstitusjonen byrja med kvart å slå rot og vart grunnlagd i Spania og Afghanistan. Under dei nærmaste hundradåri vart institusjonen meir og meir utbygd og ein stor part av dei muslimske valdi (territoria) vart styrde av slavesoldatar. Alle herskarane vart tvinga til å måta seg etter intitusjonen sine krav. Skulde ein kunna tevla med grannelandi, laut ein ha like gode og dugande soldatar som deim.

Slavesoldatane fanst yveralt. Me kjenner systemet ikkje berre frå Egypt, men òg seinare i ei litt onnor form innanfor det osmanske imperiet - som Harrison truleg kjem attende til i seinare band, her sluttar han kring 1500.

I andre bandet er han berre so vidt innum det osmanske riket. Han peikar på at osmanarane gjorde sine eigne innbyggjarar til soldatslavar og spa store innkjøpskostnader, jamført med det mamelukane i Egypt laut ut med. Men mange peika på at shariaen ikkje tillet at kristne innbyggjarar som svara dhimmiskatten likevel vart gjorde til slavar. Det var i strid med shariaen, men teori og praksis var ikkje samanfallande i dette høvet.

Slavehandelen og Afrika

Me hev tidlegare sett på korleis historikarane hev freista forklåra korleis slavehandelen kom upp i Afrika. Karavanehandelen yver Sahara var livsførlig. Torste, heite, sol og svolt var alle faktorar som måtte meistrast, um ein skulde koma seg vel fram. I regelen var slavehandlarane sud for Sahara der um vetteren og tok seg nordetter i april eller mai. Um sumaren var dei i Nord-Afrika og selde varone sine og gjorde nye innkaup. I september eller oktober reiste dei sudetter att. Målet deira var å halda seg burte frå ørkenen under den kalde vetteren og den ov-varme sumaren. Attåt varone vart det frakta slavar. Nokre slavar kom til byane i Nord-Afrika, andre vart sende yver Midhavet. Det var serleg kvinnelege slavar som vart sende til Europa. Det tyder på at dei svarte kvinnene var attraktive i kjøkenet - og i sengi - hjå europearane.

Kjeldene til afrikansk soga er fåe og hev kome seint fram i dagen. Det gjer at det er vandsleg å få eit godt bilet av kva som hev gjenge fyre seg. I hovudsak er det dessutan berbarar og arabiske muslimar som gjev oss innsyn i den slavehandelen som gjekk fyre seg i Afrika.

Det fleste vil assosisera svart hudfarge med slavar i dag. Kvifor?, spyrr Harrison. Slavehandelen hev vore verdsumspennande heilt frå forntidi. Harrison meiner at det er sogeløysa og amerikansk kulturpåverknad som hev ført til at me assosierar slavar med myrk hudfarge. Men det finst ei årsak til: Det er at slavehandelen hev vore større i Afrika enn i andre heimslutar.

Det er mykje som er uvisst um slavehandelen i Afrika. Det som hev skaffa oss kunnskapar um slavehandelen er påverknaden frå islam. Hadde det ikkje vore for honom, hadde me truleg visst lite eller inkjevetta um beltet sud for Sahara. Utan at det hadde vore ein so stor etterspurnad etter slavinnor i arabarverdi, og utan at berbarane hadde sett i gong store karavanar, vert uppsvinget av slaveraid og heile slaveøkonomien vandsleg å forkåra. Afrika hadde fyresetnader for å verta viktig innanfor slavehandelen, men då trongst det maktrelasjonar og handelsnettverk for å gjera fyresetnadene til røynleg handel. Når stormenner skaffa fram krigsmaskinor med tusundtals væpna hestemennar, såg slavehandelen millom Niger og Tchad-sjøen dagsens ljós. For tidi fram til umlag 1500 og 1600-talet reknar forskarane med at slavehandelen i Afrika kann ha femna um so mange som oppmot 10 millionar slavar, men tali er sers uvisse.

Avslutning

Harrison gjer grundig greida for nokre av slavehandelsvegane, men er so pass detaljert at det vert vandsleg å få fram nokon hovudessens av funni hans utyver det eg alt hev peika på. Når det gjeld Asia og Osceania er det sers mykje interessant tilfang, der med, men emnet er ikkje nærmere utforska godt nok enno. Med det søkjande huglaget sitt, gjev Harrison oss alltid lyst til å læra meir, men sume tider skulde eg ynskja at han kunde samanfatta stoffet sitt betre. Han verkar nærmere sagt allergisk mot modellar og strukturar som kann gjeva oss yversyn og hjelpa oss til å skipa soga inn i periodar og meiningsfulle samanhengar. Han avgrensar seg for det meste til å leggja fram kva andre historikarar hev sagt og so vil han straks驱ra det litteraturforskarane kallar for dekonstruksjon av dei skipingsmåtanane som historikarane hev lagt fram. Det finst ikkje nokor nøytral soga, og det er ingen som trur at Harrison er nøytral, jamvel um han gjer gode freistnader på å stella spørsmål ved det meste.

Den fyrre boki eg melde for Målmannen, "Förrådaren, skökan och självmordaren", var langt meir velskipa og lettare å samanfatta. Når det gjeld Slavehandets historia, so er det det å segja at dette er fyrste bandet, og samanhengane og strukturane i framstellingi kjem kann henda til å syna seg fullklårt når ein hev lese det tridje og siste bandet i soga. Det er kor som er eit stort og spanande prosjekt Harrison hev sett i gong. Han hev alltid noko nytt på lager, og eg hev venta i spaning på kva som kjem frå han heilt frå eg vart kjend med honom for fyrste gongen i 2002.

Høgnorsken let seg ikkje normera burt

Av Lars Bjarne Marøy

Tidleg i oktober gjekk det fyre seg eit ordskifte kring nynorsknormalen i avisone Bergens Tidende og Dag og Tid. Språkrådet, som visst enno heiter so - jamvel um det hev vore freistnader på umdøyning og umskiping, er ute med nye utspel um korleis nynorsken skal vera. Rådet meiner det er uråd å koma undan at Kulturdepartementet ikkje vil godtaka ei løysing med hovud- og sideformer i nynorsken. Det er ikkje so rart, for statsråd Lilletun avskipa i si tid godkjenningskipnaden for lærebøker. Det er soleis uråd å tala um ein "læreboknormal" i dag. I teorien kann kvart forlag gjeva ut nynorskboeker på den rettskrivingen dei skulde ha hug til.

Men no er det diverre ikkje so mange som er upptekne av å gjeva ut lærebøker på ein nynorsk som er serlegt avvikande frå gjenomsnittsnynorsken. Den nye tanken um ei avvikande rettskriving, der ein kort og godt ser burt frå heile nynorskordlista, hev neppe sett seg nokon stad. Noregs Mållag hev sagt noko slikt som at:

-Ein vil halda på nynorsken med læreboknormal, der det er skilje millom hovudformer og sideformer.

-Samstundes hev dei opna for at Språkrådet kann rydja upp i inkonsekvensar (fylgjebrot), kutta sideformer som er lite i bruk og som hev lite grunnlag i talemål og skriftradisjon.

Det som er praksis og som sume medvitne målfolk trulegt ser fyre seg, er at det leidande nynorskforlaget, Det norske samlaget, jamt og samt hev nyttar dei aller mest bokmålsnære formene som er tilgjengelege innanfor læreboknormalen, og kjem trulegt til å halda fram med det. Samlaget hev, som dei skreiv til Vestlandske Mållag ein gong på 1990-talet, lang tradisjon for å nyttar ein bokmålsutblanda nynorsk. Um dei nedgraderte bokmålsformene vert upphøgde til jamstelte former, må ein soleides rekna med at desse bokmålsformene kjem til å snika seg inn i den nynorsken som elevane lyst lesa og læra i skulen.

Ein skulde soleides tru at me høgnorskarane kunde vera best tent med at stoda vert verande slik som ho er. Ein revisjon frå Språkrådet kjem til å føra til press um meir bokmålgods i nynorsken. Fåe kjem til å verja høgnorskformene, og ukunnige og rangviljuge språknormerarar vil neppe gjeva noko som helst for å strjuka i-målet med eit pennestrok.

Men jamvel um endå fleire høgnorskformer skulde verta fjerna frå det som vert rekna for offisiell nynorsk, er det som nemnt ingenting som hindrar einkvan frå å gjeva ut lærebøker på høgnorsk. Det er ein tankekross som gjer at heile normeringsspursmålet kjem i ei klembla.

Dei som styrde normeringi i 1938 og 1959 skapte fylgjebrot og uforståelege vekslingar millom ulike bøgningssfomer. Når ein skal gjera noko med desse fylgjebrotti, etter at dei hev vorte godt innarbeidde i rettskrivingi, vert det heilt rangt fokus å byrja å skuva ut former som faktisk er yversynlege og fylgjerette, men som sammorske språkplanleggjarar helst såg var utdøydde for 70 år sidan.

Ørvæna med 1959-rettskrivingi slo sers ille til av di det nett etter 1959 var ein heil ættled med bygdeungdomar som for fyrste gongen skulde ut og ha vidaregåande utdaning. Desse ungdomane hev dyrka ei blanding millom bokmål og dialekt, og ikkje ei nynorsk norm.

Innanfor bokmålet ser folk skilnaden på talemål og skriftmål, og dei godtek skriftnormi som yverordna. Men innanfor nynorskklægret hev det derimot vorte tradisjon å dyrka dei talemålsformene som bryt med skriftradisjonen. Likevel hev det i dag gjenge so langt at dialektaktivistane frå 70-talet, Turid Kleiva og Aud Søyland, ottast for at dialektlinia er ei tapt lina:

"Nynorsbrukarar er også eksponerte for veldig mykje bokmålsnært talemål gjennom media og fordi folk flyttar og reiser mykje. Den urbane kulturen, språket medrekna, har stor gjennomslagskraft i dag. Ein kan ikkje rekne med, som på 70-talet, at ungdom frå bygdene som reiser til byen for å studere, snakkar dialekten sin, heller ikkje når dei kjem heim. Og nynorsk - nei, bevare meg vel. Kan nokon tru at dette har med rettskriving å gjøre?" (Dag og Tid, primo oktober 2007)

Det høyrest mest ut som at bygdekulturen er det einaste som hører saman med nynorsken, og at dersom folk flytter frå landsbygdi so er det ein nynorsbrukar mindre att, jamvel um dei kjem attende til bygdi. Kleiva og Søyland meiner dette ikkje hev noko med rettskrivingi å gjera. Men kva hev dei og deira dialektaktivistar gjort? Jau, dei hev gjort det slik at rettskrivingi og nynorsken ikkje lenger er eit kollektivt prosjekt, men eit prosjekt for kvar einskild: Du skal halda på dialekten din og bruka nynorsk, er bodskapen til målrørsla. Og du skal for all del skriva det talemålet som ligg nærmast din dialekt. Dette gjer i røyndi nynorsken til ei privatsak for folk som hev den rette bakgrunnen til å verta nynorsbrukar.

Høgnorskprosjektet er derimot eit kollektivt prosjekt. Ein skal bruka høgnorsk av di det er det norske målet som hev tusund års rot i Noreg. Høgnorsk er ikkje noko prosjekt for den einskilde. Det er eit prosjekt for dei som er kunnige og viljuge til å nyta målet best mogleg både i skrift og tale. Det er berre gjennom å stå saman med andre nynorsbrukarar, både um skriftmålet og talemålet, at nynorsken kann ha nokor framtid. Dersom alle skal ha si eigi rettskriving, vert det uråd for den breide massen å læra seg målet. Og endå viktugare, utan ideal for kva som er god nynorsk målføring vert nynorsken degradert til ein därleg kopi som berre skaper masse bry for språkbrukarane med di han heile tidi er markert avvikande frå det som vert den røynde mælestaven på nøytral språkbruk, bokmål.

Dersom ein verkeleg er so lite optimistiske som dialektaktivistane Søyland og Kleiva, so kann ein vel likso godt berre slutta å arbeida for nynorsken? Det bør i allfall vera ein sterk tankevekkjar for mange at det finst nynorsbrukarar som ikkje ser nokor framtid for nynorsken. Det berre viser at høgnorskørsla må styrkja seg. Me frå vår kant, skal gjera so godt me kann for å hevda høgnorsknormi som den framtidige rettskrivingi.

Nett når bladet skal prentast, fær me høyra at Språkrådet visst nok skal ha vorte instruera til å venta med å setja i gong norm-diskusjonen, til dess at Kulturdepartementet legg fram ei språkmelding. Denne stor-tingsmeldingi kjem ikkje fyrr til våren. Dette nyhendet hev ikkje vorte stadfest frå Språkrådet, so me må koma attende til saki seinare.

Hallgrim Berg og Amerikabrevet

Av Lars Bjarne Marøy

Hallgrim Berg var for stutt tid sidan ute med ei samling islamkritiske tekster. Denne boksi vekte straks åtgaum og Berg kom med i ei rad ordskifteprogram på fjernsynet. Dei fleste nordmennene som hev vore kritiske til islam hev vorte sette i bås, men det er ikkje like lett med Hallgrim Berg. Frp-arane er gjennom two tiår vortne karrikerte som innvandrarfiendslege og framandfiendslege. Dei som hev vore endå meir kritiske hev vorte knytte upp til nazistiske kringvære. Resten av politikarane som vil plassera seg på høgresida hev vore redde for å trakka dei politiske korrekte journalistane på tærne. Fåren for å verta uthengd som tvilsam innvandrarmotstandar er stor når etterrøkjingar syner at 75 prosent av journalistane høyrer heime på vinstresida i norsk politikk.

Berg er ingen lettvektar - han hev sete på Stortinget i åravis og hev vore med i Europarådet. Han vart rekna som ein representant for bunadshøgre då han var på sitt meste markerte som politikar på 1980-talet. Det var på den tidi då ein høgropolitikar arbeidde meir ihuga for nynorsken enn mange andre politikarar hev gjort både fyrr og seinare. Serleg hadde Berg nynorsk på pengesetlane og myntane som ei fanesak.

Berg hev dessutan lenge vore ein kritikar av islamske krefter som vil gjera islam til dominante religion i Europa. Alt på 1990-talet uttala han seg kvasst imot å leggja tilhøvi til rettes for noko slikt. Han dukka fram att og vart kjend som islamkritikar då Oriana Fallaci drog utsegnene hans frå 1990-talet framatt i ei av bøkene ho skreiv etter sjølvordsåtaki i USA. Fallaci skrytte uehemja av Berg som ein uredd forsvarar av den kristne europeiske tradisjonen.

No er Berg sjølv ute som bokskribent. Berg tek utangspunkt i ein umfemnande islamkritisk litteratur. Etter 2001 hev det visseleg kome eit ras av slike bøker. Det er bøker av folk som hev vore muslimar og som hev vorte kristne. Det er bøker av fagfolk som gjeng inn på islam frå historiske eller religionsfaglege innfallsvinklar. Eller det er bøker frå folk som vil fremja politisk kritikk ved ulike sider av islam.

Berg ser fyre seg den islamske reaksjonen mot vesten som noko som tok til på 1970-talet. Då vilde dei arabiske landi få til eit samarbeid med vesten når det galdt å fremja islams status i Europa. Dei arabiske landi pressa fram eit oljekartell, og med oljekrisa midt på 1970-talet vart det klårt for alle at dei arabiske landi ikkje lenger kunde utnyttast som billege råvareleverandørar. Dei vilde ha full pris og gjennom ymse politiske fora vart det lagt grunnlag for å gjeva eit mest eintydelegt positivt bilet av islam som religion.

Berg aviser at det her er snakk um nokon konspirasjon. Det er ope press frå dei arabiske landi og passivitet frå dei europeiske landi som hev gjort at vesten lenge hev late vera å sjå alle dei kritiske sidone som kann og bør understrekast når det gjeld islam.

Etter 2001 er det eit land som hev innsett kva som må til for å verja dei kristne, humanistiske og demokratiske verdiane som me er byrge av, og det er USA. Berg er sers vyrk av USA, og han ser på sambandet millom Europa og USA som ubrytande dersom ein skal halda fram med å tru på og verna um dei verdiane me alle er glade i. USA er eit land der folk er arbeidsame, rike på tildriv, ikkje redde for å verja seg militært og i stand til å taka ordskifte som det er tabu å taka i Europa.

Europearane må læra av amerikanarane og halda uppe sambandet med deim. Trugsmålet frå islam er mangesidigt. Oljevåpenet, innvandring, sterkt vektlegging av barnefødslar som våpen mot barnefatile europearar, sjølvmordsbombeåtak og trugsmål um åtak med massedråpsvåpen av kjemisk og biologisk slag. Dessutan krav um bygging av moskear og etablering av moskeforsamlingar og aller helst frå sume krav um innføring av islamsk lov.

Vestlege og austlege verdiar kolliderar òg når det gjeld syn på religiøse avvik og jamstelling millom kyni. Og ikkje minst når det gjeld synet på rett til å skifta religion. Det hev vore tala mykje um Jehovas vitne og den sekteriske praksisen der. Dei som fell utanfor vert utstøytte frå familie og vener. Det same skjer med muslimane, men her kann det jamvel vera tala um æresdråp i mange høve. Ayaan Hirsi Ali er ei av dei som hev upplift korleis det kjennest å vera nøydd til å flykta frå huslyden sin og skapa seg eit nytt tilvære. Det var ikkje nokor lett uppgåva og Berg hev den største vyrdnaden for henne.

Kort og godt er det fundamentale skilnader i verdisyn millom kristne og muslimar. Til dømes gjev me kristne løyve til at det vert bygde moskear, medan muslimane på det jamne aldri godtek nybyggjing av kyrkjar. Det vert tala mykje om krosstogi, men lite um den religiøse nedknusingi som islam stod for i hundreåri fyreårt. Den skampletten vil nok muslimane ikkje kjennast ved som noko anna enn ein siger yver dei vantru.


Berg er politikaren som ser korleis einskilde politiske saker gjeng saman til ein heilskap. Han understrekar at det er viktig å taka vare på tradisjonelle familieverdiar, nøgsemnd, hardt arbeid og liknande. Soleis gjeng han inn i ein solid verdikonservativ tradisjon, og det er vandt å segja seg usamd med honom.

Berg er innum dei mange norske familiene som på ein eller annan måte hev familierøter yver til USA. Det er takksemd som burde fylla mange nordmenn for at brør og systrer av vore forfedrar fekk koma til eit land der dei fann seg betre til rette enn i Noreg. Gjennom desse slektingane fjerne eller nære hev me kulturelle band som er verdfulle.

Boki er stila som brev til fridomsgudinna i USA, og sume tider vert ho nok farga av å vera vel einsretta. Berg er likevel ein moderat mann i alle måtar, undantekar når han legg fram kjærleiken sin til fridomsgudinna. Dessutan må ein spyra seg um ein ikkje med ein kritisk gjenomgang hadde skore inn på og strama upp manus nokre hakk. Det er ikkje lett å sjå dei tematiske einskildmomenta i boki og ikkje sjeldan fær lesaren tokken av at Berg er innum noko som han hev sagt fyrr. Men det store og verdfulle er den totale brodden mot dei politisk korrekte. Det er altfor mange NRK-journalistar som nyttar nyhendesendingane som reine skuleringslægre i sosialistisk propaganda. Berg er langt meir moderat i motsett leid, men nokre gonger set han skåpet der det skal og bør stå, jamvel um dei som trur på dei norske journalistane berre ristar vanrugne på hovudet eller stemplar han som kjettar. Det er kannhenda den største verdien med boki å Berg. Det er å ynskja at Berg fær høve til å skriva fleire bøker, men at han då fær meir tid og høve til å vøla på manuset i større mun enn det han hev havt denne gongen.

Nynorsk, eit framandt språk

Av Lars Bjarne Marøy



Nordmenner er sume tider sers huga på å læra seg andre språk, i minsto engelsk. Men elles kann me vera radt slurvesame. Interessa for å læra seg språk er for tidi minkande. Dei siste 15 åri hev det vore stødt færre elevar som tek framandspråk på vidaregåande og språkstudium på universitet eller høgskule.

I andre land legg folk arbeid i å læra seg sitt eige språk. Noreg stend soleis i ei serstoda når det kjem til det målet som hev 1000 års rot i landet. Dette målet er det burtimot null interessa for å læra seg skikkeleg. På papiret hev nynorsken ei sterkt stoda. Det vert gjeve nynorskundervisning på alle ungdomsskular og på vidaregåande skular. I nynorskdistrikti kjem det ut avisor på nynorsk. Men på sume felt er nynorsken heilt burte, serleg innanfor populærkulturen, som ved teksting av DVD-filmar. Kven hev nokosinne sett ein DVD-film med nynorsk tekst? Islandsk og for alt me veit færøysk og grønlandsk kjem fyre nynorsk.

Interessa for å debattera stoda for nynorsk er stor. I målrørsla finst det ei rad mållag som elskar å diskutera korleis målet skal vinna fram. Entusiasmen millom nynorsksjåvinistane er stor. Dei nordiske instituttia hev upplødde og yverydde nynorskbrukarar. Store fleirtalsregionar på Vestlandet hev reine nynorskkommunar.

Korleis er so stoda for nynorsken til dømes i ein kommune i det som gjerne vert oppfatta som nynorsk kjerneland, Førde? Jau, ein lærar som underviser i norsk hev røkt etter millom elevane sine. Me veit ikkje um det kann ha vore gjort kvantitative gleppar her, slik som Målmannen tidlegare hev påvist i forskingi til ein språkhaldningsforskar, men utan umsyn til det, er det verd å sjå på kva som kjem fram i denne utspyrjingi.

Denne nynorsklæraren er ikkje snaudare enn at han straks han hev spurt elevane sine um kva dei uppfattar som naturleg nynorsk og funne ut at dei tykkjer tradisjonell nynorsk er unaturleg, spring beinast til nynorskkritikaren Aftenposten og ropar alarm. Men det er ikkje nokor bomba at det er slik, må vita. Dette hev me visst i alle år. Men Sirnes som læraren heiter er sterkt undren yver at det er slik. Vel, vel han um det.

Det som er kjensgjerningi er at folk flest ikkje hev noko utgangspunkt i ein nynorsk skriftkultur som det er verd å tala um. I den grad denne hev funnest i nyare tid hev han dimeir teke utgangspunkt i at nynorsken skal blandast med bokmålsord. Og her kjem me til kjernen i saki: Det er ikkje nokon tradisjon i dette landet for at nynorsken skal lærest skikkeleg. Tradisjonen i mange høve er tvert um at nynorsken ikkje skal lærest. Det nynorske språket skal ikkje ha nokon serhatt. Det skal reduserast til å vera ein reidskap til at folk skal få uttrykk for talemålet sitt og kjenna seg frigjorde. Nynorsken hev vorte oppfatta som ein protest mot hevdunne normeringskodar og prinsipp, og ikkje minst mot ei talemålsnormering som krev at folk skal tala på ein fastsett måte - det sistnemnde er det verste mange målfolk veit. Det er dei som i fullt ålvor hev sagt at det gjer folk fysisk sjuke å leggja um talemålet sitt, andre hev gjort framlegg um å gjeva heimreisor på blåresept slik at dei ikkje misser kontakten med heimemålet sitt og vert rotlause.

Bokmålselevar som skal ha upplæring i nynorsk vert ikkje utstyrde med tekstbøker og gloselistor. Det nærmeste ein kjem er ei lista med ord ein helst skal halda seg burte frå, men ikkje noko forbod. Det vert venta at elevane som bur i bokmålskommunar og aldri hev lese ei bok eller ein teikneserie og snaudt sett ein film teksta på nynorsk, straks skal vera i stand til å formulera meiningsfulle og innhaldstunge setningar på nynorsk. Korleis det er mogleg er ei gåta for meg.

Det som vert resultatet er at elevane skriv vel so därleg nynorsk som bokmål. Dei idest ikkje læra av mistaki sine, og språket lever eit kunstig liv som noko dei sjølve må konstruera kvar gong dei må skriva det.

Kva segjer so dei kloke og engasjerte hovudi i akademia? Jau, dei er upptekne av å laga mest mogleg valfridom og å understreka at elevane må byggja på eige talemål. Det hev vorte sagt at nynorsken er eit forsvar for talemålet til folk flest. Difor skal det ikkje lærest. Det finst forskrarar som i fullt ålvor, med stor tyngd og lyft peikefinger, hamrar i oss at folk må få skriva som dei vil og at me ikkje må taka nynorsken frå folket og tvinga dei til å læra eit kunstig bokspråk. Noreg vert lyft fram som det landet der folk kann få tala nett som dei vil og skriva so nært upp til talemålet som råd er. Eit paradis, i alle fall for språkforskrarar, der ein kann studera korleis dialektane utviklar seg på ein heilt naturleg og harmonisk måte. Når sermerke i nynorsken vert bytte ut med bokmålsformer, eller når det kjem upp heilt nye tildriv som ikkje styrkjer den tradisjonelle nynorsken, jublar språkforskaran. Det einaste som gjer dei litt urolege er engelskpåverknaden. Det hev truleg ein politisk motivasjon fordi USA er eit land dei ikkje vil at folk flest skal assoriera seg med.

Det er soleklårt at med dei leidarane som stend sterkest og ropar høgast i målrørsla i dag, so er nynorsken å å verta ein endå sterkare kuriøsitett enn tidlegare. Det som trengst er politikarar og målfolk som verkeleg er viljuge til å satsa. Dei politikarane me hev i dag tykkjer det er for dyrt å halda uppe skipnaden med nynorskesamen i tridjeklasse på vidaregåande. Det kostar visst nok 6 millionar. Ja, kva med lønsmidlane til norskklærarane? Snart fær me rekna ut kor mykje det kostar med nynorsktimane i norskundervisningi. So og so mange timer burte frå norskundervisningi vil spara oss for millionar av kronor.

Men det er kannhenda ikkje so rart. Det er ingen målfolk som med tyngd gjeng inn for å styrkja nynorskluten i norskfaget med meir pugging og meir arbeid. Og her kjem eg til hovudpoenget: Lat oss få ei lærebok med klassiske nynorskttekster som hev gloselistor og som drillar elevane frå dag éin. Bokmålselevar må læra seg at substantivartiklane på nynorsk heiter ein, ei og eit. Dei må læra pronomenformene. Dersom det er so greidd og naturleg med nynorsk, kvifor fær me ikkje slike lærebøker? Elevar les tysk, fransk, spansk, russisk og latin m.m på denne måten. Dersom nynorsken er so lett, skulde dei koma snøgt gjennom slike bøker og upp på eit meir avansert nivå. For det kann ikkje vera læreevna det er noko i vegen med når folk faktisk lærer seg framandspråk, men snaudast nynorsk. Nei, lat oss få dei første tekstsamlingane med gloselistor snarast råd, gjerne på høgnorsk. Det vil ikkje berre vera ei hjelp for bokmålselevane, men for nynorskelevane i fyrste lærefasen og for utlendingar som endeleg kann få læra seg skikkeleg nynorsk. No er det tid for at målfolk byrjar å

løysa uppgåvor. Heller enn å gjera uppgåvone heilt umoglege å løysa.

Riksstyret provoserte fram ambassadevald

Av Lars Bjarne Marøy

I haust kom det ei bok som det er verd å merka seg - "Truet av islamister" av Vebjørn Selbekk. Selbekk er bladstyrar i avis Magazinet. Selbekk vart landskjend, for ikkje å segja verdskjend, i januar 2006 - då han til liks med mange andre bladstyrarar prenta ein faksimile av nokre teikningar knytte til den islamske profeten Muhammed. Teikningane hadde fyrst stade i ei dansk avis.

Det underlege var at det utsyver på nyåret vart sett i gong eit kør mot Selbekk og med kvart Noreg som var heilt ute or proporsjonar. Det kom dråpstrugsmål mot Selbekk og skrivaren i Norsk Presseforbund, Per Edgar Kokvold. Norske og danske mål i utlandet kom under åtak, flagg vart brende og ei rad muslimar ytra seg sterkt mot Selbekk og Kokvold.

Kven var andsvarlege for at det vart slik? Selbekk gjeng gjenom sentrale bolkar i karikaturstriden slik som han upplevde det heile. Fram til eg las boki hadde eg tenkt at det var dei danske imamane som hadde piska upp stemningi og at det var det einaste som det var verd å gripa tak i, men etter at eg hev lese boki sit eg att med eit litt anna bilæte.

Selbekk hev faktisk grove og graverande upplysningar å koma fram med når det gjeld regjeringi å Jens Stoltenberg og handlemåten til den norske regjeringi. Eg hev etter måten mange gonger tykt at stoltenberg-regjeringi hev handla rangt og utsett seg for mediekør som skader dei sjølv. Det starta med SV-folki som demonstrerte mot si eigi regjeringi og dinest boikott-aksjonen mot israelske varor. Seinare kom striden kring styreformannen i Statoil, sjukelønssaki og liknande saker. No seinast hev striden rundt LO-leidaren utan tvil skadd Arbeidarpartiet, og det skulde ikkje undra meg um partiet sjølv hev sett i gong denne prosessen. Riksstyret til Stoltenberg hev kort og godt lite å skryta av. Men i samband med karikaturstriden hev dei sloppa billeg undan.

Det er ikkje nok å berre visa til at dei handterte saki på ein feig og passiv måte. Og jamvel var sers fordomsfulle mot Selbekk som er ein kristen avisredaktør. Å segja at Selbekk hev ytringsfridom, men at ytringsfridomen må nyttast med klokskap, vart ein klisjé millom feige politikarar. Det var einast Selbekk som fekk desse skuldingane mot seg. Ingen av dei hine bladi vart funne åt på denne måten.

Det heile starta med eit uppslag i Magazinet i januar. Selbekk dreg grundig fram korleis saki tok til med at Finn Graff, teiknaren, hadde uttala at han ikkje torde å teikna karikaturteikningar mot islam. Det var for fårlegt. Under yverskrifti "Truet til taushet" laga Magazinet ei sak kring dette, der dei òg tok opp den danske karikaturstriden. Og dei prenta faksimilen frå Danmark, eine og åleine for å syna kva som hadde skapa diskusjonen der nede. Dei vilde tematisera kvifor det var so fårleg å reisa spørsmål ved kva fylgjer islamsk meingsterror kunde få for det norske demokratiet, dersom folk slutta å ytra seg kritisk mot islam og muslimar.

Utanriksdepartementet fekk med seg at det var prenta noko um saki i Magazinet, men dei færreste brydde seg med å lesa kva som hadde stade i bladet. I januar sende Utanriksdepartementet ut eit argumentasjonsskriv til norske ambassar i Midt-Austen som var meint å vera løynlegt. Men det vart kjent i pressa etter nokso stutt tid. Ein dubbel tabbe frå riksstyret til Stoltenberg.

I argumentasjonsskrivet vart norske diplomater instruerte til å gå ut og segja: "Jeg beklager at trykkingen av karikaturtegningene av profeten Mohammed i det norske bladet Magazinet har skapt uro i muslimske miljøer". Korkje her eller seinare i dokumentet vert det sagt eit ord um at det er snakk um ein faksimile av ei sida frå ei dansk avis. Det vert faktisk ikkje sagt noko som helst um Danmark eller Jyllands-Posten. Noregs ambassadørar fekk i staden for melding um å umtala saki på ein måte som kunde gjeva folk tokken av at det hadde skjett ei sjølvstendig publisering av Muhammed-teikningar i Noreg. Det vart skapt ei oppfatning av at skandinaviske avisor gong etter gong prenta karikaturar, og denne framgangsmåten frå Noreg gjorde det heile vondt verre, meiner Selbekk.


Kva som hev ført fram til at riksstyret kunde gå ut med den klåre fordømingi av Magazinet, er eit studium verdt. Eg hev ikkje funne ut det. Men ei upplagd forklaring vilde vera å få merksemdi burt frå striden millom einskildpartii i regjeringi. Jens Stoltenberg og hans nære medspelar Trond Giske yndar å taka fråstand frå dei som held for sterkt på den tradisjonelle kristendomen. Men fylgjone av uthengjingi av Magazinet vart dramatiske for norske amabassadar og ambassadepersonell. At regjeringi attpåtil vilde gjeva Selbekk skuldi for at ambassadane vart herja av islamistiske mobbar, er langt yver streken for det ei seriøs norsk regjering eller nokor regjering i det heile kann gjera mot ei avis og ein einskildperson.

Selbekk gjev eit nyansert og truverdig bilet av det som skjedde i boki. Ein kann berre undra seg yver at han ikkje gjeng hardare til verks. Han nyttar nokso mykje tid på detaljar kring hendingane og personlege upplevelingar. Noko er verdfullt, men det prinsipielle vert sume tider skadelidande. Det er ein lågmælt og reflektert mann som skriv. Han stend fram med både sjølvkjensla og integritet og syner store og allsidige kunnskapar. Boki til Selbekk hev kome ut til mange, og eg hev ikkje sett at Stoltenbergs regjering hev kome med nokor skikkeleg tilbakevising eller upprettig av den uretten dei gjorde mot Selbekk. Dei freistar nok å gjøyma seg burt og tegja i hjel boki. Me kunde trenga fleire slik modige menn og kvinner som Selbekk. Det er prisverdig at han ikkje gav upp, men stod laupet ut. Me fær vona at ingen bladstyrar kjem i ei liknande stoda. Då endar Noreg som eit udemokratisk og kaldt samfund.

Det skal verta spanande å sjå kva denne saki hev ført til. Berre framtid i kann visa um folk hev vorte skræmde til tagnad eller um nye røyster vil våga å reisa skepsis mot islam.

Chuck Norris - kampidrottsformidlaren

Av Lars Bjarne Marøy



Kven er eigenleg Chuck Norris? Dette spørsmålet stelte eg meg etter at eg hadde lese biografien hans for stutt tid sidan. Eg spurde meg kva var det eg eigenleg visste um Chuck Norris. Svaret var i røyndi sers lite, men namnet hadde likevel brunne seg fast i meg. Dette spørsmålet er det verdt å byrja med når ein skal skyna noko av kven denne mannen er.

Eg voks upp på 1970- og 1980-talet. Det var på den tidi då folk skaffa seg videoar og videoutleigebutikkane spratt upp både her og der. Marknaden for filmar vart større etter di ein fyrst kunde senda filmane på kinoane og dinæst senda ut ein video. Det er det eine som skal til for å forklåra noko av ovringsi Chuck Norris. Det næste er karatesporten. Karate var ein idrott som dei fleste hadde vyrnad for, og karateklubbar og andre kampsportklubbar var ei relativt ny ovring i Noreg på 1970-talet. Denne kombinasjonen kann forklåra noko av umdømet til Chuck Norris. Norris-filmane gjekk vel aldri noko serleg godt på kino, men på seine gutekveldar gjekk dei inn i ein 1980-talskultus til liks med motorsagmassakren, haisumar og ikkje minst Bruce Lee-filmane og noko seinare Rambo og Rocky-filmane. Soleis hadde namnet brunne seg fast i meg, då eg byrja å gå mannen nærmare i saumane. Det interessante då er, lever mannen attum det heile upp til ventnadene um å vera eit godt fyredøme eller var han berre ein 1980-talsflopp som i røyndi ikkje fortener nokor større merksemd i dag?

Det første ein må segja er vel at Norris neppe er noko fyrebilete for dei politisk korrekte. Dei vil gjerne stempla honom som ein Texas-cowboy med b-film- og b-kjendsstatus. Texas-mann er det mest ukorrekte ein kann vera, so etablerte forståsegpårarar kjem aldri til å vilja taka i Chuck Norris. Dertil kjem det at Chuck Norris er ein svoren konservativ som ikkje nøler med å segja si hjartans meinung. Det vert ikkje betre av at han var og er ein solid støttespelar for Georg W. Bush, hatobjekt nummer ein i Europa. Og han er ikkje minst ein open og uredd kristen.

Dersom ein ser heilt nøkternt på det: kva er kjensgjerningane attum Chuck Norris? Kva hev han prestert for å verta kjendis? Han vart tidleg ein ihuga tilhengjar av kampidrott. Det var då han tenestegjorde i den amerikanske heren på slutten av 1950-talet. På 1960-talet vart han eigar av ei rad kampidrottsskular, der han underviste, samstundes som han sjølv var med i ei rad store tevlingar. Til

slutt utmerka han seg slik at han vart verdsmeister seks år på rad. Det er ikkje nokor liti bragd i ein idrott som krev meir trening og uthald enn mange andre.

Norris vart tidleg kjend med den sogeumspunne Bruce Lee. På slutten av 1960-talet arbeidde Lee seg opp til å vera ein eineståande filmprodusent av kampidrottsfilmar. Lee trente beinhardt og arbeidde med film attåt. Scena der Bruce Lee og Chuck Norris slæst i filmen "Return of the dragon" hev vorte klassisk. Dei var båe sers upphengde i trening, og den fyrste gongen dei møttest hadde Norris vore på karatetevling og havt kampar i 11 timer, likevel heldt han fram å freista ulike kampteknikkar til klokka var fire um natt etterpå, saman med Bruce Lee.

Norris var med i "Return of the dragon" fyre han sjølv såg seg syn med å starta på ein filmkarriere. 20 år seinare, i 1992, hadde Norris yver 20 filmar attum seg. Då vart han spurd um å setja i gong ein fjernsynsserie, Walker Texas Ranger. Norris hadde liti tru på prosjektet i starten, men det synte seg å vera eit lukketreff. Serien hev kome ut i åtte sesongar og vart fyrst avslutta i 2001, då Norris vilde prioritera privatlivet. Walker Texas Ranger tek utgangspunkt i ein elitestyrke av politifolk innanfor Texas. Desse elitepolitifolki er topptrente og hev jurisdiksjon yver alle andre politifolk, jamvel politisjefar. Når politiet stend makteslause, tilkallar dei rangerarane.

Karakteren Walker er son av eit blanda ektepar. Faren var fullblods indianar og mori kvit. Faren og mori vart drepne av rasistiske mordarar. Walker veks upp hjå ein av indianarane i stamma åt faren. Walker freistar i periodar å vera lojal mot indianarane i reservatet, men han er lite merkt av dette kringværet i det daglege, og denne tilknytingi vert veikare framgjenom serien.

Det som derimot ikkje vert veikare gjenom serien er den evna Walker hev til å taka harde og nådelause oppgjerder med skurkar. Serleg kjend er Chuck Norris for dei roterande hælsparki sine. Dei avsluttar dei fleste diskusjonar. Gong etter gong arresterer han kjeltringar som andre ikkje greider å få has på. I periodar driv han den eine statsadvokaten, som seinare vert kona hans, næraast til vanvit med alle arrestasjonane. For med kvar arrestasjon fylgjer det papirarbeid og di fleire det vert, di meir papirarbeid.

Den mest trufaste stydjespelaren hans Walker er James Trivette, partnaren hans. Trivette hev vore ein framifrå god amerikansk fotballspelar, fyre han lagde upp. Han er god til å samla informasjon og ein sterk og sers snøgg mann, men han hev derimot ikkje nokon tame i karate.

Kringværet i serien er farga av Dallas/Texas og både maten, kulturen og musikken i Texas kjem til sin rett. Serleg fascinerande er det til dømes når Trivette skal vera med og eta chilli-sup. Dei som hev smaka chilli kann få nokre tankar um korleis ei slik supa kann smaka.

Men denne stafasjen segjer ikkje noko um temai som serien tek upp, og det er det viktigaste. Chuck Norris er ein sers engasjert mann når det gjeld kampidrott, og når det gjeld å halda ungdom utanfor vanskars som vert skapte av til dømes narkotika. Han meiner at ungdom kan få sunde ideal gjenom å driva idrott og gjennom å få orden på livet sitt. Difor hev han gjort mykje med å byggja upp kampsportskular, men han fekk jamvel gjenomslag for å få kampsport inn i dei vanlege skulane. Gjenom prosjektet "Spenn narkotikaen ut or Amerika" hev han nådd tusundtals ungdomar.

Moralen i Texas Ranger er å halda uppe familieverdiar og å skapa eit lovlydig samfund. For dei som hev sét nokre episodar av serien er det vandt å skyna korleis nokre fjernsynsvertar i prateprogram på amerikanske fjernsynsstasjonar kann framstella Walker Texas Ranger som ein valdeleg serie. Som Chuck Norris segjer: Det er berre bruka vald når det ikkje finst andre alternativ. Eller som det heiter i ein annan klassisk film frå 1980-talet: Karate er berre til verjemål.

Gjenom Walker Texas Ranger fekk Norris mange gonger tematisert korleis narkotikaen trengjer seg inn og øydelegg ungdomsmiljøet medan idrotten kann vera ein veg vidare. Han syner vanskane med å brjota ut frå eit kriminel kringvære og korleis ein må lata einskildmenneski sjølve få vali millom kriminalitet eller å skapa seg eit lovlydig tiltvære. Walker hjelper ikkje berre ungdomar, men jamvel vaksne med å koma ut or den kriminelle laupebanen. Ein gong forsvarar han ein tidlegare kriminell som vert truga til å gjera lovbroter for tilsynsverjen sin.

Dei som hev vore med på programmet "Spenn narkotikaen ut or Amerika" hev i mange tilfelle lukkast sers godt og kome attende til Norris-skeidene som kampidrottsinstruktørar. Og det er som kampidrottsinstruktør Norris hev markert seg mest sjølv òg. Han hev ein imponerande karriere. Han hev vore instruktør i det amerikanske herstellet, for sers framgangsrike utøvarar og for kjendisar som hev ynskt å læra seg forsvarsteknikkar anten til bruk på film eller til sjølvforsvar. Dei økonomiske utbodingane hev sume tider vore større enn utbodingane med kampetreningi, men Norris hev jamnast vore viljug til å gjera store innsatsar for å lukkast og hev greidt seg. Norris er i dag 67 år, men det er lite som skulde tyda på at han er so gammal. Han lever sers sundt, trener mykje og er småbarnsfar. For alt eg veit kann han koma til å finna på mykje som er verd merksemål i åri som kjem. Det er sant sagt vandslegt å sleppa Norris heilt or minnet. Han er definitivt ingen 1980-talsflopp. Han hev vore altfor hardtarbeidande på 1990-talet. Ingen lagar ein fjernsynsserie yver åtte år utan at dei hev noko å fara med. Engasjementet for at andre menneske skal liva meiningsfulle og vellukka liv er òg noko som skil Norris frå mange andre kjendisar.

Ei svala gjer ingen sumar

Av Lars Bjarne Marøy

Finn Erik Vinje hev i mangt vore ei einsleg svala i norsk målpolitikk. Han er ikkje språkleg samlingsmann. Han er ikkje serskilt umtykt i fagmiljøi som arbeider med norskfaget. Han hev ikkje vore godt lika millom riksmålsfolki, med undantak for i sidemålsstriden. No er det derimot likt til at Riksmålsforbundet i form av "Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur" hev teke Vinje inn i varmen. Vinje hev fenge gjeve ut eit lite skrift på 63 sider pluss fotnotar, med Akademiet som utgjevar. Preses i Akademiet, Lars Roar Langslet, hev skrive fyreord.

Langslet er ein mann eg hev sans for, men det var knappast serleg smart å lata Vinje få gjeva ut dette skriftet under flagget til Akademiet. Det faglege innhaldet her er langt under standarden på sumt anna som hev kome frå same hald. Langslet hev dei beste intensjonar og meiner at skriftet berre skal vera "...et bidrag til avklaring av historiske fakta...". Skriftet skal ikkje vera "...et innspill for nye runder av polemikk om holdninger og hendelser som for de fleste idag er blitt fjern historie."

Eg må diverre segja at Vinje ikkje eignar seg som historikar. Han freistar millom anna å stydja seg til religionshistorikaren Terje Emberland, men han prøver einast å taka Emberland til inntekt for eigne fordumar. Han nyttar ordleggjungi "omtrent det samme" som mantra når han skal gjera subjektive samanlikningar. Han blandar fylgerett saman umgrepet høinorsk under nazistyret og høgnorsk slik nemningi hev vore nyttal millom målfolk fyre, etter og under 2. heimskrigen.

Lat oss sjå på nokre kritikkverdige ting kvar for seg:

Innleidiingi til Vinje er å gjera ei manjamning millom målsynet til Halvdan Koht og språkbruken åt tyske nazistar. Koht ynskjer at folket skal få "ei levande samkjensle" eller "ei nasjonalånd". C.J. Hambro skal vera upphavsmannen til ei slik samanlikning. Me fær sitat frå kva Hambro hev sagt til eit innlegg Koht hev halde i Stortinget, men Vinje hev ikkje sett seg inn i kva Koht sa i innlegget sitt. Han byrjar derimot å spekulera vidare på kva Hambro hev tenkt på og på kva målpolitisk ståstad Koht hadde. Han avsluttar innleidiingi med å syna til at tankane åt historikarane Halvdan Koht og Arne Bergsgård var grunnlaget for den samnorskpolitikken som først vart formelt avskipa med ei fyrehaving i Stortinget 1. april 2004.

Koplingi millom samnorsken og NS er på sin plass. Det kann for so vidt vera greidt nok å meina at samnorskpolitikken bygde på eit udemokratisk grunnlag, men elles må ein segja at Vinje innleider ei slags mistenkjeleggjering av målfolk.

Vinje gjeng dinest vidare til å sanna rangskrivingane til Langslet i Riksmålssoga. Han hev merkt seg

at Kjartan Fløgstad meiner at ingen av dei norske toppnazistane var målfolk. Vinje slær utan vidare grunngjeving fast at dei var heller ikkje organiserte riksmålfolk. Vinje lyt likevel medgjeva at riksmålsfolk let seg nemna ut til å sitja i ei rettskrivningsnemd som var peika ut av nazistyret.

Vinje gjeng altso inn på ein diskusjon eller ei påvising av kven som hadde flest brotne kar. Han freistar å teikna eit bilet av målfolk som hadde suksess under krigen. Quisling var ikkje målhatar, men målvenleg, til liks med Gulbrand Lunde som var kulturminister under nazistyret. I utgangspunktet nyttar Vinje berre éi kjelde på dette, Arne Falk, og det er berre munnlege lovnader til nynorsken som skal ha kome. Realitetane er noko anna.

Vinje slær fast at Lunde ynskte "ett høinorsk høvisk mål". Lunde vilde ha eitt språk, men han skreiv bokmål. Vinje hengjer seg opp i at Lunde neitta å bøygja av for nokre norvagismar i bokmålet, men i hovudsak lyt ein segja klårt at bokmålsrettskrivingi gjekk i konservativ leid og ikkje i nokor samnorsk leid, um enn riksmålsfolki kunde ha ynskt å få meir med seg i rett leid.

Vinje peikar på at minister Lunde hadde som mål at ein skulde vera kvitt "alt det stygge som skjemmet rettskrivingen av 1938..." Her legg Vinje fram eit polemisk utfall som sporar heilt av. Vinje hev einast synt til brigde i bokmålet, men so gjev han seg til å umtala kva nynorskfolk hadde sagt um brigde i nynorsken: "Med "det stygge" mente Lunde omrent det samme som de høgnorsk målmennene siktet til med betegnelsen "flatnorsk"... (Vinje s. 15) Og Vinje held fram med glansordi sine "omrent det samme". Når landet skulde samlast språkleg, laut det skje på ekte nasjonal grunn (nynorsk). Lunde lika best å tala um gamalnorsk som lydde betre for honom, slær Vinje fast, men Vinje meiner at "i hans munn betyddet omrent det samme..." Det er uklårt for meg um Vinje her framleis syner til eit referat frå "Fritt Folk 26.11. 1941" eller um dette er frie ytringar og spekulasjon frå Vinje. Den faktiske kjensgjerningi var at Lunde nyitta bokmål med undantak for i nokor heilt serstaka høve som Vinje hev greidt å finna fram til.

Men Vinje gjev seg ikkje med spekulasjonar. Han meiner at mange av dei målfolki som gjekk inn for språkleg samling såg det sameleis som Lunde at det laut skje ei språkleg samling på grunnlag av nynorsken. Vinje evar seg ikkje for å sitera Gustav Indrebø som sa: "Norskdansk lyt brigdast..." (Vinje s. 16). Men å hevda at Indrebø gjekk inn for språkleg samling er for drjukt. Her sluttar ein kort og godt å taka Vinje ålvorleg.

Eg veit ikkje um polemikken vert klårare um ein nyttar nokre umskrivingar. Ein kunde segja at Arnulf Øverland og andre riksmålfolk sitt motstand mot "pøbelsprog" og "folkemålsgjørme" var um lag det same som det Lunde dreiv med og at Lunde og riksmålsfolki både vilde draga rettskrivingi i konservativ leid. Endå verre lyt det vel vera at dette hende etter krigen. Dyrkingi av eit høinorsk mål, minnar då også langt meir um riksmålssaki enn um målsaki etter krigen. Alt her hev Vinje opna for ein endelaus polemikk.

Men lesaren lyt dverre berre konstatera at det er viktig for Vinje å driva vidare spelet um kven som var mest nazistisk av målfolk og riksmålsfolk. Målet er tydelegvis å slå fast at målfolki var alderdomslege nasjonalistar, medan riksmålsfolki i etterpåklokskapens tid var stakkarslege offer for målagitasjonen. Eit slikt svart-kvitt-perspektiv gjev utan tvil vatn på mylna for alle som vil driva polemikk. Og det er greidt å ettervisa at Vinje er urimeleg.

Eg er viss på at det kann segjast mykje um Geirr Tveit, men Vinje hev konklusjonen Reidug med ein gong. Tveit "...var nazisten, rasisten, antisemitten..." Dette meiner Vinje at han kann underbyggja anten heilt av seg sjølv eller kannhenda med å visa til Terje Emberland, men når ein les Emberland finn me ei bok som er berlagd for slik skjellsordspolemikk. Emberland understrekar at Tveit heilt klårt lyt frikjennast frå skuldninga um å ha svike under krigen. Det kann derimot spyrjast um han ikkje gjorde større vågnader med å ytra seg enn mange andre gjorde. Ein lyt likevel segja at tankane til Tveit kring nyheidedom og det norrøne i sumt kann verka rare og framande i dag, men dette er langt undan det Vinje skriv (s. 23).

Men ikkje nok med at Tveit vert utskjeld, han skal også knytast til den notoriske nazisten og riksmålmannen Mikal Sylten. Litt av ein dekkoperasjon frå Vinje si sida, før ein segja. Då eg las bolken um Sylten og Tveit, konkluderte eg med at ordi til Langslet i innleidingi var daude og

makteslause.

Sylten er tydelegvis Vinje sin helt for han brukar Sylten som kjelda til å slå fast at riksmålsfolki ikkje hadde nokon innverknad yver målpolitikken til NS, medan målfolki etter Sylten "...arbeider iherdigere enn nogensinne..." Truverdet og ståstaden til Sylten både ålmennpolitisk og målpolitisk, um ein nyttar same kriterium for diskreditering som Vinje, er på eit slikt nivå at det er lite å leggja vinn på. Sameleis når Vinje klagar seg yver freistrader på språksensur mot Sylten. I praksis vart vel aldri NS-rettskrivingi skikkeleg gjenomførd. På målsida fanst det snaudast serleg mykje å sensurera, dei fleste målbladi hadde gjenge inn.

Når Vinje skriv um riksmålsmannen Johan B. Hjort, som var medskipar av NS i 1933, utmeld i 1937 og knytt til Ragnarok-krinsen, vert det meste teke til fyremun for Hjort. Medan Geirr Tveitt skal takast for å ha vore med i Ragnarok-krinsen, skal Hjort orsakast. Dette er billeg polemikk endå ein gong.

Det er tydeleg at Vinje ikkje likar Nikolaus Gjelsvik. Det fær vera hans sak, men det vert ikkje meir vitugt av den grunn. Vinje umtalar éin stad Gjelsvik som supernasjonalist. Ein skulde tru at det var nok av utsegner frå riksmålsfolk som gjekk mot rettskrivingi av 1938, men Vinje hev merkt seg at: "Da NS-Regimet lanserte sin språkreform, gav departementet sin tilslutning til Gjelsviks svulstige språknasjonalisme og gjengav ved den anledning et sitat av ham med omtrent samme innhold som sitatene ovenfor." (Vinje:43) At NS-regimet bygde på kritikken mot den nye rettskrivingi, då dei skulde revidera henne er då heilt naturleg. Kva som skal vera ille med dette, skynar eg ikkje.

Ein polemisk parallel til: Dersom me skulde få ein ny diktator i Noreg som byrja å sitera Vinje sine språkpolitiske standpunkt, vil då Vinje sitt språksyn verta illegitimt? Slik kunde eg ha halde fram.

Gjenomgåande vil eg segja at dette heftet som Riksmålsforbundet med preses Lars Roar Langslet hev funne det for godt å gjeva ut, er eit samansurium av fordomar og billeg polemikk. Det er dimeir dårleg innbunde. Eg hev alt rokke å slita ut mitt eige næme. Limen i ryggen er like veik som skriftet sjølv. Det er å vona for Langslet og Forbundet sin part at dei skjerpar seg ålvorleg til neste krossveg. For å halda fram i same banor som Vinje, kunde eg fylgja upp umtalen av Vinje som einsleg svale med å segja til Forbundet at: Ei svala gjer ingen sumar.

I skuggen av "Flommen"

Av Lars Bjarne Marøy

Jonny Halberg er ein av dei mest umtala forfattarane i samtid. Halberg debuterte i 1989, då var han 27 år gammal. Han hadde først prøvt seg som lyrikar, men fekk ikkje gjeve ut nokor lyrikksamling. Det var novellegenren som fekk forlaget til å få augo opp for forfattaren. Novellone er fyndige og hev serhått. Seinare hev Halberg freista seg som manusskribent saman med Pål Slettaune. Dei two hev havt lukka med filmane "Budbringeren" og "Amatørene". Men det var romanen "Flommen" som verkeleg fekk Halberg til å slå igjenom som forfattar. Boki vekte stor átgaum. Romanane "Trass" og "Gå til fjellet" hev vorte sette i samband med "Flommen", og det hev vorte vanlegt å umtala dei tri bøkene som ein triologi.

Endå Flommen-trilogien hev vorte mykje umtala, hev eg fest meg sterkt til filmane og boki "En uskyldig tid" med.

"Budbringeren"

Budbringeren gjekk på kino på slutten av 1990-talet. Filmen hev enno ikkje kome på DVD. Han ligg einast fyre i gamalt VHS-format. Filmen skildrar livet til ein noko mislukka postmann som vert nedslegen på jobben. Det skjer lite spanande i livet hans og kollegaene tergar honom. Han vert fascinert av ei tunghøyrd gjenta og lurar seg inn til henne etter at ho hev gløymt att lykjelen i postboksen. Medan han er heime hjå henne, kjem ho heim og freistar å taka livet av seg. Han bergar henne og fær henne til sjukehus.

Når dama er på sjukehus, inviterar han med seg ei hora inn i husværet hennar. Medan postmannen var åleine i husværet til gjenta, ringde ein sint mann som heitte Georg. Postmannen umtalar seg sjølv som Georg til hora. Hora tek seg til rette i husværet. Det fær postmannen til å verta sint, og han jagar henne på dør. Ho trugar honom med hemn.

Det syner seg at den tunghøyre gjenta hev vore med på å lagra eit ransutbyte, når postmannen stikk av med nokre av pengane skapar dette forviklingar. Det heldige er at når Georg vil ha orden i sakene, kjem hora etter med two torpedoar. Dei bankar Georg, og postmannen og dama stikk av med ein møyrbanka Georg på slep. Det heile endar med at Georg vert slept burt til ein gøymestad av postmannen. Gjenta stikk av frå postmannen. Han fylgjer henne, men ho vil ikkje vita av honom av di ho hev funne ut at han hev lura seg inn til henne, medan ho var ute. Enden er uviss. Vert/er ho forelska i honom eller vil ho berre verta kvitt honom? Alle handlingstrådane vert ikkje knytte skikkeleg saman.

Det er likevel rimeleg å rekna postmannen for den mest dynamiske personen i filmen. Frå å vera ein nokso tafatt og varsam person som freistar å løyna seg når han fær nærgåande spørsmål um privatlivet, byrjar det verkeleg å skjota fart etter nedslägni på postruta og etter at han lurar seg inn i husværet til gjenta. Dette er tydelege vendepunkt. Dei hine personane verkar meir statiske og vert berre skildra på yta.

Undantaket er gjenta som me fær vita litt um. Me fær inntrykk av at ho hev havt eit ordna liv som reinserimedarbeidar, men at ho òg hev havt eit liv på skråplanet i tilknyting til det ransutbytet som ho hev havt liggjande heime. Ho må ha havt ei personleg krisa, ho med, som gjer at ho freistar å taka livet av seg, men i det store og det heile er det vanskeleg å segja anna enn at ho er ein litt mystisk karakter.

Synsvinkelen ligg fast på postmannen, og me fær sympati for honom, jamvel um sympatiens sumtid vert fylt med skepsis. Vil han verkeleg kunna venda attende til jobben som postmann, etter at han hev rota burt ein masse post? Sumtid verkar han både viljeveik og rørute, men på slutten hev han nokre gonger evna til å skjera igjenom. Når Georg er på jakt etter gjenta med ransutbytet, verkar han sumtid sers resolutt og handlekraftig. Han syner seg som litt av ein luring når han umtalar seg sjølv som Georg til hora.

Miljøet er eit typisk Oslo-miljø. Hovudpersonen hev i starten mest kontakt med folki på jobben, og det er dei som utgjer det tettaste netverket hans, men med kvart fær han kontakt med eit nytt netverk som ikkje er like trygt og solid. Heile tidi hev me ein tokke av at hovudpersonen er eit bymenneske som kjenner bylivet, sjargongen og umgangsformi godt, men som likevel kjenner seg framandgjord i høve til å finna sin eigen plass i dette miljøet. Han lyg og diktar upp ting, spelar truskuldig og lurar undan post utan at det ser ut til å spela nokor stor rolla for han. Stiltonen verkar litt grå og kaotisk. Det er eit typisk bymiljø der det er rik tilgang på personar og situasjonar som kann få ein til å skifta stemning nokso kjapt.

Motivet ser ut til å vera å taka fram ein godt vaksen ungkar og syna korleis han møter nye sider ved livet. Han er på sett og vis ein antihelt. Ein mann som vert nedslegen verkar ikkje serleg mandig. Postmannen vert likevel hylla for at han heldt fast på postveska og ikkje gav henne frå seg til yverfallsmennene. Men han avsannar straks at han var nokon helt når venene hans talar med honom. Eg heldt fast på veska av di eg ikkje greidde å sleppa henne, slær han fast og freistar å snu seg undan heile heltestatusen. Det er nesten som at han ikkje likar alt uppstusset. Det gjev honom størst status å bagatelisera det heile. Det ligg òg eit kjærleiksmotiv i filmen. Det er tydeleg at postmannen vert maktstolen av den tunghøyre gjenta frå fyrste stund av. Han er forelska, og han skal finna ut av henne.

Temaet kann vera knytt til freistnaden på å få seg eit meiningsfullt liv når det skjer noko som gjer at dei daglege rutinane vert brotne. Kjærleiksmotivet fører tankane inn på at det er ein yvergang millom å vera åleine og å vera saman um livet. Når two skal leva saman fungerar det därleg å ljuga og lura seg undan problem. Komplikasjonane rundt dei fortidige handlingane til gjenta fylgjer med henne, og postmannen rotar seg opp i nye forviklingar undervegs. Det er tydelegvis mykje å rydda opp i um dei two skal leva saman.

Bodskapen kann kanskje vera knytt til å finna ut kva ein vil med livet sitt, prøva seg fram og vinna nye sannkjenningar.

En uskyldig tid

"En uskyldig tid" er nok for mange kritikarar ei utypisk bok for Halberg. Dei hev vendt seg til og plassert Halberg inn i forteljingar frå bygde-Noreg der hovudpersonane er trauste verjesmenner for tradisjonelle sosialdemokratiske verdiar, noko som ikkje er upplagt, men som hev vorte ein etikett som hev vorte klistra til Halberg til liks med termen "skitten realisme". Medan "Flommen" vann kritikarane med storm og førde til at Halberg fekk Kritikarpisen, fekk "En uskylig tid" ei meir blanda mottaking. Forfattaren lika ikkje umtala frå Øystein Rottem som kalla boki ein "røvarroman". Forfattaren lyt derimot medgjeva at han verkeleg tok ut heile registeret av fantasi og morosame påfunn då han skreiv boki, og forfattaren kann vel òg vera med på at komposisjonen kunde ha vore litt stramare, sume einskildståande hendingar heng i lause lufti.

Det som fær meg til å verta upplødd for boki er at ho er ei typisk gutebok. I ei tid då guitar vert uppmoda til å lesa fleire skjønnlitterære bøker, og då dei kvinnelege forfattarane tek grep um oss med store umsutskjenslor anten dei skriv romanar eller andre bøker, er det godt å ha ein forfattar som slett ikkje byggjer upp ein klam mur av umsut eller av innfløkte intrigar. I "En uskyldig tid" er det konfrontasjonane og viljen til å taka sterke og klåre oppgjører som stend i sentrum. Dette er ei bok for dei som tenkjer på alt dei skulde eller kunde ha gjort. Det er ei bok for guitar og menn med store visjonar, men som samstundes vert tvinga attende til dei jordnære realitetane når dei møter sine yvermenn.

Boki tek til i Moss. Hovudpersonen, Jan, og dama hans, Julie, er kjende med eit anna par. På ein varm sumardag hev Jan samlægje med dama til venen sin. Det skal visa seg å vera lagnadtungt når ho seinare vert umhender (gravid). Jan og Julie hev mist sonen David i ei trafikkulukka. Mannen attum ulukka er gamal og slapp undan. Dette plågar visst samlivet millom deim. Når Julie finn ut um sidesprangen hans Jan, fortel ho at ho hev havt ein elskar yver lang tid. Den mystiske Rein Skåde sviv ikking hovudpersonen og Julie. Ein stad fær me vita at han ikkje stend i folkeregisteret, men elles vert det fortalt lite um honom i starten av boki.

Når mannen til Linn finn ut at Jan hev lege med henne, fer han yver til Jan og bankar honom upp. Jan vert liggjande sjuk i mange dagar etterpå. I denne tidi er det Rein Skåde som tek seg av honom. Det er òg Skåde som hjelper Jan med å verta kvitt fare til Julie. Faren er svært uppteken av Julie, og han hev vore viljig til å skaffa Jan ein god bustad og trygg jobb. Men Jan ynskjer ikkje det - han vil heller jobba på fabrikk.

Med kvart som Jan kviknar til, vaknar tanken på å finna att Julie. Spori leider honom i fyrste umgang til Danmark og København. Rein Skåde eggjar Jan til å realisera desse planane, endå det vert økonomiske startvanskar. Skåde viser seg etterkvart som ein profesjonell kjettring som ikkje gjeng av vegen korkje for tjuvskap av pengar eller bilar. I København finn dei ut at Julie hev reist til Tsjekkia. Det fører deim til byen Dubi som ligg på grensa millom Tsjekkia og Tyskland.

Etter mykje leiting er det òg her Jan finn att Julie. Julie er prostituet, og Jan og Skåde er innum eit ute av horehus fyre det lukkast å spora upp Julie. Sumtid er Jan åleine i lange bolkar. Skåde er innblanda i eit mafianetverk gjennom den godt tilårskomne sjefen Herder. Herder tek seg av Skåde, men Skåde hev ei blygsellaus framferd og hev lagt seg ut med andre av mafiafolki. Det gjer at Skåde heilt tydeleg er åt å missa kontrollen yver deim og dimed yver det som sikrar honom utkomet.

Det endar med at Skåde vert myrda medan Jan ser på. Jan sjølv vert teken til fange. Etter at han hev vorte grovt torturert, vert han funnen som eit mystisk psykiatrisk tilfelle med minnetap i Sveits. I millomtidi hev Julie rømt og kome seg attende til Noreg. Her syner det seg at ho hev teke livet av mannen som køyrd ned David. Ho hamnar i fengsel, medan Jan vert utskriven frå psykiatrisk sjukehus. Jan fær seg jobb som hestepassar på sjukehuset. Der vil han vera til Julie kjem ut or fengselet.

Personskildringi er knytt til ein 1. personforteljar, Jan. Jan kann vel tenkjast å vera i 30-åri. Han hev

vore ute på skråplanet tidlegare. No hev han freista seg som kulturarbeidar utan å lukkast, og han ynskjer å leva eit einfelt og greidt liv, difor hev han ingenting i mot monoton arbeid som til dømes på golvet i ein fabrikk. Det er lett å få samhug for Jan. Han er eit menneske som hev slege seg til ro med det livet byd honom. Han verkar umtykt millom damone og er sers målretta når han set seg noko i hovudet. På same tid er han fyld med fleire mjuke sider.

Han kjenner umsut for Skåde og tek seg av honom millom anna når Skåde vert for drjug på flaska og skeider totalt ut. Venskapen med Rein Skåde fær også fram korleis han kann lata seg trollbinda av dei som er sterkare eller flinkare enn honom sjølv på ulike umkverve.

Ein lyt vel segja at Jan er ein nokso statisk person gjennom boki. Det er vel like fullt eit vendepunkt då Jan vil reisa saman med Rein Skåde til utlandet på jakt etter Julie. Men me fær ein tokke av at det er noko som er fastlagt ut frå at hovudpersonen hev mange ulike disposisjonar i personlegdomen sin. Han kann snøgt skifta millom åndsarbeid og kroppsarbeid, millom å stikka seg burt på ein viljeveik måte eller stiga fram som den handlekraftige. Det er soleis mykje som er fast hjå Jan endå det vert nokre umskifte kring honom, men på eitt umkverve skjer det noko drastisk etter torturen frå mafianettverket til Skåde. Jan gjev slepp på alle personlege upplysningar. Det vert sagt um honom at han var det mest giruge menneske på personlege upplysningar som dokteren på det psykiatriske sjukehuset hadde kome ut for. Ikkje ein gong eit møte millom Jan og Julie gjev dei tilsette på sjukehuset svar på um Jan er den dei trur han er. Slik sett kann ein vel segja at turen hev sett varande merke hjå Jan. No hev han ikkje lyst til å gjeva seg til kjenne. Um han ikkje torer eller um det er sjølpålagnad, fær me ikkje vita. Hendingane millom torturen og den mystiske attendevendingi frå den kriminelle underverdi i Sveits kjem ikkje fram i boki. Her lyt ein lesa millom linone, men det er klårt at det hev skjett noko med Jan under fangenskapen og at dette på ein eller annan måte må ha sett uutslettelege spor. Slik sett må ein kannhenda konkludera med at Jan er ein dynamisk person, men han verkar ikkje som nokon lukkelegare person på slutten. Han verkar meir som ein herda person.

Fråstandet til Jan i sluttbolken er berrsynt og understrekar at dette er eit klimaks. I heile boki hev Jan fortalt si soga, men på slutten vert han berre skildra på ein ytre måte. Det verkar sers sterkt på leseren som i realiteten ikkje ein gong kann vera viss på at det er Jan det vert fortalt um. Eg fær assosiasjonar til ein torturmethode som visstnok skal vera av dei meir makabre. Ein tek ein sekk yver hovudet på offeret, køyrer vedkomande til ein stad der det er audt og gjev seg til å skjota upp i lufti. Offeret kann ikkje vera viss på at det ikkje vert treft kva tid som helst og vert heilt ørvæn. Avslutninga av eg-forteljingi med at forteljaren ligg basta og bunden i ein myrk kjellar og yvergangen til ytre skildring set forteljingi inn i eit fint relief. Det syner oss at han ikkje orkar å fortelja lenger. Evna til å fortelja um det som skjer med honom sjølv vert heilt burte, kannhenda jamvel minnet um det som hev vorte fortalt. Det er eit drastisk uppbro og ein sers tydeleg slutt. Det syner at forfattaren hev ei god evna til å disponera forteljingi.

Rein Skåde spelar ei litt perifer rolla i byrjingi av romanen, men han vert meir sentral utyver i boki. Men alt i starten er hovudpersonen uppteken av kven Skåde er. Han fylgjer etter honom og oppdagar at han bur i eit hus som er falleferdugt. Han finn ut at Skåde ikkje er registrert i folkeregisteret. Me fær også eit inntrykk av Skåde avdi hovudpersonen segjer at han ikkje bryr seg med kva Skåde driv med. Heile tidi nyttar forfattaren ei ytre skildring av Skåde. Me fær kjennskap til Skåde gjennom tankane åt hovudpersonen og gjennom korleis Skåde fortel og måten han fer fram på. Mot slutten fær me også høyra kva "Herder", sjefen i mafianettverket, meiner um Skåde. Til slutt fortel Skåde um kvifor det er folk etter han som skal taka honom. Um hovudpersonen vert nøgd med denne forklåringi er ikkje heilt visst. Skåde er ein samansett karakter. Med dei mange fylleorgiane sine og den kyniske haldningi si til alt som tener honom sjølv, fær me ikkje utan vidare noko sympatisk inntrykk. Det beste ein kunde segja um Skåde er vel at han hev stor umtanke for Jan. Men med kvart kjem me i tvil um dette òg. Me veit ikkje for vel kvifor han vil reisa frå Noreg, men når han fyrst kjem nedover på kontinentet verkar det som at han hev etter måten mange gjeremål som tek honom burt frå Jan. Ein kunde kann henda tala um ei utvikling frå å verta oppfatta som sympatisk til å verta meir mangtydig og jamvel egoistisk.

Julie er nok den mest interessante personen. Serleg sidan ho ikkje vert umtala noko serleg etter at ho forlet hovudpersonen. For hovudpersonen verkar manisk uppteken av å finna henne att. Det er noko som bind honom til henne. Ho vert derimot framsteld som ein meir sjølvstendig og sterk person. I eit attendeblikk skildrar Jan korleis den gravide Julie skjer yver strupen på eit halvdaudt dyr som hev

vorte påkøyrt. Det hev gjort eit uutsletteleg inntrykk på Jan, og han kjenner at han ligg under for Julie på dette umkvervet.

Det hev vore ein konflikt millom Jan og faren av di Julie er ei vestkantgjenta som hev forelsa seg i Jan. Faren til Julie er rik, medan Jan og Julie lyt brødfø seg som best dei kann. Julie hev stukke av mange gonger både då ho var unggjenta og budde heime og etter at ho kom saman med Jan.

Forfattaren sparar på årsaki til at Julie forlet Jan heilt til slutt. Årsaki kunde vera so einfeld at ho forlet Jan av di ho var ferdug med honom etter at han hadde vore utru. Det verkar òg slik i Tsjekkia. Då Julie først møter att Jan, freistar ho å snakka seg burt frå han. Ho talar tysk med aust-europeisk-aksent og nekta å skyna Jan når han talar norsk til henne. Men ho smeltar til slutt, og ho rømer til slutt attende til Noreg.

Det me ikkje fær vita er at det er eit mord som hev ført Julie på flukt til utlandet. Det fær oss til å tenkja yver um det var slik at Julie måtte taka ei oppgjer med fortidi når ho fær vita at Jan hev sett barn på veninna hennar. Det er under alle umstende noko byrgt og ærerikt, men samstundes sjølvpinande yver Julie. Med det utgangspunktet ho hev, skulde ho ikkje trenga å ha nokon økonomiske vanskar. Det er soleis ikkje pengeproblem som leider henne inn i prostitusjonen frå først av. Det verkar meir som ei slags soning og ein måte å koma seg undan det offisielle systemet på. Det er neppe nokon frå politiet som vil venta å finna ei norsk kvinne som prostituer i Tsjekkia, slik sett er påfunnet slett ikkje so dumt.

Miljøet i romanen endrar seg ein del undervegs. Innleidingsvis er det småbylivet i Moss som merkjer framstellingi. Me kjenner oss godt att i Oslo og København, båe stadene vert skildra mest forbigåande. Når me kjem til Sentral-Europa, gjeng me inn i eit meir lugubert kringvære. Stemninga på dei ulike bordelli som Jan og Rein Skåde vitjar er ålvorleg. Her er me inne i ei verd der pengar og umsetnad er yverordna, og kvinnene hev sin pris. Rein ser ut til å kosa seg på bordelli, medan Jan ikkje hev eit einaste samlægje under heile turen.

Som ein kontrast til det hardbarka kringværet møter me i stutte tilbakeglimit skildringar av norsk natur både innleidingsvis og seinare i romanen. Jan likar å ferdast i naturen, til dømes på fisking, og hev mykje å fortelja frå slike turar. Faktisk hadde han planlagt ei vekes fisketur fyre han vart banka upp og vart sengjeliggjande. Det er først då at Rein Skåde fær Jan med på at dei lyt reisa etter Julie. Kontrasten millom det sutalause livet i norsk natur og møtet med det ukjende utlandet vert på sett og vis eit uppbrod for Jan. Han gjeng frå å vera i eit viljeveikt tilstand til å koma yver i eit anna handlingsmodus, eit målretta handlingsmodus.

Stiltonen verkar spent. Frå starten av er det noko mystisk med Rein Skåde. Me anar uråd. Det same gjer me med hovudpersonen. Han hev tydelegvis nokre myrke instinkt, og han hev tydt til vald og vore ute på skråplanet tidlegare. Rein Skåde er ei tikkande bomba - mange gonger og serleg på slutten byrjar det å tikka kraftig. Jan må få plassert Skåde på ei hytta utanfor den landsbyen dei er, medan han sjølv greider upp i nokre praktiske ærend. Då Jan kjem attende, fær han sjå at Rein Skåde på brutal og nådelaust vis vert avretta, og når han gjeng attende til bilen, vert han sjølv burtførd. Dinest fær me vita at Jan hev lege basta og bunden i ein kjellar i dagesvis, og det er det siste me fær vita frå 1. personforteljaren.

Eit motiv ein kann finna i boki er eit ulukkeleg par som hev mist eit barn og som både vert utrugne. På sett og vis lyt ein kannhenda kunna segja at det er den mystiske Skåde som fær Jan på føte og som samlar deim att. Det er ikkje usannsynleg at Jan vilde ha stukke seg undan og ikkje tenkt meir på Julie. Julie vilde truleg ha vorte fanga i prostitusjonen i Tsjekkia. Men den mystiske Skåde, med sitt pågangsmot og sine kontaktar, er med på å spora Jan til å leita opp Julie. Til slutt finn dei einannan. Soningstidi på sju år verkar symbolsk. Jan skal arbeida i stallen på sjukehuset, medan Julie skal sitja i fengsel. Det verkar som at dei vil finna einannan etterpå. Det er sjølv sagt at dei då vil ha lagt attum seg mange prøvingar og at kjærleiken millom dei må vera sterk. Slik sett handlar kann henda denne romanen um kjærleik. Eit klassisk kjærleikmotiv kann i alle fall ikkje avvisast.

Men teksten lyt òg kunna lesast med fleire undertonar, og han tek upp mange ulike tema. Sex-industrien i Nord-Noreg hev me høyrt mykje um, men inngåande skildringar av liknande tilstandar i

Sentral-Europa er absolutt eit tema som burde engasjera. Sex-industrien er ein av dei største illegale verksemder i verdi. Jan vert ståande litt smånaiv uppe i det heile, endå han med kvart vert ein driven bordell-gjengar.

Utruskap er ikkje noko nytt tema, men me slepp ikkje undan i denne boki heller. Det er likevel noko meir med dette enn berre utruskapen. Julie hev vore utru yver ein lang periode. Det eine samlaegjet hans Jan er snaudt noko stort yvertramp, men det fær store fylgjar med graviditeten. Det er soleis eit spursmål um ikkje utruskapen på sett og vis vert uløyseleg knytt til etterverknaden av trafikkdødsfallet som Jan og Julie hev upplevt. Jan vitjar mannen som kørde yver sonen, og Julie drep honom.

Nettverk av menneske som driv ljossky verksemrd vert i grunnen ikkje noko tema, av di Rein Skåde er so mystisk. Me fær eigenleg aldri vita kva han driv på med, men det er i alle fall klårt at det i ein viss mun er tala um politisk verksemrd. Organisasjonen hans Skåde hev millom anna til mål å infiltrera MacDonald-kjeda. Dei skal planta arbeidstakrar der som skal forgifta maten til kundar frå nettverket når dei kjem forbi, so skal dei pressa kjeda til å få eit dårleg gjetord. Den politiske verksemrdi til netverket kann ikkje tonast fram som noko sentralt tema, meir som noko underliggende, måhenda eit sidetema.

Det verkar som ein litt banal bodskap å segja at kjærleiken yvervinn alt, men det er i alle fall den mest endeframme måten å lesa boki på. Ein annan banal måte å lesa boki på er å segja at brotsverk fører til straff. Jan rotar seg burt i tvilsame affærar og lyt taka fylgjone av det. Julie må sona i fengsel for eit brotsverk. Skal ein ganga noko djupare til verks kann ein segja at verknadene av å missa eit barn er so store at det krevst umåtelege lidingar for å bøta på den skaden det påfører foreldri.

Fleire låke sidor ved norsklæreplanen

Av Lars Bjarne Marøy

Me hev umtala den nye norsklæreplanen i vidaregåande skulen ved eit tidlegare høve, men det er meir å segja um denne planen. Det interessante med planen er at han kann tolkast svært ulikt. Det stend lite um kva konkrete mål som skal nåast, men di meir um ålmenne krav og ventnader. Den fyrra planen uttrykte ynskje um at elevane burde ha lese handfaste verk, men skreiv ikkje at desse verki skulde lesast. No vert det derimot sett krav til at elevane skal ha yversyner som i alle fall etter vårt syn krev at dei i praksis må ha lese mange sentrale verk, utan at det stend kva verk som skal lesast. Når planen er so rund som han er, kann det tolkast som alt frå at elevane skal lesa tjukke bøker til at dei skal ha kjennskap til ulike litterære former.

Den nye læreplanen krev at elevane skal: "gjøre rede for viktige utviklingslinjer og noen sentrale forfatterskap i norsk og europeisk litteratur fra middelalderen til og med romantikken og denne litteraturens forhold til øvrig europeisk kulturhistorie" (sida 46 Kunnskapsløftet, sept. 2005) og "gjøre rede for den modernistiske tradisjonen i norsk og internasjonal litteratur fra siste halvdel av 1800-tallet til i dag" (ibid. 47). Korleis skal undervisningi verta med utgangspunkt i desse måli?

Det interessante er kva som er sentrale forfattarskap i norsk og europeisk litteratur. Det kann det visseleg vera mange oppfatningar um, og det kann leggjast vinn på ulike bolkar frå denne perioden som er nokso lang. I norsk samanheng må hovudvekti naturleg nok kunna leggjast mot millomalderen for oss som ynskjer ei styrkjing av nynorsken. Den norrøne litteraturen finst under alle umstende på nynorsk. Men det er ikkje upplagt at det skal vera slik. I europeisk litteratur er det truleg andre forfattarskap som peikar seg ut, serleg må Shakespeare vera eit sers aktuelt namn i so måte. Det kann løna seg for målfolk å tenkja på og å draga fram europeiske forfattarskapar som er umsette til nynorsk.

Verre å tolka, men uråd å koma utanum, er det at det er nye krav til at elevane skal kunna nytta ulike tekstformer, sokalla samansette tekster. Slike tekster er definerte slik: "Hovedområdet sammensatte tekster viser til et utvidet tekstbegrep der teksten kan være satt sammen av skrift, lyd og bilder i et samlet uttrykk. Det innebærer arbeid med tekster som bildebøker, tegneserier, avisar, reklame,

nettsider, sangtekster, film og teater. Hovedområdet omfatter både elevens egen tekstproduksjon og opplevelse, kritisk vurdering og analyse av sammensatte tekster." (side 38 - Kunnskapsløftet, sept. 2005). Det segjer seg sjølv at dette er ei formidabel oppgåva. Serleg frå ein nynorsksynstad er vandemåli store. Det må skaffast fram teikneseriar, biletbøker, reklame m.m. på nynorsk. Det er serleg ille at nynorsken ikkje hev gjenge inn som eit hovudspråk på DVD-filmar. Her hev islandskan kome lengre. Det må vera eit ufråvikeleg krav frå alle målfolk at det finst nynorsktilbod på alle DVD-filmar som vert utgjevne for den norske marknaden, den oppgåva skulde vera yverkomeleg reint teknisk. Det finst målfolk som snøgt kann umsetja mange filmar, mykje lettare enn lærebøker som skal ha nynorsk tekst. Det kann ikkje vera godtakande at eit so viktig medium er heilt fritt for nynorsk.

Når det gjeld det mest handfaste og viktigaste - sjølve vurderingi og eksamineringi av elevane i den vidaregåande skulen- er det underleg nok slik at nynorsken vert trekkfag til eksamen i tridjeklasse på ålmennfag, medan det skal gjevast skriftleg upplæring i nynorsk for yrkesfagelevane innanfor det som med den nye læreplanen vert kalla vg1 og vg2. Det kritiske her er at lærarane ikkje kann rekna med at elevane skal prøvast til eksamen i nynorsk. Det fører til at den einskilde læraren i praksis og i dei fleste høve vert den einaste som skal vurdera nynorskklæringi til elevane. Det skjerpar ikkje innhaldet i undervisningi. Og ein kann berre venta på at det kjem nye krav som veikjer nynorsken meir.

Brenn boki di sjølv, Fløgstad!

Av Lars Bjarne Marøy

Kjartan Fløgstad gav i fjor haust ut boki *Brennbart*. Tittelen byggjer truleg på at Fløgstad hev høyrt um bokmålelevar som millom anna skal ha brent upp nynorskuppgåvor. Dette hev kome fram i pressa etter at boki kom ut. Tittelen kann tolkast som at boki er kontroversiell, men skal nok helst spela på at boki kann brennast.

Nedminking av åndsverk er eit sentralt motiv hjå Fløgstad i boki og i ordskiftet som hev fylgt etter at boki kom ut.

I Dagbladet 14. november viser han til two presseuppslag der det vert tala um brenning av nynorskuppgåvor og nynorske ordlistor. Med boktittelen vil han signalisera at han set seg yver slike åtgjerder.

Dette er utan tvil ein pretensiøs titel.

Ein må spryja seg kven det er som vil brenna boki åt Fløgstad. Det er snaudt serleg mange bokmålelevar i den vidaregåande skulen som vil idast å lesa boki, so då må ein spryja seg kven Fløgstad siktat til.

Fløgstad gjeng då heller ikkje serleg hardt ut mot skuleelevar ålement sét. For det fyrste vil Fløgstad slå fast at Riksmaalsforbundet samarbeidde med nazistane i okkupasjonstidi. Dinæst vil han påvisa at Lars Roar Langslet hev skove dette under teppet i riksmaalssoga.

For det tridje gjeng Fløgstad til åtak på Hans Fredrik Dahl for nokre formuleringar i *Norsk idéhistorie*. Fløgstad ynskjer å konstruera ein samanheng millom at Riksmaalsforbundet samarbeidde

med nazistyremaktene i krigsåri, historieskrivingi
åt Langslet og Dahl på den eine
sida og nedvurdering av nynorsken i den
norske målstriden på den andre sida.
Riksmålsforbundet og boksmålselevar
serleg på Oslo vest skal, etter Fløgstad,
visstnok vera prega av eit sers udemokratisk
sinnelag.

Kva hev so Fløgstad å fara med?

Riksmålsforbundet i krigsåri

Fløgstad hev skaffa seg tilgang til protokollane
til Riksmålsforbundet og hev
finlese deim. Han hev kome til at
Riksmålsforbundet alt tidleg var i kontakt
med nazistyremaktene for å få gjort um
på rettskrivingi av 1938.

I 1941 var formannen i Riksmålsforbundet
og formannen i Oslo Riksmålsforening
med i den NS-uppnemnde
rettskrivingskomiteen. Vidare kann ein
slå fast at det vart halde umfram
landsmøte i forbundet den 19. april 1941.
Då fekk både formennene ny tillit til å
halda fram med kampen mot «det
kohtske knot», som 1938-rettskrivingi
vart kalla. På landsmøtet stelte journalisten
Charles B. Middelthon mistillitsframlegg
mot dei samarbeidsviljuge kreftene i
Riksmålsforbundet. Med stort fleirtal
avviste landsmøtet dette framleggat. Mot
eit lite mindretal vedtok det høgste
organet i Riksmålsforbundet å samarbeida
med Quisling-styret for å få attra
demokratiske vedtak.

Kulturkampen under okkupasjonen
tok seg upp i februar 1942 med den
sokalla «nyordning». Lovene åt Quisling
frå 5.2.1942 um lærarsambandet og
nasjonal ungdomstenesta førde til
læraraksjonen og arrestasjon og deportasjon
av 1100 mannlege lærarar. Seinare
i månaden la dei sju biskopane ned dei
statlege embeti sine. På same tid vart
Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag
nazifiserte, noko som førde til at dei
valde tillitsmennene straks la ned umbodi
sine. Midt under denne kulturkampen
vende Riksmålsfolki seg two gonger til
Quisling-styret for å få, som Fløgstad
segjer det, «hemn over Stortinget».

I fleire avisinnlegg sumaren 1946
freista opposisjonsmannen frå 1941,
Charles B. Middelthon, å taka ei uppgjerd
med den leidagi av Riksmålsforbundet
som vilde samarbeida med nazistystret.
Både formannen i Riksmålsforbundet
og formannen i Oslo Riksmålsforening
vart etterforska av påtalemakti. I
rettspremissane frå den siste saki heiter
det (hermt i ein kronikk av Fløgstad i

Aftenposten 18.12.04):

«Retten har under vitneavhøringa fått et forstemmende inntrykk av den fanatismen som har behersket visse riksmålskretser på den tid [nazi-tidi] slik at gode og aktverdige nordmenn, hvis nasjonale innstilling ellers er hevet over tvil, endog i dag har villet forsøre det samarbeid på sprogsakens område som ble innledet med nazistene i 1940-41.»

Mistaket åt Langslet

Lars Roar Langslet framstiller det derimot onnorleis i soga åt Riksmålsforbundet: «Riksmålsforbundet holdt ekstraordinært landsmøte 12. mars 1941. Der ble det vedtatt, etter forslag fra Oslo Riksmålsforening, at Riksmålsforbundet og Noregs Mållag burde avgj en felles erklæring om å innstille språkstriden i disse vanskelige tider, så nordmenn ikke splitter sine krefter. [...] Men riksmålsinitiativet om en felles erklæring ført ikke frem og ble formodentlig avvist på den andre siden. Det fikk være måte på samdrektnhet selv under en krig.» Langslet skriv òg at forbundet «sovnet inn» etter landsmøtet i 1941. Fløgstad kann derimot slå fast at det er godt dokumentert at Riksmålsforbundet two gonger i 1942 uppmoda kulturdepartementet å Quisling um å revidera rettskrivingi av 1938. Langslet hev etter at boki *Brennbart* kom ut, gjenge ved at han hev teke i miss, og at Riksmålsforbundet var for og ikkje mot å samarbeida med nazistyret um å få endra rettskrivingi av 1938, og at Forbundet ikkje sovna inn i 1941.

6

Norsk idéhistorie og Hans Fredrik Dahl

Hovudfokuset etter at boki åt Fløgstad kom ut, hev vore kritikken av måten Hans Fredrik Dahl framstiller målrørsla i *Norsk idéhistorie* band 5. Av boki og ordskiftet er det tydeleg at Fløgstad hev rangtolka det Dahl skriv frå sida 346 til 349 i idéhistoria, og at ingen ser ut til å ha uppdaga det av di dei hev lese Fløgstad, og ikkje Dahl.

Dahl spyrr seg um kva som kann ha vore grunnane til at målrørsla ikkje vann aukande tilslutnad etter krigen. Han peikar på tri tilhøve: at den nasjonale dyrkingi under kong Håkon ikkje gagna målrørsla meir enn andre, at norskdomssymbol vart misbruka, og at det fanst målfolk i Nasjonal Samling (NS). Var det fellesskapsmentaliteten i etterkrigstidi eller diskrediteringi av norskdomsmytologien som førde til at målrørsla ikkje

tente på krigen, spyrr Dahl, som ei uppsumming av dei tri momenti han hev dryft. Han legg til at det trengst meir forsking for å fastslå det.

Fløgstad på si sida meiner at dette vert eit for snevert grunnlag å forska på. Han kallar det for forsking med bunde mandat. Kva andre moment Fløgstad vil draga inn som kunde vera interessante reint idéhistorisk, segjer han derimot ikkje noko um. Men han meiner at Dahl hev drege konklusjonane fyre det eventuelt kjem ei slik forsking. Fløgstad dreg serleg fram, både i boki og avisordskifti, eit tekstparti i idéhistoria som han meiner syner at Dahl hev drege konklusjonane sine, men utelèt eit par setningar som er viktige for konteksten (sette i kursiv her):

Men flere forhold spilte inn. Andelen av mål- og norskdomsfolk som sluttet opp om Quisling, var ikke ubetydelig. NS-regjeringen var da også sterkt engasjert i slike ting som folkedans, bygdeungdomslag og alle slags norske og norrøne uttrykk og former. Det fantes målfolk som så det slik at Ivar Aasens verk ble videreført av ideologer som Alfred Rosenberg i Tyskland og Vidkun Quisling i Norge. I en viss utstrekning har vel slike målideologiske NS-folk diskreditert bevegelsen og lagt en avstand til den vanlige etterkrigsfeiringen av kampen mot nazismen. (s. 336 f.)

Setningi som innleider denne bolken, syner klårt at dette er berre eitt moment av fleire som Dahl tek upp. Eventuelle målfolk i NS kann altsø etter Dahls syn vera ei delforklaring på at målrørsla miste uppslutnad etter krigen, men er ikkje den einaste, slik Fløgstad vil ha det til.

Fløgstad peikar (s. 27 f.) på at Alfred Rosenberg, som Dahl segjer at målfolk i NS såg upp til, var andsvarleg for massedråp på millom 10 og 20 millionar menneske.

Deretter hevdar han at «den offisielle norske idéhistoria, utgitt på

Aschehoug i 2001» kallar massedråpi for «ei vidareføring av Ivar Aasens verk». At det etter Dahls meinинг fanst målfolk som såg samanhengar millom Ivar Aasen og Alfred Rosenberg, tyder ikkje at Dahl ser slike samanhengar, snarare tvert um.

Men det er ikkje nok med denne solekläre og hårreisande urimelege tilleggjungi av synspunkt. Lat oss sjå på ei meir harmlaus formulering som Fløgstad hev hengt seg upp i. Fløgstad meiner at Dahl kann gjeva inntrykk av at det var heile målrørsla som slutta upp um Quisling

gjenom at han skriv at «[a]ndelen av målog
norskdomsfolk som sluttet opp om
Quisling, var ikke ubetydelig». Lenger
nede vert likevel Dahl klår nok når han
skriv «slike målideologiske NS-folk».
Det er ei formulering som peikar eintydig
på at det gjeld målfolk i NS, ikkje i mållagi
og målrørsla.

Kann so rangviljuge lessarar tolka
Dahl som at det var ei rad målfolk som
slutta upp um nazismen? Dersom ein
gjeng fram til innleidingi av kapittelet two
sidor lenger framme, kann ein lesa um
«Knut Knutson Fiane - målmann og NSmann
». Dahl umtalar honom som ein
mann med ein «uvanleg idéprofil»: Det
var altso ein uvanleg idéprofil å vera knytt
til både målrørsla og Nasjonal Samling.
Det ein stend att med, må vera ei av
dei drjugaste skuldingane i norsk målsoga:
«Dette [massedrål på 10 til 20 millionar
menneske] kallar den offisielle
norske idéhistoria, utgitt på Aschehoug i
2001, for ei vidareføring av Ivar Aasens
verk.» (s. 30).

Ordskiftet um *Brennbart*

Hans Fredrik Dahl skriv 4.12.04 i Dag og
Tid um rangtolkingi åt Fløgstad. Han
viser først til alt det uppsamla hatet som
ligg under boki åt Fløgstad, so slær han
fast: «I denne emosjonelle diskursen
kjem saklege argument naturleg nok i
andre rekkje. Den måten Fløgstad gjev att
innhaldet av det som står om NS og målsaka
i bind 5 av *Norsk idéhistorie*
(Aschehough 2001), er mest det motsette
av kva eg meiner.» Dahl hev dessutan
stadfest i pressa at målrørsla var lite
merkt av nazismen.

Trass i dette hev ei rad skribentar på
rekkja og rad skulda Dahl for å gjera
koplingar millom målfolk og nazistar.
Den eine nynorskbrukaren etter den
andre hev stade fram og underbygt eller
insistert på at målfolk ikkje var nazistar
på alle tenkjelege og utenkjelege vis. Det
hev vorte eit uteal av presseklypp av dette.
Målfolk lèt til å tru at dette fremjar målsaki.
Men ein må spyrra seg um det gjer
det. Det som fremjar målsaki, er målretta
arbeid for å få nynorsken fram på ulike
samfundsumkverve; å drive ein endelaus
forsvarskrig i dette høvet, di meir mot
utsegner som beint fram er harmlause,
kann vel snaudt segjast å gjeva ein slik
framgang.

Mange målfolk meiner at målrørsla
var totalt lamma av krigen i 1945 og at
det var uråd å drive organisasjonsarbeid
då. Det er neppe rett. Når ein ser på det

agelege arbeidet til dømes Vestlandske Mållag dreiv med å pressa på for å få eit nynorskuniversitet i Bergen, vert det vanskeleg å segja at den delen av målrørsla ikkje var arbeidsfør det fyrste året etter krigen. Andre meiner at rettskrivingsstriden lamma organisasjonen, men landsmøtet i 1946 verka tvert um samlande. Landsmøtet vart halde i Bergen og valde eit samnorskvenleg styre. Den beste forklaringi på målattendegangen er truleg at samnorskpolitikken og vantande vilje til å driva aktiv organisasjonsbyggjing i og kring Noregs Mållag førde til at Mållaget ikkje hadde noko å stella upp med då Riksmaalsforbundet fekk greidt upp i tilhøvi frå krigen, fekk motstandsmannen Øverland til frontfigur i 1947 og byrja å driva dugeleg mobiliseringsarbeid. Til samanlikning vart det ikkje halde landsmøte i Noregs Mållag i 1947, samnorskstyret forsømde seg i so måte. Det er på tide at målrørsla sluttar å skulda på alle andre. Når det gjeld den saki at målrørsla fekk vantande tilslutnad, er det målrørsla og Noregs Mållag sjølv som må taka sjølvkritikk. Spor av slik sjølvkritikk finst knappast korkje i *Brennbart* eller i ordskiftet kring boki. Det er snaudt nokon som idest å brenna boki åt Fløgstad, so skal ho brennast, må han nok gjera det sjølv. For nokre år sidan fekk elevane ei eksamensuppgåva der dei skulde tolka ei tekst av Fløgstad um sidemåsstilen. Då var det ingen som skyna ironien åt Fløgstad. Lat oss vona at elevane slepp å tolka Fløgstad til næste eksamen. Det kjem neppe til å styrkja nynorsken.

Brian Mikkelsen (red.):

Den konservative årstid.

Betrægtninger og visioner efter 2001

Hovedland 2004. 268 sidor

Politiske ideologiar vert lite diskuterte i dag, men konservatismen er ein ideologi som hev kome i sokkeloset i det siste. I samband med valet i USA hev mange tala um «nykonservativisme». Det same umgrepet vart nytta på 1980-talet, so det er tydeleg at konservatismen er ein ideologi som vert oppfata som ny kvar gong han stikk seg fram. Det er vel ingen som talar um nysosialisme eller eit nytt sosialdemokrati. Denne språklege pirkingi segjer i seg sjølv noko. For det fyrste er det tydelegvis nokon som ynskjer å markera avstand til konservatismen med stødt å kalla han ny. For det andre er det interessant

fordi konservatismen er ein elastisk ideologi. Ein ideologi som kann måta seg etter ulike umstende.

I Dagbladet 7. juli 2004 siterar Simen Ekren Ronald Fangen, som i 1927 skal ha sagt følgjande:

«Det er konservatismens triste skjebne i vort land at den ikke har hatt mænd, som har maktet å utforme konservatismens bærende ideer og livssyn. Derfor vet man i Norge saa lite om hva konservatisme i virkeligheten er, ...»

I dag hev me ei tid havt ei borgarleg mindretalsregjering der Høgre og Kristeleg Folkeparti hev verdikonservative innslag. Denne regjeringi hev markera seg i nokre saker, men det hev vel berre i liten grad fylgt med eit prinsipielt ordskifte kring kva verdikonservatisme eller borgarleg politikk er for noko. Det er stoda i Noreg i dag. Kva so med Danmark som òg hev ei borgarleg regjering no?

Konservatismen i Danmark

I Danmark hev det dei siste åri vorte aukande uppslutnad kring ei konservativ orientering. Det hev gjeve seg fleire utslag. Til dømes hev fleire av dei konservative statsrådane markera seg. Det hev òg kome ut fleire bøker som tek upp konservativ tenkjing. Ei av dei siste er *Den konservative årstid*. Kulturministeren Brian Mikkelsen hev vore skriftstyrar for boki. Han hev vakt ordskifte i Danmark gjennom utspel som gjeng ut på at statlege studnadsordningar til kunstnarar må reserverast dei som hev røyneleg kvalitet. Det hev sume tolka som sensur. Det er kor som er ingen grunn til at denne boki ikkje burde koma ut. Ho er framifrå interessant. Eg vil i denne meldingi berre gå inn på nokre fåe av dei mest illustrerande synsmåtane og utgreidingane som vert lagde fram i essay-form i boki.

Mikkelsen kjem snøgt fram til dei grunnleggjande emni som han meiner at boki tek upp.

Eit grunnleggjande emne er knytt til å verna um dei rettane og den fridomen som den einskilde må ha til å greida upp i livet sitt som han vil. So lenge einskildmennesket fylgjer det som er av speleregler i det offentlege romet, må ikkje samfundet blanda seg upp i korleis familieliv og tilhøve millom menneske vert organisert privat. Når privatlivet og borgarlege rettar hev vorte undergravne, hev ein undergrave samfendet. Målet for politiske vegval i dag er ikkje revolusjon eller frigjering, men å halda uppe fridom,

frisinn og fellesskap. Det er ikkje noko mål at folk skal vera so like som råd, men at dei skal få leva på best mogleg vis saman med vener og huslyd.

Eit anna emne som ligg forfattarane nære på hjarta, er å verna um tradisjonen og å tora å markera nasjonalt serpreg i ei internasjonal eller, som sume segjer, globalisert verd. Eit tridje emne som vert teke upp i boki, er korleis konservative skal hanskast med sokalla politisk korrekte synsmåtar. Den fyrste forfattaren me skal sjå nærare på, skriv um tradisjonen som berande i konservativ tenkjing, men me må ikkje gløyma at tradisjonen og må knytast opp til å gjera vegval i framtidi. Elles vert konservatismen ein ideologi som kann takast til inntekt for kva som helst.

Konkrete umstende i fortid og framtid

Anders Ehlers Dam skriv um historiske minne. Den reine no-kulturen er berre ein myte. Fortidi er der likevel alltid. Er det ikkje eit levande samband til soga og kulturen, finst fortidi berre som eit fråvære eller ei fortrengjing. Den minnelause kulturen set soga og tradisjonen åt eit land ut av spel til fyremun for abstrakte ideal. Utan historisk minne (*erindring*) um ei fortid som danar kulturen i eit samfund, vert samfundet etterlate som utrygt og utan identitet. Ehlers Dam viser til ein bondegard. Ein mann som i dag bur på garden, kjenner kann henda ein eller two ættleder som hev butt der fyrr han. Han kjenner truleg òg ein del historikk knytt til garden. Men dersom ein stelte upp alle som hadde butt og arbeidt på garden sidan garden vart rutt for fyrste gong, kunde ein koma mange hundrad år attende. Dei som stod fyrst i rekka vilde ha vanskeleg for å forstå språket og tenkjemåtane til dei som stod sist. Men millom dei som stod attmed kvarandre vilde samtalene kunna glida lett. Det er eit samband og ein samanheng som knyter ættledene på ein stad saman og set dei inn i ein heilskap. Ein kann ikkje lausriva seg frå denne samanhengen. Det er forteljingi um kontinuiteten som «mumlende løber gennem tiden». Dei konkrete tingi ein hev kring seg, hev alltid ulike umstende knytte til seg. Det er dei som skapar historiske minne både for individet og for eit større kollektiv.

Når ein godtek å vera ein del av ein samanheng og ein historisk tradisjon, gjev det på same tid andsvar og avlastning. Andsvar fordi ein ikkje er eit abstrakt vesen, men knytt til dei konkrete

umstendi, og avlastning fordi ein sjølv ikkje må bera all verdi på okslene. Sume freistar langt på veg å setja seg utanfor soga og gjera samtid til alt som finst. Det er folk som i forlengingi av slike tankar meiner at det kunde vera gunstig å utvikla ein patriotisme andsynes den demokratiske samfundsskipnaden i seg sjølv, millom anna knytt til verdiar som tolsemd og likskap. Men slike umgrep hev ingen djupnedimensjon, og dei vil ikkje kunna gjeva nok uppslutnad, same kor

Stridsmennene for konservatismen i Danmark

Av Lars Bjarne Marøy

9

gode dei prinsipielt sét måtte vera.
Denne tenkjemåten meiner Ehlers
Dam tilsvrar det ein kann segja um ei
ekstrem globalisering, der alle stader skal
gjerast til éin stad, der du er alle stader på
ein gong og soleis ingen stader på ein
gong.
Dei som ser på globaliseringi som eit
ideal og ein medviten og ynskjeleg politikk,
sluttar seg til det ein kann kalla
globalismen. Globalismen hev vorte
knytt til anti-nasjonalisme og multikulturalisme.

Umgrep som solidaritet og
grenseløysa hev vorte ståande som
visjonar knytte til globalismen. Globalistane
hev sett fyre seg ei verd utan motsetnader
og der alle verdsborgarane stend
samman um dei same idealistiske måli.
Visjonane åt globalistane samstavast med
visjonane åt sosialistane. I dag stend dei
reine liberalistane og sosialistane for
svært mykje av det same. Dei deler både
den idealistiske globalismen, medan dei
konservative stend fast på at det er eit
samspele mellom det globale og det lokale.

Multikulturalisme mot nasjonal lojalitet
Kasper Størvring gjeng i eit sterkt essay til
felts mot dei han kallar «Åbenhedsprofetene
» (?). Dei er menneske som hev ein
moral knytt til at dei ikkje hører til på
ein viss stad og i eit visst kulturell yverordna
kulturelt hopehav. Dei meiner at
dei er frigjorde frå den vonde kulturimperialismen
og kultursjåvinismen. Dei
ynskjer seg velsigningane åt eit abstrakt,
multikulturelt samfund, eit samfund som
ikkje kann eksistere i røyndomen, slær
Størvring fast. Størvring strekar under at
dei konservative må stå for ei folkeleg
samhøyrsla der ein held fast på umisselege
fellesverdiar.
Størvring viser til Edmund Burke som
alt i 1790 skreiv at «det hev vore ulukka

åt denne tidsalderen at alt skal setjast under debatt, som um grunnlovi åt landet vårt snarare skulde vera noko å stridast yver enn å gledast ved.» Lojalitet og medborgarskap kann sjåast på som konservative dygder. Konservatismen ber i seg umsut for det som er historisk gjeve, t.d. nasjonen. I dag vert verdiar som medborgarskap og nasjonal lojalitet sette i miskredit. Det er kulturrelativismen som gjer seg gjeldande.

Når kulturrelativistane gjeng ut mot patriotisme og ålmenn daning, nyttar dei millom anna gamle tankar frå den tyske filosofen Nietzsche. Han skreiv at «det finst ikkje sanningar, berre tolkingar». Kulturrelativistane sluttar seg til dette synet og kjempar med eldhug mot all tru på at det finst objektive sanningar og ålmennigilde verdiar. Målet for openskapsprofetane er at ein skal yverskrida tabu og sosiale lekkjor i vår eigen kultur gjennom å studera andre kulturar og læra av deim. Ein skal løysa seg frå sitt eige kulturelle upphav og hylla eit slags dygdefullt nomadeliv som gjer det mogeleg å gå fritt umkring millom all verdens kulturar. Tilkjennegjeving av nasjonal solidaritet vert strakst sedd på som suspekt revitalisering av ervegods frå millomkrigstidi i Tyskland.

Openskapsprofetane er antifundamentalistar. Dei ynskjer ikkje å strida for absolutte og ufråvikelege verdiar. Det er til å skyna at ein freistar å distansera seg frå totalitære ideologiar og i staden gjeng inn for eit provisorisk kulturrelativistisk standpunkt, men me kann ikkje verta so blinda av totatilitære ideologiar at me ikkje torer å forsvara noko som helst fast standpunkt. Openskapsprofetane gjeng mot deim som hegnar um sin eigen kultur og torer å melda frå positivt um eigne verdiar.

Multikulturalistane er berre upptekne av abstrakte ideal for korleis samfundet vårt bør vera. Det bør vera ein open og harmonisk sameksistens millom jamstelte kulturar, segjer dei. Dei bryr seg mindre um korleis det i røyndi vert med det multikulturelle eksperimentet som ein lovar folket. Det er snarare tale um uppløysing av eit solidarisk verdehopehav med sine eigne landsmenn.

Dei abstrakte ideali åt multikulturalistane vert sers konkrete i møte med andre kulturar, for framande kulturar vert nærmast framstelte som objekt som kann kjøpast og seljast i form av mat, reiser og underhaldning. Det handlar ikkje um å

verta dana i møtet med dei framande kulturane eller å taka vare på kulturane, men tvert imot um å bruka dei og kasta dei etter bruk. Tryggleik og stabilitet knytt til eins eigen kultur er ikkje ynskjeleg utfrå marknadslogikken.

Framande kulturar vert sedde på som ei slags underhaldning, noko ein kann ha det moro med. Støvring spør kva som er verst: xenofobi (framandfrykt) eller å lefla med framande kulturar av di dei er underhaldande når dei skil seg frå oss? Openskapsprofetane kører i ring innanfor ein tryllekrins av naive idear som dei framande kulturane slær kring dei. Dei greider ikkje å skyna at folk i ikkjevestlege kulturar vil gjera store offer for det dei hev sams i form av kultur, tradisjonar, språk og historie. Folk frå ikkjevestlege kulturar hev like fullt ei sterke kulturell tilknyting. Nokre av dei so sterke at dei vil gjera blodoffer i form av æresdråp, medan andre vil gjera sjølvmord i daudekulten åt terrorismen.

Felleskulturen vert oppfata som undertrykkjande. Samfundet skal ikkje vera eit hopehav (fellesskap) av solidarisk forplikta borgarar, men skal i staden kløyvast upp i grupper som skal defineraast ut frå etnisk identitet. Fleirtalskulturen skal ikkje blanda seg inn i mindretalskulturen, og dimed fær ein vansk med umskjering, tvangsekteskap og «nyuppfostringssupphald» i heimlandet. Det er jo kulturen åt dei framande. Når individuelle rettar vert yverførde til gruppenivå, kann snart all slags åferd rettferdiggerast med tilvising til toleranse. Det høyrest svært frigjerande ut, men det er berre eit nytt tyranni, der individet vert stigmatisert som medlem av ei viss gruppa.

Multikulturalistane ser ikkje ut til å skyna kor utfordra demokratiet er. Det er berande for demokratiet at heile folket godtek at det sams beste er ein hrynesten i demokratiet. Når ein gjev upp tanken um at heile folket skal mobiliserast politisk til å engasjera seg i det som er sams normer ut frå den demokratiske verdien knytt til «anerkjendelsesmæssig lighed», so segjer ein òg på eit vis upp den sosiale kontrakten. Kulturrelativistane trur vel på at dei demokratiske verdiene er garanterte utan umsyn til tilfellelege individargument og forsvar. Men då gjer dei seg skuldige i historisk gløymsla. Demokratiet og demokratiske verdiar er ikkje upplagde. Dei må forsvarast gjennom folkeleg samhøyrsla og sosialt hopehav

med andsvar og normer, der ein må halda fast på gamle dygder som mod og fastleik for å halda på sine eigne verdiar.

Korleis ser so Støvring på vårt møte med andre kulturar? Han meiner at me må uppnå kunnskapar um andre kulturar for å vinna ålmenne innsikter um naturen, det vil segja um det historisk og kulturelt sjølvstendige. Denne kunnskapen kann brukast til å skapa det gode liv. Til eit godt liv høyrer, um ein fylgjer Edmund Burke, ei konservativ forståing for lojalitet andsynes vår eigen kultur. Me hev no sett døme på korleis dei konservative skribentane kjem i konflikt med det som ein noko einfelt kann umtala som ei politisk vanetenkjing millom politiske motstandarar. Men kva vert fylgja av denne konflikten?

10

«Det skulde jo nødigt hedde sig»-haldningi

Eit umgrep som gjerne vert knytt til den rådande sosialdemokratiske og sosialistiske politikken, er umgrepet «politisk korrekt». I Noreg upplever ein til liks med i andre land at det vert tala um det sokalla politisk korrekte. Umgrepet politisk korrekt kann generelt knytast til makthavarane og treng ikkje å vera einsidig negativt, men det hev heilt upplagt verka sterkt styrande for kva det kann førast ordskifte um, og korleis ordskifti vert førde. Dette er utgangspunktet for eit essay av Katrine Winkel Holm.

Katrine Winkel Holm meiner at um ein vil vera verdikonservativ i eit land som Danmark, må ein vera ukonvensjonell. Det krev noko so elementært som mod og at ein er medviten um kva det tyder å vera konservativ. Skal ein vinna fram med konservatismen, må ein fara provokatorisk og offensivt fram. Winkel Holm tek ei uppgjerd med dei som meiner at det viktige er korleis ting synest og ikkje korleis dei er. Ho talar um ei «det skulde jo nødigt hedde sig»-haldning.

Dei som ikkje torer å brjota med den gode tonen, og ikkje torer å taka ei uppgjerd dersom det er naudsynt, hev ikkje sivilt mod. Den sanne konservatismen må vera ukonvensjonell.

«Det skulde jo nødigt hedde sig»-haldningi kjem til uttrykk på fleire måtar i politikken i Danmark. Til dømes vilde ikkje konservative kutta i den offentlege sektoren då Mogens Glistrup gjorde framlegg um det. Han var for ekstrem til at ein kunde gjera noko som han hadde

gjort framlegg um, same kor samd ein elles kunde vera. I innvandringsdebatten hev kritikarane vorte sette til side. Høgskulerørsla hev vorte rødd for å brukta Grundtvigs songar og idégrunnlag til å underbyggja arbeidet sitt, for Dansk folkeparti hev vist til Gruntdtvig. Dersom ein ikkje hev mod til å vera ukonvensjonell, vil ein verta defensiv, og ein gjer seg til slave av det som til kvar tid er god tone. I og med at sosialistane og sosialdemokratiet hev stade sterkt, vil dei då få høve til å leggja premissane for kva som skal vera politisk mogleg. Um ein ikkje vågar å vera ukonvensjonell, yvertek ein det sosialdemokratiske tankegodset, og det vert uråd å få realisert ein konservativ politikk, for når ein ikkje kann uttrykkja politikken klårt, kann ein heller ikkje få gjenomført han. Kva er so konservativ politikk? Winkel Holm meiner at konservatismen er antiutopisk. Ho viser til grunnleggjaren av konservatismen, Edmund Burke. Han var klår yver kor färleg ein revolusjon som bygde på ei rein spekulativ tenkjing, var. Den spekulitative tenkjingi hev ein idé um røyndomen. Kva skal ein so gjera når det vert ei kluft millom idé og røyndom? Når det viser seg at menneskja ikkje er so vitug som rasjonalismen vil ha det til? Dei utopiske ideologiane vil alltid byggja på ei viss lyst til å brigda på menneski. Fjerna gamle, reaksjonære menneske so nye skal få koma til. Konservatismen innser at menneskja er ufullkomi og full av mistak. Konservatismen er soleis i sin natur tilpassingsfør. I dag er det fåe som vil kalla seg kulturradikale. Ordet hev fenge ein odioös klang. Difor kallar Winkel Holm det for ein «ned med oss-mentalitet». Det hev vorte god kutyme automatisk å gå inn for alt som er antivestleg, ikkje-dansk og ikkje-tradisjonelt. «Ned med oss- mentaliteten » dekonstruerar alle dei gyldne ordi som er knytte til tradisjonen. Ein vil avsløra deim som ideologiske konstruksjonar som skal fremja undertrykkjande fyremål. Nasjonal identitet vert sét på som ei sein uppfinning, difor kann han avskaffast. Multikulturalismen vert upphøgd til gjeldande norm, for kvifor skal vår kultur vera betre enn andre? Det finst motopedagogar i Danmark som meiner at det er yvergrep mot innvandrarborn å innvigja dei i den kulturen, historia og religionen som hev vore avgjeraande for at Danmark er som det er i dag. Winkel Holm meiner det er tri

umråde der ein konservativ politikk må markera seg: For det første må myndigskapsumgrepet rehabiliterast. For det andre må skulen forsvarast som kunnskaps- og kulturformidlar. Og for det tridje må nasjonalstaten forsvarast og antidiskrimineringsideologien utfordrast.

Uppsummering

Det er mange fellestrek i mellom Noreg og Danmark. Men merkar mykje av det same her i landet som i Danmark. Ordskiftet kring valet i USA er illustrerande i so måte. Ein kann vera open for det meste av det som skjer kringom i verdi, men dersom det er noko som utfordrar det politiske tankehegemoniet og verdiane til vinstresida medrekna sosialdemokratane, so vert det strakst gjort kraftig motstand.

Me kjenner også godt att reaksjonane Dagbladet hev møtt Dagfinn Høybråten med.

Dei minner um reaksjonane mot den danske kulturministeren. I realiteten er det få eller ingen som forsvarar ein verdikonservativ ideologi i den norske pressa i dag.

Vinstresida i Noreg hev ein tendens til å setja fram utviklingi som lineær. Når dei vinn politiske sigrar, so er det gamaldags i det heile å reisa gamle debattar på ny. Det er difor interessant å sjå at det finst politiske krefter i det liberale Danmark som no vender um og meiner at framgangen for den sosialdemokratiske og sosialistiske politikken hev gjenge for langt.

Det er likevel ikkje slik at dei konservative i Danmark hev vunne nokon stor og endeleg siger. Dei er i regjering saman med dei liberale, og det er langt frå upplagt at dei vil vinna neste val. Men det er mange konservative som er godt skriveføre og som ikkje er rædde for å ytra seg. Det lovar godt for den politiske utviklingi i Danmark.

Gode Vestmenn

Det er alltid ei utbyding å skulla skriva for dykk. Sume gonger kann det ganga bra og sume gonger meir på det jamne. Emnet i fyredraget i kveld hev sirkla um krig. I Noreg hev me vore utan krig i meir enn 50 år. Dei som ikkje upplevdre andreverdskrigen hev soleis lite og ikkje evna til å fyrestella seg kva ein krig inneber. Difor skal eg ikkje gjeva meg til å snakka um noko som eg i det heile ikkje hev greida på. Eg skal i staden snakka um noko litt anna. Men lat meg starta upp med assosiasjonen krig.

I målrørsla hev det og til tider vore motsetnader som hev vorte kalla for krig. På 1950-talet snakka ein um borgarkrig i Noregs Mållag. Hallvard Framnes vart utropa til i-målsgeneral o.l. Militære samanlikningar hev det vel vore nok av seinare òg. Nynorskelevgerilja vart eit umgrep for ei tid sidan.

Men den ideologiske krigføringi er meir interessant. Ord som måletar,måltynar,samnorsk,bokstavstrevar,dialektfantast og hemningslaus knotar er nokre av dei ordi som er i umlaup. Men ordi er no so si sak. Dei råkar ofte i skodda, og er berre grove sorteringsreidskapar. Meir interessant er det med dei målpolitiske brytingane og dei målpolitiske ytringane som fylgjer av desse. Korleis tenkjer folk um oss. Me som fylkar oss i Vestmannalaget. Mytane til dette laget må då vera like lange og gamle som laget sjølv.

Eg skal her leggja fram ein analyse som eg hev havt mykje moro av å tenkja igjenom. Analysen av oss vestmenn er grovt og usakleg skissert,og garantert ein del av ei ideologisk krigføring.

Vel i nokre målfolks augo finst det vonlegt ein del visjonar. Ikkje alle er like visjonære som eg,som ynskjer høgnorsk til einaste riksmaål i landet,og som gladeleg diskuterar med kven skal vera, so sant eg hev tid til det. Eg ytrar meg slik at ytringi vert eit godt døme på fenomenet røyndomsbrest,segjer sume. Lat dei det. Sume hev gjerne trengt undan visjonane sine. Dei klarar ikkje å tenkja frametter og å drøyma. Dei må ha eit fatigt liv i målrørsla.

Men i alle hove dei som hev visjonar: Det er dei me treng bry oss med. Dei andre kann me gløyma inntil vidare. For nokre av dei er det ikkje nok å berre vera visjonær. Ein kann gjerne vera visjonær,men ein må greida å skyna kva som kann slå igjenom. Kva som hev framtid fyre seg ? Høgnorsken kann ikkje ha framtid fyre seg. Det er jo ingen som vil slutta upp um dette målet. Når eg legg meg ut med folk som meiner dette,brukar eg som

eg gjorde greida for i ein tidlegare tuftekall so mykje som råd å karikera høgnorsken og fylgjone av å nytta høgnorsk.

Kritikarane meiner at dette innleider ein krangel som er fyremålslaus. Me kann ikkje vera visjonære på eit slikt grunnlag. Me hev rett og slett feil. Me kann ikkje meina noko sånt. Og det fører oss til neste plan i analysen av oss. Me er ikkje politiske. Det vil segja. Me er ikkje i stand til å knyta oss upp til det som hev me dei røynde maktpolitiske tilhøvi i målpolitikken å gjera. Me berre sit og hyggjer oss med tuftekallen og med gamaldags kultur og andre ting som ikkje hev noko å segja for den målpolitiske utviklingi, utan å fylgja med i det som skjer av målpolitiske tildriv umkring oss.

Dersom eg so freistar å gjera upptak til noko målpolitisk, so vert alt feil. Stend eg fast på det eg meiner målpolitisk er eg automatisk diskvalifisert frå å gjera noko. Eg må meina det som er rett. Eg må skyna at visjonane mine ikkje held, og at ein aldri kann verta i stand til å påverka dei målpolitiske makttihøvi når ein hev Vestmannalaget til høborg. Når ein hev Vestmannalaget til høborg skal ein halda kjeft når målfolk flest samlast.

Eg tykkjer dei fleste vestmenn er altfor flinke til å bøygja seg for denne ideologiske krigføringi.

I røyndi er det målfolk flest som er mest upphengde i rettskriving. Dei er i allfall meir interesserte i det enn det eg er. Eg må segja at eg kann ikkje skyna at det er so mange i mållaget som idest å bry seg med ulike typar av rettskriving.

Eg trur det er på tide å venda kritikken mot Vestmannalaget mot resten av målrørsla. Den beste måten å gjera det på er å setja i gong å arbeida med å få til slikt som målrørsla ikkje fær til av seg sjølv, og å pressa på for å få dei andre måfolki til å verta politiske. Det er langt frå alle av dei som er so veldig politiske, endå um dei hevdar at me ikkje er det. Når målfolk sluttar å segja at Vestmannalaget ikkje er politisk. Då hev eg tru på at det er voner for dei. Og greider dei å halda heilt kjeft når me i Vestmannalaget snakkar til dei. Då må vestmennene ha kome inn på ein farande veg !!

Men kvifor skal eg nytta denne analysen som er so barnsleg naiv. Det er vel nett av di fordomane sit so djupt i folk. Men kvifor ikkje dekonstruera heile greida. Plukka heile analysen frå kvarandre. Fyrst av alt det finst ikkje nokon rette visjonar. Det finst ingenting som borgar for at det berre er den offisielle nynorsken som kann føra til framgang for målrørsla. Vestmannalaget er svært politisk. Me er faktisk ufattelegt politisk. Me er det mest aktive mållaget i heile landet vert det sagt. Me hev 9 samlingar i året. Me er eit miljø som er ope for kven som helst som hev godhug for målsaki, men ingen er likevel i tvil um kva me meiner og kva me vil. Me er kjende yver heile landet. Gong etter gong møter målet vårt og me sjølve kritikk i pressa. Me møter kritikk for fulle fanfarar. Dei som meiner noko um målsak gjer seg gong etter gong upp ei meining um kva Vestmannalaget meiner. Når dei gjer det, må dei dessutan taka standpunkt til kva dei skal meina um heile fortidi til målrørsla. Eg gjer merksam på at Vestmannalaget berre er eit mållag med lokal tilknyting til Bergen.

Eg skulde lika å sjå det mållaget i Noregs Mållag ein kunde gjeva den same målpolitiske attesten som Vestmannalaget. Men det er godt at målfolki set høge krav til oss. Me skal vera glade for alle kritikkarane. Det målsynet som ikkje vert sett under kritikk må då vera aldeles daudt. Soleis er dei kritikkarane som vil drepa ned høgnorsken våre beste vener. Me må berre ikkje gløyma at dei er ikkje visjonære og politiske og i røyndi burde dei halda kjeft !!

Det ergrar meg at språkvitarar generelt sett er fylt av ein altumfemnande forkláringsmani. Dei hev denne manien til alle språklege fenomen. Det gjeld målfolk tilliks med Finn Erik som nyleg var på radioen og debaterte sidemål med leidaren i Noregs Mållag. Ein viktig del av språkupplæringsi gjeld slett ikkje å læra seg grammatikk og andre formelle språkstrukturar som språkvitarane kann formidla til oss. Det viktige er derimot å læra seg tydingsinnhaldet til ordi. Kva mentale fyrestellingar som vert knytte til ordi.

Når ein skriv engelsk eller tysk stil må ein finna fram til kva for tydingsinnhald og kva for ein bruksmåte kvart einskilt ord hev i språket. Ei mekanisk umsetjing hjelper ikkje. Ein må øva seg upp ei medviten språkkjensla. Å arbeida med å øva seg upp i å finna dei gode og råkande avløysarordi på eit språk er ein tame som hjelper fram den generelle språkevna. Det kjem ein til gode når ein skal læra andre språk.

Skodespelarar som nyttar både måli må trenar seg systematisk i å få yverført fyrestellingar av ord. T.d. vil ein bokmållskodespeler assosiera ordet mjølk med gardslivet og melk med kjøkenbordet. Vedkomande hev havt ulike språkmøte med two ord for det same fenomenet. Då krevst det ein mental prosess å få ordet mjølk til å verta det rette ordet ved kjøkenbordet på scena. Desse prosessane kann ein berre øva upp gjennom at ein hev forpliktande munnleg (pugging til scena) eller skriftleg trening i å skriva nynorsk.

Lingvistar som meiner at alle språk er like gode, trur at det er nok å yverføra grammatikken og at ordtilfanget er underordna. Korleis kann det då ha seg at t.d. attgjevingi av rimmynsteret i diktumsetjingar vert fråvike i mange umsetjingar.

Det er sers vanskeleg å yverføra dei mentale fyrestellingane millom språki. Korleis skal ein til dømes forklára ein svensk kva ein stril og ei rad andre stadbundne fenomen er for noko? Resultatet er fotnotar og ei lite lesarvenleg form.

Ein kann taka inn nye ord og integrera dei i ordtilfanget, men tydingsinnhaldet vert endra. Ein må taka umsyn til språket i bruk. Å argumentera med nasjonal kulturarv vert lett ein redundant argumentasjon. Greider ein ikkje å knyta upp nynorsken til levande språkmøte/språkbruk kjem ein skeivt ut.

Nynorsken er eit riksmål som gjev oss tilgang til mentale fyrestellingar og upplevelingsfellesskapar som kann auka evna til å taka opp i seg nye ovringer, fordi me må tenkja medvite gjennom dei mentale fyrestellingane me hev til nye fenomen.

Det er dette som kjem til å gjeva nynorsken voksterkraft i framtidi. Dette kann skuleelevarne verta ein del av gjennom skriftleg sidemål.

Hovudtankane i ein moderne tankegang er knytt til m.a. subjektivitet og intensjonalitet. Mentaliteten til moderne menneske er prega av deira typifiserte upplevelinger i sosial samhandling/språkmøte. Desse typifiserte språkmøti vert yverførde til ei sjølvuppfatning og eit sjølv. Yverföringi skjer gjennom språket, og dei mentale fyrestellingane me hev og danar oss av ord og umgrep er avgjerande for kva for yverföringar som ber til.

Dersom nynorsken ikkje når fram gjennom språkmøte og ikkje danar typifiserte upplevelinger hjå den einskilde målbrukaren eller dersom dei typifiserte upplevelingane vert negative, når me ikkje inn i den subjektive identiteten til folk flest. Dei vert verande likesæle til oss. Dersom nynorsken heller ikkje vert knytt til ei viss målretta endring/intensjonalitet, men til statiske og sjølvreferande tankegods vert målrørsla ei umoderne

rørsla.

Det er det som skjer når NMU snakkar um levande lokalsamfund, ungdomskulturelle ideal og um å knusa urbanismen. Eller når språkvitarene legg vekt på at det skal vera mest mogleg samsvar millom skrift og tale. Eller når dei segjer at alle språk er like gode til alt. Resultatet vert at språket vert underlagd nytteumsyn og økonomiske umsyn gagnar ikkje nynorsken, snarare tvert um. Den kunnskapsproduksjonen som likskapsdogmet opnar for er ikkje ein argumentasjon for minoritetsspråk, slik språkgranskaran vil at det skal vera. Snarare tvert um fører det til at den engelsk språklege litteraturen breider um seg. Hadde ein derimot sagt at alle språk hev sine avgrensingar og at dei ikkje kann dyrkast fram til kva som helst utan umsyn til den generelle samfundsutviklingi og dei samfundsconstituerande institusjonane i ein språkkultur, ville ein ha opna for ei sjølvstendig utvikling. For då kunde ein sleppa fri frå nytteumsyni. Engelsk språk er ikkje like godt som norsk til å uttrykkja diverse livsumkverve, og kann aldri verta det og umvendt. Men språkforskarane stend på sitt. Intensjonaliteten vert burte og immanensen tek yverhand.

Miljøvernara demonstrar for å berge miljøet, fråhaldsrørsla og di like mot rusgift, dei kristeleg for kristendom, men målrørsla strid for landsbygdi, for ungdomskulturelle ideal, ungdomen skal altso ikkje berre ha ideal, men dei skal vera ungdomskulturelle og mot bydaningsovringar. Kva er det siste språklege utspelet frå NMU/NM som gav folk la vekt på det reint språklege og som sette det språklege på dagsorden. Dei andre rørslane eg nemnde hev klåre verdilada ord og umgrep som gjeng inn i kvardagsspråket til folk. NM og NMU produserar klisjear til eige bruk jamfør verveaksjon 2000 og minoritetsargumentasjonen og blankpussar medlemslistone.

Og språkforskarane skriv nekrolog yver det nynorske målet. Viktige delar av målrørsla som knyter verdiane sine til at folk skal snakka dialekt og skriva nynorsk og at alle skal få nytta dialekten sin, og som let dette styra kunnskapsproduksjonen i rørsla, er på bærtur.

Det er berre gjennom skriftleg og munnleg nynorsk at me kann halda uppe ein meingingsfull kunnskapsproduksjon. Nynorsken må vera synleg innanfor ein intensjonalitet i samfundet, og tilhengjarane sameleis. Me segjer nei til språkleg likesæla. Me vil ha språkleg sjølvstende. Me vil at alle nordmenn skal gjera seg opp ei reflektert haldning til nynorsken og velja nynorsk. Då vert dei språklegt sjølvstendige.

Kva skal målrørsla med eit meir attendeskodande nasjonalt tradisjonalistisk, minoritetsspråkleg, mangfelde og toleranse språksyn. No må målrørsla verta moderne.

For Vinje derimot og for dei fleste lingvistar er dei mentale fyrestellingane lite vektlagde, og dei vert nedvurderte. For oss må dei vera ei hovudsak. Me må tematisera dei, um ikkje vert me ei tradisjonalistisk grøftegravarrørsla.

Dette var eit åtak på alle norskfagsmonopolistar.

Internasjonal bok um strilemålet

Paul Kerswill heiter ein internasjonal målgranskare. For ein tiårs tid sidan var han i Bergen, og gjorde fleire lingvistiske etterrøknader. Han hev arbeidt med det tilfanget han samla seg i tidi etterpå, og i 1994 kom han ut med ei bok i serien Oxford STUDIES IN LANGUAGE CONTACT. Tidlegare bøker i denne serien hev teke fyre seg den sosiolingvistiske målstoda i Israel, stoda

for det franske målet i Ontario i Canada, Spansk i Los Angeles, korleis engelsk vert nytta i Singapore, sosiolinguistiske granskingar frå Afrika og frå Ny Geneve m.m.

Det er tankevekkjande å sjå emnet til Kerswill i eit slikt stort internasjonalt kringsjå. Kerswill tek fyre seg talemålet til ei samansett gruppa av Nordhordlendingar som hev flutt til og butt i Bergen i lang tid. Han granskar påverknad frå bergensk talemål i språkbruken deira. Kerswill gjer nøgje greida for måltihøve i Bergen og Nordhordland. Han segjer at han interesserar seg for nærumsrådet til Bergen alt frå det som ligg 5 mil frå By'dn til det som berre ligg 15 kilometer frå by'dn.

Kerswill hev kjennskap til svært mykje norsk målførelitteratur, og Kerswill er noko inne på at dei som hev høg utdanning, og som hev ei velviljig haldning til nynorsk og dialektar jamt yver held betre på målføre sitt enn andre. Det kann godt vera at Kerswill hev funne ein eller nokre fåe norhordlendingar som hev høg utdanning og som held på dialekten sin i forskingi si. Men for ein lekemann let det seg gjera å peika på fleire døme på det motsette. Kerswill er medvitum um at han berre hev eitt lite utval frå eit bygdalag i Bergen, og difor er ikkje dette nokor avgjerande innvending. Det er berre ei registrering av eit svært diskutabelt forskingsfunn. At det er ein samanheng millom ei velviljig haldning til nynorsk og dialektbruk er heilt ukontroversielt.

Kerswill s.34 hevdar at variasjonen i bokmål og nynorsk hev ført til stor dialekttoleranse. Men han kjem skeivt ut når han i setningi etter peikar på at målføri hev havt ein serleg status etter stortingsvedtaket i 1878. Det vedtaket galdt ikkje bymåli j.m.f t.d Jahr 1989 Utsyn ... Kerswill viser til Vikør som skriv at standardisering av talemål berre er påkravt (is in force) i kringkastingi og på teateret, men han hoppar bukk yver at talemålsstandardisering var sett opp som eit undervisningsemne i den vidaregåande skulen heilt fram til på 1970-talet jmf. På Børnenes eget Talemål, Samlaget 1982. Kor langt ein hev gjenge i å praktisera talemålsstandardisering for 20-30-år sidan kann nok ymsa noko, men det hev ikkje vore uvanleg. Mange bygdefolk som kom til byane og gjekk på gymnas/skule der vart tvinga til å leggja um språket etter høgstatusstandarden. Det er fint å snakka um dialekttolsemd, men tolsemdi til sernorskt måltifang hev vore, og er vedvarande heller låg. Det er norskdansken som er grunnlaget for måluppfatningi til folk flest. Kerswill sveipar rett nok innom at mange arbeidskjoparar påla arbeidstakarane "å føra eit standardisera talemål" seinare i boki, men han gjer lite ut av denne ovringi.

Det er i det heila råd å kritisera at Kerswill ikkje syner nemneverdig innsyn i at norskdansken hev havt prestisje som standardisera og skrive språk for Norhordlendingane som hev flutt til Bergen, medan norsken er prestisjelaus. Viktige Nordhordlandsmaälmerkje kjem ikkje fram i notidsnorsken. Difor vert det rangsnudd å studera kva som endrar seg i talemålet

til norhordlendingane. Det vert langt meir interessant å sjå kva som stend fast. Kerswill hev ein tendens til å framstella Nordhordlandsmalet og Bergensmalet som two jamlike språk eller dialektar, og det vert misvisande. Det er sjølv sagt umogleg for ein utlending å fanga upp alle nyansar i den norske målstoda, men det skulde no ikkje vera uråd å nemna at målføreovringar som delt hokjønn og palatalisering og ei rad einskildord ikkje er representerte i nynorsknormalen. Kerswill nemner visst nok palataliseringi ein stad, men avstanden millom skriftmål og talemål burde vore understreka. Bergensarane hev mykje betre samsvar millom skrift og tale i viktige stykkje enn Nordhordlendingane. I staden for gjer han eit nummer av at bergensarane segjer at dei snakkar bokmål, medan norhordlendingane segjer at dei snakkar nynorsk s. 34. Kerswill presiserar rett nok at det sannsynlegvis er den språklege og kulturelle avstanden som fører til at folk hevdar at dei snakkar bokmål eller nynorsk, men han segjer likevel ikkje noko um Norhordlansmalet og avstanden til læreboknormalen. Målsogedelen i boki er stutt og byggjer på tilfellelege kjeldor. Bolken er ikkje sentral i boki, men han legg premissar for seinare dryfingar i henne.

Kerswill er nøgjen med å greida ut um dei einskilde informantane og um metodane han nytta, og skriv likefram og engasjerande um det. Reint fagleg ser boki ut til å stå sterkt på mange punkt. Ho er yversynleg og lett å lesa for dei nordmenn som er interessert i emnet. Serleg tenlegt og interessant er det at Kerswill gjer eit umfattande studium av tonelagsmotsetnader i Norhordlansmalet. Ålment ser det ut til å vera eit nytt fenomen at Nordhordlandsmalet tek upp tonelagsmotsetnader. Kerswill meiner at det er viktig å undersøkja kor godt målbrukarane oppfattar tonelagsmotsetnader i sitt eige og i andre målføre. Tonelagsmotsetnader ser ut til å verta best uppfatta i dei største bymåli i Oslo, Bergen og Trondheim. I andre målføre ser tonelagsmotsetnaden ut til å verta dårlegare uppfatta både av folk på staden og av målbrukarar frå andre delar av landet. Kerswill underbyggjer det til yvermål med si eigi forsking. Kerswill tek òg upp realiseringi av den bergenske schwa-ljoden. Denne ljoden ser ut til å breida seg i bygdemåli. Dryftingane umkring denne ljoden er interessante.

Denne boki er eit tilskot til den norske målførelitteraturen, og eg ser ikkje burt ifrå at ho kjem til å få ein høg kjeldestatus. Fyrst av alt er det dei reint faglege utgreidingane i boki som er mest solide. Tilnærmingi til den norske målstoda vert kunstig frå min ståstad. Men det er grunn til å peika på at Kerswill trass i alt hev fenge med seg mange serdrag ved den norske målstoda.

Lars Bjarne Marøy

Skal me slutta å spyrja kvifor me driv målarbeid ?

Kåre Johan Mjør skriv ei grundig utgreiding i EG nr. 5. Utgreidingi vert kalla kronikk og tek upp sidor ved hovudemnet til NMU "Nynorsk og Lokalsamfund". Kronikken

fortener å verta påansa, og eg skal freista å taka upp
utbydingi til ordskifte. Mjør spør um grunnen til dette
hovudemnet er ein lekk i den evigvaranade rekka av
legitimeringsgrunnlag som målrørsla hev havt gåande. Han reiser
spursmål ved um dette er eit uttrykk for at standpunktet hev
kome først for målfolki og grunngjevingi etterpå. Dette er ein
problematikk som er grunnleggjande, og som må slå attende på
Mjør og me andre målfolk. Sjølve grunngjevingsdiskursen
innanfor målrørsla vert teken upp av Mjør.

Etter ein innleidingsbolt og ein del der han tek fyre seg
ytringar Hans Olav Brndberg hev kome med i two artiklar
tidlegare i EG kjem Mjør til ein bolt der han skisserar nokre
sjølvstendige oppfatningar. Dette er ikkje meint som ei
vidareføring av kritikken mot grunngjevingsdiskursen, men eg
vel å lesa det slik. Mjør meiner at målrørsla må få fram kva
som gjer nynorsk til eit betre språk. Språket er eit uttrykk
for livsverdi til folk, språket er medium for
tanke, kommunikasjon og sjølvrealisering. Målstriden må handla
um å forsvara språkavhengige livsformer, meiner Mjør. Mjør
meiner at makti og media, som han kallar systemfornufti, driv
implodering. Um eg skynar Mjør rett tyder implodering her
innblanding eller nedbryting av språklege verdiar i
livsverdi. Um ikkje bed eg um orsaking for at eg ikkje hev
greidt å uttyda dette ordet.

Mjør byggjer på Habermas. Lat meg klårgjera termene hans ved
definisjonar frå (Per Selle og Bjarne Øymyr, frivillig
organisering og demokrati, s. 65, Samlaget, 1995) "Systemverda er
eit uttrykk for den instrumentelle mål-middel-tenkinga som ein
meiner i aukande grad har dominert og penetrert andre
samfunnssfærar i det moderne samfunnet, mens livsverda
definerer ein autonom sfære som byggjer på sosial tettleik og
solidaritet, ein stad der ein annan rasjonalitet gjeld. Denne
sfæren må vera så sterk at han hindrar at logikken i
systemverda penetrerer det rommet som er nødvendig for at
mennesket skal vera autonomt." Desse forfattarane reiser
grunnleggjande innvendingar ved å nyta Habermas-termene. Mange
norske organisasjonar hev t.d. verdiar og arbeidsmåtar som
kann vera typiske både for livsverdi og systemverdi, ikkje

minst fordi dei både er lokale og landsfemnande.Tilknytingi til storsamfundet kann få organisasjonar som er knytte til livsverdi til å verta prega av systemverdi og dei rasjonalitetsformene som er knytte til storsamfundet.Dessutan reiser denne inndelingi millom systemverd og livsverd empiriske vanskar for mange forskarar.Forfattarane ser likevel ikkje burt frå at Habermas-termane kann ha noko å segja oss andsynes den nyliberale-utviklingi dei siste åri.

På bakgrunn av det sitatet og den attgjevingi eg hev frå den nemnde boki vil eg reisa tvil ved den framgangsmåten Mjør nyttar.Han segjer at språket ikkje er korkje mål eller middel for sume ting som han nemner beinveges.Dette let,slik eg ser det,til å henga saman med at Mjør ynskjer å definera seg burt frå grunngjevingdiskursen innanfor målrørsla.Grunngjevingane for arbeidet vårt i målrørsla kann vera so mangt alt frå radikalt,liberalt og til konservativt.Me kann ikkje bruka språket som eit middel til å underbyggja eigne politiske oppfatningar med,meiner visst nok Mjør.

Mjør meiner at nasjonale og sosiale motsetnader og ordskifte i målrørsla er uaktuelle i 1990-åri. Han let ikkje til å ansa på at slike motsetnader og ordskifte hev funnest so lenge målrørsla hev eksistert.I stadenfor slike ordskifte meiner Mjør at målstriden må handla um forsvar og fremjing av språkavhengige livsformer,mot imploderingi til makti og media.Men idealtypane til Habermas livsverd og systemverd finst ikkje i røyndomen.Media og staten eller andre maktorgan formidlar verdiar som høyrer til i livsverdi.Og me kann ikkje reindyrka ei livsverd frå rasjonaliteten i systemverdi. I ein blandingsøkonomi som den norske er det svært vanskeleg å avgjera kva som er livsverd og kva som er systemverd.Det er umoglegt å diskutera innanfor desse termane utan at ein definerar både termane og kvar termane fører oss hen.

Eg er samd med Mjør når han gjer påpeikingar av meiningsane til Brendberg.Eg meiner at nynorsken hev nasjonsberande kvalitetar som me kann hevda og argumentera for gjennom å bruka nynorsk normaltalemål og nynorsk skriftmål.Brendberg let til å argumentera utfrå eit dialektperspektiv.Det nasjonale og

dialektane kjem fyrr nynorsken.Eg ser heilt onnorleis på dette.Eg set nynorsken og nynorsk normalmål først.Dialektane og det nasjonale kjem på andre plass.Det kann vel også vera råd å kritisera NMU for å vera for upphengt i merkjesaker og for å ha for rigide oppfatningar i einskildsaker.Meiningsbryting og meiningsmangfald er alltid ein rikdom.

Mjør ynskjer å distansera seg frå nasjonalargumentasjonen og heile grunngjevingsdiskursen innanfor målrørsla,slik eg les han.Han meiner millom anna at NMU må slutta å taka ymse hjartesaker og merkjesaker til seg.Desse sakene kann som oftast eller alltid fremjast like bra på bokmål,meiner han.Frasen "målet er maratonløpet" skal,slik eg skynar Mjør,hevja seg yver grunngjevingsdiskursen.Målfolk må styrkja livsverdi.Lokalsamfund og lokale målføre stend visst nok for sentrale verdiar i livsverdi.Systemverdi og alt som høyer henne til er "berre naudsynt på visse område ",meiner Mjør. Mjør meiner at motstandsaspektet ved nynorsken og nynorsken som kommunikasjonsmiddel gjer nynorsken til eit betre språk.Men korleis kann ein fremja desse sidone ved nynorsken utan å ty til systemfornufti,og korleis kjem ein då undan den evigvarande grunngjevingsdiskursen som millom anna umfattar ordskiftet millom dei nasjonale og dei sosiale med vidare ?

Det er fleire sider ved kronikken til Kåre Johan Mjør som er interessante,men kommentarane/kritikken vert ikkje råkande fyrr han gjeng nærare inn på korleis han vil nytta Habermas og Fløgstad på ein meiningsfull måte.Systemverdi og livsverdi må nyttast til å skildra røynlege sider ved samfundet ikkje berre teoretiske flosklar.Det er fleire ting eg kunde ha kome inn på i tilknyting til Mjørs kronikk,men dette vert langt nok for denne gongen.

Lars Bjarne Marøy

Notat til Per Jordal,Arild Oma og Silje Buset.

Gode dykk

Eg og styret i Studentmållaget hev arbeidt ei tid med å planleggja eit juss-seminar. Eg skal her gjera greida for dei

innspele eg hev fenge. Eg vonar dessutan at de alle hev høve til å koma saman til ei samråding på Hotell Hordaheimen 8 desember klokka 18.00. Her vil eg gjerne høyra innspele til det upplegget eg no skisserar. Det mest umdiskuterte er kvar seminaret skal vera og kor lenge det skal vara. Personleg hev eg mest tru på eit samarbeid med Studentmållaget i Oslo, men eg tykkjer det er verd å diskutera alle dei andre framleggi.

Målgruppa :

Etter samråding med 1 avdelingsstudenten ? Silje og Arild verkar det logisk at målgruppa vår er ferske studentar som held på målet sitt i utgangspunktet, men som bøygjer av seinare i studiet av di dei tykkjer det vert vanskeleg å uttrykkja seg i ein nynorsk lovstil.

Finansiering :

Søknader til ymse instansar. Oslo nye Sparebankfond, Studieforbundet, Juridisk Fakultet. Studentmållaget i Oslo. Juristmållaget. Halldor O. Opedals fond m.m.

Framlegg til programskissa :

1 Stoda for nynorsk lovmål idag. Innleitung ved Kåre Lilleholt. Kvifor brukar nynorsk ved Johan Giertsen ?

2 Juridisk lovmål terminologi og stil. Innleitung ved Hege Myklebust som hev skrive hovuduppgåva i nordisk um juridisk språkbruk.

3. Uppgåveløysing som kann knytast til eit rettsleg rollespel seinare. Hege Myklebust kjenner two stipendiatar som kanskje kann brukast. Andre framlegg må vurderast. I alle høve må dei som skal ha uppgåveløysingsdelen samrå seg godt med dei som skal ha eit rettsrollespel etterpå.

4 Rettsrollespel. Deltakarane skal nytta stoff frå uppgåvedelen munnleg innanfor ein tillaga rettssituasjon. Her er det naudsynt at ein hev med seg ein eller fleire instruktørar som hev arbeidt i retten.

Framlegg til seminarstad og seminarlengd.

1 Steinulf Tungevik planlegg eit seminar for juristmållaget og Landssamanslutningi for nynorskkommunar. Eit framlegg kann vera å hengja seg på dette, og draga mest mogleg nytte av dette upplegget og samarbeida der det er råd, men køyra vårt eige lop

når det trengst.

2 Eit framlegg gjeng utpå å ha eit hotellseminar. Då er det best å ha seminaret saman med Studentmållaget som er større og hev meir pengar. Dessutan er nynorsktilbodet so därleg i Oslo at det vil vera ei naturleg tilskjning. Seminarstaden bør då liggja midt millom Oslo og Bergen, so at reiseavstanden vert nokolunde den same for folk frå både stader.

3 Eit framlegg gjeng ut på ha seminaret i Bergen. Dette framlegget kann delast i to i a og b.

a Dagsseminar på Juridisk Fakultet eller Akademisk Kvarter. Dette er den billegaste løysingi. Men seminaret kann svært lett drukna i andre undervisningupplegg på Fakultetet. Skal dette upplegget veljast må me ha meir fagleg tyngd yver upplegget enn programskissa legg upp til ,trur eg.

b Dette framlegget gjeng utpå at seminaret vert lagt yver tvo/tre dagar med ei vekas millomrom. Det vil føra til at studentane må arbeida systematisk og at dei fær oppfylgjing. Det vil òg gjera seminaret meir tevleført med andre upplegg på Fakultetet. Men det gjer oss avhengige av lærarkrefter som er viljuge til å fylgja upp.

Lars Bjarne Marøy.

2 februar skipa Studentmållaget i Bergen til eit møte på lærarhøgskulen i Bergen. Målet med møtet var å setja spørsmålet um nynorsken i skulen på dagsetelen og å innleida eit arbeid med å få skipa mållag ved skulen .Idar Stegane var fyredragshaldar. Stegane er professor ved nordisk institutt ved universitetet i Bergen. Å skipa mållag på ein lærarhøgskule er noko som hev lang tradisjon. Det fyrste laget på ein lærarhøgskule kom alt i 1877 på Stord, sa Stegane, som ein uppstart til utgreidingi.

Dei lærarane som gjeng på lærarhøgskulen og ikkje er interessert i å setja seg inn i det nynorske målet, nynorsk tradisjonen og målstriden, hev eit manglande innsyn i dei arbeidsuppgåvone som dei fær når dei kjem ut i skulen. Mange av dei som tek eksamen på lærarhøgskulen fær jobb i Sogn og Fjordane eller Hordaland. I Sogn og Fjordane hev skulane burtimot 100 prosent nynorsk. I Hordaland ligg vel nynorskprosenten på burtimot 50 prosent. I barneskulen frå 1-7 klasse hev skulane berre ei målform, anten det er bokmål eller nynorsk. D.v.s at lærarane skal leggja undervisningi upp, slik at nynorsk er det domminerande målet i tilknyting til undervisningi.

Trass i at lærarane hev plikt på seg til å leggja upp undervisningi soleis at nynorsken domminerar, fær dei liten hjelpe frå lokalsamfundet. Bokmålet kjem fram i alle kvardagssituasjonar. Ved frukostbordet finn ein bokmålsord etter bokmålsord. Mange stader heiter t.d det melk og ikkje mjølk på mjølkekartongane. Likefullt skal lærarane læra borni

at det er rett å skriva mjølk på nynorsk. Lærarane hev eit minstemål av kunnskap til å formidla det nynorske skriftmålet.

I mange hove må lærarane syta fyre at nynorsken kjem inn gjennom ei passiv tileigning. Lærarane må m.a velja nynorske songar i songtimar. Det er ikkje nok berre å få elevane til å skriva nynorsk. Ein må leggja til rette for at dei fær nynorsken inn utan å tenkja yver det. Eg høyrd på radioen for ei tid sidan. Då var det ein nynorskklasse som song bæ, bæ lille lam. Det skulde dei ikkje gjort, meiner eg. Teksti er umsett til nynorsk, og då eg gjekk i skulen lærde me den nynorske teksti.

Stegane peika på at det er viktig å spreida kunnskap um nynorsk. Upplæringi i nynorsk ved alle høgskular er for dårleg. Organisasjonsarbeid hev alltid ein positiv innverknad på fagleg læring. Endåtil nynorskhatarar treng kunnskap um nynorsk, dersom dei skal undervisa.

Stegane la serleg vekt på at det er viktig å nyttre eit naturleg talemål i undervisningi. Kona mi freista å snakka eit bokmålstalemål i undervisningi, men kjende det som ei bør, og til slutt sa ho til elevane at ho heller ville snakka heimemålet sitt. Det tykte elevane var heilt greidt.

Det var ope for innspel frå møtelyden under fyredraget, og utgreidingi til Stegane gleid inn i eit ordskifte med møtelyden. Aslak Bjorvatn er lærarstudent og hev vore ute i praksis. Han peika på at det ikkje er heilt kurant å nyttre unormalisera dialekt ved ein byskule. Ventnadene til normaltalemål er der, endå um lærarane hev retten på si sida. Bjorvatn lura på um det var tenlegt at ein Oslomann som snakka eit tilnærma standardisera norskdansk mål skulde verta lærar ved ein skule i Sogn og Fjordane. Stegane svara m.a at ein Oslomann kann læra elevane vyrnad for nynorsken. Læraren må fylgja upp den nynorske fagterminologien, og han må signalisera at det er skilnad på skiftande variantar av talemål og skriftmål. Elevane skynar godt at bokmål og nynorsk er ulike språk.

Hege Myklebust frå Studentmållaget arbeider mykje med skulemålsskriving saman med Hordaland Mållag og Norsk Målungdom. Ho peika på dei røynslone ho hev havt med skulemålsskrivingi til no. Det viktigaste er tavlemålet. Dersom tavlemålet er nynorsk so gjeng undervisningi greidt for nynorskelevane, men vert tavlemålet norskdansk, byrjar haldningane til elevane å verta tunnslitne. Tavlemålet til lærarane er ikkje avgjerande, og hev mykje mindre å segja. Mange stader treng me berre å informera um nynorsken, so møter me større forståing. Det målpolitiske klimaet er jamnt bra, og dei som fer på reiseskriving møter mykje velvilje.

Lars Bjarne Marøy peika på at mange lærarar som hev havt nynorsk og som byrjar å undervisa i byane fær problem. Dei må nyttre skriftlege fyrelegg i bøker, manuskript til timen og på tavla. Korleis skal dei greida å hevda seg som nynorskbrukarar i ein slik situasjon? Lærarar som vil hevda seg som nynorskbrukarar på ein bokmålsskule må arbeida med å tematisera tilhøvet millom tale og skrift. Dialektlinna vart for einspora. Slagordet snakk dialekt vart so rådrikt at den andre delen skriv nynorsk fall vekk. Målbrukarane kann segja: Eg

snakkar jo dialekt.Då kann eg vel skriva det òg.Lærarar som nyttar skriftlege fyrelegg på norskdansk må læra seg til å nyttar bokmålsformer eventuelt norskdanske ord berre etter fyrelegg.Når dei snakkar til klassa kann dei snakka heilt fritt.Då kann dei ha det nynorske skriftmålet og heimemålet sitt til mynster.Det viktigaste er kommunikasjonen med klassa.Ein lærar som snakkar godt med elevane og som møter godvilje hjå dei,kann uppnå meir enn ein lærar som møter illvilje.

Eli Bjørhusdal meinte at ein bør koma so langt at ein vinn forståing for at nynorsken må verta rettesnor i mange samanhengar,medan dialektlinja vert ståande som eit krav andsynes det norskdanske målhopehavet,dei som snakkar og skriv bokmål eller bokmålsnært.Det må vera lov å nyttar unormalisera dialekt utan at det norskdanske målhopehavet får lura lærarar og folk flest til å imitera målidealet deira når dei skal vera formelle.I staden må fleire få nynorsken til ideal.Eg ser ikkje noko poeng i at nynorskbrukarar skal nyttar nynorsk normaltalemål,men det nynorske ordtilfanget må fram.Bjørhusdal meinte òg at norskfaget ved universitetet ikkje problematiserer tilhøvet millom skriftmål og talemål.Sosiolingvistikken fær fram talemålet slik det vert nyttar på ymse stader,og fær fram alle dei lingvistiske variablane som brigdar seg eller som er konstante i dialektane.Men problematiseringane kring talemålsendring er for dårlege frå ein nynorsk synstad.

Stegane meinte at målstudentane bør freista å samla seg um å få endra pensum eller andre ting som vedkjem universitetet.Eit krav frå studentane veg alltid tungt.I alle fall er det klokt å tematisera tilhøvet millom tale og skrift,for det er noko som alle som skal undervisa må taka stelling til.Nynorsken tener ikkje på at dette umrådet er tabulagd.

Dersom ein skal læra nynorsk må ein lesa det sa,Lars Bjarne Marøy i eit avsluttande innspel til fyredragshaldaren.Fyredragshaldaren var samd i det,og motelyden samla seg um sluttordet les nynorsk.Leidaren,Mona Stormark,var ordstyrar på møtet.

Det var liten uppslutnad frå lærarstudentane.Dersom Studentmållaget skal nå målet um eit mållag på lærarhøgskulen,må me trulegt laga til eit tilbod som kann glida inn i den obligatoriske undervisningi ved skulen.Studentmållaget vil få fyrebuingshjelp frå aktive medlemer i Hordaland Mållag,og um laget maktar det vil me skipa til ein temadag ved høgskulen.I samband med ein temadag er det aktuelt å halda eit nynorskkurs på Lærarhøgskulen.Det er uvisst um laget hev store nok hjelperåder til å makta ei slik uppgåva.Dessutan treng med godvilje frå lærarane ved skulen.

Lars Bjarne Marøy

Den globale skulen
I 1994 kom det ut ei bok med tittelen "Den Globale

Skolen".Boki kom ut på Samlaget.Ho er meint som ei tverrfagleg rettleiding for lærarar på ymse klassesteg.Rettleidingi gjeld millomfolkeleg forståing,toleranse,økologiske perspektiv og fredsarbeid m.m.

Boki slær fast at det er fåe eller ingen høve til å spesialisera seg innanfor t.d. U-landsproblematikk.Det er reine slumpetreff um det vert undervist grundig i u-landsproblematikk.Lærebokene er lite kritiske til tilhøvet millom rike og fatige land.Men lærarane kann nyta seg av dei lokale læreplanane på einskildskulane,og mange stader kann undervisningi vera etter måten god.

Boki freistar å leggja fram fleire poeng som bør utnyttast pedagogisk i skulen.Ho peikar m.a. på at det er ein nokso liten del av folkesetnaden i allheimen som svelt,men det er fleire som lever på eit eksistensminimum,og som kunde ha levt under langt betre tilhøve.Det store vandemålet i økologisk tilknyting er ikkje folketalsvoksteren i seg sjølv.Det er ikkje umogleg å brødfø fleire menneske.Det er yverforbuket i Vesten som er miljøøydeleggjande.

Boki er tidvis mediekritisk.Når skuleelevar trur at det er millom 50-75 prosent av folkesetnaden i allheimen som er synlegt undernærte,er det media som hev fenge dei til å tru det,fordi media gjev eit einfaldigt inntrykk av u-landi.I røyndi er det ikkje meir enn 20-25 prosent som er synlegt undernærte.Det stend gale til,men ikkje so gale som mange vil tru.Me kann ikkje gå god for den medievridde røyndomen som gjev oss ein tokke av det er vonlaust å hjelpa og at folk flest i dei fatige landi er underlegne oss som er vellukka. Me lagar oss eit bilet av allheimen der me i dei industrialisera landi er ei øy i eit stigande hav av vonløysa.Dette skapar grorbotn for rasisme,meiner boki.

Boki peikar på at Noreg hev bunde seg til fleire internasjonale avtalar som det er grunn til å fylgja upp i skulesamanheng.FN-pakti,UNESCO-pakti,menneskerettsfråsegni,Konvensjonen mot diskriminering i undervisningi m.fl.Men boki åtvarar mot negativ undervisning med ein ver varsam-plakat for miljøpedagogar.Borni må ikkje få skuldkjensla,gjev ikkje borni nokon slags tokke av at dei åleine kann løysa vandemåli i allheimen,borni må ikkje uppmodast til å taka dei vaksne i lære.Borni kann få utrivelege upplevelingar um dei kjem i kiv med dei vaksne um millomfolkelege spursmål.Borni bør heller få høyra um det arbeidet som vert gjort av friviljuge samskipnader.Ein bør freista å gjev ei kjensla av at det eit hopelag av menneske som ynskjer å betra miljøet og som arbeider for dette.

Boki peikar på at raseumgrep hev kome i sterk miskredit.I stadenfor hev sume byrja å nyta umgrep som kultur.Det hev vorte argumentera rasistisk utfrå kulturumgrepet.Det vert hevda at alle land hev rett til å reinsa sin kultur for påverknad utanfrå.Kulturpåverknader utanfrå er berre eigna til å smitta den nasjonale kulturen hev det vorte hevda frå rasistisk hold.Dette minnar lesaren um tradisjonell sosialdarwinisme.

Skal skulen kjempa ned rasistiske tendensar må han m.a. :

kjenna og taka vare på nasjonal arv og lokale tradisjonar,slik at ein vernar um eigenart og serdrag -men møta andre kulturar ope og gleda seg yver mangfaldet i menneskelege ytringsformer og læra av kontrastar.Dessutan må ein læra elevane upp til å godtaka kjensejerningar og sakleg informasjon -og øva upp kritisk sans til å gå laus på gjengs tenkjing,innarbeidde hugsiv og gjeldande ordningar." Vi (forfattarane) tror det er viktig å hjelpe norske barn til å bli trygge i sin egen kultur.Det er en fordel om dette kan skje som del av møter med mennesker med andre tradisjoner; vi konstituerer oss selv i møte med " den andre"." ... Formålet blir rett og slett å gi elevene mulighet til å oppleve at det fins noe slikt som kulturelle verdier i form av kunnskaper,opplevelser og følelser,holdninger og ferdigheter." (sida 152 og 153).

Samla sett er dette ei eggjande bok,men noko av stoffet fell millom det naive og banale og det svært innfløkte.Boki er på sitt beste når ho problematiserer vante tankegangar.Ho peikar m.a. på at indiske kyr fyller ei rad viktige funksjonar.Ho er ein avgjerande arbeidsresurs i vatningi av rismarkene.Boki er språkkloyvd med etter måten stor yverekt av norskdansk.

Lars Bjarne Marøy

Musikkgenrar på 1900-talet

Jazz

Det kann vera vanskeleg å umgrepsfesta kva jazz er for noko for det spenner frå ragtime og valsar til ulike ihopvaksne former i nyare tid. Det hev vorte gjort mange freistnader på å umgrepsfesta jazz med at ein hev peika på korleis jazzen skil seg ut frå andre musikkgenrar og frå europeisk og afrikansk musikk. Jazz-meldaren Joachim Berendt hevdar at alle freistnader hev vore mislukka.

Ein måte å koma seg rundt vanskane med å umgrepsfesta ovringi jazz, er å tufta nemningi jazz på eit breidare grunnlag . Berendt umgrepsavgrensar jazzen med å visa til ei form for tonekunst som voks fram i Sambandsstatane. Den afroamerikansk tonekunsten støyte saman med og vart samanfløkt med europeisk musikk når tonekunstnarar frå både hald møttest. Han gjev gode grunnar for at jazz skil seg frå europeisk musikk i det at jazz hev eit sermerkt tilhøve til tid, uttydd som sving, dei som steller til jazz er likeframme i uttrykket og livsglade når dei skipar til musikken, det ufyrebusdje vert til tonekunst gjennom hastige tilskundigar som spelar ei avgjerande rolla. Klangrikdomen, rytmien og stemningsinnhaldet speglar av noko av det som serpregar dei tonekunstnarane som driv med jazz.

Travis Jackson hev òg lagt fram ei breidare umgrepsfesting av jazz som kann samla alle dei ymse ytterkantsumrådi ein finn i musikken. Han slær fast at det er ei tonekunstform der musikarane hev ei serkunna som er knytt til fleire kjenneteikn som "svinging", ingen fast framføringsmåte og frispeling (improvisering) og gruppe-samhandling. I tillegg tilrettelegg ein for ei sermerkt røyst, og ein er open for ulike musikalske løysingar. Krin Gabbard hevdar at jazz er sett ihop av ulike tankar eller ei emnegruppa. Å avgrensa på denne måten er kunstig, men å avgrensa slik kann likevel opna for å samla ein heil slump musikk som hev nok sams til at den kann tydast ut og verta til ein samanhengande sedvane.

Medan jazz kann vera vanskeleg å umgrepsfesta, er det at det skortar på ein fast framføringsmåte heilt klårt ein av kjernelekkane i jazzen. Den tidlege bluesen var vanlegvis bygd upp kring uppattakande utrop og svar som kom etter eit fast mynster, og bygde på det som var sams når den afro-amerikanske tonekunsten vart førd frå aettled til aettled eller frå folkegruppa til folkegruppa. Bluesen var ei form for folkemusikk som stod fram saman med ein slump av arbeidssongane og plantasjefeltsongane millom svarte på landsbygdi. Den tidlege bluesen var òg svært prega av at det skorta på ein fast framføringsmåte. Desse kjenneteikni er grunnleggjande for serpreget til jazzen. Medan ein i den klassiske musikken i Europa nokre gonger tolkar, pyntar på og lagar tonefylgje til eller nyttar andre musikalske verkemiddel fritt, er hovudmålet med den klassiske musikken å spela musikken slik som han vart skiven.

I jazzen er det likevel den røynde utøvaren som tolkar ein tone på ein svært eigenarta måte. Ein spelar aldri det same toneverket på plent same måten two gonger etter kvarandre. Utøvaren endrar stilten etter sitt eige lynde eller personlege røynslor eller etter den samverknaden det er millom musikarane eller til og med etter korleis tilhøyrarane er sett saman. Ein jazzmusikar kann endra melodiar, jamvekti og tidspreget um han vil. I klassisk tonekunst i Europa er det derimot tonekunstnaren som styrer korleis tonekunsten skal nyttast gjennom notar og faste framføringsmåtar. Her må musikarane berre finna seg i å øva til dei når den spelekunna som tonekunstnaren hev lagt upp til. Jazz derimot vert ofte kjenneteikna av å vera tilverka av menneske som er jambyrdige med umsyn til skaparevna, samhandlings- og samarbeidsevna. Det gjer at rangen til dei ulike tilskotsytarane gjeng for det same. Både toneskaparen og utøvaren hev sitt dei skulde ha sagt.

I New Orleans og Dixieland-jazz brukar utøvarane å taka tonen og umkvedet på umgang, medan andre med frie framføringsmåtar la fram motmelodiar. Gjenom svingen kom store band til å måtta lita meir på tilskipa musikk, tilskipingane vart skrivne og vart lærde med øyra og hugsa – mange tidlege jazz-utøvarar kunde ikkje lesa musikknotar. Einstaka einesongarar (solistar) kunde framföra fritt innanfor desse tilskipingane.

Ei av stjernene på min musikalske himmel og mange andre sin, er nok Lous Armstrongs *What a wonderful world*. Han greider på ein utrølig lett måte å få oss til å frygda oss yver dei små gledeone i livet. Diktaren Hans Børli hev skildra Armstrong levande i eit dikt som segjer ein heil del um både jazz og utøvaren. Andletsdragti, kvilefolkane og velklangen i alt han gjer er eineståande og viser mykje av serpreget til den fyrste jazzen. Korleis ein greidde å nytta fåe verkemiddel til å laga heilt sermerkt musikk som var ny og spanande.

Sving vil vel for nokre vera den fyrste utglidindi i jazzen, men tanta til Beate som Lillebjørn Nilsen syng um, finn jazzen sin gullaldar nett i sving-bolken med gitarspelaren, Django Reinart. Dette var tidsaldaren for storband, og bandleidarane vart ofte kjende, men òg for songarar som den kjende songarinna Ella Fitzgerald som slær igjenom på denne tidi.

Lykkjelpersonar som var bandleidarar eller tilskiparar var til dømes: Count Basie, Cab Calloway, Jimmy and Tommy Dorsey, Duke Ellington, Benny Goodman, Fletcher Henderson, Earl Hines, Glenn Miller og Artie Shaw.



Louis Armstrong var trumpetist, bandleidar og songar, og han vart ofte etterlikna av andre utøvarar og var ein nybrotsmann i den tidlege jazzen. Sving var ein liketil og greidskoren dansemusikk som vart spela yver radio og på utestader. Jamvel um det var eikorslags låt som var sams for alle i svingen, gav den òg eit høve til at einskildutøvarar kunde veksa fram og skipa seg til med ein serhått som gjorde dei til leidande framførarar eller eineframførarar og driva med frie musikalske framføringer. Etter kvart vart raseskiljepolitikken i Sambandsstatane noko mildare, og då byrja artistar å koma med i band på kryss og tvers av um dei var kvite eller svarte.

Seinare i bebop kom søkjeljoset tilbake til små grupper og eit minstemål av tilskiping. Melodien vart kalla hovud, og den vart fastslegen kort i upptakten og på slutten av framførungi. Men kjernen i framførungi var uppattakingi av den frie framførungi i midten. Seinare stilar i jazzen slik som modal jazz avskipa den fastrådde oppfatningi av ein sokalla samklang med vekslingsmyster (fleirtonefylgje/akkord-progresjon), noko som tillet tydelege serkjenne ved den måten utøvaren fransførde musikken på, den vart endå meir fri når den vart lagt til eit bakteppe prega av ein musikalsk mode. Fyregangsflokkane i jazzen og den frie språkførungi i jazzen tillet, til og med ropte etter å avskipa samklangen, skalaer og rytmiske mynster.

Ettersom tidsaldaren med sving tok slutt og tidi med umfarande sving-band var på hell, bar det til ei stor nyvinning i jazz-musikken. Ein artist som Ella Fitzgerald er truleg den mest spanande å sjå på i so måte. Ho er so visst ei av mine store stjernor og ein av dei store jazzsongarinne i jazzens historie. Då ho gjekk yver til bebop var det eit stort skifte i den songlege stilens hennar, ho vart merkt av Dizzy Gillespies storband. I denne tidbolken som ho då var inne i, byrja ho å freista ut den sokalla scat syngjing som vart ein stor del av speleplanen hennar.

Scat-syngjing i songleg jazz er ei form for fri syngjing med ordlause sjølvlyjdar, meiningslause ihopsetjingar av lydar anten det er eigne ord eller ingi ord i det heile. Scat-syngjing gjev utøvarane høve til å syngja frie melodiar og rytmar, eller skapa lydar som kann minna um eit eine-instrument. Scat-syngjing er fri syngjing, der dei melodiske linene ofte ymse avbrigde vert knytte til ein skala og sokalla arpeggio-brotstykke m.m. Dei som vil granska scat-syngjingi nærrare kann høyra på *Flying home* eller *How high the moon*. Mel Tormé hadde òg ein sereigen stil innanfor denne stemneleidi, men han var trombespelar.

Flying home frå 1945 var ein melodi som av nokre vart rekna for den mest innverknadsrike innanfor den songlege jazzen som vart spela inn på heile 1940-talet. Louis Armstrong, det gamle heilagmennet i jazzen, hadde prøvt å taka upp den nye stilens med den same frie syngjingi, men lukkast ikkje. Ingen greidde å vera so nyskapande som Ella Fitzgerald. Med "Oh, Lady be Good" stadfesta ho umdømet sitt som ein av dei leidande songarinne innanfor jazzen. Det er vanskeleg å finna andre kvinner som kunde tevla med henne. Billy Holiday fell heilt igjenom etter mitt syn.

Etter at bebopen hadde stade fram på slutten av 1940-talet skaut jazzen fram i fleire renningar eller understraumar, men ikkje ein einaste av dei hev, etter mitt syn, fostra amerikanske songarar som kjem upp mot Ella Fitzgerald og Louis Armstrong. Dei er i serklasse etter min smak. Dinah Washington er vel den einaste eg hev greidt å finna fram til som kann vera av same klasse. Framføringi av "mad about the boy" er fullkommen og maktfull. Elles er det mange spanande artistar. Den norske artisten Stein Getz er av dei mange store instrumentalistane som hev skapa eineståande musikk. Etter kvart må ein likevel spyrja seg um ikkje jazzen hev glide yver i andre genrar. Ordskifte med innkast um kva som er jazz hev det vore mange i jazz-samfundet, det er ikkje berre eit spursmål um å halda jazzen avgrensa, men det kann vel òg vera eit spursmål um å halda han inngjerda.

Ordskifte innanfor jazz-samfunnet

Det hev lenge vore ei ordveksling innanfor jazz-samfunnet um umgrepsavgrensingane og bindingane som ligg på genren jazz. Trass i at jazzen hev endra seg og forma seg um gjennom å verta påverka på nye måtar, hev jazz-samfundet ofte funne åt desse nye påverknadene og meint at dei vatna ut jazzen. Andrew Gilbert hev kome med eit innlegg for at jazzen hev ei eigi evna til å trekkja til seg og forma um på nye hugskot frå ymse musikkstilar. Det er derimot nokre eldsjeler av ulikt slag som hev gjenge inn for å umgrepsfesta jazzen, slik at ein stengjer ute mange typar som vert uppfatta som jazz. Jazz-musikarar sjølv er ofte nølande med å umgrepsavgrensa den musikken dei spelar. Duke Ellington summerte det upp på denne måten: Det er musikk alt saman. Sume jazz-kunnige hev til og med slege fast at Ellingtons musikk ikkje var jazz fordi den var skipa til og fordi han nytta spelemannslag. På den andre sida hev Ellingtons ven Earl Hines som laga tjuge eineframføringer som han forma um skifta inn på ymse måtar etter toneverk av Ellington ,vorte framstelt som eit av mange gode døme på at jazzen hev runne ut or ulike rekkjar av einskildhendingar, hevdar jazz-granskaren Ben Ratliff

Einskilde peikar på at nokre former for jazz legg for sterkt vekt på å vera inntektsj gevande for ei eigi næring i musikkbransjen og byggja upp ein jazz som skal femna heile ålmenta heller enn å ha ha ein serdåm, og desse formene for jazz hev fenge eit uord på seg frå fleire hald, iallfall sidan Bop-genren uppstod. Eldsjeler innanfor jazz-samfundet legg vekt på hevdunnen jazz og hev avsist Bop, og heile 1970-talsjazzen som ein ihoprotingsbolk med vekt på å vatna ut den røynlege jazzen for at musikkbransjen skal tena pengar. Bruce Johnson meiner at jazz-musikk alltid hev havt ei spenning millom jazz som ein inntektsj gevande musikk og ei kunstform. Gilbert meiner at det er ei uppfatning um ein kanon innanfor jazzen, og at den skifter frå tid til tid. Det kann visa seg at storytingar og stordådar i fortidi kann koma til å få ei framskoti stoda framfyre nyvinningar frå noverande artistar.

Jazz-granskaren til Village Voice, Gary Giddins, peikar på gode grunnar for at det vert skapt og spreidd ei form for jazz som aukar fram tanken på reglar og faste former for jazz, og det gjer einskilde store underhaldningsverksemder sers rådrikne. Jazzen stend andsynes ei framtid der jazzen vert påvyrdt og godteken, men utan at ihugen kring musikken er serleg stor. David Ake åtvarar mot at det vert skapt normer i jazzen og at det vert upparbeidt ein hevdunnen jazz som stengjer ute sidespori og nyare fyregangsformer for jazz. Det hev vorte mæla imot einskilde former for jazz som stend utanum den hevdunne amerikanske formi.

Det hev òg kome upp på bakgrunn av at den tonekunsten i Sambandsstatane hev stade for ein sers rådriken sedvane i jazzen. Utfrå eit syn vert dei nye landi tekne vel imot som eit døme på livskrafti i musikken. Frå eit anna synspunkt finn ein åt dei nye musikarane fordi dei avviser livskraftige sedvanar innanfor jazzen.

Jazz kann vera so mangt og genren hev bygt seg opp steg for steg, og det kann vera råd å finna att mange serdrag, men det er den opphavlege jazzen som det er lettast å få taket på. So vil det kannhenda verta klårare korleis jazzen hev vore dei siste 50- 60- åri, når ein fær nokre tiår til med musikalske nydanningar, eller so vil heile genren gå yver i musikkhistoria som noko som tok slutt og kvarv burt. Meiningane vil verta delte, men klassikarane vil leva på dei instrumentale arbeidsinnsatsane som ein kann gleda seg yver gjennom opphavlege innspelingar og serleg gjennom dei fåe store songarane som eg likar. Elles kunde til dømes Monica Zetterlund og Arne Domnerus vore nemnde i vår nordiske samanheng, men det fær venta til eit anna høve.

Kjelda:<http://en.wikipedia.org/wiki/Jazz>

Lars Bjarne Marøy

Målstrid utan perspektiv endå ein gong

Pietismen hev sine ljose og sine negative sidor. Pietismen er derimot ikkje berre eit spørsmål um den rette læra. Den hev òg stor yverføringseffekt anten det er til nazismen eller sosialismen. Det interessante er vel at det kanskje framfor nokon var Tyskland som vart fengd av denne bylgja, medan britane religiøst sett vart splitta upp i mange dissentarsamfund, noko som òg sermerkar USA. Landet der ein hev 1. 2. 3. 4. 5 og so burtetter kyrkja av den eine og den andre trui.

Vel Spener og pietistane var svært upptekne av at ein skulde fylgja den rette læra og leva i sanning som Kierkegaard formulerte det noko seinare. Det skulde vera samsvar millom gudstru og levesett. Pietismen slo godt an i det eineveldige Danmark- Noreg, som helst vilde ha seg fråbeden både jødar og jesuittar. Noreg heldt fram i same tytefaret etter utgangen av dansketidi.

Målfolki er dundrande pietistar. Det ligg naturleg nok i heile saki. Eit norsk mål for Noreg. Det er ein so stor tanke at når ein ikkje hev næringslivet og embetsstand med

seg, so er det berre reinleiken i ord og tanke som må fylgjast. Ja, jamvel i framferd. På målmøte og i målrørslesamanheng gjeld det òg å saumfara folks truskap, trass i at lista yver dei fråfalne er stor.

I starten på målreisingssoga var det ein kallstanke å reisa upp det norske målet i skrift og tale, men seinare vart det til at det viktigaste for å vera ein god "nynorsking", for kjønnsnøytrale ord må ein ha - måvita - det var at ein tala dialekt og skreiv eit slags nynorsk.

I dag er det derimot vorte slik i TV2 at leidande nynorskfolk skriv bokmål og knotar dialekt, for nynorsk må dei for all del ikkje lesa. Det er fårleg. Me kjem til å enda upp med at målbruken i media vert like interessant som folkevisone i dansketidi. Det er symptomatisk at ei av vermeldingsdamone - som hev introdusert det unorske ordlaget - me sjåast- absolutt måtte syngja ei folkevisa når ho hadde ei av ver meldingane sine.

Det finst etter mitt syn two vegar å gå folkevisevegen beint inn i forfallet frå dansketidi eller preiketekstvegen som hev fylgt oss som ikkje berre ein religiøs formidlar, men òg som eit mediesystem gjennom mest tusund år.

Preikone var det som tok vare på den retoriske tankegangen frå antikken. Det beste uttrykket for dette i norrøn tid, er gamal norsk homiliebok. Skal ein reisa det norske målet er det attende til retorikken ein må.

So vil alle dei romantiske pietistane i målrørsla segja at ein fær ikkje til nokon framgang for det norske målet utan romantikk. Ja, kor vart det var retorikken i millomaldaren, då? Håkon Håkonson fekk umsett stjorn og ei rad andre skrifter, han var neppe nokon stor romantikkar tilliks med dei som trur på Goethe, Wergeland og Welhaven. Ivar Aasen var vel knappast nokon romantikar han heller, men ein jann arbeidskar som freista å få greida på målet med systematikk og logisk evna. Den var so stor at dei som hev drive på med verket hans i ettertid hev kludra til meir enn retta upp. Dei hev ikkje reist det som velt er, men velta det umatt.

Det er ei slik umvelting som dialektsykja spreider rundt seg. Det er irrelevant å høyra på dei fleste som studerar norsk mål, for dei tenkjer ofte berre romantisk, anarkistisk, nihilistisk eller kva annan merkelapp ein set på det. Det som er heilt visst er at talemålet kannhenda fær eit noko lengre liv i dag enn tidlegare gjennom mediesituasjonen i dag. Men målet som vert nytta fær knappast noko større prestisje av den grunn. Bokmålet et seg fram på alle frontar, jamvel der journalistar med

nynorskbakgrunn burde ha nytta nynorsk, kjem bokmålet inn. Dialektane gjev ikkje noko vern mot bokmål, snarare tvert um.

Diktaren som geni med guddomeleg innsikt slik ein såg han fyre seg i romantikken, kann ikkje umskapast til ideologi for nyhendeupplesarar. Det er den dansktalande presten som kjem inn og mosar genii til pinneved. Nyhendeupplesarar som knotar därleg bokmål og kallar det dialekt reduserar seg sjølve til skjønnlitterære forfattarar på 7. divisjonsnivå. Preikone vert til forbanna lygn og dikt. Dei bannar i kyrkja.

Dei burde ha lesa Aristoteles, Cicero, Quintilian og homilieboki, men dei held seg på därleg eventyr og folkevisenivå. Journalistar som ikkje kann retorikk, og fylgjer sjangertrekki i 1800-talsromantikken, burde vore ubrukelege, men i staden for framsteller pressa dei som frontfigurar i den endelause farsen som gjerne vert umtala som målstriden. Det er eit maskespel av narrar og klovnar som for lengst burde ha vore avslutta, men som jamnast kann føra til endelause kjedekollisjonar av lesarbrev.

Helene Tursten

I dansen kring gullkalven er det nettpoker som kjem i søkeroset. Ein gjeng relativt unge menneske starta eit nettpokerfirma som etter kort tid gjekk konkurs. Det interessant med firmaet som vart børregisterert var at det fekk mange mektige innskytarar. Det var snakk um millionar av kronor. Den største innskytaren gjekk inn med 250 millionar kronor.

Ei dama mister ekskjærasten sin då han vert myrda. Samstundes før fleire av innskytarane ein fing i posten. Drapsofferi hev båe vorte ribba for two fingrar. Politiet koplar inn økokrim som hev etterforska brotsleie tilhøve ved nettpokerfyretaket, men økokrim hev kom fram til lite konkret.

Kvinna som hev mist ekskjæraste hev no fenge ein ny kjæraste. Han var økonomiandsvarleg i nettpokerfirmaet og vert sett på som ein av dei uskuldige. Han vil ikkje at dama hans skal gå til politiet, men ho freista likevel å koma i kontakt med politiet. Då vert ho skoten og stygt såra. Huss greider ikkje å forfylga gjerningsmannen som spring undan i stort tempo.

Kvinna kjem på sjukehus, og kjærasten fortel at dei hev vorte utsett for utpressing. Dei leidande ei firmaet vart søkkrike av di dei selte lutene i lutlaget fyre det gjekk konkurs. No hev dei vorte pressa til å betala ein million kronor gong etter gong. Men kvinna hev ikkje meir pengar og vilde gjeva seg.

Ein av innskytarane driv med golfbaneutbyggjing. Han er ein nådelaus mann og hev med seg fleire livvakter når han arbeidet. Det viser seg likevel at Stefan (kjærasten) ikkje let seg stogga av dette. Han tipsar politiet um at golfmannen er den store innskytaren. Politiet kjem for seint til å stogga at Stefan får avliva både livvakter og golfmannen. Då politiet kjem greider Stefan å gøyma seg.

No før me heile den usminka soga. Stefan hev jobba hjå mafiaen på austkysten av Sambandsstatane, der vart han rekrutert til å kvitvaska pengar gjenom nettpokerfyretaket. Han hev manipulert venene sine og ein ven av han frå mafiaen hev vore med på avrettingane og drapi. No må dei verta kvitt kvinnan på sjukehuset. Ho veit for mykje. Stefan er ikkje veldig glad for det, men innser at han må prøva, slik at han kann koma seg attende til Sambandsstatane og jobba seg uppyver i mafiakarrieren

sin.

Han hentar kvenna på sjukehuset. Politiet fryktar for tryggleiken til kvenna og two politmenn fylgjer med til ei hytta der kvenna skal kvila seg ut. Der vert bære politimennene yvermannen. Men Irene Huss og etterforskarane på politihuset hev imillomtid greidt å avsløra at Stefan hev arbeidt for eit mafiafirma i Sambandsstatane, og dei er straks på veg ut til hytta. Kvenna greider å koma seg ut av hytta og prøver å stikka av frå kjærasten og mafiavenene hans. Politiet forfylgjer dei.

Stefan vil hjelpe kjærasten sin og prøver å stoppe mafiavenen. Då vert han avretta momentant og mafiavenen forfylgjer kjærasten vidare. Huss greider å skjota mafiamannen og saki er løyst. Stefan er i utgangspunktet en hyggeleg og grå person som ein hev vanskeleg for å knyta til avansert og brutal kriminalitet. Han utviklar seg og viser uante sider etterkvart som filmen utviklar seg. Kjærasten hans verkar som ei naiv og litt burtskjemt rikmannsgjenta. Ho utviklar seg nok òg gjennom filmen. Ho er neppe so naiv ved utgangen av filmen.

Miljøet er prega av golfbana, hytta og sentrum av Göteborg. Tema er utan tvil millom anna knytt til lojalitet til mafiaen i Sambandsstatane, versus lojalitet til vener og kjende i Sverike. Stefan viser seg langt på veg som ein solid manipulator, men då det røyner på vert kjærleiken til kjærasten for sterke. Saki vert kludra til.

Som eit slags apropos til denne lojalitetskonflikten kjem òg Huss upp i ein privat lojalitetskonflikt. Ho fær mistanke til at mannen hennar er utrugnen med ei av dei som arbeider i restauranten hans. Ho gjev straks uttrykk for kva ho tykkjer. Men det viser seg at mannen hev arbeidt med ei yverrasking til fødselsdagen til Irene. Det kann jamvel den eine framsleengsjenta stadfesta. Det er dimed ei pinleg sak for Huss. Ho gjer det godt at med å gjeva mannen ei gåva, ein flytime.

Filmen kann soleis vurderast som ei øving i lojalitet. Der det viser seg at å vera lojal må dei som stend ein nærest er viktigare enn å prøva å gjera seg til noko større enn ein er.

I elddansen må Irene Huss tackla ei sak med ein pyroman som gjeng amok. Ei rad hus i göteborgsumrådet vert påtente. Det som er sams er at husi hev nummer ni.

Jakten på mordaren fører etterforskarar på villspot gong på gong. Samstundes etterforskar Huss eit knivdrap på ei øy utanfor Göteborg. Ei gamal dama i den lokale kyrkjelyden er død. I utgangspunktet tenkjer ein seg at det kann vera ein lokal frå øvi.

Etterforskarane ser etter eit motiv for øybuarane som millom er delte i høve til kyrkjelyden. Ein av dei fastbuande meiner at kyrkjelyden driv øyi til ruin av di dei manglar finansielt gangsyn, og ikkje høyrer etter kva dei fastbuande ynskjer. Døyr butikken vil livet på øyi òg døy ut, so dette er eit viktig spørsmål.

Denne gongen skifter kringværet millom øymiljøet som ligg idyllisk til den göteborgske skjergarden, og millom villaumrådi som vert påkveikte inne i sjølve Göteborg. Ein påfallande parallel i handlingi millom eldspåsetjingane er at det vert feira bålfest med song og spel. Her samlast Huss med huslyden. På heimeplan er det slik at den eine dotteri til Huss hev plaga ei veninne og mori til veninna er òg veninna av Huss og mannen til Huss. Personane som me etterkvart vert introduserte for i samband med mordetterforskingi er knytt til ein familie. Huset til familien ... brann ned for 15 år sidan då Huss var ny politetterforskar. Huss greidde aldri å løysa saki, men trudde at det var ei adoptivdotter som budde i huset. Mori og sonen yverlevde og skuldi vart lagt på adoptivdotteri. Adoptivdotteri vart kasta ut og hamna i fosterheim etter fosterheim. Etterkvart viser det seg at den døde øybuaren var mormor til guten i dødsulukka. Då byrjar etterforskarane å sjå samanhengen. Dei tek inn gjenta og avhører henne ingåande, ho kjem med tilståingar for brannane, men Huss slår seg ikkje til ro med dette, og som vanleg er det Huss som ser lengst av etterforskarane. Huss vitjar mori og sonen. Sonen viser seg å driva med øving til ei danseframføring. Stykkjet hans heiter elddansen. Huss gjer dessutan eit interessant funn på øyi i huset til mormori til guten. Ho finn ei teikneblokk som utan tvil er gutens. Her gjeng det klårt fram at han er pyroman og at han sette på brannen i barndomsheimen. Då adoptivdotteri vert pressa viser det seg at ho veit det meste um samanhengane. Ho prøvde fleire gonger å stogga adoptivbroren, men greidde det ikkje. Han var glad i å leika med fyrstikkor då han var born, og dette tok aldri slutt. Då politiet skal arrestera guten kjem dei midt under ei av danseframføringane. Dei vil gjeva han tid til å avslutta framføringi, men det fær berre guten til å få tid til å tenkja ut ein flukt. Han og mori fer avgarde i bil. Då politiet hentat deim inn. Fær han mori ut, fyre han kveikjer eld på bilen som brenn upp og vert øydelagd. Temaet her er korleis menneske kann

få sjukdomen, pyromani. Guten er tydelegt prega av lidingi. Han er so upphengt i brannar at han jamvel må dansa med flammar kring seg. Bodskapen eller moralen er kannhenda at slike lidingar anten må kurrerast eller so kann det enda i katastrofe. Mori hev lagt si vernande hand attum guten, jamvel um ho må ha visst um problemi hans. Det gjer ikkje noko betre, og viser at foreldri ikkje kann skriva andsvaret frå seg, men må takla dei problemi og sjukdomane borni deira fær. Pyromani er noko som ikkje vert snakka so mykje um, truleg avdi ein er redd for smitteeffekten, soleis er det interessant og prisverdig å få dette temaet fram på ein so god måte. Det er absolutt adoptivdotteri som vert framstelt som den dynamiske og sympatiske personen i forteljingi. Ho hev dekt yver for guten og prøvt å taka vare på han utan umsyn til at ho sjølv vart stempla som gjerningsmannen, og må ha gjenge gjenom mange traumar på grunn av det. Då politiet ved Huss endeleg kann frikjenna henne og letta på trykket, vert ho nok i stand til å leva eit betre liv.

Efraim Karsh

Islamsk imperialisme

Av Lars Bjarne Marøy



Efraim Karsh er professor og yverhovud for middelhavsstudiane ved King's College, University of London. Karsh hev havt akademiske stillingar ved Harvard og Columbia universitet, ved Sorbonne, International Institute for Strategic Studies i London og Jaffee Center for strategic Studies ved Tel Aviv Universitetet. Han er ofte i internasjonalt leidande media som kommentator og hev vore på alle dei viktigaste radio og fjernsynsstasjonane i Storbritannia og i Sambandsstatane. Karsh hev òg havt artiklar i leidande avisor millom anna The New York Times, The Los Angeles Times, The Wall Street Journal, The Times (London) og The Daily Telegraph.

Han hev publisert ei rad bøker og ofte vore rådgjevar i spørsmål som gjeld Midt-Austen, Sovjets utanrikspolitikk og europeisk nøytralitet. Han hev millom anna skrive ein politisk biografi um Saddam Hussein og bok "Empires of the sand: "The struggle for Mastery in the Middle East, 1789-1923".

I 2006 kom boki: "Islamic Imperialism a history". Boki er på sett og vis lett å knyta til boki um striden um å ha herskarolla i Midt-Austen, jf. ovanfor. Karsh innleider med å visa til at det hev kome ulike tolkingar ut av bombone mot World trade center 9. september 2001. Karsh gjeng tidleg ut mot tanken um at det som skjedde i 2001 var uttrykk for ein samanstøyt millom two sivilisasjonar, ".clash of civilizations". Han viser vidare til at mange akademikarar, bladmenn, skribentar og pensjonerte diplomatar meiner at bombone var eit uttrykk for og ein respons på det dei kallar ein arrogant og sjølvisk amerikansk utanrikspolitikk. Åtaki vert òg knytte til personlege framtidsdraumar hjå ein gjeng ekstremistar og ikkje nokon heilag krig.

Karsh avviser både desse forståingsmåtane. Han meiner at det er naturleg å leggja fram ein tridje forståingsmåte. Han vil sjå det slik at det som skjer er eit utslag av røynsla til folk i Midt-Austen. Denne røynsla hev ført til ei kuliminering av innebygde

trendar, lidenskapar og åtferdsmynstre som hev funnest i lang tid i regionen. Serleg er det grunn til å understreka den tusundårige imperialisttradisjonen.

Då islam stod fram som religion var det two store imperium i umrådet kring dei. Det var Aust-romarriket med hovudstaden i Konstantinopel, og det var det persiske riket som frå 300-talet etter kristus var styrd av Sasanide-dynastiet. Den arabiske halvøyi som var fødestad for islam var mykje avhengig av aktivitetane til det persiske riket. Persarane hadde koloniar i aust og sør av Arabia, i Najd og i Jemen. Den bysantinske makti var kjennande frå vest i Arabia gjennom den syriske ørkenen der dei hadde klientkongedøme.

Det hev vorte hevd at arabarane og islam ynskte å slå attende mot undertrykkjing frå dei imperia som hadde havt kontroll yver dei, men det var noko langt meir som låg og ligg i islam som ideologi. Under avkoloniseringi av dei britiske og franske koloniane på 1900-talet var det aldri nokon ikkje muslimske land som hadde til ambisjon å taka herredømet yver Storbritannia eller Frankrike. Men slike tankar finst innanfor islam og hev funnest der frå religionen vart grunnlagd. Karsh syner til fylgjande sitat:

"Eg vart komandert til å slåst mot alle menn inntil dei sa: "Det finst berre ein gud, og det er Allah."

Profeten Muhammad, mars år 632

"Eg skal kryssa sjøen til øyane deira for å forfylgja dei inntil det ikkje finst nokon på jordyta som ikkje godkjenner Allah."

Saladin Januar 1189

"Me vil eksportera vår revolusjon yver heile verdi inntil ropi: Det finst ingen gud utanum Allah og Muhammad er hans profet, vert høyrt yver heile verdi."

Ayatollah Ruhollah Khomeini, 1979

Eg vart ordra til å slåst mot folk inntil dei sa: Det finst berre ein gud, Allah, og hans profet er Muhammad"

Osama bin Laden, November 2001

Muhammad gjorde islam til ein religion som ikkje kjende landegrensor eller nasjonale bindingar. Han etablerte òg "ummaen" eller samfundet av dei truande. Det var ummaen som var råmeverket for dei truande i dei umrådi som islam la under seg. Muhammad sette òg fram prinsippet um Jihad, "iverksetjing av Allahs veg" som den viktigaste framkomstmåten til å spreida islam. Den farvelhelsingi som Muhammad gav tilhengjarane sine var: "Eg vart komandert til å slåst mot alle menn inntil dei sa: "Det finst berre ein gud, og det er Allah."

Karsh meiner at Muhammad innleidde ein tradisjon i Midt-Austen. Ein tradisjon som islam hev vidareført frå det første arabisk-islamske imperumet (abbasidedynastiet) på midten av 700-talet fram til det ottomanske imperumet som gjekk i uppløysing i 1924. Soga um islam hev vore ei saga um oppkomst og fall for verdsumspennande imperium og ikkje minst um imperialistdraumar. Oftast hev det vore meir snakk um draumar enn um røyndom. Kor som er desse imperialistdraumane heng ved islam den dag i dag.

I motsetnad til innanfor kristendomen hev islam aldri skilt millom verdsleg og åndeleg/religiøs makt. Muhammed hadde kontroll både over den verdslege og den religiøse makti. Muhammed kunde gå inn for verdsleg makt og landevinning utan at han vart regulert eller balansert av nokor motmakt. Han hadde all makt. Religion, politikk og samfund heng nøgje saman i islam og sambandet er høgst levande. Det er knappast noko serleg att av slike samband i den moderne vestverdi.

Det finst dei som meiner at islam ikkje kjende landegrensor, men berre imperium og at den einaste politiske einingi var den ideologiske og mektige ideen um Islams hus (Dar al-islam), ein sams heim for alle muslimar. Denne ideen um islams hus kann knytast til heile tidi etter fyrste verdskrigen som førde til samanbrotet for det ottomanske imperiet. Ulike rørslor med panarabistiske eller panislamske tankar hev stade fram i denne perioden.

Dei europeiske stormaktene hadde yversjøiske undersåttar med ei klår grenselina millom meister og undersått, medan dei islamske imperia var landbaserte og tufta på ei total assimilering. Medan nasjonalismen i dei tidlegare koloniane skilde kvart land frå ein annan, vart dei arabisktalande og muslimske landi samla rundt tanken um ein islamsk einskap.

Det er vanleg å rekna med at sams språk, kultur, tradisjonar, røynslor og soga er med på å samla folk kring ein sams nasjon som som oftast er knytt til eit gjeve territorium. Den arabisktalande folkesetnaden i Midt-Austen delar språk og religion på grunn av den tidlege islamske imperialistbolken. Desse kjennteikni hev likevel ikkje gjeve nokon arabisk solidaritet eller djupe kjenslor av sams soga, lagnad eller tilknyting til nederva fosterland. Det var heller ikkje noko som knytte saman dei arabisktalande folki til ein nasjon under imperia. Dei kjempa ev. med kvarandre for å uppnå regionalt yverherredøme. Ulike grupperingar stod fram og gjekk under. Den kjende T.E Lawrence, umtala som "Lawrence of Arabia" uttala at ei samling av arabisktalande land vilde vera like lite sannsynleg som ei samling av engelsktalande land.

Folk var splitta millom den lokale tilhørsbla til stammor og den yverordna lojaliteten til imperiet. Leidarar i mange arabisktalande land meinte at det var grunn til å tru at det vilde koma uppatt eit nytt imperium og at det var uturvande med nasjonale tilknytingar. Imperiet vilde koma attende. Fylgja av dette hev vorte dissonansen millom den reelle nasjonalstaten og draumen um ein samla arabisk nasjon eller ei samling av den islamske "umma".

Islamsk imperialisme

I den fyrste uppbyggingsfasen av islam var det ikkje den religiøse øsingi som ser ut til å ha vore størst, snarare let det til at økonomisk vinning var eit meir sentralt siktigmål. Det tok tid fyre folk vart serleg religiøse i dei nyvunne umrådi, og fåe stammor flutte til dei nyvunne umrådi fyre umrådi var konsoliderte. Islam let næraast til å vera underordna ein imperialistisk ekspasjonstrong.

Det hev fylgt universelle tankar med andre imperium. Grekarane og romarane såg på folkeslagi i periferien som barbarar versus dei sjølve som var siviliserte. Mongolane meinte at det var fyresagt at dei skulde arva jordi. Islam meinte at

profeten hadde kommandert deim ut til å slåst mot motstandarar av islam kvar dei enn måtte vera.. Det var denne veldige målsetjingi som fekk muslimane til å gå mot dei rådande imperia i regionen.

Dei fire første kalifane og Omajadane sette i gong med landevinningi. Islam hev vel aldri vore meir ekspansiv enn under Omajadane. Frå 632 då profeten døydde og fram til 711 hadde muslimane teke Nord-Afrika, Spania og store delar av det som i dag er Midt-Austen. Det mektige Aust-romerske riket var for det meste redusert til dagsens Tyrkia og Anatolia. Når islamske historikarar uppsummerar soga er dei mindre upptekne av at dei tapte mot franskmenne i 722 enn at dei ikkje greidde å taka Konstantinopel med ein gong. At eit so pass tilbakeliggjande folk som arabarane var, skulde greida ein so umfattande ekspansjon som det her var tale um, var ikkje upplagt, og det er sers vanskeleg å tenkja seg denne ekspanasjonen utan å kjenna den religiøse oppørsingi som låg attum. Imperietanken låg so å segja innbaka i sjølvé islam.

Kring 750 var Omajadane i ferd med å verta soga. Fram til denne tidi hadde den islamske ekspanasjonen gjenge so snøgt at det ikkje hadde vore snakk um noko serleg umvending. Det var knapt ti prosent av innbyggjarane i imperiet til omajadane som i røyndi kunde reknast for muslimar. Folk var mest misnøgde med at arabarane fekk ha serrettar innanfor imperiet. Mange vart nekta å konvertera til islam, dei som likevel konverterte vart därleg handsama og dei som ikkje var muslimar var andrerangsborgarar. Tanken attum var langt på veg at det skulde vera eit privilegium berre for arabarar å vera muslim. Mange opponerte og meinte at alle som vilde skulde kunna vera muslimar og at dei alle skulde vera jamstalte. Då abbasidane kjempa ned Omajadane, førde det til at det vart slutt på det reint arabiske riket. Kalifatet vart ein yverbygnad for alle muslimar. Det var vel òg ei fastslåing av den faktiske stoda. Abbasidane rådde kor som er no yver eit fleirnasjonalt muslimsk imperium. Abbasidane var sers upptekne av å understreka den teokratiske styringsformi og at dei fekk makti si frå Allah. No skulde dei fylgja koranen og profetens påbod. Det førde til at det vart arbeidt hardare med å umvenda folk og i dei neste 200 åri vart det umvendt mange.

Karsh understrekar at det trass i at det var ei utvikling millom omajadedynastiet og abbasidedynastiet var det òg sers mange sidor ved dei som var like. Kalifane hadde dei fyrste åri etter at profeten døydde prøvt å leva eit nøgsamt liv, men etterkvart hadde det vorte uråd å koma seg burt frå eit liv med ovbunad i kalifatet. Jamvel um herskarane kunde leggja vekt på moral utetter, levde dei på meir enn ein måte i strid med dei religiøse ideali innanfor islam. Det var òg ei utprega pragmatisk haldning til kva reglar som skulde nyttast andsynes ulike undersåttar. Både omajadane og abbasidane var trass i krav um pietisme fyrst og fremst imperemonarkar. Islam var berre eit middel til å skapa truverde og den mest gunstige stemningi millom undersåttane. Islam kunde òg nyttast som dekke for ambisjonane til kalifatet. Dei kunde hevda at dei ikkje yvertok og utvida imperiet med personlege maktmotiv, men av di dei vilde tena islam. Då abbasidekalifatet stod på høgdi av si makt kring år 800 var velstanden yverveldande. Det var likevel den yverdrivne ovbunaden som underminerte statusen til abbasidane.

I 1055 var det ein tyrkisk stormann som heitte Tughrul Bey som styrde Seldsjuk-klanen som gjekk ut av Ghuzz-stammone, som hadde teke til seg islam nokre fåe

tiår tidlegare. Seldsjukkane gjekk inn i Bagdad og vann yver Buyidane. Tughrul Bey vart motteken som ein bodberar og fekk tittelen: "Sultanen av aust og vest". Bey vart ståande yver andre kalifar, men etterkvart vart seldsjukk-styrarane lite umtykte og Kalif Nasser som regjerte frå 1180 til 1225 fekk hovudet til Seldsjukksultanen av Iran sett opp på påle utanfor palasset sitt, men nye yverfall var på veg. Mongolane storma Bagdad i 1258 og tok livet av den siste abbaside-kalifen.

Innanfor islam skil ein millom Islams hus, Dar al islam og det som fell utanfor islams hus som er Dar al-Harb, krigens hus. Dei umrådi som ikkje er vunne for islam er krigens hus. Dei umrådi som islam hev kontroll yver er ein del av det islamske hus. Islams pragmatisme ligg i at det ikkje var dei religiøse måli som var avgjerande for deim. Um ein vann fram kulturelt, religiøst eller ideologisk var ikkje so viktig som at islam vann territorium og politisk makt. Dei landi dei okkuperte og styrde vart ein integrert del av islams hus anten ein hovuddel vart muslimar eller ikkje. Det var ikkje ein konfrontasjon millom sivilisasjonar som gjekk fyre seg. Det var snarare two makter som tevla um å vinna politisk makt. I lange periodar var det ikkje nokon total krig. Både kristne og muslimar var naturleg nok yvertydd um at deira religion var den beste, men handlingane deira var styrde av verdslege umsyn knytte til territorielle og materielle ambisjonar. Krosstogi var ei avgrensa krigføring. Målet var berre å vinna Jerusalem og dei heilage stadene. Ingen hadde noko mål som gjekk vidare til å kjempa ned andre islamske landevinningar.

Saladin var kurdarherskaren som hadde imperialistiske draumar. Han greidde å byggja eit imperium som vart uppstykkja til familiemedlemene hans då han døydde i 1193. Slektningane hans gjekk under namnet Ayyubis. Dei heldt uppe styringi i Egypt til 1250 og eit tiår lenger i Syria. Dei stridde for å halda saman imperiet til Saladin, men mangla evna til å ekspandera. Dei tapte meir og meir og laut millom anna gjeva frå seg Jerusalem til frankarane i 1229.

Slavane til Ayyubisane, Mammelukane, gjorde uppreist mot herrane sine i 1250 og vann. Deretter vart dei kristne krosstogi stogga og krosstogshaldepunkti var nedkjempa totalt i 1291. Men dette var ikkje noko stort nederlag for dei kristne eller nokon stor siger for muslimane. Frankarane og andre krosstogsfararar hadde anten vendt attende til Europa eller hadde vorte integrerte i Midt-Austen og hadde tapt røtene sine i Europa. Det var ikkje religionen som var drivkrafti her. Det var derimot maktambisjonane til mammelukkane. Fåren for mammelukkane var dessutan at dei kunde ha fiendar innanfor eige territorium. Det var ikkje ynskjeleg når dei visste at mongolane truga i aust.

Kalifatet yverlevde i miniformat i Kairo under mammelukane fram til 1517. Då yvertok osmanarane tittelen og kalifatet fekk ny status. Kring 1520 var mesteparten av islams hus samla under ein einaste imperialistisk autoritet som sameinte verdsleg og religiøs makt. Kalifatet hadde endeleg fenge gamal stordom yver seg. Forfallet til osmanarriket låg innebygd i det frå starten av: Sentrifugalt press, degenerering og byråkratisk og administrativt vanstyre. Tyrkarane hev eit ordtak som heiter at: Fisken byrjar å stinka frå hovudet.

Dei europeiske landi gjekk frå i stor grad å vera importør av ferdigvaror til å få yverskot på handelen gjenom sal av ferdigvaror. Ottomanarane fekk handelsunderskot som tappa dei for råvaror og indre handverksdrift, og dessutan for

gull og sylvresvarar. Forfallet og styringsvanskane gav seg størst utslag etter at osmanarane hadde prøvt å taka Wien i 1683. Etter nederlaget ved Wiens portar gjekk det nedver. Austerrike-Ungarn og Russland ekspanderte og ottomanarane laut trekkja seg attende. På 1800-talet var forfallet kome so langt at sultanane såg at noko måtte gjerast, men reformer som førde til at til dømes kristne og muslimar fekk lik status var lite umtykt og møtte kraftige motreaksjonar frå muslimar som vilde halda uppe sine privilegia. Det var òg vanskeleg å uppnå eit moderne statsstyre på andre umråde millom anna på grunn av eit system med umfattande korrupsjon. Det var uråd å samla gapet millom den ynskte imperialistiske draumen og den reelle stoda som var prega kløyving og fragmentering.

Europearane var samde um at det ottomanske riket kom til å døy, men dei venta med å gjeva det nådestøyten inntil ein såg korleis det kunde kløyvast upp utan at ein skipla den europeiske maktjamvekti. Ottomanarane på si sida sat ikkje berre og venta på at riket deira skulde gå under. Dei søkte hjelp frå dei vantru mot Napoleon i 1807. Dei søkte hjelp mot den egyptiske ekspansjonismen på 1830-talet. Fyrst fekk dei hjelp frå russarane som ikkje hadde nokor interessa av at Egypt yvertok kontrollen yver ottomanske land, og Egypt kunde kannhenda til og med ha greidt å taka Istanbul utan at russarane stogga deim. Seinare kom engelskmennene til hjelp og i 1841 var egyptarane trengde attende.

I siste halvlekken av 1800-talet mister ottomanarane kontrollen på Balkan fyrst ved freden i San Stefano i 1878 og heilt definitivt og endeleg i Balkankrigen 1912-1913 og i 1. verdskriga. Elles gjeng det därleg med landumrådi som grensa mot Russland: Armenia og Kaukasus med m.fl. Dei som måtte blø mest i slutten av det tyrkiske imperiet var nok utan tvil armenarane. Tyrkarane gjorde store yvergrep mot deim under 1. verdskriga. Tali på drepne ligg rundt ein million, same kva for uavhengige kjeldor ein vender seg til.

Utanfor det ottomanske riket låg Persia. Persarriket hadde lange sjølvstendige tradisjonar for imperialisme i Midt-Austen. Landet heldt fram i desse tradisjonane etter at det vart islamisert. Ein periode vart det persiske språket mykje arabisert, men det slo attende og heldt uppe serpreget sitt. Det persiske riket var langt nede under mongolinvasjonane, men etterkvart som mongolane vart bufaste tok dei til seg persisk kultur og språk og vart assimilerte. Det persiske riket nådde ein høgdepunkt på 1600-1700-talet, men etter det vart persarane underlagde eit spel millom dei europeiske stormaktene. Varierande alliansar og motsetnader millom Frankrike, Storbritannia og Russland gjorde at persarane hadde vanskar med å få til eit stabilt og sterkt styre. Statsstyret låg som innanfor det ottomanske riket langt tilbake for den moderniseringi ein såg i Vest-Europa. Russland og Storbritannia hadde båe strategiske interesser i regionen kring Persia. Persia var so veikt at både landi frykta for at det vilde verta dominert av andre land um ikkje Russland og Storbritannia beinast skifte ut ulike luter av landet millom seg. Det gjorde dei 1907. Eit år etter at freistnader på å innføra konstitusjonelt styre i Persia ikkje førde fram.

Under 1. verdskriga meiner Karsh at det ottomanske imperiet utan serlege vanskar kunde ha yverlevt, so framt sultanen hadde hørt på ententemaktene og ikkje gjeve seg inn i krigen med trippelalliansen og Tyskland. Det gjorde det uråd for ententemaktene å halda uppe det ottomanske riket av dei same opportunistiske grunnane som fyrr. Dimed var det duka for nye løysingar. Med bakgrunn i den

arabiske Hussein-klanen som vakta det heilage skrinet i Mekka og hadde slektsband til profetens stamme, vart det skapt ein panarabisme. Denne panarabismen gav grunnlag for å styra det ottomanske riket, samstundes som det stetta både europeiske og arabiske mål. Europearane vilde gjerne kløyva upp Midt-Austen millom seg etter som det høvde. Arabarane var sterkt uppkøyvde og herskarane i ulike rike kunde vera Reiduge til å gjera upptak til nye imperiedanningar. Den som var sterkest militært vilde kunna taka kommandoen. Nokon nasjonalisme i vår tyding av ordet var det ikkje tale um. Hussein-familien hadde derimot planar um å koma i staden for ottomanarane, men det lukkast ikkje. Seinare herskarar i Midt-Austen fær liknande ambisjonar.

Europearane kløyvde upp Midt-Austen i små statar som dei kontrollerte i varierande grad. Det mest umdiskuterte i so måte er vel utan tvil Belfour-deklarasjonen. Hussein-familien meinte at Palestina skulde vera ein del av den arabiske nasjonen, men brevskifti millom engelskmennene og arabarane syner at Palestina vart halden utanfor. Ulike arabiske leidrar rekna likevel med Palestina som ein del av det umråde som kunde takast inn i eit storarabisk imperium. Dei klandra britane for ikkje å ha halde ord. Slik tenkte ein like til staten Israel vart skipa i 1948. Imperietradisjonen kann òg gjeva seg andre interessante utslag. Til dømes nytta Saddam Hussein den grunngjevingi at Kuwait var ein del av det ottomanske imperiet som grunnlag til å taka Kuwait i 1990.

I 1945 var den arabiske liga dana, som eit uttrykk for den arabiske tanken um eit storrike. Ingen leidrar i Midt-Austen hadde synt seg å ha kraft nok til å markera seg med verkeleg tyngd fyre Nasser. Nasser freista gjennom samanslutningi med Syria å vinna nytt land og trengja attende innverknaden frå dei vestlege maktene. Nasser vart likevel ikkje sterkt nok og døydde nokre år etter 6 dagars krig som ein vonbroten mann.

Det var først med uppbyggjingi av OPEC og oljekrisa på 1970-talet at den arabiske nasjonalismen stod fram som ei makt som ikkje kunde tilbakevisast utan vidare. OPEC er det suverent mest fungerande råvarekartellet. Det finst ikkje noko liknande i andre delar av verdi. Dei store råvareprodusentane i afrikanske, asiatiske og latinamerikanske land hev aldri fenge til noko liknande. Oljeprisane fauk i veret kring midten av 1970-talet, og dei sterke uppgangstidene i Vest-Europa etter 2. verdskrigen flata ut.

I dag hev den islamske imperialismetradisjonen fenge ny aktualitet. So lenge islam ikkje fær ein ny samlande stat, vil tanken liggja der. Det er problematisk for islam at den islamske verdi er uppkøyvd, noko vesten hev skuldi for. Det er problematisk at det ikkje finst ein islamsk stat med dei rette lovene og tilskipingi. Det er problematisk at gamle islamske umråde er styrde av kristne eller folk av andre religionar. Det viktige er ikkje at islam skal vera einerådande religion, men at det er muslimar som styrer islamske territorium og for dei mest ekstreme at islam styrer heile verdi, inntil det ikkje finst nokon som ikkje ser på Allah som den einaste guden.

Karsh gjeng gjenom soga frå Muhammad grunnla islam på 600-talet og like til Osama bin Laden i dag. Han hev eit vell av kunnskap og engelsken hans er sers ordrik. Ikke sjeldan må ein ty til ordbøker og tenkja seg nøgje um når ein les Karsh. I kvar einaste bok av boki fær ein inntrykk av at Karsh hev teke med akkurat so mykje

som han tykkjer er naudsynt og ikkje meir. Sume tider let ein seg imponera yver kor eksakt han arbeider utfrå hovudpåstanden um "islams imperiedraum". Andre gonger må eg nok segja at han verkar vel rigid uppteken etter å få modellen til å gå upp. Nokre gonger tykkjer eg at han kunde ha gjenge meir inn i materien. Det er vel serleg når det gjeld krigen millom Irak og Iran. Karsh hev skrive utfyllande um denne krigen i andre samanhengar, og det er utan tvil ein interessant konflikt der two gamle og byrge land med imperietradisjonar brakar saman, i det som truleg er ein av dei desidert dyraste krigane i nyare tid. Men når det er sagt so kann ein knappast ynskja seg ein meir detaljert gjenomgang av iransk historie fram til 1907. Den er formidabel. Det er viktig å vera merksam på korleis imperietanken heile tidi ligg under arabiske ekspansjonisme. Sterke utsegner frå arabiske leidrar mot oss i vesten, må tolkast utfrå at ein ynskjer ei arabisk samling og spreiding av islam innanfor eit storrike.

Konferansen internasjonale målreisingar var opna av formannen i Ivar Aasen-sambandet, Klaus Johan Myrvoll. Fyrste innleidjar var Jan Ivar Bjørnflatn som er professor i russisk. Han tala um korleis det russiske målet hadde kome upp og korleis det hadde vorte eit standardmål.

Russisk er eit slavisk mål. Slavarane var eit folkeslag som kom inn i soga på 500-talet etter kristus. Slavarane hadde kontakt med austromerriket. Slavarane vart upptekne av at ein ikkje skulde verta råka av misjonering frå romerkirka, difor vart det tidleg sett i gong umsetningsarbeid av kristeleg litteratur til slavisk. På 900-talet såg ein upptakten til det som skulde verta det russisk alfabetet. 1056 vart eit merkeår då låg den fyrste slaviske bibelen fyre. Det utvikla seg eit mål som vart kalla kyrkjeslavisk.

Når ein kom til 1453 låg det fyre mange tekster på kyrkjeslavisk. Det var lovtekster, diplom, forretningsbrev og krønikebøker og andre verdslege tekster.

I 1453 vart Russland ståande att som det einaste landet som var styrt av leidrarar som var knytt til den gresk-katolske kyrkja. Russland fekk ei leidarrolla andsynes andre slaviske land.

Etter at Tsarslekti Romanov kom til makti kom det faart i utviklingi av kyrkjeslavisk. Vilnius var utgangspunktet for den fyrste kyrkjeslaviske grammatikken. I Kiev dyrka ein kyrkjeslavisk. Kyrkjeslavisk var likevel ein høgvariant som vart arkaisert. Alt i 1606 kom det ut ein russisk grammatikk. Det var den fyrste framstellingi av russisk grammatikk. I 1708 kom det ei alfabetreform.

På 1700-talet vart Frankrike og Tyskland mynster for språkstyringi i Russland. Ein skulde skriva slik som ein tala. Men i Russland var det ingen skilnad millom lek og lerd når det galldt talemålet og denne lina førde ikkje fram. I 1750 vart den ortofone lina oppgjeven. Fransken vart eit nytt utgangspunkt for russisk. Russisk mål vart mykje prega av umsetjing frå fransk. Den russiske adelen rekna seg som ein del av den europeiske adelen og dyrka fransk.

Det vart gjort freistnader på å slå saman russisk og kyrkjeslavisk og laga eit språk som femna yver både slavisk og russisk, men desse freistnadene vart oppgjevne i 1755.

Det er sermerkt for russisk at målet er dialektfritt. Russisk hev ikkje dialektdrag i det heile. På 1900-talet vart det skrive mykje prosa på russisk. Det var småe endringar i det russiske målet fram til 1917. Men etter den russiske revolusjonen vart sett inn ein stor alfabetiseringssprosess. Det kom til mange nye brukarar av det russiske målet. Ålment sett må

ein likevel slå fast at det russiske standardspråket vart sterkt konservert under kommunisttidi. Etter 1991 hev folk derimot byrja å skriva meir som dei vil. Nye varietetar veks fram. Det kjem fleire nyord frå engelsk. Ein må slå fast at i uppbyggjingi av det russiske målet var det fransk som var mynsteret. I dag er det engelsk som et seg inn i russisk.

Neste fyredragshaldar var høgskulektor Tormod Tobiassen som tala um hebraisk mål frå dei eldste tider og frametter. Hebraisk mål er konsonantisk. Ein lagar stomner med tri konsonantar som ein laga ei rad ord av. Beni Oda er grunnleggjaren av hebraisk mål. Det nye hebraiske målet var i utgangsstoda både puristisk og neologistisk. Det vil segja at målet tok var på gamle ord og segjemåtar, so framt dei kunde nyttast i eit moderne samfund.

Grunnlaget for hebraisk var ein nordsemittisk kanaaneisk dialect (jamfør Jesaja 19,18) Arameisk var ein annan gammal nordvestsemittisk dialect. Denne dialecten fortrengde hebraisk som talemål under perserane og til dels som skriftmål under hellenismen, frå 200-talet f.kr. (både Talmud, amoreiske midrasjer og geonittisk litteratur i millområderen kann knytast til arameisk). Bibelhebraisk vart nytta 538 f.kr. -70 e.kr. (seine bibelbøker, qumrantekster, misjna, tosefta, tanaitiske midrasjim)

Det var viktig for jødane skal kunna bibelen utanboks. I levande bruk kjenner ein uttalen avvokalane på hebraisk. Elles vert det uråd å få til uttalen.

I 63 f.kr. vart Jerusalem teken. Jødane vart drivne ut av Jerusalem i 135 e.kr. Etter dette flytta senteret for jødane til Babylon og Galilea. I middelhebraiske talar ein um den tanaitiske perioden frå 70-200, so lenge nokon talar middelhebraisk. Millområderlitteraturen finn ein frå 200-500. Her er hebraisk vorte eit blandingsmål. På 600-talet yvertek arabisk og jiddisj.

På 1800-talet var jødeforfylgjingane store i Europa. Det løyste ut ordskifte i dei jødiske kringværi. Grunnleggjaren av det nye hebraiske målet fungert i Jerusalem. Han levde frå 185-1922. Jødane som kom til Jerusalem hadde svært ulikt språkleg upphav. Dei tala arabisk, fransk, italiensk og ei rad andre mål. I tidbolken frå 1881-1918 var Israel britisk mandatrudd. Engelsk, arabisk og hebraisk var offisielle språk i landet. Frå 1918 til 1948 gjekk det fyre seg ei rask upplæring i hebraisk. Målet vart sterkt påverka av den store immigrasjonen. Frå 1948 hadde språket endra seg meir frå grunnleggjingi i nytidi enn det hebraisk hadde endra seg frå for 3000 år sidan og til nyskipingi på 1800-talet. I dag er hebraisk det einaste dømet på at eit mål som var totalt utdøydd hev reist seg opp att til vanleg bruksmål og daglegmål.

Fridtjov Sørbø innleidde sitt fyredrag med å tala um målstriden frå 1950-2001. Sørbø synte til ein artikkel av Halldor O. Opedal som etterviste at Bjørnson laut sanna at han ikkje hadde fenge med seg den kulturutviklingi som hadde gjenge fyre seg på grunnlag av Aasen-målet. Sørbø meinte det var veikt at denne ettervisingi ikkje vert vidareførd i nyare vitskaplege arbeid um Bjørnson og nasjonalisme.

Sørbø synte mange døme på kor hardt målstriden hadde gjenge inn på mange målfolk på 1950-talet. Sørbø vart påansa av mange viktige kulturberarar når han gjekk til felts for i-målet og Aasen-målet. Millom dei han Sørbø hadde havt samband med var Knut Falkberget. Falkberget hadde lovprisa i-målet i privatbrev til Sørbø. Sørbø hadde òg havt samband med Arnulf Øverland, Ella Anker og fleire andre som tykte vel um høgnorsken. Det var uråd å koma til orde i nynorsktidsskriftet, Syn og Segn, men i Samtiden, var det lettare å få prenta artiklar. Sørbø kunde ettervisa korleis artiklar og kronikkar han skreiv hadde vorte refusert av illviljuge folk.

Vincent Færavaag tala um Søren Kierkegaard og målreising i dag. I dag hev verdi store vanskar med å takla utbreidningi av det amerikanske målet. Kierkegaard er einmann som hev havt mykje å segja for mangmannen i Danmark etterviste Færavaag.

Georg von Simson tala um sanskrit. Sanskrit er eit sers vanskeleg mål å læra. Det er berre nokre fåe studentar som orkar å studera det heilt ut. Det er eit mål med sers mykje

grammatikk som tek lang tid og hardt arbeid å læra. I den klassiske tidi nytta dei 12 år på å læra sanskrit.

I den indoeuropeiske språkfamilien vert det tala um “Satem-språk”. Desse måli er indo-iransk (=arisk), baltisk-slavisk, armensk og engelsk. Ein talar òg um Centum-mål. Det er gresk, italiensk (med latin), keltisk, germansk, tokharisk og hetitisk.

Det let ser gjera å syna eit visst slektskap millom norsk og sanskrit til dømes i ord som naust, mus, samband, mot, bror og dotter der sanskrit hev liknande ord for same ovring. Men avstanden millom norsk og sanskrit kann òg vera stor. Ei ovring som det norske ordet hjul dekkjer kann førast attende til urgermansk. Men sanskrit nyttar ordet cakra. Nokre sanskritord er kjende for oss. Det gjeld ord som Buddha, Shiva og yoga m.fl.

Sanskrit var eit elitemål. Målet kann skiftast inn i fleire fasar. Fyrst vedisk som vart nytta til religiøse tekster og ritualvitskap frå ca. 500 f.kr. Dinest kjem episk sanskrit som vart nytta frå ca. 400 f.kr. Episk sanskrit er knytt til Paninis grammatikk. Klassisk sanskrit fylgjer etter episk sanskrit. Klassisk sanskrit hadde ei rad bruksumråde til dømes religion, vitskap, skodespel, poesi og kunstprosa og politisk propaganda.

På den andre sida stend folkemåli og dialektane i India. Gamalindisk hev me ikkje skriftleg grunnlag til å uttala oss um. Middelindisk vert knytt til Buddha og Mahavira og vart nytta kring 500 år f.kr.

I tidi frå 300 f.kr. hev ein dei sokalla Ashoka-innskriftene.

Frå ca. år 1000 talar ein um ny-indoariske språk. Det er språk som kashmiri, panjabi, sindhi, gujarati, marathi, hindi/urdu, nepali, bengali, assameisk, oriya og singhalesisk.

Frå 1300-talet møtet sanskrit mottevlarar. Dei ny-indoariske måli kjem på bana og i Sørindia vert mottevlaren dei dravidiske måli. Frå ca. 1600 kjem språket til dei muslimske elitane inn som ein mottevlar. Og frå 1800-talet engelsk.

På 1800-talet kom det upp ei reformrørsla med utgangspunkt i Bengalen: Ram Mohan Roy, Bankimcandra Chatterjee, Dayananda Sarasvati, Arya Samaj og Vivekananda er namn som er knytt til denne reformrørsla. Vivekanande var av den meining at alle skulde studer sanskrit, men at målet måt gjerast lettare. Han vilde ha ei populerisering av sanskrit. Det hev vorte laga ei sanskritisering av hindi, men i dag er det hindi som er det einaste aktuelle målet å nytta. Sanskrit hev berre tilsvarande funksjon som vår latin. Alle må kunna hindi for å få arbeid i det statlege tenesteverket i India. Det hev med tidi kome mange persisk-arabiske ord inn i hindi, og det opnar for kontakt. I arabalandi hev indiske filmar godt ord på seg, av di dei ikkje tek upp scenor som gjeng på seksualitet og liknande på ein støytande måte i høve til islam. Det er derimot engelsk som hev status i India i dag, og målet breider seg.

Til slutt på konferansen kom Tormod Eide. Han tala um gresk mål og målsoga. Eide meinte gresk var eit høgaktuelt mål når det gjeld målreising. Klassisk gresk er prega av verbal stil og folkeleg stil, på same måte som god nynorsk er det.

Hellas var språkleg sett splitta. Homer nytta ikkje nokon serleg dialekt, målet hans var ei blanding av fleire dialektar. 600-talet fyre kristus var prega av litteratur på dialekt.

Når gresken seinare spreider seg heng det saman med mange faktorar. Millom anna med bibelumsetjingar. Gresken vart nytta i fleire land enn berre Hellas. Det bysantinske riket var administrert på gresk. Den ortodokse kyrkja nytta gresken og gav målet status. I nyare tid hev nygresken etterkvart vunne yver gamalgresken og vart til slutt einaste offisielle mål i 1974.

Lars Bjarne Marøy

Artiklar

NORSKE POLITROPPER I SVERIGE

Lars Bjarne Marøy

I norske framstillingar av krigen vert det ofte framstelt slik at krigen utsette folk for forfylgjing og vandemål som gjorde at dei måtte flykta yver til Sverige, men der sluttar soga. Enden på eventyret var at nordmennene kom seg velberga yver til Sverige, men so hende det ikkje meir, men i denne samanhengen skal me derimot taka for oss korleis motstandskampen arta seg for dei som kom yver til Sverige. Det var langt frå alltid slik at livet som norsk rymling i Sverige arta seg som ein so lukkeleg slutt som ein ser på film eller les um i bøker. I startfasen av krigen kunde fleire nordmenn til og med verta tilbakesende. Nordmennene hev naturleg nok lenge interessert seg for krigen, men i Sverige hev nok ikkje interessera i ettertid vore like sterke.

Utefrontens innsats kan elles sjå ut til å koma sterkt i bakgrunnen i norsk historie, og den svenske delen av utefronten hev bolkevis kvorve fullstendig ut. I den norske historieboki *Portal*, Det norske Samlaget, stend det fylgjande um utefronten:

Den viktigaste militære motstanden var utefronten og heimefronten. Utefronten bestod av nordmenn som fekk trening i militære basar i Storbritannia, USA og Canada, og som skulle setjast inn i militære operasjonar, helst i Noreg. Til utefronten hørte også dei over 24 000 sjøfolk i handelsflåten, som gav det største norske bidraget til den allierte sigeren ved å frakte krigsviktig utstyr og forsyninger. Inga gruppe hadde lengre samanhengande krigsinnsats enn desse sivile sjøfolk...³

Meir vert det ikkje sagt om utefronten. Ein må undra seg yver um mange av utefrontens folk i USA og Canada i røyndi kom nærmare kamphandlingar i Noreg enn det folk i Sverige må ha vore. I ei tidlegare norsk historiebok stend det derimot:

Naboskapet til Sverige hadde stor betydning for den norske motstanden. Mange nordmenn drog til Sverige, på flukt fra tyskerne eller for å komme videre og delta i krigen. Sverige ble etter hvert også et viktig utgangspunkt for støtte til hjemmefronten. Fra 1944 fikk nordmenn militær utdanning i Sverige. Ved krigens slutt stod «Polititropper på til sammen 15 000 mann klar til å delta i frigjøringen av Norge.⁴

I ei tilfeldig vald svensk historiebok som *Alle tiders historia*, Bergström, Löwgren og Almgren kan me mellom anna lesa: *Tusentals norrmän flydde till Sverige, där många fick militär utbildning inför den kommande befrielsen.*⁵

Ei anna svensk historiebok av Sten Elm og Birgitta Thulin er ikkje mindre interessant. Boka heiter kort og godt *Historia*. Her heiter det:

*I krigets slutskede kunde Sverige också göra en humanitär insats. Flyktingar från de nordiska länderna, men också från Baltikum sökte sig hit. Från Sverige organiserades också hjälpinsatser i tyska koncentrationsläger. I första hand skandinaver men också judar och andra folkgrupper hämtades i slutet av kriget från tyskkontrollerade områden till Sverige. Den svenska diplomaten Roul Wallenberg, som senare forsvann i Sovjetisk fångenskap, lyckades rädda 10 000-tals ungerska judar genom att ge dem svenska skyddspass. Man var också beredd på en militär insats i Danmark och Norge om de tyska trupperna där i slutet av kriget skulle agera...*⁶

Her fær den norske historieoppfatningi eit breidare utsyn. Det var ikkje berre nordmenn som rymde til Sverige. Her er det svenskane som arbeider menneskekjærleg og som stend for dei militære råemni og var viljuge til å koma Danmark og Noreg til hjelp. Noreg stend att som eit avmekta land utan store råemne til å kunna strida mot tyskarane, men tyskarane gav seg utan strid, så nordmennene var heldige.

Me stend att med vidt forskjellige inntrykk etter å ha lese desse lærebøkene. Den eine norske versjonen nemner ikkje Sverige som ein del av den norske utefronten. Den andre viser til at 15 000 nordmenn fekk militær utdanning Den svenske historieboki slår fast som ei kjensgjerning at tusentals nordmenn fekk militær utdanning i Sverike og at svenskane var klare til å gå inn i Noreg for å få tyskarane ut av landet. Det er ingen tvil um at når ein ser kor tilfeldige og sprikjande lærebøkene kan vera, so er det grunn til å gå til andre kjeldor for å finna ut kva som var dei verkelege kjensgjerningane.

Sverike må ha spela ei sterk rolla i norsk motstandsarbeid og i arbeidet for å få til ei mest mogleg fredeleg maktyvertaking alt frå 1943 og fram til i mai-dagane i 1945. Den gruppa som stod for denne viktige krigsinnsatsen var knytt til det som vart umtala som dei norske politistyrkane i Sverige.

Det fyrste ein må få kasta ljós yver er kor stor utefronten var. So må ein finna ut meir om forholdet mellom Noreg og Sverige og til slutt må ein finna ut korleis den militære utdanningi i Sverike i realiteten gjekk føre seg. Då vil me truleg òg finna ut kor viktig Sverike var.

UTEFRONTEN I DET STORE OG HEILE

Historikaren Olav Riste hev laga eit oppsett som kann tyda på at talet på flyktningar i Sverige gjekk frå 2851, i januar 1942 og steig til 10 367 1. jan. 1944, 1. mai 1945 vert talet sett opp til å vera mellom 42 eller 43 000.⁷ Det kann tyda på at den svenske utefronten hev vorte svært viktig mot slutten av krigen. Men me treng å vita meir um utefronten. Kor stor var den norske utefronten i det store og heile?

Riste tek for seg utefronten samla sett, slik det såg ut ved årsskiftet 1942-1943. Han definerer utefronten slik: Alle nordmenn som på grunn av krigen levde i eksil. Alle som på den eine eller andre måten hadde engasjert seg i arbeid for Noregs frigjering. På bakgrunn av denne umgrepssavgrensinga meiner han at det kan ha vore snakk om so mange som 50 000 ved inngangen av 1943 og nærmere 80 000 fyrr krigen var slutt. Det vil segja at nordmenn i Sverike må utgjera um lag halvparten av heile utefronten, ein formidabel del.⁸ Men vil det vera nok å slå fast dette. Storbritannia er truleg det landet som kjem nærest opp til å vera ein samlingsstad for nordmenn i utlegd. Kor mange nordmenn kan ha vore der?

Nordmenn som kom yver til Storbritannia kann plasserast i two hovudkategoriar:

- 1) Dei som kom yver Nordsjøen med båt
- 2) Dei som kom med fly frå Stockholm.

Bernt Balchen dreiv frakt med amerikanske transportfly frå Stockholm til England. Han frakta kannhenda so mange som 1500 yver frå Stockholm. Meir enn 3000 vart frakta yver til Storbritannia frå Stockholm i tillegg til Balchens flygingar. Opp mot 3000 kom med båt yver Nord-sjøen. Yver 1500 norske sjøfolk kom frå sjøen og gjekk i land i Storbritannia under krigen.⁹ Med desse tali kjem ein upp mot 9000 menneske. Totalt var det snakk um 12 739 menn og 1037 kvinner og 413 barn som kom til Storbritannia, men den norske utefronten utanfor Sverike må då ha vore større?

Gjeng ein til væpna styrkar gjorde 5000 mann teneste i marinjen, um det då er snakk em yverlappinger med flyktningar hev eg ikkje kunna klårgjera. I 1942/43 var det i allfall 58 farty i Den kgl. norske marine. Mange skip gjekk til vern mot konvoiane i den austlege delen av Nord-Atlantaren, med hovudkvarter på vestkysten av Storbritannia.¹⁰ Vidare hadde hæren 2500 mann stasjonerte i Skottland ved årsskiftet 1942/43.¹¹

Same korleis ein reknar, vil ein her leggja på kring 20 000 mann i England. Det som derimot er meir interessant er den norske handelsflåten. Den norske handelsflåten var ein av dei største i verdi, og den norske innsatsen i denne flåten hev fleire gonger vorte understreka.

Riste har med eit tal som er rekna utfrå dei som var knytte til handelsflåten 1. januar 1943. Då skal det ha vore 25 000 mann og 566 skip.¹²

Ser ein på polititroppane slik dei vert umtalte av Magne Skodvin, kann me slå fast med Skodvin frå Store norske leksikon på nett at polititroppane var ei nemning på den norske militære styrken i Sverige under den andre verdskriga. Polititroppane vart skipa offisielt i desember 1943. Polititroppane var organiserte i 8 reservepolitibataljonar, 8 rikspolitikompani og stabs- og støtteavdelingar – den samla styrken var på kring 13 000 mann. Delar av polititroppane var med på frigjeringi av Finnmark 1944 til 1945. Dei andre vart yverførde til Noreg ved krigens slutt i mai 1945. Dette er dei faktiske kjensgjerningane, slik dei vert sett upp av ein av krigshistorikarane i Noreg, so må ein spryja seg um det ikkje er eit emne for seg å gå inn i eit slikt tema som polititroppane er. Polititroppane utgjorde eit mannskapstal noko a la halvparten av mannskapet i den norske handelsflåten. Dette mannskapet spela nok ei langt viktigare rolle enn polititroppane kunde gjera. Den norske handelsflåten frakta krigsviktige varor yver heile verdi.

Når ein ser på Storbritannia som var eit krigførande land, skulde ein vel venta seg at det var større norske mannskapar der, men med marine- og herpersonell og kanskje også flyvåpenpersonell kjem ein neppe til meir enn 10-12 000 mann. Av desse hadde truleg svært mange vore innom Sverige, um enn ikkje fenge upplæring i politistyrkane. Kor vidt ein kann trekkja inn Canada eller andre land, veit eg ikkje, men det ser ikkje ut til å rikka ved at politistyrkane må ha vore ein viktig militær ressurs i den norske utefronten, kanskje den viktigaste militære ressursen Noreg hev rådd med i utefronten. Ein må soleis segja at politistyrkane hev utgjort ein viktig einskildlekk i arbeidet for norsk frigjering.

Utefronten			
	London/Storbritannia	Stockholm/Sverige	Oslo/Noreg
Politiske aktørar	London-regjeringi frå juni 1940	Den Norske legasjonen i starten med ein ministar	Leidingi av heimefronten
Forsvarsleiding	Forsvarets overkommando, Hærens overkommando, Forsvarsrådet	Ole Berg, militærattasje	Mil. orgs leiding
Operativt personell	Hersoldatar og marinesoldatar.	Polittroppane, uppstart, hausten 1943	Gutta på skauen. Folk som var trent til militært arbeid heime eller i utlandet.

KRIGEN REINT ALLMENT

Millom 1942 og 1943 snur krigens gang. Tyskland er i tilbakegang. Slaget ved Stalingrad, tapet ved El Alamein og den allierte framrykkingi i Italia fører til at Tyskland mister vyrndad og prestisje millom både nøytrale og krigførande land. Denne utviklingi er serleg interessant når ein studerer den norske London-regjeringi og den norske utefrontens situasjon i heilo (totalt). Det var naturleg at den norske utefronten møtte skynsemd i Storbritannia.

Storbritannia var eit krigførande land og ynskte å samla alle samgongsmaktene (dei allierte). Den norske handelsflåten vart viktig i tilhøvet til USA, då USA kom inn i krigen i 1941 og

varor skulde fraktast kringum i verdi. At det fanst norske marinefolk var viktig i lengjingslinone av det. Marinefolk trøngst når ein skulle frakta varor i konvoiar eller utføra andre tenestor i tilknyting til sjøferdsla.

Sverike derimot var nøytralt. Når det galdt skipstrafikk hadde Sverike plikt til å halda seg innanfor nøytraliteten. Og ferdsla millom Noreg og Sverike på sjøen måtte offisielt sett berre gå føre seg millom det tyske styret av Noreg og Sverike. Det skapte naturleg nok vanskar for den norske utefronten. På den andre sida var det lett for nordmenn å taka seg over til Sverike yver landjordi. Den norskegrensa er svært lang, og det vil vera nærast uyverkomeleg å halda kontroll over alle grensestrekningar som ofte er svært tunt folkesette (gläsbygde) og ofte fulle av skog. Sverike kunde heller ikkje avvisa dei fleste norske rymlingane. Ein del vart rett nok sende tilbake og fleire med urette, men fram til 1945 kom kannhenda so mange som 50 000 gjennom nålauga. Det er trass i alt eit stort tal.

Men ein ting var at nordmenn kom seg yver til Sverige, noko heilt anna var kva som skulde skje i etterkant. I starten av krigen var det få som kom, men mot slutten vart det langt fleire. Det skapa utfordringar både for utefrontens leiding i London og for svenske styresmakter. For å forstå korleis forholdet millom utefrontens leiding i London og Sverike utvikla seg, må me først setja oss inn i korleis viktige hendingar millom nordmennene og Sverike vart påverka av det handlingsrommet som var millom landi.

TILHØVET MILLOM NOREG OG SVERIKE

Sverike hadde fyre krigen vore sterkt prega av krigen millom Finland og Sovjetsamveldet. Ein var mistruisk til påverknad frå Sovjet gjennom kommunistar, so kommunistar vart samla og haldne i forvaring i eigne lægjer. Tyskvenlege herfolk og politikarar og svenskar som vilde halda strengt på nøytraliteten, kom i klar motstrid med nordmenns interesser som nok helst skulde ha vore full støtte bak nøytralitetens vern.

I første halvdel av krigen var altså Sverike nøytral til gagn for Tyskland. Når ein kjem til 1943 vender det om. Då vert Sverike nøytral til gagn for Noreg. Kva hadde skjedd fram til då? Kva vanskar hadde den svenske lina skapa fram til vendepunktet?

I den fyrste halvlekken av krigen var det tri saker som skapte spenning millom Sverige og Noreg.

- 1) Tyske troppeoverføringer via jarnvegen
- 2) Disposisjonsretten yver norske farty i svenske hamner
- 3) Norsk diplomatisk representasjon i Sverige

1) Yverføring av tyske troppar og utstyr via Sverige

I samband med kampane kring Narvik vart det opna for at sanitetspersonell kunde reisa yver svenskegrensa. Tyskarane utnytta dette og fekk sendt inn spesialpersonell. Etter at kampane var yver fekk ein yverføra krigstilgangar og militære einingar m.m. Denne utnyttingi av å kunna kryssa svenskegrensa heldt fram i 3 år. 2 millionar tyske soldatar vart overførde med svenske tog. Svenskane var klare yver at dei braut med nøytralitetspolitikken. Per Albin Hansson, svensk statsministar skriv i dagboki si: "Så bröts vår kära och strikt hållna neutraliteteslinje av insikten om det orimliga att i detta läge taga risken av krig." Sumaren 1941 fekk ei heil militær eining "Division Engelbrecht" reisa yver svensk mark. Det er det mest eklatante brotet med svensk nøytralitetspolitikk.

I august 1943 la Sverike um nøytralitetspolitikken til gagn for norske interesser. 1. august 1943 vart Tyskland nekta sokalla transistering. Når Tyskland no hadde kome i tilbakegang på slagmarka, vart politikken frå svensk sida lagt um.

2) Disposisjonsretten over norske farty i svenske hamner

Den norske regjeringen hadde rekvisert alle norske skip i utenlandske hamner og kravde at norske skip i svenske hamner skulle sendast yver til England. På den andre sida kravde Tyskland at alle norske skip skulle kontrollerast av tyske reidrarar i Noreg. Det vil i røyndi segja av Tyskland.

Sverige freista å løysa noko av problemet med å taka over ni skip som skulle gå i fart millom Sverige og Tyskland, medan dei andre skipa skulle verta liggjande i svenske hamner. Noreg godtok den svenske rekviseringen av ni skip, men kravde skadebot.

Både Storbritannia og Noreg protesterte mot at dei andre skipa skulle verta liggjande i Sverige. Vintaren 1941 greidde fem skip å koma seg yver til England.

Deretter vart det strid om ti andre skip. Ein rettskraftig dom i mars 1942 gav britane rett til skipa. Seks av skipa vart søkkte, two kom seg over til England og two kom seg tilbake til svenske hamner. 19 norske skipsmenn døydde, 236 vart tekne til fange og 43 av dei døydde i fangenskap. Dette førde til ei tilsuring av tilhøvet mellom Noreg og Sverige.

Norsk representasjon i Stockholm

Noreg hadde ein ministar i Stockholm. Då han døydde nekta svenskane å gjeva den nyuppnemnde den same statusen. Svenskane vilde heller ikkje nemna ut ein diplomatisk representant ved den norske London-regjeringen.

Svenskane hadde eit negativt syn på den norske regjeringen i London. London-regjeringen fekk til slutt hjelp frå dei allierte. Dei allierte pressa på for å få til ein representasjon, og det vart det greidd opp med i 1943.¹³

VENDEPUNKTET I 1943

Det neste ein kann sjå på er kva som hender når det vender. Fram til då hadde dei norsk-svenske relasjonane vore på eit lågmål. No vert det sett inn sterke krefter frå norsk sida på å få i stand eit samarbeid med svenske styresmakter. Aktørane her er knytte til den norske legasjonen i Stockholm som igjen er underlagd London. I fyrste umgang må ein gå varsamt fram og finna ulike kanalar inn til svenske styresmakter, men på haustparten i 1943 i november/desember hev den norske saki nått heilt upp på svensk regjeringsnivå. Kva er det som har skjedd?

Det som kjem i denne delen byggjer på Kersti Blidbergs artikkel, Polistrupper och operation «Rädda Norge». Militær hjælp till Norge et svenskt intresse.» Artikkelen er trykt i bok Broderfolk i ufredstid – Norsk-svenske forbindelser under annen verdskrig, Stig Ekman og Ole Kristian Grimnes, Universitetsforlaget 1991. Eg hev sett saman stoffet utan beintframme kjeldetilvisingar.

I London hadde den norske regjeringen skipa seg med Forsvarets yverkommando under leding av sjefen Wilhelm Hansteen og stabsjefen oberst Bjørn Christophersen. Det skjedde i februar 1942. I tillegg vart det skipa til eit forsvarsråd, og det var nært hopehav millom forsvarsdepartementet ved Oscar Torp, Herens overkommando ved sjefen Johan Beichmann, oberstløytnant og Forsvarets overkommando og forsvarsrådet. Desse aktørane kunde ikkje påverka det som skjedde i Sverige beinveges. Det var òg vanskar med å få svenskane til å godtaka at dei skulle ha offisielle målsmenn ved legasjonen i Stockholm. Men til slutt fekk dei sendt Ole Berg til Stockholm i april 1943. Ole Berg skulle med tidi verta ein svært sentral mann i tilknytingi/millomværet millom den norske forsvarsleidning i London og svenske styresmakter når det galdt uppbyggjingi av polititroppane.

Dei norske planane om organisert utnytting av norske rymlingar i Sverige var ikkje nye i 1943, men det er då det byrjar å skje ting i Sverige. Karl Semb ein norsk lækjar får samla norske menn i helselægrar i juni 1943. Det var ein glup måte å få undersøkt helsetilstanden og samstundes få registrert mennene med tanke på seinare militær mobilisering.

I juli 1943 har ein fått svenske styresmakter sopass på glid at det let seg gjera å starta i det små med utdanning av ordenspoliti. I august 1943 sit like fullt sjefen for Forsvarets overkommando Wilhelm Hansteen med ålvorlege vanskars i høve til korleis ein skal få utnytta dei norske rymlingane på beste tenkjelege måte. Korleis skal ein få rymlingane klar for og inn i militær innsats i Noreg. Ein hev svært fåe menn med militær skulering, og det var ikkje nokor god samordning av dei norske rymlingane i Sverige. Ein måtte etter Hansteens oppfatning få betre kontroll yver nordmennene. Ein tenkte seg at nordmennene kunde slutta seg til allierte styrkar eller verka som ordensvakter. For at det skulle lukkast måtte ein byggja upp eit kontrollsysten yver rymlingane og skipa det til slik at rymlingane kunde flyttast rundt i samla flokkar. Det måtte altså setjast opp eigne lægrar.

I september er Rikspolitisjef Aulie, Justisministar Wold og stabsjef for forsvarets yverkommando Christophersen samla i Sverige. Dei konkluderte her med at ein såg fyre seg tre typar oppgåvor:

- 1 politiuppgåvor
- 2 militære vaktuppgåvor
- 3 militære stridsuppgåvor.

Dette var sluttsatsen etter møtet millom legasjonen og leidarane frå London hadde bore til. Frå yverkommandoen i forsvaret måtte ein altso vidare til den svenske legasjonen som var den som kunde setja planane i verk.


Nordmennene hadde fåe kontaktar inn mot svenske styresmakter. Den svenske sjefen for c-byrån ved forsvarschefens underråttelsesavdeling, Carl Petersén, var so godt som den einaste som ein hadde millomvære med. Harry Söderman ved Statens kriminaltekniska anstalt vart eit svært viktig millomledd millom svenske militære og sivile styresmakter og legasjonen i Stockholm. Han vart òg ein medspelar til Ole Berg. Berg var i utgangspunktet militær inspektør ved legasjonen i Stockholm.

Hausten 1943 etter møtet mellom Forsvarets yverkommando og den norske legasjonen i Stockholm, samlar Ole Berg, Carl Semb og Harry Söderman seg til eit møte. Dei lagar ein plan der målet er å utdanna 1200 mann til ordningspoliti og 10 000 mann til reservepolitifolk. 10. november kjem denne planen opp i den svenske regjeringi.

Planen hev tydelegvis vore uventa for den svenske regjeringi, for det var berre sosialministar Möller som var «benägen» til å godkjenna planen. Regjeringi hadde elles mange innvendingar. Etter fleire rundar med revideringar og understrekningar kunne ein koma fram til ein plan som den svenske regjeringi godtok 3. desember 1943.

Den svenske regjeringi sette opp Sosialdepartementet ved ministar Möller til yverordna leiding. Den utnemnde vidare Harry Söderman til utdanningsjef og Gustav Persson til inspektør for politilægrane. Kvar læger skulle ha eit umbod som skulle koma med rapportar til Söderman ein gong i veka. Umbodi hadde fullstendig kontroll med dei som var i lægrane. Utdanningsjef Söderman og Gustav Persson kunde reisa rundt på gjenomgangar/kontrollar i lægrane. I tillegg til desse vart sjefen for den svenska armeavdelingi, Nils Swedlund og Ole Berg involverte. Berg tenestegjorde som militærattasje frå 1943 for nordmennene, men vart først godkjend av den svenske samlingsregjeringi i 1944.

Vegen vidare for nordmenn frå illegalt arbeid via flukten til seinare status i Sverige kann ein



TILHØVET TIL TYSKLAND OG NØYTRALITETEN

Tyskland fekk naturlegvis greida på kva som gjekk fyre seg i lægrane. Periodevis hev det nok endå til vore tyske spionar i lægrane, slik sett kjem vel den offisielle tyske protesten vel seint når den tyske regjeringa 13. April 1944 yverleverte ein note til Sverike der dei slår fast at det er med undring dei hev røynt at den svenske regjeringi hev samla 10 000 norske og 1000 danske flyktningar til militær utdanning i fleire lægrar. Ein hadde skaffa seg detaljerte opplysningar om utdanningi i ein norsk lægjer og visste at dei var utstyrde med svenske våpen og ammunisjon. Tyskland slo fast at dette

var i strid med folkeretten og at dette sette til side Sverikes plikter som nøytral stat, og ein viste til Haag-konvensjonen. Tyskarane vilde ha slutt på dette brotet på nøytraliteten.

19. april svara svenskane. Dei peika på fåren for at tyskarane skulde flykta til Sverige. I so tilfelle vilde dei unngå at det vart fullstendig kaos, og difor hadde dei sett i gong utdanning av velutdanna politifolk. Det var ikkje snakk om militærteneste. Det var derimot tale om ei utdanning til ei rein politiutdanning der det var med ein del utdanning i skyting.

Det er kjent frå svensk sida at tyske fly flaug over Örerydslægren og fotograferte. Den tyske etterretningsstenesta var veletablert i Sverige under krigen og fylgte nøye med i utviklingi av lægrane. Det var òg norske quislingar med i flyktningestraumen yver grensa. Dei spionerte og rapporterte.¹⁴

UPPBYGGINGJI AV POLITITROPPANE

Sjølv inndelingi i rikspoliti og reservepoliti var grunnlaget for utdanningi. Lat oss først sjå på rikspolitiutdanningi. Rikspolitiutdanningi gjekk fyre seg etter two linor. Ei lina for kriminalpolitifolk med hovudvekt på kriminalteknikk, forhørsteknikk og rapportskriving. Kurset som gjekk fyre seg over 3 månader vart lagt til Statens polisskola i Stockholm og var under leding av dei lærarane som fanst der.

Rekrutteringi skjedde i første hand millom dei norske flyktningane som var politifolk eller hadde militær utdanning og millom dei som hadde juridisk utdanning.

Den andre lina hadde retta seg inn mot å utdanna ordenspoliti. Den vart lagt til Johannesbergs herregard i Gottröra, millom Stockholm og Uppsala. Kursi vart laga etter mønster frå den svenske utdanningi av feltpolitifolk i dei militære einingane (förbanden). Desse studentane skulde kunna klara å vera både ordenspoliti og infanteristar i ei lett infanteri-eining. Ein stor del av utdanningi umfatta våpenkunnskap og skyteøvingar. Desse studentane måtte ha god fysikk og helsa.

Totalt kom talet upp til 1500 mann som tok denne utdanningi i januar 1944. Dei vart fordelt i 8 kompani under det samlande namnet "Rikspolitiet".

Ole Berg og Harry Södereman hadde tanken om å utdanna unge nordmenn til reservepoliti alt i august 1943. Det skulle ikkje vera ei personleg utdanning, men vera ei utdanning i eigne einingar. Ein enda opp med 9 feltbataljonar av reservepolitiet.¹⁵¹⁶

Harry Söderman skaffa våpen

Alt i juli 1943 hadde Harry Söderman sett i gong med politiutdanning. Den svenske regjeringi var redd for tyske tilbakeverknader, men hadde vanskeleg for å bremsa Harry Södermans framferd. I juli 1943 var det snakk om ein lægjer i Gottröra, der hadde ein sett i gong med utdanning av 70 politifolk. Söderman fekk lov til å henta ut 10 kulsprutepistolar og 60 pistolar frå armeens forråd. Men Söderman hadde langt djervare planar. Det er verd å studera nærmare korleis svenskane såg på desse innspeli frå Söderman og nordmennene. Tage Erlander arbeidde under statsråd Möller i socialdepartementet. Erlander skriv i memoarane sine:

Jag var inte säker på att statsråden riktigt gjort klart för sig vad man nu givit sig in på. Ingen av dem kände den dynamiske och expansive Harry Söderman. Det gjorde Möller och jag, och vi forstod att 70 pistolar inte skulle tilfredsställa honom mer än någon vecka.

Söderman skrev i ett brev vid den blygsamma starten av ordningspoliskursen att den skulle bli något mycket stort. Den 30. Augusti fick jag ett brev från honoom, där han anhöll att få 1000 kulsprutepistolar, 750 gevär och 750 automatpistolar. De var ingen dålig utrustning för de 70 man han hade tilstånd att utbilda.

Men jag som följt utvecklingen från hälsolägrens tillkomst blev inte överraskad. Redan efter fyra dagar var i klara för beslut och lyckades förmå en tillförodnad regering bestående av Per Albin Hansson, Sköld, Bergquist och Rosander att bifalla Södermans framställning. Formelt säkerligen det besynnerligaste beslut som jag varit med om att förbereda. Det fanns ingen offentlig uppgift om att det gällde norska poliser, endast att det gällde ”viss” polisutbildning. Det fanns inga beslut om antalet poliser. Det fanns ingen uppgift om varifrån vapnen skulle komma. De flesta inköptes på öppna marknaden och resten anhöll Söderman att få köpa från arméns förråd för norska pengar.

Regeringen, särskilt försvarsminister Sköld, var inte tilfredsställd med Socialdepartementets och Harry Södermans handläggning av detta ärende. Frågan tillmättes nu den vikten att statsministern själv övertog beredningen av och förhandlingar om den norska polisutbildningen.”¹⁷

Erlander får godt fram kor uvisst og innfløkt heile upplegget kring politiutdanningi var. Det var tydelegvis um å gjera å halda alle upplysingar um lægrane på eit minstemål. Men det var so mykje løyndemakeri at det vart uforsvarleg. Tilstanden betra seg utsver hausten i 1943 som me hev sett ovanfor, men likevel må all denne uvissa og løynleghaldet ha påverka livet i lægrane.

Örerydslægjeren

Ein av stadene der det var etablert ein lægjer var i Öreryd, ikkje langt frå Jönköping. Alle lægrane som vart bygde fekk ein likearta standard. Dei skulle drivast mest mogleg sjølvstendig. Der Socialstyrelsen hadde vore med helselægrane, kom det no inn norsk forvaltning. Brakker som fyrr hadde vore nytta av norske skogsarbeidarar fekk no ein ny verkemåte. Lægjeren hadde sjølv bakeri, vaskeri(tvätteri), skreddrarar, skomakarar, snekkerverkstad, våpenverkstad og reperasjonsverkstad for køyrety (fordon).

Arbeidsformidlinga vart flytta til Kjesäter når Öreryds-lægren vokste fram. I Öreryd og Mossebo like ved vart det samla 1200 mann, itillegg kom administrasjonspersonell som gjorde at ein på det meste kom heilt upp på 1400 mann. Dei som ikkje fekk plass i brakkene vart sende rundt på gardane i umrådet. Mossebo-lægjeren var i slutten av 1943 og fram til juni 1944 ein uppsamlings- og ventelægjer for nykomne flyktningar fra mottakingssentralen i Kjesäter. Det var dei som var uttekne til å gjennomgå politiutdanning, men enno ikkje var plasserte som kom hit.

Den 15. Juni 1944 vart Mossebo ein spesiallægjer for utdanning av dei som skulde greida opp med telefon- og telegraftester i Noreg etter krigens slutt.

Våpenutrustning var viktig når ein skulde driva militær uppskulering. I desember 1943 vart det opna for at våpen, ammunisjon og sprengemne skulde utleverast frå svenske militærslager. Våpni vart lände, men ammunisjon og sprengemne vart betala som forbruksvare. Nordmennene fekk i starten vakt yver utstyret i lægrane, men etterkvart

kom det opp som eit problem at utstyr vart lurt undan og truleg smugla yver til Noreg. Då kom det inn svenske vakter. Likevel vart det nyttar urimeleg mykje ammunisjon og sprengemne ved øvingane, so her har nordmennene òg kunna smugla ut krigstilfang til heimestyrkane i Noreg.

I starten hadde ein tilgang til pistolar, kulsprutepistolar, mausergevär og lette granatkastarar. I november 1944 fekk Öreryd lov til å bruka tyngre våpen i utdanningi. Dei vart då utrusta med millom anna 80 mm granatkastarar, 20 mm kombinerte luft- og panservernskanon og 37 mm panservernskanon. Den IV bataljonen i polititroppane vart no godt utrusta for krig gjennom Gottröra.¹⁸

SAMLA MOBILISERING MOT SLUTTEN AV KRIGEN

Det offisielle samarbeidet millom det svenske militæret og leidingi av polititroppane utvikla seg i 1944. Frå hausten 1944 trøng ikkje nordmennene lenger å bruka Söderman som millom-mann. Dei kunne forhandla beint fram med den militære leidingi i millom anna utrustnings- og utdanningsspursmål.

Svenske instruktørar vart leigde ut til nordmennene for å utdanna dei norske soldatane. Svenske offiserar tenestegjorde som ein slags rådgjevarar for dei norske bataljonsjefane, slik at dei kunne leida bataljonsøvingar. Svensk befat medverka som spesialinstruktørar i øvingar med tunge våpen, luftvernsskyting, pionerteneste, signalteneste m.m. Instruktørane kunne ikkje få ordre om å arbeida i dei norskelægrane, men dei var oppmoda om å melda seg frivilligt og fekk permisjon frå den ordinære tenesta.

Norske soldatar fekk til og med utdanning ved svenske militære skular. Til dømes fekk ein tropp frå militærforleggningen Skålmyra i Ore utdanning i bruk av luftvernskanonar ved den svenske luftvårnsskytteskolan ved Garsås. Den låg inntil Siljan i Mora kommune. Her dreiv norske og svenske avdelingar militære øvingar under same leding.

Den norske militærleidingi hadde stor mangel på befal. Dei fleste norske offiserane i Sverige hadde lite røynsla. Svensk befat hadde 4 vikors intensivkurs, der kunnskapane for det norske befalet vart friska opp att. Utdanningi gjekk mykje på svenske våpen. Bataljons- og kompanisjefar fekk endå til utdanning i militær taktikk. Underoffiserar mangla ein nesten fullstendig, so vanlege soldatar som viste seg duglege vart snoggutdanna i tvomånderskurs.¹⁹

Dei norske politroppane var lenge spreidde i ulike lægrar yver heile Sverige. Den fyrste fellesøvingi vart halde i Dalarna 1. – 8. Desember 1944 med ein styrke på 4800 mann. Den gongen var ikkje IV bataljonen frå Öreryd med. Derimot var den med ved ein stormanøver i Hälsingland. Denne manøveren vart halde 4.-14. April 1945 og umfatta umlag 6000 mann. Den øvste leidaren for manøvaren var militærattasjen Ole Berg. Øvingsleidaren var Nils Svedlund som hadde med ein stab av svenske og norske offiserar. Denne manøveren vart hard, men var betre planlagt enn Dalamanøveren. Ein hadde ein fastare organisasjon, og avdelingane var meir samøvde enn tidlegare.²⁰

Samla sett kan ein segja at dei svenske intruktørane gjorde ein stor innsats for dei norske styrkane, både når det galdt befals- og rekruitutdanningi. Dei var for det meste svært umtykte, for dei var yrkesbefal og fagfolk på umrådet – i mykje høgare grad enn tilfellet var med det norske befalet. Yrkeskunnskapane gav dei vyrndad, men dei norske soldatane var òg uvanleg godt motiverte.

Spenningane var sterke i dei norske militærlegrane kring 1944/1945. Mange rekna med at ein no var mogen for å gå saman med heimefronten og allierte styrkar om å驱iva ut tyskarane frå Noreg.

Alt undervegs under utdanningi kunde ein åskoda at nordmennene var glohuga for utdanningi. Harry Söderman var på mange inspeksjonsreiser, og han heldt talar der han vilde kveikja upp mannskapet. Han skildrar stemningi i lægrane slik at folk der var fulle av fosterlandskjærleik og offervilje. Ei brakke hadde ein måla "Alt for Norge" på med store bokstavar. Det var ikkje berre eit tomt talesett, meinte Söderman. Dette var menn som var villige til å døy for Noreg, slår Söderman fast. Men på den andre sida var det burtimot 1000 mann som rymde frå lægrane.²¹

Den svenske forsvarsstaben hadde yver lang tid planlagt ein operasjon *Rädda Norge*. Det var namnet på ein plan um militær inngraping for å redde Noreg um tyskarane nekta å kapitulera eller um det kom til harde stridar med motstandsrørsla og kanskje til blodbad på sivile innbyggjarar. Operasjonensplanen kann sjåast meir på som ein militær plan enn som ein politisk affære. Fyrst i byrjingi av april 1945 tok regjeringi til å visa interesse for planen. Frå starten av var *Rädda Norge* berre ei sak for Sverige. Di nærmere ein kom det nazi-tyske samanbrotet, di viktigare vart det med eit praktisk norsk-svensk samarbeid. Det vart sett i gong arbeid med å få eit godt hopehav millom den svenske og den norske forsvarsleidingi og Milorg i Noreg..

Det hadde lenge vorte samarbeidt millom Ole Berg, den norske militærattasjen og Nils Svedlund ved den svenske forsvarsstaben. Svenskar som var engasjerte i *Rädda Norge* var òg engasjerte i polititroppane. Dei var stort sett dei same personane.


Det interessante spørsmålet var korleis dei norske troppane skulle brukast ved ei svensk framrykking. Svenskane skulde få tilgang til norsk etterretningsinformasjon og norsk etterretningsbefal skulde fylgja dei svenske troppane. Gjennom polititroppane planla ein ein medverknad i operasjon *Rädda Norge* og knytte seg opp til mange av dei norske militære tankegangane om den rolla troppane skulde spela. Dette var planar som var vel gjennomdrøfte på norsk sida. Forsvarets overkommando i London var òg førebudde på at det kunde koma til ei svensk innrykking i Noreg. Det vart planlagt ein svensk-norsk militæravtale for å regulera ei rad praktiske og kjensluge spørsmål, mellom anna kommandotilhøvet.

Ein må tru at sambandet mellom den svenske og den norske militærleidningi var formalisert på våren 1945. I mars 1945 vart Paal Frisvold send til Stockholm frå London. Han vart stabsjef for polititroppane. Rolf Erichsen kom som representant for



heimefronten ved Mi IV som var det norske stockholmskontoret for Milorg i Noreg. Dei two skulde administrera inngangen i Noreg, samordna stabsarbeidet mellom polititroppane og Milorg, og dessutan halda uppe sambandet mellom Polititroppane og Milorg og halda sambandet med den svenske forsvarsstaben.

Frå norsk side var ei alliert frigjering av Noreg det mest naturlege ut frå dei alliansetilhøvi som råda, og ei svensk inngroping vart nok rekna som ei därlegare, men kanskje ei naudsynt løysing. Den svenske krigsmakta var likevel fullt fyrebudd på å gripa inn militært i full skala for å hjelpe Noreg i sluttfasen av krigen, men det viste seg at dette ikkje vart naudsynt. Alt fekk ein fredeleg utgang den 7. Mai 1945. Då kapitulerte dei tyske styrkane. Dagen etterpå gjekk det ut ordre frå forsvarsstaben til militærumsrådestabane at planleggjungi av operasjonen Rädda Norge skulde stoggast.²²

Tidleg styring av polititroppane



Leidingi av polititroppane frå hausten 1944, stytta ned modellen. Harry Söderman spelar ei meir sentral rolle enn ein får inntrykk av her. Dei norske kommandotilhøvi var meir samansette. Og Olaf Helseth hev havt ei sentral rolla i oppfylgjungi av norske soldatar serleg i Dalarne-manøveren. Og vert i allfall frå 1945 omtalt som «politetroppenes øverstekommanderende».²³ Vidare undersøkingar må til for å få klarlagt når han vart det. Under Dalamanøveren skriv Anders Johansson at Olaf Helseth og Ole Berg leidde denne operasjonen.²⁴ Thor Hoffsbro meiner at Olaf Helseth var vel så viktig som Ole Berg i millomværet med soldatane.²⁵



Leidingi av polititroppane, mars 1945



KONKLUSJON/UPPSUMMERING

Det er grunn til å segja uppsummeringsvis at ein kann slå fast at Sverike truleg kan segjast å vera den nest viktigaste delen av utefronten. Det er berre handelsflåten som heilt klart var langt viktigare. Når det gjeld militær trening og utdanning var Sverike vel så viktig som England, trass i at England var ei krigførande makt. Det er mogleg at dei som tenestegjorde under london-regjeringi hadde viktige oppdrag på alliert side under krigen, og ein skal på ingen måte undervurdera den krigsinnslatsen dei utførde, men dei norske polititroppane var store i talstyrke og viste seg som viktige på meir enn ein måte i å markera norsk vilje til sjølvstende og kamp.

Me hev sett at Sverike starta som tyskvenleg og at nordmennene måtte gå varsamt fram for å få gjennomslag for den hjelpe dei trond frå Sverike. Men etterkvart som ein først fekk gjennomslag på svensk sida ser det ut til å ha vore svært godt samarbeid til dømes millom Nils Swedlund og Ole Berg. Det interessante er òg at den norske forsvarsleidangi frå London involverar seg. I tillegg til dei møti og personane som me hev vore inne på her, var det ei rad møte millom målsmenn frå norsk, svensk og britisk sida. Det kan vera eit heilt nytt studium i seg sjølv. Når ei norsk historiebok utelet Sverike frå utefronten so fullstendig som Portal, utgjeve at Samlaget, er det tankevekkjande og lite tillitsvekkjande. Elles er umtalen av krigen i både norske og svenske bøker mildt sagt yverflatleg.

Ikkje berre er det ille at den svenske delen av utefronten vert uteaten i ei norsk historiebok. Det er òg ille at det ikkje vert understreka at svenskane gjekk so langt i å hjelpe Noreg som dei gjorde. Sverike var trass i alt eit nøytralt land, og ein kunde ikkje venta at det utan vidare let seg gjera å hjelpe eit granneland, jamvel med store våpenforsyningar og militær trening som var heilt avgjerande for at polititroppane skulde kunna fungera som moderne og operativt militært personell. På slutten av krigen var det til og med på tale å senda inn svenske troppar mot Noreg. Det er litt av eit poeng når ein tenkjer på at Noreg og Sverike var på kanten av krig i 1905. Først i år seinare planlegg nordmenn og svenskar å invadera Noreg gjennom operasjon Rädda Norge.

Boklista

Abrahamsen Olav A, Dyrvik Ståle, Nielsen Ohman May-Brith, Andreas Aase, Portal, Det norske Samlaget, 2. utgåva 2007

Bergström Berge, Löwgren Arne, Almgren Hans, Alla tiders historia, Grundbok för gymnasiet A-kurs, Gleerups förlag,

Blidberg Kersti i Ekman Stig og Grimnes Ole Kristian, Broderfolk i ufredstid,
Universitetesforlaget, Oslo 1991

Elmoch Sten och Thulin Birgitta, Historia, Gymnasieskolan, Kurs A, Interskol, , Alvesta
1995

Knorring Göran von, Ore i andra världskrigets skugga, Ore hembygsförening, Ekensberg 2011
Skodvin Magne, Norge i krig, Aschehoug, 6. opplag 2007 bind 7, s. 200

Sven Johansson, Kyrkbyn som togs i beslag, Isaberg förlag, 2002

Sejersted Francis, Sosialdemokratiets tidsalder : Norge og Sverige i det 20. århundre
bind 2, Pax forlag, 2005

Styrd av høgare makter

Ei melding av SMIO-soga 1900-2000

Soga til studentmållaget i Oslo var under arbeid i mange år. Boki kom ut i 2003. Mangt kann visseleg segjast um fyrearbeidet og soga til denne soga. Etter det me skynar er historikken attum tilvertingi til boki slik. Håvard Tangen skipa først til mykje tilfang frå lagssoga som hadde lege utan nokor skikkeleg arkivering eller gjenomtenkt skipnad. Geir Martin Pilskog gjorde undan arbeidet med sin del tollug snøgt. Pilskog vart etterkvart uaktuell i prosjektet med å gjera soga reidug. Oddmund Hoel og Olaf Almenningen kom so i arbeid. Sluttføringi vart sitjande på Tangen, Studentmållaget i Oslo og ei referansegruppa samansett av historikarane Roar Madsen, Lise Kvande, Øyvind Thomassen og Kjell Haugland.

Den endelege skipnaden vart at Oddmund Hoel tok fyre seg tidi fram til 1930. Tangen og Pilskog hev andsvaret for perioden frå 1930-1959. Almenningen tek fyre seg bolken frå 1960 til 1980, og Tangen og Pilskog hev stade andsvarlege for bolken frå 1980 til i dag. Boki tek til med ei innleiding som ikkje er underskrivi av nokon. Det er soleis uvisst kven det er som ynskjer å markera seg her. Men det er litt av ein kraftsalve me fær levert her:

Ein skal vera varsam med slike kåringar, men me er ikkje i tvil når me utropar
Studentmållaget i Oslo til Noregs viktigaste mållag. Som denne framstellinga vonleg vil få

fram hadde stoda for nynorsken vore heilt annleis i dag hadde det ikkje vore for aktiviteten til Studentmållaget gjenom 100 år.

I fyreordet gjeng sogenemndi til Studentmållaget i Oslo endå meir offensivt ut:

Studentmållaget i Oslo er kalla det viktigaste mållaget i landet, og det er ikkje utan grunn. Laget har dyrka fram ein alternativ elite som har vore med på å byggja Noreg. Gjennom 100 år har laget fostra Stortingspresidentar, politikarar, biskopar, forlagsfolk, kringkastingssjefar, statsrådar og mange andre som har hatt avgjerande innverknad på korleis landet ser ut i dag.

Mottankane melder seg snøgt: Kva med Noregs Mållag, Vestlandske Mållag eller Samlaget. Det vert vist til kontinuiteten til Studentmållaget i Oslo, men Noregs Mållag må då både ha kontinuitet og tyngd langt utover det Studentmållaget i Oslo hev havt. Vestlandske Mållag var definitivt det viktigaste laget attum den sterke målframgangen vestpå. Utan Vestlandske Mållag ville ikkje kjerneumrådi ha stade der i dag. Samlaget hev tryggja bokutgjevingar, sjølv grunnlaget for heile målrørsla. Det verkar som ei tilsnikking å utropa Studentmållaget i Oslo til det viktigaste mållaget i landet. I denne bokmeldingi kan det vera grunn til å sjå nærare etter um forfattarane evnar å grunngjeva den djerve påstanden som vert lagt fram innledningsvis.

Upp takten

Oddmund Hoel skriv um skipingi og gjer eit poeng av at Leiv Heggstad vart vald til formann i Studentmållaget i Oslo, same kvelden som faren Marius Hægstad var attvald til formannsyrkjet i Samlaget. Hoel kollar dette for: "eit talande uttrykk for det som er eit gjennomgangstema i soga til Studentmållaget: det tette hopehavet mellom Studentmållaget og eliten i målrørsla."

Denne fastslåingi er interessant. For det vert vist til at Studentmållaget i Oslo hev fostra og dyrka fram leidande folk i samfundslivet. Ein må snøgt spyrja seg um det er slik at alle som på ein eller annan måte hev vore innum laget eller hev havt verv i laget skal dragast fram når vedkomande seinare gjeng inn på ein yrkesveg. Det kann visseleg vera slik at Studentmållaget i Oslo er det laget i målrørsla som hev havt flest fyredragshaldarar i laget frå den sokalla nynorskelen. Studentmållaget i Oslo hev havt gode kontaktar med mange sentrale personar i målrørsla. Både desse punkti finst det grunnlag for å understreka etter å ha lese framstellingi til Hoel, men det treng ikkje dimed å vera slik at Studentmållaget hev spela ei viktigare rolla enn andre mållag. Det hadde vore interesant å ha fenge sett upp kriterium for kva som gjer eit mållag til noko viktig: Er det karrierelista til folk som hev vore

medlem i laget i studietidi eller er det ubroti lagsdrift eller kanskje noko heilt anna. Det er det næreste ein kjem kriterium i fyreord og innleiding. Dette verkar noko spinkelt.

Det som eg tykkjer må vera det rimelegaste kriteriumet, er ikkje nokon av dei kriteriumi som sogenemndi og innleidarane legg vekt på. Derimot vil eg leggja vekt på kva laget faktisk hev utretta reint konkret. Kva hev styri og medlemene gjorde i si studietid. Det må, etter mitt syn, vera den einaste måten ein kan mæla kor viktugt Studentmållaget i Oslo hev vore. Når ein medlem ikkje lenger er student og er medlem av andre mållag der vedkomande høyrer betre heime, vert det merkeleg å segja at Studentmållaget i Oslo stend attum det som vedkomande gjer.

Når det gjeld medlemer i Studentmållaget i Oslo var medlemstalet kannhenda kring ti prosent av det totale studenttalet ved universitetet i Oslo i perioden millom 1910 og 1920. Målstudentane utgjorde soleis eit klårt mindretal. Etter dei tali som ligg fyre var målstudentane desidert flest innanfor filologiske fag og innanfor teologi. Ein må spyrja seg um desse fagi er dei som gav mest tyngd utetter og ikkje minst innetter i målrørsla. Lærarhøgskulane og andre utdaningsinstitusjonar må ha rekruttert mange målfolk dei òg og truleg på eit breidare og meir allsidig grunnlag.

Det er ingen tvil um at Studentmållaget i Oslo må ha hatt eit rikt og umfemnande programtilbod for medlemene sine med lagskveld kvar fjortande dag, dei fyrste åri. Upptemjing i mål og målbruk og i å stå fram for andre som nynorskbrukar må ha vore ein viktig symbolfunksjon i laget.

Meir enn ein symbolfunksjon ligg det i folkeskriftene som Studentmållaget i Oslo gjorde tildriv til å få sett i gong. Men her laut dei samarbeida med Noregs Ungdomslag for at det heile skulde fungera. Seinare vart òg Noregs Ungdomslag, Vestlandske Målkontor og Norsk Målkontor dei som tok seg av administrasjonen. Studentmållaget i Oslo spela heilt klårt ei viktig rolla i å setja i gong desse utgjevingane, men utan studnad frå leidande folk i norskdomsrørsla og målrørsla vilde ikkje tiltaket ha bore seg.

Skuleboknemndi er òg eit tiltak som vert sterkt framdrege i boki. Tiltaket hev heilt klårt upphavet sitt i Studentmållaget i Oslo, men ein må undra seg yver um dette tiltaket er eit reint tiltak for Studentmållaget i Oslo. Me les at ”det store umskifte” for Skuleboknemndi kom i 1914. Det var då Olav Midttun kom inn i nemndi og vart formann. Midttun vart verande formann fram til 1939. Ein annan av nemndmedlemene Johannes Lid kom med frå 1914-15 og sat i nemndi til 1946. Dersom ein skal segja at Studentmållaget i Oslo stend attum det arbeidet som folk gjer i tretti år etter at dei hev avslutta studietidi si, vil truleg Studentmållaget kunde taka æra for mangt og mykje og truleg meir enn det som er teke upp i boki.

Reint komisk vert det når det vert konstatert at Midttun og Lie både kom med i Samlagsstyret i 1919 og vart sitjande i dubbeltverv i mange år. Det er vel liten tvil um at det var tenleg for Samlaget å visa til å ha Studentmållaget attum seg når dei skulde sokja staten um pengar, men i praksis kann ein gå langt i å segja at var andre enn Studentmållaget i Oslo som var leidande i arbeidet med bokutgjevingane.

Um me so vender oss mot kva dei meinige medlemene utretta er det slåande korleis dei kuriøse hendingane dukkar upp. I 1905 diskuterte aktivistar frå Studentmållaget i Oslo um dei skulde sprengja Karl Johan-statuen framfyre slottet i lufti. Dei slo frå seg tanken. Eit liknande kuriosum ovrar seg for lesaren når Hoel skriv um Studentmållaget og Det norske teatret.

Det byrja med at Studentmållaget sette upp ein del stykkje som dei spela sjølve. Men det let ikkje til å verta nokon suksess. I stadenfor samla ein gjeng målstudentar seg for å pipa ut eit riksmålsstykke på Nationaltheatret. Dette førde i ettertid til ein del strid med Klaus Sletten i Noregs Ungdomslag, men førde ikkje til noko konstruktivt. I 1913 var folk frå Studentmållaget i Oslo innblanda i nevekampar rundt dei fyrste stykki på Det norske teatret. Dette er neppe nokon stor heider korkje for målfolki eller riksmålsfolki som tok del i slagsmålet. Men slike konfrontasjonar skal det visst ha vore fleire av på denne tidi. At Studentmållaget var involvert i nevekamp og andre kuriosa gjer neppe laget til det viktigaste i landet. Det var òg mange andre mållag som arbeidde fram teaterframsyningars.

Hoel syner millom anna til følgjande frå eit upprit frå eit lagsmøte i Studentmållaget i Oslo 18.november 1906:

Styret hadde tenkt aa bjoda inn dei fleste kjende maalmenner i byen til eit møte i Turnhallen torsdag 23de novbr.Skrivaren (Olav Riste) skulde syta for aa senda innbjoding til stortingsmenn og andre maalmenn. Samstundes vart det nemnt at styret skulde freista å senda ut opprop til fylkesmållagi um aa fyrebu samskiping i maalarbeidet ved næste stortingsval. Dessutan nemnde formannen at eins kulde halda eit maalting når det leid utum nyaar.

Hoel uppsummerar med at dette er ”i konsentrert form planen for det (sic) store målstemna og skipinga av Noregs Mållag i februar 1906.” Allmannamøtet i Turnhallen vart halde med Rasmus Steinsvik som innleidar. Steinsvik var skeptisk til tanken um ein landssamskipnad, men han studde at det skulde haldast ei samling i Oslo. Det vart ordskifte i pressa um korleis målfolket skulde skipa seg fyre valet i 1906. Dette ordskiftet enda med at Norsk Målkontor sende ut ei innbjoding til målstemna 4. februar 1906. Denne innbjodingi var underskrivi av 54 kjende politikarar og målfolk, av dei 27 stortingsrepresentantar for Vinstre.

Medan målstudentane var heime på joleferie greidde andre i målrørsla med alle fyrebuingane til målstemna, utan at Studentmållaget i Oslo på noko tidspunkt vart med i skipingi. Studentmållaget i Oslo engasjerte seg heller ikkje mykje i Noregs Mållag etter at laget var skipa. Endå ein gong ser me at Studentmållaget hev vore nært upp til det som hev skjett i målrørsla på riksplan, men at det hev vore andre aktørar som hev drive fram dei viktige hendingane i målrørsla.

Frå venstrestat til arbeidarpartistat

Mellan venstrestaten og arbeidarpartistaten kallar Hoel perioden frå 1920-1929. Hoel peikar på at 1920-talet var prega av sterkt venstreradikalisme. Ein gjekk frå ei tid der Vinstre hadde hatt det politiske hegemoniet til ei tid der Arbeidarpartiet byrja å byggja opp det politiske hegemoniet sitt. Hoel slær fast at: ”Målroersla skulde tilpassa seg denne nye situasjonen, med industrialisering, urbanisering og sosialisme, og det var ein vanskeleg prosess.” Studentmållaget i Oslo skulde, etter Hoel, verta ein spjotspiss for arbeidarpartistaten i målrørsla. Det gav seg handfast utslag i eit samarbeid med det vinstreradikale Mot Dag og tidsskriftet Fram (1923-1929).

Kåre Fostervoll vart formann i 1919 og innleidde:

”ei kraftig kursendring bort frå det reindyrka filologiske og praktiske målreisingsarbeidet som hadde prega laget dei 20 åra etter skipinga. Målreisingsarbeidet fekk følgje av eit sterke målideologisk og allmennpolitisk engasjement, og sosialismen tok opp tevlinga med den nasjonaldemokratiske venstreideologien som berebjelke i laget.”

Berre på dette grunnlaget kann ein slå fast at Studentmållaget endå ein gong vart styrt av krefter utanfor laget sjølv. Laget vart nytta som støttetroppar i striden rundt Studentsamfundet i Oslo og i samanhengar der dei vinstreradikale kreftene ynskte å skapa legitimitet attum sosialismen.. Mot slutten av 1920-talet vart det sosialistiske bladet Fram so ekstremt at det gjekk for langt. Millom anna gjekk bladet til harde åtak på den nasjonallynde Jorgen Bukdahl som fleire gonger synte seg som ein kjennar av norsk litteratur. No gjekk det ikkje lang tid fyre Fram gjekk inn. Sambandet millom Mot Dag og Studentmållaget enda òg på slutten av 1920-talet.

Den nynorske delen av folkefronten heiter bolken som strekkjer seg frå 1930-1945. Her vert det referert til eit uppgjerds møte i Studentsamfundet i Oslo: I 1933 vart det skipa ei studentgruppa for Nasjonal Samling, saman med Den konservative studentforening og studentsympatisørane til Fedrelandslaget ynskte dei å

”å kaste det marxistiske styret”. I 1936 vilde Nasjonal Samling vinna Studentsamfundet, dei var den største av dei tri grupperingane i alliansen. Studentmållaget stod saman med motkrefstene til denne aksjonen. Bæ側 sidor verva stort og til saman kom det millom 800 og 900 medlemer på det avgjerande møtet. Den flokken Studentmållaget var med i vann med 509 mot 350 røyster. Her var Studentmållaget i Oslo endå ein gong eit verkty i eit arbeid som strekte seg langt utover det som var den fremste og mest jordnære arbeidsteigen til laget.

1930-talet er mykje merkt av ein heftig rettskrivingsstrid. Studentmållaget gjeng sterkt inn for samnorsklinia i denne striden. Laget melder seg inn i Noregs Mållag for å strida for samnorsken. Mot slutten av 1930-talet tek Studentmållaget i Oslo upp tanken um eit nynorsk universitet. Tanken vert vel motteke vestpå, og sterke krefter vart sette inn i arbeidet for å skipa eit nynorsk universitet i Bergen, men når alt kom til alt svikta målmannen i styret til Bergens Museum, Martin Birkeland, nynorskaksjonen. Ein aksjon som vart studt av fem Fylkesting, ei rad kommunar, ei rad einskildpersonar og lag. Her vart striden ført vidare av hognorskmenne på Vestlandet, men samnorskmannen Birkeland sette foten ned. Studentmållaget i Oslo var elles ikkje åleine um tanken på eit nynorsk universitet

I 1950-åri er det på ny rettskrivingsordskiftet som dominar den målpolitiske dagsetelen og Studentmållaget i Oslo er etter ein gong med i denne striden. I den fyrste tidi etter krigen vart laget dominert av humanistar. Det vart halde ein del møte, men medlemsmassen gjekk ned, og det er vanskeleg å få auga på merkesaker i laget fyre ein kjem ut på 1950-talet. Dette samsvarar mykje med utvikling i Noregs Mållag. Noregs Mållag var i fleire av etterkrigsåri dominert av samnorskalar som ikkje var i stand til å setja i gong praktisk målarbeid. I 1952 vart det vald eit hognorskvenleg styre i Noregs Mållag. Dette styret freista ved fleire tiltak å reisa målstriden att. Eit av desse tiltak var å vera med på å få sendt ut flogskriften, Norsk Reising i 1954. Skriften vart prenta i 150 000 eksemplar. Dei samnorske krefstene tok eit hardt oppgjer med dette flogskriften på årsmøtet i Studentmållaget i Oslo. Skriften var på ei rettskriving som ikkje høvde seg for Studentmållaget i Oslo og gjekk millom anna ut mot Norsk Språknemnd. Den målpolitiske lina kunde ikkje godtakast av samnorskvenene i Studentmållaget i Oslo. Ei fråsegn som sa seg leid for at Norsk Reising vart prenta vart vedteki med 22 mot 18 røyster. Det vart vald eit nytt og samnorskvenleg styre etter dette.

Sigmund Skard var ein kjend fraksjonsleidar for dei samnorskvenlege i mållaget. Skard samla fraksjonsmedlemer til mangt eit fraksjonsmøte på amerikansk institutt og var heilt tydeleg ein av dei sentrale attum utspeli frå Studentmållaget. Serleg tydeleg kjem dette til uttrykk når Skard i ein alder av 52 år vert vald til utsending frå Studentmållaget i Oslo til landsmøtet i Noregs Mållag i 1955. Endå ein gong ser me korleis Studentmållaget let seg bruka av andre krefter som ynskjer å gjera seg nytte av resursane til laget.

På landsmøtet i 1957 mana den nyvalde formannen, Hartvig Kiran til at ein no måtte samla seg um å driva praktisk målarbeid. Kiran var samnorskven og vann formannsvalet etter

kamprøysting mot høgnorsk-kandidaten, Ivar Eskeland. Samnorsktihengjarane fekk fleirtal i mållaget og mållaget skifte kurs.

Det er ingen tvil um at høgnorsksympatisørane fram til dette hadde vore ei progressiv kraft i mållaget, men etter tapet i formannsvalet i 1957, gjekk tidi ifrå dei. Dei vart meir og meir marginaliserte og stod fram utan evna til å samla seg um praktisk og framtidsretta målarbeid. Når høgnorskvenene greidde å forskansa seg i Vestlandske Mållag i 13 år til, er det truleg på grunn av nokre sers gåverike einskildpersonar og i kraft av gamle maktposisjonar. Det som fram for alt skulde setja høgnorskvenene ut av spel var at Skardfraksjonen meistra å koma med innspel som fekk studentane på 1960-talet til å tru at dei var med på noko viktig under den store studenttilstøyningi som kom upp då. Studentar frå nynorskumrådi kom til med bakgrunn i dei store ungdomskulli som vokt upp etter 1945. Det er soleis med rette at Olaf Almenningen kan kalla bolken sin frå 1960-1969 for "Fornying og nyvakning for målarbeidet".

Fornyingi kjem kanskje først og fremst til uttrykk gjenom at det vart eit betre økonomisk grunnlag for å fremja nynorsken på 1960-talet, soleis kunde det òg byggja seg opp eit stort rom for nynorskskribentar. Einar Haugen peikar i "Riksspråk og folkemål" (s. 228,229-232) på at leidande folk i Arbeidarpartiet var i og måtte ha vore i kontakt med sentrale riksmålsfolk. Riksmålfolki truga med rettsaker og hadde stor folkeleg uppslutnad. Arbeidarpartiet ynskte å sleppa undan å engasjera seg i målstriden. Partiet kunde tena på å gjeva noko til bæ partar. Haugen slær fast at:

Strategien lå temmelig klart i dagen :regjeringsens (og dermed partiets) strategiske nederlag måtte gjenopprettes ved en håndsrekning til fienden. Ved å minne om den felles fare som truer begge språk utenfra .. (229).

Sume av konsesjonane fekk fylgjor med ein gong medan andre ikkje vart realiserte fyre det hadde gjenge mange år. Når det galdt læreboksituasjon fekk Undervisningsriksråd Helge Sivertsen, Arbeidarpartimann og målmann (samnorskemann) til mykje alt frå slutten av 1950-talet. Sivertsen truga forlagi med eit nynorsk statsforlag. Det førde til at formannen i forleggjarforeiningi, Helge Groth, bøygde av og gjekk med på at det skulde skipast eit fond for lærebokproduksjon som skulde vera eit samarbeid millom staten og forlagi. (Forleggerforeningens historie, Nils Johan Ringdal, s. 185 og 186 med meir).

Dei målfolki som hadde kontaktar inn i Arbeidarpartiet må ha tent mykje på at høgnorsk miljøet ikkje lenger sat med makt i Noregs Mållag. Nederlagi for høgnorskfolki kom på rekka og rad med den nye rettskrivingi av 1959, etterfylgt av lærebøker på denne rettskrivingi, etterfylgt av Helleviks bestseljar nynorskordlista som betra økonomien i Samlaget munleg. Skardfraksjonen vart òg definitivt leidande i målrørsla i og med at dei

fylgde upp arbeidet med krav um parallelleutgåvor av alle lærebøker og fekk gjenom innkjøpsskipnaden for litteratur.

Samlaget trong forfattarar etter at den nye innkjøpsskipnaden for norsk litteratur var vorten vedteken. I det arbeidet nytta folk frå Samlaget Studentmållaget i Oslo. Samlaget rekrutterte soleis ei rad forfattarar gjenom kontakten med Studentmållaget i Oslo. Det var Sigmund Skards nære slekting Bjarte Birkeland som heldt kontakten med SMIO. Det var ikkje tilfeldig at det stod fram so mange nynorske forfattarar millom 1965 og 1970. Samlaget hadde ved inngangen til denne perioden fenge dubla statsløyvingane til drifti og var i stor vokster. Dei fleste titlane kunde gå sovidt yver 1000 eksemplar og bera seg ved statsmidlane. Studentmållaget var med på å rekruttera nynorske forfattarar og var endå ein gong styrd av høgare makter.

Ungdomen let seg fascinera av framgangen for nynorskbøkene, og let seg villig nytta som gode verkty for Samlaget, på same tid som eigenbaten òg heilt klårt var til stades. Noregs student- og elevmållag vart ein sentral organisasjon som dana grunnlaget for seinare aksjonar og planfast arbeid for nynorsken på 1970-talet, ikkje minst dei store og umfattande aksjonane for nynorske lærebøker. Det umrådet der Studentmållaget i Oslo markerte seg sterkest og med mest tyngd var vel likevel når det gjeld å få bygt opp distriktshøgskular i nynorsk-kommunar og i striden for å skapa leveføre lokalsamfund gjenom distriktpolitikken. Her gjer studentmållaget truleg noko av den viktigaste og mest markante innsatsen sin.

1970-talet

På 1970-talet veks aktiviteten i lagsarbeidet mykje. Den politiske striden hardnar til, og det vert strid um ålmennpolitikk i laget. Striden mot norsk EU-medlemskap førde med seg at møteverksemdi var sers stor tidleg på 1970-talet fram mot folkerøystingi i 1972. Ei onnor viktig sak som det var mobilisert sterkt for var dei største skulestreikane i norsk soga. Leidande målstudentar stod i brodden for landsfemnande aksjonar som sette lærebokstoda for nynorskelevane i høgsætet.

Den aktivistiske perioden kulminerer rundt landsmøtet i Norsk Målungdom i 1976 og det påfylgjande landsmøtet i Noregs Mållag det same året. Striden gjeng umkring ein skal slå inn på ei eittspråkslina eller um tvospårslina no skal verta den rådande strategien. Det endar med eit kompromiss som både flokkane kunde leva med.

1970-talet var ikkje minst merkt av eit sterkt og ukritisk fokus på dialektbruk. Den eine etter den andre målstudenten vart glødande uppteken av å fremja retten til at alle skulde få tala heimstaddialekten sin, og motstanden mot talemålsnormering vart sers sterk. Det var berre nokre fåe kringvære knytte til Det norske teatret og NRK som enno forsvara standardtalemålsbruk. Det vart sett i gong dialektvikor og svære upptog til forsvar for at folk skulde få bruka heimstaddialektane sine. Det heile vart rimeleg parodisk når ein kom ut på 1980-talet, og det var til slutt uråd å mobilisera folk til å gå i dialektupptog lenger. At uppegåande målfolk kunde te seg so lätteleg som det dei gjorde kring desse aksjonane vert uskyneleg for denne meldaren.

1980-2000 Eit underbruk av Norsk Målungdom

No kjem me til den siste bolken 1980 til 2000. Det er nok denne bolken som er grunnlaget for heile boki. Utgjevarane vil leggja fram sin versjon av den nyaste soga til Studentmållaget i Oslo. Det er soleis grunn til å lesa denne delen av soga med serleg vaksame augo. Etter det me skynar er det Håvard Tangen og skriftnemndi som hev lagt siste hand på verket noko som gjer det serleg interessant å studera denne bolken nøgje.

Me merkar oss serleg som interessant at Roar Madsen som sat i referansegruppa hev lag fram eit uprenta manus som det vert vist til i kjeldelista. Manuset heiter: Norsk Målungdom 1984-1990: frå moterett radikalisme til klassisk norskdom. Det skulde ha vore moro å ha lese dette manuset som truleg må ha påverka framstellingi ein del, men det er i alle fall prisverdig at ein av aktørane i målstriden på 1980-talet hev gjort tildriv til å laga ei samlande framstelling av den tidi då han var mest aktiv i målarbeidet.

Kort fortalt er den soga som vert fortalt ei soga um Studentmållaget i Oslo som eit lag i sterkt forfall med tendensar til tillitsmannskrisa og fullstendig fastlæst i ei folkemålsolina, tvospråkstenkjing og med manglande evna til å driva aktivisme. Aktivistane i Norsk Målungdom vert ståande i opposisjon til desse synsmåltane. Aktivistane i NMU stend på ei nasjonal eittspråksolina og driv ein vellukka aktivisme. Dei nye aktivistane i NMU held eit godt grep rundt landssamskipnaden og vinn målpolitiske sigrar med grunnlag i dei økonomiske og menneskelege resursane som NMU skaffar seg. Den endelege sigeren vert vunnen i Studentmållaget i Oslo i 1989. I 1992 melder Studentmållaget i Bergen seg innatt i Norsk Målungdom. Den nasjonale eittspråksolina hev no vunne hegemoniet i landsamskipnaden. Dette fører naturlegvis til at den målpolitiske kursen endrar seg i studentmållaget i Oslo utetter på 1990-talet. Dialekt- og folkemålsolina er ikkje lenger den rådande og ordskifte kring nasjonalisme vert ein attergangar gjenom heile nittitalet. Ordskiftet kring Norsk EU-medlemskap fører til sterkt aukande engasjement og eldhug i Studentmållaget i Oslo. Eit av prosjekti som syner seg å nå vidt ut er utgjevingane av bladet Fram med EU-kritiske artiklar på nynorsk.

Ei onnor sak som slær sterkt igjenom er striden for nynorske parallelklassar i Oslo. Studentmållaget i Oslo greider å hjelpa denne saki fram på breidt grunnlag og fær jamvel til eit samarbeid med Bondeungdomslaget um å lona personar som arbeidde med parallelklassearbeid på deltid. Etterkvart hev det vore ikkje so reint fåe nynorske parallelklassar ved Sagene skole i Oslo. Her er det Norsk Målungdom som er den høgare makti.

Rare ordleggjingar

Den siste bolken inneheldt ein del mildt sagt rare formuleringar. Til dømes denne:

Jamvel um satsinga på Fram ikkje varde lenger enn eitt år, viste bladet at krefter i Studentmållaget kunne reisa eigne initiativ og nå ut med ein nynorsk bodskap i nært samspel med samfunnet ikring.

På denne meldaren verkar denne setningi meiningslaus. Det høyrest ut som ei byråkratformulering utan innhald. Det verkar òg som at det hev vore vanskeleg å distansera seg frå ting ein sjølv hev vore med på når Thomas Hylland Eriksen vert umtala som : ”Den antinasjonale EU-tilhengjaren.” Det må kunna gå an å ordleggja seg noko meir nøytralt i ei slik framstelling. Det verkar likeins keivleg å skriva at: ”Både meiningsfellar og motstandarar av Mål og Makt vart portrettintervjua, slike som Trond Berg Eriksen og Øyvind Østerud.” Det er vel ingen som er motstandarar av eit blad, i so tilfelle vilde det vel ikkje vera naturleg å lata seg intervjeta av det. Her er forfattaren urimeleg og usakleg. Sjølvmotsegjande vert det når forfattaren skriv fylgjande: ”Eit nytt innslag i Mål og Makt var intervjuforma, som snautt hadde vore nytta i bladet på 10 år.” Innslaget var ikkje nytt. Det hadde vore nytta fyrr, men det kom attende for fyrste gong på 10 år. Det verkar òg lite kritisk å referera kva Mål og Makt-gjengen frå 1998 hadde som uttala mål utan å samanlikna kritisk med det som var fyrr. I røyndi var det nye Mål og Makt ikkje anna enn ein kopi av bladbunaden til Motmæle, bladet til NMU, so den store umleggjungi ein talar um, er ikkje so stor som forfattaren gjer ho til. Det er òg vanskeleg å sjå at skilnaden på Mål og Makt vart so stor som forfattaren meiner.

Avslutningsvis er det verd å bita seg merke i ein av sluttssatsane i den siste bolken til Håvard Tangen og Geir Martin Pilskog. Her heiter det:

Gjennom mesteparten av 1900-talet var Studentmållaget ein arrestad og samlingsplass for ein folkeleg og radikal elite, som ofte gjekk inn for endringar, anten det no gjekk med eller imot makta i samfunnet. Både karrieristar og samfunnskritikarar har funne sin sjølvagsagde plass i laget. Berre folk som ikkje innsier at det er motsetnadene og striden om meininger og interesser mellom ulike klasser og samfunnsgrupper som er drivkrafta i soga, tykkjer dette er underleg.

Kvífor det er naudsynt å slå fast at ulike folk er med i Studentmållaget i Oslo hev denne meldaren vanskeleg for å skyna. Endå vanskelegare å skyna er det at folk som er motstandarar av det ein i samfunnsfagi kallar for ein konfliktmodell som grunnlag for å forstå tilhøvet millom ulike samfundsgrupper ikkje kann skyna at mange slags folk hev samla seg i Studentmållaget i Oslo. Må ein vera sosialist for å skyna seg på Studentmållaget i Oslo?

Ein må iallfall kunna ha god grunn til å vera kritisk til den teoretiseringi som sogenemndi legg upp til. Forfattarane stadfester ikkje grunnlaget for påstanden um at Studentmållaget er eller hev vore det viktigaste mållaget i landet. Meir uppsiktsvekkjande burde det vera at ingen av forfattarane ser ut til å vurdera kva som gjer eit mållag viktig. Studentmållaget i Oslo hev ikkje vore det viktigaste mållaget i Noreg. Til det hev laget vore styrt av altfor mange krefter som ikkje kann knytast til den jamne studentmassen eller til folk som i det heile hev vore studentar. Baksetesjåførane hev vore mange.

Lars Bjarne Marøy, studentmållagsaktivist i Bergen på 1990-talet.

Bergen var Noregs hovudstad i millomaldaren. Byen var kongssæte og eit nasjonalt sentrum. Byen var òg kyrkjesentrum og den største byen i Noreg fram til 1850-talet. I byen millom dei sju fjell vart det nytta norrønt i millomaldaren, og målet måtte lesast av sume, rettslærde iallfall, fram til kring år 1600. Då det norrøne målet gjekk under og fall heilt ut kring 1600, fanst det ikkje lenger nokor gamal skriftform ein kunde knyta den norske talen til. Det danske skriftmålet vart den viktigaste rettesnori når norsk talemål skulde gjevast att i ulike nedskrifter. Interessa for norsk talemål fall like fullt ikkje burt. Fleire målinteresserte med tilknyting til Bergen og Vestlandet skreiv ordsamlingar med norske ord.

Målgranskaren Gustav Indrebø meiner at ein kann segja at det fanst ei norsk ånd hjå bergenshumanistane på 1500-talet, og den viste seg i den ihugen dei hadde for norsk soga og den tidi då Noreg hadde eit eige norsk mål. Han meiner at ein kann finna denne åndi hjå bergenshumanistar som Gjeble Pedersson og Absalon Pedersson Beyer. Iallfall er det ei kjensgjerning at personar med nær tilknyting til Bergen og Vestlandet skulde koma til å gjeva ut ordsamlingar med norske ord. Christen Jensson var den fyrste til å gjeva ut ei ordsamling frå norske dialektar. Den fyrste ordsamlingi til Christen Jensson hev vore tilgjengeleg for dei som kom etter han og vilde gjera det same, slike som Marcus Schnabel, Erik Pontoppidan og Laurentz Hallager. Dei nytta alle boki til Jensson. Det kann, meiner Indrebø, finnast ein tradisjonstråd frå Bergenshumanistane og til Hallager.

Er det rett kann me, segjer Indrebø, draga tradisjonslina lenger frametter. Hallager var ein fyregangsmann for W.F.K Christie som sette upp eit «Norsk Dialect Lexicon. Christie skapa det interessemiljøet i Bergen som gjorde at biskop Neumann og andre kulturmenn der tok vel imot Ivar Aasen, og at biskopen jamna vegen for honom, segjer Indrebø. (Norsk Målsoga, 1951 s. 348)

Eit interessant spørsmål vert då. Kva var denne norske åndi? Korleis kom ho til uttrykk? Og kva rolla spela ho for Ivar Aasen. Lat oss først sjå på ordsamlingane og folki attum deim og so på Aasen og Christie.

Christen Jensson

Christen Jensson var prest frå Askvoll i Sunnfjord. I 1646 gav han ut ei ordsamling på kring 1000 ord. Jensson voks upp i Askvoll, so han kjende målet godt. Jensson skriv ordi etter målføret, og legg skrivemåten lite etter dansk.

Jensson var fedrelandssinna. I fyreordet sitt skriv han at andre bokskrivarar dedikerar bøkene sine til store og høge herrar. Han vilde eigna boki si til sine kjære landsmenn. Han hev prenta henne «paa voris gode oc gamle Norsk Sprog (som i Synderlighed med mange Tungemaal oc fremmet Sprog er bemenget, oc daglig Dags mere tiltager ...) diss klarligere kunne komme for Dagen, oc fra de andre adskillis ... « alle forbemelte gode Norbagger til Tieniste». (Norsk Målsoga s. 343)

Indrebø skriv at den patriotismen og sjølvhevdningstrongen som bokmenn i utlandet knyter til dei litterære nasjonalmåli, den knyter Jensson til det norske talemålet.

Erik Pontoppidan (d.y)

Hundre år seinare tok biskopen i Bergen Erik Pontoppidan (d.y) opp tråden. Han gav ut ut «Glossarium Norvagicum». Boki kom ut i Bergen i 1749. Denne boki er ei ordbok som er umlag på same storlek som Jenssons Dictionarium. Dei fleste ordi er henta frå Bjørgvin bispedøme, men nokre ord kjem frå andre stader.

Pontoppidan var vitskapsmann og hadde tidlegare skrive ei bok um målet i Sønderjylland – «Det danske Sprogs Skæbne og forrige Tilstand udi Sønderjylland» Pontoppidan var ikkje norsk nasjonalist. Han skreiv derimot boki si av praktiske årsaker. Han hadde uppdaga at det var mange ord i målføri i bispedømet som han ikkje forstod. Han tykte det var viktig å forstå innbyggjarane og sokneborni når ein skulde formidla dei kristne verdiane til deim, so difor var det ein god ting å ha ei ordsamling å venda seg til.

Boki til Pontoppidan var ikkje serleg god etter vitskaplege mål. Indrebø finn meir tiltru til Jensson, men det var viktig for samtid den gongen at biskopen gav ut ei bok um norsk mål. Det auka statusen og godviljen for det norske målet.

Hallager

Bergensaren Laurens Hallager (1777-1822) gav ut «Norsk ordsamling» i 1802. Då var han student i Kjøbenhavn. I fyreordet skreiv han at dei leivningane som enno var att av det gamle norske målet, fanst ikkje eller var mest burte nær byane. Det var inne i landet ein kunde finna

at leivningane av det gamle norske språket. Dei bøndene som hadde lite eller inkje samkvem med byane hadde eit eige serpreg i målet.

Hallager skriv etter Indrebø: Det adskiller seg fra de tvende andre Nordiske Sprog, ei alene ved et rigt Forraad af egne Ord, en egen Udtale og egne Vendinger, men endog ved en egen Forbindelse af Ordene eller Syntax; saa at man kan sige, det ikkun har manglet Dyrkning ved Skrivter, for at blive et selvstændigt Sprog ligesaa vel som hine.» Hallager tykkjer det er godt gjort at dei norske bøndene kunde halda so vel på målet, ettersom det hadde vore nært samband millom Noreg og Danmark i 300 år. Dei norske bøndene hev havt danske menn millom seg til dømes prestar, og berre danske bøker. Han meiner at det finst ein nasjonal byrgskap millom bøndene.

Hallager vil ikkje ha nokor utskiljing av eit norsk språk. Han vil berre at det norske i ordsamlingi skal rika upp det danske språket, som er sams millom nordmenn og danskar.

Schnabel

Marcus Schnabel planla ein grammatikk for hardingmålet som skulde jamførast med gamalnorsk. Grammatikken skulde ha med ei lista yver gamalnorske ord som fanst att i hardingmålet og nokre gamle brev, som skulde syna skriftmålspsyvergangen til dansk. Boki vart ikkje fullførd, og ho var ikkje uppdaga att då Norsk målsoga kom ut i 1951. Eit fyrearbeid vart prenta i 1784. Det er ei ordlista der ein fyrst gjev upp ord på gamalnorsk og so på hardingmål, so ein kann syna at det er samband millom bondedialekten i Hardanger og gamalnorsken.

Schnabel var den fyrste som gav seg i kast med å studera grammatikken i norske talemål. Den praktiske nyttetanken var òg sterkt hjå Schnabel. Det var eit mål for prestar og andre som skulde ha med den norske ålmugen å gjera at dei kunde lære seg ålmugemålet, so dei kunde nå betre fram til nordmennene.

W.F.K Christie

Kva var det som dreiv W.F.K Christie til å laga ei ordsamling med norske ord? W.F.K Christie er vel for dei fleste kjend som mannen attum Bergen museum, og mange kjenner han vel dessutan som president på umframstortinget i november 1814. Etter 1825 laut Christie av helseårsaker trappa ned yrkessyslane sine. Då tok han til å arbeida med å få skipa Bergen Museum. Mindre kjend hev det vel vore at han òg tok til å arbeida med eit Norsk dialektleksikon. Dette er ei ordsamling som ikkje hev so mykje praktisk verdi i dag, men som var eit nybrotsarbeid på den tidi det vart laga. Det syner framfor alt at det fanst ein ihuge for å få fram det sernorske i norske bygdemål.

Christie lika å arbeida med vitskapleg arbeid, og det i seg sjølv var ei drivkraft, men attåt det var det nasjonale grunnar som må ha vore ei viktig drivkraft, meiner Indrebø (1937) Indrebø hermar ein umtale som Christie gav av arbeidet sitt i noko som han kallar «Underretninger» frå 1827: Skulde jeg engang faae dette mit Arbejde færdigt, da haaber jeg dermed at kunde bevise, at, naar man opholder sig over Bergenhuserne og leer dem du for de mange besynderlige Ord og Talemaader, de bruge, ja vel og forkaster dem, at saadanne Ord ere tydske, hanseatiske Levninger, da beleer man dem i Grunden, fordi de have beholdt saameget af deres Forfædres Sprog, eller fordi man selv er saa uvidende eller magelig, at man ikke kjender til eller vil undersøge dette. « Christie meinte at dei bergenhusiske dialektane var mest i samsvar med det islanske og det gamalnorske målet.

Christie nøgde seg ikkje berre med at han og andre oldgranskurar vilde dyrka bygdemåli reint teoretisk. Han ynskte at det norske talemålet som han fann hjå bonden, skulde få noko å segja i den røynde verdi med. Indrebø hev funne fram til eit manuskript som ber titelen «Prøver af et norsk Dialect-Lexicon, især i Bergenshusiske dialecter». Det er ei innleiding til ein tidsskriftartikkel som aldri vart fullførd. Her skriv Christie:

Efterat det norske skrivtsprog er blevet løst af de fremmede Ledebaand, hvordi det igjennem flere Aarhundreder har været ført, seer Normanden nu med Gløde hvorledes det stræber etfer at utvikle sig i en mere fri og national Retning, benyttende dertil de Elementer, Fortiden har leveret det og bevaret ikke blot i gamle Sprogmonumenter, men i Folkelivet og den Tale som dagligen høres i dette, Denne Stræben, som kjendeligen spores hos enhver national Skribent nyder ogsaa Understøttelse at Regjeringen i det denne kraftigen virker til at de ældste norske Sprogmonumenter, de ældgamle norske Love og Rettebøder eller Forodninger uforvanskede lægges Folket for Øjne og Saaledes gives det til fri Benyttelse som Material for Sproget. Enhver som med Opmærksomhed lytter til den norske Landalmues daglige Tale, vilde opdage, hvilken Sprogskat der skjuler sig i denne, og hvilken Rigdom den indeholder til Skrivtsprogets nationale Udvidelse samt til fremmede Elementers Udsondring af samme. Flere norske Forfattere have allerede for lang Tid siden leveret større og mindre Bidrag til at kjende og forstaae adskillige norske Dialecter, og nogle af de faa literaire Samfund, Riget hindindtil ha havt, have ogsaa rettet sine Bestæbelser derhen. Det er imidlertid endnu langt fra at man kan siges at have tilstrækkelig Kundskab om Rigets forskjellige Dialecter, hvilken først erholdes naar man har bragt det saa vidt, at et omfattende Dialect Lexicon...» Her gjeng ikkje manuset vidare.

Indrebø peikar på at ei ordleiding som «Skrivtsprogets nationale udvidelse» og «fremmede Elementers udsondring af samme» er ordleidinger som kan tolkast til å vera det same som mange andre hadde tenkt fyrr at norske dialektord kunde koma inn i det danske skriftsmålet. Det som derimot var heilt klårt var at dei som hadde skrive um dei norske talemåli tidlegare ikkje hadde havt noko tanke um eit eige norsk skriftmål, dei hadde med eit indrebø-ord, noko nokon utskiljingshug anten dei var norske eller danske. Christie meinte noko anna og noko meir enn desse forfattarane, slår Indrebø fast. Han hadde ein utskiljingshug og ein sernorsk reisingshug. Indrebø byggjer då på ordleidinger som «løst av de fremmede Ledebaand» og en «mere fri og national Retning for «det norske skrivtsprog».

I eit par litterære prøvor vik Christie av frå det vanlege danske normalmålet. I attforteljingi av Tovarhaugen som han gav ut i 1848 hev han nytta ein uppnorska dansk – norske ord og norsk ordleggjing i stor mun -, med stilistisk evna. I eit gåtemanus som han fyrebudde fortidsskriftet Urda i 1849, brukar han, segjer Indrebø, heilt norsk mål, og normaliserar til ein slags bergenhusisk dialekt. Indrebø meiner at det ber i seg ei vitring um korleis Christie tenkte seg at programmet um «National Udvidelse» av skriftmålet kunde setjast i verk. Han var viljut til å taka upp norske element i det tradisjonelle danske skriftmålet, so mykje at det gav skriftmålet i Noreg ein serdåm; han hev samstundes leika med tanken um å få eit heilnorsk skriftmål. Ordboki skulde leggja tilfanget til rettes for deim som vilde arbeida for nasjonal uppbyggjing både på den eine og den andre måten.

W.F.K Christie – Norsk Dialect-Lexicon og nokre folkeminne og brev, 1937, utgjeve ved Gustav Indrebø, s.80-85

Indrebø gjeng gjenom ei rad veilor ved ordsamlingi til Christie. Språkleg og vitskapleg etter notidsstandard hev ikkje boki mykje verde, men på den tidi ho vart laga og under dei vilkår som då var, fyre Aasens store arbeid, hadde boki vore til upplysing um det norske målet.

Christie var den fyrste nordmannen som tok fyre seg å laga ei norsk ordbok. Han nytta ordleidindi ei norsk ordbok i eit brev alt i 1828. Han gjorde eit medvite sprang då han gjekk frå å tala um «besynderlige ord i det Norske» til «Ord i det norske». Det at han sette fram ei uppgåva og freista å løysa henne gjev, meiner Indrebø, Christie rett på eit rom i vitskapssoga og den nasjonale soga vår. Det spelar ikkje nokor rolla um arbeidet vart ufullkome og mangefullt. Han hadde sett seg den uppgåva at han skulde laga ei nasjonal ordbok, og då var det naudsynleg å få ei systematisk skriftnorm for dei ny-norske ordi, visse rettskrivingsreglar og ei grammatisk formfesting.

Christie sette "den "Bergenhusiske Dialekt og Udtale" svært høgt fordi den kom næraast upptil islandsk, det vil segja gammalnorsk. Det var ingen problem for "den Bergenhusiske Bonde" å skyna islandsk, slo Christie fast. I 1828 fortalte han at han hadde: "... oplæst for kyndige Bønder hele lange Perioder af Islandsk, og de have forstaaet disse næsten bedre enn vort nu brugelige Skriftsprag." Christie samla på alt som var å finna av norsk kulturarv, og til denne arven høyrd naturlegvis det norske målet.

Indrebø uppsumerar Christies framlegg til normering med at han i sumt vilde ha det same som Aasen, medan i andre samanhengar hadde han hug til andre løysingar, det ser ein av hovudtendensen dialektsikonet og gátemanuscriptet hans. Christie skreiv da, dan, dar. Han kastar ofte stum d etter vokal og r. Han stryk ofte t, d, r, n, m i utljud og i trykklette stavingar, og han brukar meir gj og kj framfyre ljodlett vokal. Dei fleste av desse avviki heng saman med at Christie arbeidde med vestnorske målføre.

Mange av ordi til Christie hadde ikkje vore ordboksførde tidlegare. Det var ei ovstor mengd av ord som for fyrste gong kunde ha vorte kjend for ålmenta. Hadde boki kome ut fyre hovudverki til Aasen, vilde ho, ha auka kunnskapen um norsk mål mykje. Indrebø meiner at boki kann ha kjeldeverde når ein granskar henne kritisk, for ho inneheld ord som ikkje hadde kome inn i andre ordbøker fram til den tid i 1937. Hans Ross som gav ut ei eigi ordbok hev nyttat sumt av det tilfanget Christie hadde.

Indrebø peikar på at det er rimelegt at ihugen til Christie umveges gav ein tilstøyt til at Ivar Aasen fekk koma i veg med å løysa uppgåva mykje betre enn Christie sjølv makta. Aasen kom til Bergen fyrst i august i 1841. Der råka han rektor Hans Holmboe, Lyder Sagen og framfor alt biskop Neumann. Derimot ikkje Christie.

Christie brukar å liggja på landet på denne tidi og hev truleg vore ute av byen eller på ei eller onnor ferd. Det var biskop Neumann som tok seg av Aasen på vegner av Bergen Museum, men både Neumann og Christie sat i styret for museet. Dei møttest tida og ofte i det vitskaplege og litterære laget Urdaforeningen. Og der var det Christie som representerte ihugen for norsk mål og kunnigskapen i målet. Her hadde Christie gjort greida for fleire målslege emne so som samanhengen millom norsk og lappisk, greidt ut um stadnamn og um runer. Sjølvsagt hev arbeidet hans med dialektsikonet hans vore vel kjent i Urda-krinsen. Christie var den som hadde skapt det interessemiljøet i Bergen som Ivar Aasen kom upp i. Det interessemiljøet som gjorde at biskop Neumann vart uppgloidd for Sunnmørsgrammatikken til den ukjende bondeguten med ein gong, og tok seg av Aasen, og skreiv artiklane i «Bergens Stiftstidende», og dermed gjorde at Aasen vart åtgådd offentleg

for fyrste gong, slik kom Aasen i samband med vitskapsselskapet i Trondheim. Det er eit umveges samband millom Christie og Aasen.

Jamfört med kjennskapen til og interessa for målgranskings til Christie, spela det mindre rolla at Christie og Aasen møtte kvarandre eit par år seinare, i oktober 1843, segjer Indrebø.

Indrebø 1937 s. 92-93

Eit interessant vinkling som visst ikkje hev vore mykje framme er spørsmålet um Aasen kjende til Christies arbeid. Det veit me vel ikkje for vel, men det er iallfall rart at Aasen ikkje tok meir seinveges kontakt med Christie i fyrevegen, dersom han hadde kjent til arbeidet åt Christie, vilde han vel ha teke kontakt der han hadde venta seg å få mest hjelp. Det måtte vel helst vera hjå ein som hadde same ihugen som han sjølv og ikkje hjå biskopen. Kor vel Aasen kann ha vore orientert um miljøet i Bergen er vel ikkje heilt klårt. Prost Thoresen kann ikkje ha vore kven som helst. Han var trass i alt far til Susanna Ibsen, so noko må han vel ha hatt av hopehav nedetter mot Bergen, men det verkar som eit vågelegt tiltak å reisa til Bergen og springa dørene ned hjå dei lærde folki som fanst i byen.

Det vert ofte lagt vekt på at Aasen var den som uppdaga bergensarane og vilde søkja hjelp hjå yverklassa, men det upplagde er vel å segja det motsette at det var Aasen som vart uppdaga. Aasen kunde koma til Bergen og visa fram lærdomen sin, og det fanst døme på folk som vart hjelpt fram frå bondestanden og til studiar og utdaning, men det kravdest velvilje for at ein skulde lukkast. Når Aasen hadde halde seg på Sunnmøre hev det vorte lagt vekt på bondebyrgskapen hans og anna standsmedvit, men det var vel heller slik at det var gode tilhøve til å arbeida med språk reint teoretisk der han var. Han hadde ikkje trong til å reisa ut, tykte han.

Men då han kom til Bergen uppdaga han ei onnor verd. Ei verd der folk hadde kome seg vidare i livet fordi dei hadde drive studiar og granskingsarbeid. Aasen møtte andre folk som var idealistar, granskarar og som hadde eit nasjonalt sinnelag. Denne verdi tykkjest å ha vore framand for Aasen fram til då. Aasens mål var at han ikkje skulde lyfta seg yver standsgrensone, men vera ein vanleg innbyggjar i riket, ein tenar for ålmugen so å segja.

Men so kjem det til at Aasen hadde eit uvanleg program fyre seg. Han vilde granska folkemålet, slik det låg fyre. Det var ikkje noko ein kunde gjera frå ein lærestol eller frå ein by, det måtte gjerast på reisefot. Og det må ha hasta for Aasen med å koma i gong. Tidkrevjande studiar vilde ikkje hjelpa han med å henta inn det tilfanget han trong til å verta klokare på det norske folkemålet. Det måtte granskast frå dei bygdene der det var til. Når møtte so Aasen Christie og korleis arta det seg?

Aasen og Christie

Aasen kom til Bergen i juli/august-dagane i 1841. Her møtte han altso biskop Neumann og andre lærde menn i krinsen kring Neumann, men han møtte ikkje Christie. Sidan for Aasen attende til Solnør og vart sitjande der til året etter. Då hadde han fenge reisestipend frå Trondheim. Um sumaren 1842 var han i Trondheim og helsa på dei lærde kring Vitskapsselskapet. Seinare byrja han granskingsferdi si. Fyrst i oktober 1843 skal Aasen ha møtt Christie.

Når ein les korleis Aasen introduserar møtet med Christie verkar det rart at desse two mennene ikkje hadde møtt einannan tidlegare. Det kann naturlegvis forklårast med Christie rett og slett ikkje var tilgjengeleg på dei tidspunkti Aasen var i Bergen og at mennene ikkje innleidde noko brevkifte eller noko anna samband, men likevel må då Christie ha vore godt kjend med Aasen. Biskop Neumann fekk presentert Aasen både i bergenspressa og oslopressa. Aasen var uppdaga. Neumann må òg ha tala med Christie um Aasen. Det verkar merkeleg at Aasen og Christie um ikkje anna kom i brevbyte med kvarandre.

I den tida han budde i Nordhordland reiste Ivar Aasen ni gongar til Bergen, og i oktober 1843 vitja han Bergens Museums grunnleggjar, Wilhelm Frimann Koren Christie. Aasen skriv sjølv: "Paa en af disse Reiser indfandt jeg mig hos forhenværende Stiftamtmand Christie, en Mand som jeg burde have gjort tidligere Bekjendtskab med, da Ingen af de Store i landet har en saadan omfattende Kundskab om Almuesproget forenet med Interesse for samme, som han har. Denne Mand har ogsaa samlet Materialier til en Ordbog over Almuesproget, og hans Ordsamling indbefatter efter hans eget Udsagn henimod 10 000 Ord, hvilket forekom mig næsten utroligt, da min egen Ordsamling uagtet al dens Rigdom paa den Tid ikke var betydelig større.

Christie er desuden i Besiddelse af mange Bøger i det oldnordiske og i beslægtede Sprog; blant Andet fik jeg her see Ihres store Dialektordbog, som jeg saa ofte havde seet Henvisninger til. To vigtige Skrifter, nemlig de nordiske Sprogs Historie af Petersen, og det islandske Sprogs Oprindelse af Rask, fik jeg laant hos ham; og disse Bøgers Læsning var mig udenttvil til betydelig Nutte. Derimod fik Christie min overfor nævnte Grammatik for de bergenhusiske Dialekter til Gjennemsyn, og hans Bemærkninger ved et Par Steder i dette Skrift gjorde at jeg siden forandrede disse."

Aasen var imponert over Christies arbeid, og var hos han fleire gonger. Aasen hadde òg ordsamlinga hans til gjennomsyn eit par veker i september 1848: "Denne Samling er meget stor, men en betydelig Deel af Ordene ere anførte i forskjellig Form paa to eller flere Steder." Det er liten tvil um at Bergen hadde vore eit sentrum der interessa for det norske målet hadde vore sterkare enn andre stader. Aasen må ha kjent til dette, men kor store kunnskapar han hadde um målgranskings til Christie og um tidlegare arbeid med ordsamlingar er det vel i røyndi ikkje heilt lett å vita.

Granskingane til Christie var elles ikkje noko som kunde ha ført fram til noko norsk skriftmål. Dei var altfor ufullstendige og lite gjenomarbeiddde. På den andre sida um Aasen berre ha vore interessert i pengar, kunde ha reist beinast til vitskapsselskapet i Trondheim. Det er liten grunn til å tru at dei hadde vist same velvilje, men det veit me ikkje. Tur til Oslo var det nok ikkje tale um.

På ein eller annan måte visste Aasen at det var lurast å reisa til Bergen. Det segjer vel noko um prestisjen attum innsamlingsarbeidet til Neumann og Christie. Bergen var den største byen i Noreg på denne tidi, og i røyndi måtte byen vera det motsette av alt det Aasen såg fyre seg at han skulde lukkast med. På den andre nett det byvorne og det store var det som sette landsbygdi klårast i umriss. Her kunde tankane og utsyni til Aasen opna seg. Her kunde evnone hans koma klårast fram i dagen.

Den norske åndi må vera knytt til at Bergen hev vore ein by med nasjonal prestisje og byrgskap. Den nasjonale åndi må ha vore viktig for Aasen. Der folk vilde byggja upp eit vitskapleg sentrum utan røyndelege vitskapsfolk, der må ein ha havt noko av den same sjølvstendeviljen. Det viktigaste var ikkje dei vitskaplege titlane og dei formelle lærestolane, men at ein vilde koma fram til noko på idealistisk grunnlag. Det hadde Aasen og Christie

sams. Slik sett kann ein vel òg tala um ei romantisk haldning og vilje til å tenkja stort. Aasen fekk ikkje berre høve til å tenkja stort, men òg til å gjera storverk.

Anglolatin

Tekster som vert umsette beint fram frå det eine målet til det andre, utan at umsetjaren tenker på målkjensla, men berre på tydingi, er ikkje uvanleg, heller ikkje at datamaskinor umset tekstu på vilkårleg vis. Målkjensla på nynorsk vert i røyndi pressa frå two hald. På den eine sida den substantiviske stilten med tilhøyrande anbeheitelse-ord. Desse ordi høver godt i ein tysk stil, men bryt ned den verbale stilten som skal sermerka det norske målet. Frå den andre sida kjem dei latinske ordi inn via engelsk millom anna som sideuttrykk til substantiv med ei meir folkeleg ordlegging i engelsk. Ålment sett kann ein vel segja at nordmenn hev ein slags simultankunnskap i engelsk og i bokmål. Tysk mål er nok meir ukjent for dei som ikkje hev lært målet i skulen. Tyske kjeldor på nettet let heller ikkje til å vera på langt nær so umtykte som dei engelske, det er vel dei færraste som set seg ned og les tysk, når dei fær noko på engelsk.

Kvífor er det trass i alt slik at ein meiner at det skjer lite endringar i det norske målet når me upplever eit massivt press frå engelsk via utdanning og fagspråk, verdsveven og andre ålmenne påverkarar? Trulegt er det av di nordmenn flest, til no iallfall, hev ei uppleveling av at det som vert sagt på engelsk ikkje er godt nok på norsk når dei skal uttrykkja seg berre til andre nordmenn eller forstå fullt ut det som vert sagt. I tillegg kjem det vel at dei latinske uttrykki kann yverførast millom engelsk og norsk utan av folk legg merke til at det er noko unorsk yver deim. Når ein ser dei i engelsk, og dei ikkje vert oppfatta som rare i norsk, men er i gjengs bruk, so tenkjer ein ikkje yver at det finst andre ord som er norskare.

Semantisk sett må ein spyrja seg um ikkje dei latinske ordi trengjer undan norskare ord som burde ha vore nytta og som hadde styrkt den norske målkjensla. Dei anglolatinske ordi øydelegg ikkje noko serleg i den grammatiske delen av målet, iallfall ikkje i fyrste umgang, men dei veikjer medvitet um og bruken av ord som klårt og påviseleg er norske.

Nokre døme vil vera med på å kasta ljós yver det eg segjer. Ord som innstrengjande og påtrengjande er gode norske ord for det anglolatinske intens, men intens breider um seg og er mest einerådande, i det minste millom unge skribentar. Spelar det nokor rolla um ein til dømes segjer - ein intens gjenomgang av kjensgjerningane i saki - eller um ein segjer ein innstrengjande gjenomgang av kjensgjerningane i saki? Kann ei påtrengjande stemning verka for påtrengjande, slik at ein heller vil ha ei intens stemning? Me må nok leva med dei anglolatinske ordi, men bør me ikkje tenkja oss um fyre me gløymer gode norske avløysarord? Kompetanse er eit ord som er mest einerådande i dag. Sakkunnskap, serkunnskapar eller serleg fagkunnskap er ord som er i ferd med å drukna og kverva burt. Ordet sak vert òg trengt attende av ordet case frå engelsk. Ein snakkar um case studies, men det må då vel heita sakstudiar. Sak- og personstudiar kann det vel òg vera tale um.

Med kompetanse og case, vert sak til noko mindre sakssvarande eller relevant som det gjerne skal heita i dag. Då fell sak ut i formi sakleg eller sakssvarande med det same. Når ordet sak vert skove til sides på tri slike umråde, vert det då vel fort til at case, kompetanse og relevant et meir um seg. Dei som verkeleg slær på stortromba, skal vel nytta ord som validitet og reliabilitet. Då er ein eit godt stykkje undan folkemålet som kann greida seg med ord som til dømes gildskap og truverde eller pålitelege funn.

Menneske på norsk heiter human på engelsk. Samansetjingar med human hev eit tilvik til å eta seg fast i norsk. Humanisme er nok eit ord me treng, men det er mogleg å nytta andre ord for til dømes humanitær. Velgerdsarbeid, friviljugt hjelpearbeid, veldedig arbeid, godgjerdsarbeid og velferdsarbeid. Human kann vel heita menneskevenleg, hjelpsam, menneskekjærleg, godhjarta og liknande.

Pengar, næringsliv, næringssyssell, pengefolk, pengestyrd, næringssyrd. Slike ord vert det ikkje nytta mange av. Derimot kjem gjerningsordet kommersialisera, tilleggsordet kommersiell inn. Ein komers høyrer me vel ikkje so ofte. Det er vel gjerne forretning eller business som spreider seg attåt kommersialisera og kommersiell. Å gjera pengar av, pengestyrd og pengesaker kann vel stå i jambreidd med kommersialisera, komersiell og business. Men det trengst nok fleire ord som kann tevla med desse anglo-latinske ordi.

Aktiv og aktivitet er ord som folk ikkje legg merke til. Ord som verksam, arbeidsam, onnug og trottug, arbeidsglad, idug og andre ord fell ut og aktiv kjem inn. Sambandet millom aktiv og aktivitet er truleg med på å styrja aktiv på kostnad av andre ord. Når two ord heng saman og det tridje henge på hjul, so kjem aktivisera inn med det same. Ein hev namnord, tilleggsord og gjerningsord eller som dei segjer mest no substantiv, adjektiv og verb. Når ein hev alle desse tri på plass må ein passa seg for då treng ein ei pakka med det same av norske ord, og so må ein akta seg so ein ikkje gløymer ord som berre høyrer til ein av klassane. Det hender vel jamvel at ordklassar vert gløynde. Ein ihuga mann hev mange høyrt um, men det det er vel meir sjeldhøyd å høyra um at folk var fylde av ein sterk ihug. Men skal ein få dekt heile rekkja med aktivitet, aktiv og aktivisera, so må ein vel ty til til dømes til arbeidsgjermål, arbeidssam og å arbeida seg i gong. Det vert vanskelegare å hugsa slike ordklasse- samankoplingar enn å berre velja den latinske ihopkopplingi. Serleg når det norske og det engelske er likt og ein les mykje engelsk, då melder ordi activ, activate og activity seg snøgt, men norskdomen vert sterkare med å nytta dei norske ordi, so ein gjer vel i å akta seg og tenkja gjenom kva ein vinn og kva ein taper med å taka til seg av anglo-latinen. Ord som gjeng på å verdsetja i ulike samanhengar hev kome i bakleksa. Det skal heita vurdera, og so kjem det til ei rad ord som gjeng på å vurdera. Feilvurdera, nedvurdera m.fl. Skal ein koma slike ord til livs, må ein finna ein uppbygnad som gjer at ein ser ein samanheng i heile rekkja av ord som hev stomi vurder-. Verbalsubstantivet vurdering kjem til, so kjem ein til feilvurdera, nedvurdera, umvurdera og so vidare. Dei som gjeng endå meir engelsk til verks skal vel nytta ord som evaluera, estimera, feilestimera og liknande. Ord som miskjenna, mismæta og tenkja eller prøva på nytt let ikkje til å slå like godt til, men dei kann nyttast. Og ein må understreka at det som regel alltid finst ei rad gode ord for dei angolatinske, so vel som for anbeheitelse-ordi. Det gjeld berre um at nordmenn fær bygt opp lysti og evna til å finna dei norske avløysarordi.

So er det slik at nokre ord hev kome inn som ein slags yverflateord. Dei vert nytta i slangspråket der ungdomar kjem i hopelag med dataspråk eller filmspråk og so spreider dei seg etter kvart. Ordet kødding av engelsk kiding på engelsk hev vel nesten slege rot i talemål mange stader, men i skriftspråket stend det vel ikkje på langt nær so sterkt. Deal hev vorte snikinnförd via tv-seriar, reklame og amerikanske filmar. Avtale høyrest i mange samanhengar for høgvyrdeleg ut, og unge menneske meiner at det høyrest gamaldags ut. Dersom ein ser på språket utfrå at det er språkmøte med ord som lærer folk ordtilfanget i eit språk, so kjem ein vel til å måtta segja at det er viktig at ein språkbrukar ser eit ord so mange gonger som råd. Stort sett er det slik at norske språkbrukarar ser etter måten mange norske ord, og dei skynar norske ord utfrå samanhengen dei vert nytta i, og det ser vel ikkje ut til at det vil verta vanskelegare å skyna norske ord, endå um det kjem til fleire angolatinske, men det er i fyrste umgang. Det er langt frå visst at den angolatinske pågangen vil stogga, og me bør vel kor som er satsa på det me er beste til, og det som ingen andre tek seg av – å nytta det norske språket so mykje me maktar. Anglo-latinen er soleis noko ein bør vera varsam med og taka med ei klypa salt.

Falske vener er ei kjend ovring i språkverdi. Frå den nordisk språkrømdi kjenner me til fleire slike. Det heiter til dømes rar på norsk, men konstig på svensk. Dersom du er rar på svensk, so er du sot. Må på dansk tyder ofte kann. «Må jeg være med» treng altso ikkje å tyda at vedkomande som spør, lurar på um han er nøydd til å vera med, men um han kann. Det endrar tydingi fullstendig. Ein norskspråkleg vil spontant kunna segja. Nei, det treng du ikkje. Eg det kann verta tolka som ei avvising.

Gjeng me yver til den engelsk-norsk aksen, so ser me straks at det er ei rad ord som verkar like, men som ikkje alltid er det. Faktisk på norsk heiter actual på engelsk, men utfra eit augneblinksinnfall kunde ein koma til å tru at aktuell på norsk kunde ha ein samanheng med actual på engelsk, men aktuell på norsk kann derimot vera liketydande med ei rad andre ord på engelsk. Til dømes kann ein segja current, updated, up to date, latest, topical eller recent. Desse ordi hev ingenting med actual å gjera, so aktuell og actual heng altso ikkje saman, jamvel um dei liknar på kvarandre i den språklege utformingi.

Det engelske ordet ambitious kann umsetjast med til dømes det norske ordet ærelysten. Eit ord som liknar på det norske ordet ambisiøs, men ein ambisiøs person på engelsk heiter «an aspirational person». YAP tyder difor "Young Aspiring Professional". Jappane er æresøkjande og ærelystne, ikkje alltid ambisiøse, dei treng iallfall ikkje å vera det. So umset ein ambitious på engelsk med det norske ambisiøs, so kann viktige tydingsavbrigde falla burt. Genial på engelsk tyder ikkje genial på norsk. Genial på engelsk er knytt til å vera snill, mild, hjarteleg eller venleg, og det er ikkje heilt det same, jamvel um eit geni kann vera alt dette itillegg. Men koplar med genial på norsk med genial på engelsk, so bommar me. For ein som er genial på engelsk han er: brilliant, ingenious eller inspired.

Ein hund på norsk heiter dog på engelsk. Men so hender det at engelskspråklege nyttar ordet hound. Det tyder ikkje beintfram hund, men derimot; jakthund, sporthund eller i meir yverförd tyding; skurk, slyngel. So ordet er likt og tydingi kann nærma seg, men me treffer ikkje blink med å umsetja hound til hund, her må ein vera noggrant og tolka ordet utfra den samanhengen det er skrive i .

Hell på norsk vert gjerne umsett med luck på engelsk. Men luck hev ikkje alltid so mykje med lukka å gjera. Lukka er happiness. Dersom me gjenge til idiom so kann me sjå at der me på norsk snakkar um å ha hellet med seg kann dei engelskspråklege segja det same på same vis som på norsk have good luck eller be lucky, men òg på andre måtar til dømes; be in luck's way, carry all before one (hell i alt) eller strike oil. Setningsdøme kann vera: At college and in society he carried all before him. På norsk vilde me kannahenda segja: På universitetet og elles i livet hadde han hellet med seg. Eit anna setningsdøme: I say we are in a luck's way. På norsk kann me kannahenda segja at; Me hev hellet med oss.

Men lukka heng ikkje alltid saman med happiness. På bokmål segjer dei at «lykken var bedre enn forstanden» på norsk segjer ein vel kannahenda av lukka var betre enn vitet. Kor som er på engelsk heiter det at: He was more lucky than wise. Happy kjem derimot inn igjen når ein talar um happy events, lukkelege umstende. Uttrykk som happy as a sandboy, happy hunting ground, not a happy bunny er alle uttrykk som me vel knyter til lukkeleg. Kann dei kann umsetjast med; lukkeleg som ein gut på joleftan, lukkelege jaktmarker, ikkje ein lukkeleg liten skrått. Men her er me langt inne i vanskelege vurderingar som profesjonelle umsetjarar må avgjera. Hell, lukka, happiness. Desse ordi viklar seg ein del saman. På høgnorsk likar me òg å nytta ordet heppen.

Vender me oss til Theodore Slettes Norsk-engelsk ordbok, so kann me slå upp ordet heppen der. Slette umset heppe med good luck, good fortune, prosperity, success, successfullness, good hap, win , good chance. Ha heppa med seg kann umsetjast med succeed in. Det var ei heppa umset Slette med til dømes; what luck! Eit anna døme frå Slette. Det høvde so heppeleg at han fann pengane. Det umset Slette med; by a stroke of good fortune he found the

money. Krondømet på kor ørvænen ein kann verta når ein balar med falske vener kjem når Slette umset heppen med dei engelske ordi lucky, happy og fortunate. Det skal ikkje vera lett å treffa spikaren på hovudet. Eller to hit the nail on the head som dei segjer på engelsk.

Frå beinveges umsetjing til norsk

Bladmenn treng kjeldor når dei skal skriva, og det er ikkje alltid like lett å skaffa seg kjeldor når ein ikkje kann fara umkring, men i dag ligg verdsveven der med uante høve til å skaffa seg kunnskap um det meste. Då er det ikkje rart um mang ein bladmann vert sitjande med tekster på engelsk som dei freistar å få yver til norsk målbunad. På vegen kann det skje mangt og mykje med språket.

Ein kann vel tenkja seg at yverskrifti um at ein «Britisk minister trekker seg over Gaza-konflikten» heng saman med ei slik låk umskriving. Folk «diskuterar yver» og «trekkjer seg yver» ting på engelsk, men på norsk kling det ikkje godt å ordleggja seg slik. Me vil vel segja at einkvan trekkjer seg på grunn av Gaza-konflikten eller at ein diskuterar um eller at ein hev diskusjonar rundt eit spørsmål.

Klisjeen at ein stend upp mot kjem seg vel av det engelske uttrykket «stand up against». Uttrykket hev vorte teke uppatt mange gonger i engelske filmar og vert nytta regelfast på engelsk, men på norsk høyrest det ikkje heilt godt ut å segja at «ein må stå opp mot». På norskdansk brukar dei å snakka um å imøtekommme og imøtegå, iallfall i gamle dagar. På hittmålet kunde ein altso seg at «en må imøtegå».

På norsk kunde ein kann henda segja at ein gjekk imot eller at ein mælte imot, eller kannhenda at ein tok til motmæle mot. Dei gamle ordi som hadde hevd frå norskdansk bokheim er åt å falla ut. Dei nye ordi som kjem inn, er slike ord som nynorsken i grunn ikkje hev havt noko imot. Det hev aldri vore nokor fåre for at nynorsken skulde drukna i engelske klisjeuttrykk, men i dag kjem det ei flodbylgja av engelsk yver det norske målet, og ho starta med internett i 1996 og hev halde fram like til i dag. Då kjem med i ei heilt onnor stoda enn fyrr. 20 år med verdsveven hev pint og plåga norskdomen i språket, ikkje slik som fyrr då det var tysk og uppstylda dansk som var motmannen til nynorskfolk. Nei, no er det engelsken som kjem til å tyna ned språket, um me ikkje vaktar oss vel.

Når ein umset beinveges frå engelsk til norsk, må ein merka seg at eit ord hev ei rad tydingar i engelsk som ikkje alltid høver i norsk. Det same gjeld frå norsk til engelsk. Me hugsar statsministaren som sa «good day», når engelskspråklege segjer «good afternoon». På norsk segjer me på slutten av dagen og meiner at det hev vorte kveld. På engelsk kann ein nytta «in the end of the day» um slutten på noko midt på dagen, umlag slik som me brukar «enden på visa», utan at me knyter det til å syngja, men til å avslutta noko.

Um ein skal treffa med umsetjingar frå engelsk til norsk må ein tenkja yver slike ovringar. Då nyttar det ikkje berre å kunna ord, men ein må kunna tyda og nytta litterære bilete og vera kunnig i tropar og figurar frå retorikken. Upplæringi i litterære bilete og retoriske verkemiddel hev ikkje alltid vore like god i skulen. Retorikken hev fyrst vorte ein del av skulefaget norsk etter kunnskapslyftet, difor er det mange som slit når dei skal nytta det norske språket og uttrykkja seg i det heile. Det er leidt, men det i seg sjølv fær vera eit tema for eit anna bladstykke.

Lat oss heller sjå på nokre ord som veltar inn med anglobylgja.

Punkt og poeng er ord som skapar flokor når dei skal yverførast frå engelsk til norsk. Point på engelsk kann tyda både punkt og poeng. Ordet punkt kann ha ei rad tydingsumråde på norsk. Det kann vera knytt til stad utan utstrekning i ord som skjeringspunkt eller tyngdepunkt. Det kann vera knytt til ein viss stad i ord som

utsynspunkt og vekstpunkt. Ordet punkt kann òg vera knytt til eit steg eller ein grad i ord som endepunkt, frysepunkt eller nullpunkt. Og ordet kann vera knytt til ein del, eit avsnitt av noko eller ei sida av ei sak. Døme på det siste kann ein finna i uttrykk som punkt for punkt eller eit framlegg i tre punkt.

På engelsk hev punkt minst 34 ulike bruksmåtar um ein skal halda seg til det ein finn i ei ordbok. Der brukar dei ofte ordet utan samansetjing i til dømes The point of no return og the main point, Når det er tale um det tidspunktet noko sannsynlegvis vil eller truleg vil skje, segjer dei t.d «on the point of starting» eller «at the point of death». I slike samanhengar kann ein ikkje umsetja slike uttrykk beintfram. Slike umsetjingar som til dømes «Punktet for å venda tilbake» eller «punktet for når ein startar», ev. «punktet då ein døyr». Slike beinveges umsetjingar høyrest ikkje gode ut. Ein må vurdera ord som vendepunkt, dødstidspunktet eller starttidspunktet. Ev. andre måtar å segja det på.

So det vert feil når ein les i ein presentasjon av ein film at : «En reporter blir målet for en ond svertekampanje som driver ham nært punktet til selvmord etter at han eksponerer CIAs væpnede rolle mot Contra-opprørerne i Nicaragua.» Men kva er det som er feil?

Dersom me slær upp i ei ordbok, kann me finna desse umsetjingane av ordet point: punkt, prikk, auga på terning, poeng, god eigenskap, odd, ende, tipp, kvass reiskap, kompasstrek; poeng, kjerne, hovudsak; føremål, endemål; punkt, side, stykke, måte; tidspunkt m.m. Me veit ikkje kva som var grunnteksti til forfattaren, men me kann tenkja oss at han hadde ei engelsk tekst som lydde noko slikt som «this drives him close to the point of». Det lettaste er nok å kutta ut heile ordet point i umsetjingi. Me kann freista å umsetja nokso beinveges: Ein bladmann vert sverta i ein kampanje som nesten driv han til å taka livet av seg. Men ei slik beinveges umsetjing verkar ikkje god på norsk, og med det siste ledet um opprørarane i Nicaragua, vert ho ikkje lettare.

Dersom eg skulde segja det kort og brutalt på norsk, vilde eg prøva med: Ein bladmann avslører at CIA skaffar våpen til Contra-opprørarane i Nicaragua, då vert han sverta i ein kampanje og nesten driven til sjølvmort. So kann ein freista å skriva um nesten driven til sjølvmort til engelsk. Dersom ein skriv «closly driven to selfmurder», so trur eg det høyrest like låkt ut som «nært punktet til selvmord på norsk». So det gjeld å tenkja praktisk og ikkje minst norsk. Elles burde det vera meir pinleg å knota på norsk enn på engelsk. Me er trass i alt norskspråklege.

Men for i kveld er linjene stengt.

God, gammel norsk til venstre, engelsk i midten, anglofisert norsk til høyre:

- Favoritt – my cup of tea – min kopp te
- Føde – deliver a baby – levere en baby
- Ha lyst på (sushi) – be up for (sushi) – være opp for (sushi)
- Uaktuell – out of the question – ute av spørsmål
- Enkelt/ bare blåbær – peanuts – peanøtter
- Det jeg kommer på i farten – off the top of my head – fra toppen av hodet mitt
- Påvirket – affected – affektert
- Tillatelse – permission – permisjon

- Innse – realize – realisere
- Bivirkninger – side effects – sideeffekter
- Hjelpe – give a hand – gi en hånd
- Oppdrag – mission – misjon
- Stille opp, ramse opp – line up – linje opp
- Ønske (noen) velkommen – welcome (somebody) – velkomme (noen)
- Utrolig morsomt – priceless – prisløst
- La noen være i fred – leave somebody alone – la noen være alene
- Skille seg ut – stand out – stå ut
- Velge – go for – gå for
- Ta opp (et problem) – address (a problem) – adressere et problem
- Understreke (et poeng) – stress (a point) – stresse et poeng
- (Fem) av (åtte) – (five) out of (eight) – (fem) ut av (åtte)
- (Foretrekke Paris) fremfor (Oslo) – (choose Paris) over (Oslo) – (velge Paris) over (Oslo)
- Opprinnelig – originally – originalt
- Klippe seg kort – go short – gå kort
- Gammeldags/utdatert – dated – datert
- Mene/synes/tro – think – tenke

Kommer du på flere eksempler? Delta i debatten på ap.no/meninger.

Klisjear i anglorushet.

Ein skal ikkje høyra mykje på fjernsyn i dag fyre ein merkar at dei engelskspråklege klisjeane spreider seg. Ei rad ovringer på filmar gjeng fyre seg i eit engelskspråkleg kringvære og nordmenn flest, skynar språket i dei filmane dei ser på kino eller dvd. Likeins vert mange tvinga til å finna fram til og forstå daglegdagse ovringer i eit engelsk språk, når dei skal ha svar på spørsmål som melder i kvardagen.

Idrottsutøvarar og bladmenn som arbeider med sport hev alltid høyrt mykje engelsk kringum seg, men i det siste hev eg inntrykk av dei nye som kjem inn som sportsjournalistar og som sit på deskane kringum i den norske presseverdi let til å godtaka meir engelsk enn det som hev vore vanlegt tidlegare. Det kann koma av at dei les færre bøker og les fleire tekster på internett.

Når klisjespråket frå engelsk glid rett inn, jamvel når det ser snakk um norske tilhøve, må ein byrja å lura. Ei yverskrift lydde: Bikkjeslagsmål mellom Borten Moe og Raja (og underteksten) - Ryker i tottene på hverandre over Mongstad. At folk vert usamde um ei sak, er ein ting, men at dei usamde yver ein ting, må då vera ein meiningslaus måte å uttrykkja seg på når ein skriv norsk. Det må då vel heita «Ryk i tottane på kvarandre um Mongstad».

På engelsk kann ein snakka folk upp og ned. Slik er det av ein eller annan grunn, men det eignar seg ikkje utan vidare å yverføra denne språkbruken til norsk. Det eignar seg vel heller

ikkje å segja at ein hev ei uppsida og ei nedsida, når ein skriv um fyremunar og ulempor. Ei stund var det umtykt å snakka um framsnakking og baksnakking på norsk, men framsnakking høyrest ut som eit rart ord utan hev i språket.

Å gjeva ein person godord eller å segja at ein vil let vel yver eit menneske, må då vera vel so god umtale som å segja at ein snakkar han upp. Gode skotsmål er ord som hev vorte nytta. Å «snakka upp» er då noko som kann få ein til å tenkja på at einkvan talar betre um folk enn dei fortener, og det kann då ikkje vert eit godt skotsmål. Svenskane segjer vel tilliks med oss at dei talar vel um einkvan. Det må då vera ein god talemåte. Den talemåten gjeng då rett inn i engelsk og vil et tru: he spoke well of me. Kvifor ein skal trenga å tala um uppsida og nedsida, jamvel i økonomisk språkbruk, skynar eg ikkje. Børsen hev då havt sine oppgangar og nedgangar i alle år. Ingen grunn til å snu nokor anna sida til, um ein skal venda seg mot den bibelske språkbruken.

Nokre standarduttrykk frå engelsk hev det må å spreida seg inn i straumen av nyhende og reportasjespråk eller i samtalespråket i nyhendene. Fjernsynsreportarane let til å vera verst. Dei skal på ein eller annan måte vera tidhøvelege og tidhøvelege fører med seg at dei skal identifisera seg med engelskspråklege ideal.

Nokre klisjear som kjem inn er til dømes. Du var ikkje der for meg. Uppatt-togge frå ymse filmar. På skapleg norsk. Du brydde deg ikkje, du tok ikje vare på meg, du vera lite heime/saman med meg. Frasen hev vorte sagt på film so mange gonger at folk som ikkje hev lese skildringar der dei norske ordi er nytta eller ikkje tykkjer det vert rett sving på å segja det på norsk, må ty til engelsk, so dei er tidhøvelege nok.

«Eg såg ikkje det koma» er eit anna uttrykk som spreider seg. Endå ein gong en frase som ein kann høyra i mest kvar einaste amerikanske film ein ser, men det vert ikkje god norsk av den grunn. Derimot høyrest det mykje norskare ut å segja at. Det hadde eg ikkje sett fyre meg eller eg tenkte ikkje so langt.

Ein annan frase i same laget. Eg var ikkje heilt der. Kvifor det skal vera so viktig med «der» til slutt, på norsk høyrest det rart ut å ikkje ha med eit verb. Det høyrest meir norsk ut å segja: Eg var ikkje komen heilt dit/der ev. med tillegg av ei at-setning. Eg var ikkje komen heilt dit at eg såg fyre meg kva som skulde verta neste vanske eller utfordring. «Det visst eg ikkje nett då», kunde ein segja. Men denne svingen på at «eg var ikkje heilt der» vert ein slags klisje til at ein er inne i nokre scenebilete som folk kjenner seg att. Me er åt å gjera livet vårt um til bilet, scenor og replikkar frå amerikanske filmar. Det burde vera uturvande, men tyder på at skildringane av dagleglivet i amerikanske filmar let til å råka mange nordmenn godt, medan me ikkje leitar etter å gjera språket vårt norsk. Hadde det vore um å gjera å gjera språket vårt norsk, vilde me ha skydd dei engelske frasane som pesten.

Norske sportsjournalistar i Noreg burde greida å ordleggja seg på norsk vis.

Preposisjonsbruken med so og so mange minuttar att å spela, breider seg jamnast, men no kjem frasen inn i nye sportsuttrykk òg. Denne yverskrifti fekk me servert i ei avis: Sveriges gullhelt klarer ikke gå på ski med en måned igjen til OL. Ein månad fyre OL... Men den unorske målbruken sluttar ikkje der. Preposisjonsbruken i uttrykket «å gå for» verkar ikkje norsk nok. Det vanlege er vel å segja at ein «gjekk inn for å vinna» eller satsa på å vinna. Ikkje den uttrykksmåten som breider seg no: «Me gjekk for å vinna seks kampar». Då kunde ein lesa det beint fram som at ein gjekk av garde til ein stad, so ein skulde vinna kampane når ein kom fram.

Nokre verb på norsk tek objekt andre ikkje og nokre verb tek objekt i nokre samanhengar, men ikkje i andre og so burtetter. Å landa er eit verb som normalt sett treng ein preposisjon, um det skal ha eit objekt. Eg landa med eit fly, kann ein segja. Og ein kann vel segja at ein pilot landa eit fly. Derimot verkar det meingslaust å segja som i ei yverskrift «Stoltenberg landet toppjobb». Det må då framleis vera rett å halda seg til å skriva at «Stoltenberg fekk ein

toppjobb» eller finna ein annan måte å få fram eit bilet på å skaffa seg ein jobb. Um det er for gamaldags å brukta biletet «ridde i land ein toppjobb», so kann vel iallfall segja at «Stoltenberg landa i ein toppjobb». Ev. finna ein annan måte å segja det må som tek vare på norskdomen i målet.

Du var ikkje der for meg - Du brydde deg ikkje, Du tok ikkje vare på meg. Du var lite heime/saman med meg.

Eg såg ikkje det koma – Eg tenkte ikkje so langt. Eg hadde ikkje sett fyre med at det vilde koma

Eg var ikkje heilt der – Eg var ikkje so langt komen

Hvordan å få bort buk fett?

This is money well spent- Dette er vel pengar vel anvendt

This is work well done- Dette er arbeid vel gjort.

This is time well spent- Dette er tid vel brukta.

Team

Assist

Du er kylling

Bunny

Mjuk som eit lam – soft as a baby

Kattemjuk

Feig som ein hund – Chicken

Ti ville uksar.

Men jeg ombestemte meg fordi jeg tenker at noen må stå opp for det som er riktig.

Stand up for what is right - stå fast på det som er rett. -ikkje gjeva seg på det som er rett.

Bikkjeslagsmål mellom Borten Moe og Raja

Ryker i tottene på hverandre over Mongstad.

Noregs uskuld

I årevis hev norske skulelevar vorte introduserte for den fyrste modernismen i lyrikken gjennom nokre sers fåe norske diktarar og ikkje minst gjennom Øverlands hysteriske åtak på modernismen, so seint som kring 1952. Sigbjørn Obstfelder, Kristofer Updal, Rolf Jacobsen er namn som vert nemnde og so Paal Brekke som umsette T.S Eliots diktverk, The waste land, til på norsk: Det golde landet.

Eliot var sjølve hatobjektet for Øverland. I fyredraget "Tungetale fra Parnasset" tok han eit kraftig oppgjer med modernismen i samtidskunsten. "Vi har fått en tonekunst uten melodi, en billedkunst uten form og en ordets kunst uten mening," klaga Øverland. Etter hans syn var dei

nye lyrikarane heilt utan "formende evne" alt dei greidde å skapa var "høystemt abrakadabra" og "rabbel og snikksnakk".

Øverland sjølv representerar kannhenda viktige sidor ved norsk lyrikk. Det vert sagt um målet og målbruken hans at det poetiske målet hans er enkelt. Han skyr store ord. Andre meiner at det er rettare at han aldri gjer stilbrot; ordi er samstemde. I mange dikt brukar han motiv frå kristne ritual og frå folkeeventyri; han forklåra seg med at dette var ein litteratur som folk kjende og hadde tillit til, og difor var han den beste klangbakgrunnen han kunde få. Medan Øverland avbraut studiane sine, valde diktaren T. S Eliot å studera ferdig i fleire byar først i USA, men seinare las han videre i Paris, i Tyskland og i Oxford. I 1927 vart han britisk statsborger. Ein britisk velskula lyrikar mot ein norsk halvstudert røvar. Det segjer seg sjølv at avstanden millom det lærde kringværet i Oxford og millom leidande og velskula forfattarar i Storbritannia var noko heilt anna enn det litterære kringværet i Noreg. Britane og den engelskspråklege litteraturen var verdsleidande og sterkt prega av tilhøve kring 1.verdskrigene. Det var nok av lærde folk i den engelskspråklege verdi og bokmarknaden yverveldande. Ein trong ikkje å tenkja på kva som nådde fram til vanlege folk. Ein kunde skriva til dei innvigde. Den klassiske litteraturen var umfattande og versemåli trong til fornying. Eliot vert umtalt som ein fornyar i europeisk lyrikk. Han er likevel ikkje eit museumsobjekt som det ikkje vert stelt spørsmål ved. Diki hans eggjar framleis til motsegjingar eller tilslutning, dei verkar framleis spennande og utfordrar lesaren til arbeida med det tilfanget han bar fram, og det er vanskeleg å frigjera seg frå og gløyma diki hans.

Då «Det gode landet» kom ut i 1922 var det revolusjonerte det lyrikken både i form og innhald. Heile diktet er på 433 linor, men er utan ei samanhengande handling. Episodar og glimt er sett saman utan yverganger. I fyrste del av diktet er me fyrst på ein vintersportsstad, so i ein bibelsk ørkenlandskap, deretter kjem med inn i tilvisningar til Wagners opera Tristan og Isolde, so kjem me inn i ein herleg hage ei liti stund og tilbake til Wagner i ei onnor lina, deretter kjem me til ei spåkone, og til slutt er med på London Bridge i eit slags Dantes inferno. Lesaren vert kasta omkring gjennom heile diktverket.

Det golde landet er skrive på engelsk, men forfattaren tek inn sitat og ytringar på tysk, fransk, sanskrit og italiensk, og innleidande sitat på latin og gresk. Gjennom heile diktet er det allusjoner til litteratur, og mange små og store historiske hendingar og personar hev fenge ein plass i diktverket. Eliot hev gjeve avkall på å laga samsvar i verseføter, linelengd, rim og strofeform.

Diktet vart omtalt som et stridseple jamvel i heimlandet og millom engelskspråklege lesarar. Mange lesarar fann ingi meiningsbak alle dei gilde ordi og ingen grunn til at lesaren skulde stella ut dei stor kunnskapane, det verka frekt og lite tiltalande mot dei som laut finna fram til kva han viste til. Men den positive omtalen av diktet voks seg sterkare. Det let seg ettervisa at diktet var meir enn eit intellektuelt spel frå Eliots sida. Heilt formlaust er det heller ikkje. Under det veldig mangfeldet av hendingar frå fjern og nær ligg det ein legende som gjev samanheng til «Det gode landet» Graalsegnene um det landet som vart råka av at det ikkje fekk grøda. I dette mynsteret samlar einskildhøvi i diktet seg. Spåkona spår død og kan ikkje augna nokor von i vatnet (symbol på atterfødingi) fordi ho, som nesten alle andre i diktet, er blind.

Themsens hev ein gong vore ei rein og fager elv, men ho er skiten og fæl der ho renn gjennom notidi då diktet vart skrive. Midtpartiet i diktet heiter The fire sermon, eld-preika: I denne verdi der vatnet er vorte ureina, vert menneski etne upp av ein øydeleggjande eld.

Eliot diktar med kjenslor og tek upp store og enkle tema. Han er alltid en høgst intellektuell forfattar, og han er ofte vanskeleg å lesa. Det heng saman med at han ikkje nektar for at det er vanskeleg å dikta i den kulturelle stoda han er ein del av. Han utstyrde sjølv Det gode landet med forklarande kommentarar i eit tillegg.

Desse kommentarane hev nokre nytta til å gjera Eliots poesi til latt og logje, men det er heller eit prov på ærlegdom: Den litterære og kulturelle stoda hev vorti slik at folk ikkje hev noko sams referansegrunnlag lenger. Den kulturelle arven hev vorte uppkløyvd. I denne stoda meiner Eliot at det er eliten som må halda kulturen uppe og taka vare på samanhengen i kulturen. Men slike tilhøve bør ikke kasta nokon skugge yver det som er kjensgjerning og at den er at Eliot er leseleg for nesten alle som hev fenge sans for poesi. Han er den store diagnostikaren millom diktarane på 1900-talet. Han er religiøs og filosofisk diktar og skriv slik at han når ut yver sin eigen krins av trusfellar, temai hans er viktige og formi hans eggjar lesaren.

Fra de dødes begravelse

Innleidingsbolken eller innleidingsdiktet, um du vil er umtalt som «De dødes begravelse». I denne bolken tek forfattaren etter mitt syn eit kraftig oppgjera med stoda etter at 1. verdskrigen er yver. Dei hardlynde og ufylselege dödstali under den fyrste verdskrigen fekk mange til å stella spørsmålet ved um ein verkeleg kunde lita på at teknologien vilde gjeva menneskeætti i ljosare framtid. Fram til då hadde det vore etter måten fredeleg i Europa, iallfall i Vest-Europa. Krigane gjekk fyre seg i Aust-Europa og i andre delar av verdi, men no kom krigens brutalitet til Vest-Europa med ei kraft som ingen hadde kunna sjå fyre seg. På same tid vart Mid-Austen trekt inn, Afrika og amerikanarane kom med i krigen i 1917. Krigen vart verdsumspanande og tyngdepunktet la seg rett nok på dei franske slagmarkene, men krigen umfatta so mykje meir enn Frankrike.

Forfattaren ser fyre seg at det hev vore ein kald vinter, det kann ein lesa som eit bilet på krigen, so lenge krigen gjekk fyre seg var det i seg sjølv med på å halda merksemdi burte frå den øydeleggjande krafti i krigen. Ein hadde nok med å greida seg i kvardagen, slik ein gjerne hev i vinterstid. Ein må greida seg som best ein kann, og bøygja seg for naturkreftene. Det forfattaren fester seg ved er at våren er skræmeleg. April-månad let syrinar bløma upp «av døde marker». Det blandar «minner og attrå, vekker/med vårregn røtter i dvale». Ein kann lesa det slik at forfattaren ser fyre seg at når krigen no er umme, so sit minni att og møttest med lysti til å koma vidare, men våren vekkjer røtene som hev lege i dvale. Dei røtene han ser fyre seg er tydelegvis røtene til heile den europeiske sivilisasjonen.

Duftande syrinar er symbolet på våren og fyresumaren som kjem. Syrinen er truleg den vanlegaste prydbusk som er planta i heile Noreg heilt nord til Troms. I blomespråket tyder kvite syrinblomar at ”eg held fast ved deg”, og fiolette tyder « um du berre visste å nytta augneblinken! », medan bladi tyder at ”eg hev ingen rikdomar.”²⁶ Syrinen hev lange røter i Europa heilt tilbake til 1500-talet. Syrien er difor eit sterkt symbol på at ein tenkjer seg at det blømer upp att i heile Europa og vidare for den del, planten kom frå Mid-Austen, so når syrinen kjem uppatt, so er det ingen tvil um at det kann tolkast som eit samlande og kraftfullt symbol på at krigen hev lagt seg og at notidi er i ferd med å setja fram nye utfordringar for menneski.

Forfattaren uppheld seg ved Starnbergsee der han ser sumaren koma, då regna det, men so vart det sol og då tok han seg ein tur i Hofgarten som er ein renessansepark ved München. Her let det til at forfattaren møter grevinne Marie von Wallersee-Larish, ei austerríkisk grevinna. Marie stend for det gamle samfundet, den lærde delen av europeisk kulturliv. Ho les til langt på natt, og er kannhenda av dei fåe som kann forstå kva Eliot skriv um.

Den fyrste delen vert gjerne umtalta som vintersportsdelen fordi Marie uppheld seg på ein vintersportsstad. Deretter kjem me til ein øydemarksdel. Her viser Eliot til bibelvers frå Forkynnaren 12:10 og Esekiel 2:1. Versi tyder på at mennesket kann få ei ny openberring um kva som skal skje når verdi skal byggjast upp att etter krigen.

I ein tridjedel skifter Eliot yver til kjærlekssjangaren, men kvenna som vert umtala som

«hyiasyntpiken» kjenner seg korkje levande eller dø. Tilvisingane til Wagners Tristan og Isolde, som er ei tragisk kjærleksforteljing med røter i millomaldaren gjev heller ikkje nokor avklåring.

Dei som hev granska diktet nøgje meiner at det kjem inn ein allusjon til Joseph Conrads «Mørkets hjerte» i diktet når Eliot skriv um «lysets hjerte». Her er det snakk um boki Mørkets hjerte der Joseph Conrad skildrar korleis hovudpersonen tek seg fram til ein avsidesliggjande by i eit afrikansk land. Hovudpersonen reiser med elvebåt og skal stogga ein mann som driv med elfenbeinshandel.

Mannen vert til slutt sjuk og hovudpersonen reiser avgarde med han på vegen tilbake. Her vert han tiltrudd eit brev, men han hev ikkje hjarta til å gjeva dette brevet vidare til festarmøyi å mannen. Brevet vert ein løyndom «Mørkets hjerte».

I ein fjerde del kjem Eliot til teosofien. Her er det ei spåkona som skal finna vegen vidare. Ho nyttar seg av Tarotkort, ein sermerkt korttype som hev vorte nytta av spåkonor heilt attende til slutten av millomaldaren. Når han skriv um Madam Sosostri, som spåkona heiter, so er det både ei råd å tolka det som tilvising til gamal egyptisk soga, knytt til ei grøderik tid og til ei bok av Aldous Huxley der Madam Sosostri er ein del av ein satire mot den britiske høgkulturen. Boki til Huxley heiter Crome Yellow.

Når Madam Sosostri dreg fram korti sine, so kjem det upp eit kort der det er snakk um ein fönikisk sjømann som er død og burte, augo hans hev vorte til perlor etter at han hev drukna på sjøen. Eit anna kort i kortstokken vert kalla Belladonna. Det kann spela på dei italienske ordi, ei fin dama, men kann òg knytast tile in giftig plante «nightshade». Det kann òg vera tale um eit bilet av Leonardo som heiter Madonna ved steinane. Steinane er eit kriste symbol som knyter seg til grunnleggjungi av den kristne kyrkja. Kristi tru vert sett opp mot gift. Dette viser tydelegvis til at spåkona og kvinnesymbolikken her kann vera fleirtydig og ikkje heilt til å verta klok av.²⁷

Ein mann med stav kjem inn som symbolikk i diktet. Ein mann med stav kann knytast til mykje, millom anna hungersnaud, men menneske som gjeng i ring er eit anna symbol som let til å setja det heile ut av kraft og gjera alt uvisst. Spåkona kann ikkje lesa ut lagnaden. Det er eit blankt kort i kortstokken, eit kort som ho ikkje kann tyda, jamvel um ho veit at det dreiar seg um ei bør som personen ber på ryggen. Lagnaden vil spela inn, men korleis? Det er uvisst.

Ho finn ikkje den hengde mannen og det gjev inntrykk av at det kjem ein negativ utgang av personkorti med dei tre stavane, og det knyter seg til død frå vatnet. Her kann ein tolka seg fram til at det er mangelen på vatn som fører til død, ikkje det at ein druknar i vatn.

I det femte avsnittet i diktet kjem krigstidi, slik eg tolkar diktet, imot oss igjen. Når det umveges vert vist til Dantes inferno med at det kjem rekjkjor av døde menneske yver London brigde m.m., so melder tidi etter 1. verdskrigen seg. Krigföringi heldt fram etter 1. verdskrigen. Fredsuppgjerdi i Versailles hindra ikkje at både tyrkarar og bolsjevikar kriga vidare, so krigsredslor og framtidspessimisme var det godt grunnlag for.

Avsnittet vert knytt til London. "Uvirkelige City" innleider forfattaren avsnittet med å segja. Det gjev oss inntrykk av at det er noko som ikkje stemmer, og rett nok, lengre ned ser me at det vert tala um at døden hev «slått så mange». Me skal sjå dei fyre oss som levande døde. Ein av dei døde Stetson vert tilkalla av ein eg-person. Her vert det snakk um liket som var grave ned i hagen fyre vinteren. Det vert snakka um at hunden må få grav upp at liket,

og det vert snakka um at det skal spira upp og få blomar yver seg. Det fell meg nært å tenkja at ein hev uttrykket um å gå i hundane. Det vert gjerne knytt til at ein mister alt ein eig og hev og må gå gatelangs liksom eigarlause hundar. Det kann òg tolkast som å gå til grunne.

Eit lik kann tolkast som eit symbol på liki frå 1. verdskrigen. Ein kann frykta for at redsla og den massedøden som var, kann melda seg på ny med dei skrekkelege fylgjone det kann få. Avslutning på diktet er knytt til Baudelaires dikt «Det vondes blomar». Du hypocrite lecteur! – mon semblable, -- mon friere!» Det tyder noko slik som: Hyklarske lesar! – min like, - min bror. Lesaren er skal soleis ikkje kjenna seg noko betre enn forfattaren, men vera like andsvarleg for stoda som forfattaren er.

Motivet i diktet er utan tvil knytt til 1. verdskrig. Kva forfattaren vil segja oss frå ein yverordna ståstad er ei onnor sak? Det kann iallfall lesast ut mykje av ein tematikk knytt til korleis det er å vera menneske i ei vond verd. Og forfattar meiner vel at ein iallfall ikkje må gjeva upp å halda fast ved dei haldepunkti som finst i europeisk litteratur likso vel som i verdslitteraturen.

Det er klårt at Eliot stend for noko anna enn Øverland. Øverland greider ikkje å tenkja so stort som Eliot. Kor mykje Øverland kann ha lese av verdslitteraturen er vel eit studium for seg. Han avbraut filologistudiane sine og var yvertydd kommunist frå starten av. Seinare skifte han ståstad i politikken, men han var svært uppteken av å skriva på ein måte som skulde gjera han tilgjengeleg for vanlege lesarar utan noko større utdaning. Stil og struktur var viktige byggjesteinar for Øverland. Eliot hadde ein høgstil og kunde leika seg innanfor denne høgstilen, medan Øverland skulde få på plass ein stil frå folkediktingi, samstundes med at han skreiv på riksmål og skulde distansera seg frå nynorsken. Berre språkstriden laga ugreida.

Eliots dikt er knytt til ei heil stilfornying som kom innanfor ei rad retningar. Modernistisk litteratur slo vel aldri i røynlegt igjenom i Noreg, fyre langt opp på 1960-talet. Den nasjonale rørsla etter 1905 prega nok landet og i denne samanhengen var det klassiske versemål som gav serpreg til litteraturen vår.

Ser ein på Europa og verdi so hadde modernismen mykje å segja til menneske som var rotlause og som vilde sjå noko nytt og utfordrande som kunde skildra det mangfoldige livet. Det var først midt på 1960-talet at profildiktarane meinte at diki skulde vera folkelege og moderne. Igjen kjem det folkelege inn når modernismen kjem til Noreg med tyngd. Eg meiner vel at det viktige ikkje er det folkelege, men kva ein kann lesa ut av litteraturen når ein set seg inn i gjennom grundige studiar. I so måte er Eliot ein forfattar ein kann læra mykje av, men ein treng nok hjelp av lesarar som hev granska diktingi hans grundigare enn dei fleste av oss kann gjera. «Det golde landet» kom på norsk på slutten av 1940-talet, umlag samstundes med at Eliot fekk nobelprisen i litteratur. Det var sanneleg på tid. Diktet kann godt lesast og granskast meir her til lands, då vil me forstå meir av litteraturen enn berre vår eigen norske litteratur.

Ein kann spyrja seg når skal Noreg mista si uskuld og taka inn yver seg den grufulle og øydande 1. verdskrigen, slik leidande forfattarar i Europa gjorde det på 1920-talet.

Norsksmålsgranskaren Asbjørn Aarseth var ein sermerkt tenkjar og teoretikar. Han var uppteken av ei rad emne innanfor litteraturgranskingi. Millom anna var han glad i Ibsen og gjorde fleire viktige studiar av Per Gynts far. Det som hev gjort meg serleg uppglødd for granskingane til Aarseth er at han let til å greida å setja i hop soga og litteraturforsking på ein måte som tek umsyn til både granskingsgreinene.

Mange hev havt lett for å taka inndelingane i litteratursoga for noko fast og gjeve som ein berre skal godtaka utan å stella spørsmål eller problematisera for mykje. Rennesanse og barokk, klassisisme og romantikk, realisme og modernisme og kannhenda litt postmodernisme, so er ein i mål med litteratursoga, so på det meste, slik tenkjer i allfall storhopen av dei som hev granska litteratursoga på yverflata, jamvel um dei kannhenda hev teke grunnfag i nordisk og undervist i norsk i fleire år.

Aarseth gjer det ikkje so lett, han gjer det snarare vanskeleg. I pakt med dekonstruksjonen segjer han at kvar ættled må verdsetja litteraturen utfrå si tid. Her talar han som ein god sogegranskar. Sogegranskarane fær ofte spørsmålet. Treng de verkeleg å skriva soga um dette endå ein gong. Svaret er like banalt som spørsmålet: Ja. Grunngjevingi er at kvar tid hev sine måtar å sjå verdi på, skal ein forstå verdi, må ein vita kva ein skal sjå etter. Historikarane tek upp emne som folk er upptekne av i samtid og freistar å finna fram til kjensgjerningar um desse emni i fortidi.

Den litterære fortidi er full av bøker og litterære ytringar. Ettertidi hev havt lett for å godtaka dei umgrepi og merkelappane som samtid sette på denne litteraturen, men litteraturgranskingi endra seg mykje på 1900-talet. Nye retningar kom til og nye synsmåtar. I dag kann litteratur lesast på ei rad måtar. På 1800-talet var det ikkje like upplagt å sjå likskapar gjennom heile hundreåret. Fortidi vilde gjerne sjå utvikling, og den litteraturen som kom nærmast opp til samtid hadde ein tendens til å få namn på seg som meir realistisk enn litteratur som låg lenger attyver i tidi.

Grovt sett kann ein segja at Aarseth ser lite mening i realismen som nemning på ein litteraturhistorisk bolk. Han tykkjer at 1800-talslitteraturen er prega av romantiske drag. Dersom ein tenkjer i eit utvida språk og formestetisk perspektiv, vil ein sjå at det fint let seg gjera å tala um 1800-talet som eit hundreår prega av romantikk. Musikhistorikarar ser

romantikken fyre seg som ei retning som varar yver heile 1900-talet og vel fyrst vert avløyst av modernismen.

Romantikken er ei retning som løyner makkritikk, men pressar kritikken so langt som det er mogleg utan at ein vert råka av sensur eller avvising. Til sine tider sprengjer litteraturen grensor, til andre tider ligg ein trygt innanfor grensone og sume tider nærmar ein seg grensone. I ettertid kann ein lett sjå at grensone var der, for dei hev vorte brotne på vegen mot vår tid.

Asbjørn Aarseth tok i boki Romantikken som konstruksjon (Universitetsforlaget) fyre seg Mauritz Hansen, den svenske forfattaren Almquist og den danske Blicker. Etter å ha gjenge gjennom desse forfattarane og vurdert periodeinndelingar ålement sett kjem Aarseth til at det kann vera tenleg å tenkja yver um sju ymsande serdrag ved romantikken er meir dekkjande enn. Han set dei upp og umtalar dei heilt stutt.

Den fyrste er sentimentalromantikken. Det umgrepet fangar inn samanhengen med den kjenslefylte diktingi i den siste delen av 1700-talet. Ein ser fyre seg at ein er åt å koma inn i ei ny tid. Eit klassisk dokument for den sjølvforståingi som råda på den tidi skal vera Schillers essay: *Über naive und sentimentalische Dichtung* frå 1795. Ein annan orienteringsvinkel er knytt til universalromantikken. Denne retningi fører oss inn under dei ufattelege kosmiske kreftene, lengtnaden etter det uppnåelege og fascinasjonen yver urøyvd natur. Mange litteraturhistorikarar vil meina at dette er den røynde romantikken. Røtene kjem frå den tyske filosofen Schlegel og den tyske skulen frå umkring år 1800, og dei fær fram korleis det romantiske einskildmennet upplever fridom eller uppreistar mot sosiale skrankar og korleis ein ser på seg sjølv som nokre småe, men viktige punkt under stjernone. Guddomen og allnaturen kann tala med kunstnarane som er geniale, heroiske og einsame menneske.

Ein tridje orienteringsvinkel kan knytast til vitalromantikken. Ei retning som hev kome fram i samband med Eirik Vassendens bok um Vitalisme på norsk, no nyleg. Aarseth ser fyre vitalromantikken som fyrestelling um ei kosmisk eining som umfattar og transcenterar sjølvet. Ei slik oppfatning finn ein att hjå mange diktarane på 1800-talet. Det fylgjer emd ein tendens til livsdyrking, og ho vert atterspeglia i både metaforikk og i tematikk. Ein tenker på organismar i slektskapstermar – menneske, plantar og dyr er alle organismar som heng saman. Ikjøtingsmetaforane stend sterkt, og ein legg vekt på instinktlivet til menneski, heller enn rasjonaliteten. Romantikken er open for innfall frå det umedvitne og idealisera driftslivet.

I vitalromantikken vert det gjort krav på ein rett til å utfalda seg sjølv. Ein ynskjer å skyva til sides sosiale skrankar og hemningar og krev retten til sjølvutfalding. No var ikkje kunstnarane like bundne til å ha ein velgjerar – ein mesen. Det gjorde at kunstnaren vil vera djervare og meir sjølvstendig.

Fire andre retningar vert trekte inn nasjonalromantikken og liberalromantikken og sosialromantikk og regionalromantikk. Det er serleg liberalromantikken som kann vera meiningsfull å sjå på i vår samanheng. Denne retningi femnar yver heile 1800-talet og stend for fridomskrav. Det startar med borgarskapen som frigjer seg frå det gamel standssamfundet og umfattar alt som kjem til av uppbroten med det sokalla gamle regimet. Gamle restriksjonar, reglar og påbod frå det eineveldet Danmark-Noreg, frå adelsveldet eller på andre umkverve. På slutten av 1800-talet er normer og konvensjonar hjå borgarskapen sjølv under press.

Aarseth er ein lågmælt og nyktern kritikar av gamle litterære termar. Det gamle hev ein tendens til å eta seg inn og setja seg fast i veggane i fedrelandet og langt utover landegrensone. Kor vidt andre granskurar i andre land hev revidert termar som realisme og romantikk, hev me ikkje røkt etter, men det er iallfall liten tvil um at ei stor kunstnargrein som musikken hev greidt seg godt med berre nemningi romantikk innanfor heile 1800-talet. Det er tankevekkjande. Målarkunsten kann heller ikkje eintydelegt fjernast frå romantikken og yverførast til realismens termar. Då stend i røyndi romantikken sterkt.

Modernismen som avløyser romantikken, gjev vel på mange måtar upp kritikken av makti, men vert like fullt farleg, for den segjer at normer og konvensjonar ikkje er viktige lenger. Målaren Ernst Kirchner fekk merka Hitlers Reidskap. Bileti hans var millom dei som hørde til den forfallne kunsten, den kunsten som ein ikkje kunde ha i eit vellukka samfund bygd på ariske verdiar. Musikaren Shostakovich fekk ikkje utfalda seg fritt i tonespråket sitt, han måtte taka umsyn til Stalins rolla som musikk-kritikar. I Noreg gjekk Arnulf Øverland til åtak på modernismen i lyrikken som han kalla for «Tungetale frå Parnasset».

Modernismen er ei formestetisk retning i åndssoga. Han slær inn i målarkunst, musikk og litteratur. Aarseth kjem millom anna på ein av dei som hev funne åt mot modernismen og knesett eit slags realistisk syn. Kritikarar av modernismen som György Lukács vilde vel peika på at modernismen ikkje hev eit klart nok normativ grunnlag for kva som er og bør vera til dømes den fremste uppgåva for diktarane og diktingi. Lukács ynskte å understreka at diktingi handlar um einskildting og ålmennumgrep som vert sett saman. Han set som klassisistane upp eit ideal for diktingi som ein kann etterlikna. Der Homer og andre antikke diktarar vart sett opp som formideal på 1700-talet, so vart det den franske diktaren Balzac som vart idealet for Lukács. Han meiner at Balzac hev ei evna til å framstella mennesket både som type og som totalitet. Lukács finn åt naturalismen og meiner at den berre legg vekt på einskilde delemne av røyndomen. Det utvendige sokkeloset og medvitsstraumsromanar tek berre upp sjellelege spissfenomen som aldri kann verta til noko viktig, meiner Lukács.

Romanserien «På sporet av den tapte tid» av Marcel Proust er ein romantype som det er verd å sjå på i dette ljoset. Han fylgjer ein typisk romanestetikk som ikkje fell Lukács lett for brystet. Dei ytre råmone kring personane vert i liten grad trekte inn. Det viktige i bøkene er å visa korleis småe endringane av hårfin art prega livet til delar av ei eksklusiv samfundsklasse som ikkje er heilt absolutt. Personar kann velja å fylgja hugmåli og normene i den innvigde gruppa eller brjota ut. Småe avvik vert uppfatta som svært viktige. Den fyrste heimskrigen som ligg som ei råma rundt det heile kjem sjeldsynt til yverflata.

Lukács var ein sentral kommunist i Ungarn, samstundes med at han hadde evna til å arbeida etter måten sjølvstendig med litteratur. Den interessante motsetnaden som ligg i tenkjingi kring Lukács er vel kannhenda korleis formestetiske retningsnemningar kann skoda innyver og utover. Romantikken er ei grensesprengjande retning som peikar i mange ulike leider. Modernismen hev sine grensor gjennom at einskildmennet fær ytra seg nokso uhemja, men modernismen vantar ofte ein klår plan. Retningi er meir uppteki av det innfløkte i samfundslivet, og korleis folk kann uppleva sidor ved det innfløkte samfundslivet. Dei subjektive upplevelingane vert viktigare enn at ein treng å leggja arbeid i å få laga tidstypiske biletar av samfunden og taka opp handfaste spursmålsstellingar som det bør kastast ljós over.

Realismen på si sida hev vorte ein sekkepost som ein kann putta kva som helst ned i. Kva til dømes Ibsen og Johnny Halberg hev sams er vanskeleg å segja. Ibsen vert kalla realist, Halberg hev vorte sett under merkjelappen skittenrealist. Skuggesidone ved realismen hev

vinstresida vist oss gong på gong. Sosialrealismen som skulde vera den mest rådrikne under sovjetkommunismen, var langt frå nokon hugnadleg genre. I røyndi var det ei retning som berre skulde tena makti og tok knekken på kunsten. Kunst skal vera kunst og ikkje eit verkty eller ei beinveges avspeglung av korleis verdi ser ut.

Møte med moderne musikk

Av Lars Bjarne Marøy

Artikkelforfattaren hev vore på fleire konsertar der det hev vorte framförd moderne musikk. Her delar inntrykki sine med oss.

Eg skal ikkje dylgja at eg hev vore mistruen til moderne musikk, og eg veit ikkje alltid um det er den moderne musikken eg kjem til å verta gladast i. Romantiske operaer nokolunde etter ein slags italiensk læst fell det meg lett å lika. Den fær fram den menneskelege storleiksformer som kann knytast til indre kjenslor, temai kann vera handgripelege, men djupbotna likevel. Det er ofte enkel stridsmål som fær dramatiske utslag.

Moderne musikk vert gjerne knytt upp til Debussy og Goldbergs atonale musikk. Men moderne musikk er mykje meir enn berre knytte til desse einskildmenneski. I Noreg hev me ikkje alltid fanga upp mangfeldet i den moderne musikken. Ikkje so rart i og med at mykje av den musikken som er mest umtykt innanfor klassisk musikk hører heime i romantikken, og det med rette. På den andre sida hev det gjenge umlag hundre år der den moderne musikken hev kunna veksa fram. Difor vert det spanande å gjera seg tankar um moderne musikk, gjerne i etterkant av å ha hørt slik musikk. I år hev eg havt høve til å møta moderne musikk ved fleire høve.

Fyrste gongen var ved ein årleg konsert i Nationalmuseet i Stockholm Der heldt den store svenske pianisten Peter Jablonski konsert i slutten av juni. Det som var serleg verd å merka seg var framföringi hans av den amerikanske tonediktaren Leonard Bernstein. Bernstein slo i gjennom som dirigent i Ny York i 1944 etter at han hadde studert på Harvard. Han fann seg vel til rette med å henta fram byggjesteinar til tonekunsten sin frå jazz og latin-amerikansk musikk.

Bernstein komponerte mykje til det ein kann kalla ei form for tidleg populärmusikk, men av dei meir klassiske tonesetjingane hans er: tre symfonier (*Jeremiah Symphony*, 1943; *The Age of Anxiety*, 1949; *Kaddish*, 1961–63), *Chichester Psalms* for kontratenor, kor og orkester (1965), sonate for klarinett og klaver, *Meditations* for cello og orkester (1977).

Ein annan tonesetjar som hev vunne seg namnfrægd er Aaron Copland

Tidleg på 1920-talet og i nokre år etterpå stod verki til Copland fram med farge av ein rådande tanke innanfor intellektuell kunstnarar um at kunstnarane er ei gruppa nybrotsmenn

som hev til å uppgåva å leida den store massen. Vanlege lydarar vil ikkje kunna læra å verdsetja den nye musikken fyre det hev gjenge nokso lang tid. Utfrå denne tanken trong ikkje tonekunsten å vera tilgjengeleg for andre enn for ei gruppa av folk med serkunnskapar innanfor den nye tonediktingi. Dette synspunktet måtte Copland tenkja gjennom på nytt. Han fekk trong for å nå ein breidare tilhøyrarskare. Coplands musikk stod først fram som sterkt, hard og skulde visa fram både den nye klangen og uttrykket i ein moderne musikk. Det var liti forståing i pressa og millom tilhøyrarane. Trass i at 1920-talet var eit av dei store innanfor jazzen hjelpte det ikkje. Coplands musikk vart for kvass i kantane. Millom anna var det lite gjenomslag å henta for Ode fra 1929 og Short Symphony fra 1933.

Copland byrja å tenkja gjennom tonediktingi si på nytt og fann fram til at han av strategiske årsaker måtte endra det musikalske grunnsynet sitt. Det førde honom yver til at han nærma seg haldninger og idear som ein kann finna i tysk ”bruksmusikk” (Gebrauchsmusik) – musikk som skulde ha ein nyttefunksjon samtidig som den hadde eit sjølvstendig kunstnarisk innhald utan umsyn til nytteverknaden. Då krystalliserte det seg ut two handfaste sevjelaup som kunsten kunde fylgja. Musikken skulde vera letttilgjengeleg – ikkje minst for musikkelevar. Men musikk skulde òg ha ein breidare appell det gav seg utslag i musikk for skodespel, film og radio, seinare kom fjernsynet med. Hjå Copland kom dette til uttrykk ved at han komponerte ein heil del musikk for unge tilhøyrarar millom anna ei rad pianostykke – The Young Pioneers – og ein opera – The Second Hurricane. I 1936 fullførde han òg eit av dei mest vidkjende verki sine, El Salón México, som saman med fleire andre høveskomposisjonar er musikk med ein breid appell. Og andre verk Copland hev vorte kjend for er knytte til amerikanske tema: Appalachian Spring, Billy the Kid and Rodeo.

Og når ein kjem til El Salón México, so er me der Copland og Bernstein møtest i det at Bernstein tilrettelegg dette stykket som ser ut til å finnast i minst two versjonar – ein for eit piano og ein for two. Då Peter Jablonski spela dette stykket under konserten i Stockholm gjorde det sterkt inntrykk. Det er ein livfull musikk som uttrykkjer kjenslor og som skapar ei stemning som set ein langt inn i ei filmverd. Ein kann vel finna stoff frå Rag-time musikken til Scott Joplin eller frå jazz-komposisjonar eller rett og slett frå film-musikk. Vekslingane er sterke og kvasse, men dei gjer ein meir fjåg enn arg. Dei pirrar og gjer ein lystig. Jablonski fekk dette fram på ein ypparleg måte. Ein fekk lyst til å spela med, men heldigvis er vitet sterkare enn spelehugen. Dette møtet vart det sterkeste, jamvel um Jablonski hadde fleire stykke på spelsetelen denne kvelden.

Tyskland er eit land der folk hev godt vit på musikk. Difor var eg svært spent på kva eg vilde uppleva då eg for til Hamburg i sumar. Her vart det rett nok gilde vitjingar på både Brahms og Teleman-museet med ovhuga formidlarar som mest ikkje visste kva godt dei kunde gjer for ein musikkinteressert nordmann.

Men det var ein kyrkjekonsert i St. Michaelis som verkeleg endra det meste av mi forståing av kva som kann kallast kyrkjemusikk. Eg visste at kyrjeorgelet er ei spelgreida som hev sers mange låtar og tonar å spela på, men eg hadde aldri drøymt um at det fanst moderne kyrkjemusikk. Dette vart ei ny verd for meg, og då eg uppdaga kor mange tonediktarar det er innanfor ein moderne kyrkjemusikk-stil vart det eit eit yverveldande inntrykk som eg enno ikkje heilt hev makta å taka innyver meg.

20. juli i Stuttgart var det Jörg-Hannes Hahn frå Stuttgart som stod for spelsetelen i St. Michaelis. Han tok til med klassisk kyrkjemusikk av Bach, men so kom det meir moderne komponistar på rekka og rad

György Sándor Ligeti vart fødd i 1923 i Dicsőszentmárton (i dag Tîrnăveni) i Transilvania i Romania. Han døydde i 2006 i Wien. Han var ein ungarsk-jødisk komponist, og han var rekna som ein av dei største komponistane i det 20. århundret. Han laga film-musikk som kannhenda gav han mest åtgaum i umverdi. Der vart han millom anna knytt til Stanley Kubricks film 2001: En romodysse, Ondskapens hotell og Eyes Wide Shut. Alle filmar som hev vunne seg eit namn i filmsoga.

Då Ligeti vart født i 1923 i Dicsőszentmárton, hadde denne byen i Romania for det meste ungarske innbyggjarar, men med ein stor jødisk koloni. Den musikalske utdanningi si fekk Ligeti på konservatoriet i Cluj-Napoca, men i 1943 måtte han bryta av studia fordi han var jøde. Han hamnet i ein arbeidslægjer. Huslyden i hjembyen hamna i Auschwitz, der alle med undantak for mor hans døydde. Etter krigen heldt han fram studia i Budapest og tok eksamen på Franz Liszt-akademiet i 1949. I 1956 flykta Ligeti av kunstnariske og meiningskilnadsgrunnar med kommunismen til Wien der han vart buande

I Wien fikk Ligeti koma i samband med samtidsmusikken i vest. Karlheinz Stockhausens elektroniske musikkstudio i Köln vart ei plattform. Ligetis musikk vart likevel ikkje elektronisk, musikken hans var instrumental. Darmstadt, Paris, Stockholm og San Francisco var byer som han vart knytt til gjennom stutte opphold både som tonediktar og lærer. Fra 1973 til 1989 var han lærer ved Hamburg Hochschule für Musik und Theater. I denne tiden studerte den norske pianisten og komponisten Wolfgang Plagge med Ligeti.

Ligeti komponerte operaen *Le Grand Macabre* som er ein sterk mot-mot-opera. Her vert det trekt inn politisk stoff, men også sterke undergangsstemningar. Det kann vera forståeleg når ein tenkjer på bakgrunnen til Ligeti som fekk huslyden sin utrutt under krigen og sjølv måtte røma frå Ungarn i 1956 av politiske årsaker. På sjølve kyrkjekonserten var det 2. Etüde: Coulée som stod på spelsetelen. Det er eit etter måten kort, men sterkt og godt døme på Ligetis tonekunst. Det er ikkje musikk det er lett å høyra på slik utan vidare, men den provoserar til ettertanke yver kva som kann kallast sakral musikk. Eg trur nok ikkje eg vilde lika å høyra for mykje slik musikk heller, men på den andre sida er ikkje romantisk musikk i stand til å uttrykkja kor samansett og innfløkt verdi vår er i dag. Den ljodlege voksteren hev vore ovstor på 1900-talet med ulike former for lagring og formidling av musikk. Noko av denne voksteren bør også kunna gjeva seg uttrykk i musikken, slik at me fær tematisert andre ljoduttrykk enn det som hev vore vanleg i tidlegare tiders musikk.

Max Reger vart fødd i 1873, han døydde i 1916, han var ein tysk komponist. Fra 1907 til sin død var han professor ved konservatoriet i Leipzig. I tonediktingi si viste han ei eineståande evna til å meistra polyfone tonediktingar. Reger var ein viktig komponist på byrjingi av 1900-tallet. Han tok opp og fornya former frå barokken, samtundes som han var ein djerv harmonikar og vart ein av yvergangsfigurane til vår tids musikk.

Han skrev orkesterverk som *Hiller- og Mozartvariasjoner* (1907, 1914), *Lustspiel-Ouvertüre* (1911) og *Konzert im alten Stil* (1912), korverker (*Der 100. Psalm*, 1909, *Die Nonnen*, 1909), kantater, motetter, sanger (*Mariä Wiegenlied*), kammermusikk, orgelverker (*Phantasie und Fuge über Bach, Introduktion, Passacaglia und Fuge, Phantasie und Fuge*), klaververker (variasjoner over temaer av Bach, Beethoven, Telemann) m.m.

Medan Ligeti er ein provokatør, tykkjer eg Reger er ein musikar det er lettare å høyra på og finna seg vel til rette med. Musikken hans er både moderne og prega av lang musikalsk sedhevd. Reger var sjølv katolikk, men var svært glad i protestantisk kyrkjemusikk, serleg koralverk. Han vart vidkjend for orgelmusikken sin, men musikken hev tidvis vore gløymt, men takk vera mange eldsjeler vert Reger lyfta fram ved eigne tilskipingar og festivalar i vår tid. Reger fann attende til barokke ytringar som koralfyrespel, fantasiar og fugar so vel som passacaglia som er ein langsam sats, oppbygd som kontrapunktiske avbrigde yver eit stutt, basstema som vert teke uppatt og uppatt. Reger utviklar desse barokke ytringsformene på ein tankevekkjande og ny måte.

Jamvel um Reger finn kjeldone sine i barokken, stend han i ein klangleg hevdslina frå Brahms og Liszt. Han hadde òg høge tankar um Richard Wagner. Reger var ein fullkommen utviklar av sokalla kromatisk polyfoni som han fann gjennom fyrebiletet sitt som var Bach.

Å høyra Symphonische Phantasie und Fuge i d-moll op. 57 „Inferno Phantasie“ er noko som verkeleg gjer inntrykk. Det er som å uppleva ei undergangstemning utan like. Det er ei underleg millomstoda i musikken. I hovudsak kann ein finna seg heime i eitkvart romantisk, men musikken er sterkt upprørt og skiftande og slik sett møtest eitkvart av det meste kjenslerike i barokken med noko av det kjenslerike i romantikken, samstundes som at det moderne bryt fram. Slik kjennest det iallfall for ein amatør utan musikkfagleg bakgrunn. Det er vel iallfall liten tvil um det er lite som provoserar i denne musikken samanlikna med mykje av den andre musikken som ein finn innanfor modernismen.

Meir kunde verta sagt um kyrkjekonserten i Hamburg og andre tonediktatarar som hev stade på dagsetelen i St. Michaelis, men eg vil samstundes yver til endå ein moderne tonediktar. Ein av dei verkeleg store og verksame på 1900-talet. Eg tenkjer på Hans Werne Henze. Det er fåe utanfor musikk-krinsar med god kjennskap til europeisk samtidsmusikk som let til å ha hørt um honom. Det hindra ikkje meg frå å stella upp i Domkyrkja i Bergen på konsert, og eg vart ikkje vonsviken.

Denne kvelden var det Hennes rekviem som stod på spelsetelen. Det vart ein spanande uppleveling, endå ein gong eit møte med moderne musikk, den gongen òg moderne kyrkjemusikk. Rekviemet hadde eit sterkt personleg fyrespel. Henze miste viktige personar og inspiratorar i livet sitt yver eit kort tidsrom og stod sjølv i føre for å døy, men kom seg til hektene att. Då måtte han få utløp for kjenslane sine, og det fekk han i eit rekviem. Her er det blåseinstrumenti som kjem i framgrunnen. Når ein brukar trompetar og blåseinstrument reint ålmennnt, er det eit uttrykk for noko som er sterkt, maktfullt og må understrekast. Henze gjer det til yvermål, og det vekkjer sterke stemningsbåror.

Henze er ein medviten tonediktar. Det finst andre rekviem som kann gripa ein med fylgjetrengleik og eitkvart fagert og forlikeleg. Trompetane og trumbone og den frie formi i framføringskapar eit meir seinvesges samband millom musikarane og tilhøyrarane, tykkjer eg. Det vert sterkt, men veldig rett på sak, og eg tykkjer det vert vanskeleg å få tankane på glið, slik som eg lettare fær i andre rekviem som Verdis. Eit ord som melder seg er intimitetsbrot, men det vert ikkje heilt rett det heller, for det er avstand, det er berre det at ljodane kjem nærrare innpå ein.

Kor som er. Eg vart nyfiken på Hennes musikk. Korleis kann det ha seg at tonediktatarar som jamvel er svært verksame ikkje når ut til nordmenn eller andre musikkinteresserte? Ei upplagd årsak er vel at det skal folk til for å spela ulike former for musikk, og då krevst både

dei som kjenner til tonekunsten og musikarane til å framføra han. I Noreg er me trass i alt ikkje so mange som kann framføra musikk av ulike slag. Ein skal ikkje lenger enn til Sverike, so fær ein eit noko rikare repertoire. Det segjer seg sjølv at innanfor det tyske språkumrådet med sine umlag 90 millionar innbyggjarar og lange musikktradisjonar vert det meir å visa til.

I dag spreider musikken seg som aldri fyrr. Folk reiser meir, dei nyttar verdsveven, dei tingar musikkvideoar og dei finn fram til ymse former for musikk i mykje større grad enn berre for 30 til 40 år sidan.

Vel, eg kjøpte beinast operaen *Boulevard Solitude*. Denne operaen viser mange av styrkane til Henze, vil eg tru. Han greider å få fram tilvisingar til tidlegare operaer som byggjer på Manon Lescout. Sjølv tenkjer eg framfor alt på Pussinis, samstundes som at dette er ein opera som gjeng fyre seg på 1900-talet. Storparten av handlingi er jamvel lagt til ein jarnvegsstasjon i Paris.

På denne jarnvegsstasjonen møtest Armand, den mannlege tenoren, Manon Lescout. Dei er både på reisefot, men finn saman og skaffar seg eit husvære i Paris. Her bur dei i småe kår. Armand hev vorte utstøytt av faren, og treng pengar som han skipar seg til med via venen Francis.

Medan Armand er burte fær broren til Manon Lescout tak i henne og vil ha henne til å verta elskarinna til ein rik gamal herre, Lilaque. Broren vil tydelegvis koma seg inn til denne herren av di han er rik. Han stel pengar frå Lilaque og kjem seg undan med det. Seinare møter han Armand og er med på å skaffa han kokain. Armand hev vorte nedfor av at Manon Lescout hev forlate han, og han hev vondt for å forlika seg med det. Difor tyr han til rusmiddel. Men broren til Manon Lescout som hev tjukke røter inn i det kriminelle kringværet i Paris er ikkje nøgd med at han hev fenge tak i pengane til Lilaque. Han vil ha fleire verdiar ut av dette huset. Manon Lescout er på ny i huset, og då fær broren kutta ned eit stor målarstykke som han vil selja. Manon Lescout freista å forføra Lilaque, men ho greider ikkje å dekkja yver at målarstykket er burte. Lilaque freistar å taka eit uppgjer med broren til Manon Lescout og Armand som er i huset samstundes, men det endar med at Manon Lescout skyt honom.

Armand og broren til Manon Lescout kjem seg undan, men Manon Lescout vert fengsla. Nedtrykt og nedbrotten vil Armand sjå sin store kjærleik for siste gong. Det heile vert avslutta med musikalske nummer frå livet deira.

Det er ein nesten diskret musikk i denne operaen, ein fær kjensla av at dette ei ihopfløkjing av opera, pantomime og film. Det er òg meir handling enn reine songnummer og orkester hev ei langt meir tilbaketrekt rolla enn det ein vilde finna i andre operaer av meir klassisk merke. Eg sit att med ei merkeleg kjensla av å ha sett noko viktig utan at eg greider å setja heilt ord på det. Operaen vart framførd for fyrste gong i 1952, og det er utan tvil nytt og uventa at ein trekkjer inn rusgift i form av narkotika som eit motiv i ein opera. Annan organisert kriminalitet er vel likeins noko litt nytt. Her er det tydelegvis snakk um organisert prostitusjon og umsetjing av ulovleg rusgift.

Kva sit eg so att med etter desse møti med moderne musikk. Det er vel vanskeleg å segja noko bastant, men eg trur at eg hev fenge meir forståing for den moderne musikken enn eg hadde tidlegare. Det er ein musikk som er utruleg mangslungen og hev vore dyrka og arbeidt meir med enn mange vil tru. Dette er langt frå berre ein enkel kling-klang-musikk. Det er

mange avbrigde av moderne musikk. Den kann ha sine likskapsdrag med romantikken, den hev vorte påverka av populärmusikken, men viktigaste er det vel at moderne klassisk musikk er ein musikk som ofte hev vorte plassert millom two stolar. Dei som likar populärmusikk likar ikkje klassisk musikk, og dei som likar klassisk musikk likar ikkje moderne klassisk musikk. Dei klåre boksane og skiljeveggene er vel likevel i ferd med å verta færre. Den moderne musikken hev kome for å verta. Den vil nok ikkje utan vidare verta like stor som mykje av den romantiske musikken som hev levt sterkt på både 18- og 1900-talet, men den lever og er i ferd med å byggja seg opp til noko varig som me vil få grundigare skriftlege framstellingar og yversyner yver etter kvart som ein fær meir forståing for og perspektiv yver denne tonediktingi

Countrymusikk

Countrymusikken eller country- og westernmusikk er ei blanding av populære musikkformer som ein opphavleg fann i sørstatane i USA og i dei appalasiske fjelli. Den hev røter i hevdvunnen folkemusikk, keltisk musikk, gospel musikk og gamaldags musikk og hadde ein snøgg vokster i 1920-åri

Uttrykket country byrja å verta nytta i 1940-åri, då det gamle uttrykket hillbilly-musikk vart sett på som nedsetjande og uttrykket var vidt utbreidt i 1970-åra, medan country og westernmusikk er eit uttrykk som er i tilbakegang, undantek for i Det britiske samveldet og Irland, der det er vanleg å bruka dette uttrykket.

I dei sydvestre delane av USA voks country-formi fram og ein fekk ein ihopvokster av tonekunst frå etniske grupper som skapa den musikken som vart til country-musikk. Uttrykket byggjer på at både country og western fann saman. Country-musikken gjev i dag namn til mange stilar og undergenrar.

Country-musikken hev vore med på å skapa grorbotn for minst ein av dei mestseljande utøvarane, nemleg Elvis Presley. Presley vart ein attergangar på radioen. Louisiana Hayride var ein framgrunnsmann når det galdt å umgrevsavgrensa countrymusikken i høve til framveksten av rock and roll. Samtidsmusikarar som Garth Brooks med 220 selde album, er ein av toppseljarane millom utøvarar som lever i dag.

Medan album-salet for dei fleste musikkgenrane hev falle, upplevde country-musikken eit av sine beste år i 2006. Salet av country-album auka med 17.7 prosent til 36 millionar. Dessutan hev country-tilhengjarane yver heile USA vore støduge til å kjøpa album i nesten eit tiår, og

ein kjem upp i 77,3 millionar vaksne åhøyrarar kvar veke, etter det som kjem fram i mælingane til kringkastings-byrået Arbitron Inc sine tal.

På 1960 talet skorta det på tekniske hjelpemiddel samanlikna med dei ein finn att i musikken i dag. Etter kvart hev det kome til nye instrument som bassgitar, tangentfjøl og ulike former for elektronisk musikk. Desse hjelpemiddeli har truleg endra country-musikken. Ulike utøvarar hev nytta spelgreidor (instrument) og song på ymist vis, men likevel ser det ut til at country- musikken er kjenneteikna på ei rad måtar og at dette framleis pregar musikken. Dei mest utprega spelgreidone (instrumenti) i countryen er gitar, bass, trombar, tangefjøl, steel gitar, pedal steel gitar, mandolin, banjo, munnspele, fela, piano, dobro, dubbel bass og songarane er likeins veldig viktige.

Country hev funnest i mange år, men kvifor er country-musikken framleis sterkt umtykt? Mange vil vel ha fordomar til countrymusikken og meina at musikken er harry eller eitkvart servore, og fåe vil kannhenda gå med på at dei i røyndi likar country, men når alt kjem til alt, er countrylåter både mykje spela og brukte i mange samanhengar. Eg trur bassen spelar ei viktig rolla i so måte. Samspelet i musikken med sterke vekt på det songlege gjer musikken mindre utsett for å verta for avstikkande og innettervendt. Jazzen og bluesen kann nok få større vandemål med samspelet i musikken og kannhenda ikkje minst det jamne trykket som eg meiner at countryen er full av.

Countrymusikken hev fleire objektive serdrag som fell heldig ut for musikken. Ikkje minst er det nok bassgitaren som pregar musikken. Det er alltid trykk i ei god countrylåt. Tenk berre på pianospel i Nine to five av Dolly Parton. Den er veldig sterkt og minnar litt om skrivemaskinskriving. Det før oss til å verta gripne av og tenkja på trykket i det hektiske kvardagaslivet på eit kontor. Felespelet var sterkt uppjagande og livleg i den upphavlege countrymusikken og gav ein hug til å dansa. Felespel hev ei hevdvunni stoda gjennom fleire hundreår når det gjeld å skapa dansestemning, so her hev countrymusikken verkeleg teke vare på eit viktig stemningsskapande element. Kven hugsar ikkje spelemannen Sigbjørn Bernhaft Osa i samspel med Teddy Nelson?

Country rock 1960 – 1970

Country-musikken rann saman med rocken på 1960-talet, og Country-rock hev fenge næring frå sevjelaupi til i same fylgd countryen og rocken. Alt på 1960-talet hadde ein kome i gong med å nytta gitar (akustisk, elektrisk og pedal steel), piano, trombor og bassgitar.

Country- rock er ein undergenre til populærmusikken. Rock og country hev vakse i hop og vorte til noko som ligg midtveges millom country og rock. Umgrepet vert vanlegvis nytta når ein viser til den bylgja som slo inn då ymse musikkarar byrja å spela noko som smaka country og sette denne musikken på fana på slutten av 1960 og byrjingi av 1970-tallet, dei første bylgjeskvulpi kom med Bob Dylan og The Byrds, og denne bylgja nådde ein topp på 1970-talet med artistar som Emmylou Harris , det Eagles og Pure Prairie League .

Rock and roll hev ofte vorte sett på som at ein dreg saman byggjetilfang frå rhythm and blues og finn høveleg byggjetilfang av same slaget i countryen, so makar ein dette tilfanget tydeleg

saman på 1950-talet i rockabilly , [1] , og det hev vore krysspollinering gjenom heile soga til både genrane, men når ein nyttar umgrepet country-rock, er det vanlegvis for å visa til den bylga av rockemusikkarar som byrja å spela rock poster ved hjelp av tema frå countryen, songlege stilar og ekstra instrumentering, mest karakteristisk pedal steel gitar .

Countryrock er ein musikk sjanger som liknar country, men er i sterkt grad påverka av rockemusikk, serleg gjeld dette instrumentbruk med stor vekt på eit breidt ljodbilete jamført med country og ein brukar elektriske gitarer som er lette å kjenna att frå gong til gong. Heilt fār tidi med rockabilly på 1950-tallet hev både desse sjangrane påverka på einannan, men med umgrepet countryrock meiner ein framfor alt dei artistane som kombinerte rockmusikk og countrymusikk mot slutten av 1960-tallet og byrjingi av 1970-tallet. Mange reknar Gram Parsons som countryrockens far, men òg Creedence Clearwater Revival

<http://www.youtube.com/watch?v=nJAjOlp4Tas>

var tidleg ute med å setja ihop rock og country. Utyver 1970-tallet ble sjangaren vidare utvikla av artistar som Emmylou Harris, The Eagles og Neil Young. Countryrocken hev inspirert mange artistar både innanfor rock og alternativ country.

Outlaw country 1970 – 1980

På 1950- og 1960-tallet freista mange å atterskapa den ekte og upphavlege countryen. Men det var fyrst på 1970-tallet då Texas-duoen Willie Nelson og Waylon Jennings gjekk hardt ut og kravde å få skriva songane sine og avgjera kva for platefirma som skulde tilverka platone at det verkeleg vart mynstra til uppreistar millom country-artistane. "Den lovlause rørsla" endra spelereglane i genren for all framtid.

Waylon Jennings var ein frontartist for lovlaus country. Waylon fann saman med Willie Nelson, og dei toa toa laga noko av den beste musikken innanfor den rørsla som vert knytt til lovlaus country. Dei samordna til dømes Wanted: The Outlaws, som vart det fyrste country-albumet som selde til platina.

I den perioden her var gitar, bass, trommer, banjo og vokal viktig.

Lastebilskøyring-country 1980-1990

Lastebilskøyring-country er av ein undergenrane til country som kom på 1980-tallet. Den er ei ihopflökking av 3 forskjellige country genrar. Bilkøyring-countryen fekk takt frå country rock og kjensleinnslag frå honky-tonk. Songane handlar ofte om å køyra lastebilar eller er reine kjærleikssongar. Musikken nådde fleire åhøyrarar på slutten av 1970-tallet då filmane convoy og smokey and the bandit gjorde lastebilskøyring-country til ei meir ålgjengd ovring.

Ny alternativ – country 1990 – 2010

Ny alternativ – country er ein country- stil som legg vekt på den instrumentelle bakgrunnen og den hevdvunne og songlege country-stilen. Clint Black spela for fyrste gong på den nasjonale country-musikkscena i 1989. Han var songar og låtskrivar og vilde setja kraft bak eit nytt ljodbilete (sound). Arbeidet hans skulde koma til å umgrevpsavgrensa mykje av countryen frå 1990-talet og utsver.

På 1990-tallet, spende countryen seg ut som ei verdsovring. Det kann ein takka Billy Ray Cyrus og Garth Brooks for. Garth Brooks hev gjort seg ein sers velluka yrkesveg innanfor countrygenren.

Alternativ country (nokre gonger umtala som alt-country, insurgent country, eller Americana) er umgrevpsavgrensa på ein sers laus måte. Det er ein undergenre av countrymusikken som femnar um ei musikalsk framferd som vik mykje av frå hovudstraumen eller pop-country. Ein hev nytta nemningi um country-band og artistar som hev arbeidt saman med innslag som spenner yver roots rock , bluegrass , rockabilly , honky-tonk , alternativ rock, folk rock og serleg punk. På 1990-talet byrja ein å nytta umgrepene alternativ country, på same vis som alternativ rock. Ein byrja å bruka det til å setja namn på ei samansett gruppa av musikarar og songarar som heldt seg utanfor hevdvunne musikkformer og ein tenkte då på dei som stod utanfor den tunge delen av platebransjen i hovudstraumen av countrymusikken.

På 1990-talet vart fleire grupper av musikarar og songarar sette i bås med nemningi alternative country. Desse utøvarane heldt seg på sida av den upparbeidde hevdi i musikken og den meir industritilverka hovudstraumen i country-musikken. Radt ålment heldt dei seg undan tilverkingsverdiane og synsleitet til den meir umtykte og rådrikne Nashvill-industrien. Dei vilde laga musikk med ein lo-fi lyd som gong på gong rann inn i ein sterkt punk og alternativ estetikk, det bøygde og tøygde i dei innarbeidde reglane for kva som var country musikk. Lyrikk var ofte bleik, gotisk og medvite um millommenneskelege tilhøve.

På andre måtar fall dei musikalske stilane til utøvarane innanfor denne genren i liten grad saman, musikken spende frå hevdvunnen amerikansk folkemusikk og bluegrass, gjennom rockabilly og honky-tonk, til musikk som det er radt uråd å skilja frå hovudstraumen innanfor rock og country. Namnebruken hev femna vidt umkring og nemningsbruken hev vorte endå meir tilfløkt av at artistar som vert sette innanfor alternativ country-nemningi tek avstand frå og ikkje bryr seg med nemningi, medan leidande utøvarar innanfor nemningi gjev klåre ord for at dei er innanfor nemningi. Det vert dessutan hevda at gamle utøvarar eller nestorarar i countrymusikken er innanfor. Tidsskriftet *No Depression* det best kjende tidsskriftet som hev tileigna seg å arbeida for genren, slær fast at dei dekkjer alternative country, same kva det måtte vera.

Trass i tilfløkjingi er det ålmenn semja um at alternativ country hev drege vekslar på hevdvunnene amerikansk country, musikken for blåsnipp-amerikanarane, den som hev vorte ivaretaken og hylla av utøvarar som Woody Guthrie , Hank Williams og The Carter Family. Desse utøvarane er dei som vert nemnt oftast når det vert snakk um kjeldor til musikalsk inngjevnad. Ein annan stor påverknad finn ein i countryrocken som vart utfallet av ei lang rekjkjefylgja av samanfestingar millom country og eit stridlyndt rock & roll ljodbilete.

Den kunstnaren som oftast vert rekna for å ha upphavet sitt i country-rock er Gram Parsons. Han viste til sitt ljodbilete som "Cosmic American Music", men Michael Nesmith , og Steve Earle vert ofte peika som viktige nyskaparar. Den tredje byggjesteinen var punk rock , som kom inn med kraft og iver og ei gjer- det- sjølv-haldning .

Ein freista på å setja saman punk og country på nybrotsvis gjennom cow punk på 1980-tallet gjennom eit eige til (scena) i Southern California med band som Jason og Scorchers, men disse stilane gjekk heilt saman i kvarandre i Uncle Tupelo 's 1990 LP No Depression , som er fullt godteke det første "alt-country" album, og gav namn til ei digital uppslagstavla og etter kvart eit tidsskrift som studde rørsla. Dei gav ut tri påverknadsrike album og dei signerte til eit større plateselskap, fyre dei braut upp i 1994. Medlemer og figurar som var knytte til deim gjeng vidare med å danna tre store band i countrygenren: Wilco , Son Volt og Bottle Rockets Sedvanen vart hadde ei noko lengre voksterbolt, fyre countryen byrja å gå meir i leid av rockemusikk på 2000-talet.

Viktige instrumenter i den perioden her er som de andre periodene gitar, piano, munnbspill, bass gitar, trommer, vokal, banjo, mandolin og lap steel gitar.

Utøvarar av countrymusikk

Dolly Parton

9 to 5

<http://www.youtube.com/watch?v=mpKAA2VxWY8>

Jolene

http://www.youtube.com/watch?v=tiO3SIOOc_4&feature=related

Garth Brooks

<http://www.youtube.com/watch?v=FED5urnBcVg>

Glen Campbell

<http://www.youtube.com/watch?v=mUg5p3BncuQ>

Toby Keith

<http://www.youtube.com/watch?v=2RwlGRtanvs>

Kris Kristofferson

<http://www.youtube.com/watch?v=h35OZs0Aej8>

- Miranda Lambert

Jerry Lee Lewis

<http://www.youtube.com/watch?v=wpAexIBUoqQ>

<http://www.youtube.com/watch?v=4bB5xL577r4>

- Loretta Lynn
- Kathy Mattea
- Tim McGraw
- Jo Dee Messina
- Willie Nelson
- Brad Paisley
- Gram Parsons
- Dolly Parton

Teddy Nelson, pseudonym for Terje Nielsen (født 23. august 1939 i Bergen, død 8. juni 1992) var ein norsk countryartist og visesongar. Terje Nilsen skreiv mellom anna dei populære songane «Baby I'm Ready» og «Skilsmisseferd i Hardanger». Han tok artistnavnet Teddy Nelson medan han freista å slå igjenom i utlandet, mellom anna i USA.

Liv og karriere

Terje Nilsen vart fødd i Bergen den 23. august 1939. Han var ein særprega artist som var ein av de første til å bringa humor inn i norsk country. Han markerte seg òg i USA med sin lett nasale countryvokal. Terje Nilsen hadde sin første konsert i 1955 med gruppa «Gille Sving» og debuterte på plate i 1964 med singelen «Norway Jon». Fram til 1970 lagde han heile tolv singler. Hans verkelige store gjennombrot kom da han lanserte albumet «Diggy Liggy» i 1976.

Bergensaren, som hadde mottoet "hæla i taket og tedna i veggjen", fikk etterkvar og suksess internasjonalt, og var den første nordmann som fekk syngja på den prestisjetunge scena Grand Ole Opry i Nashville. Nelson vart der kåra til "International Star Of The Year" i 1981 og 1982. I 1989 vart han tildelt countrymusikkens gjævaste pris i Europa, Country Music Roundup, i London.

På 1980-tallet samarbeidde Teddy Nelson med artistar så forskjellige som Skeeter Davis og Sigbjørn Bernhoft Osa, og fekk ein stor slagersong med landeplassen «Skilsmisseferd i Hardanger».

Våren 1991 vart Terje Nielsen ramma av kreft. Sjukdomen la naturleg nok ein dempar på aktivitetsnivået, men Nilsen nekta å gjeva seg. Han sat i garderoben, klar til å gå på scena, då han døydde 8. juni 1992. Teddy Nelsons son Rudi Nielsen fører arven videre med sitt eige band. Rudi debuterte med eit songnummer på farens album, Terje Nielsen, i 1979, og spelte trommer med han frå 1982 til 1989.

Teddy Nelson vert hylla av bandet Vassendgutane, som både på plate og på turné hyppig spelar låtar av bergensaren, som «Diggy Liggy», «Bonde Frå Hamlagrø», «Langs Norskekysten», «På Haukelitopp» og «Skilsmisseferd i Hardanger». Gitarist i Vassendgutane, Leif Aase, spelte tidlegare i bandet til Teddy Nelson. Det same gjorde

steelgitaristen i Vassendgutane, Lars Egil Vågseter.

Skilsmissfest i Hardanger

<http://www.youtube.com/watch?v=YR73L8K5JOc&feature=related>

Bonde ifrå Hamlagrø

<http://www.youtube.com/watch?v=8B9N6BDbKGI&feature=related>

Vassendgutane

<http://www.youtube.com/watch?v=C6vC8-QJUCg&feature=related>

Vassendgutane er eit norsk band frå bygda Åmdalen i Ørsta som spelar sin eigen variant av country som dei sjølve kallar «fest-country».

Bandet har av sju medlemmer og vart starta opp i 1996. Dei gjorde det svært bra med albumet XO i 2008, den gjekk til topps på VG-lista og selde til dobbel platina, med meir enn 80 000 selde eksemplar.



Dresden og andre verdskrigen

Olav Torheim kunde i fyrre nummer melda um freistnadene på å stogga massemynstring til minne um skrekkbombingi av Dresden. Det er tankevekkjande at det skal vera so vanskeleg å få til ei tilkjennegjeving av at det som skjedde i Dresden var misgjerningar og ein udåd. Det er slett ikkje noko dei vestlege samgongslandi kann vera serskild byrge av. Nett no i skrivande stund hev me lagt attum oss nokre vikor med krigføring i Libya. Der hev vesten ved Atlanterhavspakti endå ein gong sett inn bombefly. Det same skjedde i Jugoslavia/Serbia.

Er dette ei krigføring som toler dagsljos? Ein kann undra seg. Det er iallfall ei krigføring som er tarveleg, stakkarsleg og prega av på den eine sida stort velvære for krigsmakti og på den andre stor vanmakt, men um me gjeng nøgnare inn på saki, so er det grunn til å spyrja seg korleis einkvan kunde finna på noko so kaldblodig som berre å driva krigføring frå lufti. Då må ein attende til nett den krigføringi dei vestlege samgongslandi førde mot Tyskland og Japan under andre verdskrigen, og Dresden er ein viktig part av den store samanhengen.

Herstyrkane til Hitler og Stalin slakta ned folk for fote med ufatteleg råskap, men det var vestmaktene som steg for steg kom fram til at sokalla strategisk bombing skulde verta ein hovudreiskap for siger i den fullstendige krigen. Aldri tidlegare i krigssoga hadde so fåe valda so mange so mykje liding. Fleire kilometer yver bakken sleppte flygarane bombone sine yver ned med grunnlag i tillaga yversyner yver jordflata nedanfor. Etterpå vende dei attende til hovudkvarter på den fredelege engelske landsbygdi. Ymse fly speida umkring og tok biletar, utgreidrarar gjorde utrekningar og nye åtak vart planlagde. Ein fann fram til ei heilt ny krigføringsform, i denne krigføringsformi møttest aldri gjerningsmenn og offer. Piloten augnefor alt frå skyene og synene hans frå skyene vart grunnlaget for heile krigføringi og tankegangen attum krigføringsmåten.

Etter krigen hev tyskarane gjenge grundigt til verks med sin *Vergangenheitsbewältigung*, i høve til holocaust som det ytste uttrykk for nazismen som tilskipa vondskap. Dei vestlege samgongslandi, hev derimot sett på krigen som ein strid millom gode og vonde krefter. Dette er eit sogenesyn som hev havt ein sterk og rettferdigjerrande verknad. Men er det eit synspunkt som me kann leva med? Fører me alltid eit sèmeleg og sedeleg liv i all vår krigsåtfred. Og kven var det eigenleg som tente på bombingi? Dresden vart trass i alt kommunistisk, so kannhenda gjekk vinningi upp i spinningi. Ei krigføring som ikkje tek umsyn til det endelege utfallet, treng ikkje å tena til fyremun for vesten. Det er ikkje tvil um at det er lett å vera etterpåklok, og i ein slump høve var det nok både ynskjeleg og kannhenda rettkome å bomba, men ein treng ikkje å gå lengre enn til Bergen og Laksevåg fyre ein ser korleis ein heil skule, Holen skule, kunde verta øydelagt og ei rad born redsleskadde av luftbombing, jamvel i Noreg. Offeri hev ikkje alltid vorte ivaretakne på beste måte.

Um me vender oss beinveges til Tyskland, meiner historikaren Fredrik W. Thue at ei viktig grensa vart yverskridi i mars 1942, då Lübeck vart øydelagd på ein målmedviten måte av det britiske flyvåpnet. Byen vart vald av generalane ikkje fordi han tente til noko krigsfyremerål, men fordi han utgjorde eit mjukt terrormål: ein historisk gamleby med tett folkesetnad i trehus som var svært brannfårlege. Året etter vart denne vel gjenomtenkte framgangsmåten nytta jamt meir. Framfor alt luftåtaket mot Hamburg i juli 1943 synte til fulle kva for krefter ei planlagd og gjenomtenkt brannbombing kunde løysa ut. Eldstormar med ovstorms styrke la alt som kom imot i oska og gjorde tjuge kvadratkilometer til ei øydemark. 45.000 menneske vart drepne, dei fleste kvinner, born og gamle. Dresden vart som me såg i fyrra nummer bomba i februar 1945 og bombingi fylgte same mynster, med mykje større eldkraft og talet på offer vert av sume rekna for å vera tvifaldig so stort. Til skilnad frå Hamburg tente byen knapt til noko fyremål for krigføringi, men byen vart som Lübeck rekna for å vera eit sinnbilete på den tyske nasjonen. Terrorbombingi vart òg ein krig um ulike levnadssett der forsvararar av ålmenn folkesed (sivilisasjon) medvite øydela mykje av den europeiske kulturarven.

Dei vestlege medgangslandi dreiv ei uavgrensa krigføring og planla grundig korleis dei skulde bomba Tyskland og Japan, slik at dei skulde få sett desse landi ut av krigen gjenom å gjera leidarane og innbyggjarane nedtrykte og vanmektige. Denne framgangsmåten vart forsvara og vart rekna for ein naudsnyt lekk i ein rettferdig krig, ein meinte at livsformi til

heile den vestlege menneskeætti stod på spel og at det rettferdiggjorde krasse verkemiddel.

Fyre D-dagen var bombeflya det einaste røynlege og verksame midlet ein rådde yver um ein skulde slå attende mot motparten. Det var altso eit uttrykk for vanmakt at dei vestlege medgangslandi dreiv med bombing av Tyskland. Å bomba dei sivile var eit vonde som skulle hindra at nazistane underla seg Europa frå Volga til Brest. Men dei vestlege sambandsfelagane hev, slik me ser det i ettertid, ikkje nokor yvertydande sak når ein kann sjå at illgjerningane heldt fram og at dei i røyndi auka på etter kvart som sigeren rykte nærare. Då tyske bombefly var i stand til å slå attende mot Coventry og London, heldt ein att på bombingi. Då ein fekk eit betre herredøme i lufti vart hugen til å skrekkbomba større. I 1945, då Tyskland og Japan var i ferd med å tapa, kasta ein av seg tvilsmåli og bomba meir enn fyrr. Dei vestlege medgangslandi gjekk frå å vera vanhjelpe mot yvermakti i innleidingi av krigen og til å føra ein krig som til slutt ikkje lenger var likeforma med den tyske. I denne krigsbolken drap dei ned mengder av menneske utan å frykta mottiltak, hemn eller straff frå tysk sida.

Dei folkevalde i USA og Storbritannia tykte skrekkbombingi var tillokkande. Med bombingi fekk dei lågare mannefall og større utteljing. Itillegg var USA yverlegen når det galdt vitskaplege, ingeniørfaglege og teknologiske hjelperåder og hadde dessutan eit større mangfald av næringsgreiner og pengetilgangar. Øydeleggjungi av Tyskland og Japan vekte samhug hjå mange av di det var fåe hermenn som var i strid og dei som kriga kunde koma heimatt. Nokre av dei vart skotne ned, men mange kom seg undan, so tapstali vart etter måten små. Slik kunde land med folkestyre råka land som var styrde av umenneskelege einestyrarar utan at dei gav upp si eigi livsform med å ofra store grupper av hermenn.

Men luftkrigen til dei vestlege samarbeidslandi hyste ein färleg tankekross: Dei kraftige bombeåtaki førde med eg at tyskarane ikkje kunde sitja trygge i heimane sine og spreida død og liding yver andre folk. På den andre sida var det nett det britane og amerikanarane kunde gjera, medan dei sjølv, serleg amerikanarane, derimot kunde sitja temmeleg trygt heime medan dei sende død og liding yver andre.²⁸

Frå bakken såg det lenge ut som at Dresden skulde sleppa undan bombing under krigen. Men brått - natt millom 13. og 14. februar 1945 – myldra det av britiske og amerikanske fly som kom med bombelaster som vart sleppte ned yver både gamle- og nyebyen. Vantrue byborgarar og rymlingar som fekk ei rådlaus otta og redsle yver seg. Flyåtaket gjekk fyre seg i puljar. I springvatn (fontenon) ligg folk døde. Folk hev kome i ei illstoda og trudde dei kunde redda seg frå eldhavet som fosforbombone skapa. Men bombone fekk vatnet i springvatni (fontenone) til å koka. Tusundvis av menneske vart brende levande.

Alle dei kjende stadene ligg att som oskehaugar, barokkyrkja Frauenkirche, slottet, lystslottet Zwinger, den katolske hoffkyrkja, Gottfried Sempers eventyrlege operabygning. 14. og 15. februar vert Dresden utsett for nye, ovharde bombeåtak frå tungtslåande amerikanske fly. Dresden er død. På Altmarkt rett utanfyre den utbrende Kreuzkirche ligg berg av lik reiduge til å verta brende heilt burt. Kor mange miste livet? Det veit ingen heilt visst. Aftenposten viser til at det finst kjeldor som hevdar at det kann vera 35 000 eller som William L. Shirer hev hevdat minst 120 000.²⁹

Når det gjeld korleis ein skal døma yver bombeåtaki mot tyske byar, kjem Harald Støren med eit innspel i Dag og Tid. Han meiner at det kann vera gagnlegt å sjå på korleis ein som sjølv upplevde bombeåtaki den gongen, ser på dei i ettertid. Den norske ingeniøren Sverre Bergh

studerte i Dresden i krigsåri og greidde i fire år å melda frå um viktige hendingar innanfor den den tyske krigsnæringi, slik at dei vestlege samarbeidslandi fekk avgjerande upplysingar, denne innsatsen vart han lønt for etter krigen. Han skriv um bombingi av Dresden i boki *Spion i Hitlers rike* (2007):

«Historikerne strides om hvor mange som ble drept. Noen sier 40.000, andre mener det var mellom 100.000 og 250.000 mennesker som ble utslettet i løpet av 13. og 14. februar 1945. Det riktige tallet vil aldri bli kjent på grunn av det enorme antallet flyktninger som var i byen. De siste årene har tendensen gått i retning av å bruke de lavere anslagene. Men for en som opplevde ødeleggelsene og så likhaugene, virker de høye tallene langt mer troverdige enn de lave. De er uansett absurde. [...] Det har vært flittig diskutert om bombingen av Dresden var en krigsforbrytelese. Selvfølgelig var den en krigsforbrytelse, i en krig full av forbrytelser. En forbrytelse planlagt og gjennomført etter standard prosedyre: Først et massivt angrep med luftminer, sprengbomber og brannbomber for å starte branner. Så vente et par timer til redningsarbeidet var i gang, før man slo til på nytt for å ramme brannvesen, sanitet og annen hjelp hardest mulig. Drepe flest mulig av dem som skulle redde liv.»

Bergh hevdar dessutan at millom anna førti sjukehus og trettifem skular vart bomba. Det syner at det var den allminnelege folkesetnaden, heller enn sambandslinone og herstyrkane, som var målet for åtaki.³⁰ Og her vender me attende til kva det er som fær vestlege blad og kringkastarar til å vera so måtehaldne i høve til Dresden og brannbombingi av tyske sivilistar. Er det kannhenda slik at ingenting av denne delen av krigen, er noko å setja søkjeljos på, for det er vinnarane som skriv soga, og yvergrep som er gjorde av vinnarar, er ikkje noko som ein vil ha ljoskastarar på? Det er iallfall påfallande at det er vinstresida som let til å skulla leggja lok på det heile. Dresden enda upp som ein vasallstat og eit lydrike underlagd kommunistisk styre frå Moskva. Ikkje lett å sjå at dei vestlege samarbeidslandi gjorde noko som helst rett. Dei bomba for å terrorisera innbyggjarane, og dei let Sovjet taka styringi over byen, som so fekk eit nytt uhhyggjeleg styresett. Det er fulla lite som tyder på at vestmaktene var sigerherrar på denne krigsfronten. Dimeir grunn til at dei tyske tilskiparane attum massemynstringi i Dresden ikkje let seg tegja ned, men mæler mot yvergrep mot ytringsfridomen.

Kjeldor
Dag og Tid 21. januar 2011

Fredrik W. Thue

Aftenposten 21.01 2011
Harald Støren, Dag og Tid 17.02 2011, s. 34

Thais ein tankevekkjande fransk opera

Lars Bjarne Marøy hev sett operaen *Thais* av Massenet. Her gjev han ei innføring i operaen.

Nrk 2 hev sendt mange gode musikkyverføringar dei siste åri. Yverføringar frå Metropolitan i Ny York er høgdepunkt som ein gjerne fær med seg. Det er ikkje berre kringkastingi som hev skyna det. Bergen kino hev havt yverføringar frå Metropolitan dei òg. Det viser at opera er noko som hev gjenomslagskraft i vår tid.

Yverføringi som me var vitne til 2 .januar 2011 var operaen *Thaïs* av Jules Massenet. Franske operaverk og toneverk radt ålment hev ofte kome i bakgrunnen av dei store italienske og tyske-austerrikske tonekunstnarane. Mange hev høyrt um Pussini, Rossini, Mozart, Wagner og Strauss, men færre um Massenet. Operaen hev likevel havt ei trygg stoda i fransk kulturliv. Og um det største operamålet er italiensk, so er franskmenne so visst i stand til å framföra opera på sitt eige mål. Massenet er heller ikkje nokon därleg tonekunstnar, jamvel um han fell noko i skuggen av dei største meisterane.

Jules (Émile Frédéric) Massenet (1842 – 1912) sette ikkje berre tonar til operaer, men det er det han hev vorte mest kjend for. Toneverki hans var umtykte på slutten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet, og han var ein av dei mest tonerike tonekunstnarane i si tid. Kort tid etter at Massenet var død gjekk likevel Massenets stil av moden, og mange av operaene hans kvar burt, burtsett frå *Manon* og *Werther* var det sjeldsynt at verki hans vart framførde. Frå 1970-talet av hev derimot fleire av operaene slik som *Thaïs* og *Esclarmonde* vorte framførde ein slump gonger.

Handlingi i *Thaïs* byggjer på ei bok av den kjende franske forfattaren Anatole France. France er kjend for millom anna å ha vore talsmann for Dreyfus saman med Emile Zola. Han fekk òg nobelprisen. Forfattarskapen til France er velkjend, og *Thaïs* var ei mykje umtala bok fyre operaen. Operaen viste seg òg å vera vellukka.

Me vert sende attende til Egypt ein gong på 400-talet. Athanael er ein einstødings-munk som uppdagar at ei barndomsveninna av han hev vorte ei leidande skjøkja og tilbedar av guden Venus. Han set seg fyre å berge henne for synd og umvenda henne til kristendomen. Då han fær møtt *Thaïs* freistar ho å maktstela han, og han ser seg nøydd til å flykta frå henne. Det er slutten på fyrste akt.

Anathael kjem tilbake i upptakten til andre akt for å yvertyda Thais um at ho må venda um frå lauslivnaden sin. Ho byrjar å gjeva ord for at ho styd han. Då Nicias ein leidande mann med fleire skjøkjer umkring seg kjem til huset åt Thais saman med venene sine, finn han Thais underlagd **Anathael**s vilje. Nokre av mennene sannkjenner at Anathael vil taka med seg Thais til eit kloster, og dei freistar å stogga han. Dei trugar med å drepa han, men Nicias stoggar deim. Anathael greider å få Thais i kloster, men jamvel um han kjem seg burt frå henne, lengtar han etter henne og vender tilbake til klosteret der han gjer det klårt for Thais at han elskar henne. Thais døyr i trui på Gud.

Ein slær saman kristen gudstru og sanseleg kjærleik og elskhug i operaen, og det hev vore umdryft, men det er ikkje den einaste årsaki til at det er sjeldsynt at operaen vert vist.

Hovudrollone er svært krevjande, og det må ein stor sopran som til dømes Renée Fleming til for å fylla denne rolla. Når ho fær spela upp mot barytonen Thomas Hampson, vert det eit utruleg sterkt møte, både millom kjøtleg lyst og det kristne kallet, og eit veldig møte med two av dei største røystene i vår operasamtid.

Operaen vert prega av sterk og stemningsskapande musikk som likevel ikkje vert yverdriven. Ein kann godt slappa av og njota det heile utan at det vert tafatt og utflytande. Operaen heng kort og godt saman og fortel ei soga som er eggjande og set ymse sidor ved eit viktig livsval i søkjeljaset. Skal ein velja å ofra seg for det ævlege livet eller skal ein njota den kjøtlege lysti her og no. Anathael fær Thais til å gjeva avkall på alt det verdslege i livet sitt, men sjølv vert han fanga av venleiken hennar og maktar ikkje å leva upp til dei hugmåli som han hev sett

fram for Thais.

Den fengslande styrken i forteljingi byggjer nesten berre på tilhøvet millom Anathael og Thais. Massanet bryt på fleire punkt med det som var vanleg for han. Det er ingi store innskiftingar med fleirstemd song eller ballettinnslag. Den mannlege hovudrolla er skrivi for ein baryton og ikkje for ein tenor. Songinnslagi er òg lengre enn i andre operaer av Massanet. Han legg tung vekt på samtale gjenom songen og skjer ned på songstykke for einskildrøyster med tonefylgle frå orkesteret, sokalla ariar.

Den avgjerande bolken i operaen er upptakten til andre akt. Då er Thais i samvitskvalar som til slutt fører henne yver i umvending. Massanet let oss få fylgja tankane hennar, med musikk i form av ein fiolin og eit orkester, i det som vert umtala som meditasjonen. Denne viktige melodien er operaens høgdepunkt.

St. Thais levde truleg i det fjorde århundret i det romarske Egypt. Ho er umskriven i boksoga um livi til dei heilage i den greske kyrkja. Two livsskildrings-skissar finst enno: ein på gresk, den stammar kannhenda frå det femte århundret (den vart umsett til latin som Vita Thaisis av Dionysius Exiguus i det sjette eller sjuande århundret), den andre skissa kann me lesa i millomalddarlatin frå Marbod av Rennes (d. 1123). Ho viser seg òg i greske yversyner yver heilagmenne av Maurolychus og Greven, men ikkje i latinske yversyner yver heilagmenne. Anathole France dulgde aldri kor han stod. Han var fastlæst mot-kyrkjeleg og ein vantru forfattar, og han vilde strida mot at dei kristne, slik han såg det, forsaka seg sjølv gjennom dei kristelege hugmåli. Romanen vart svært umdryft, og då Massanet gjorde det kjend at han vilde laga ein opera på bakgrunn av denne romanen, vekte det stor åtgaum, og operaen vart framgangsrik.

Same korleis ein ser det, tek operaen upp viktige spursmål. Den eine av hovudpersonane vert lukkeleg og dør i trui på Gud. Den andre vert heimsøkt av kjøtleg lyst og yverlever, men hev tydelegvis knekt den han elskar. Det heile vert til eit syrgjespel som vekkjer tankar um kva som er det mynsterligde valet og meinangi med livet. Det høver med straumdrag i tidi at både personane kjem i ei stoda der dei må vera sann mot seg sjølv og at det kvessar seg til kring det. Desse tankane finn ein sanneleg att i mykje realistisk litteratur, jamvel um formi og tonekunsten i denne operaen ofte vert knytt upp til romantikken, er det mykje stoff som kann førast beint inn i litteraturen i den tidi då operaen vart laga. Det romantiske innslaget er vel like fullt sterkt i sjølv måten stoffet er tilrettelagt på. Dette er ikkje ei skildring frå samtid, men ein vender derimot attende i tid til ei fjern fortid, noko som gjer det meir naturleg å setja formi på og kannhenda innhaldet i operaen inn i ein romantisk tradisjon.

Twilight vampyr-romanse i gymnasmiljø

Ornella Winter

Artikkelforfattaren tek fyre seg Twilightserien og ser på ulike sider ved denne serien som hev havt stor millomfolkeleg framgang

Stephenie Meyers bøker i den sokalla Twilight-serien hev vorte svært umtykte dei seinaste åri. Enno er det ei bok som ikkje er filma, men den er på veg. Alle dei fire bøkene hev lege på dei amerikanske bestseljarlistene sidan dei kom ut. Dei norske umsetjingane toppar òg besteseljarlistene. Bøkene i Twilight-sagaen hadde i november 2009 selt 85 millionar næme yver heile verdi, og dei hev kome ut i 47 land. *Breaking Dawn / Ved daggry* kom ut i eit fyrsteopplag i USA på 3,2 millionar næme, og det var dimed den boki som vart prenta i størst fyrsteupplag i USA i 2008.

Både *Evighetens kyss*, *Under en ny måne* og *Eclipse* hev vorte filma. Filmutgåva av den første boki kom ut i USA 21. november 2008. I Noreg kom filmen 9. januar 2009¹, men den hadde ei fyrstevising i nokre utvalde byar helgi 12-14. desember 2008. Forfattaren Stephenie Meyer fylgte sterkt med i og tok del i arbeidet med tilretteleggingi av filmen. Seinare hev *Under en ny måne* vorte filma og likeins *The Twilight Saga: Eclipse*. Og det skal etter segjande verta meir film.

So langt eg veit, er det serleg unge kvinner eller gjentor som vert fengde av denne serien. Forfattaren hev greidt å setja saman ei spanande forteljing i ein genre som vel må kallast skrekk, men som samstundes er knytt til romansegenren. Dette let til å vera two einskidlekkar som tiltalar unge kvinner. I utgangspunktet verkar heile serien som noko som er laga for å tena pengar og elles er lite underbygt, men i og med at so mange let til å verta fengde av serien, kann det vera grunn til å sjå noko nærare på kva dette er for ein slags litteratur og film.

Um handlingi

Bøkene i Twilight serien tek for seg Isabella Swan (kalla for Bella) som flytter til byen Forks i staten Washington der skal ho bur saman med far sin og tek til på ny skule. Ho fær nye vene og møter den løyndomsfulle Edward Cullen. Med Cullen fær livet til Bella eit brått umskifte. Bella tykkjer Edward er litt merkeleg. Jacob ein annan ven frå barndomen byrjar å tala um segner og forteljingar um varulvar og vampyrar. Bella vert nyfiken og tek til å røkja etter kva som stend i bøker og på internett, og ho finn ut at det let seg gjera å stadfesta det Jacob segjer.

Fram til no hev Edward og huslyden hans greidt å løyna kven dei eigenleg er. Bella skynar etter kvart at Edward og huslyden hans er vampyrar, men Bella er fullstendig oppslukt i han og blinda av kjærleik, det gjer at det er färleg for Bella å vera nær Edward.

Edward er tankelesar og kann lesa alle sine tankar burtsett frå Bellas, og difor går han henne nøgje og vert hugteken i henne. Han vert so hugteken at han ikkje vil leva utan å vera saman med henne. Edward og huslyden hans er til stor føre for Bella, og ho held på å verta drepen på grunn av det. Edward vel å fara frå Bella, og han og huslyden hans fer burt frå byen, slik at Bella ikkje skal kunna få tak i han. Han trur Bella vert tryggare og fær det betre um dei gjer det på den måten.

Då dei skilst åt hev det motsett verknad av det som var tenkt, og både fær det mykje verre enn dei hadde trutt. Bella byrjar å vera mykje saman med Jacob. Jacob gjer dagane hennar ljósare, og han vert maktstolen av henne. Bella vil derimot ikkje vera noko anna enn ven med Jacob, for ho elskar framleis Edward og kann ikkje fria seg frå det, men Jacob vil ikkje godtaka det. Brått kverv derimot Jacob ut av livet hennar, og ho uppdagar at han er ein varulv og at varulvane er beiske motmenn til vampyrane.

Systeri til Edward, Alice kann sjå inn i framidi, ho fær eit syn um at Bella vil drepa seg sjølv. Edward vel då å reisa til The Voltourie, som er ein stemnestad for dei mektigaste vampyrane, der vil han enda livet sitt. Alice hentar Bella og saman reddar dei Edward i den siste augneblinken. Etter at dei hev kome tilbake frir Edward til Bella, og ho segjer ”ja”. Jacob er rasande, og det tek lang tid fyrr han vert van med tanken på å aldri få Bella.

Brudlaupsreisi endar med at Bella vert med barn, det endrar resten av livet hennar av di barnet veks uallminnelegt snøgt og hastigt av di arrestoff frå menneske og vampyr vert slegne saman i barnet. Bella dør nesten ved nedkomsten, men Edward reddar henne med vampyrgift. Det fer den sideverknaden at Bella vert ein vampyr. Barnet vert født og er friskt og fær namnet Renesmee, som er ei ihoplaging av bestemødrane sitt namn, og ho veks framleis fort. Jacob gjøler og smeikjer med Renesmee, og det er meinangi at det skal verta dei

tvo.

The Voltourie kjem tilbake når dei fær høyra um vampyrbarnet og vil drepa det. Dei trur Cullen-huslyden hev skapa um eit vanleg spedbarn, det er ikkje lov. Familien Cullen, vener av huslyden og varulvflokken brukar lang tid på å forklåra kva som hev skjett og til slutt endar det godt. Edward og Bella fær eit eventyrleg liv saman i all æva, og det same fær Jacob og Renesmee og resten av huslydane deira.

Serlege sidor ved genren

Twilight serien fell under genrar som litteratur for ungdom i framslengsaldaren, eventyr og romanse. Stephenie Meyer kalla sjølv den fyrste boki si for "suspense romance horror comedy." Men ho slær fast at bøkene framfor alt er prega av kjærleik millom unge menneske. Serien utforskar møtet og kjærleiken millom menneske og vampyr tilliks med kjærlekstrikanten millom Bella, Edward og Jacob. Bøkene held seg burte frå vågale skildringar av lekamlegt samkvem, dop og sterke banneord. Meyer gjer det heilt medvite av di ho ynskjer at ungdom i framslengsaldaren skal skjermast for slikt.

Bøkene er skrivne med ei forteljarrøyst i fyrsteperson, framfor alt med utgangspunkt i Bellas upplevelingar. Etterordet til den tridje boki og ein del av den fjorde vert skildra frå Jacobs sysnvinkel. Når Meyer vert spurt um uppbygnaden av boki tek ho upp vanskane med å finna fram til fyresetnadene for å få genrekravi på plass.

Eg hev havt ei hard tid når folk hev spurt meg um kva boki tek upp, segjer ho. Når ho fortalde dei at boki tek fyre seg vampyrar fekk dei straks eit indre bilet av kva boki gjekk ut på. Og det var slett ikkje slik andre vampyrbøker er. Det er ikkje noko myrk, blodtorstig verd som vert skildra i *Twilight*. Når forfattaren på den andre sida hev peika på at det heile gjeng fyre seg på ein vidaregåande skule, hamnar bøkene i ein annan bås, som ho heller ikkje tykkjer er so lagleg.

Bøkene er byde på ein vampyrmyte, men *Twilight*-vampyrar skil seg frå andre vampyrar i form av ei rad serdrag. Vampyrarane i *Twilight* glitrar i solskin, dei brenn ikkje, og dei drikk dyreblod, ikkje berre menneskeblod, i røyndi drikk dei stort sett berre dyreblod.

Inngjevnad og tema

Etter det forfattaren segjer hev ho tenkt ut bøkene sine som bøker um livet og ikkje døden, kjærleik og ikkje lyst. Ho hev henta inngjevnad frå klassiske bokverk som Jane Austens *Pride and Prejudice*, Shakespeares *Romeo og Julie*, Emily Brontës *Stormfulle hogder* og Shakespeares *Ein midtsomarnatts draum* og fleire andre. Dette er altsa ein forfattar som ikkje er redd for å henta inngjevnad frå andre forfattarar når ho sjølv set seg til å skriva, so kann litteraturvitarane gjera seg opp ei meinung um dette hev vore vellukka og i kva grad ho hev rett i det ho segjer.

Andre serlege tema umfattar val og fri vilje. Meyer meiner at bøkene samlar seg kring Bellas val som gjeng ut på um ho vil leva eit liv for seg sjølv og Cullen-huslydens val um å lata vera å drepa henne heller enn å fylgja freustingane sine.

Meyer er mormonar og vedkjenner seg at trui hennar hev påverka arbeidet. Serleg segjer ho at personane hennar ser ut til å tenkja meir enn andre menneske på kvar dei kjem frå og kvar

dei skal gå. Meyer vil ikkje at bøkene skal vera mormonarprega eller yverföra visse verdiar um å halda seg burte frå lekamleg samkvem og åndeleg skirsling, men gjeng ved at skrivingi hennar er prega av den mormonske trui hennar.

Mottaking

Twilight-serien hev havt eit vidt nedslagsfelt og ein stor tilhengjarskare med ei samling kring venesamfundet på verdsveven. Meyer vert ofte samanlikna med J.K Rowling og Harry Potter. Det hev vorte ein slags mani kring Twilight som kann minna um Harry Potter-feberen som reid oss for nokre år sidan. Men det er nok kannhenda tilhengjarane som minnar meir um kvarandre enn forfattarane og bøkene, hev det vorte peika på frå Meyer. Fleirtalet av tilhengjarane er gjentor, men etter kvart hev det òg kom til ein heil del guitar. Nokre meiner at Twilight hev fylt gapet etter at Harry Potter nådde kveldshøgdi.

Eit nettverkssamfund for Twilighttilhengjarar hev meir enn 350 000 medlemer i tilknyting til dei rådande og hevdunne heimesidone til framhaldssoga. Den store ihugen for serien hev vorte umtala som twilight-ovringi. Nokre hev kalla det ei pop-kulturell ovring. Det hev jamvel kome upp eigne rockeband som spelar twilight-prega musikk, og det hev vorte ein eigen næringsveg kring framhaldsforteljingi der ein tilverkar alt frå klokkor, t-skjortor o.s.b.

Den kjende skrekkbokforfattaren Stephen King er klår i sin umtale. Han gjev Rowling fyrrangen som skrivar framfyre Meyer. Han kallar likefram Meyer for ein forfattar som ikkje er serleg god til å skriva. Men han legg til at han skynar at folk vert trollbundne av forteljingane. Han meiner at Meyer skriv til ein heil åttled av unge gjentor, og han meiner at ho opnar upp ein trygg innfallsvinkel til kjærleik og lekamlegt samkvem gjennom desse bøkene.

Laura Miller på Salon.com skriv at personane er avkledde til eit minstemål, og manglar djupn og serdrag som vanlege folk hev, og ho segjer at serien legg for mykje vekt på Edwards yvernaturlege eigenskapar. Miller meiner serien er prega av ei form for mannlegt sjølvskryt. Ho tykkjer Bella vert skildra som altfor yverstrøymande i høve til Edward og skildringi av han som ein umsverva helt vert for drjug, meiner ho. Meyer hev avvist denne åtfinningi og peika på at bøkene knyter seg til Bellas val, noko som ho knyter til vår tids kvinnedak og Bella er prega av motsetnader som er ålmennmenneskelege når ho skal taka dei avgjerdene ho må.

Ein hev òg funne åt andre tilhøve, men når alt kjem til alt er Twilight-serien anten ein likar han, ikkje likar han eller ikkje er svært uppteken av han, ein serie som hev havt stor gjenomslagskraft og vekslingi millom skrekk- og kjærleikstema let til å slå sers godt an millom unge kvinner, anten kvinnedakkvinnone likar framstellingi eller ikkje. Bella er nemleg ikkje nokor Lisbeth Salander eller ei onnor djerv kvinna som til dømes den ein møter i Kill Bill, men so er det kannhenda slik at unge gjenor kannhenda vil ha litt meir smålåtna mælestavar å verta mælte etter. Det skal noko til å leva upp til nokre av dei mest hemningslause heltinnone som me hev sett på film dei siste åri.

Kjelda: [http://en.wikipedia.org/wiki/Twilight_\(series\)](http://en.wikipedia.org/wiki/Twilight_(series)), frå 23.03 2011

Vald og seksuelt misbruk i Håkan Nessers krim

Håkan Nesser er ein av dei sentrale svenske krimforfattarane med sin Van Veeteren hev han gjort mykje for å skaffa ein truverdig politietterforskar. I motsetnad til andre krimforfattarar som gjerne vil at krimhelten deira skal høyra til ein sermerkt by, er Nesser imot dette han. Han hev skapa den uppkonstruerte byen Mardaam som kann vera kvar som helst i Nord-Europa. Namni er òg ein miks mellom ein slags tysk-nederlandsk-svensk, noko som Van Veeteren namnet i seg sjølv er eit godt døme på. Men Nesser er utan tvil svensk og filmane um Van Veeteren gjeng fyre seg i Sverige.

Den fyrste boki som kom ut heitte det grovmaskige nettet. Ein mann og kona hans er heime ein kveld og kosar seg med god mat og drykk. Dei hev jamvel samlægje midt uppe i ein orgie av mat og vin. Då hovudpersonen vaknar finn han kona si i badekaret. Ho er død, og han hugsar ingenting av det som hev skjett. Han melder frå til politiet som ikkje trur noko som helst på at han hev havt minnetap eller iallfall so hev han gjort det utan å vita um det.

Van Veeteren er ikkje viss på at hovudpersonen er skuldig, men det vert ikkje sett inn ekstraressursar i saki, og etterforskingi peikar ein tydig mot ektemannen, jamvel um ein manglar beinveges prov. Rettsaki endar med at mannen vert dømt, men det kjem fram interessante upplysningar. Millom anna at entredøri til mordhusværet alltid var open. Den som greidde å koma seg gjennom hovuddøri til blokkhusværi, vilde med andre ord koma seg rett inn i husværet til dei two.

Van Veeteren er no ålvorleg i villreide yver um det kann vera rett mann som vart teken. Han set i gong nye undersøkjingar på sida av dei offisielle sakene han arbeider med på politihuset. Millom anna tek han kontakt med advokaten til den tiltalte og fær ut materiale frå han. Dessutan intervjuar han mori til mordofferet grundig.

Men ingi av dei upplysningane han samlar inn ser ut til å føra han nærmare ei løysing. Den dømde vert sendt til psykiatrisk utgreiding. Her byrjar han ein dag å hugsa, og han fær høve til å skriva brev til ein ukjend person. Dessutan ringjer han politihuset for å nå Van Veeteren. Men då han ringjer politihuset møter han ein politimann som reknar han som eit avskum av ein mordar. Han gjer narr av han, og Van Veeteren er ikkje til stades for han hev ein fridag. Van Veeteren fær ikkje

melding um telefonen seinare heller.

Ein mystisk person i dameklede tek seg inn på den psykiatriske institusjonen. Hovudpersonen vert drepen, og no er det fullt trykk på politihuset igjen. Van Veeteren kann byrja å bruka ressursar på saki. Han fær vita um telefonsamtalen til politihuset frå pleiarane på den psykiatriske institusjonen og sameleis um brevet som vart sendt. Brevet vart sendt utan at mannen trøg å sjå i nokor tilskriftsbok, so det må ha vore ei kjend tilskrift. Det fær Van Veeteren til å tru at det må vera tilskrifti til skulen som er nytta.

Van Veeteren set i gong full undersøkjing mot heile det pedagogiske personalet ved skulen. Etterkvart som dei vert eliminerte for mistanke, snører nettet seg saman. Til slutt viser det seg at det er broren til det første mordofferet som er mordaren. Det er ei grotesk soga som vert rulla fram for Van Veeteren. Faren til dei two syskeni var valdeleg og misbruka borni sine. Det førde til at det utvikla seg eit incestiøst tilhøve millom bror og syster som varar yver lang tid. Det gjeng so langt at ein av kjærastane til systeri vert drepen av broren. Då tvingar ho han til å reisa utanlands. Men etter lang tid i utlandet kjem han attende, og når han vert klår yver at systeri hans no er gift, so lurar han seg inn i husværet hennar og drep ho i badekaret.

Temaet er utan tvil mishandling, misbruk og incest. Det ligg mange bodskapar i filmen. Millom anna det som alltid er sentralt i mordsaker at etterforskarane hev veldig lett for å taka den løysingi som tilsynelatande er den lettaste og som krev minst arbeidsinnsats. Ofte kann løysingi liggja svært nær, berre ein ikkje tek alt for gjeve.

Van Veeteren er definitivt den personen som fær hovudfokuset i denne filmen. Privatlivet hans vert bretta ut i det lange og det breide. Han hev ein ti år gammal hund som fær kreft. Det gjeng sterkt inn på han. Han fær ryggplagor og kjøper seg springfjørmadrass. Han vrikkar foten då han spelar badminton med ein kollega. Heile tidi hev han ein litt sur veremåte. Han kann verka litt småarrogant og byrg, men samstundes hev han leidareigenskapar og stor empati for den mannen som han ulukkelegvis fær uskuldig dømd.

Miljøet er litt skiftande. Mardaam stend ikkje fram som ein stor by, men meir som ein liten by utanfor dei sentrale delane av Sverige. Byen ligg tydelegvis ved sjøen, for Van Veeteren kjøper fisk frå ei fiskeskøyte. Elles vert det ein del reising til

landsbygdi kring Mardaam, og her er det svært landleg.

I filmen Kvinnen med fødselsmerke møter Van Veeteren igjen. Denne gongen er vel like fullt hovudfokuset retta mot mordaren, for no fær me frå fyrste stund fylgja mordaren. Tidleg på 1970-talet vert ei ung kvinne valdteken av fire menn som er i militæret. Dette vert det barn av. Den unge kvinnen gjeng meir eller mindre til grunne etter fødselen og endar upp som prostituert.

Gjenta hennar kann heller ikkje ha fenge nokon serskild god uppvekst. Det heile startar med at mor dør. Hennar siste ynskje er at dotteri skal taka hemn yver dei fire menn som valdtok henne. Ein av deim er naturleg nok far til dotteri, men det let ikkje til å setja nokon stogg i den systematiske jakti på kvar einskild av deim.

Den unge kvinnen kjenner den musikken som stod på då mori vart valdteken. Ho spelar denne musikken for kvar einskild mann yver telefonen. Deretter lurar ho seg inn på deim og drepp deim med ein pistol med ljoddempar. Då ho hev drepe two av mennene. Hev politiet kome so langt at dei kann slå fast at det er ei kopling millom eit kull med menn som var saman i militæret på 1970-talet. Dei sender ut brev til alle mennene. Two av mennene skynnar at det er dei ho er ute etter. Den ein skaffar fram two pistolar og satsar på at dei skal klara å taka mordaren utan at dei treng å kopla inn politiet. Det vil nemleg ikkje taka seg godt ut at dei må verta konfronterte med udåden frå fortidi.

Den fyrste av dei vert lura av mordaren som ringjer og gjev seg ut for å vera frå politiet. Den siste som heiter Bidersen vert no desperat. Han skynnar at mordaren kan koma til han når som helst. Han vil ikkje risikera noko heime, og han vil ikkje fortelja kona si um noko, so han kjem seg til hytta si. Her trur han at han er trygg, men mordaren gjev seg ut for å vera frå jobben og fær vita kvar han er. Ho kled seg ut som ein mannleg forfattar og reiser rundt i umrådet kring hytta.

Politiet finn til slutt ut at Bidersen må vera i fåre, og då dei er på veg til ein utestad der han uppheld seg, ringjer han og vil gjeva upp. Politiet bed han um å halda seg millom folk, men han drikk mykje øl og må på toalettet. Då han kjem inn på herretoalettet fær han høyra musikken frå valdtekten. Mordaren stig fram og skyt han med pistolen med ljoddempar.

Då politiet finn hytta til mordaren fær dei eit brev med forklåring på mordi. Her fortel mordaren at ho kjem til å taka livet av seg. Slutten av forteljingi gjeng fyre

seg på ein båt der mordaren hoppar i havet. Valdtekti hev fenge sin slutt. Den valdtekne er død, valdtektsmennene er døde og barnet som kom ut av valdtekti dør.

Van Veeteren vert verkeleg sett ut av spel i lange periodar i denne saki. Det sermerkte med saki er at det vert nytta ein pistol med ljoddempar. Det er svært originalt og profesjonelt. Van Veeteren nektar å gå med på at det kann vera ei kvinna som stend attum drapi av dei er so kynisk utførde.

Det mest irriterande for Van Veeteren er nok at mordaren sender fleire brev der ho gjer greide for kvifor ho drep og kva tankar ho gjer seg kring mordi.

Skrifteksperten fær ikkje sagt noko meiningsfylt um brevi og Van Veeteren vert ikkje klok på deim. Mordaren er svært påhittug og greider gong på gong å koma seg undan prekære situasjonar. Ho sit jamvel på same benk som Van Veeteren i parken.

Det er eit skræmeleg motiv at eit menneske kann kjenna seg so til dei gradar meiningslaus som mordaren. Ho hev berre eit mål med livet sitt det er å sletta ut heile upphavet sitt. Det segjer mykje um korleis ei valdtekta kann øydeleggja eit menneskeliv.

I denne serien vert politifolki langt på veg statistar. Dei som vert ein del av jakti på mordaren er dei two valdtektsmennene som stend att til slutt og som veit at dei hev mordaren etter seg. Atter ein gong vert det slege fast at det alltid løner seg å kontakta politiet i staden for å handla på eigi hand.

Bergens filharmonikarane og andre kunstnarar på høgt nivå

Direktør for Bergenfilharmonien (BFO), Bernt Bauge, kunde fortelja til Bergens Tidende 12.12. 2010 at filharmonien dei siste sju åri hev selt 220 000 cd-ar. Berre frå årsskiftet 2008/2009 hev dei gjeve ut 12 nye produksjonar med heilt orkester eller delar av orkesteret.

Dei fleste cd-ar skal nå ein toppdet fyrste året på kring 1000 eller 2000, men BFO hev mакta å få til fleire toppar.

Johan Halvorsen-plata som millom anna hev med symfoni nr. 1 og Bojarenes inntogsmarsj selde yver 3500 på dei fire fyrste månadene, fortel Bauge. Den vart kåra til «Disc of the Month» i det internasjonale og velrenomerte magasinet Classics Today. Samanliknar ein med andre profilerte musikarar frå Noreg, so hev Arve Telefsen og Tine Thing Helseth selt ca. 5000 av nye cd-ar dei siste tri åri.

Me spelar ikkje inn musikk for å tena pengar, segjer Bauge. Det er ikkje salsinntektene BFO yverlever på. Ikkje ein gong konsertane gjeng med nok yverskot. For ein utanforståande høyrest det sterkt ut for Grieghallen kann i periodar ha fullsett sal med kannhenda upp til 800 tilhøyrarar og billettane er ikkje billige. Likevel treng altso BFO subsidiar – fordi det er viktig å produsera kunstmusikk på høgt nivå, segjer Bauge.

BFO er medvitne um det dei driv på med, og det er ei glede å vera til stades på konsertar og kunna fordjupa seg i store komponistars verk. BFO hev ofte two konsertar med same program kvar veka. I haust hev pianisten Leif Ove Andsnes vore sesongens residensmusikar

14 og 15. oktober framførde Andsnes konsert for klaver og orkester nr 2, B-dur, op. 83 av Johannes Brahms saman med BFO. Bergensavisen kunde meldt um at godordi hagla etter konserten den 14.11. 2010. Andsnes gav klåre ord for at sette pris på den solide tilbakemeldingi. Salen var fullsett med 1500 tilhøyrarar og ikkje berre den 14.11, men likeins den 15.11, og eg var den heldige som fekk den siste billetten til konserten som eg nytte i fulle drag. Den var nydeleg.

I programmet til konserten kann me lesa ei greid uppsumming av klaverkonserten med umsyn til det musikalske innhaldet. Brahms vert umtala som ein reflektert kunstnar. Han hev løyst alle formelle problem med usvikeleg tryggleik. Sjølv avsnitt med konflikstoff hev halde på den roi og avmælte stemningi som pregar komposisjonen. Ein finn drag frå både kammermusikk med ein intim musikalsk argumentasjon og monumental symfonisk breidd. Hadde eg ikkje visst betre vilde eg ha kalla konserten for ein symfoni, men ein musikkelskande ven hev innprenta meg at klaveret ikkje høyrer heime i symfoniar.

Her kjem ein vel kannhenda til den lærdomen som eg hev tileigna meg i all min musikalske naivitet at eit piano tek for mykje merksemrd i samklangen med andre instrument til at det passar med symfoniens serpreg. Programmet segjer at klaver og orkester i denne pianokonserten ikkje tevlar med kvarandre um merksemrdi frå tilhøyrarane, men dei møttest derimot i ein djup dialog. Det er dette som gjer konserten til ei so fin, harmonisk og sterkt, men avslappande uppleveling.

Etter konserten signerte stjernepianisten cd-ar. Nærare 200 næme av Andsnes-innspelingi av Rakhmaninovs klaverkonsertane nr. 3 og 4 vart rivne burt. Det viser at Andsnes hev ei høg stjerna millom det bergenske publikumet.

Andrew Litton, sjefsdirigenten, og Bergen filharmoniske orkester hadde ein solid konsert i Grieghallen 9. og 10. desember 2010. Eg var til stades 10. desember. Ronald Vermeulen er tilsett som programsjef for filharmonien. Han heldt eit fyredrag um politikk og musikk og hadde fleire interessante innspel, men kva hadde dette med fyrste del av konserten å gjera? Ikkje veit eg. Rakhmaninov (1873-1943) var ein interessant komponist, og eg lika den andre

symfonien svært godt med mange rolege parti og fin stemningsskapande musikk romantisk og moderne på ein gong tykte eg. Men Vermeulen greidde ikkje å klårgjera musikken hans. Men her burde fyredraget ha vore lengre og meir fokusert på både delar av kveldens program.

Derimot kann ein vel segja at fyredraget var ein greid introduksjon til andre del av konserten som var knytt til ein komposisjon av briten Ralph Vaughan Williams. Williams komponerte i 1936 eit verk som åtvara mot framvoksteren av fascismen. Verket hev inspirasjon frå bibelen, Daniels bok, den amerikanske lyrikaren Walter Whitman og den kjende talen til John Bright som han heldt i det britiske parlamentet imot krimkrigen. Musikalsk er det råd å trekkja trådar til Benjamin Brittens *kriegsrekviem* og Wilfred Owenses *Strange Meeting* som Britten brukte i 1961. Rakhmaninov må eg koma attende til, men alt i alt ein fin konsert Andrew Litton og musikarane hans gjorde ein solid innsats.

Eg er glad for at eg hev kunna vera nokre turar til Bergen denne hausten. Å uppleva musikk på so høgt nivå som på konsertane til BFO, er svært verdfullt. I 2015 vert BFO 250 år. Det segjer noko om kulturlivet i Bergen. Ein by der ein kann få med seg det meste når det gjeld musikk, og med det må ikkje lata vera å nemna at eg jamvel hev fenge uppleva Magnar Mangersnes, joleoratoriet til Händel. Ikkje nokor liti uppleveling det heller. Framföringi var rein og feiande flott. Ei triumferd tykte eg. Andsnes, Litton og Mangersnes og ikkje minst BFO det er kunstnarar på høgt nivå.



Leif Ove Andsnes



Andrew Litton



Grunnlovi frå romantikk til postmodernisme

Det er two hundre år sidan Noreg vart eigen stat i union med Sverike, men med eit eige Storting og med ein vilje til å vera ein stat og etterkvart ein nasjon for seg sjølv. Den gongen var me innsveipte i tankar frå den franske revolusjonen som gjekk fridom, likskap og brorskap, folkesuverenitet og maktfordeling på den eine sida. På den andre sida var me prega av tysk nasjonalisme. Det romantiske kunstsynet forma diktekunst og tenkjing rundt eit eige norsk språk og norsk serpreg i det store og heile. Dei neste hundre åri skulde dei romantiske tankane stå høgt i kurs. Målstrevet fram til på 1930-talet kann sjåast på som eit romantisk arbeid. Folket skulde upplysast og leidast frametter i kunnskap og framsteg. I litteraturen snakkar ein um ein gullalder mot slutten av 1800-talet. Dei fire store, Bjørnson, Ibsen, Kielland og Lie, medan målfolki like sterkt knytte seg til Aasen, Vinje og Garborg og med på lasset kann ein taka Elias Blix og Anders Hovden m.fl.

Mange vil spyrja seg kvar stend me i dag? Kvar vart tankegodset kring det norske målet av? Tidi frå opplysingstidi og den franske revolusjonen fram til i dag vert gjerne fanga inn av umgrepene det moderne prosjektet. Innanfor dette prosjektet ser ein fyre seg at einskildmennesket, arbeidarar og kvinner hev fenge fleire rettar hev vorte frigjorde og sjølvstendige. Trui på fridom, framsteg, ålmennmenneskelege sanningar og siste-instansar hev tidvis vore sterke. På 1900-talet vart verdi innfløkt og modernismen slo igjenom eit rådande kunstsyn. Modernismen er eit lappeteppe av ulike stemneleider som hev nokre samse drag. Ålment kann ein segja at t.d litteraturen vende seg frå det borgarlege samfundet som hadde vore bakgrunnsgrunnlaget for til dømes Ibsens drama. No kjem djupboringar i menneskesinnet for ålvor inn i litteraturen. Nihilismen og surrealismen er kunstretningar som pregar litteraturen.

Åskodingane yver 1. verdskrigen pressar fram ei ny verdsetjing av heile den europeiske sedhevd. Tankane på einskildmennesket i eit bysamfund, eit teknologisk samfund og eit samfund der statsmaki etterkvart er veksande gjev seg utslag i bøkene til til dømes Kafka. Prosessen hev vorte ei bok som det er vanskeleg å koma utanum. Kafka skildrar korleis ein vanleg mann kann verta øydelagd av å gå å venta på at rettslege prosessar skal førast vidare og vidare og voni um at dei skal få nokon ende vert mindre og mindre undervegs.

T. S Eliots diktverk «Det golde landet» leitar etter samanhengar og meininger i verds litteraturen og i heile vår europeiske kulturrømd. Kva skal me tru på? Korleis skal me koma oss etter at me hev sett massedøden på nært hold i Europa? Eliot hev ikkje endegyldige svar, men han gjev oss nok av tankegods til å setja oss sjølv i samband med verdi umkring oss og gjev oss høve til å leita i dei indre åndelege røtene i kulturen vår.

Nedbrotstankane som viste seg sterke i andre land vart vel aldri so sterke i Noreg. Det var rett nok harde tider, men det let til å vera slik at i tider då folk ikkje hev allverdsens av tingleg velstand, so vender dei seg til kulturlivet og vert meir medviten på korleis det kann gjeva mening i det kummerlege tilværet ein hev kring seg.

Noreg vart ein sjølvstendig stat heilt ut i 1905. Då var det slutt på alt hopehav med Sverike. Diktarane frå andre halvdel av 1800-talet vart bytt ut med ein ny ættledd av diktarar. Det kom inn eit nytt lag og lynde i diktingi. No vilde dei nye diktarane taka fyre seg det indre livet til nordmennene både fyre og under dansketid og knyta bandi frametter til vår tid. Falkberget, Dunn og Undset fann motivi sine i soga. Dei vilde ha fram korleis folk tenkte og levde under

vanskelege historiske vilkår og korleis dansketidi i røyndi var.

Ein kunde for fullt sjå fyre seg den språklege spennviddi millom norske talemål og det danske skriftmålet i denne tidi. Eller ein kunde um ein vilde laga seg ei verd der det norske målet var tenkjespråket til folk og åskodingsmålet til granskaran. Ein ättled med granskaran innanfor ei rad fagfelt grodde fram kring studentmållaget i Oslo. Det nynorske målet var no eit utbygd mål som kunde nyttast og vart nyitta til fullnads di med vart det råd å få fram ei åskoding yver det moderne gjennom å granska folkelivet utfrå ståstadens til einskildmenneske som ein granska i djupni.

Ein kann tenkja seg at ein hadde ei heil nynorsk ålmenta der tenkjespråket, talespråket og skriftspråket kunde smelta saman. Denne nynorske ålmenta er ikkje knytt til noko statleg, men til ein friviljig sektor. Eit hopehav millom menneske med sams syn og sams mål og tankar um at det fanst ei sanning um det norske folkelivet og korleis det norske språket skulde sjå ut og nyttast. Ein kann spryrja seg um og i kor stor grad det finst ei slik ålmenta i dag. Det er eit ope spørsmål.

Modernismen i Noreg laut hava tid på seg. Noreg mista ikkje uskulti som låg i ein romantisk tradisjon fyre arbeidarrørsla vann fram og fyre krigen hadde sett sine spor. I ettertid kanne in spryrja seg um me ikkje hev kome inn i ein ny tidsalder. Eins om fekk uppleva eit umskifte på nært hald var Målmannen Edvard Os. Han hev skildra korleis han vart sett til sides frå arbeidet med å få fram jamstelling av det norske målet i staten.

Mange målfolk hadde ei stor og godtruande haldning til staten og til at arbeidarane vilde strida fram det norske målet. Dette er ein tanke som gjeng attende til Aasen. Aasen var sjølv tilliks med Gustav Indrebø, seinare klare talstmenn for at embetsverket godt burde nyitta det norske målet, slik at dei kunde nå ut til og tena det norske folket betre enn med det heimedanske målet.

Men både Aasen og Indrebø levde i den gode tru at staten burde vera ein slags gentlemansstat. Den borgarlege staten som ein vel kunde sjå fyre seg ute i Europa, var ein stat for borgarskapen. Der staten la til rette for det økonomiske livet, kulturlivet og for livsvilkåri for einskildmennesket reint ålment. Staten skulde ikkje blanda seg for mykje inn i saker, men gjera det råd for einskildmennesket å få utretta dei måli det sette seg. Slik sett skulde staten tena målsaki og gjera det lett for nordmenn å verta medvitne um det norske målet som hadde yverlevt dansketid og kome seg uppatt som skriftmål. Når folket arbeidde fram målet, so måtte staten fylgja upp og stydja fram den nynorske ålmenta på det beste måten. Uvilje mot målsaki var noko som måtte kjempast ned, og målsaki hadde då òg vunne sigrar gjennom massemøte, skulemålsrøystingar og val av målform i heradi/kommunane.

Grunnleggjande krefter i politikken talar, slik ettertidi ser det, klårt imot målsaki. Ser ein på dei store straumdrag i politikken kann ein ikkje koma utanum den russiske revolusjonen og 1. verdskrigen. Dei stend for two motsette ideal. På den eine sida striden for nasjonalt sjølvstende og nasjonal samling både for småstatar og for store statar. På den andre sida trui på verdsrevolusjonen og fylgjone av sosialismen og sosialdemokratiet. Både retningane pressar fram eit totalitært syn på korleis staten skal forma samfundi.

Nasjonalismeprinsippet var i røyndi og er i røyndi ei stund grunnsetning. Folk med same grunndrag i religion, språk, historiske røynslor og anna serpreg bør finna saman og styra seg sjølve. Men nasjonalismen vert usund når han kjem i strid med sosialismen. Trugsmålet um ei sosialistisk maktyvertaking vart røynlegt nok etter 1. verdskrigen. Polakkane er det beste dømet på korleis nasjonalismen sigra yver sosialismen gjennom krig. Den raude her var på veg med sine fanor og hadde polakkane i kne. Hadde dei vunne i Polen, vilde dei truleg ha halde fram i ekspansjonskrig.

Nye politiske system innanfor det moderne prosjektet hev hav tein tendens til å føra med seg misjonering og vidareføring av tankegodset. Alternativet er at ein må kjempa ned det tankegodset ein er imot innanfor kvar einskild stat. I og med at informasjon spreider seg yver landegrensone, er det vanskeleg um ikkje uråd å hindra at mottankar til eit regime innanlands kann koma frå tankar som hev meldt seg utanlands. Mottankar til autoritetar melde seg alt med bokprentekunsten og sensurrørslor hev kome og fare etterkvart som det hev vore naudsynt til å tryggja stabilitet innanfor ein stat.

Den borgarlege staten som ein kunde tenkja seg frå Europa samanlikna med embetstandstradisjonane i Noreg vert noko anna. Me hadde nok ikkje nokon borgarleg stat, men um ikkje det, so hadde me iallfall ein stat som var noko anna enn det som kjem inn med Arbeidarpartiet. Ein profesjonalisert og universell stat der vitskapen og framsteget skulde styrast so og segja teknokratisk ut til folket, det var det ein kunde sjå fyre seg at målsaki skulde møta, når ein ser attyver i soga og so leikar seg med å vera framsynt.

Ein slik stat kann ein lett finna åt med bakgrunn i tankane til Hanna Arendt og seinare Jürgen Habermas. Staten gjer seg til ei systemverd som skil seg frå livsverdi. Systemverdi kann ein etter mitt syn finna godt fundert i materialistisk marxisme-leninisme. Yverbygnaden frå den borgarlege staten skulde reinskast burt. Det vil segja at staten skulde vera mest råd sekulær, positivistisk og materialistisk fundert. Då vilde tufti verta ny og ein vilde få eit idyllisk samfund med upplyste arbeidrarar. Den tanken vart dyrka millom anna av Halvdan Koht og Sigmund Skard, inntil dei laut gjeva upp tanken.

Der målrørsla bygde opp ei nynorsk ålmenta bygd på livsverdi med byrge og store språklege bilete og språkmøte frå livsverdi til nynorskbrukarane, der vart staten ståande att som ei systemverd utan noko ynskje um å påverka slike tilhøve. Staten var ikkje ein borgarleg stat, slik Aasen-Indrebø-lina tenkte seg. Statstenestemennene kunde ikkje hjelpe fram den nynorske ålmenta gjennom å bruka nynorsk. Staten var heller ikkje i stand til å få folk interesserte i det norske målet, ikkje ein gong gjennom samnorskanken, slik som Skard og Koht, såg fyre seg.

Staten var derimot eit verkty for materielle, vitskaplege og sekulære målsetjingar. Desse målsetjingane var flate og banale. Hadde ein vanskar so skulde alle grunnsetjingar diskuterast og leggjast fram. Staten kunde lyfta seg yver og styra kva det skulde vera. Umformingane av statane på sosialistisk vis gjekk fyre seg med den fyresetnaden at alt som skulde avgjera skulde inn i prosessar, so skulde det gjerast politikk av det heile. Det eine synet skulde relativiserast og atomiserast, rett og slett so og segja trollast burt, medan det andre synet som samhøvde med partiet sitt rådande syn skulde tvingast fram. Etterkvart vart politikken som relativisert og lausgjort at moralen og det borgarlege samfundet kvar burt.

Det var ikkje lenger rom for moralske domar eller for ordskifte der ein skulde koma fram til sanningar gjennom ærlege åskodingar. Den første etterkrigsgenerasjonen skulde kontrollerast gjennom at dei var lydige mot staten og gjorde det arbeidet dei var sette til innanfor den sosialdemokratiske orden. Den neste skulde lokkast til å protestera, men upprøret skulde koma frå vinstresida. Den sida som alt trudde på den sekulære, vitskaplege og teknokratiske staten.

Lojaliteten attum staten og sosialdemokratiet vart gjort til noko ålment som ingen skulde protestera mot, so skulde normene innanfor denne staten tvinga neste ættled til å godtaka og forsterka rolla som lydige statstenestemenn, anten dei arbeidde i næringsliv eller offentleg sektor. Me skulde alle vera sosialdemokratar. Frå 1970-talet av var det kven som helst som vart ein del av systemverdi til Habermas.

Det totalitære samfundet til Hanna Arendt hev vorte absolutt. Moralen og det personlege tildrivet vert langt på veg burte under statlege reguleringar og politisk korrekte uppfatningar.

Meiningsdaning hev vorte ein profesjon. Ein kann kjøpa seg tenester hjå mediekonsulentar som tek skyhøgde honorar, handlangarane er gjerne folk frå politikk og næringsliv som hev kontaktar på innsida av den systemverdi som skal påverkast. Staten dungan pengar til barn- og ungdomsorganisasjonar, forståsegpåarar som skal meina noko politisk korrekt og no skal pressestøtta til dei avisone som er mest kritiske og meiningsberande fjernast frå borgarleg sida, der ein fylgjerett sett skulde tru at fridomsideali skulde ha vore til stades.

Hanna Arendt såg på den tyske byråkraten som ein liten mann utan ryggrad. Ein mann som berre var ein del av eit system og som fylgte ordre. Han hadde ikkje eigne oppfatningar. Moskvaprosessane hadde vist oss korleis folk som prøvde å vera lojale kunde fjernast utan nåde frå dei sosialistiske makthavarane. Nasjonalsosialistane var like nådelause.

I dag er det vorte slik at nordmenn flest hev vorte prega av totalitær tankegang i so stor grad at me ikkje ser galskapen i fortidi, for me hev vorte like prega av totalitær tankegang sjølv. Me let oss planstyra frå vogga til grav. Skal du meina noko sjølvstendig, so må du for all del styre undan statlege pengesluk. Då vert ein fort stempla som eit mystisk kringvære som resten av samfundet skal vera på vakt mot, iallfall um ein vert teken på álvor. Ein skal ikkje ha for klåre meininger. Ein skal vera verdinøyrtal og helst halda seg litt på sida av dei som hev sterke meininger.

Sosialistane gjorde det tidleg til eit prosjekt å peika seg ut meiningsmotstandarar som kunde nyttast til å syndebukkar. Yttergrupper som kommunistar og akp-arar hev vore nyttige verkty til å tvinga fram nye standpunkt og få det til å sjå ut som at reaksjonen kom frå livsverdi, men i røyndi var det berre ein måte å få kjempa ned motkrefte på den andre sida.

Um ein so vender seg til litteraturen att, so ser ein fort at litteraturen i Noreg hev vorte blodfatig og lite hev halde seg i tetstraumen.

Dersom ein ser på litteraturen i verdsmålestokk so kann ein skilja millom modernismen og postmodernismen når ein granskar «det golde landet». Diktverket er fragmentatisk og innehold det som fagfolki kallar pastisj, samansetjingar av ulike element, det er tilliks med postmodernismen, men forteljaren i «det golde landet» segjer at desse fragmenti fekk eg berga til lands frå ruinane mine. Den modernistiske litteraturen ser på fragmentering og ytterleggående subjektivitet som ei eksistensiell krisa eller ein indre freudiansk strid, ei tilflökjing som det mål løysast upp i, og det er ofte kunstnaren som må få flokone til å leggja seg.

I postmodernismen er det derimot ikkje råd å få til løysingar eller freista å tenkja seg gode løysingar. Kunstnaren er impotent, og den einaste måten å koma seg undan på er å spela på kaoset. Det finst verk frå modernismen der ein spelar på kaoset, men i postmodernismen er det eit sentralt og berande element at ein spelar på kaoset og orden og meaning vert noko usannsynleg.

I litteraturvitenskapen snakkar ein bolkevis um dei store forteljingane, slik sett er det mange forteljingar. Ei forteljing som ein kann zooma inn og ut er forteljingi um den norske grunnlovi og det norske folket si tiltru til at me lever i eit vellukka land. Mange nordmenn ser fyre seg Noreg som eit land som hev bygt seg opp til meir og meir velstand gjennom demokratiske prosessar og hardt arbeid. Ei anna forteljing er forteljingi um den nynorske ålmenta med pugging av songar, umsetjing av klassisk litteratur, nynorsk vekeblad og so burtetter. Denne forteljingi vert dyrka til dømes av Noregs Mållag og språkrådet som skipar til språkråd, staten som løyver pengar til Aasen-senteret og alle slags institusjonar med nynorsk i namnet.

Oddvar Torsheim kjem inn som ein postmodernistisk kunstnar som plasserar den nynorske forteljingi i nynorskens skog, eit godt bilet. Her sit folk kvar på si sida og knaskar på offentlege løyvingar og skriv seg inn i biletet av ein idealistisk og demokratisk stat. Ingen skal trenga å gå på legd i den sosialdemokratiske tidsalderen. Her skal alle takast vare på, slik

at dei ikkje vert herda og byrjar å tenkja større og meir grunnleggjande og moralske tankar enn det den totalitære staten vil ha. Staten er yveralt og yver alle. Det er som den materialistiske marxismen vilde det. Religion, moral, samvit, ålmennmenneskelege sanningar er bytte ut med sekularisme, politisk målstyringsprinsipp, lojalitet mot dei politiske mål og evna til å tilpassa sine eigne livsmål etter det ein kann få pengar og studnad til i den statlege systemverdi.

Skal det koma noko nytt og meiningsfullt, må det koma frå grasroti, men då vert det som regel anten fanga inn av systemetverdi eller fordømt av den same systemverdi. Slik sett hev Målmannen freista å halda seg på avstand til systemverdi og totalitære tankar av ulikt slag. Me vil halda upp det sjølvstende som høyrer til ei fri og levefør nynorsk ålmenta.

I ei slik ålmenta må taka vare på sjølvstendet sitt og slå til meir enn ei sida, slikt er ikkje lett. Aasmund Olavson Vinje sleit hardt nok med «Dølen». Men skal ein visa den rett truskapen til målsaki og vinna sin eigen sjølvverdnad kann ein ikkje lata seg fanga av anna enn sanningi. Jamvel um kunstretningane hev vore uppklovvde og litteraturen likeins, so må me taka med det uklåre og søkja oss fram mot det som gjev mening i vår tid. Då ligg det ein inspirasjon i grunnlovi sine ord um at frimodige ytringar um statsstyringi «ere enhver tilladt». ,På det viset tek me vare på nokre av dei beste ideali i målsaki og gjer ho ikkje um til ein postmoderne nynorskens skog, men skaffar oss eit vidare utsyn yver verdi.

POSTMODERNISME

Me hev skrive um postmodernisme i Målmannen tidlegare, men eg hev ikkje granska det ein kann rekna for postmodernistisk litteratur på nært hald. Det vil eg gjera i denne artikkelen.

Postmodernismen er ei motstridande retning. På den eine sida let det til å vera slutt på postmodernismen i dag, iallfall er den tidi då ein snakka høgt um postmodernisme og forfattarar som var typiske postmodernistar slutt. Mange forfattarar skriv som dei alltid hev gjort utan å vera so veldig upptekne av å vera knytte til ei fast farleid. Å snakka um postmodernisme er difor i seg sjølv noko som forfattarane kann setja seg i mot og som litteraturgranskurar kann velja å gjera eller å ikkje gjera.

Kor som er, hev vel mange trong for å kunna snakka um litteratur på ein måte som gjer at ein kann finna likskapar og samanhengar. Elles vert det vanskeleg å finna mening i litteraturen. Då er postmodernisme ein merkelapp som ein kann bruka um ein del litteratur frå dei siste fem eller seks tiåri. Me skal sjå på two britiske forfattarar og ein svensk forfattar og til slutt tenkja yver kva som skil deim, men først må me segja noko um postmodernismen og postmodernistisk litteratur radt ålment.

Den tidi me lever i hev vorte umtala som postmoderne. Det hev til dømes vore sagt at me lever i ei postmoderne verd eller i ein postmoderne tilstand. Postmodernismen kann vel knytast til at den andre verdskrigen skaka upp ei heil verd og at folk miste trui på absolutte sanningar og samanhengar.

Postmodernismen trur ikkje utan vidare på dei store samanhengane og heilskapane. Slike samanhengar og heilskapar kunde ein tenkja seg tidlegare. Ein slik samanheng var knytt til dei store forteljingane. Dei store forteljingane er eit umgrep som vert nytta millom litteraturgranskurar, og nokre gonger vert det knytt til litteraturhistoria. Slike forteljingar kann vera: Den klassiske antikke forteljingi, den kristne forteljingi, den kapitalistiske forteljingi, den marxistiske forteljingi, den nasjonale forteljingi, forteljingi um opphavet til slekti, mytologiske forteljingar og liknande. Desse forteljingane skal skapa mening både for den einkilde lesaren og for samfunnet som heilskap.

Men postmodernismen set alle forteljingane på prøve. Det er so mange måtar å setja desse forteljingane saman på at forteljarane steller spørsmål ved um forteljingane kann vera gyldige. Kann dei forklara og gjeva mening til menneske i vår tid? Dette kann i seg sjølv verta eit tema i noko av litteraturen, medan andre delar av litteraturen berre avviser deim heilt og fullt.

Postmodernistiske forfattarar og menneske radt ålment set seg sjølv i scene. Dette er ikkje noko nytt. Det koma inn alt i renessansen, då alt menneskeleg skulde studerast for si eigi skuld, men i dag er det ikkje so viktig korleis ting er, men korleis ein kann prøva å plassera det i ein samanheng. Dersom ein er misnøgd med ein samanheng kann ein forkasta delar av historia eller starta frå grunnen att. Paul Auster skriv um ein forfattar som skriv på ei bok, men skriv seg heilt burt og forteljingi i den boki han skriv på stoppar upp, forteljingi um forfattaren i «den røynlege verdi» held derimot fram.

Slike iscenesettingar av tilfeldige forteljingar som ein kann halda fast på eller sleppa er noko som maktstel mange i samtid. Det kom vel inn i samfundet med 1980-talet, der ein skulde realisera seg sjølv, litteraturen hadde vore innum samansette menneske og blandingar av forteljingar både fyre og etter 1980-talet.

Etter kvart hev tankane frå litteratur smitta yver på samfundet og umvendt. Slik sett vil alle vera forfattarar i dag. Me vil helst setja oss sjølv inn i ein offentleg samanheng. No seinast

gjennom facebook og andre millommenneskelege møtestader på verdsveven. Folk hev eit leike og ope tilhøve til alt. Eigenart og gruppetilhøyrsla kann skapast gjennom motar, musikksmak, filmsmak, piercing, tatovering med meir eller gjennom løynde identitetar på eit nettforum.

Nøytrale, godmodige eller velmeinande parodiar eller pastisj vert nyttar mange stader.

Sjangervekslingar og sjangerbrot eller reine sjangersamanblandingar er vanlege. Både daglegspråket og litteraturspråket kann vera svært skifterikt i vår postmodernistiske tid.

Media hev eit skiftande og oppbrote språk, og det viser seg millom anna i reklame og popvideoar. Det oppbrotne preget vert eit ideal for postmodernistane som blandar ulike stilelement. Leiken med språk, farge og form vert like viktig som innhaldet.

Postmodernisme er ofte ei nemning ein nyttar um både litteraturen og kunststilen i tidi etter iallfall 1965. I skjønnlitteraturen hadde postmodernismen ei glanstid på 1980-tallet, med forfattarar som Paul Auster og Umberto Eco. Jorge Luis Borges skreiv forteljingar med klart postmodernistisk preg alt på 1940-tallet. Vladimir Nabokov og Samuel Beckett vert ofte nemnde som tidlege døme. Salman Rushdie, John Fowles, David Foster Wallace, Thomas Pynchon og Julian Barnes er forfattarar frå vår tid som vert assosierte med umgrepene. Gabriel Garcia Marquez gav seg til kjenne med sin magiske realisme med *Hundre års ensomhet*, og ei bok som *Kjærighet i koleraens* tid boblar yver av forteljargleda. Mykje av kriminallitteraturen må kunna segjast å ha klare postmodernistiske drag.

Noreg heng etter og postmodernismen kjem vel først til Noreg når han stend på høgdi i USA og i resten av verdi på 1980-talet. Jan Kjærstad og Kjartan Fløgstad er millom dei norske forfattarane som innleider ein postmodernistisk litteratur i Noreg.

I filmsjangeren kann ein gjerne knyta filmskaparar som David Lynch og Quentin Tarantino til umgrepene postmodernisme. David Lynch er mest kjend for fjernsynsserien *Twin peaks*. Tarantino er kjend for ei rad filmar som *Pulp fiction*, *Kill Bill*, *Natural born killers* m.fl. Forfattarane John Fowles, A.S Byatt, Anna Karin Palm høyrer vel kannhenda ikkje til dei aller mest sentrale forfattarane innanfor ein postmodernistisk tradisjon, men dei viser noko av mangfeldet i denne tradisjonen. Fowles slo igjenom på 1960-talet. Det same gjorde Byatt. Palm er ein nyare forfattar frå Sverige.

John Fowles og the collector

Ein av forfattarane som det kann vera verd å sjå nærrare på er John Fowles. Han hev skrive minst tri bøker som er filmatiserte. *The collector* er ei bok som vart filmatisert på 1960-talet. Ho handlar um ein seriemordar som kjøper seg eit hus på landet og kidnappar ein kvinneleg kunststudent. Det viser seg at han kjem frå same landsby som henne, men han var ein grå kontorist som fåe la merke til, inntil han vann ein stor slump pengar i eit lutspel. Då vart han millom anna i stand til å kjøpa det store huset på landsbygdi.

Målet med kidnappingi let til å vera at han skal få den kvinnelege kunststudenten til å lika honom, men dei greider ikkje å nå fram til kvarandre. Ho prøver å retta seg etter kravi hans, men maktar det ikkje. Dei hev lite sams og maktar ikkje å uppnå ein ekte kommunikasjon.

Det absurde i situasjonen viser seg fleire gonger, serleg når dama trur ho skal sleppast fri, fordi dei var samde um at ho skulde vera innesperra ei tilmælt tid, men då ho trur ho skal sleppast fri, vert ho sperra inne på ny. Det heile verkar vonlaust. Då ho skal freista å gjera han til lags med å ha samlægje med henne, meiner han at ho ikkje ter seg ekte og meiner ho likso godt kunde ha vore prostituet, so han avviser det lekamlege samkvemet fyre det vert noko ut av det.

Når kvinnen dør under fangenskapen fær me sjå at han er på jakt etter ein sjukepleiar, og me skynnar at han kjem til å halda fram i same stil som med den fyrste kvinnen. Jamvel um me fær innsyn i psyken til både mannen og kvinnen, kjem me ikkje langt når me skal forstå kvifor den mannlege hovudpersonen gjer som han gjer. Dei ulike brotstykki me fær innsyn i er nok til at

det opnar seg mange alternative svar på kva som gjer at han hev vald denne kunstnaren. Det kann vera hans eigne ambisjonar. Det kann vera at han vil prøva å finna ut kven han er, gjennom å møta ei dame som kjem frå hans eigen heimstad. Det kann vel òg vera at han rett og slett vil ha merksemrd. Kor som er, ein kann lett kle av heile forteljingi og segja at ho ikkje gjev meinung, men ho gjer det likevel. Seriemordarar finst og dei tenkjer ikkje slik som oss, so me vil gjerne prøva å forstå, jamvel um me ikkje gjer det.

Den franske løytnatens kvinne

Fowles er nok langt meir kjend for filmen den franske løytnantens kvinne. Den mannlege hovudpersonen i forteljingi skal gifta seg. Han er sjølv vitskapsmann, geolog, men finn seg ei borgarskapskvinna. Han og faren til kvinnen er forlikte um at dei skal gifta seg, men vitskapsmannen vert maktstolen av ei anna kvinne som han vert kjend med. Ho skal ha vore saman med ein fransk løytnant som seinare reiste frå henne og tilbake til Frankrike. Etter dette tilhøvet hev ho vorte uglesett i umrådet.

Den mannlege hovudpersonen bryt trulovingi med borgarskapskvinna. Det kostar han dyrt, for ho og faren gjeng til rettsak mot honom, og han lyt millom anna skriva under på at han ikkje kann reknast for å vera ein gentleman etter å ha brote trulovingi. Ikkje nok med det, etter at han hev vorte fri frå festarmøy, uppdagar han at den franske løytnatens kvinne er burte. Han vert nøydd til å skaffa seg eigne etterforskalar som skal leita henne uppatt. Det tek fleire år.

Til slutt viser det seg at kvinnen hev vorte guvernante for ein familie, der ho kann dyrka den fremste interessa si som er å måla. Ho hadde trong til å finna seg sjølv, segjer ho, då han finn henne.

Forteljingi kann segjast å vera prega av ei viktoriansk kjærleikshistorie millom ein naturvitskapsmann og ei gåtefull guvernante. Guvernante-motiv finst det forresten langt attyver i britisk litteratur, til dømes um ein ser på Moll Flanders, so langt tilbake som til 1700-talet. Ei guvernante var rett og slett ei yrkesrolle som kvinner kunde gå inn i. Det var fåe andre slike rollor for kvinner som ikkje gifte seg eller på andre måtar var ein del av ein huslyd. So den frie kunstnaren og den frie guvernanta heng saman.

Forteljingi vert laga um til ein pastisj – ein stilistisk kopi eller ei etterlikning, som vert laga i den same stilarten som den som var vanleg i ein annan litterær tidfolk, men ho vert skriven i vår tidsalder. Fowles brukar pastisjen som eit verkemiddel til å få fram nye vinklingar på litteraturen. Pastisjen vert ein slags smill parodi når kjærleiksfoteljingi vert broten upp av notidsinnsyn i sosiologi og psykologi. Lesaren vert orientert um at dette er ei forteljing som ein kann studera utanfrå med vår tids innsyn, og han slepp å tenkja seg inn i verknadshistoria til eit eldre verk, men kann derimot få merknader frå ein samtidsforfattar som tilliks med lesaren ser på hendingane som noko som skjedde i fortidi.

På 1970-talet vart britisk litteratur prega av at forfattarane var genremedvitne og nokre av deim fornya 1800-tals romanen på underfundige og vyrdlause måtar. Forfattarane dyrka ein slags ironisk pastisj. Det kunde vera eit uttrykk for ei sjølvuppgjevande og postmodernistisk haldning, der ein berre flytter rundt på mynstre frå nedslitne genrar som barnebøker, kiosklitteratur, populærlitteratur, radio- og fjernsynsgenrar. Blandingar av slike genrar fører til at ein bryt ned konvensjonelle biletar av både finkulturen og populærlitteraturen.

Ebony tower

Ebony tower er ei filmatisering som byggjer på litterære tekster av Fowles. Her er det ein mann som både er målar og kritikar som kjem på tur til ein eldre velrenomert målar. Den gamle målaren hev teke til seg two kunststudentar som bur hjå han. Kritikaren freistar fyrst å

samla stoff til eit intervju, men han endar upp med å verta interessert i den eine kunstnaren som viser honom målarstykke av høg kvalitet. Han meiner at dei two kvinnene vert fanga av den gamle målaren som dei ser upp til og ikkje vil forlata av di han treng folk rundt seg. Den gamle målaren sjølv, segjer at dei unge damone er frie til å forlata honom når dei vil.

Det endar med at kritikaren tilbyd seg å hjelpe den talentfulle kunstnardama på fleire måtar, og til slutt hev han lyst til å møta henne i ein landsby eit stykke frå kunstnarbustaden, ho kjem ikkje. Kunstkritikaren reiser for å møta kona si. Då han møter kona, kokar det heile ned til at han er tilbake i kvardagslivet og filmen sluttar. Dramatikken rundt å få den kvinnelege kunstnaren burt frå kunstnarbustaden kokar heilt ut og vert til ingenting. Alle personane let til å vera upptekne av å gjera minst mogleg uppbroter frå det livet dei hev vant seg til, samstundes som at kritikaren og damone gjer seg sine tankar og hev hugmål som gjeng vidare.

Filmatiseringi tek vel upp fleire tema knytte til moderne kunst og klassisk kunst, um det let seg gjera å læra kunst på ein kunstskule eller um ein lærer betre av ein røynd kunstnar, um korleis eit godt intervju kann verta til, um ein gamal mann kann utnytta unge kvinner og hindra dei i å koma vidare i livet, um ein gift mann kann bryta upp og starta på nytt med ei yngre kvinne og liknande.

Bodskapen let til å vera prega av postmodernisme på den måten at forteljingi ikkje gjev noko klårt svar og let ulike synspunkt på samliv og målekunst få stå side um side. Det endar med at alle gjeng tilbake til der dei var då handlingi starta, men det let til å vera det rette at ting vert som dei er. Det er det normale. Det vil segja at det normale er at ein millom anna tenkjer på korleis ein kann bryta ut av det vanlege kvardagslivet og finna ei ny mening og ei ny retning i kvardagslivet, men at ein endar upp med at ein ikkje gjer noko.

Handlingi veksler millom at kritikaren og målaren snakkar saman og at dei two kvinnene anten kvar for seg eller saman snakkar med kritikaren. Nokre gonger er alle fire samla. Eit høgdepunkt er ein middag der den gamle kunstnaren drikk seg full. Her kjem det ein konfrontasjon kring den moderne kunsten. Kritikaren stend fram som den liberale, men han vert utfordra på um han eigenleg er so innsynsfull.

Ei anna scene som er viktig er knytt til at kritikaren fær sjå på kunsten til kunststudenten og snakkar med henne um ho ikkje bør koma seg tilbake til kunststudiet. Veninna hennar er den som vil pressa på for å få henne i gong att, men sjølv let ho ikkje til å ha so store mål. Ho segjer at ho bur i kunstnarbustaden på grunn av den talentfulle kunststudenten, men me gjer oss tankar um ho gjer det av makelegskap og ikkje noko anna.

Målingi let like fullt til å vera det viktigaste for kunststudenten, ho likar å måla saman med den gamle kunstnaren. Då hev dei det fint saman, og det er det dei gjer då kritikaren ringjer til kunstnarbustaden for siste gong. Det er kort og godt ingen grunn til å bryta upp, for det er eit harmonisk og godt liv kring målingi i kunstnarbustaden.

Kva kann me so læra um postmodernismen utfrå John Fowles tekster? Alle tekstene hans let til å handla um kunstnarar som treng fridom og um korleis det kjem i motsetnad til samfundet umkring dei. Anten det er ein kontorist som ikkje greider å få kontakt med ein kunstnar, ein kunstkritikar som ikkje ser meiningi med at ein ung kvinneleg kunstnar slær seg ned saman med ein gamal mannleg kunstnar eller ein vitskapsmann som ikkje kann forstå seg på den dama han elskar, fordi ho må finna seg sjølv gjennom å vera sjølvstendig guvernante og måla biletet og ikkje berre kann gå rett inn i eit ekteskap med honom.

Det ser ut til å vera eit mynster i desse forteljingane til Fowles at mannlege forståsegpåarar ynskjer å nå fram til kvinnelege kunstnarar utan at dei mannlege hovudpersonane let til å ha det heilt store hellet. Rett nok ser det ut til at den mannlege hovudpersonen fær dama si i *Den franske loytnantens kvinne, men i råmeforteljingi* i filmen endar det med at den kvinnelege

skodespelaren ikkje vil ha den mannlege, trass i at dei hev havt ein utanumekteskapeleg affære. Umveges vert det eit signal um at alt ikkje berre er velstand og at ein hev ein slag paradoksal mangel på parallellitet i forteljingi frå det røynde livet i dag, råmeforteljingi og forteljingi frå 1800-talet.

Heile vegen stongar me inn i ein postmoderne tilstand i den tydingi at vanskar som kjem upp i forteljingane let til å vera uløyselege eller utan meinung i den store samanhengen. Det er ikkje viktig korleis det heile utviklar seg, me må sjølve finna fram til meiningsane utfrå dei meiningsfragmenti som kjem fram i dei ulike forteljingane. Me kjem djupt inn i personane, men greider ikkje å fanga kva som skal til for at dei skal lukkast eller mislukkast. Me vert ståande att med ulike posisjonar som me kann orientera oss etter, men ikkje nokor god og lettfatta oppsumering.

Besettelse

A.S Byatt er ein britisk forfattar som hev skrive fleire typar bøker. Boki *Besettelse* handlar um den amerikanske litteraturforskaren Roland Mitchell og den britiske litteraturforskaren Maud Bailey. Dei kjem på sporet av nye upplysingar um den uppdikta forfattaren Randolph Henry Ash. Ash var poet og rekna for å ha vore ein solid familiemann utan sidesprang eller serskilde avvik frå eit normalt og stødigd liv. Ein tenkte seg at den konservative Ash var ein motstandar av den lesbiske Christabel LaMotte, men etterkvart som avsløringane kjem fram i forteljingi, viser det seg at dei two var løynlege elskarar.

Her kjem det òg inn ein viss parallellitet millom dei two forskarane og Ash og LaMotte. Forskarane Mitchell og Bailey finn kvarandre, samstundes med at dei avdekkjer historia til Ash og LaMotte. Men tilbake til Ash. Han gjer LaMotte med barn, LaMotte stikk av til Frankrike, den lesbiske elskarinna og sambuaren hennar tek livet av seg. Forteljingi avslører at Ash møtte barnet sitt, trass i at han ikkje fekk kontakt med mori som flutte for seg sjølv og heldt seg undan. Ash døydde som ein velvyrd familiefar som alle trudde var ein trufast og konservativ ektemann.

Besettelse hev innslag av detektivroman, men forteljingi rømer meir enn berre ein vanleg detektivroman. Two akademikarar som søker etter kunnskap um ein forfattar, ynskjer å skapa historie gjennom å formidla forsking. Korleis påverkar forskingi forskingsinstitusjonar? Og kva verdiar ligg det i å uppdaga noko nytt um litteraturhistoria? Det let til å vera pengar i å endra historia. Ikkje berre kann ein tena pengar på å gjera nye funn og publisera deim, men sjølve etterlevningane etter Ash og LaMotte kjem inn som studieobjekt, samlarobjekt og tilfang som kann gjerast um til pengar på ein marknad. Slik er det på den eine sida, medan Mitchell og Bailey derimot gjeng gjennom ein personleg vokster, Bailey er i slekt med Ash og for henne fær dei nye funni personlege fylgjor.

Midt uppe i det heile lever Mitchell og Bailey både som two etterforskjarar, som two forelska i ei kjærleksforteljing og som two forskarar med mål um å skaffa seg nye publikasjonar. Men dette er ikkje berre seksualitet og ein lukkeleg slutt. Det er òg ei åskoding kring kor mykje ein kann lita på tradisjonelle framstellingar i biografiar. Kor mykje vert sagt, kor mykje er kjend og kor mykje er totalt ukjend. Korleis kann nokre fåe brev til å endra ei heil oppfatning av eit menneskeliv. Nokre fåe brikkor kann få ein til å tenkja fullstendig nytt um eit menneskeliv. Eit par puslespelbitar kann føra til at heile puslespelet må leggjast på nytt. Slik sett er Byatts forteljing um den uppdikta forfattaren Ash, ei forteljing som passar inn i den postmoderne forteljingskulturen, der ein person kann minkast ned til ein flik av den store røyndomen. Ingenting er viktig og avgjerande i den store samanhengen. Men alt gjev meinung på eit lågare nivå. Det gjev meinung for dei som er involverte og som vil ha fram den delen av røyndomen som er viktig for deim.

Snöängel

Anna Karin Palm er ein forfattar som òg lagar puslespel, puslespel som det er vanskeleg å løysa. Boki *Snöängel* er ikkje meir enn nokre fåe år gamal - ho kom ut i 2011. Boki er ei hylling av Stockholm, slik eg ser det. Ein del av det indre livet i Stockholm vert samla kring Hedvig som er hovudperson. Hedvig hev mist foreldri sine og hev ei syster som hev ein hund. Hunden er svært viktig for systeri, og i innleidingi hev hunden stukke av. Det fører til ei krisa der Hedvig må setja i gong ein leiteaksjon.

Den fyrste delen av boki er knytt til at Hedvig leitar etter hunden. Den andre delen er knytt til fyrebuingane kring eit nyårsball og den siste delen av boki er knytt til avslutningi der Hedvig er død og ligg som ein snøengel utanfor eit hus. Innimillom dei tri delane kjem forteljaren inn med sine kommentarar. Forteljaren er ein svensk som hev butt utanlands og kjem attende til Stockholm etter utanlandsupphaldet. Desse forteljarkommentarane til forteljingi er vanskelege å få heilt tak i, for ein veit ikkje kven det er som kommenterer og kva det er som er meiningi med kommentarane.

Framfor alt er boki prega av at ho er ei hylling til det gode og glade liv i Stockholm. Folk møtest, vert kjende og hev det moro saman. Det er ein slags eigen tone yver folk i Stockholm som ein ikkje kann gripa slik utan vidare. Ein må høyra på når folk snakkar saman og sjå for seg kva som skjer når dei møtest og skaper seg dei same røynslone um det som skjer i byen. Det å vera barnefødd i ein by fører i seg sjølv til at folk lett kjem saman.

Hedvig kjem i snakk med ulike personar umkring hunden sin og fleire gonger møter ho menneske som hev sett hunden og havt upplevelingar knytt til at dei hev sett hunden. Hunden gjeng ikkje i halsband, og det hev i seg sjølv gjort at systeri til Hedvig hev vore på kant med politiet, men ingen let til å greida å fanga hunden heller. Hunden kjem seg rundt i byen til ulike stader. Korleis han skaffar seg mat og kven som tek seg av han, det er ikkje alltid like klårt.

På heimebane er det Henning og Elsa, grannane til Hedvig som heldt eit auga med henne, der ho bur åleine i sitt eige husvære. Kunstnaren og vaktmeisteren Gabriel er ein av dei Hedvig møter. Bussjåfören Rafael ein annan. Politimannen Mikael utfordrar ho kraftig då ho stel ei korg med jordbær frå ei rikmannsdama på Østermalm.

Personane vert lenka saman av hunden og seinare av kvarandre, og mange av dei viktigaste personane kjem saman på eit nyårsball. Dei endar opp som ein samansveisa gjeng. Den viktigaste samnemnaren millom deim er Hedvig. Hedvig kjem utkledd som etterforskaren Poirot. Det verkar som at pendelen snur mot slutten av boki. Fyrst hev Hedvig samla alle personane, men so byrja ho å etterforska deim og prøver å forstå deim og seg sjølv.

Skal ein lesa boki på eit djupare plan kjem ein ikkje utanum at ein må taka stoda til kva merknadene til forteljaren vil fram til, og ein må sanna at det vert nytta ein slags mystisk undertone til det som skjer med personane, jamvel um det er lite som verkar løynlegt eller beint konspiratorisk i boki. Det er tydeleg at forteljaren på ei og same tid er nær og fjern. Det som hende er ikkje so langt burte, men forteljaren hev reist til utlandet og kjem seinare heimatt. Forteljingi kann lesast som noko ho fortel utan at det er nokon større samanheng, berre ting som skjedde den gongen. Eller ein kann tenkja seg at hendingane hev ei høgare meining og at dei vert tillagt ein annan substans gjennom forteljaren. Eg vil hella mot den uppfatningi etter å ha lese kva kritikarane skriv, men boki treng ikkje å lesast tungt og symbolsk. Ho er god nok i seg sjølv som ei forteljing um tilfeldige menneske som møtest i Stockholm. Englesymbolet i sluttscena tvingar ein likevel til anten å segja at det er ikkje noko ein treng å tenkja nøgnare yver

eller so kjenner ein seg freista til å lesa og tenkja yver boki fleire gonger.

Maria Schottenius melde boki i Dagens Nyheter 27.09. 2011. Ho meiner å finna fram til fleire sentrale symbol i boki. Schottenius ser for seg at Stockholm vert framstelt som ein gallakse og personane som himmelkroppar som flytter på seg i ulike banor, einskildmenneski møtest og skilst som himmelkroppar. Ein vert soleis med på ei slags romreisa i byens indre liv. Men Schottenius finn òg fram til at personane kann knytast til eit mytologisk mynster der det gode og det onde tevlar med einannan.

Palm hev ei medviti meinung med å nyitta allusjonar til andre litterær verk. Hedvig hev til dømes det same namnet som den unge gjenta i Vildanden. Båe gjentone vil setja ting på plass. Det er nok av puslespelbitar i forteljingane for dei som byrjar å granska deim. **Schottenius meiner å finna fram til englesymbol som ho tykkjer må ha ein sentral funksjon i boki. Hedvig vert knytt til ein ljos engel som hev ei kjensla for sno. Lækjaren Gustav og Jenny derimot vert knytte til myrke krefter. Dei tek inn gjentor frå Bangkok og vil lura med seg Hedvig i perverse sexleikar.**

Politimannen Mikael stend fram som ein stødig og velmeinande politimann med kulturinteresser. Han vert glad i den prostituerte gjenta Linda og ser eit samfundsandsvar bak politigjerningi. Mikael er knytt til erkengelen. Ein annan mild og god figur er biletkunstnaren og portvakten Gabriel: "Han är lång, ganska gänglig, med vågigt rödblont hår som når ner till axlarna." Gabriel ber òg namnet til ein erkeengel, og han gjev Hedvig ein avgjerande bodskap.

Forutan Mikael och Gabriel finst til og med Rafael, namnet på den tredje erkeengelen, men i boki er han der i form av en homoseksuell gut som vert mishandla i tunnelbanen og lengtar etter elskaren sin Miguel. Likevel er han svært uppteken av å åtvara Oluf Palme um at tryggleiken hans ikkje er god nok.

Anna-Karin Palm let menneskenglane flytta seg rundt i Stockholm, umlag som Wim Wenders gjer i filmen "Himmel yver Berlin". Ser ein deim, so ser ein deim. Den siste engelen i boki er i alle fall fullt synleg. Det er snoengelen, som Hedvig lagar gjennom å leggja seg ned og forma armane til vengjer; ho sjølv ligg der ein siste gong på jordi, og det little barnet, Ishmael òg, i den ljose snoen. Slik ser iallfall Schottenius det.

Boki inneheld millom anna tidsreisor i svensk historia, historikaren Axel vert fleire gonger forferda då han endar upp i fortids-Stockholm, og møti millom dei einskilde personane let til å vera styrd av noko mystisk og yverordna - dei som hev møtt hunden kjem i samband med Hedvig og upplever noko som pregar dei seinare i forteljingi. Fleire personar meiner at dei fær signal um at tryggleiken kring Oluf Palme er for därleg. Dette var i 1986 og ikkje so lang tid fyre Palme vart skoten, so lesarane kann undra seg yver um det var folk som såg fyre seg at Palme skulde døy. Dei uppdikta tilhøvi millom Palme og personane i boki er med på å skapa ei sermerkt stemning. Me veit kva som skjedde med Palme, men me veit ikkje kva folk kann ha tenkt fyre Palme døydde. Spekulasjonane ligg heile tidi under og skapar ei rar stemning på same måte som at samkjensla millom dei som vil hjelpe Hedvig å finna hunden skaper ei underleg stemning. Hedvig vil ha ein av personane som er drosjesjåfør til å køyra henne millom dei ulike personane som ho hev vorte kjend med. Ho hev trong til å få ein samanheng yver tilværet sitt.

Ei lettftatta forklaring på at Hedvig endar upp som ein død snoengel er at ho samlar dei andre personane, men at det ikkje let til å vera plass for henne. Ho finn seg kannhenda ikkje vel til

rette millom deim. Det er vanskeleg å segja kva det er som ikkje fell på plass her, men ein sluttar ikkje å undra seg etter at ein hev lese boki. Mange kritikarar understrekar at ein på den eine sida kjenner seg nøgd etter å ha lese boki, på same tid som det ligg noko gåtefullt yver forteljingi, noko som ein ikkje heilt greider å få på plass. Det er postmodernismen på sitt mest typiske. Livet er gåtefullt og ein let det vera gåtefullt. Dei einskilde delane av livet gjev mening, men me må søkja mot større samanhengar og av og til må me berre leggja dei store samanhengane frå oss og avslutta eit kapittel, nett som forteljaren avsluttar utanlandsupphaldet og finn seg til rette i Stockholm att.

Uppsumering

Dei britiske forfattarane Byatt og Fowles let til å taka fyre seg tema som handlar um tilhovet millom kvinner og menn. Kvinnone let til å koma ut med ei slags underordning eller tilpassing til mennene. Anna Karin Palm fær meir ut av sin kvinnelege hovudperson. Hedvig let seg ikkje styra. Ho er som hunden, Billy. Dei gjeng sine eigne vegar, soleis verkar det naturleg at Billy vil vera saman med Hedvig etter at han hev rømt frå systeri Lovisa. Palm greider på ein merkeleg måte å få fram ein kjærleik til ein heil by og med dei kosmiske undertonane byggjer ho upp um ei uppfatning av at ein kann gjera seg store refleksjonar yver meiningi med livet i samspel med andre menneske. Når ein veit kvar ein høyrer til, kann ein byggja seg opp tankar um englar og um næringsverksemdu i kriminelle kringvære eller ein kann spekulera i motivi for eit mord fyre det skjer. Der Byatt og Fowles leikar med og spelar med ulike genrar skapar Palm noko heilt nytt. Det er noko uforløyst yver forteljingi til Palm. Det kann verta spanande å sjå kva ho finn på neste gong me høyrer frå henne.

Umgrepet postmodernisme hev sine sidor. Det er ikkje utan vidare logisk at Fowles bøker frå 1960-og 1970-talet hev noko sams med Palms i 2013. På den andre sida hev dei definitivt noko meir sams enn det dei hev sams med tidlegare verk, so slik sett er det rett å lesa deim og prøva å finna fram til kva dei hev sams, slik at ein kann verta klokare på kva det er som serpregar deim. Då vil ein kunna plassera deim på nye måtar etter kvart som tidi gjeng.

Kvífor er Rad Bradburys Fahrenheit 451 ei bok det er verd å skriva um? Det spørsmålet er rettkome.

Bradbury er i seg sjølv ein spennande forfattar, men han gjeng inn i ein samanheng med mange andre spennande forfattarar itillegg, so skal ein kasta ljós yver Bradbury bør ein kannhenda innleida med å peika på at andre forfattarar som han hev slektskap med. Bradbury er ein forfattar som gjerne kunde ha vore samanlikna med til dømes George Orwells 1984 eller andre etterkrigsforfattarar. Eg ser òg ein jamlíkskap med Aldous Huxleys Brave new world.

Dersom ein trekkjer inn desse andre forfattarane, so danar det seg snøgt eit bilet av eit samfund som er skräemelegt og diktatorisk, og det er det samfundet ein møter ikkje berre hjå Orwell og Huxley, men likeins hjå Bradbury. Men denne gongen er det ein amerikansk forfattar som skriv, og Bradbury henta inspirasjon frå det amerikanske samfundet som låg lenger framme enn det europeiske når det galdt medieteknologi.

I vår tid er det gamle samfundet med faste fjernsynssendingar og sloving ved tv-skjermene

avløyst av sløving ved pc-skjermane, slik sett er det kannhenda ikkje so lett å sjå jamlikskaparar med vår tid beinveges, men same kor og korleis ein sløver seg ned med ein skjerm, so er det vel mykje av det same som skjer med ein. Ein mister utsynet yver livet, ein gløymer dei viktige tingi i livet og ein vert kjenslelaus og fanga av at ein trur at det som skjer på skjermen er det viktige og ikkje det ein tenkjer sjølv, og ein gløymer at ein må høyre på og bry seg med andre menneske i den røynlege verdi.

Slik sett kann ein sjå Bradbury som ein forfattar som fører beint fram til vår tid og vår tids sløvskap, men skal ein sjå eit historisk utsyn yver Fahrenheit 451, so kann ein strekkja augo attende i tid. For der notidi er fanga av medieteknologien var 1800-talet ei tid som var fanga av innarbeidde og fastsette reglar og normer som sette sperror for menneski. Det fanst ikkje noko fjernsyn eller annan teknologi som tok merksemdi burt frå kvardagen den gongen. Den gongen var det snarare slik at kvardagen var prega av um ein hadde høg levestandard eller um ein måtte streva for føda, og um ein hadde høg levestandard, so var neste post på programmet kor stor fridom ein hadde. Pengar og fridom var stikkordi den gongen.

Vil ein finna eit litterært verk som kastar ljós yver motsetnaden millom 1800-talslitteraturen og dei myrke framtidsskildringane som Bradbury høyrer til, so finn ein til dømes eit klårt motstykke i tid og litterær skriveretning hjå Henrik Ibsen. Ein kann til dømes starta med Ibsens *Vildanden*. Dersom ein til dømes tenkjer seg livslygni og idealismen til Ibsen og set den upp mot dei skrämelege samfundi som ein finn hjå Orwell i 1984, Huxleys *Brave new world* eller andre liknande verk og ikkje minst då i vårt tilfelle *Fahrenheit 451*, so ser ein tydeleg at verdssyni og livssyni hev endra seg heilt grunnleggjande. Der trui på idealismen og på at menneske skal kunna leva i sanning, vert sett opp mot livslygni hjå Ibsen, kjem me burti heilt andre krefter hjå dei engelskspråklege forfattarane som kjem utetter på 1900-talet. Ein gjeng frå å tru at ein kann frigjera seg frå gamle band til å sjå korleis menneske kann verta fanga av nye bindingar. Der ein fyrr var bunden av normer og reglar frå det borgarlege samfundet og frå hevdvunne normer og reglar, vert heile yverbygningen yver samfundet laga um til noko nytt, reglar kjem ikkje lenger frå det borgarlege samfundet og frå det hevdvunne, no kjem dei frå totalitære tenkjarar som Marx, Lenin, Mussolini og Stalin og til slutt Hitler. Ibsen tek utgangspunkt i ein kjernefamilie og viser korleis venskap og familie kann gjerast um og lagast til etter det ein vert fortalt av idealistiske filosofar. Hjå Huxley, Orwell og Bradbury er heile samfundet bygd opp på politiske dogme som innbyggjarane må retta seg etter. Vitskapen og den politiske yertydingi til leidarane i samfundet skal leggja til rette for at folk lever i velstand og er ved god helse. Samfundet hev vorte snudd på hovudet. Den marxistiske tankegangen tek ikkje utgangspunkt i grunnsteinane i samfundet, men i staten, fordi dei vil fjerna hevdvunne verdiar og frigjera menneske fullstendig frå kulturarv og religion. Dei endar opp med einestyre og tvang, ein politisk arv som me er langt frå å leggja av oss i dag.

Etter 1. verdskriga byrjar ein å sjå fyre seg at ulike samfund kann byggjast opp på heilt nye måtar. Tanken melde seg um at ulike framtidssamfund kunde byggja heilt ut på dei nye politiske yertydingane. Fascismen og kommunismen viste korleis slike samfund kunde arta seg heilt ut i det ytterleggåande, soleis vart det råd å laga allegoriar og parodiar på diktatur av mange slag, Bradburys er slåande. Men det er Orwells 1984 som hev slege best igjenom. Bradburys bok hev eg ikkje høyrt nemnt fyre eg tilfelleleg kom yver filmversjonen.

Difor kann det vera grunn til å dykka litt djupare ned i stoffet. Bradbury fortel um eit samfund der det er vorte ulovleg å lesa bøker. Fjernsynssendingar med fordummande program og teikneseriar let til å vera lov, dessutan er det truleg lov å laga lover og andre framstellingar som skal til for å styra samfundet. Det er lystlesingi som skal stoggast. Ein stoggar lesingi gjennom å ha eigne brannkorps som reiser rundt til folk som vert skulda for å

vera boksamlarar. Når ein finn fram til boksamlarar kjem brannkorpset på døri, leitar gjennom huset eller husværet og samlar saman alle bøker dei finn. Bøkene vert lagde saman i ein haug og so sender ein flammekastarar på haugen.

Hovudpersonen Montag er ein mann som brukar flammekastar, og han er ein vel tiltrudd brannmann som kann venta seg å vert forfremja. Det vil segja inntil han møter ei dama på høgfartsbana. Ho fær han på andre tankar, og han byrjar å lesa bøker. Ein dag vert brannkorpset sendt ut til ei dame med ei svær boksamlingi. Dama vil ikkje sjå på at bøkene hennar vert brende, so ho vel å gå med i flammene. Ho vert ein slags bokmartyr.

Bokmartyren slær ned i Montag i den grad at han gjeng heim til kona og må fortelja um dette. Kona sit saman med venene sine. Ho og dei er med ein klubb som kallar seg familieklubben. Dei kallar kvarandre syskenborn og ser dei same programmi på fjernsynet. Når Montag møter desse venene krev han å få lesa eit utsnitt frå ei bok. Han vil visa deim korleis fjernsynet slører dei ned og gjer dei kjenslelause. Då han hev lese byrjar den ein dama å grina, ho innser kor nedsløva ho hev vorte av fjernsynet og at ho hev trengt undan røynlege kjenslor.

Montag kjem no i ei knipa. Kona hans og venene hennar veit at han les bøker. Når slikt skjer brukar ein av dei som veit å levera eit brev i ein raud postboks og so vert brannkorpset tilkalla. Dei kjem, samlar saman bøkene som finst i eit hus og brenn deim. Kona melder han til brannkorpset, og Montag må flytta til bokfolket. Han etlar seg til å slutta i brannkorpset.

Montag gjeng på jobb dagen etter og fortel at han vil segja upp, men han vert teken med på eit siste uppdrag. Dette uppdraget gjeng til hans eige hus. Her skal bøkene hans brennast. Det endar med at Montag drep sjefen sin og stikk av og rømer til bokfolket. Bokfolket hører til i landlege umråde. Der gjeng dei og puggar bøker, slik at bøkene kann skrivast nedatt, jamvel um dei vert brende ned til siste eksemplar. Kvar og ein puggar ei bok som dei kann resitera til kven som helst når det trengst.

Fjernsynet lagar ein fiksionsversjon i nyhendene der ein person som liknar på Montag vert fanga og sett ut av spel, men i røyndi er Montag trygg hjå bokfolket. I slutten av filmen fær me eit apokalyptisk innspel som kann tyda på at nedsløvingi i samfundet fører til ein kjernefysisk krig, der kulturoydingi og bokbrenningi fører vidare til ei øydeleggjande krigføring fordi samfundet mister viktige berestolpar attum kulturen.

Dette siste innspelet er interessant som ein jamlíkskap med T.S Eliots Waste land. Der Eliot ser på det øydelagde Europa etter 1. verdskrigen, so samlar han likevel kunnskapane attum den europeiske kulturen som eit forsvar for samfundet i tidi framover. Hjå Bradbury er ikkje restane av kulturen noko bolverk lenger. Det hev vorte til noko som kann konserverast millom nokre fåe innvigde. Resten av verdi er fortapt inntil kunnskapstorsten og kunnskapstrongen atter vil melda seg, til det skjer, skal bokfolket taka vare på dei bøkene dei maktar å halda levande gjennom eigne traderingar.

Boki til Bradbury kom ut i 1953 og vart filmatisert i 1966. I 1985 kom det ut eit videospel som byggjer på boki. Spelarane kann hjelpe hovudpersonen Montag på forskjellige uppdrag, slik sett kann ein kannhenda segja at ringen er slutta. Der Bradbury var kritisk til medieutviklingi lever delar av forfattarskapen hans vidare i form av nylaginger. Fahrenheit 9/11 hev vore eit uttrykk som hev kome fram dei siste åri. Michael More stod bak den filmtittelen. Medan celsius 41,11 var ein politisk dokumentar som var kritisk til Michael More. So Fahrenheit 451 hev vorte eit referansepunkt fleire hev spela på og som ein ikkje kjem heilt utanum, jamvel um 1984 og animal farm er bøker som hev vorte mest refererte til, so er framleis Fahrenheit 451 ei bok som lever vidare i folks medvit. Og boki er mykje lettare å få tak på enn dei andre. Handlingi er både politisk kritikk, mediekritikk og kritikk av folk som slører burt og ikkje vil taka del i det som skjer umkring deim. I lengdi trur eg at

Fahrenheit 451 kjem til å stå seg vel so godt som mange andre 1900-tals bøker.

Inherent vice, Innebygde brestepunkt?

Vår eigi verd på sitt mest fantastiske

Thomas Pynchon er ein forfattar som gjerne vert knytt til postmodernismen. I mars 2015 er Pynchon aktuell med di boki hans *Inherent Vice* hev kome på kino og venteleg vil koma på dvd-film, um ikkje altfor lenge. Dette er so langt eg hev greidt å finna ut den fyrste gongen at ei bok av Pynchon vert filmatisert. Regisøren er mann som hev havt hell med andre filmatiseringar, Paul Thomas Anderson. Anderson er kjend frå filmar som *Boogie Nights*, *Magnolia*, *Punch Drunk Love* og kannhenda ikkje minst den hardtslåande og sterke filmen *There will be blood*. Det er soleis grunn til å venta seg noko av *Inherent Vice*, ikkje minst burde ein kunna venta seg at folk med interessa for litteratur byrja å opna augo for forfattarskapen til Pynchon fordi både forfattaren og litteraturen kjem i eit nytt ljós.

Men fyrr me kann gå inn på *Inherent Vice*, må me sjå på kven Pynchon er og ikkje minst koma innum litteraturen hans, og kannhenda ei av dei viktigaste bøkene hans, Gravitationens Regnbåge.

Pynchon var fødd i 1937 i Ny York og er ein sentral amerikansk forfatter. Han vert rekna for å vera ein av dei viktigaste forfattarane i amerikansk litteratur og i verds litteraturen i det store og det heile. Han er ein kvass og vittug, og han er vel inne i amerikansk litteratur og kultur. Pynchon hadde two år i marinen og las engelsk på universitetet. På 1950-talet skreiv han novellor, men utetter på 1960-talet byrja han å skriva romanar. Det var då han vart kjend. Romanane *V.* (1963), *The Crying of Lot 49* (1966), *Gravity's Rainbow* (1973), *Vineland* (1990), *Mason & Dixon* (1997), *Against the Day* (2006) og *Inherent Vice* (2009) er bøker som hev vorte lagt merke til.

Fleire av bøkene til Pynchon er umsette til norsk: *V.* vart utgjeven på norsk som *V.* umsette frå engelsk av Linn Øverås. *The Crying of Lot 49.* vart utgjeven på norsk som *Katalognr 49.* Umsett frå engelsk av Olav Angell.. *Mason & Dixon* er utgjevi på norsk som *Mason & Dixon.* Ho vart umsett frå engelsk av Olav Angell.. *Against the Day.* – utgjeven på norsk som *Mot dagen.* Umsett frå engelsk av Fartein Døvle Jonassen. *Inherent Vice.* – Utgjeven på norsk som *Iboende brist.* Umsett frå engelsk av Preben Jordal. Men den boki som kannhenda er den viktigaste Gravity's Rainbow er berre umsett til svensk, so langt, Gravitationens Regnbåge. Det vert spanande å sjå um den kjem på norsk. Det er Gyldental som hev gjeve ut alle dei norske umsetjingane. Den svenske forfattaren Hans-Jacob Nilsson og Bonniers i Sverige hev sytt for at alle romanane til Pynchon ligg fyre på svensk, so nær som den siste *Bleeding Edge.*

Mange av lesarane og kritikarane til Pynchon reknar han for ein av dei beste amerikanske samtidsforfattarane, og han hev vorte nemnd i same andedrag som Paul Auster og Don Delillo. Litteraturen hans breider seg ut yver mange emne og stilars og umfattar historie, vitskap og matematikk.

Pynchon hev umveges bygd upp ein heil mytologi rundt seg sjølv. Han gjev ikkje intervju, og dei siste fotografi av han som er kjende er frå 1950-talet. Pynchon hev på eit meisterleg sett greidt å halda seg burte frå offentlegt sokjeljos. Det er ingen som veit heilt visst kvar han uppheld seg, jamvel um CNN, skal ha klart å spora han upp tidleg på 2000-talet, so gjekk dei ikkje ut med bilet av han. Då Pynchon gav ut ei samling av dei tidlege novellone sine i boki *Slow Learner* skreiv han noko um seg sjølv i fyreordet av boki. Det er den einste staden der ein veit at Pynchon snakkar um seg sjølv og sin eigen litterære produksjon. I 2004 og 2006 nyttja den satiriske tv-serien *The Simpsons* røysti hans. Då spela han sin eigen teikneseriefigur, figuren hadde typisk nok hovudet dekt av ein berepose. Dette er den einaste gongen Pynchon hev tala i media.

Gravitationens Regnbåge

Gravitationens regnbåge heiter den svenske utgåva av Thomas Pynchons *Gravity's Rainbow*. **Gravitationens regnbåge er ein postmodernistisk roman**. Handlingi utspelar seg for det meste i Europa under slutten av den andre verdskrigens og krinsar kring tyskarane si utvikling av V-2 raketten. Romanen hev vorte umtykt fordi Pynchon hev ein innfløkt forteljarstil og boki fekk ein nasjonal bokpris som heiter National Book Award i 1974, og Time magazine hev sett boki inn på ei lista yver dei hundre beste romanane som er gjevne ut.

Romanen handlar i stor grad um konspirasjonsteoriar og paranoia. Han er skriven med mange forteljarrådar og ulike stilarter og med innslag av både vitskaplege serkunnskapar og populærkulturelle referansar og er sett saman av eit persongalleri på fleire hundre personar.

Huvudperson heiter Tyrone Slothrop, som òg vert kalla Rocketman, ein ung amerikansk etterretningsoffiser som uppheld seg i London under den andre verdskrigens slutt, so han kann dokumentera at V2-raketten vert øydelagd. Han kjem snart i midtpunktet for myrke krefter. Han hev herja rundt med damor yver heile London, og so viser det seg at V2-rakettane slår ned på nett dei same plassane som han hev vore i lag med damone. Kva for ein samanheng kann det vera millom han og rakettane.

Slothrop endar upp med militärpsykologar og pavloske hundar i hælane og gjev seg ut på kontinentet på jakt etter nazistane sine rakettløyndomar.

I reklamen vert boki umtala som ein:

«psykedelisk champagnegalopp, unik i sitt slag. I sin blandning av vetenskap och myt, gyckel och förtvivlan, snusk och rock'n'roll blir den en parabel över vår tids falliska dödsdrift - och en vision av civilisationen som en enda stor sammansvärjning.»

Inherent vice

Men nok um Gravitationens Regnbåge. Me gjeng frå champagnegalopp på det europeiske kontinentet til dopsniffarar i Los Angeles i Inherent vice. Los Angeles er ein by som er kjend

frå ei rad filmar og tv-seriar, og iallfall myten um kriminaliteten i byen er like innebygd i byen som film-miljøet i byen. Raymond Chandler, Columbo, Eddy Murphy m.fl sviv snøgt fram for tankane på oss.

Stemningi i innleidingsscenene er soleis ikkje so vanskeleg å lika når ein fyrst likar krim og Los Angeles. Men der Raymond Chandlers Phillip Marlowe let til å ha eit verdsvidt utsyn yver arbeidet sitt, rett nok me klåre innstikk av sjølvironi og kritisk avstand, so er det noko litt anna med den rusglade [detektiven](#) Larry «Doc» Sportello ([Joaquin Phoenix](#)). Doc hev ikkje hørt frå kjærasten sin på lenge, då ho brått kjem til han.

Det er ikkje kva som helst slags nyhende ho kjem med heller. Ho hev vorte elskarinna til ein søkkrik egedomsbaron som eig ei rad store bustadprosjekt i Los Angeles. No er den mykje yngre kona til rikingen i ferd med å kvitta seg med egedomsbaronen, slik at dei kann yvetaka etter honom. Dei vil ha henne med, ho skal forføra honom og når han er på sitt veikaste skal dei taka seg av honom.

Ho hev kalde føter og vil ha hjelp av Doc. Alt Doc i røyndi fær vita er namnet på egedomsbaronen.

Det er 1970 og fyre oljekrisa, so dollarglisi er framleis på vegane. Hippiane lever det gode liv, men nokre av dei hev byrja å verta vaksne og avrusa. Doc er derimot i ei millomstoda. Han lever godt på dop, men held hovudet yver vatnet, um enn ikkje so mykje meir.

Alle gode detektivar skal ha ein motmann i politiet som mislikar deim, men som tek dei på ålvor når det brenn. Politimannen ”storefot (bigfot) Bjørnsen” vert vikla saman med Doc meir enn ein gong. Han er kjend for å sparka inn døri til husværet å Doc. Doc hev av alle ting funne seg eit kontorfellesskap med det som ser ut til å vera nokre lækjarar. Eit skalkeskyle for detektivverksemdi.

Etter at Doc hev tala med kjærasten Shasta Fay um egedomsbaronen som heiter Mickey Wolfman, veit Doc at det er planar um å burtføra Wolfman og få han tvangsinnlagd på eit sinnsjukeasyl

Då han kjem på kontoret dagen etter møter han Tariq Kahlil. Kahlil hev nyleg slokke ut frå fengsel. Han er medlem av ein gjeng som heiter Black Guerilla Family. Khalil hyrer Doc til å finna Glen Charlock som er medlem av Aryan Brotherhood. Khalil møtte Charlock i fengselet, og Charlock skuldar pengar til honom. Charlock er ikkje lett å skubba seg på, for han er livvakt for Wolfmann-familien.

Doc reiser til Wolfmans egedomsprosjekt Channel View Estates. Her tek han seg inn I den einaste næringsdrifti som gjeng fyre seg på staden. Det er ein strippeklubb. Doc vert nedslegen og vaknar ved sidan av liket av Charlock. Han er umringa av politifolk med storefot Bjørnsen i framgrunnen. Doc vert avhørt av Bjørnsen, men sloppen fri att.

Men Doc gjev seg ikkje med å arbeida for kjærasten Shasta og Kahlil. Han vitjar dessutan Hope Harlingen som er på jakt etter ektemannen som er sakna og som folk trur er død. Ho trur han lever fordi ho fekk eit stort innskot på bank-kontoen rett etter at mannen skulde vera død.

Coy leitar upp Doc og segjer at han gøymer seg I eit hus I Topanga Canyon. I eit nytt møte fortel han at han er politiinformant og er redd for at han skal mista livet. No ynskjer han berre å venda tilbake til kona si og ungen sin. Den prostituerte Jade som Doc kom i samband med

på strippeklubben varslar han um at han må passa seg for The Golden Fang som er eit millomfolkeleg narkotikakartell. Doc snakkar med advokaten sin Sauncho som segjer at det finst ein mystisk båt som heiter the Golden Fang. Shasta skal ha vore med på the Golden Fang. Doc fær eit kort frå Shasta som fører han til ein stor kontorbygning der han møter Dr. Rudy Blatnoyd. Blatnoyd er tannlækjar, men rusar seg og hev god tilgang til rusa kvinner i kontorbygget.

Etter at Blatnoyd og Doc skilst døyr Blatnoyd med tydeleg merke av å verta drepen av the Golden fang, han vert biten ihjel. Bjornsen ringjer Doc og fortel han dette. Han vil hjelpe Doc med å finna Coy. Bjornsen set han til å leita etter Puck Beaverton på eit asyl som heiter Chrysylodon, eit sinnsjukeasyl som vert drive av ei kult som er knytt til the Golden Fang. Her finn Doc Wolfman. Wolfman ser ut til å ha vorte kultmedlem og vil gjeva burt alle pengane sine.

Då Doc kjem heim er Shasta komen attende og er heilt likesæl til at ho hev vore ettersøkt. Ho hev vore på ein tredagarstur, og ho skal ha vorte teken med som inherent vice – som ei inngrødd last, kann ein kannhenda segja på norsk. Eller som tittelen på umsetjingi lyder «Iboende brist», svensk «inneboende brist». Når ho no er attende hev ho og Doc sex. So kjem det replikkveksling som ber preg av å verta ein lykkel til det å forstå det som skjer av di replikkvekslingi kjem attende heilt til slutt i filmen. Ho segjer: "It doesn't mean we're back together" Doc replies, "Of course not!" Korvidt dette skal tolkast som dei hev eit ope tilhøve eller som ein slags ironi, der dei begge meiner at dei høyrer saman, er vel ikkje heilt klårt ved fyrst augnekast.

Doc hev på merkeleg vis greidt å innnynda seg med statsadvokaten, og han byter seg til tilgang til dei løynlege saksfilene åt lånehaien Adrian Prussia mot å vitna i ei onnor sak. Det viser seg at Prussia er betala av politiet for å drepa folk. Eit av offeri til Prussia er Bjornsens partnar. Prussia er knytt til the Golden Fang. Doc søker upp Prussia, men endar upp med å verta burtförd av løpeguten Puck. Han flykter og drep Puck og Prussia på vegen.

Men Bjornsen ventar på Doc og tek han med seg til ein bil full av dop. Dippet nyttar Doc til å kjøpa fri Coy. Coy vert fri og kjem seg heim til kona. Etter dette kjem Mickey Wolfman i avis igjen. Det ser ut til at Wolfman hev vorte like pengehuga som fyrr og at det kann ha vore kona som sende han burt for å få burt grillane hans um å gjeva burt pengane sine.

Filmen endar med at Doc og Shasta køyrer av garde i ein bil med ukjend stoppestad. Doc slær fast det same som Shasta sa tidlegare. "This doesn't mean we are back together." Shasta svarar "Of course not."

Meldarar og tolkingar

I melding ifrå filmpolitiet segjer dei noko treffande:

Å se en hel film i dette miljøet gjør noe med tilskueren. Man føler seg hektet av den virkelige verden, og hensatt til en forskrudd fantasi som bare ligner noe kjent.

Det er heilt klårt eit moment ved filmen som me ikkje kann få godt fram berre gjennom å halda styr på den innfløkte handlingi. Doc er absolutt hekta på stoff, og i einskilde sekvensar vert me rett og slett fanga inn av surrealistiske element som ein kann gjera mange tolkingar av. Det sterkaste innslaget i so måte kjem heilt mot

slutten av filmen. Storefot Bjornsen sparkar inn døri til Doc som sit og rusrar seg. Bjornsen tek ei skål av grøne dopblad og jafsa inn på. Han er so leid av borgarrettsdemonstrasjonar so han treng ei avkopling, slær han fast, so berre gjeng han att.

Slik innslag er det fleire av, men me er langt frå Naked Lunch stemning, slik som me finn det hjå William S. Burroughs. Det er ingen levande skrivemaskinar som blandar seg inn i handlingi. Eg fekk meir assosiasjonar til Lars Saabye Christens roman Joker'n. Ei fascinernade skildring av Hans Georg Vindelbam som uppdagar at han fær dødsannonsa si i avis. Heile handlingi gjeng ut på å avsløra dei som hev sett dødsannonsa inn i avis. Den tidlegare narkomane antihelten greider å nøsta seg fram til løysingi, men må til slutt røma til utlandet med venen slakter'n. Joker'n er grundig studert av hovudfagsstudent Terje Tønnessen som fekk fram mange spanande sidor ved boki. Diverre er det vanskeleg å fanga upp metaforar, symbol og allusjonar når ein berre ser ein film som Inherent Vice, men det er utan tvil mykje som kann granskast i denne filmen, ein film som ein godt kann sjå fleire gonger.

Filmpolitiet byggjer opp ei slik uppfatning når dei skriv:

«Paul Thomas Anderson har laget en definitivt annerledes film som balanserer hårfint mellom komedie og drama, med en distinkt, dop-prega atmosfære. Snål og smal, men deilig delirisk!»

Pynchon skal vera kjend for å lika å koma med avsporande sideplot. Dei sokalla pynchonelskarane vil ikkje ha svar, dei vil heller ikkje ha utfyllande bakgrunnsogor som forklårar kvifor so og so vart so og so, heller ikkje rollefigurar som utviklar seg eller reinsingar – katarsis. Dei vil heller ha den språklege tonen og snerten i setningane, både lyriske og satiriske innslag og karikaturane hans med ein absurd humor. Lesarvenene hans likar å vera i alternativ verd som minnar mykje um vår eigi verd. Ei verd der småe endringar gjer at me kjenner oss både heime og framande på ei og same tid.

I ei spissformulering er det sagt at Inherent vice ikkje viser oss ein forfattar som skaper fantastiske verder, men som viser oss våre eigi verd på sitt mest fantastiske. Verdi vår med sine innebygde brestepunkt.

Frå 1Q84 til fargeløysa

Forfattaren Haruki Murakimi er av dei meste umtykte forfattarane i vår tid. Han hev vore verksam i umlag 30 år og hev millom anna umsett mykje til japansk, men det er hans eigne bøker som hev gjort han kjend. Han er nok meir kjend i utlandet enn i Samurai-landet sjølv og meir påverka av vestlege sinnbilete enn reint japanske. Sinnbileti er knytte til musikk, kunst og litteratur m.m. Nokre av dei mest kjende bøkene til Murakimi er *Kafka på stranden*, *Norwegian wood* og *1Q84-trilogien*. No er han i rampeljoset igjen. Denne gongen er den siste boki hans umsett til svensk. Ho heiter *Den färglöse Tazaki*.

Norwegian wood

Ofte er hovudpersonane til Murakimi ein slag middelmåtige menn som ikkje vil stikka seg ut,

men berre leva eit roleg og velskipa liv. Nokre gonger er hovudpersonen ein mann som likar å symja, høyra på musikk og ha flyktige eller meir varige kjærastar. Seksualitet er eit tema som ein ikkje kjem utanum i bøkene hans. Seksualitet er det berande temaet i *Norwegian wood* som byggjer på beatleslåti med det same namnet. Hovudpersonen hev ein ven som er ein skikkeleg rundbrennar. Men når han vel å få seg ein meir varig kjæraste skjer det seg. Han fær ikkje til å liggja med kjærasten. Det endar med at venen døyr, og hovudpersonen yvertek kjærasten. Han trur fullt og fast at venen hans hadde sex med gjenta, men då dei hev havt samlægje, vert gjenta psykisk sjuk og må trekkja seg tilbake til eit hus på fjellet der ho kann vera i fred og få hjelp. Desse avsidesliggjande husi og hyttone kjem ofte fram i bøkene til Murakimi. Då han etter kvart fær vita av venen og gjenta ikkje greidde å ha samlægje at spaningi i boki fær noko uforløyst yver seg. Kva skal han gjera? Skal han gå vidare med ein ny kjæraste eller skal han lata seg fanga inn av kjærleiken til den stakkars gjenta?

Hovudpersonen i *Norwegian wood* greider ikkje å slå seg til ro med å ha kjærasten so langt undan og forelskar seg i ei ny gjenta, og han slitst millom desse two gjentone. Kjærleiken og lengten etter å gjera det rette valet stend sentralt i denne forteljingi.

Den färglöse Tazaki.

Der *Norwegian wood* er enkel og sorgmodig, er fleire av dei andre bøkene til Murakimi langt meir ihopfløkte. Den siste bok til Murakimi, som no altso hev kome på svensk og heiter *Den färglöse herr tazaki*, er litt av det same slaget som *Norwegian wood*. Tazaki er ein typisk Murakimi-mann. Han er i ferd med å finna ei dama som han kann tenkja seg å gifta seg med, men ho meiner at noko plagar han. Etter kvart kjem det fram at han slit med eit traume frå ungdomstidi. Fyre han byrja som student i Tokyo, budde han i byen Nagano. Her voks han upp og kom med i ein gjeng på fem. I tillegg til Tazaki sjølv var det med two gjentor og two guitar. Denne gjengen heldt saman i tjukt og tynt, men so byrja Tazaki å studera i Tokyo og ein gong han kom heim, vart han utfrosen. Han fatta ikkje kva det var som skjedde, og han fekk aldri nokor forklaring.

Utfrysingi gjekk hardt inn på Tazaki, og han fekk store lekamlege kvalor i lang tid etterpå. Tankane heldt fram med å kverna yver kva det var som skjedde. Då han møter dama si som er reiseleidar, kjem tankane framatt. Reiseleidarkjærasten hans granskar dei fire via opne kjeldor på facebook og andre stader og lagar eit resyme yver det ho finn ut um dei fire. Ho pressar so på for at Tazaki må treffa dei fire, um det skal kunna verta til noko millom deim.

Tazaki fær vita at den eine gjenta er død, myrda, men utan at gjerningsmannen er teken. Den andre gjenta hev gift seg og flutt til Finland. Tazaki møter dei two mennene i gjengen i heimbyen i Japan. Då fær han vita at den gjenta som er død, hevda at han hadde valdteke henne. Saki vart bretta ut i det lange og det breide av gjenta, og dei andre våga ikkje å avvisa hennar versjon, jamvel um dei var visse på at Tazaki ikkje var typen til å gjera noko slikt. Mennene kann derimot ikkje fortelja korleis saki elles kunde ha vore i alle einskildhøve. Lykjelen let til å vera hjå veninna i Finland. Ho heiter Eri.

Tazaki kjem seg til Finland og finn henne på ei hytta. Her vert fleire av løyndomane avslørde, men det let seg ikkje gjera å finna ut kven som kann ha drepe veninna deira. Ein del ting lyt ein leva med i uvissa. Boki viser tydeleg korleis eit traume kann skada eit menneskesinn, jamvel um Tazaki hev ein god jobb og eit trygt og stabilt liv i Tokyo, vert det ikkje råd for han å koma inn i ein ny og varig relasjon til eit menneske utan å få rutt upp i desse gamle motsetnadene. Det gjer han godt å møta dei gamle venene sine og å få oppklåra kvifor han vart utfrosen, og når han fær vita årsaki, gjer det òg godt å få vita at dei aldri eigentleg trudde

at Tazaki var ein valdtektsmann.

Boki endar med ein open slutt. Forfattaren set tilhøvet til reiseleidardama si på prøve. Han ser henne saman med ein annan mann, og krev å få ei avklåring. Er det dei two eller er det heile slutt. Svaret fær me ikkje. Det må me tenkja oss til sjølve eller me kann lata det stå uppe for oss sjølve.

Tazaki er eit døme på ein vellukka son utan dei store hugmåli. Faren er eigedomsmeklar og hev tent godt med pengar. Tazaki kann sitja med eit nedbetalt husvære i Tokyo alt i studietidi. Han studerar togstasjonar, eit fagfelt som er rimelegt trongrømd, men han fær ein greid jobb som han trivst med. Han trenar jamvel med symjing og let til å ha godt med fritid. Ein stabil og lugn person som gjentone lett kann falla for, um det ikkje var for den myrke delen av personlegdomen hans.

Personskildingane av venene til Tazaki er nokso forskjellige. Dei two mannlege venene vert skildra nokso yverflatleg. Den eine er ein vellukka bilseljar. Den andre driv med personlegdomsutvikling av næringslivsleidrarar. Eri derimot er keramikar og Yuzu var musikar. Dei kvinnelege personane vert skildra med meir djupn og spenning. Dei er kunstnartypar, medan gutane let til å halda seg til meir praktiske yrke.

Murakimi hev det med å trekka inn merkelege, surrealistiske, sume vil segja paranormale hendingar i bøkene sine, men i denne boki er det meir ei forteljing som minnar um ein slags legende eller ei mytisk forteljing. Faren til ein ven av honom i Tokyo, var ein umreisande, ein slags hippi på slutten av 1960-talet. Då arbeidde han ei tid på eit avsidesliggjande hotell. Der møtte han ein musikar som tiltrudde han at han var i ferd med å døy og at han hadde kort tid att å leva. Denne sjukdomstilstanden, skulde visstnok kunna yverførast på eit anna menneske um dette andre mennesket ynskte det. Musikaren berre forsvann att. Kva forfattaren vil segja oss med denne forteljingi er eg ikkje heilt viss på, men eg hev gjort meg mine tankar, for når Murakimi trekkjer inn slike forteljingar er det ofte noko som kann vera sakssvarande for djupare ovingar i bøkene hans. Draumane til Tazaki hev òg interessante innslag av samlægjar med den eine gjenta i veninnegjengen, jamvel um slikt aldri var på tale medan dei fem heldt saman.

Eit anna innslag i boki er knytt til Listzts Années de pèlerinage. Den døde veninna Yuzu brukar å spela eit stykke som heitte «Le mal du pays». Då Tazaki høyrer ei innspeling med Alfred Brendel saman med Eri, veninna i Finland, vert han sterkt prega av det. Han tenkjer at det er ikkje berre harmoni som bind menneskesjeler saman, det er snarare såri som bind oss saman. Det er smerta som fører folk saman. Han segjer for seg sjølv:

Det finns ingen tystnad som inte innehåller ett sorgset klagoskrik. Det finns ingen tillåtelse utan blodspillan. Det finns ingen förlust man kan genomleva och acceptera utan smärta. Det är grunden för harmonin, dess sanna väsen.

Forfattaren tenkjer vel her i paradoks. Det same gjer han lenger framme når han let Tazaki segja:

Jag är kanske en tom människa utan innehåll, tänkte Tsukuru. Men just därfor fanns det människor som, även om det så bara var för ett tag, ville vistas nära mig. Ungefär som när en ensam nattfågel på dagen söker en säker fristad att vila i under taket på ett sjabbigt ödehus. Men fågeln tycker kanske om detta tomma, skumma utrymme där det var tyst som i graven. Kanske borde Tsukuru egentligen vara glad över att han var tom.

På den eine sida er Tazaki glad for at han er tom, for tomleiken gjer at han kann møta andre menneske som set pris på denne tomleiken. På den andre sida endrar han seg etter at han fær

tenkt seg um og når han møter Eri i Finland verkar det som at han hev kome fram til at harmonien ikkje er noko ein kann få gjenom å vera tom, men at det er sår og smerte som bind folk saman. Ein må tola smerte og innsjå det smertesame ein hev vore gjennom. Ein løyser ikkje dei kvalone ein kjem upp med berre med å fortrengja deim og tvinga seg til å trengja dei undan, slik som Tazaki hev trutt fram til han møter Eri.

Møtet med Eri vert på mange måtar både eit høgdepunkt og eit vendepunkt. Her kjem kannahenda forteljingi um den døyande mannen innatt. Mannen som ikkje kunde døyva si eigi smerta når han skulde døy, so sant han ikkje kunde yverföra det døyelege til ein annan. Men å yverföra smerte og død til andre og so sleppa undan sjølv, det verkar ikkje som nokor god løysing, då vert ein heilt tom sjølv. Soleis vert forteljingi berre ståande att som noko tomt i teksten, men med desse lykjelsitati frå forfattaren gjev forteljingi meinig likevel.

Det er mange motiv og mykje ein kann lesa ut av ulike tema i boki, men det er vel ikkje urimeleg å tenkja seg at boki handlar um uppvekst og mogning, livskrisor, sjølvrealisering og liknande. Medan ei djupare tolking snart nærmar seg spursmål som gjeld heile tilværet som til dømes einsemd og å finna meinings i livet. Murakimi let altso til å meina at skal ein binda seg til andre menneske, so er det smertene som bind folk saman. Dama til Tazaku let ikkje til å vera like open med han som det han er med henne. Slik sett verkar det som at dama til Tazaki ikkje ser ut til å kunna ha so mykje å stella upp med so langt, so ein kann sjå fyre seg at ho anten må visa til eigne smertor eller gjera det slutt med Tazaki, um ikkje må vel Tazaki gå inn i eit tilhøve til ei dame som ikkje er likeverdig med han sjølv. Det er iallfall slik eg ser løysingi på den opne slutten.

I Japan er Murakimi visstnok både godt likt og umstridt. Millom dei konservative japanarane fell det neppe i god jord at han millom anna kjem med opne seksuelle framstellingar, men det er nok òg ein del som tykkjer lite um den vestlege stilens som pregar forfattarskapen. Han viser mykje til vestleg litteratur, nyare musikk og andre tankesiv som høyrer vesten til. Sjølve språkbruken hans er visst òg med på å skilja han frå ein del japanske lesarar. Like fullt er han umtykt i Japan. Det er nok derimot i Europa at han hev slege best igjenom.

1Q84

Dersom me held fram å studera forfattarskapen til Murakimi, kjem me vanskeleg utanum trilogien 1Q84. Det er eit massivt verk på nesten 1200 sidor. Her kjem Murakimi til sin rett, og dette er nok hovuverket i forfattarlivet hans. Boki er full av surrealistiske ovringer. Den eine hovedpersonen er Aomame. Ho finn ut at ho og den andre hovedpersonen Tengo endar opp i ei parallelverd til 1984. Denne verdi heiter 1Q84, her er det andre reglar enn i den vanlege verdi, jamvel um det meste verkar normalt.

Framfor alt er det som skil den alternative verdi frå den vanlege at det er two månar i 1Q84. Me fær òg for oss at det er andre ovringer som ikkje stemmer. Den litterære verdi i ei bok som heiter *Luftpuppe* og trui til sekti Sakigawe smeltar saman med verdi utanfor boki. Me veit ikkje for visst um hendingar som skjer i 1Q84 berre er syner eller vardøger eller um dei er døme på at *Luftpuppe* og Sakigawe tek styringi med folk utanfor si eigi fantasiverd. Ein ting er iallfall visst når Aomame vert med barn, so er det utan å ha havt eit vanlege samlægje med ein mann.

Aomame kjem til slutt fram til at ho kjem inn i 1Q84 ein dag då ho gjeng ut av ein drosje midt på ein motorveg. Ho må ut av ein drosjekø for å nå ein avtale, og då kjem ho seg ned ei tryggjingstrapp for motorhavarerte bilar. Etter dette endrar verdi seg for henne, utan at ho merkar at denne trappeturen er avgjerande. Det kjem ho fyrst fram til langt ute i bokverket.

Boki handlar i stor grad um Tengo og Aomame. Two ungdomar med ein vanskeleg uppvekst. Faren til Tengo er lisensinnkrevjar for NHK eit slags motstykke til vårt Nrk. Han gjeng frå dør til dør og krev inn lisens, og lydar- og sjåaravgifti skal krevjast inn på månadsbasis, so han hev nok å gjera med å gå rundt i sitt eige distrikt. På sundagane tek han med seg Tengo. Tengo meiner at faren ser seg tent med å ha med sonen sin når han skal ha pengar frå folk som ikkje hev lyst til å betala lisens. Folk vil ha vanskelegare for å nekta når dei ser at sonen er med.

På same tid som Tengo tråvar rundt med faren, gjeng Aomame rundt med mor si som delar ut bladet til vitnefolket, namnet er ei umskriving av Jehovas vitne. Det hender at dei ser kvarandre på desse turane, men Tengo og Aomame kjenner kvarandre best fordi dei gjeng i klasse saman i two år. Aomame er eit utskot i klassen. Bakgrunnen hennar gjer at ho ikkje kjem i lag med dei andre. Ho vert millom anna tvinga til høgt og tydeleg å segja fram ei bøn fyre ho et, og slike skilnader millom henne og dei andre gjer at ho er lite umtykt millom dei andre borni. Alle veit at ho er med i vitnefolket, og ingen vil ha noko med deim å gjera. Og då vil dei heller ikkje ha med henne å gjera.

Medan Aomame er eit utskot i klassen, er Tengo ein sterk elev. Han fær toppkarakterar og er flink både i sport og i musikk og lukkast med det meste han tek seg i ferde med. Aomame tek eit oppgjer med foreldri sine og flytter til nokre slektningar. Då Aomame skal slutta i klassen til Tengo, tek dei kvarandre i handi. Denne handtrykksscena er ei sentral scene i heile boki, og me merkar at ho hev ein slags magisk innverknad på både Tengo og Aomame.

Andre sentrale figurar i boki er Komatsu, Fukaeri og professor Ebisuno. Tengo er puggeskulelærar på ein skule i Tokyo, der underviser han tri gonger i veka, men resten av tidi brukar han på å prøva å slå igjenom som forfattar. Forleggjaren hans er Komatsu. Komatsu fær inn eit svært spanande manus frå ei ung gjente som heiter Fukaeri. Fukaeri hev vore med i den mystiske sekti som heiter Sakigawe. Sakigawe-sekti hev utspring i ei maoistisk rørsbla som kjøpte seg ei bondebygd. Etter kvart vert faren til Fukaeri som er leidar for sekti, ein leidar for ei ny mystisk sekt, og ikkje den gamle maoistiske sekti. Fukaeri rømer frå sekti, det vil segja um Fukaeri er den røynlege Fukaeri eller berre ei luftpuppe, ei kunstig skapt utgåva av Fukaeri, det vert ikkje heilt klårt for oss.

Kor som er, Fukaeri hev skrive eit manus som er sendt inn til Komatsu. Komatsu meiner at manuset er for låkt til at det kann gjevast ut, men at forteljingi i manuset kjem til å gjera boki til ein bomviss bestseljar. Han set Tengo til å skriva um manuset og forbetra det både språkleg og tekstleg. Tengo fær denne jobben gjort på rekortid, og boki vert gjevi ut. Fukaeri vinn den litterære prisen som Komatsu hev lagt upp til at ho skal vinna og vert ein slags kjendis, jamvel um ho ikkje er serleg verbal eller viser seg å vera heilt velartikulert. Ho kjem seg igjenom ein pressekonferanse, og boki vert ein braksuksess.

Aomame på sin kant er ein treningsinstruktør. Ho hev spesiellisert seg på å trena kvinner. Ei av damone ho trener, trener ho privat i hennar eigen bustad. Ho er umtalt som Madam og er ein svært velståande person. Ho hev mist dotter si fordi dotteri hadde ein valdeleg ektemann, og no ynskjer ho å hemna seg på valdelege menn. Ho leiger inn Aomame, ikkje berre til treningsuppdag, men òg til morduppdag. Aomame hev ein spesiallaga issyl som ho kann drepa folk med. Denne issylen brukar ho å stikka i ein nakkemuskel som skal drepa folk momentant, utan det etterlet seg spor.

Ei av dei andre gjentone frå Sakigawe rømer og Madam vert kjend med at leidaren for Sakigawe misbrukar gjentor. Han hev rituelle samlægjor med gjentor som ikkje er

kjønnsmogne og gjennom samlægjone mister dei forplantningsevna/økslingsevna. Madam kjem til at leidaren for Sakigawe må takast av dage, og ho leiger inn Aomame til uppdraget. Dette uppdraget er so servore at Aomame må taka tilflukt i eit dekkhusvære, og Madame vil ha henne lengst mogleg burt frå Tokyo og gjeva henne ein ny identitet. Tengo spelar ei langt mindre dramatisk rolla etter at han hev skrive um manuset til boki som heiter *Luftpuppe*. Men det er tydeleg at boki ikkje fell i god jord hjå Sakigawe, og ein målsmann for sekti freistar å kjøpa han med stipend. Det avviser Tengo. Komatsu vert til slutt kidnappa og pressa til å stogga nye utgjevingar av *Luftpuppe*.

Fukaeri kjem ein bok til Tengo og vert buande. På same tid er faren til Tengo døyande. Fukaeri og faren spelar ei mystisk rolla i høve til å knyta han saman med Aomame. Fukaeri held han lama i ei samlægjescene som seinare skal ha gjort Aomame med barn gjennom ei slags telepatisk sædyverføring. Faren gjeng att som ein slags mystisk lisenspengeinnkrevjar, og han skapar ein slags kontakt millom Tengo og Aomame, gjennom synet som Tengo får når han er på pleieheimen hjå faren.

Denne telepatiske samlægjescena ber til samstundes med at Aomame drep leidaren for Sakigawe. Det verkar som at Tengo og Aomame nærmast vert knytte inn som nye leidarskapnader i Sakigawe, men slik gjeng det ikkje. Dei finn saman i 1Q84 og kjem seg attende frå 1Q84 til 1984, iallfall trur me det.

Personskildringi gjeng fyre seg yver mange sidor, jamvel um ein av meldarane av boki, meiner at handlingi er stilleståande, so er det ei utvikling i heile forteljingi. For kva er det eigenleg som skal skje når Sakigawe finn Aomame i dekkhusværet? Og er Tengo eigenleg trygg i sitt husvære og med det vanlege livet han fører? Skal Aomame og Tengo verta ein del av sektlivet i Sakigawe? Skal dei føra sekti vidare? Til sjunde og sist spelar ikkje dette nokor rolla, ettersom at det viser seg at Tengo og Aomame flytter saman i 1984, for då er Sakigawe sett ut av kraft, og dei kann leva livet sitt, slik som dei vil. Boki byggjer upp under ei slik uppfatning når ein kjem til sluttdelen.

Aomame verkar som ein handlekraftig, men statisk person. Ho lengtar nok etter Tengo, men det er først når ho uforvarande vert gravid etter at ho drap leidaren for Sakigawe at ho ev. endrar seg noko. Tidi då ho kunde leva eit promiskiøst liv var iallfall forbi når ho måtte gå yver til å leva i dekning, men fyre ho gjekk i dekning hadde ho sine byturar. Dekkhusværet og graviditeten fører henne yver i eit nytt tilvaere, utan at ho sjølv eigenleg gjer so mykje for det. Ho vil ikkje fylgja Madams råd um å reisa burt, og det er nok eit dynamisk element i personskildringi. Fram til drapet på sakigawe-leidaren hev ho vore trugen mot Madam, etterpå nekta ho å fylgja tilrådingi til Madame, for ho ventar på å få møta Tengo.

Tengo på si sida gjeng igjenom mykje og vert merkt av det, utan at han let til å gjera so mykje um på rutinane sine med undervisning i matte og arbeidet med å skriva på ein roman på fritidi. Han må bryta upp dagleglivet med å sitja ved dødssengi til faren, men jamvel det verkar som ein del av ein rutine for han. På den andre sida er det nok av merkelege menneske rundt han. Komatsu som styrer med skrivearbeidet og utgjevingi av *Luftpuppe*, er ein viktig person for Tengo. Han og Tengo snakkar saman i trumål. Professor Ebisuno og Fukaeri er personar som Tengo møter og som fortel han um viktige sidor ved forteljingi. Alle personane rundt Tengo let til å vera sterkt prega av Sakigawe. Ebisuno er onkel til Fukaeri, og Fukaeri hev levt innanfor murane i Sakigawe. Komatsu vert teken til fange av Sakigawe. Det merkelege er at Tengo let til å halda fram med sitt og finna naturlege svar og løysingar på ting eller ev. greider å leva med logiske brestar. Han verkar som ein dynamisk person på den måten at han tilpassar seg etter umgjevnadene.

Aomame hev lært seg til å vera sterk gjennom livet hjå vitnefolket, og ho verkar som ein person som toler det meste og stend på sitt, same kva som skjer. Ho tilpassar seg etter andre, men ho verkar som den styrande, den som veit kva som kann skje og vågar å taka utbydingane. Ho er ein leidartype, og ein type som kann styra livet sitt i sterkare grad enn Tengo. Det er ho som fær dei ut av 1Q84, og ho evar seg ikkje for å gjera det som skal til anten det er drepa folk eller å finna vegen vidare i livet.

Dei som berre ser tittelen, vil straks tenkja seg at motivet i boki er knytt til George Orwells 1984, men boki hev vel i røyndi lite med denne boki å gjera. Den kann lesast heilt sjølvstendig. På den andre sida dersom ein ser stort på saki, so kann ein vel segja at der George Orwell tenkte seg eit skræmelegt framtidssamfund ser Murukami fyre seg ei parallelverd som ein kann vinna yver. Ein kann koma seg trygt yver til 1984. Mange kann vel tenkja seg til dramatiske situasjonar der ein gjerne skulde ha sett fyre seg at ein kunde koma seg yver i eit parallelt univers, men det tek 1200 sidor å koma seg frå eit univers til eit anna univers, so Murukami vel ikkje nokor lett veg yver i paralleluniverset, men han ser ein veg vidare, i motsetnad til Orwell.

Murakimi vil vel kannahenda visa oss at menneske kann finna saman på dei merkelegaste måtar og at me kann skapa vår eigi framtid. Aomame er ein mystisk og statisk person som det er vanskeleg å koma inn på. Pliktuppfyllande, men fjern. Tengo er ein tillitsskapande og dugande mattelærar som det er lett å lika, men utan dei store leidareigenskapane, iallfall i privatlivet. Det er lett å sjå likskapane millom Tengo og Aomame. Det som samlar dei kann til dømes vera at dei både er upptekne av fakta og fridom. Aomame interesserar seg sterkt for anatomi og Tengo for meiningsbak matematikk og litteratur. Både Tengo og Aomame hev eit vanskeleg tilhøve til foreldri sine. Aomane må bryta med sine foreldri. Tengo veit ikkje kven som er mori, og han hev hatt lite samband med faren. Dei ynskjer både å utvikla skaparkrafti i seg sjølve og vera frie frå autoritære band til huslydane sine.

Både på eit djupare og på eit konkret nivå stend Sakigawe for ufridom. Sekti er utan tvil eit symbol for dei myrke kreftene i boki. Kor langt sekti vil gå, og korleis sekti vil utvida verksemdi si er vanskeleg å segja, men Sakigawe vert iallfall nedkjempa. Og fridomen til å starta eit nytt og sjølvstendig huslydsliv er vel det som stend att som slutten på boki. Det postmoderne kjem vel tydeleg fram i boki. Med det at både Tengo og Aomame veit dei må gjera sine eigne val heilt utan umsyn til kva dei andre personane kring dei måtte meina og arbeida for. Slik sett vert boki nær sagt minimalistisk orientert rundt Tengo, Aomame og det barnet dei skal ha saman. Fridomen til å finna sitt eige live ser ut til å vera det nærmeste eg kjem eit tema i denne boki.

Murakimi hev skrive ei rad bøker, og me hev berre vore innum nokre fåe. Alle bøkene let ti lå finnast på engelsk. Dei fleste finst vel på anten svensk eller norsk. Dei kann tilrådast for dei som likar postmoderne litteratur med innslag av surrealisme.

Millenium

Milleniumsbiografien er skriven av den svenske journalisten og forfattaren Stieg Larsson. Den er samansett av bøkene Menn som hatar kvinner, Gjenta som leika medelden og Luftslotten som vart sprengt. Millenium er det tidsskriftet som den eine hovudpersonen arbeider i. Han heiter Mikael Blomkvist, og er ein kjendisjournalist som er vant til å gå sine

eigne vegar. Den andre hovudpersonen er Lisbeth Salander som hev vore utsett for statlege yvergrep i ung alder. Salander er dessutan er skruppellaus datahackar som ikkje gjeng av vegen for å svindla kjeltringar for pengar.

Då Jan Gullieu gjekk sterkt ut og gjorde den avdøde Larsson til lått med ein utspel, vart eg provosert. Eg såg filmen, og det gav utruleg stor meirsmak. Eg enda upp med å lesa ut dei two neste bøkene i serien på tri vikor. Eg kort og godt las dag og natt. Dette er bøker som verkeleg grip deg.

Eg sit enno att med spørsmålet um kva det er som er so gripande med desse forteljingane. Det vil eg gjerne freista å svara på. Eg startar med handlingi frå den fyrste bok.

Menn som hatar kvinner

Menn som hatar kvinner ei forteljing um ei nærmast klassisk motiv i kriminalitteraturen i dag, incest og yvergrep mot familiemedlemer. Den kritiske og avslørande journalisten Mikal Blomquist hev akkurat vorte dømt for ærekrenkjingar mot forretningsmannen Wennerstrøm. Blomquist hev fleire gonger vist seg som ein suveren journalist med store og epokegjerande avsløringar, men denne gongen hev han gjenge lengre enn det tilfanget hans held.

Det er eit halvt år til Blomquist skal i fengsel, men han vel likevel straks å trekkja seg som bladstyrar i bladet Millennium. Fyrr han veit ordet av det vert han rekruttert til eit nytt uppdrag. Den rike forretningsmannen Henrik Vanger er no 82 år. Han hev freista fleire gonger å få svar på kvifor nesa hans Harriet vart burte i 1966. Ho berre forsvann og sidan hev han aldri sett henne. Heile tidi hev han fenge innråma broderi. Desse innråma broderii fekk han kvart år på fødselsdagen sin frå Harriet. Han skynar ikkje kvifor han framleis fær desse broderii tiem i lsendt kvar einaste fødselsdag.

Blomquist er skeptisk til at han kann greida å få fram nye spor, men han tek på seg uppdraget. Han flytter til Hedeby og tek upp jakti på spor. Det han ikkje veit er at eit tryggjingsfirma som Vanger-konsernet og Henrik Vanger nyttar hadde tilsett Lisbeth Selander til å driva undersøkjingsarbeid på Blomquist. Ho held fram med å yvervaka Blomquist og framdrifti i arbeidet hans.

Eit hovudproblem i etterforsknings- og granskingsarbeidet av Harriet-saki er korleis ein skal tolka nokre namn med nummer etter seg. Det er ikkje telefonnummer eller andre tenkjelege nummer. politiet hev freista å snu upp ned på alle desse nummeri, men dei hev ikkje kome fram til nokor meiningsfull løysing.

Det er no at Lisbeth Selander slær til. Ho tolkar namni og nummeri som sitat frå bibelen, og då teiknar det seg eit interessant bilet. Kva um dei einskilde personane er drepne etter instruksjonar frå mosebökene? Blomquist vert fascinert av denne tolkingi som han fær frå Lisbeth som heile tidi hev hacka seg inn i datamaskina hans.

Han greider å spora upp Lisbeth og kjem heim til henne. Han formanar henne um å hjelpa han i å etterforska saki vidare. Og Lisbeth flytter inn hjå Blomquist i Hedeby. Der byrjar dei å få på plass eit mynster. Det viser seg at ei rad kvinner som stemmer med nedteikningane i Harriets dagbok hev vorte myrda på ulike stader i Sverige. Sakene hev aldri vorte oppklåra.

Etterkvart som Blomquist og Selander reiser frå mordstad til mordstad fær dei på plass eit

mynster i mordi. Det interessante er då kven som hev motiv og kann ha vore på mordstaden kvar einaste gong. Dei mistenkjer nokon frå Vanger-familien og byrjar å undersøkja saki frå den vinklingi. Medan Selander gjeng gjenom rekneskapspermar, er Blomquist på innbrotsradi hjå Harald Vanger. Han vert avslørd, men berga av Martin Vanger som tilfeldigvis er på same stad.

Då Blomquist fortel um granskingane til Selander, vert han neddopa og vaknar upp i Martin Vangers personlege avretttingsrom. Her fær han vita at Martin likar å drepa kvinner som ingen saknar. Han lærde det av faren Gottfried Vanger, men Martin slær samstundes fast at han ikkje drap Harriet, det fekk han ikkje høve til, segjer han.

Akkurat då Martin er i ferd med å drepa Blomquist kjem Selander. Ho fær jaga Martin og frigjort Blomquist. Ho fylgjer etter Martin Vanger på motorsykkel. Bilen til Martin vert ustødig av di han gjer alt for at Selander ikkje skal taka han att. Til slutt fer han utfor vegen og bilen eksploderar og brenn upp.

Men saki er ikkje uppklåra enno. Blomquist slær fast at Harriet ikkje kann ha vorte drepen av martin. Selander finn ut at det var two Anita Selander. Det fører Blomquist til Australia der han finn Harriet. Det viser seg at Harriet vart valdteken av gamle Gottfried og Martin. Ho kom seg undan Gottfried, men han fylgte etter og det enda med at ho måtte slå han i sjøen med ei åra. Gottfried drukna i samband med den kampen som var millom han og Harriet. Martin var vitne, og Harriet var i ein pressa situasjon. I fyrste umgang var ho heldig, for Martin vart sendt på skule langt burte, men då han kom heimatt fekk ho panikk og flykta og hev vore på rømmen heilt til Blomquist fann henne i Australia.

Blomquist hev no kome til den tidi då han skal sona for ærekrenkjingane imot Wennerstrøm. I fengsel fær han upplysningar som Selander hev hacka seg fram til. Tidi i fengselet vert nytta til å taka det uppgjeret med Wennerstrøm som han mangla upplysningar til fyrr. Samstundes med at han skriv um Wennerstrøm, viser det seg at ei kvinne hev greidt å taka ut 20 millionar frå ein bank der Wennerstrøm hev pengar. Blomquist identifiserar henne som ei lettare utkledd Lisbeth Selander. Her sluttar den fyrste filmen.

Selander er ei svært spesiell dama. Kritikarane hev serleg fokusert på den måten ho hev samlægje på. Det er fort og kontant, og kritikarane hev samanlikna det med den måten ein mann hev sex på. Det er openbert at Selander hev vore gjennom sterke yvergrep, og ho er umyndiggjort i ein aldre av 24 år. Det er nokso spesielt. På toppen av det heile fær me uppleva at ho vert seksuelt misbruksa av verjen sin. Han yvertek kontofullmaksi til kontoen hennar og pressar henne til å ha sex med han for å gjeva henne pengar. Til slutt yvertek Selander kontrollen då ho viser han upptek frå yvergrepi, bind han på golvet og tatoverar inn på kroppen hans at han er ein pervers sexyvergripa.

Me fær ikkje vita stort um bakgrunnen for det, men Selander verkar avstumpa og veldig direkte i alt ho gjer. Ho maktar ikkje å vera personleg. Ho hev fotografisk minne og er ein genial datahackar.

Blomquist er den einvise og tøffe etterforskaren med ei lang og solid fortid som journalist. Heile redaksjonen på Millennium likar han. Han er hendig for Selander som ikkjelikar å stå fram og fortelja det ho veit. Ho legg berre fram fakta og maktar ikkje å samtala med folk. Ho stikk undan kvar einaste gong politiet kjem, og det er Blomquist som med sin logne ro kann greida upp i slike saker. Han er heilt tydeleg ein mannstype som Selander ikkje hev vorte

serleg kjend med. Ein stødig mann som ikkje berre er i interesert i å misbruка henne eller prata pjatt. Det er ho som tek initiativ til samlægjone, og han bryr seg i utgangspunktet lite med det heile.

Gjenta som leika med elden

Her møter med Lisbeth Salander på ferie i Karibien. Etter at Wennerstrøm-saki var avslutta hadde ho nær kontakt med Blomkvist, men so fekk ho nok. Me fær ikkje vita so mykje um kvifor, men ho umtalar Blomkvist som Kalle jævla Blomkvist både her og seinare i boki. Kor som er Salander hev vorte rik. Ho greidde å taka ut ein milliardsum frå Wennerstrøm-fyretaket fyre Wennerstrøm kom under etterforsking. Det gjer at ho kann leva godt og gjera det ho vil. Og slik vert det òg. Ho reiser umkring og uppheldt seg kvar ho vil. Då ho vert utsett for eit tropisk uver, vert reiselysti mindre.

Samstundes med at Lisbeth er på reisefor arbeider med Millenium med ei sak som gjeld menneskesmugling. Ein sjølvstendig journalist hev grave fram ei unik sak som råkar mange personar i ulike lag av samfundet. Saman med kona si hev han solid dokumentasjon. Ho skal disputera for doktorgraden, medan han skal gjeva ut bok, samstundes med at det kjem ut eit temanummer av Millenium.

Midt uppe i dette kjem med inn på eit sidespor frå den fyrste boki. Lisbeth Salander hev ein lang vond historikk i høve til offentlege styremakter. I trettan års aldaren freista ho å taka livet av faren sin som mishandla mori. Seinare vart ho sperra inne på psykiatrisk sjukehus. Deretter vart ho sett under formyndarskap og er formelt sett framleis umyndig i ein alder av 26 år. Då verjen hennar Henrik Palmgren vert ålvorleg sjuk, vert ho tildelt ein ny verje, advokat Bjurman. Bjurman viser seg å vera ein pervers gris. Han valdtek Salander, men Salander fær filma det eine yvergrepet. Deretter yvermannar ho Bjurman bind og viser han filmen. Ikkje nok med det ho brukar utstyr til å tatovera inn ein inskripsjon på magen hans som segjer at han er eit sadistisk svin og ein valdtektsmann.

Gjennom datahacking greider Salander å halda Bjurman under uppsikt. Bjurman er desperat. Han vert sjukemeldt, og vert ekstremt uppteken av å finna ut alt han kann um Salander. Slutten på Bjurmans forteljing kjem med til når han hev funne ein person som hev same grunn til å hata Salander som han sjølv.

Blomkvist og menneskesmuglarjournalisten samarbeider. Dei kjem svært nært innpå noko mystisk som dei ikkje skynar noko av når namnet Sala, dukkar upp. Dette skal vera ein mystisk person som opererer i grenselandet millom menneskesmuglarane. Ingen veit kven han er, men fleire personar veit at dette er ein sentral person.

Saki tek ei ny vending då Salander hev kome attende til Sverige og vitjar menneskesmuglarjournalisten og kona hans. Det endar med at journalisten tek ein telefon til advokat Bjurman. Bjurman og ekteparet vert kort tid etter funne drepne av Mikael Blomkvist.

Etter kor tid vert det klårt at Lisbeth Salander kann ha spela ei sentral rolla i høve til mordet. Lisbeth vert etterlyst av politiet og hengt ut i pressa, men held seg i dekning i Stockholm likevel.

Blomkvist og Salander byrjar å nysta i saki får kvar ein kant. Det vert etter kvart klårt at Sala

er far til Salander. Han er ein avhoppa russisk GRU-agent. Det vart difor viktig å leggja lok på saki med Salander som vilde drepa faren. No er Sala menneskesmuglar. Han er ein mystisk bakmann som saman med Salanders bror driv med smuglingi. Broren til Salander er den tyske Niedermann. Niedermann er two meter høg. Han hev two mystiske syndrom som gjera at han for det fyrste ikkje kann kjenna smerte, og for det andre at han hev utruleg sterke beinbygning. Det gjer at han er ein svært vanskeleg mann å nedkjempa i slåstkampar.

Me vert kjent med monsteret gjennom at han kidnappar Salanders veninna, Miriam. Profboksaren Paulo Roberto skal frigjera Miriam, men sjølv ikkje ein boksar i verdsklasse er nok til å nedkjempa Niedermann, men gjennom hjelp frå Miriam greider Roberto til slutt å få Niedermann i golvet, men både two hamnar på sjukehus med store skadar.

Gjenta som leika med elden endar òg med ein durabeleg serie av vald då Salander møter faren og Niedermann. Faren vil drepa Salander. Han fær yvermann henne. Niedermann og Sala fær gravlagt henne levande med tri skot i kroppen, men tri skot og å verta gravlagt levande er ikkje nok for Lisbeth Salander. Ho kjem seg opp att av gravi og attende til garden der faren og Niedermann uppheld seg. Der gøymer ho seg i eit skur. Då faren kjem fær han ei yks i andletet og skulderi og vert sett ut av spel. Niedermann fær sjokk når han ser Salander. Han trur det er eit spøkjelse og stikk av. Salander kravlar seg inn i gardshuset.

I millomtidi hev Mikael Blomkvist kome seg fram til gardsvegen. Han møter Niedermann på vegen og greider utruleg nok å binda og ufårleggjera kjempen. Han held fram til garden. Der finn han Salander og fær tilkalla luftambulanse. Her sluttar boki um gjenta som leika med elden.

Den andre boki gjev seg altso på høgdepunktet. Det er eit forrykande tempo i denne boki. Det er vanskeleg å fylgja med og mange trådar vert hengjande i lause lufti gjennom forteljingane. Mykje av skildringi gjeng fyre seg i tankane til Salander og til Blomkvist og for den del i tankane til andre personar. Det er nesten ufråkomeleg å måtta hoppa yver nokre detaljar som seinare kann syna seg å verta viktige.

Det er verd å merka seg at miljøskildringane dekkjer alt frå motorsykkelmiljø, skildringar av folk som lever i gråsona til å vera kriminelle og folk som lever godt på innsida av eit kriminelt miljø. Tilhøve millom politi og pressa kjem i søkjeljaset både her og i neste bok.

Medan den fyrste boki i liten grad tek upp tilhøve som gjeld Salander, byrjar bok nummer two å byggja opp ein sympati for Salander som etter kvart skal verta sterkare og sterkare. Salander utviklar seg derimot lite. Me vert meir kjende med henne, men ho er den same asosiale og servorne personen, trass i at ho vågar å taka ein brjostoperasjon, fær sett Henrik Palmgren under den beste helserøkt ein kann få for pengar og opnar seg upp for einskildpersonar då ho er på ferie i Karibien.

Temaet i denne boki vert litt vanskeleg å utkrystallisera av di det er berre ein del av ei forteljing som held fram i neste bok. Men ein kann kannahenda lesa bok i som ein kriminalroman. Niedermann vert avslørd som mordaren og fange av Blomkvist. Kannhenda er det råd å lesa inn menneskesmugling som tema, men dette er fram for alt ei millombok. Det er etter at ein hev lese bok tri at ein kann byrja å nysta trådande saman. Det ein kor som er kann slå fast er at høgdepunktet i heile trilogien truleg ligg ein stad millom bok two og tri.

Luftslokket som vart sprengt

Når me kjem yver til bok tri er Salander og faren hennar komne på sjukehus. Faren kann fort koma til å verta eit trugsmål mot den veike Salander. Salander hev trass i alt vore igjenom ein operasjon i heile, der ei kula måtte fjernast. Politiet er interesserte i å snakka med dei båe. På toppen av det heile greider ein inkompotent politimann å sleppa laus Niedermann som svarar med fleire drap.

I denne boki stend konspirasjonen mot Salander fram for fullt. Då Salander var 13 år vart ho innesperra på psykiatrisk klinikks. Der låg ho fastspent på ei seng i 388 døger. Psykiateren Trelleborian hadde fenge instruksar frå ei eigi deild innanfor tryggjingspolitiet um korleis Salander måtte haldast ute av spel. Mot alle prognosar greidde Salander å koma seg ut frå klinikken. Den nye styraren på klinikken greidde å få henne ut, utan at Trelleborian kunde hindra det. Salander var i fleire fosterheimar fyre ho møtte Henrik Palmgren som vart formyndar for henne. Palmgren sytte for at ho kunde få eit normalt liv med stort sjølvstende og han hjelpte henne med å få jobb hjå Milton Security, eit firma som arbeider med å installera tryggingsalarmer og å skaffa folk tryggleik på andre måtar, millom anna gjennom livvakter.

Tryggjingspolitiet hadde stor nytte av Sala fram til den kalde krigen tok slutt, og det var svært viktig for dei å halda han gåande og i løynd under den tidi. Etter at den kalde krigen tok slutt hev det viktigaste vorte å kamuflera det som skjedde og hindra at deildi deira skal verta nedlagd. Kjem soga um Salander ut, vil dei verta avslørde og ikkje ha nokon sjanse til å stogga nedleggjingi av deildi.

Det er soleis viktige interesser på spel for det som Blomkvist etter kvart kallar for Salaschenko-klubben, frå no av klubben. Klubben hev fleire pensjonerte medlemer som hev engasjert seg periodevis. Det er two av desse som tek komandoen når det tek seg upp. Den eine skyt Sala, fyre han skyt seg sjølv. Men trass i at denne mannen skyt seg, er det ingen som greider å avsløra klubben, fyre Blomkvist kjem inn i eit samarbeid med PST. Gjennom systematisk yvervaking og ein del hell, greider PST saman med det vanleg politiet i løynd å avsløra dei sentrale personane i klubben, utan at dei sjølv vert klår yver det.

Det siste er vesentleg for det gjeng seg til rettsak mot Salander. Ho vert skulda for ei rad mindre kriminelle tilhøve. Det er ikkje det viktige, derimot at klubben trur dei skal lukkast i å få åklagaren til å gå inn for å gjera Salander utilrekneleg og få henne inn på psykiatrisk klinik. Soleis er det viktig at Salander får hjelpesmenn som kann arbeida i fred og ro.

Leidaren for Milton Security, Mikael Blomkvist, Blomkvists syster Anna Giannini og Henrik Palmgren utgjer etter kvart eit lag som arbeider for Salander. Dei gjer det dei kann for å få ut den sanne historia um det som hev hendt med Salander. Blomkvist skriv ei heil bok, ein slags biografi um Salander, samstundes som at han skal gjeva ut menneskesmuglarboki til venen sin, og i tillegg skal det koma ut eit spesialnummer av Millenium og ein fjernsynsreportasje som syner fram konspirasjonen mot Salander.

Ikkje nok med dette Salander hev hackarvener som driv med spaning millom anna på åklagaren. Dei hev òg saman med Salander avslørde at Trelleborian hev ei datamaskin full av barneporno.

Då rettsaki nærmar seg vert klubben desperat. Dei prøver å planta dop heime hjå Blomkvist og deretter på å drepa han. Drapsfreistnaden fører med seg ein knekt finger, men elles greider

Blomkvist seg etter måten godt.

Dei siste hundre sidone er nærmast ein parademarsj i høve til at det meste gjeng gale for klubben og alt gjeng Salander og Blomkvists veg. Høgdepunktet er definitivt då Trelleborian som er hovudvitne må forlata vitneboksen og vera med politiet. Domaren må slå fast at han aldri hev upplevt at hovudvitnet til åklagarsida hev vore nøydd til å forlata salen under ståande rett. Fyre Trelleborian hev må forlata salen, hev han vorte fullstendig vengjeklyppt av advokat Giannini.

Saki mot Salander fell fullstendig frå kvarandre. Salander vert frikjend og myndiggjort. Salander må til politforhøyr, men endar upp med å forlata Stockholm for å reisa til Gibraltar for å undersøkja korleis det gjeng med ein mann som ho hev sett til å forvalta milliardformua si.

Då Salander kjem heimatt fleire månader seinare, fær ho vita at ho hev eit arveuppgjer knytt til faren. Ho reiser ut til ein av eigedomane hans. Der uppdagar ho Niedermann. Niedermann vil drepa henne, men Salander greider å få spikra føtene hans fast til eit golv. So forlet ho han og ringjer motorsykkelmiljøet. Dei kjem til staden og Salander ringjer politiet. Etter dette levendet kjem Blomkvist på vitjing til Salander. Salander tek imot han. Ho hev vore sjalu på at Blomkvist hev havt fleire kvinner enn henne, men no let dette til å ha roa seg ned.

Temai som umsluttar denne trilogien er vald og yvergrep mot kvinner, men òg yvergrep frå byråkratiet mot einskildborgarar. Larsson var ein mann som var uppteken av demokratiske rettar og rettferd. Sjølv um forfattaren heilt klårt stod på den sosialistiske sida av samfundsdebatten, kann ein ikkje segja at bøkene vert eintydig merkt av dette.

Det er det som gjer at kritikken frå Gullieu vert småleg. Gullieu hev gong på gong konstruert politiske komplott som berre verkar langhenta og urealitiske. Ein kann nærmast tenkja seg at han er meir uppteken av å få fram dei rette meiningsane heller enn av samanhengen i soga. Gullieu må òg finna tøffe heltar med politisk korrekte haldningar. Politifolk er som regel og av natur vondkynde. Larsson er utan tvil langt meir reflektert og i stand til å setja saman vanlege folks liv på ulike nivå. Det er klårt nok at hackaren og milliardæren Salander gjeng vel langt yver i fiksjonen, men me er viljuge til å kjøpa ei slik historia, sidan det er underdogen som stend mot dei etablerte.

Det er meir realistisk at ein hackar greider å svindla til seg milliardar av kronor enn at ein gjeng nynazistar skulde ha interessa av å driva terror mot eit forsvarsmøte. Når Gullieu itillegg vil ha det til at den sovjetiske ambassaden gav agent Hamilton ein høghangande medalje for innsatsen mot nynzistane av di nynzistane vilde setja i gong att den kalde krigen, hoppar eg av. Dette er forvrøvla utanrikspolitikk og ikkje noko som det er mogleg å forstå for vanlege folk.

Det derimot alle skynar er kor vanskeleg det kann vera å handtera byråkratar som rottar seg saman um å fylgja regelverket og verna um feil dei hev gjort i arbeidet med einskildpersonar. Den fjorde boki til Larsson skal liggja fyre i manusform. Um me nokon gong vil sjå henne, hører framtid til. Familien ynskjer ikkje å gå ut med henne no. Men det er ingen tvil um at gruppa av menneske som hev lese millenniumstriologien er so stor at kravet og ventnaden um meir er stor og ikkje minst ventar dei mange lesarane på å få sjå dei two siste bøkene på filmk, so ingenting kann segjast å vera endeleg avgjort enno.

Jostein Krokvik er burte

Av Lars Bjarne Marøy

Jostein Krokvik er død, 80 år gammal. Krokvik er med i bakgrunnssoga til at dette bladet kom til, difor tykkjer me det er grunn til å minnast Krokvik. Krokvik var forfattaren som vart høgnorskmann og vestmann midt på 1980-talet. Fram til då hadde han skrive på den offisielle nynorsken, men han skreiv eit godt puristisk nynorsk mål. I 1984 tok Krokvik kontakt med Vestmannalaget og la fram ein plan um eit blad på Aasen-mål eller som me gjerne kallar det i dag høgnorsk.

Vestmennene var ikkje av deim som utan vidare tok imot kven som helst som dei ikkje kjende, men for Krokvik sin part må godkjenniingi ha kome snøgt, for det gjekk ikkje lang tid fyre stjorni i Vestmannalaget - med kvart i lag med andre studnadsspelarar - gjorde dei tildri vi som måtte til for at Krokvik kunde få bladet på fote.

Arbeidet var sers tungt. I dag hev me epost og andre hjelpeprogram som gjer det makeleg å setja upp eit blad. Heilt fram til år 2000 teikna Krokvik opp kvart nummer etter Cicero-mål. Han måtte òg for det meste skriva av alt som skulde inn i bladet. Berre skrivingi laut snøgt koma upp i 200 til 300 sidor kvart år. Attåt dette fekk Krokvik tid til å skriva bøker og hadde ein umfemnande privat korrespondanse med vene og samarbeidspartnarar. Han arbeidde òg idugt for å få tak i nye Vestmannen-tingarar og innkomekjeldor. Alt arbeidet, seinast i høg alder og innimillom harde sjukdomsbolkar, måtte røyna sers sterkt på. At han såg seg nøydd til å taka på seg bladstyrarandsvaret att i 2002 til 2003 må ha vore i meste laget.

Det var lite hjelp å henta millom dei som skulde stå han nærest. Den fremste studnadspelaren Ludvig Jerdal hadde stødt noko nyskrive å leggja fram. Elles var det lite og skribentane måtte skaffast der det var råd og i sumtid laut det meste verta eigenprodusert. Men Krokvik klaga ikkje. Han gjekk som ei klokka og fekk bladet ut kvar einaste månad til same tid. Det einaste som kunde skipla ruta var då som no den sviktande postgangen.

I den fyrste tidi kunde Krokvik glede seg yver å få positiv respons frå Norsk Målungdom som han lenge hadde store voner til. Sameleis fekk han sett inn råkande og merkande spark til den offisielle samnorskpolitikken. Diverre vart ikkje framskuven med Målungdomen varande, og det let til at språkrådfantastane hev samla seg um ein midtstraumsnynorsk som høgnorskvener og vestmennar ikkje kann vera tente med. Soleis vart den siste tidi til Krokvik langt mindre framgangsrik og vonfull enn glanstidi frå 1985 og fram til slutten av 1990-talet.

Betre kann det ikkje ha vore då han dei seinast ári fekk sjå at bladet han hadde bygt opp vart stridsemne millom fraksjonar i Vestmannalaget. Gledone vart færre og framtidsutsiktene meir på det jamne. Men Krokvik gledde seg yver alle som vilde arbeida for målreisingi og på den måten hevja han seg yver den verste og mest meiningslause fraksjonskivingi.

Krokvik skreiv mange skjønnlitterære bøker. Frå 1985 vart det meir saktunge bøker, men den skjønnlitterære stilten braut sumtid gjenom i desse bøkene med. Bøker som Mål og Vanmæle og biografien yver Jan Prahl kjem nok til å vera standande som forvitnelege og lærerike både for lek og lærd. I dei seinare åri vart det saktunge meir stridalt, og Krokvik nytta meir tid på lyrikken. Godhugen for lyrikken synte att i Vestmannen med. Framsidediktet vart ein tradisjon som hev fylgt med oss inn i Målmannen. I leidarteigane hadde Krokvik mange gonger ei lyst til å nytta frisk språkbruk og sume ord hev vorte ståande som ei slags serlagning. Til dømes påprakka språkrådspåfynster og liknande. Dei mange stykki under løyndenamnet Jarl fortener elles å vera nemnde. Her tok han seg retteleg ut og viste seg som den språklærde mannen i gata eller på bygdi vilde han vel ha sagt sjølv.

Interessa for Aasen var stor og Krokvik hadde finlese dagbøkene til Aasen. Han henta råd um mål og målbruk hjå Aasen og hjå andre måldyrkarar, og målbar desse rádi saman med andre kunnige hjelpesmenner. Tiltrui til Aasen og idealimen kring måldyrkingi var so stor at jamvel sume målgranskurar ymta um religion og fanatisme, men det prella av, og bladet bar seg. Det er rett og slett for mange som er og vart glade i det norske målet til at det let seg stogga. Korleis det gjeng med Vestmannen frametter skal me vera dei siste til å spå um. Men me kann lova at for vår part, vil me halda fram arbeidet i von um at me held det beste i arven frå Krokvik i stand. Det norske målet fortener minst eitt blad som maktar det arbeidet.